

Nettverksmakt

Sosiale band og nettverk i dei norske innbyrdesstridane 1130-1208

Bente Opheim Brathetland

Avhandling for graden philosophiae doctor (ph.d.)
Universitetet i Bergen
2019

UNIVERSITETET I BERGEN



Nettverksmakt

Sosiale band og nettverk i dei norske innbyrdesstridane
1130-1208

Bente Opheim Brathetland



Avhandling for graden philosophiae doctor (ph.d.)
ved Universitetet i Bergen

Disputasdato: 15.11.2019

© Copyright Bente Opheim Brathetland

Materialet i denne publikasjonen er omfattet av åndsverkslovens bestemmelser.

År: 2019

Tittel: Nettverksmakt

Navn: Bente Opheim Brathetland

Trykk: Skipnes Kommunikasjon / Universitetet i Bergen

INNHOLD:

FORORD	6
FIGURLISTE	7
1 INNLEIING	9
<i>Konfliktens kontekst</i>	11
<i>Innbyrdesstridane som historisk problem</i>	13
<i>Nye perspektiv på den politiske kulturen i mellomalderen</i>	16
<i>Problemstilling og metode</i>	17
2 SAGAFOLK - METODE, KJELDER OG DATAHANDSAMING	21
<i>Prosopografi</i>	21
<i>Kjeldematerialet</i>	28
<i>Elektronisk handsaming av kjeldematerialet</i>	42
3 NETTVERKSMAKT	63
<i>Sosiale nettverk</i>	64
<i>Det politiske feltet</i>	71
<i>Eliten i den norrøne terminologien</i>	75
<i>Venskap</i>	85
<i>Slektskap</i>	92
<i>Konflikthandsaming og vald</i>	101
4 SAMKONGEDØMMET	107
<i>Eliten under Magnussønene sitt styre</i>	110
<i>Harald Gilles nettverk</i>	118
<i>Magnus Blindes nettverk</i>	134
<i>Nettverkas geografiske tyngdepunkt</i>	138
<i>Ekteskapelege strategiar</i>	141
<i>Kyrkja si stilling</i>	148
<i>Samanfatning</i>	150
5 LENDMANNSKONGEDØMMET	153
<i>Lendmennene og enkedronning Ingerid</i>	154
<i>Øystein Haraldsson</i>	160
<i>Hopehavet mellom jarlane på Orknøyane og Haraldssønene</i>	166

<i>Lendmannsstyret vart oppløyst</i>	174
<i>Sigurd Haraldsson Munn</i>	176
<i>Inge Haraldsson</i>	178
<i>Opprørsflokkar – ei fastare partideling?</i>	185
<i>Øystein Erlendsson</i>	189
<i>Erling Skakkes kamp mot indre og ytre fiender</i>	192
<i>Kyrkjepolitikk</i>	197
<i>Tilhøvet til Danmark</i>	204
<i>Samanfatning</i>	211
6 EINEKONGEDØMMET	215
<i>Kong Magnus Erlingsson</i>	219
<i>Kong Sverre Sigurdsson</i>	223
<i>Eirik kongsson</i>	241
<i>Kuvlungar og vårbelgar</i>	243
<i>Konge, biskop og jarl</i>	249
<i>Reaktivering av den orknøyske alliansen</i>	255
<i>Biskopar og baglarar</i>	262
<i>Samanfatning</i>	268
7 DET DELTE KONGEDØMMET	271
<i>Birkebeinarane</i>	273
<i>Baglarane</i>	283
<i>Dei svenske innbyrdesstridane</i>	286
<i>Politisk balansekunst</i>	290
<i>Freden i Kvitsøy</i>	294
<i>Samanfatning</i>	297
8 KONKLUSJON	301
<i>Innbyrdesstridane i eit nettverksperspektiv</i>	301
<i>Kyrkjias ideologiske og politiske rolle</i>	305
<i>Kongsideologi i endring</i>	310
<i>Landskapsinteresser og motsetnader mellom regionar</i>	312
<i>Sosiale og økonomiske interesser</i>	317
<i>Ætte- og slektskapsinteresser</i>	321
<i>Eit over-nasjonalt perspektiv</i>	323
BIBLIOGRAFI	329

VEDLEGG GRUPPERINGAR I INNBYDESSTRIDANE 1163-1208	349
NAMNEREGISTER	359

Forord

Det er mange som skal takkast når avhandlinga no endeleg ligg føre. Som vitenskapleg assistent ved historisk institutt på UIB hadde eg arbeidsplass i Dokkeveien 2B, og arbeidsoppgåver knytt til mellom anna datahandsaming og digitalisering. Samstundes var eg oppteken av slektskap og venskap i mellomalderen, og hadde skrive hovudfagsoppgåve om det. Sjølve ideen til doktorgradsprosjektet var det Arne Solli som kom med, og prosjektet vart meisla ut gjennom uvurderleg hjelp frå Knut Helle og Jan Oldervoll som har vore mine rettleiarar. Knut Helle fekk dessverre ikkje sjå avhandlinga ferdig, og eg har den siste tida hatt Geir Atle Erland som rettleiar. Tusen takk for gode råd, og ikkje minst forslaget om å flytte inn på loftet i Dokkevegen att. Det har vore 6 produktive månadar i innspurten.

Takk også til mine fantastiske kollegaer på samfunnsfagseksjonen ved Høgskulen på Vetlandet som har støtta og heia meg fram den siste tida. Ein særskilt takk til Sissel Rosland, som har lest og kommentert og motivert når bakkane har vore tunge.

Og til slutt ein stor takk til Kjetil som har tilført tiltrengte dosar av oppmuntring og realisme på heimebanen, og som har levd med dette prosjektet like lenge som eg!

Bergen, mai 2019
Bente Opheim Brathetland

Figurliste

Figur 1: XML-koding av sagamateriale og transformasjon til HTML ved hjelp av XSLT	46
Figur 2: Utsnitt av trykt tekstsider	47
Figur 3: Personkarakteristikk av Erling Skakke	50
Figur 4: Koding av stadnamn og tidsreferansar	50
Figur 5: Grafisk framstilling av entitetar og relasjonar	53
Figur 6: Samandrag av biografi i <i>SagaFolk</i>	56
Figur 7: Slektstre i tre generasjonar, vist som eit liggjande hierarki	58
Figur 8: Vertikale og horisontale nettverksrelasjonar	59
Figur 9: Oversikt over alle kjeldereferansar knytte til ein bestemt person	60
Figur 10: Bård Guttormssons slektningar	99
Figur 11: Slektskapsrelasjonar mellom stormannsætter på byrjinga av 1100-talet	112
Figur 12: Harald Gilles nettverk 1115 - 1135	122
Figur 13: Internordiske ekteskap ca. 1100-1130	142
Figur 14: Fosterfedrar og lendmenn under Haraldssonene	157
Figur 15: Inge Haraldssons nettverk	179
Figur 16: Jamstilling av erkebiskopens forhandling med bøndene i Hkr og Fsk	202
Figur 17: Sverres morsfrendar	225
Figur 18: Håkon Sverressons slekt	275

1

Innleiing

To trekk ved samfunnsutviklinga på 1100-talet er særskilt framtreddande: konsolidering av kongemakt og kyrkje og tiltakande grad av konflikhtar mellom grupper av elitens medlemmer. Eldre historieskriving har gjerne sett det siste som ein konsekvens av det første: konfliktane avspeglar interessemotsetnader mellom grupper med ulik tilknytning til dei nye samfunnsinstitusjonane: kongemakt, kyrkje og aristokrati. Nyare bidrag til debatten, særleg inspirert av den antropologiske vendinga frå 1970-åra har sett spørjeteikn ved graden av institusjonalisering og grunnlaget for kollektive interesser.¹ Rett nok føregjekk det på 1100-talet ei formalisering av dei økonomiske overføringane frå bondesamfunnet til kongemakt og kyrkje gjennom landskyld, bøter og tidend, og ei effektivisering av innkrevjinga av desse avgiftene gjennom utbygginga av det byråkratiske apparatet, men ved inngangen til 1200-talet var likevel ikkje denne utviklinga komen lenger enn at kongemakta framleis måtte vinnast gjennom personleg tilslutnad frå eliten. Denne synsmåten har framheva den politiske verdien av personlege band sterkare, på kostnad av makt forankra i formelle rettar eller institusjonar. Dette har medført at også konfliktane langt på veg har vorte tolka som eit uttrykk for private interessemotsetnader. Konfliktmønsteret har dermed vorte normalisert og sett på som uttrykk for generell konkurranse og rivalisering mellom elitens medlemmer.²

¹ Lunden 1976: 14–38; Bagge 1986: 149; Bagge 1999a: 301–302. For den antropologiske vendinga og norsk mellomalderforskning, sjå Bagge 1995: 127–131 og Orning 2010: 249–262. Sistnemnde plasserer seg innan ein snevrare variant av denne forskingstradisjonen, som han definerer som den *rettsantropologiske* retninga. For påverknaden av den antropologiske vendinga på historiefaget meir generelt, sjå t.d. Burke 2005: 38-43; Melve 2010: 190–192; Andresen, m. fl. 2012: 206–208.

² Bagge 1999a: 315.

Denne avhandlinga tek utgangspunkt i eit slikt antropologisk inspirert syn på den politiske kulturen, gjennom ei undersøking av kva betydning sosiale relasjonar og nettverk hadde for konfliktane i tidsrommet 1130–1208. Den sluttar seg til ei oppfatning av at politisk makt i mellomalderen i stor grad kvilte på personlege eigenskapar og evne til å etablere oppslutnad gjennom personlege band, men legg likevel vekt på at konfliktane under innbyrdesstridane representerte noko utanom det normale. Konfliktane strekkjer seg over eit vel hundre år langt tidsrom (1130–1240) og sjølv om kampane ikkje var like intense heile tida, etablerte det seg i periodar relativt faste, stridande grupperingar. Med utgangspunkt i at desse grupperingane i liten grad var formaliserte, og i hovudsak vart etablerte og haldne saman av slektskap, venskap og andre former for personlege band, blir det dermed sentralt å spørje etter kva for grupperingar av eliten som dominerte i desse stridane, kva for interesser dei representerte, og i kva grad det var kontinuitet mellom dei stridande grupperingane. Sosiale nettverk er her eit viktig analytisk verktøy for å få grep om korleis politiske maktposisjonar vart etablerte og haldne ved like over tid. Tilgangen til slike nettverk, og kor sterke og stabile nettverka var, kunne påverke konkurransen om posisjonar og styrketilhøvet mellom ulike grupperingar. Resultata i denne avhandlinga byggjer difor på ei systematisk registrering av personopplysningar og relasjonar mellom individ som på ulike måtar tok del i maktkampane innerter i den norske eliten frå ca. 1130 til 1208.

Innbyrdesstridane er eit klassisk problem i norsk historieforskning, og denne avhandlinga føyer seg inn i ein omfattande debatt som spenner over eit langt tidsrom. Mitt bidrag til denne diskusjonen tar som nemnt utgangspunkt i eit antropologisk inspirert syn på den politiske kulturen som vektlegg sosiale band og stormenn sine personlege ambisjonar i konkurranse om posisjonar. Denne synsmåten er ikkje ny, men fokuset på sosiale nettverk inneber ei analytisk spissing av denne tilnærminga. Prosjektet bidrar også empirisk ved at det for første gong er gjennomført ei systematisk registrering av opplysningar om elitens medlemmer i dette tidsrommet og korleis dei var knytte til einannan gjennom nettverk av sosiale band. Dette datatilfanget er samla i ein digital, prosopografisk database som har gjort det mogeleg å systematisere informasjon om over 1000 personar for eit tidsrom på nærare 100 år.³

³ Applikasjonen er tilgjengeleg på <http://home.hib.no/ansatte/bop/saga/>.

Konfliktens kontekst

Når perioden 1130–1240 skil seg ut i norsk historie som særskilt konfliktfylt, skuldast dette ikkje berre at omfanget av samanstøytar mellom elitens medlemmer auka, ettersom det var lengre periodar med fred også i dette tidsrommet. Det skuldast også at hundreåra før og etter var relativt fredelege. Mellom 1030 og 1130 førekom det berre fire tronskifte, ingen av dei særskilt konfliktfylte,⁴ og i motsetnad til den urolege perioden som følgde, har 1000-talet tradisjonelt vorte karakterisert som ei fredeleg, stabil grotid.⁵ Det same kan seiast om tilstanden som rådde frå andre halvdel av 1200-talet, etter at dei siste etterveane av dei interne konfliktane hadde lagt seg. Den kulturelle og politiske utviklinga nådde i dette tidsrommet eit slikt nivå at perioden i ettertid har blitt kalla Noregs stordomstid.

Konfliktane i tidsrommet mellom 1130 og 1208 føregjekk parallelt med politisk utvikling. Då innbyrdesstridane tok slutt i første halvdel av 1200-talet, var det norske samfunnet fastare og meir einskapleg organisert under kyrkje og kongemakt enn tidlegare.⁶ Kongemakta disponerte over eit administrativt apparat av lokale lendmenn, systemenn og lagmenn og sentralt ei hird organisert kring kongens hushald. Gjennom dette apparatet sikra kongemakta seg mellom anna større kontroll med den lokale rettshandhevinga, og vi ser at det lovgivande myndet i aukande grad vart konsentrert hos kongemakta.

Ein tilsvarande konsolideringsprosess gjekk føre seg innan den katolske kyrkja. Sjølv om den kyrkjelege organisasjonen hadde kome lenger i utbygginga av eit lokalt styringsapparat ved inngangen til 1100-talet enn kongemakta, så var det under innbyrdesstridane at kyrkja for alvor voks fram som ein maktfaktor ved sida av den verdslege makta. I første halvdel av 1100-talet vart tienden etablert som den første regulære skatten i Noreg, og ved midten av hundreåret vart dei norske bispeseta samla i ein eigen kyrkjeprovins, saman med bispeseta i skattlanda. Eit fastare inntektsgrunnlag, og ei rikspolitisk forankring gjennom ein eigen kyrkjeprovins, gav høve til ekspansjon

⁴ Krag 2000: 103.

⁵ Jf. Holmsen 1961: 191.

⁶ Helle 1995: 11.

på fleire felt. Oppføringa av nye kyrkjebygg og grunnlegginga av kyrkjelege institusjonar, særleg klosterordenar, vitnar om den ekspansive utviklinga til kyrkja på 1100-talet.

Utbygginga av den kyrkjelege organisasjonen skjedde i samvirke med kongemakt, verdslege stormenn og bondesamfunnet. Kyrkja naut godt av jordegodsdonasjonar frå både kongeleg og privat hald, som stimulerte til bygging av nye kyrkjer, private kapell og kloster. Klostergrunnleggingane var samstundes med på å knyte den norske kyrkja tettare til vest-europeiske kyrkjeorganisasjonen og gjere ho meir mottakeleg for ideologisk påverknad utanfrå.⁷ På 1100-talet var den sentrale pavemakta oppteken av å reformere kyrkja gjennom å frigjere henne frå verdslege makter.⁸ Dette var ei politisk-religiøs rørsle som lett kunne kome i konflikt med verdslege interesser, slik den gjorde under kong Sverre og fleire andre verdslege fyrstar i Europa. Kyrkja vart på den måten ein viktig politisk institusjon med vidfemnande interesser.

Innbyrdesstridane fall såleis saman med organisatorisk ekspansjon og konsolidering av kongemakt og kyrkje. Men samfunnet endra seg også på andre plan. Folketalet ser ut til å ha vakse kontinuerleg frå ca. 600 til godt ut på 1200-talet, og mest sannsynleg har den kraftigaste veksten funne stad i høgmellomalderen. Dette medførte mellom anna at busetnadsmonsteret og eigedomstilhøva endra seg. Auka etterspørsel etter dyrkbar jord førte til bruksdeling og nyrydding i utmark og allmenningar, samstundes som fleire bønder ser ut til å ha vorte tvinga til å bygsle jorda dei dreiv. I eit samfunn der dyrka jord var viktigaste leveveg for fleirtalet av innbyggjarane, var maktutøving og politisk deltaking naturleg nok nært knytt til tilgangen på jord.

Konfliktane inne i eliten i det norske samfunnet på 1100-talet gjekk altså føre seg i eit samfunn prega av endring på fleire plan. Andreas Holmsen har kommentert dette høvet slik:

Ved siden av striden – og midt i den – skjer det en rivende utvikling; vidtgående avtaler blir truffet, viktige institusjoner grunnlagt, og under det hele går en voldsom økonomisk og sosial omskappingsprosess. Liv og rørsle preger tiden; den ene følgerike begivenheten hekter seg på den andre, en forvirrende mengde av menn og makter trer fram og griper bestemmende inn i

⁷ Helle 1995: 26.

⁸ Om den gregorianske reformrørsla og den norske kyrkjeprovinsen, sjå t.d. Bagge 2003a.

landets skjebne. Som resultat av det alt sammen får vi et nytt Norge – et nytt kongedømme, en ny kirke, et nytt samfunn.⁹

Denne oppfatninga av endring og framveksten av eit organisert, statleg samfunn parallelt med konfliktane har prega oppfatninga av innbyrdesstridane. Det har mellom anna medført at konfliktane tradisjonelt har vorte kopla til framveksten av ei sentral statsmakt.

Innbyrdesstridane som historisk problem

Innbyrdesstridane har vorte tolka som eit *symptom* på motsetnader mellom ulike maktgrupper som oppstod i kjølvatnet av endringsprosessane på 1100-talet, eller rettare som ein kamp om kva interesser staten skulle tene. Gjennom eit slikt *statsevolusjonistisk* perspektiv har diskusjonen i hovudsak dreia seg om interessene til fire grupper eller kollektive aktørar i mellomaldersamfunnet: kongemakta, det verdslege og det geistlege aristokratiet og bøndene. Ulikskapen i synspunkt på kva konfliktane dreia seg om, har følgjeleg hatt samband med ulike oppfatningar av tilhøvet mellom desse samfunnsgruppene. Seip formulerte det slik i sin artikkel om problem og metode i mellomalderforskinga: «Det har imidlertid vært stor forskjell i opfatningen av hvordan disse fire elementer forholder seg til hinanden, hvilke som arbeider sammen, og hvilke som virker mot hinannen, i det hele hvilken betydning hver enkelt av faktorene har hatt for dannelsen av det norske rike.»¹⁰ Når det gjeld kva faktorar som arbeidde mot kvarandre, og dermed førte til intern konflikt, kan vi grovt forenkla skilje ut to hovudretningar innan det statsevolusjonistiske perspektivet: ei eldre oppfatning som fokuserer på *motsetnaden* mellom kongemakta og aristokratiet, og ei nyare oppfatning basert på tanken om naturleg *solidaritet* mellom kongemakta og dei andre medlemmene av eliten.

For representantane for den første retninga, i hovudsak P.A. Munch, Rudolf Keyser og Ernst Sars, var konfliktane på 1100-talet eit uttrykk for motstridande interesser hos kongedømme og aristokrati. Striden fram til midten av 1100-talet var først og fremst prega av ei aristokratisk samling. Viktige milepælar i denne

⁹ Holmsen 1961: 191.

¹⁰ Seip 1940-42: 15.

samlingsprosessen var opprettinga av erkebispesetet i 1152–53 og kroninga av Magnus Erlingsson i 1163–64. Den siste hendinga tolkar Munch som uttrykk for ein avtale mellom det verdslige og det geistlege aristokratiet om «at dele Sejerens Fordele mellem dem og sig, og at befæste deres fælles Magt paa Kongemagtens Bekostning».¹¹ Keyser vektlegg det geistlege elementet i den aristokratiske samlinga sterkare, og for han handlar konfliktane om korleis kyrkja konsoliderte si makt på kostnad av kongedømmet.¹² Sams for denne generasjonen er likevel at motstandaren til aristokratiet var ei kongemakt av «antiaristokratisk» eller, som hos Sars, beintfram «demokratisk» karakter.¹³ Under kong Sverre kom motsetnadene mellom det aristokratiske og det demokratiske styringsprinsippet til sitt klaraste uttrykk: «Ved Sverres Sejr var altsaa Kongemagten emanciperet fra Høvdingernes Aag.»¹⁴

Fraksjonane som stod mot kvarandre i innbyrdesstridane, representerte altså for den eldre generasjonen historikarar ideologiske fellesinteresser basert på tanken om standsfellesskap. Dette er klarast formulert hos Sars, som skildrar den aristokratiske samlinga fram mot Magnus Erlingssons kroning som eit resultat av aristokratiets «naturlige politiske Tendents» til å søkje makt gjennom samhald.¹⁵ Men i Sars si samtid var det også kritiske røyster til eit slikt idealistisk syn på mellomalderpolitikk. I den konservative leiren var det fleire som var kritiske til at aristokratiet skulle vere tufta på ei naturleg fellesskapskjensle som stand. Det fanst dei som framheva at aristokratiet var ei splitta gruppe prega av ulike personlege og lokale interesser,¹⁶ medan somme la vekt på dei materielle faktorane som batt aristokratiet saman.¹⁷ Dette siste synspunktet skulle først for alvor få gjennomslag i det 20. hundreåret, gjennom inspirasjon frå marxistisk teori.

¹¹ Munch 1941-43 (1855-59), bd. 6: 345.

¹² Keyser 1866: bd. 1: 570: «Imidlertid vidste Geistligheden at benytte den almindelige Forvirring til sin Magts Forøgelse. De stridende Partier kappedes om at vinde den for sin Sag ved Opoffrelser. Under sit eget Overhoved, Erkebiskoppen av Nidaros, afsondrede den sig lidt efter lidt fra det øvrige Folk og arbeidede endelig aabenbar paa at gjøre sig Kongemagten underdanig. Men nu fandt den kraftige Modstandere; Borgerkrigen blev en Kamp mellem geistlig og verdslig Magt.»

¹³ Sars 1877: 88–89.

¹⁴ Munch 1941-43 (1855-59): 176.

¹⁵ Sars 1877: 83.

¹⁶ Hertzberg 1869: 110–152, sjå særleg s. 124; Paasche 1969a: 51–66.

¹⁷ Aschehoug 1866: særleg 97–98; Nielsen 1904: 29–50. Sjå også Dahl 1959: 109–137.

Synet på innbyrdesstridane som dei marxistisk inspirerte historikarane i mellomkrigstida tok til orde for, kan skiljast ut som den andre av dei to hovudretningane innan det statsevolusjonistiske perspektivet. Sentralt for denne retninga i historieforskinga står tanken om ein naturleg solidaritet mellom elitens medlemmer, det vil seie mellom kongedømme, aristokrati og kyrkje.¹⁸ Solidariteten kom av at dei alle hadde felles interesser som jordeigarar og behov for kontroll med jordbruksproduksjonen og bøndene. Ei sterk kongemakt ville dermed ikkje nødvendigvis kome i konflikt med aristokratiets interesser, men snarare styrkje aristokratiet si maktstilling.¹⁹ For Halvdan Koht dreiar det seg ikkje om at aristokratiet *sigra* over kongemakta i 1160-åra, men snarare at kongemakta var eit *produkt* av aristokratisk makt:

Det er stormandsklassens samling til en virkelig riksstand som nu er fuldbyrdet, og kongedømmets organisation er en naturlig konsekvens derav. Etter dette syn blir det da ikke "kaos" i hele sagatidens historie, men tvert imot en stadig vekst fram imot klare linjer. Det er aristokratiets tid, - økonomisk, sosialt, politisk, aandelig. Dets kampe og dets samling er det som fylder vor politiske historie fra slutten av 9de til midten av 12te hundrebaar.²⁰

For synet på innbyrdesstridane medførte det materialistiske grunnsynet at den eldre tolkinga av konfliktane som maktkampar mellom aristokrati og kongedømme vart erstatta med eit syn som la sterkare vekt på solidariteten mellom elitens medlemmer. Når det likevel vart konflikt, skuldast dette sterke personlege interesser eller at aktørar innan eliten søkte støtte hos ulike sosiale lag eller i regionar med ulik økonomisk struktur. Sentralt for denne retninga står dermed spørsmålet om elitens geografiske og sosiale struktur.

Nyare granskingar av den politiske utviklinga på 1100- og 1200-talet har utfordra det statsevolusjonistiske perspektivet som har lege til grunn for diskusjonen.²¹ Sverre Bagge er kritisk til å sjå innbyrdesstridane som eit resultat av framveksten av ei meir sentralisert statsmakt. Etter hans oppfatning må stridane tvert om sjåast som ein føresetnad for statleg konsolidering. Den langvarige militære mobiliseringa resulterte i

¹⁸ Seip 1940-42: 17; Dahl 1959: 248–257; Bagge 1995: 118–121.

¹⁹ Seip 1940-42: 17.

²⁰ Koht 1920: 318.

²¹ Lunden 1976: 53–56; Bagge 1986: 145–165; Bagge 1999a: 301–302; Bagge 2010: 40–42.

eit større, og fastare organisert, administrativt apparat som styrkte kongemakta.²² Til grunn for denne kritikken ligg mellom anna eit nytt perspektiv på den norrøne politiske kulturen i mellomaldaren.

Nye perspektiv på den politiske kulturen i mellomalderen

Medan tidlegare forskning jamt over har vurdert dei ulike aktørane sine handlingsmønster som utslag av stands- eller klassesolidaritet, har debatten dei siste 30 åra sett søkjelys på grunnlaget for politisk mobilisering i mellomalderen.²³ Dette nye perspektivet er influert av den antropologiske vendinga som sette sitt preg på historiefaget frå 1970-talet, og nordisk høgmellomalder i tiåret etter.²⁴ Når det gjeld dei norske innbyrdesstridane, er det særleg Sverre Bagge som har dominert debatten.²⁵ I ei undersøking av samanhengen mellom borgarkrig og statsutvikling var utgangspunktet hans slik: «Grunnlaget for lederskap [i førstatalige samfunn] er i betydelig mindre grad enn i det statlige samfunn faste embeter og tvungne økonomiske ytelser. Samfunnet er i første rekke bundet sammen gjennom personlege bånd.»²⁶ Bagge kritiserer difor den materialistiske forskinga for å leggje for stor vekt på kollektive samanslutningar og framhevar i staden aktørane som sjølvstendige, handlande subjekt:

Allianser er allianser mellom personer, ikke mellom organisasjoner, interessegrupper, partier e.l. Både personlig vennskap og lojalitetsfølelse og opportunitetshensyn kunne spille en rolle her, i varierende grad i hvert enkelt tilfelle.²⁷

Her blir det, med andre ord, lagt større vekt på at stridane stod mellom individuelle aktørar og personlege konstellasjonar av aktørar, medan fokuset på dei kollektive interessene som ligg til grunn for eldre oppfatningar blir tona ned. Bagge går langt i å redusere innbyrdesstridane til personleg konkurranse mellom elitens medlemmer, og

²² Bagge 1986: 157;194–195; Bagge 1999a: 319–320; Bagge 2010: 65–66. Liknande synspunkt har vorte fremja av Knut Helle, som ser innbyrdesstridane som siste fase i ein lengre rikssamlingsperiode, jf. Helle 1995: 18–19.

²³ Bagge 1986: 165–166.

²⁴ Orming, m. fl. 2010: 31.

²⁵ Bagge tek opp spørsmålet om innbyrdesstridane særskilt i Bagge 1986; Bagge 1999a; Bagge 2010, men synspunkta på stridane er tett kopla til måten han ser på den politiske kulturen på, jf. Bagge 1989a; Bagge 1989b; Bagge 1991; Bagge 1994; Bagge 1999b; Bagge 2003c.

²⁶ Bagge 1986: 149.

²⁷ Bagge 1986: 154.

han meiner at også dei meir permanente grupperingane til dels kan forklarast med utgangspunkt i personleg konfliktstoff:

the factional divisions were essentially "arbitrary", based on "friendship", personal loyalty and the desire for gain. Even the more permanent factions formed during the second phase of the civil wars may to some extent be explained in this way, i.e. by the ability of Erling Skakke and Sverre as political and military leaders.²⁸

Likevel meiner Bagge at for å forstå kvifor desse konfliktane vart så langvarige og intense i periodar, treng vi i tillegg ei *strukturell* forklaring. Han er skeptisk til at personlege band i seg sjølv kunne skape så stabile fraksjonar som dei som tidvis oppstod under innbyrdesstridane, og avviser at det kan dreie seg om «slektskoalisjonar»²⁹ eller «family networks».³⁰ Han hevdar i staden at konfliktane vart forsterka dels av personlegdomen og leiareigenskapane til sentrale personar som Erling Skakke og Sverre Sigurdsson, dels av ei økonomisk krise mot midten av 1100-talet som særleg råka den verdslege eliten.³¹ Nyleg har Hans Jacob Orning diskutert innbyrdesstridane med utgangspunkt i Bagges tese. Han er kritisk til at eliten skulle ha opplevd ei ressurskrise, og legg i staden vekt på ytre påverknad frå den reformerte kyrkja og press frå Danmark.³² I eit tilsvar reformulerte Bagge sitt syn på innbyrdesstridane og tona ned påstanden om at dei skuldast ei ressurskrise. Han er einig i at den kyrkjelege ideologien spela ei vesentleg rolle under stridane, men meiner Orning overdriv tilhøvet til Danmark. Dei er derimot begge samde i at dei eigentlege stridane bør skuvast til andre halvdel av 1100-talet, med inngangen til 1160-talet som eit vesentleg skilje.

Problemstilling og metode

Den overordna problemstillinga for denne avhandlinga er på kva måte sosiale nettverk bidrar til å forklare konfliktmønsteret under dei norske innbyrdesstridane i tidsrommet 1130–1217. Ein underliggande tese er at samansetjinga av dei stridande gruppene, eller partia, kan gi innsikt i kva for interesser som stod på spel. Dette inneber ein analyse av korleis partia var sett saman, kva for relasjonar som batt dei saman og kva for ressursar

²⁸ Bagge 1999a: 315. Sjå også Bagge 2010: 47–48.

²⁹ Bagge 1986: 150.

³⁰ Bagge 1999a: 313.

³¹ Bagge 1999a: 315–320. Sjå også Bagge 1986: 162–165; Bagge 2010: 51–53.

³² Orning 2014.

aktørane hadde tilgang til. Eit sentralt spørsmål er også kva for strategiar partia nytta til å konsolidere eller auke maktgrunnlaget sitt og korleis makttilhøva endra seg over tid.

Til grunn for analysen ligg ei kartlegging ei systematisk registrering av opplysningar om individuelle aktørar og ulike former for transaksjonar og relasjonar mellom elitens medlemmer i tidsrommet ca. 1100-1220. Dei konkrete konfliktane avhandlinga tek opp er avgrensa til perioden 1130-1208, der Sigurd Jorsalfares død i 1130 markerer byrjinga og forliket på Kvitsøy i 1208 slutten, men ettersom opplysningar om aktørane både før og etter desse ytterpunkta kan ha relevans, har eg under sjølve dataregistreringa strekt tidsaksen med eit tiår i kvar ende. Tradisjonelt blir gjerne borgarkrigstida avgrensa til 1130-1240. Når eg har valt 1208 som grense, handlar det for det første om kva som er overkommeleg for ein analyse av denne typen. Tilrettelegging av data, koding og registrering av personopplysningar og relasjonar er svært tidkrevjande. For det andre utgjør forliket i 1208 eit av fleire moglege sluttpunkt. Kvitsøy-forliket skapte varig fred fram til partia vart endeleg oppløyst i 1217 og både birkebeinarar og baglarar godtok Håkon Håkonsson som felles konge. Vi ser ingen nye konfliktliner eller politiske konstellasjonar av betydning mellom freden på Kvitsøy og Håkons konungstekja. Slittingane og Ribbunganes opprør på Austlandet i omsynsvis 1217 og 1219 var lokale og fekk liten gjennomslagskraft, og spenningane mellom Skule jarl og kong Håkon, som kuliminerte med treffningar i 1239 og 1240, ser ut til å ha vore avgrensa til kongshirden og elles hatt liten rekkevidde. Det er tvilsamt om ei avgrensing til 1217 eller 1240 ville endra konklusjonane særskilt.

Den metodiske tilnærminga kan klassifiserast som *prosopografi*. Føremålet er å etablere kunnskap om grupper med utgangspunkt i opplysningar om gruppa sine medlemmer og interaksjonen mellom dei.³³ For innbyrdesstridane sitt vedkomande har vi sett at sosiale, ideologiske og regionale faktorar har vorte nytta for å forklare samansetjinga av dei stridande grupperingane, men det vantar enno ei samla og systematisk undersøking av partane i striden. Ein slik analyse er naudsynt dersom ein skal kunne sjå endringar i konfliktmønsteret over tid. Eit viktig grunnlag for analysen i denne avhandlinga har difor vore utviklinga av ein prosopografisk database, *SagaFolk*.³⁴

³³ Jf. definisjon i Stone 1987: 45. Sjå også s. 22 i denne avhandlinga.

³⁴ Brathetland 2004c.

Databasen inneheld 7519 namnreferansar tilhøyrande 1029 antatt historiske personar omtala i samtidige kongesagaer i tidsrommet 1100–1208. Databasen fungerer som ein biografisk indeks der kvar opplysning er kopla til ein digital fulltekstversjon av kjelda.

SagaFolk har vore eit viktig verktøy i analysen som ligg til grunn for denne avhandlinga, ikkje av di basen mogleggjer slutningar som ikkje kan trekkjast på andre måtar, til dømes ved hjelp av kortkartotek og indeksar i dei enkelte kjeldeutgåvene, men av di omfanget av opplysningar, og det lange tidsspennet dei strekkjer seg over, krev systematisk og dokumentert handsaming av data. Samstundes er metoden nytta på eit materiale som kan kontrollerast gjennom tradisjonell historisk kjeldegransking. Digitalisering mogleggjer dessutan automatisering, som er nytta mellom anna i framstillinga av slektskaps- og venskapsrelasjonar i *SagaFolk*. Digitalisering gjer det også enklare å etterprøve resultatet og opnar for gjenbruk av materialet for andre med utgangspunkt i nye problemstillingar.

Det er ikkje gjort liknande arbeid med å digitalisere og registrere prosopografiske opplysningar for norsk mellomalder, trass i at det internasjonalt finst mange døme både på prosopografi som metode og digital registrering av prosopografiske opplysningar.³⁵ Prosjektet er difor også eit viktig bidrag til diskusjon om prosopografi som metode i historiefaget og om utfordringar knytte til digitalisering og registrering av prosopografiske opplysningar i sagatekstar.³⁶ Dette blir diskutert i kapittel 2.

Den prosopografiske metoden etablerer eit viktig empirisk grunnlag for å analysere samansetjinga av grupper innan eliten og relasjonane som knytte dei saman. Samstundes er analysen avhengig av korleis vi forstår den politiske kulturen. Kapittel 3 etablerer eit teoretisk rammeverk for korleis vi kan konseptualisere den politiske skodeplassen og interaksjonen mellom aktørane. Sentralt er omgrepet *sosialt nettverk* og korleis dette kan gi innsikt i politisk kultur i mellomalderen. Kapittelet diskuterer også korleis den politiske arenaen kan skildrast som eit *felt*, i Bourdieus tyding, kva for posisjonar som eksisterte i det norske politiske feltet på 1100-talet, og kva rolle slektskap og venskap spela i dette feltet.

³⁵ For eit oversyn over viktige forskingsarbeid, perspektiv og metodar, sjå Bulst & Genet 1986; Stone 1987 og Keats-Rohan 2007.

³⁶ Sjå Opheim 2000 og Opheim 2002 for metodiske bidrag.

Den empiriske hovuddelen av avhandlinga, kapittel 4–7, analyserer dei stridande grupperingane i dei norske innbyrdesstridane, med utgangspunkt i gruppene si samansetjing, kva slags ressursar dei hadde tilgang til, både materielle og immaterielle, og korleis ressurstilgangen påverka konfliktmønsteret over tid. Konkret tek kapittel 4 utgangspunkt i hendingar i kong Magnus Berrføtt og Sigurd Jorsalfares styringsperiodar og freistar å gi eit breitt bilete av omstenda som leia fram mot utbrotet av konfliktane på 1130-talet. Kapittel 5 tek for seg dei innbyrdes makttilhøva under samkongane Inge, Sigurd og Øystein Haraldssøner og brotet mellom desse brørne i 1150-åra. Dette kapittelet set også søkjelys på korleis Erling Skakke og kong Magnus etablerte alliansar med elitens medlemmer for å tryggje sine posisjonar. Kapittel 6 set hovudfokuset på kva handlingsrom Sverre Sigurdsson hadde som utfordrar til Magnus og Erling, og korleis han også etablerte og utvida posisjonen sin gjennom nettverksband og alliansar. Det siste analysekapittelet, kapittel 7, tek for seg nettverka som dominerte striden mellom birkebeinarane og baglarane etter kong Sverre sin død og fram til freden på Kvitsøy i 1208. I det siste og konkluderande kapittel 8 samanfattar eg resultatata av analysen og drøftar dette opp mot tidlegare etablerte oppfatningar.

2

SagaFolk

- metode, kjelder og datahandsaming

Temaet for denne avhandlinga er korleis sosiale relasjonar vart nytta for å etablere alliansar og grupper i innbyrdesstridane. Relasjonane var for ein stor del personlege, sjølv om også andre, meir formaliserte relasjonar førekom. Korleis enkeltaktørar gjekk fram for å etablere og oppretthalde nettverk av relasjonar, og korleis desse nettverka endra seg over tid, er såleis ein sentral del av analysen. Metodologisk betyr dette at vi må kople to analysenivå: Kunnskap om grupperingane i innbyrdesstridane blir søkt gjennom ein analyse av enkeltindivid og relasjonane mellom dei. Metoden blir gjerne kalla *prosopografi*, men dette er eit nokså ukjent omgrep i Noreg. Kollektiv biografi er eit vanlegare namn, men det omgrepet er ikkje eintydig. Dette kapittelet tek for seg ein del sentrale problemstillingar knytte til prosopografi som metode. Dinest gir det ein presentasjon av kjeldematerialet for avhandlinga og ein diskusjon av korleis dette kjeldematerialet kan nyttast til ein prosopografisk analyse. Til slutt tek kapittelet for seg dei metodologiske og kjeldekritiske vurderingane som ligg til grunn for oppbygginga av den elektroniske databasen, *SagaFolk*, som har vore eit viktig verktøy i analysen.

Prosopografi

Nemninga prosopografi er avleia av to greske ord: *prosopon*, som tyder *person*, og *graphia*, å *skrive*,³⁷ og dei første døma vi kjenner på prosopografi, frå første halvdel av

³⁷ Merriam-Webster's collegiate dictionary 1996: «Prosopography». Sjå også Bulst & Genet 1986: Introduction; Keats-Rohan 2000: 2.

1500-talet, var samlingar av enkle personskildringar eller biografier.³⁸ Det var likevel først på byrjinga av 1900-talet at metoden etablerte seg som eit eige felt innan historiefaget, i første rekkje gjennom analysar av politiske grupper og institusjonar.³⁹ Størst innverknad på fagfeltet fekk *The Roman Revolution* av Ronald Symes og Sir Lewis Namier sin analyse i *The structure of Politics at the Accession of George III*, som begge kom ut i mellomkrigstida.⁴⁰ Felles for desse arbeida er at handlingane til ulike typar av sosiale grupper blir analyserte med utgangspunkt i ei gransking av personane gruppene var sette saman av. Lawrence Stone har definert metoden og framgangsmåten slik:

Prosopography is the investigation of the common background characteristics of a group of actors in history by means of a collective study of their lives. The method employed is to establish a universe to be studied, and then to ask a set of uniform questions – about birth and death, marriage and family, social origins and inherited economic position, place of residence, education, amount and source of personal wealth, occupation, religion, experience of office, and so on. The various types of information about the individuals and the universe are then juxtaposed and combined, and are examined for significant variables. They are tested both for internal correlations and for correlations with other forms of behavior or action.⁴¹

Den prosopografiske tilnæringsmåten har hatt særleg to historiske problem for augo, ifølgje Stone: Korleis kan ein forklare handlingane til politiske aktørar og grupper, og

³⁸ Karl Ferdinand Werner kan mellom anna vise til ei samling biografier (*Prosopographiarum*) skriven av Justin Gobler i 1537. Den eldste eintalsforma av nemninga finn vi nokre år seinare, i eit skrift publisert i Basel i 1565: *Prosopographia heroum atque illustrium virorum toius Germaniae*. Werner nemner andre døme på prosopografi frå det 16., 17. og 18. hundreåret, jf. Werner 1997: 4, sitert i Keats-Rohan 2000: 1.

³⁹ For eit oversyn over utviklinga av fagfeltet prosopografi, sjå Stone 1987: 45–73; Werner 1997: 1–22; Bulst & Genet 1986: «Introduction»; Keats-Rohan 2007; Pelteret 2000: 13–14. *History and Computing 12 (2000)* er eit temanummer vigd til prosopografi og inneheld ein bibliografi med sentrale forskingsbidrag. Det viktigaste tidsskriftet innan mellomalderprosopografi er *Medieval Prosopography*, utgjeve i Kalamazoo. Ei rekkje internasjonale konferansar har vore vigde til prosopografi. Dei viktigaste bidraga til desse konferansane er å finne i Bulst & Genet 1986; Millet 1985; Autrand 1986; École française de Rome 1988.

⁴⁰ Namier 1929; Syme 1939. Andre døme på viktige arbeide er Geltzer 1912; Beard 1913; Münzer 1920; Berve 1926. Stone hevdar at tidspunktet fell saman med ei krise i historiefaget. I jakta på nye, fruktbare måtar å studere politiske institusjonar på vende mellomkrigshistorikarar seg bort frå tradisjonelle tekstnære analysar av arkivmateriale og politiske teoriar. I staden vart søkjelyset retta mot aktørane og korleis erfaringane deira verka inn på det politiske spelet: «The unstated premise is that an understanding of who the actors were will go far toward explaining the workings of the institution to which they belonged, will reveal the true objectives behind the flow of political rhetoric, and will enable us better to understand their achievement, and more correctly to interpret the documents they produced» (Stone 1987: 51–52). Stone diskuterer dessutan påverknaden frå psykoanalyse og återferdsteori samt manglande tillit til politiske system og til politikarane sin integritet etter første verdskrigen i samband med denne nyorienteringa innan historiefaget (Stone 1987: 52–53).

⁴¹ Stone 1987: 45.

korleis kan ein forklare endringar i sosial struktur og mobilitet?⁴² Noko forenkla korresponderer desse problemstillingane med to prosopografiske tilnærmingar: tekstnære, kvalitative analysar av relativt små politiske elitar og sosialhistoriske granskningar av massar og sosiale rørsler, ofte ved bruk av kvantitative metodar.⁴³

Dei siste tiåra har vi sett ei fornya interesse for prosopografi internasjonalt innan historiefaget. Neithard Bulst har kopla dette for det første til ei ny interesse for sosialhistorie, der aktørperspektivet har vorte løfta fram, og for det andre med nye mogelegheiter dataverktøy gir for analyse av historisk materiale.⁴⁴ Begge desse faktorane kan ha vore med på å gjere skiljet mellom dei to retningane innan det prosopografiske fagfeltet mindre, samstundes som fagfeltet har blitt stimulert til teoretisk refleksjon omkring prosopografien sin eigenart og rolle i historiefaget. Eg vil i det følgjande sjå nærare på nokre av dei viktigaste spørsmåla som har prega debatten omkring prosopografi som metode dei siste åra.

Eit viktig spørsmål dreiar seg om avgrensing: Korleis skal prosopografi definerast? Dette kjem til uttrykk gjennom ulike freistingar på å avgrense prosopografi mot særleg *biografi* på den eine sida og *kollektiv biografi* på den andre.⁴⁵ Stones definisjon, som er sitert ovanfor, legg vekt på at prosopografi handlar om å studere kollektive aktørar gjennom undersøkingar av individuelle livsløp. Denne måten å sjå prosopografi på har hatt stor appell på fagfeltet, ettersom det synest å vere semje om at prosopografi handlar om individet i *relasjon* til omverda – «the individual and his community», som Bulst har formulert det.⁴⁶ Kunnskap om enkeltindivid er sjeldan eit mål i seg sjølv, men snarare eit middel for å etablere ny kunnskap om grupper av individ og samhandling mellom individ i grupper. Som Bulst uttrykkjer det: «[T]he individual can only ever be an intermediate aim of prosopographical research, not the final one».⁴⁷ Likevel er identifikasjonen av individa ein heilt nødvendig prosess, og i prosjekt der

⁴² Stone 1987: 45.

⁴³ Stone 1987: 45.

⁴⁴ Bulst 1989: 12–13. Sjå også Keats-Rohan 2000: 2.

⁴⁵ Sjå Bulst & Genet 1986: Introduction; Bulst 1989: 13; Keats-Rohan 2000: 4; Keats-Rohan 2003: 1–2; Keats-Rohan 2007: 15–25.

⁴⁶ Bulst 1989: 13. Sjå også Opheim 2000: 47.

⁴⁷ Bulst 1989: 13–14. Bulst er her svært kategorisk. Som vi ser fleire døme på i Keats-Rohan 2007 (sjå spesielt diskusjon s. 4–8), kan det i mange tilfelle vere svært verdifullt å få tilgang til biografiske opplysningar i form av eit «lexicon» eller ein prosopografi.

kjeldematerialet byr på store utfordringar, vil det kunne forsvarast at identifikasjonen er eit poeng i seg sjølv. Det er likevel ingen motsetnad mellom dette og det å freiste å trekkje slutningar på eit litt høgare abstraksjonsnivå. Snarare er det snakk om fleire steg i ein arbeidsprosess.

Forskjellen mellom biografi og prosopografi blir gjerne framstilt nokså kategorisk: Biografien har enkeltindividet som primærfokus,⁴⁸ medan prosopografi for det første handlar om fleire individ og for det andre siktar mot å seie noko om samfunnet, kulturen eller miljøet individa var ein del av. Her bør det leggjast til at sjangeren biografi er mykje meir mangfaldig enn det blir gitt inntrykk av her, og at særleg den historiske biografien legg stor vekt på at forteljinga om individet skal inngå i ei større forteljing om det samfunnet dette individet var ein del av.⁴⁹

Avgrensinga mellom prosopografi og andre former for aktørorienterte metodar, særleg den kollektive biografien, er vanskelegare å gjere. Kollektiv biografi kan forenkla forståast som biografiar i fleirtal. Prosopografi blir derimot gjerne forstått som noko meir enn summen av data om enkeltindivid. Forskjellen ligg i graden av fokus på eit bestemt miljø eller samfunnsmessige føresetnader som dei individuelle erfaringane forma og vart forma av. I den kollektive biografien er det ingen føresetnad at individa høyrer til eit bestemt historisk miljø. Til dømes refererer Katharine Keats-Rohan til *Dictionary of National Biography* for å illustrere tilhøvet mellom kollektiv biografi og prosopografi.⁵⁰ Dette verket inneheld biografiar over personar som på ein eller annan måte har sett sitt preg på britisk samfunnsliv gjennom tidene. Eit tilsvarende norsk døme er *Norsk biografisk leksikon* (NBL1), som kom ut i tidsrommet 1923–1983, og i heilt ny utgåve på 2000-talet (NBL2).⁵¹ Persontilfanget i denne typen kollektive biografiar tek

⁴⁸ Jensen 2002a: 275.

⁴⁹ Dag Jensen hevdar i ei drøfting av genren biografi at den historiske biografien skil seg ut gjennom at den ikkje er sentrert kring individet, men derimot samfunnet: «Slik biografien framtrer historisk gjennom enkelte fremragende biografier, senterer den altså individet. [...] Den *egentlige* biografien har ikke som eksplisitt hovedformål å forklare eller fortolke samfunnet. [...] Historiefaget senterer derimot samfunnet, de sosialt betydelige hendelsene og handlingene, de kollektive handlingsmønstre osv. Fra historikerens synsvinkel får biografien mening i den grad den belyser disse tema» (Jensen 2002a: 277, kursiv i original). Det er likevel eit viktig poeng at den historiske biografien ikkje kan miste forankringa den har i det individuelle livslopet. I så fall har vi å gjere med noko anna (jf. Jensen 2002a: 278).

⁵⁰ Lee & Stephen 1885, omtala i Keats-Rohan 2000: 3.

⁵¹ NBL1 = *Norsk biografisk leksikon* (1923–1983), Gran, G., Krogvig, A. og Bull, E. (red.) Aschehoug, Oslo; NBL2 = *Norsk biografisk leksikon* (1999–2005), Arntzen, J. G. og Helle, K. (red.) Kunnskapsforlaget, Oslo.

ikkje utgangspunkt i eit bestemt miljø eller ei bestemt gruppe menneske. Det primære målet er ikkje å skildre korleis ulike aktørar samhandlar og utvekslar ressursar og erfaringar på ein bestemt type arena. Dei rettar primært søkjelyset mot enkeltindividet, og biografiane fortonar seg som det Jensen har kalla eit monument over aktørar i fortida.⁵²

Omgrepet kollektiv biografi kan også nyttast om undersøkingar av bestemte grupper av individ. I slike tilfelle er det vanskeleg å oppretthalde eit analytisk skilje mellom kollektiv biografi og prosopografi. Dette ser vi mellom anna i norsk historieskriving, der omgrepet prosopografi er så nær som fråverande. Det er ikkje å finne i norske leksikon, og i framstillingar av historisk metode har eg så langt berre funne det nemnt i ein parentes hos Knut Kjeldstadli som forklarar at prosopografi er eit anna ord for kollektiv biografi.⁵³ Det er derimot ikkje vanskeleg å finne døme på norske vitenskaplege arbeid som kan kallast prosopografiske, sjølv om metoden har blitt kalla noko anna.⁵⁴ Innan mellomalderforskinga har vi til dømes Ebbe Hertzbergs *En fremstilling av det norske aristokratis historie indtil kong Sverres tid* (1869)⁵⁵ og Gustav Storms *Om Lendermandsklassens Talrighed i det 12. og 13. Aarhundre* (1884).⁵⁶ Av nyare arbeid har vi mellom andre Knut Helles *Konge og gode menn i norsk riksstyring 1150–1319* (1972)⁵⁷ og Sverre Bagges undersøking av *Den kongelige kapellgeistlighed 1150–1319* (1976).⁵⁸

Både den uklare omgrepsbruken og mangelen på vitenskapsteoretisk diskusjon omkring bruken av desse omgrepa er påfallande, sett i ein internasjonal samanheng. Viktigare her er likevel det metodologiske skjeringspunktet mellom kollektiv biografi og prosopografi: Dei historiske aktørane utgjer nødvendige variablar i dei strukturelle samhengane som blir undersøkte. Dette har prosopografien og den kollektive biografien felles med andre metodiske tilnærmingar som til dømes *mikrohistorie*,

⁵² Jensen 2002a: 277.

⁵³ Kjeldstadli 1992: 228.

⁵⁴ Sjø t.d. Ugulen 2005. Ugulen drøftar her tilstanden til norsk prosopografi gjennom ei rekkje historiske arbeid med utgangspunkt i norsk mellomalder. Ingen av desse arbeida gir eksplisitt uttrykk for å vere prosopografi. For ein litt eldre og kortare tilstandsrapport, sjå Vigerust 1997.

⁵⁵ Hertzberg 1869.

⁵⁶ Storm 1884a.

⁵⁷ Helle 1972.

⁵⁸ Bagge 1976.

personalhistorie og *individ-/aktørorientert historie*,⁵⁹ der historie blir skriven «med individet som kombinasjonsenhet», slik Sivert Langholm har uttrykt det.⁶⁰ Han legg til at denne tilnæringsmåten er nødvendig for «å rekonstruere og knytte sammen vilkår og adferd, skjebne og valg, i det eneste punkt der de bør og *kan* knyttes sammen, nemlig hos den enkelte aktør».⁶¹

Prosopografi er altså ein metode for å identifisere aktørar og etablere samanhengar i ein bestemt kontekst. Ettersom metoden tek utgangspunkt i individuelle aktørar, vil ein del variablar gå igjen i dei fleste prosopografiske granskingar. Namn, alder og kjønn er døme på variablar som typisk er å finne i ei prosopografisk undersøking, men også når det gjeld slike biografiske opplysningar, vil det vere tilgangen på informasjon i kjeldematerialet og valde problemstillingar som styrer valet av variablar. Den prosopografiske metoden gir altså ingen mal for kva for komponentar som skal inngå i analysen.⁶² Det finst heller ingen særskilde verktøy som vi kan kalle prosopografiske. I analysen av kjeldematerialet, og i dei koplingane som prosopografen er i stand til å etablere, inngår metodar og teknikkar som ikkje er særneigne for prosopografiske analysar, til dømes paleografi, sigillografi, onomastikk, statistikk og så bortetter. Eit sentralt spørsmål i samband med prosopografi er såleis om vi i det heile kan kalle det ein *metode*. Bulst meiner at bruken av nemninga metode om prosopografi ikkje er dekkjande:

I would like to emphasise that prosopography cannot be characterised by the use of a specific method but by its interest in specific questions in the field of social history. [...] It is according to the nature of the specific topic that the historian chooses his methods and approaches. So unless we refer to the combination of all these techniques and approaches as a new method, which is not justified in my view, prosopography cannot be defined as a new method.⁶³

Bulst opererer her med ei oppfatning der metode ligg nær det vi kan kalle *dugleikar* eller *teknikkar*. Men metode kan også definerast breiare, som refleksjonar omkring den logiske strukturen i forskingsprosessen, prinsippa som sikrar at vi får svar på det vi spør etter.⁶⁴ Den metodologiske fellesnemnaren er i så fall måten prosopografen freistar å

⁵⁹ Sjø t.d. korleis Dahl 2001: 127–128 plasserer prosopografi i nær relasjon til personalhistorie og mikrohistorie.

⁶⁰ Langholm 1974: 248. Sjø også Kjeldstadli 1992: 228.

⁶¹ Langholm 1974: 248.

⁶² Carney 1973: 159–179.

⁶³ Bulst 1989: 14.

⁶⁴ Kjeldstadli 1992: 42; Andresen, m. fl. 2012: 87: «Metoden er ein reiskap for å gripe eit bestemt fenomen».

forklare strukturelle fenomen på ved hjelp av opplysningar om individuelle aktørar.⁶⁵ I så måte er det ei form for metodologisk avgrensing når Bulst hevdar at det som kjenneteiknar eit prosopografisk arbeid, er «its interest in spesific questions in social history».⁶⁶ Demografi er eit anna døme på metode i denne vide tydinga. Demografar vil også typisk nytte ulike typar verktøy eller metodikkar, men typen spørsmål som blir stilte, vil ofte vere dei same. Når eg i denne avhandlinga nyttar nemninga metode om prosopografi, er det den vide tydinga som ligg til grunn. Prosopografi er ein metode i den forstand at prosopografiske analysar typisk tek utgangspunkt i ei definert gruppe aktørar. Det er såleis eit aktørorientert perspektiv som ligg til grunn for analysen, og perspektivet rettar særleg søkjelyset mot relasjonane mellom det individuelle og kollektive.

Debatten om kva prosopografi kan og bør vere, har altså dreia seg om å definere feltet sine grenser mot andre område innan historievitskapen. Eit kjenneteikn er at det dreiar seg om ei kopling mellom mikro og makro, der individa er koplingsnøkkelen. I dei siste tiåra har prosopografar vorte særskilt opptekne av nettopp det relasjonelle i denne dimensjonen. Korleis skal vi forstå interaksjonen mellom ulike individ og grupper i fortidige samfunn? Kva for handlingsrom hadde ulike aktørar i konkrete situasjonar? Dette har medført større merksemd kring dei analytiske reiskapane vi nyttar for å tolke sosial interaksjon i fortidige samfunn. Kva var til dømes *venskap* eller *slektskap* for menneske i mellomalderen? I denne diskusjonen trekkjer prosopografien på eit større tverrfagleg felt som har late seg inspirere av sosialantropologi, sosiologi og til ein viss grad psykologi.

Eit analytisk konsept som har fått særskilt merksemd i prosopografiske miljø dei seinare åra, er *sosiale nettverk*.⁶⁷ Studiar av sosiale nettverk freistar å fange inn interaksjonen mellom aktørar som på ulike vis er bundne saman gjennom personlege band som venskap eller slektskap. Ein underliggjande premiss er tanken om at slike nettverk kan kanalisere ulike former for ressursar og dermed påverke maktrelasjonar. Dette har kanskje særleg hatt appell til historikarar som arbeider med samfunn der formelle institusjonar er få eller svake, som tilfellet var i mellomalderen.

⁶⁵ Langholm 1976: 5.

⁶⁶ Jf. sitatet ovanfor. Referanse i note 63.

⁶⁷ Keats-Rohan 2003: 3; Keats-Rohan 2007: 12-13.

I denne avhandlinga blir prosopografi og sosiale nettverk nytta som to komplementære tilnærmingar til kjeldematerialet, gjerne forstått som to steg i ein arbeidsprosess. Det første steget handlar om å gjere eit prosopografisk utval og registrere opplysningar om individa i dette utvalet og relasjonane mellom individ og grupper i ein database. Dinest blir dette materialet analysert med utgangspunkt i teoriar om kva funksjon sosiale relasjonar og sosiale nettverk hadde for etablering, vedlikehald og konkurranse om politisk makt i Noreg på 1100- og 1200-talet. Resten av dette kapittelet vil handle om dei vurderingane og avgrensingane som ligg til grunn for utforminga av ein prosopografi for den norske eliten på 1100-talet: kva for utfordringar kjeldematerialet byr på, og korleis det har vore mogeleg å byggje opp ein database som inneheld både prosopografiske opplysningar om aktørane og fulltekstversjonar av kjeldematerialet. Ei drøfting av det teoretiske grunnlaget for analysen av sosiale relasjonar og sosiale nettverk kjem først i kapittel 3.

Kjeldematerialet

Den norske eliten på 1100- og 1200-talet er ikkje ei gruppe som let seg automatisk avleie frå bestemte politiske institusjonar, eller som kan identifiserast gjennom formelle kriterium for medlemskap eller ytre symbol. Ein norsk stormann kunne, men trong ikkje, delta i riksstyringa som kongens tenestemann. Kyrkja kunne også by på posisjonar som var attraktive for landets elite, men private ressursar utgjorde enno den viktigaste maktbasen for deltaking i det politiske liv.⁶⁸ Vi har såleis få formelle kriterium for å avgrense gruppa vi her skal undersøkje. Vi har snarare å gjere med det Bulst og Genet kallar ein *fiktiv populasjon*, ei gruppe som eksisterer i kraft av den rolla forskaren har gitt aktørane.⁶⁹ Populasjonen har faktisk i stor grad vorte til gjennom den rolla *sagaforfattarane* har tillagt aktørane. I så måte er dette ein fiktiv populasjon i dobbel forstand. Gruppa som har vore gjenstand for analyse i denne avhandlinga, består av

⁶⁸ Sjå kapittel 3 i denne avhandlinga.

⁶⁹ Det engelske uttrykket er «fictious population», jf. Bulst & Genet 1986: Introduction. Dette er eigentleg ikkje ei *gruppe* i sosiologisk tyding, snarare ein *kategori*, ettersom gruppa ikkje eksisterer som ein sosial konstellasjon som aktørane var medvitne om, men som ein reiskap historikaren (i dette høvet) nyttar for å analysere eit kjeldemateriale, jf. t.d. Boissevain 1971; Boissevain 1968; Bourdieu 1985.

personar nemnde i samband med norske tilhøve i tidsrommet 1100–1220.⁷⁰ Utgangspunktet har vore persontilfanget i *kongesagaene*, som omhandlar norske tilhøve i denne perioden. Desse sagaframstillingane utgjer den største og viktigaste gruppa av kjelder for avhandlinga. Det er også dette materialet som har vorte digitalisert, og som utgjer kjeldesamlinga i *SagaFolk*, den prosopografiske databasen som ligg til grunn for avhandlinga. I tillegg har vi ei gruppe kjelder som ikkje har vorte digitaliserte, av di den svært arbeidskrevjande digitaliseringa måtte avgrensast til det mest relevante kjeldematerialet. Denne siste gruppa består av sagaer og krøniker, hovudsakleg om tilhøve utanfor Noreg, og det norske lov- og diplommateriale for perioden. Slikt kjeldemateriale er sjølvsagt nytta i analysen sjølv om tekstane ikkje finst som fulltekstkjelder i databasen. Tilvisingar til slikt materiale er også lagde inn i databasen, saman med koplingar til andre fulltekstkjelder som til dømes *Diplomatarium Norvegicum*, *Regesta Norvegica* og O. Ryghs *Norske Gaardnavne*, tilrettelagt for digital bruk av Dokumentasjonsprosjektet.⁷¹

Kongesagaene blir gjerne skilde ut som ei eiga gruppe av sagaer.⁷² Dei fleste sagaene i denne gruppa vart forfatta i tidrommet 1180–1280, men innholdsmessig omhandlar dei hendingar knytte til norsk og dansk kongemakt frå midten av 800-talet til slutten av 1200-talet.⁷³ Innan gruppa av kongesagaer kan ein vidare skilje mellom *fortidssagaer*, som omhandlar tida frå omkring 850 til 1100, men vart skrivne ned på eit mykje seinare tidspunkt, og *samtidssagaer*, som omhandlar tida etter 1100, og der tidsavstanden mellom hendingane og nedskrivninga følgeleg er mindre. Sjølve termen samtidssaga impliserer ei forventning om at forfattaren har hatt tilgang til munnlege eller skriftlege augevitneskildringar og anna skriftleg materiale i arbeidet med sagaen.⁷⁴ Dette styrkjer verdien av desse sagaene som historiske beretningar. Dei anonyme

⁷⁰ Tidsavgrensinga er ikkje absolutt. Den markerer grensene for det digitaliserte kjeldematerialet. I avhandlingsarbeidet har det naturleg nok vore naudsynt å overskride tidsavgrensinga for personar som befann seg i randsonene.

⁷¹ *Dokumentasjonsprosjektet* (1991–1997) hadde som føremål «å ta i bruk moderne datateknikk i en rekke av universitetenes samlinger over språk og kultur i Norge» og var eit samarbeid mellom fleire humanistiske fagmiljø i Noreg. Det resulterte i digitalisering av ei rekkje viktige kjeldesamlingar, som framleis er tilgjengelege frå <http://www.dokpro.uio.no/>.

⁷² Jakobsson 2005: 388.

⁷³ Jakobsson 2005: 388.

⁷⁴ Dette skiljet, basert på tidsavstand mellom beretning og nedskrivning, vart innført av Nordal 1953: 181. Sjå også Fidjestøl 1994: 105.

framstillingane i *Ágrip*, *Morkinskinna* (Msk) og *Fagrskinna* (Fsk), samt *Heimskringla* (Hkr), som dei fleste reknar med vart skriven av Snorre Sturlasson,⁷⁵ tek for seg innbyrdesstridane frå 1130 og fram til 1177. *Ágrip* er den eldste av desse framstillingane, forfatta kring 1190.⁷⁶ Dei tre andre vart førte i pennen fleire tiår seinare, og nær 100 år etter hendingane dei fortel om. Når dei likevel blir rekna som samtidssagaer, heng det saman med at dei byggjer på ein tapt, samtidig saga kjend som *Hryggjarstykki*. Sagaene i denne gruppa byggjer også innbyrdes på kvarandre.

Hryggjarstykki vart forfatta av islendingen Eirik Oddsson ein gong mellom 1150 og 1170 og omhandla i det minste tidsrommet 1130–1139, men kan ha gått så langt som til 1161.⁷⁷ Sagaen er som nemnt tapt, men den er nemnd i både Msk og Hkr, og innbyrdes jamføring mellom desse to sagaene har gitt grunnlag for å rekonstruere innhaldet.⁷⁸ Av omtalen går det også fram at Eirik baserte seg på munnlege fråsegner frå namngitte personar som sjølv hadde delteke i hendingane han skildra, og på erfaringar han sjølv hadde gjort under opphald i Noreg.⁷⁹ Dette gir ikkje berre Hryggjarstykki, men også til ein viss grad dei sagaene som seinare har teke dette stoffet opp i seg, ei samtidig forankring. Namn og personopplysningar refererer til personar som miljøet kring sagaskrivaren kjende, og til hendingar dei hadde høyrte om frå andre eller endåtil opplevd sjølv.

Dersom det stemmer at Hryggjarstykki berre dekte tidsrommet 1130–1139, er det mykje som tyder på at hovudinteressa til Eirik Oddsson var retta mot Sigurd Slembe.⁸⁰ Det blir fortalt om Sigurd at han kom til Noreg via Nordvest-Island, og fleire av dei som blir nemnde som Sigurd sine menn seinare, kan knytast til dette området. Det har fått

⁷⁵ For diskusjon kring forfatterskapet, sjå t.d. Megaard 1994.

⁷⁶ Nordal 1953: 205; Fidjestøl 1994: 92.

⁷⁷ Hødnebo 1961: 25–26; Nordal 1953: 196 reknar med at sagaen vart skriven ein gong mellom 1161 og 1170. Det sikraste haldepunktet vi har, er ein referanse i Hkr: 579–580, som viser til «boka der det blir fortalt om Harald Gille og dei to sønene hans, og Magnus Blinde og Sigurd Slembe, fram til dei var avlidne» (mi omsetjing). Det betyr at sagaen i det minste har gått til 1139 (Storm 1873: 18; Fsk-In: 50; Guðnason 1978: 14, 168), men det kan også tenkjast at den vart ført fram til den siste av Harald sine søner døydde, altså 1161 (Aðalbjarnarson 1937: 159–163; Jónsson 1923: 374; Danielsson 2002: 279–289) eller endåtil 1177 (Kvålen 1925: 155–158). Kvålen sitt resonnement tek utgangspunkt i ein teori om at Hryggjarstykki eigentleg var ein saga om Erling Skakke (jf. Kvålen 1925: 180–184). Teorien har ikkje fått særleg gjennomslag.

⁷⁸ Sjå Guðnason 1978 og Aðalbjarnarson 1937: 160–168. For relasjonen mellom Msk og Hryggjarstykki, sjå Kvålen 1925, mellom Fsk og Hryggjarstykki, sjå Fsk-In: 49–53.

⁷⁹ Msk: 419; Hkr: 576, 578–580. Sjå også Aðalbjarnarson 1937: 159–160; Hødnebo 1961: 25.

⁸⁰ Nordal 1953: 196; Guðnason 1978: 168.

Sigurður Nordal til å meine at Eirik Oddson sjølv kom frå desse traktene.⁸¹ For vår del kan dette bety at dei overleverte skildringane av Sigurd Slembe i Msk og Hkr har framheva Sigurd si tilknytning til Island og islendingane si rolle i Sigurd sin flokk. I så måte er dette ei kjeldekritisk utfordring som heftar ved kongesagaene generelt, ettersom alle, kanskje med unnatak av Ágrip, var skrivne av islendingar.

Den eldste av kongesagaene på norrønt mål som framleis eksisterer, er Ágrip. Den vart nedskriven av ein ukjend forfattar omkring 1190. Opphavleg rakk framstillinga i Ágrip truleg fram til 1177, men det einaste manuskriptet vi kjenner i dag bryt av i byrjinga av 1150-åra.⁸² Sagaen er knapp i forma, og namnet Ágrip, som tyder utdrag, kan forklare det. Forfattaren har nytta seg av ulikt kjeldemateriale, både skriftleg og munnleg, og særleg ser han ut til å ha nytta ein del munnleg norsk tradisjonsstoff. Dette gir sagaen ein norsk let, og det er vanleg å rekne at forfattaren kan ha vore ein nordmann, truleg frå Trøndelag.⁸³ I så måte kan Ágrip nyttast som korrektiv til det islandske perspektivet, i den grad det er rådande, i dei andre kjeldene som omtalar same tida.⁸⁴

Nedskrivningstidspunktet for Ágrip fell inn under kong Sverres styringstid, og fleire har spekulert på om Sverre kunne ha noko med dette sagaverket å gjere.⁸⁵ Koht meiner forfattaren av Ágrip stiller seg tydeleg på Sverre si side, og hevdar det er Ágrip det blir sikta til når Snorre viser til noko Sverre let skrive ned om kong Inge Haraldsson.⁸⁶ Noko fast haldepunkt for denne teorien finst ikkje, og fleire har vore kritiske til den.⁸⁷

Kjeldegrunnlaget for framstillinga av innbyrdesstridane i Ágrip er eit komplisert spørsmål av di Ágrip har ei lakune for tidsrommet 1130–1150. Deretter følgjer ein karakteristikk av Haraldssønene og forteljinga om Geirstein og sønene hans, men slutten av denne tåtten manglar. Mykje tyder på at Ágrip, Msk og Fsk har hatt eit felles førelegg

⁸¹ Nordal 1953: 196.

⁸² AM 325 II, 4^o; Indrebø 1922: 19; Jónsson 1923: 611–620; Aðalbjarnarson 1937: 5; Nordal 1953: 205–206; Tobiassen 1956: 60; Fidjestøl 1973: 8; Jakobsson 2005: 391.

⁸³ Aðalbjarnarson 1937: 5; Nordal 1953: 206; Tobiassen 1956: 60; Fidjestøl 1973: 10–13; Ágrip-Dr: X–XI. Finnur Jónsson reknar det derimot som «utvivlsomt» at forfattaren har vore islending (Jónsson 1923: 619).

⁸⁴ Sjø t.d. Indrebø 1922: 29–30, som argumenterer for at den islandske og den norske tradisjonen kompletterer einannan. Den norske, som vi finn i Ágrip, er rikare på detaljkunnskap, men også geografisk sett meir nærsynt.

⁸⁵ Sjø Jónsson 1923: 618–619; Fidjestøl 1973: 13–14.

⁸⁶ Koht 1921: 178–181.

⁸⁷ Paasche 1922: 9–10.

for dette tidsrommet.⁸⁸ Det kan ha vore Hryggjarstykki,⁸⁹ men det kan også ha vore Ágrip som har vorte nytta i dei to andre. Så lenge vi ikkje kjenner innhaldet i Hryggjarstykki, er det vanskeleg å få avklart dette spørsmålet. Det betyr uansett at Ágrip eller Hryggjarstykki, eventuelt begge to, har hatt stor innverknad på overleveringa i Msk og Fsk.⁹⁰ Begge desse nytta seg av lokalt forankra, munnleg tradisjonsstoff, uavhengig av einannan. Dette styrkjer den historiske verdien av kjeldematerialet.

Morkinskinna vart forfatta på Island av ein ukjend islending omkring 1220.⁹¹ Forfattaren har hatt god kjennskap til Noreg, og kanskje spesielt Vestlandet.⁹² Også denne sagaen gjekk truleg til 1177, men siste del, frå 1157, manglar.⁹³ Det rår semje om at forfattaren til Msk har nytta seg av ei rekkje skriftlege kjelder, særleg, som nemnt, Ágrip og Hryggjarstykki, og kanskje også eldre versjonar av *Orkneyinga saga* og *Knytlinga saga*. I tillegg reknar ein med at forfattaren har hatt tilgang til munnlege kjelder, særleg for hendingane som låg nær nedskrivningstidspunktet.⁹⁴ Msk skal sjølv ha vore kjelde for Fsk og Hkr, i det minste det som vart oppfatta som den opphavlege kjernen av Msk. Det rådde nemleg lenge ei oppfatning av at Msk fanst i to versjonar: til ein eldre, tapt versjon, som likna dei andre kongesagaene i form og innhald, og ein yngre, der det var teke inn tillegg frå andre kjelder og ein del tætter.⁹⁵ Nyare granskingar har derimot reist tvil om eksistensen av ein slik eldre, tapt versjon, og Ármann Jakobsen argumenterer i den nyaste utgåva av Msk overtydande for at den teksten vi har tilgjengeleg i dag, er ein god representant for den Msk som vart til kring 1220.⁹⁶

Fagrskinna omhandlar tida frå Halvdan Svarte til kong Sverre i 1177, og vart truleg nedskriven i Noreg i 1220-åra av ein islending.⁹⁷ Verket er nøkternt i stilen, og meir kompakt enn til dømes Msk og Hkr, og har av den grunn også vorte omtala som

⁸⁸ Jf. Fsk-In: 47–48.

⁸⁹ Jónsson 1923: 616. Jónsson meiner det eine og åleine er Hryggastykki.

⁹⁰ Sjå også Jakobsson 2005: 391.

⁹¹ Aðalbjarnarson 1937: 135–136; Hødnebo 1966: 704; Msk-Íf bd 1: LXXIX–LXXXI, XCV.

⁹² Jónsson 1923: 624.

⁹³ Aðalbjarnarson 1937: 135; Nordal 1953: 209; Hødnebo 1966: 704; Jakobsson 2005: 395.

⁹⁴ For tilhøvet mellom Msk og andre skriftlege og munnlege kjelder, sjå Msk-Íf bd. 1: XCVI–XCIX.

⁹⁵ Fsk-In: 11–34, sjå særleg s. 19; Jónsson 1923: 620–624; Nordal 1953: 209; Jakobsen & Hagland 1980: 33.

⁹⁶ Msk-Íf: XCV; Jakobsson 1999: 73; Jakobsson 2005: 395.

⁹⁷ Halvorsen 1959: 139; Jakobsen & Hagland 1980: 113. Jónsson 1923: 630–631 meiner Fsk kan vere noko yngre, frå ca. 1230–1240. Sjå også denne kjelda for ei oversikt over ulike dateringar av Fsk. Jakobsen ser ikkje vekk frå at forfattaren av Fsk har vore norsk, jf. Jakobsen & Hagland 1980: 9–45. Slik også Bagge 1991: 19.

mindre original.⁹⁸ Indrebø har hevda at Fsk vart skriven på oppdrag frå Håkon Håkonsson, og meiner verket syner klare sympatiar for hans ætteline. Dette fargar tilsynelatande også måten forfattaren skildrar konfliktane på 1100-talet på, der han til dømes ikkje omtalar Harald Gille, ættefaren til Håkon Håkonsson, som eidbrytar.⁹⁹ Mot dette kan det innvendast at mangelen på karakteristikkar snarare kan skuldast den knappe forma enn forfattaren sine sympatiar. Nokon klar tendens er det ikkje mogeleg å finne i Fsk.¹⁰⁰

Forfattaren av Fsk har som nemnt nytta både Ágrip og Msk som kjelder, men Hkr har han truleg ikkje kjent til.¹⁰¹ Snorre Sturlasson, forfattaren av Hkr, har derimot nytta Fsk, Ágrip, Hryggjarstykki, Orkneyinga saga samt skaldekvad og annan munnleg tradisjon i framstillinga av innbyrdesstridane.¹⁰² Hkr dekkjer heile tidsrommet for innbyrdesstridane fram til 1177 og vart skriven ned i tidsrommet 1220–1230.¹⁰³

Ettersom vi meiner å vite at Snorre Sturlasson er forfattaren av Hkr, stiller dette sagaen i eit litt anna lys enn dei andre, anonyme, sagaene som omhandlar same periode. Spørsmålet om opphavssituasjonen blir meir påtrengjande. Snorre høyrde til ei mektig ætt på Island på 1200-talet, og mykje er kjent om han frå andre kjelder.¹⁰⁴ Han var ein røynd politiskar og hadde god kjennskap til Noreg og dei politiske omstenda her til lands.¹⁰⁵ Vi må vente at det også har farga framstillinga han gir av fortida. Dette fekk Koht til å formulere sin kjende påstand om at det han såg som det drivande elementet i forteljinga til Snorre: striden mellom kongedømme og lendmenn, var eit resultat av oppfatningar i Snorre si samtid, snarare enn eit korrekt bilete av fortida.¹⁰⁶ Bagge har også vore oppteken av tilhøvet mellom opphavssituasjonen og Snorre si oppfatning av samfunn og politikk, men har kome til heilt andre resultat. I Bagge si tolking er Snorre sitt syn på samfunnet «relatively loosely structured, without very strong ties of loyalty,

⁹⁸ Nordal 1953: 211.

⁹⁹ Fsk-In: 276–277. Jakobsen sluttar seg til Indrebø sitt synspunkt på dette, jf. Jakobsen & Hagland 1980: 34.

¹⁰⁰ Sjå diskusjon om dette i Paasche 1922: 6–8 og Enes 2001.

¹⁰¹ Nordal 1953: 212; Halvorsen 1959: 140.

¹⁰² Sjå Storm 1873: 189–203 for ei oversikt over kjeldegrunnlaget for dei ulike sagaene i Hkr, frå Sigurd Jordsalfares død i 1130 til slaget på Re i 1177.

¹⁰³ Jónsson 1923: 690–711; Bagge 1991: 20.

¹⁰⁴ Sjå t.d. Jónsson 1923: 666–678; Nordal 1953: 217–218; Bagge 1991: 11–21.

¹⁰⁵ Bagge 1991: 13.

¹⁰⁶ Koht 1921: 89.

and fairly democratic».¹⁰⁷ Dette biletet meiner han er influert av Snorre sitt islandske miljø, og i den grad det kan overførast til Noreg, representerer det snarare tidleg mellomalder, ikkje høgmellomalder.¹⁰⁸

Trass i ulike freistnader på å finne ein heilskapleg tendens hos Snorre, med utgangspunkt i opphavssituasjonen, kjem vi likevel ikkje utanom det faktum at Hkr si framstilling av innbyrdesstridane i stor grad baserer seg på lån frå eldre kjelder. For perioden fram til 1177 kjenneteiknar dette kjeldesituasjonen: Vi har å gjere med eit knippe sagaframstillingar der alle står i eit innbyrdes tilhøve til kvarandre. Dels kan vi føre slektskapen mellom desse kjeldene attende til Hryggjarstykki som felles førelegg, dels dreiar det seg om innbyrdes lån eller interpolasjonar frå ulike tekstversjonar. Det eksakte tilhøvet mellom desse tekstane er ikkje kjent og må vurderast i kvart enkelt tilfelle. Det vi rimelegvis kan slå fast, er at tekstane samla sett for dette tidsrommet utgår frå ein samtidig kjerne, og fleire av dei ser også ut til å vere knytte til norsk forteljartradisjon.

Mot denne norske tradisjonen har vi fleire kjelder med utgangspunkt i eit anna tilfang av opplysningar, som omhandlar same tidsrommet, og som kan nyttast som korrektiv til denne tradisjonen. *Orkneyinga saga* (Os) er ei av dei viktigaste. Os er eit oversiktsverk som dei andre omtala kongesagaene, men er sentrert kring det orknøyske jarledømmet frå førhistorisk tid til om lag 1170.¹⁰⁹ Det tette sambandet mellom Orknøyane og Noreg gjer likevel at sagaen også bidrar til innsikt i tilhøve her til lands, og særleg til kunnskap om norsk-orknøyske interesser i perioden. Os vart opphavleg skriven av ein islending kring år 1200.¹¹⁰ Versjonen vi har tilgang til i dag, er yngre, frå ca. 1230, og inneheld nokre tillegg som opphavleg ikkje var med i sagaen.¹¹¹

¹⁰⁷ Bagge 1991: 249–250.

¹⁰⁸ Bagge 1991: 250.

¹⁰⁹ Jónsson 1923: 211.

¹¹⁰ Os-Ta: 13; Os-Pá: 13. Det er vanleg å rekne at Os vart skriven etter 1192 (Ragnvald Kale jarl kanonisert). Vidare kjenner den opphavlege sagaen ikkje til dødsåret til Harald jarl (1206). Desse to ytterpunkta utgjer normalt difor dateringa av sagaen. Taylor meiner, med utgangspunkt i jamføringar av Os og Hkr, at Os kan ha vore skriven i to omgangar. Eit første grovutkast til sagaen vart skriven ein gong mellom 1210 og 1220. Den nytta Snorre i si Hkr. Ein meir utførleg versjon vart forfatta i tidsrommet 1225–1235. På dette tidspunktet var Hkr ferdig, og forfattaren av Os kjende til og nytta denne. Os-Ta: 23–25.

¹¹¹ Den opphavlege Os kan rekonstruerast frå ei dansk omsetjing frå ca. 1570, Guðmundsson 1967: 700; Os-Pá: 14.

Hovudtyngda av undersøkingar av Os har hatt eit filologisk utgangspunkt. Her er det særleg relasjonen mellom Os og Hkr som har stått i fokus. Det synest no å vere allmenn aksept for ei trading i ulike fasar, slik at Snorre nytta den eldste versjonen, medan forfattaren av versjonen vi kjenner i dag, har kjent til Hkr og nytta den.¹¹² Det er likevel klart at forfatarane av Os også har lagt til stoff som ikkje er kjent frå anna hald, og som vi må rekne med har rot i tradisjonsstoff eller er uttrykk for forfattaren sine eigne synspunkt og val. I dei siste åra har særleg dette perspektivet fått større merksemd. Melissa Berman meiner at Os, saman med *Jómsvíkinga saga* og *Færeyinga saga*, representerer ei form for politisk historieskriving, dominert av tema som sjølvstende og kamp om leiarskap. I Berman si jamføring framstår Os som konservativ i så måte. Sagaen gir ikkje uttrykk for direkte kritikk av tilhøvet til Noreg, men legg snarare vekt på at stabilitet var viktigare enn sjølvstende frå den norske kongemakta.¹¹³ Ian Bauerman har også analysert innhaldet i Os med utgangspunkt i den historiske konteksten. Han hevdar å finne ein politisk ideologi i den delen av sagaen som er vigd til Ragnvald Kale jarl og Svein Ásleivsson, og som ein kan tenkje seg var utforma i opposisjon til Sverres innskjerping av kontrollen med Orknøyane etter 1195: «Orkney around 1200, in conflict with Sverrir, would have had a prime interest in propagating an alternative ideology by literary means.»¹¹⁴ Ein føresetnad for dette resonnementet er at sagaen hadde utspring i eit miljø som kunne tenkjast å stå i opposisjon til Sverre og etterkomarane hans. På dette punktet er Bauerman uklar, ettersom han i analysen av opphavsforteljinga i sagaen, som vart lagd til seinare på 1200-talet, meiner å finne ein ideologi som framhevar dei norske røtene til jarledømmet, og som kan passe inn i det norske kongedømmet sin vestvende politikk under Sverre sine etterkomarar. Dersom seinare revisjonar av Os var lekk i ein slik politisk strategi knytt til den norske kongemakta sine interesser, blir det vanskeleg å forstå at revisjonen også kunne inkludere den eldre, opphavlege versjonen, som ifølgje Bauerman var tenkt som ein opposisjon mot den same kongemakta.

Når vi ikkje kjenner opphavssituasjonen til den opphavlege versjonen eller seinare revisjonar, blir alle spørsmål om tendens problematiske. Men, som vi skal sjå seinare i denne avhandlinga, gir Os eit tilfang av opplysningar som vantar hos Snorre

¹¹² Guðmundsson 1967: 700.

¹¹³ Berman 1985: 113–129.

¹¹⁴ Bauerman 2011: 154.

og i dei andre norske kongesagaene, utan at det bryt med det generelle rammeverket for det som blir fortalt. Os fortel til dømes meir om hopehavet mellom Ragnvald jarl og kong Harald Gille, og koplar desse i ein allianse som langt på veg kan forklare at dei begge var i stand til å erobre makta i 1136. Denne alliansen er også nemnd av Snorre, men her blir det gjort mykje mindre ut av det, samstundes som andre forhold blir framheva. Dette antydar at Snorre gav si tilslutning til essensen i Os si forteljing om relasjonen mellom den norske kongemakta og jarledømmet i desse åra, sjølv om han ikkje følgde Os i alt. Her ligg det uansett ei rekkje interessante problemstillingar som kunne kaste lys over ei viktig, men undervurdert, kjelde til norsk historie på 1100-talet.

Gesta Danorum (GD), skriven av ein danske som i seinare handskrifter har fått namnet Saxo Grammaticus, er også med på å kaste lys over dei politiske tilhøva i Noreg under innbyrdesstridane. GD er forfatta kring 1200 og tek for seg den danske kongemakta si historie frå førhistorisk tid til ca. 1185.¹¹⁵ GD utgjer eit viktig korrektiv til den heimlege litteraturen på 1100-talet, ikkje minst med omsyn til ekteskapsalliansane som batt dei nordiske kongehusa saman, og konfliktane i 1150- og 1160-åra, som også involverte danske interesser. *Knýtlinga saga* (Ks), truleg skriven av Olav Tordsson kring midten av 1200-talet, gir også opplysningar om norske tilhøve, sjølv om dette verket i hovudsak byggjer på Hkr.¹¹⁶

For tidsrommet 1130–1177 er kjeldesituasjonen prega av til dels fragmentariske tekstar som dels byggjer på kvarandre, dels har opphav i felles tapte førelegg. Usikker tradering gjer det i mange høve vanskeleg å vurdere opplysningane kjeldekritisk. Som samtidssagaer å rekne er desse kjeldene likevel mykje meir pålitelege enn dei som fortel om eldre tider. Då Ágrip, den eldste av sagaene som her er skildra, vart skriven, var det ikkje gått meir enn ein mannsalder sidan striden braut ut, og vi må rekne med at det både fanst folk som hugsa desse hendingane, og folk som hadde delteke i strid gjennom tiåra som hadde gått. Forfattaren av Ágrip og dei yngre samtidssagaene nytta seg dessutan av eldre nedskrivne tekstar som Hryggjarstykki.

Tidsrommet 1177-1240 representerer ein ny kjeldesituasjon med omsyn til innbyrdesstridane.¹¹⁷ Medan tilhøvet mellom ulike tekstar med innbyrdes slektskap

¹¹⁵ Skovgaard-Petersen 1970: 49.

¹¹⁶ Albeck 1963: 615–617.

¹¹⁷ Sjå også Helle 1974: 16.

pregar framstillinga av innbyrdesstridane før dette tidspunktet, er situasjonen etter 1177 prega av enkeltkjelder som i kronologisk rekkjefølgje, men med noko overlapp, dekkjer hendingane under kong Magnus og Sverre frå 1177 til 1202, stridane mellom birkebeinarar og baglarar frå 1202 til 1217 og tida under Håkon Håkonsson frå 1217. Kjeldene for dette tidsrommet ligg endå tettare på samtida, skrivne som dei var kort tid etter at hendingane fann stad, med utgangspunkt i både augevitneskildringar og tradisjonsstoff. Dei er såleis skrivne på grunnlag av rikare informasjonstilfang enn tidlegare. Fleire av kjeldene vart også skrivne på oppdrag, noko som aktualiserer spørsmålet om opphavssituasjon og tendens.

Sverres saga (Ss) tek for seg stridsåra frå 1177 til kong Sverre sin død i 1202. Første delen vart skriven av den islandske abbeden Karl Jónsson kring 1185,¹¹⁸ og kan ha omfatta kong Sverre si historie fram til Erling Skakke sitt fall i 1179.¹¹⁹ Denne delen har i ettertid fått namnet *Grýla*, og av fortalen går det fram at sagaen vart til under oppsyn av Sverre sjølv.¹²⁰ Den resterande delen av sagaen vart skriven mellom 1202 og 1223, og mest truleg mot slutten av dette tidsrommet.¹²¹ Gjennomgåande for heile sagaen er ein større detaljrikdom og eit meir omfattande persongalleri enn kongesagaene fram til 1177. Dette heng nok saman med det korte tidsrommet mellom hendingane og nedskrivinga. Minna om desse hendingane var framleis levande og kunne relaterast til personar som enno var i live, og til etterkomarane deira. Ulikt dei andre sagaene, kanskje med unntak av Hkr, gir den dermed også ein godt innblikk i ein vidare krins av støttespelarar kring dei sentrale aktørane.¹²² Sverres saga er såleis ei viktig kjelde til opplysningar om personar og nettverksrelasjonar for perioden 1177–1202.

¹¹⁸ Jónsson 1923: 375–384; Nordal 1953: 197–199; Jakobsson 2005: 392–393.

¹¹⁹ Lengda på *Grýla* er omdiskutert. 1178 og 1184 er tidsmessige ytterpunkt i diskusjonen. Eit vanleg synspunkt er at *Grýla* har omfatta sagaen til og med Erling Skakke sitt fall på Kalvskinnet i 1179, jf. Holm-Olsen 1953: 71. Sjå også Holm-Olsen 30–83 for ein fylldig diskusjon av ulike synspunkt framsette i denne debatten.

¹²⁰ Holm-Olsen 1956-1978 gir god oversikt over problemstillingar knytte til Sverres saga som kjelde samt referansar til ei rekkje spesialstudiar. Av nyare arbeid bør nemnast Bagge 1996. Elles omhandlar fleire nyare mastergradsarbeid Sverres saga og kong Sverre, mellom andre Robertson 2004; Holte 2005 og Lindvik 2014.

¹²¹ Kven som fullførde Ss, er uvisst. Hødnebo og Magerøy har lagt vekt på einskapen i utforminga mellom *Grýla* og den resterande sagaen og argumentert for at Karl Jónsson har fullført verket ein gong mellom Sverres død i 1202 og Karls død i 1212 eller 1213 (Ss-Bogl-Hø: 7–8). Bagge meiner Karl Jónssons død ikkje kan nyttast som datering, og har argumentert for at sagaen må ha blitt skriven ferdig etter *Baglarsagaene* (basert på datering av Bjørsvik 1994) og før Håkon Håkonssons kongsrett vart endeleg slått fast. Det gir tidsrommet 1214-1223, og utelukkar med andre ord Karl Jónsson som forfattar (Bagge 1996: 16-17, sjå også same stad for ein meir detaljert diskusjon av moglege dateringar).

¹²² Jakobsson 2005: 392.

Ss er samstundes tendensiøs på ein heilt annan måte enn sagaene som omtalar første del av innbyrdesstridane. Særskilt Grýla, Karl Jónsson si framstilling av kong Sverres bakgrunn og hans første år som tronpretendent, har vorte lesen som eit polemisk skrift til forsvar for hovudpersonen sjølv, kong Sverre. Vi må rekne med at Sverre ikkje berre følgde skriveprosessen frå sidelinja, men også meir aktivt tok del i utforminga av innhaldet.¹²³ Dette fargar sjølv sagt både vektlegginga av hendingar og framstillinga av dei. I Ss kjem dette til uttrykk som ein gjennomgåande positiv omtale av Sverre og støttespelarane hans, og ein tilsvarande antipati mot kong Magnus og seinare baglarane. Tendensen kjem også til syne gjennom utelating av opplysningar som kunne setje Sverre og birkebeinarane i dårleg lys.¹²⁴

Noko godt korrektiv til Ss har vi likevel ikkje. Striden mellom kong Sverre og den katolske kyrkja i 1190-åra utgjer eit unnatak. Her får vi god kjennskap til argumenta til begge partar i striden gjennom Ss og *Sverres tale til biskopane* på den eine sida¹²⁵ og korrespondansen mellom dei norske geistlege og kurien på den andre.¹²⁶ Ein del enkeltopplysningar kan også jamførast med GD og Os fram til midten av 1180-åra, og med *Profectione Danorum in Hierosolymam (Historia om danenes ferd til Jerusalem)* for byrjinga av 1190-åra.¹²⁷ Sistnemnde er ei lita latinsk krønike om ei dansk-norsk pilegrimsferd til det heilage landet. Den ukjende forfattaren har truleg hatt samband med Sverre sine motstandarar som heldt til i eksil i Danmark,¹²⁸ og krønika gir eit interessant perspektiv på desse åra av Sverre si styringstid.

Den viktigaste kjelda til opplysningar om nettverka under innbyrdesstridane i denne perioden er likevel Ss. Trass atterhaldet om tendens, evnar forfattaren å gi ei mengd opplysningar om personar på begge sider i striden, og har tydelegvis basert framstillinga på fråsegner frå personar som ikkje berre kjende birkebeinarane, men også kong Magnus og hans krins. Saman med spreidde opplysningar frå anna kjeldemateriale gir dette eit godt utgangspunkt for å kartleggje nettverka i eliten i denne perioden.

¹²³ I fortalen til Ss. blir det sagt at Sverre ikkje berre følgde med på skrivinga av sagaen, men at han også rådde for kva som skulle skrivast, Ss: 1.

¹²⁴ Ss-BogI-Hø: 11–12.

¹²⁵ Sverres tale til biskopane er mellom anna å finne i Ss-Ho.

¹²⁶ Særleg DN 6: 3-9.

¹²⁷ Prof.Dan.

¹²⁸ Skånland 1968: 476.

Tolkingar av aktørane sine handlingar, val og strategiar må sjølvstøtt også ta omsyn til tendens i den enkelte kjelda.

Baglarsagaene (Bogl.) fører hendingsgangen vidare frå 1202 til 1217 og byggjer dermed bru mellom Ss og *Håkon Håkonssons saga* (HH).¹²⁹ Bogl. finst i to versjonar: ein kort A-versjon som dekkjer tidsrommet 1202–1208, og ein lengre B-versjon som går heilt til 1217.¹³⁰ Tilhøvet mellom desse versjonane, innbyrdes og jamført med den opphavlege teksten, er omstridt. Dei to grundigaste undersøkingane i nyare tid har kome til ulikt resultat. Helle sin tekstkritiske analyse frå 1958 av dei ulike overleverte tekstane og fragmenta konkluderte med at den kortare A-versjonen var den opphavlege, og mest objektive, medan B-versjonen var ei utviding og omarbeiding av denne føreteke av birkebeinarmiljøet.¹³¹ Mot dette innvende Magerøy i 1988 at den lengre B-versjonen, med tilknytning til birkebeinarmiljøet, var den mest opphavlege, medan A-versjonen var ei baglarvenleg, omarbeidd, avstyting av fyrstnemnde.¹³² Begge er samde om at dei tidsmessige yttergrensene for sagaen er ca. 1210–1220, og at B-versjonen har ei tilknytning til birkebeinarmiljøet.¹³³

Tendensen i Bogl. er såleis ikkje sterkare enn at det finst rom for ulike tolkingar. Begge versjonane har basert seg på munnlege eller skriftlege augevitneskildringar frå begge politiske miljø. Som i Ss vitnar detaljrikkdomen om eit breitt, samtidig informasjonstilfang, og jamføringar av enkeltpunkt med andre kjelder styrkjer den historiske verdien til sagaen.¹³⁴

HH fortel om hendingar i Håkon Håkonssons levetid, frå fødsel i 1204 til død i 1263. HH overlappar såleis med Bogl. for åra 1204–1217. Sagaen vart ført i pennen av Sturla Tordsson omkring 1264–1265, etter oppdrag for kong Magnus Lagabøte.¹³⁵ Framstillinga i HH viser at også Sturla har basert seg på munnlege eller skriftlege fråsegner frå ei rekkje heimelsmenn samt opplysningar henta frå eit veksande kongeleg

¹²⁹ Helle 1958: 5.

¹³⁰ Magerøy i innleiinga til Bogl-Ma: 15.

¹³¹ Helle 1958: 101–111. Liknande synspunkt vart fremja av Jónsson 1923: 634–636.

¹³² Magerøy i innleiinga til Bogl-Ma: 35–58. Liknande synspunkt vart fremja av Bugge i NK-Bu: III.

¹³³ Bjørsvik 1994 har gitt tilslutning til Helles synspunkt på rekkefølgen av versjonane, men skyv dateringa til tidsrommet 1217–1223.

¹³⁴ Magerøy 1988 i forordet til Bogl-Ma: 11.

¹³⁵ Jónsson 1923: 734–737; Nordal 1953: 226; HH-Hø: 10.

arkiv. Sturla har også nytta Ss og Bogl. som kjelder.¹³⁶ Sidan verket vart til på bestilling, har det naturleg nok tendens til å leggje vekt på tilhøve som favoriserer kong Håkon, særleg i motsetnad til Skule jarl. Samstundes er HH kjenneteikna av ein sikker kronologi og ei systematisk registrering av hendingar knytte til Håkons liv og kongsgjerning. Sagaen blir difor rekna som den av kongesagaene som er rikast på truverdige opplysningar om kongemakta på 1200-talet.¹³⁷

Omfram dei skriftlege skildringane av innbyrdesstridane i norske og utanlandske sagaer og krøniker har vi eit diplommateriale med utgangspunkt i det kongelege og geistlege styringsverket. For tidsrommet 1100–1250 finst det i overkant av 600 *diplom* som omhandlar norske tilhøve. Berre om lag 150 av dei er relaterte til dei politiske konfliktane på ein eller annan måte, medan om lag 50 av desse att kan reknast for sentrale for konfliktane og nettverka som denne avhandlinga undersøker.¹³⁸ Diplomaterialet er såleis relativt magert for mitt føremål, men ved enkelte høve kan diploma supplere og korrigere personopplysningane i sagamaterialet, og særleg under Sverre sin konflikt med kyrkja gir dette materialet også innsikt i stridsspørsmåla i konflikten. Spreidde opplysningar om aktørar og hendingar i dei norske innbyrdesstridane kan også finnast i *Sturlunga saga*, i engelske krøniker, i det danske og det svenske diplomaterialet og i dei islandske annalane. Av plassomsyn kan dei ikkje alle drøftast her.¹³⁹

Det samla kjeldematerialet som avhandlinga byggjer på, eignar seg godt for prosopografisk analyse. Sagaene er skorne over ein biografisk lest; dei tek føre seg hendingar og personar knytte til ein eller ei rekkje av kongar. Såleis kan dei også lesast som forteljingar om kongevyrnad og politisk leiarskap. Slik lesing av kongesagaene har vist at kongens evne til å samle tilhengjarar og byggje nettverk står sentralt i førestillingar om politisk suksess. Sverre Bagge hevdar at: «suksess i sagsamfunnet var ikke først og fremst strålende militære seire; det var å skaffe seg størst mulig oppslutning, slik at motstanderen ble utmanøvrert».¹⁴⁰ Mange av personane som blir

¹³⁶ Jónsson 1923: 736; HH-Hø: 11.

¹³⁷ HH-Hø: 11.

¹³⁸ Mest markant er korrespondansen i 1190-åra mellom pavestolen og erkebiskopen med lydbiskopar på den eine sida og kong Sverre på den andre, der paven fann det naudsynt å gripe direkte inn i konflikten i Noreg.

¹³⁹ Sturl.; Chron.hov.; DS; Isl. Ann.; BD.

¹⁴⁰ Bagge 1989b: 54.

nemnde i sagaene, og genealogiane, har såleis ein viktig funksjon. Dei inngår i ei overordna forteljing om korleis sentrale personar og kongsemne gjekk fram for å etablere ein maktbase og skaffe seg allierte i kamp mot andre utfordrarar.

Ein analyse av korleis nettverksrelasjonar forma det politiske landskapet, er avhengig av pålitelege personopplysningar. Det er grunn til å tru at nettopp personopplysningar, som namn, slektskapsrelasjonar, ekteskap og tilknytning til bygder og landskap, var opplysningar som i større grad enn mykje annan informasjon kunne kontrollerast. Dei knytte seg gjerne til slekter og etterkomarar som framleis var i live, og hadde interesse av at det vart korrekt fortalt.¹⁴¹ Dette styrkjer den historiske verdien av desse kjeldene for studiet av nettverk under innbyrdesstridane.

Siste del av dette kapitlet skal ta for seg korleis den prosopografiske databasen *SagaFolk* har vorte utforma, særleg med tanke på dei kjeldekritiske og tekniske vurderingane som ligg til grunn for dette arbeidet. Databasen inneheld opplysningar om personar og relasjonar i perioden 1100–1220, henta frå dei viktigaste kjeldene til denne avhandlinga: Ágrip, Morkinskinna, Fagrskinna, Heimskringla, Sverres saga og Baglarsagaene. Desse kjeldene er også tilgjengelege som indekserte og søkbare fulltekstversjonar i basen. Valet av tekstutgåver baserer seg i utgangspunktet på anerkjende tekstkritiske utgåver, men i nokre tilfelle har omsynet til optisk tekstlesing spela inn. Når det gjeld Ágrip, har eg nytta Gustav Indrebø si parallellomsetjing frå 1936.¹⁴² Morkinskinna og Fagrskinna er begge henta frå Finnur Jónsson sine utgjevingar frå høvesvis 1932 og 1902, i serien *Skrifter for Samfund til Udgivelse af Gammel Nordisk Litteratur*.¹⁴³ For Heimskringla har eg også nytta Finnur Jónsson si utgåve frå 1911, i uendra opptrykk frå 1966.¹⁴⁴ Når det gjeld Sverres saga og Baglarsagaene, er det *Skálholtsbók yngsta*, utgjeven av Alexander Kjær og Ludvig Holm-Olsen i 1910,¹⁴⁵ som

¹⁴¹ Helle 2011: 74.

¹⁴² Ágrip = *Ágrip : ei liti norsk kongesoge : gamalnorsk grunntekst og nynorsk umsetjing*. Indrebø, G. (utg.) 1936. Nørøne bokverk 32. Oslo.

¹⁴³ Msk = *Morkinskinna*. Jónsson, F. (utg.) 1932. *Skrifter* 53, Samfund til Udgivelse af Gammel Nordisk Litteratur. København; Fsk = *Fagrskinna*. Jónsson, F. (utg.) 1902. *Skrifter* 30, Samfund til Udgivelse af Gammel Nordisk Litteratur. København.

¹⁴⁴ Hkr. = *Heimskringla : Noregs konunga sogur*. Jónsson, F. (utg.) 1966. København.

¹⁴⁵ Ss = *Sverres saga etter Skálholtsbók yngsta, Det Arnamagnæanske håndskrift 81A fol*. Kjær, A. og Holm-Olsen, L. (utg.) 1910. Norsk historisk kjeldeskrift-institutt, Oslo; Bogl-81a = *Böglunga sögur etter Skálholtsbók yngsta, Det Arnamagnæanske håndskrift 81A fol*. Kjær, A. og Holm-Olsen L. (utg.) 1910. Norsk historisk kjeldeskrift-institutt, Oslo.

ligg til grunn for den elektroniske versjonen, hovudsakleg av tekniske grunnar.¹⁴⁶ Difor er det berre den korte versjonen av Baglarsagaene som er registrert i *SagaFolk*. Det betyr ikkje at eg har sett bort frå dei andre handskriftene av Sverres saga og Baglarsagaene, men at dei ikkje er digitaliserte i fulltekstform. Variasjonar mellom ulike tekstversjonar av sagaene går fram av kommentar- og referansesystemet til databasen og sjølvsgatt i tekst og tilvisingar her i avhandlninga. For Baglarsagaene viser eg til Hallvard Magerøy si tekstkritiske parallellutgåve frå 1988, som inneheld alle fire versjonar av sagaen.¹⁴⁷

Elektronisk handsaming av kjeldematerialet

Som nemnt innleiingsvis har oppbygginga av ein prosopografisk database¹⁴⁸ over aktørane som deltok i innbyrdesstridane, vore eit viktig metodologisk grunnlag for denne undersøkinga. Konvensjonelle databasar eignar seg i utgangspunktet dårleg til analyse av narrative tekstar som kongesagaene. Dei omfattande tolkingsvanskane gjer at eit system som skal analysere denne typen data, bør kunne handtere store tekstmengder og byggje på ein svært fleksibel datastruktur. Då dette prosjektet vart påbyrja, fanst det få slike system tilgjengelege på marknaden.¹⁴⁹ Ein viktig del av dette prosjektet har difor retta seg mot å utvikle metodar og reiskapar for å kunne nytte digitale sagatekstar til noko meir i historisk samanheng enn å lese dei på skjerm. Eg har utvikla ein XML-applikasjon, *SagaFolk*, som i eitt og same system integrerer digitale versjonar av kjeldemateriale i fulltekst med opplysningar om aktørane i stridane og dei personlege relasjonane mellom dei. Eg skal her kort presentere teknologien denne applikasjonen er basert på, samt dei metodologiske vala som ligg bak dei tekniske løysingane.

¹⁴⁶ Dette er to lange tekstar, og ettersom optisk tekstgjenkjenning er svært tidkrevjande, var det mykje å henta på å nytte same tekststusjånaden på begge tekstar.

¹⁴⁷ Bogl-Ma = *Boglunga sogur – Soga om birkebeinar og baglar*. Magerøy, H. *Norrøne tekster 5*. Oslo.

¹⁴⁸ Ordet «database» er her gitt ei vid tyding: ei samling av elektronisk materiale organisert for søk ved hjelp av ei datamaskin, jf. «Database» i *Encyclopædia Britannica*. Ei anna tolking er noko snevrare og siktar gjerne til «databasesystemet», dvs. typen dataorganisering eller software som er nytta, sjå t.d. Bradley & Short 2002: 5.

¹⁴⁹ Utforminga av databasen gjekk føre seg i tidsrommet 1999–2002.

Kva er XML?

XML er eit markeringsspråk som definerer eit sett med reglar for å identifisere (*markere*, *kode* eller *tagge*) meiningsinnhald i ein tekst.¹⁵⁰ Teknikken med å markere eller kode element i ein tekst har vore i bruk sidan Gutenberg sine dagar.¹⁵¹ I datateknologiens tidsalder bruker vi gjerne tekstkoding om prosessen med å markere element i tekstar for å gi ulike dataprogram informasjon om korleis elementa skal synast. Dei fleste har nyttiggjort seg denne teknikken gjennom bruk av teksthandsamingsprogram, kanskje utan å ha vore klar over det. Mange har også opplevd ei meir uheldig side ved dette, nemleg at teksthandsamingsprogram ikkje «snakkar» det same markeringsspråket, slik at overføring av filer mellom ulike program kan vere problematisk. Årsaka til dette er at dei ulike programvareprodusentane har utvikla sine eigne spesifikke markeringsspråk for å gjengi tekst. For å bøte på problemet vart det allereie på 1970-talet freista å utvikle ein ISO-standard for markeringsspråk: *Standard Generalised Markup Language* (SGML). Grunna kompleksitet og mangel på fleksibilitet¹⁵² fekk denne standarden aldri fullt gjennomslag, men arbeidet la grunnlaget for ein lettare og meir fleksibel avleggjar på 1990-talet: *eXtensible Markup Language* (XML).

Gjennombrotet for *World Wide Web* (WWW) på 1990-talet gjorde behovet for ein felles standard for datautveksling endå større. I utgangspunktet skulle markeringsspråket *HyperText Markup Language* (HTML) fungere som standard filutvekslingsformat. Til liks med SGML skulle taggane i HTML markere semantisk innhald, utan omsyn til korleis ulike applikasjonar kom til å gjengje innhaldet. Men likevel kom ulike programvareprodusentar etter kvart til å modifisere og leggje til eigne element for å spesifisere layout. HTML baserte seg dessutan på eit fast sett med taggar, slik at det utvikla seg ulike dialektar av HTML knytte til dei enkelte programvareprodusentane. Problemet ein hadde med teksthandsamings-program, forplanta seg dermed til WWW.¹⁵³

¹⁵⁰ Jf. definisjonen av «markup» i Burnard 1994: 67.

¹⁵¹ Slik markering av tekst (eng.: «markup») vart opphavleg nytta om tilleggskommentarar i teksten med informasjon til typografen om korleis ulike tekstelement skulle sjå ut. For meir om dette, sjå Burnard 1994: 66.

¹⁵² T.d. støtte for ulike teiknsett.

¹⁵³ Til forskjell frå SGML (og XML) kan ein ikkje i HTML spesifisere eigne «taggar» eller attributtar for å skildre innhaldet i eit dokument. HTML kan heller ikkje nyttast til å skildre «djupe» strukturar på same måte

XML-standarden, som vart godkjend i 1996, fekk derimot omsider gjennomslag der korkje SGML eller HTML lukkast.¹⁵⁴ XML har vist seg som ein god måte å kode innhald i tekstar, og sikre utveksling av data mellom applikasjonar, utan at dette blir hindra av proprietære løysingar for tekstpresentasjon. Samstundes er standarden mindre komplisert og enklare tilgjengeleg enn forgjengaren SGML. XML har såleis vorte karakterisert som den vellukka storebroren til HTML og veslebroren til SGML.¹⁵⁵

SagaFolk inneheld fleire lag, eller nivå, av data som kan seiast å representere ulike gradar av tolking. På det første nivået finn vi eit tekstarkiv med elektroniske fulltekstversjonar av sagatekstar der personnamn, stadnamn, tidsreferansar og annan relevant informasjon er koda ved hjelp av XML. Det andre nivået er sjølvve motoren i databasen. Her blir ulike koda tekstbrokkar kopla saman for å uttrykke relasjonar av ulik art: slektskap, geografisk tilhøyrslse, ulike former for underordning og gruppetilhøyrslse. Det blir ikkje på dette nivået teke stilling til truverdet til opplysningane. Slike vurderingar representerer ein ytterlegare grad av fortolking, som er reservert for det øvste nivået i basen. Her blir «kjelderøynda» tolka og vurdert opp mot det vi kan kalle «den historiske røynda», det vil seie oppfatningar av kva som var mogeleg og sannsynleg åtferd i det politiske miljøet på 1100-talet. Denne tredelinga er ein måte å skilje *interpretasjon* frå *representasjon* på, og hindre at vurderingane som historikaren har gjort, smeltar saman med grunnlaget for desse vurderingane. Dei tre nivåa representerer dermed ein *kjeldekritisk* tilnærming for analyse av digitale tekstar. Informasjonen på dei ulike nivåa er organisert etter ulike modellar for dataorganisering, og for å kunne utveksle data mellom dei ulike nivå må vi ha reiskapar for å omorganisere eller «transformere» data. Før vi ser nærare på modellane og organiseringa av data på dei tre ulike representasjonsnivåa i databasen, skal vi difor kort sjå på teknologien som her er nytta til transformasjon av XML-data.

XML er eit metaspråk, det utrettar ingen verdens ting i seg sjølv, og det er nettopp det som gjer det nyttig i denne samanhengen. XML-koding definerer eit språk for å

som SGML. Dermed er det også vanskeleg å representere dei fleste databasemodellar ved hjelp av HTML. Til forskjell frå SGML manglar HTML dessutan mogelegheiter for å sjekke validiteten til dokumentet. For drøfting av ulikskapane mellom SGML (og/eller XML) og HTML, sjå t.d. Bosak 1997 og 1999; Garshol 1999, Opheim 2000: 51.


¹⁵⁴ Standarden er tilgjengeleg frå The World Wide Web Consortium (W3C) 2004.

¹⁵⁵ Garshol 1999: upaginert.

skildre strukturen og innhaldet i ein tekst, til dømes at den inneheld avsnitt, og at avsnitta inneheld namn av ulike typar eller dateringar. Dokumentet kan deretter bli handsama på uendeleg mange måtar av ulike typar programvare. Dette gjer det enkelt å lagre og presentere store mengder ustrukturert tekst, og samstundes trekkje ut og analysere data innan eitt og same system. Familien av XML-relatert teknologi inneheld eit eige verktøy spesielt utvikla til dette føremålet: *Extended Stylesheet Language Transformations* (XSLT).

Eit XSLT-dokument, eller stilark (eng. «stylesheet»), inneheld instruksjonar om kva som skal gjerast med eit XML-dokument. Eit stilark som skal nyttast for å gjengje kjeldematerialet som løpande tekst, kan til dømes innehalde følgjande (forenkla) instruksjon: «Vis alle element i teksten som er markerte som overskrifter, med utheva skrift og set eit linjeskift etter overskrifta. Vis deretter innhaldet i avsnittet som følgjer, med skrifttypen Times New Roman, 12 punkt, og skil avsnittet frå det neste med ei blank linje», jf. figur 1 under, transformasjon A. Eit anna stilark kan ha som oppgåve å berre vise avsnitt med ein viss tekststreng, som blir supplert av brukaren av applikasjonen, til dømes: «hovding» eller «Sigurd». Kjeldedokumentet er framleis det same (input), jf. figur 1, transformasjon B:

Figur 1: XML-koding av sagamateriale og transformasjon til HTML ved hjelp av XSLT



På denne måten kan eitt og same XML-kjeldedokument transformerast først til ein formatert fulltekstversjon, så til ei liste over treff etter eit søk og til slutt til eit namneregister. Dersom resultatdokumentet etter transformasjonane er i formatet HTML, vil ein kunne leggje på hyperlenkjer for å kunne gå direkte frå trefflista eller registeret til teksten som inneheld den aktuelle tekststreng.

XSLT har vorte samanlikna med måten SQL fungerer på i bruk med relasjonelle databasar.¹⁵⁶ Som med XML ligg ikkje styrken i ein relasjonell database i datastrukturen, men i programmeringsspråket som handsamar data. Transformasjonane som XSLT-stilarket utfører, kan samanliknast med det ein med databaseterminologi ville kalle ei *spørjing* (query). Ein viktig forskjell er likevel at strukturen til eit XML-dokument er meir fleksibel enn tabellar i ein relasjonell database. Den tillet meir


¹⁵⁶ Kay 2000: 14.

komplekse strukturar eller hierarki av element. Det finst heller ingen feltdefinisjonar som set grenser for kva type data eller kva mengde data som kan inngå i eit element. Vi skal no sjå nærare på korleis XML, og den tilhøyrande familiemedlemmen XSLT, har vorte nytta for å utvikle dei tre datanivåa i *SagaFolk*.

SagaTekstar – tekstarkivet i den prosopografiske databasen

SagaTekstar er tekstarkivet i den prosopografiske databasen *SagaFolk*. Arkivet inneheld elektroniske fulltekstversjonar av dei seks kongesagaene *Ágrip*, *Morkinskinna*, *Fagrskinna*, *Heimskringla*, *Sverres saga* og *Baglarsagaene*. Dei elektroniske versjonane vart til gjennom OCR-lesing av trykte utgåver av kongesagaene på originalspråket norrønt. Teksttilfanget utgjer i overkant av 800 trykte boksider eller i underkant av to millionar bytar med koda tekst. Struktur og relevant innhald vart deretter koda manuelt ved hjelp av ein XML-teksthandsamar.¹⁵⁷

Figur 2: Utsnitt av trykt



Teknologien stiller to krav til eit XML-dokument: Det må vere *velforma* og *gyldig*. Det første er eit absolutt krav. Det betyr at dei koda elementa i teksten må utformast etter eit sett med reglar. For at dokumentet skal vere velforma, må XML-elementa ha både starttagg og slutt-tag, til dømes `<persName>Sigurðar</persName>`.¹⁵⁸ I tillegg er det eit krav at elementa ikkje overlappar, det vil seie at ikkje eitt element byrjar før eit anna er avslutta. Elementa kan derimot plasserast inni kvarandre, eller «nøstast» (av eng. «to nest»). Det betyr at ein kan nyansere variabelen personnamn, uttrykt gjennom elementet `<persName>`, og

¹⁵⁷ Då dette prosjektet vart starta i 1999, var det to XML-editorar som utmerkte seg med omsyn til funksjonalitet og styrke: *Xmetal*, utvikla av JustSystems (<http://smf.xmetal.com/>) og *XML-spy*, utvikla av Altova (<http://www.altova.com/xml-editor/>). I dette prosjektet har Xmetal vorte nytta til mesteparten av kodearbeidet, medan XML-spy har utført ein del konverterings- og tekstsvakingsoppgåver.

¹⁵⁸ Det treng for så vidt ikkje ha innhald. I så fall kallar vi det eit «tomt» element. Det kan startast og avsluttast i ein og same tagg på denne måten: `<persName/>`.

definere undergrupper av element for å skildre ulike typar personnamn eller delar av eit personnamn, som til dømes fornamn:

```
<persName><foreName>Magnus</foreName></persName>
```

Kva slags element som kan førekome i eit XML-dokument, og korleis elementa skal organiserast, er opp til den som lagar dokumentet, og det er eit tidkrevjande arbeid å sikre at både dei formelle krava til eit XML-dokument og dei analytiske og metodologiske krava som knyter seg til prosjektet sine granskingsspørsmål, blir oppfylte. Reglane må med andre ord sikre at XML-dokumentet er både velforma og gyldig, samt at dei koda elementa er slik at dei er relevante for problemstillinga og kan nyttast til analyse. Heilt konkret blir desse reglane uttrykte i det vi kallar ein *Document Type Definition* (DTD),¹⁵⁹ men dei relaterer seg også til ein overordna modell som styrer val og utforming av variablar. Det siste skal eg kome nærare inn på nedanfor. Eg skal her nøye meg med å sjå på kva for type informasjon som har vorte koda i kjeldedokumenta.

Personnamn står naturlegvis sentralt i ein prosopografisk analyse. Kjeldetilfanget til SagaTekstar inneheld 7519 førekomstar av personnamn. Norrøne personnamn vart normalt danna ved å kombinere eit fornamn med eit patronymikon (til dømes Erling Ormsson), og ikkje sjeldan gjekk namn i arv mellom generasjonane. Tilnamn var difor vanlege (til dømes Erling Skakke) for å skilje personar med same namn. Kongesagaene inneheld naturleg nok også ein del namn som uttrykkjer titlar eller funksjonar (til dømes Erling jarl, Ossur prest). Norrøne personnamn <persName> skulle såleis kunne beskrivast ved hjelp av fire andre nøsta element: <foreName>, <addName>, <patName> og <roleName>. Det finst likevel berre eitt døme i kjeldetilfanget til SagaTekstar der alle desse namneformene er i bruk samstundes: «Eireks Suiakongs Jatuardarsonar hins

¹⁵⁹ Ein DTD definerer markeringsspråket i eit xml-dokument. Det vil i praksis seie at ein DTD spesifiserer eit sett med reglar for korleis element, attributt og andre typar data i xml-dokumentet logisk relaterer seg til ein annan DTD, jf. Eckstein 1999: 5. Ein DTD kan dermed nyttast mellom anna til å kontrollere at kodinga stemmer overeins med dei formulerte reglane (dvs. at dokumentet er *gyldig (valid)*), og at det er samsvar i kodinga mellom ulike dokument. DTD fungerer også som dokumentasjon av datastrukturen i eit xml-dokument. For ei generell innføring i utforming og bruk av DTD, sjå Harold 1999: kap. 8–11 og Harold 2004: kap. 7–11. Eit godt online utgangspunkt er W3Schools sin XML tutorial.

helga.»¹⁶⁰ I dei fleste tilfella er eit namn uttrykt gjennom berre fornamn¹⁶¹ eller fornamn kombinert med anten tilnamn,¹⁶² patronymikon¹⁶³ eller funksjonsnamn.¹⁶⁴

Normalt skulle vi kunne vente at alle personnamn inneheld i det minste eit fornamn, og dei fleste personar på 1100-talet hadde nok også det, men her skil «den historiske røynda» og «kjelderøynda» lag. I forteljande tekstar, som sagaene, hender det ikkje sjeldan at ein person blir omtala som «kongen», «jarlen» eller «bonden». Namna kan ha vorte nemnde lenger framme i teksten, men ikkje alltid. Særleg «bonden» kan sagaforfattaren ha unnlate å namngje. Bonden kan likevel ha vore sentral i hendingane som blir skildra, om enn ikkje i det sosiale universet forteljinga var meint for. Dette gjeld også kvinnelege aktørar. Ikkje sjeldan let sagaforfattarane vere å namngje friller, systre eller døtrer til sentrale mannlege aktørar, trass i at dei synest å vere viktige for hendingsgangen. Til dømes var «frilla Sigurðar konungs» sentral i konflikten som oppstod mellom kong Sigurd Haraldsson og Erling Skakke på 1150-talet.¹⁶⁵ Ho er likevel namnlaus, sjølv om sagaforfattaren kjenner namnet på både far hennar og begge brørne. På det metodologiske planet betyr dette at personnamnelementet i enkelte tilfelle også må nyttast om namnlause aktørar for å fange opp relasjonar eller transaksjonar slike hadde med namngitte aktørar.

Som nemnt ovanfor er sagaforfattarane opptekne av å plassere aktørane i det sosiale universet forteljinga handlar om. Dette inneber ikkje berre at sagaene inneheld mange namn, men at det også er mange *personkarakteristikkar*. Slike personkarakteristikkar, koda som <persChar>, er som oftast relativt stereotype. Dei fortel om personane sin utsjånad eller kroppsbyggnad eller deira lynne og evner, sjå figur 3 under. Ei jamføring av karakteristikken av ulike personar, eller karakteristikken av den same personen i ulike kjelder, kan likevel vere relevant for å seie noko om den samtidige oppfatninga av denne personen, eller om ulike forfattarar sine haldningar. Av den grunn er personkarakteristikkane tekne med i kodinga av dei prosopografiske

¹⁶⁰ Ss: 132.

¹⁶¹ Denne namneforma utgjer 3215 eller 43 % av namneførekostane. Det har sjølv sagt å gjere med den narrative forma desse tekstane har, der aktørane gjerne vert omtala meir utførlig første gongen enn seinare i forteljinga.

¹⁶² Kombinasjonen fornamn + tilnamn utgjer 902 eller 12 % av namneførekostane.

¹⁶³ Kombinasjonen fornamn + patronymikon utgjer 507 av 7435 namneførekostar, eller 7 %.

¹⁶⁴ Kombinasjonen fornamn + funksjonsnamn utgjer 2508 eller 34 % av namneførekostane.

¹⁶⁵ Jf. Ágrip: 103.

opplýsingane í kjeldene, sjólv om dei ikkje stár særleg sentralt í analysearbeidet í denne avhandlinga.

Figur 3: Personkarakteristikk av Erling Skakke

<persChar>**Erlingr** var maðr ríkr, spakr at víti, hermaðr inn mesti, ef ófriðr var, landráðamaðr góðr ok stjórnsamr, kallaðr heldr grimmr ok harðráðr; en hitt var þó mest, at hann lét óvini sína fá eina landzvistina fá, þótt beiddisk, ok urðu fyrir þá sök margir til at hlaupa í flokkana, þegar er hófusk í móti honum. Erlingr var hár maðr ok harðvaxinn, nokkut barraxlaðr, langleitr, skarpleitr, ljóslitaðr, ok gerðisk hárr mjök, bar halt hofuðit nokkut, hugaðlátr ok veglátr, hafði forneskju klæðabúnað, langa uphluti ok langar ermar á kyrtlum ok á skyrtum, valskikkjur, upháfa skúa.</persChar/>

Kjelde: Hkr: 638.

I tillegg til opplysningar om personar, inneheld kjeldetilfanget over tusen namnreferansar til ulike *grupper*. Desse femnar om lause ad-hoc-grupperingar som *sogningar* og *teler* og fastare organiserte grupperingar som *hettesveinar*, *birkebeinarar* og *baglarar*. Ved å kode slike gruppenamn kan ein kople personar til grupper, og dette er viktig for å kunne skildre samansetjinga av ulike grupper i eliten og endringar i konfliktmønsteret. Gruppenamna, <groupName>, er såleis ein viktig variabel i denne analysen i tillegg til personnamna.

Personar og grupper blir plasserte i tid og rom ved hjelp av høvesvis stad- og tidsreferansar. Stadnamna, <placeName>, koplar aktørar og hendingar til ulike geografiske plasseringar. Tidsreferansane <timeStruct> knyter hendingar til ein relativ kronologi, jf. figur 4:

Figur 4: Koding av stadnamn og tidsreferansar

Magnús konungr fór í <placeName @ID="h_146">**Vík**</placeName> austr <timeStruct @ID="h_N458"> **um haustit** </timeStruct> með sumu liðinu ok Ormr konungsbróðir. Erlingr jarl var eptir í <placeName @ID="h_N562"> **Björgyn** </placeName> ok hafði þar mikit lið ok skyldi gegna Birkibeinum, ef þeir færi it ýtra.

Kjelde: Hkr: 639.

Det eksplisitte meiningsinnhaldet i teksten i dømet over, er at Magnus reiste til Viken, og at det skjedde om hausten. Erling vart verande att i Bergen. Kven Magnus og Erling

var, eller kva for haust det dreiar seg om, er underforstått (i det minste for forfattaren) og må lesast ut frå samanhengen. Slik underforstått informasjon er ikkje ei datamaskin i stand til å handtere. Koden <persName> uttrykkjer ikkje meir enn at her finst det eit personnamn. At dette namnet dreier seg om kong Magnus Erlingsson, og at hausten det dreia seg om, mest sannsynleg er 1165, er ei tolking som lesaren gjer ut frå samanhengen til resten av teksten. På det neste nivået i databasen blir slik implisitt tekstinformasjon gjort eksplisitt og organisert etter ein mykje meir rigid struktur. Dette inneber også at vi tilfører eit nytt lag tolking. Namneførekomstnar blir identifiserte med historiske personar, og relative dateringar blir kopla til dato og år, samstundes som annan implisitt informasjon blir uttrykt eksplisitt gjennom koplingar av data. Vi skal no sjå nærare på korleis dette blir gjort.

Entitetar og relasjonar

Det neste steget i datahandsaminga handlar altså om å uttrykkje dei implisitte (og eksplisitte) samanhengane som finst i tekstane. Igjen dreiar det seg om å formulere reglar for samband mellom ulike typar data. Men medan det i stor grad var den opphavlege semantiske strukturen i tekstane som var avgjerande for dei reglane som vart formulerte for å uttrykkje datastrukturen til tekstane i tekstarkivet, dreiar det seg no om å omorganisere data etter eit mykje fastare skjema. Prosessen minner om det som skjer når vi registrerer data i postar og felt i ein database, og terminologien er henta nettopp frå design av databasar.

Ved registrering av opplysningar i eit databaseprogram, til dømes Microsoft Access (MA), opprettar vi postar for ulike former for informasjon (til dømes person) og felt for å skildre ulike eigenskapar ved denne posten (til dømes namn, alder, kjønn osv.). Alle postar av same type utgjer (i ein relasjonsdatabase som MA) ein tabell. Postane kan innehalde kjeldereferansar som fortel kvar informasjonen finst, men den opphavlege semantiske konteksten blir vanlegvis ikkje representert i databasen. I arbeidet med *SagaFolk* har denne framgangsmåten vorte snudd på hovudet. Litt enkelt kan vi seie at felte i ein post i *SagaFolk* ligg spreidde rundt i kjeldematerialet som koda

tekstinformasjon. Felta blir deretter trekte ut og organiserte i postar og grupperte i hierarki, ikkje ulikt tabellar.

Ved å kople saman ulike tabellar (eller hierarki) kan vi uttrykkje relasjonar mellom data. Vi kan til dømes uttrykkje eit slektskapstilhøve ved å kople to personpostar saman i ein ny tabell. Sameleis kan vi uttrykkje kvar personar er fødde, ved å kople person og stadnamn. XML-hierarkia i *SagaFolk* inneheld liknande koplingar. Her blir informasjon om personane og relasjonane mellom dei uttrykt gjennom koplingar mellom XML-element. I begge høve er det ein føresetnad for eit godt resultat at den underliggjande datastrukturen er organisert på ein slik måte at dei relevante koplingane kan gjerast. Med databaseterminologi vil dette, litt banalt, seie at basen må innehalde dei felta og dei postane som er naudsynte for at det skal vere mogeleg å kople dei, eller, i mitt tilfelle, at XML-dokumenta inneheld dei elementa som må vere med. Kva som er naudsynte postar eller element, vil avhenge av kva for spørsmål ein vil ha svar på. Til sjuande og sist handlar difor databasautvikling eller informasjonshandtering om å utforme *konseptuelle modellar* for korleis typar av informasjon kan organiserast for å uttrykkje dei eksplisitte eller implisitte sambanda mellom dei.¹⁶⁶

Ein konseptuell modell er altså ein abstraksjon, ei forenkla framstilling av den historiske konteksten vi freistar å seie noko om. I teorien er slike modellar ikkje avhengige av kva for teknologi som skal representere modellen, og vi kan jamvel tenkje oss modellar for organisering av informasjon utan bruk av moderne datateknologi (jf. tradisjonelle kortkartotek). Modellen som ligg under datastrukturen i *SagaFolk*, skildrar samanhengen mellom data ved hjelp av to konsept: *entitet* og *relasjon*, og blir difor kalla *entitet-relasjon-modellen* (*entity-relationship model* eller *ER-modellen*).¹⁶⁷

Ein entitet blir gjerne definert som eit objekt i den verkelege verda som er av interesse for det vi studerer, og som vi har data om.¹⁶⁸ Entitetar utgjer tabellar i ein relasjonsdatabase. I dei XML-koda dokumenta i dette prosjektet er elementa <persName>, <groupName> og <dateStruct> døme på entitetar. Relasjonane uttrykkjer samband mellom entitetar. Figur 5 nedanfor viser tre ulike relasjonar mellom entitetar som kvar for seg gir viktig informasjon i prosopografiske studium. Den første fortel kvar


¹⁶⁶ Harvey & Press 1996: 22. Sjå også Greenstein 1994: 214 f.

¹⁶⁷ Harvey & Press 1996: 102–103.

¹⁶⁸ Harvey & Press 1996: 103.

ein person er fødd. Den andre uttrykkjer det bandet ein person har til ei gruppe andre aktørar. Den tredje gir opplysningar om ein ekteskapsrelasjon mellom to personar. Slik kan vi halde fram og modellere eksplisitte eller implisitte opplysningar i kjeldematerialet.

Figur 5: Grafisk framstilling av entitetar og relasjonar



Entitetar kan vere av konkret eller abstrakt art. I lærebøker om datamodellering er entiteten *person* eit hyppig nytta døme på ein konkret entitet. Men historiske personar er gjerne ikkje alltid så konkrete. Ofte kan det til og med vere vanskeleg å avgjere om vi faktisk har å gjere med eit personnamn. Dei mest reelle personane i dette prosjektet kan hevdast å vere det vi har kalla namneførekomstar. Dei er i det minste reelle i den forstand at namna eksisterer i skrift. Personane er derimot ein abstraksjon, ei oppfatning eller tolking basert på tilgjengeleg kjeldeinformasjon. Dette betyr at alle førekomstar av entiteten <persName> må vere knytte til ein overordna personentitet: <person>. <person> representerer historikaren si tolking av summen av den informasjonen om namneførekomstane som er kopla til kvar person.

Dette skiljet kan verke unødig tungvint, men det er eit naudsynt resultat av at historisk kjeldemateriale byr på særskilde tolkingsvanskar, som fordrar at vi kan skilje mellom identifiserte personar som historisk fortolking og den kjeldeutsegna som dannar grunnlaget for tolkinga. Det hender ikkje sjeldan at det er vanskeleg å identifisere namneførekomstar med rimeleg grad av truverde. Praksisen i sagalitteraturen med å nytte avstytta fornamn, utelate patronymikon eller skifte mellom patronymikon og

tilnamn gir i enkelte høve stort rom for tolking. Like eins kan ulike kjelder innehalde motstridande opplysningar som det er viktig å få fram. I motsetnad til persondatabasar som er mynta på «det verkelege livet», er det eit poeng at datastrukturen i denne basen lyfter fram tolkingsspørsmål og motstridande opplysningar om personane. Eksempelteksten som vart nytta på figur 1, i første kolonne (sjå side 46), viser nytteverdien av denne framgangsmåten. Tekstutdraget, som er henta frå *Heimskringla*, gir opplysningar om opphavet til Sigurd Slembedjagn, tronkrevjar i andre halvdel av 1130-talet. Her blir det fortalt at Sigurd vart kalla son til Adalbrikt prest, og dinest at mora var Tora Saksedotter, som på ulike måtar hadde band til den norske kongsslekta.¹⁶⁹ Ein annan stad i teksten fortel Tora til Sigurd at den eigentlege far hans var kong Magnus Berrføtt.¹⁷⁰ Datastrukturen i *SagaFolk* må altså tillate at personar har fleire fedrar. Det påståtte slektskapsbandet til kongsætta var i utgangspunktet eit av Sigurd Slembe sine viktigaste våpen i kampen om makta, men då det viste seg at han ikkje vart trudd, vart det også hans bane. Tvilen omkring Sigurds byrd er såleis eit vesentleg poeng i saga om han.

I *SagaFolk* kan dei ulike tekststadene jamførast på ein enkel måte – ikkje berre dei vi finn i Hkr, men også Msk og Fsk sine opplysningar om saka. Då ser vi mellom anna at *Arnmødlingatal* (eit tillegg til Fsk) slår fast at Sigurd var son til Magnus Berrføtt, utan å nemne Adalbrikt, medan Msk fokuserer på det usikre knytt til Sigurd sin byrd og freistar forklare kvifor ikkje Magnus hadde gjort det kjent at han hadde denne sonen.¹⁷¹ Kvar for seg syner kjeldene ulike innfallsvinklar til spørsmålet om Sigurds byrd. Til saman gir dei eit tolking grunnlag for å vurdere ikkje berre kven som var far til Sigurd, men også kva forfattarane og samtida meinte om kor legitimt maktkravet til Sigurd var.¹⁷² Datastrukturen i *SagaFolk* fungerer såleis til å lyfte fram kjeldegrunnlaget for dei registrerte opplysningane og gir stort rom for å vurdere ulike tolkingar.

¹⁶⁹ Teksten er henta frå Hkr: 566.

¹⁷⁰ Hkr: 567. Også syster til Tora fekk barn med Magnus. Son deira var kong Olav Magnusson (1098–1115).

¹⁷¹ Forfattaren av Msk hevdar at farskapet vart halde skjult av di Tora hadde ei syster som også hadde barn med kong Magnus. Underforstått tyder det at kongen sitt seksuelle forhold til Tora kunne bli oppfatta som brot på gjeldande incestreglar. Koht meiner at dette var årsaka til at Sigurd møtte kraftig motstand då han freista å gjere krav på kongsmakta, jf. Koht 1958: 324.

¹⁷² Det er i så måte interessant å jamføre dei to biografiane om Sigurd Slembe frå høvesvis den første og den andre utgåva av NBL. I første utgåva legg Halvdan Koht stor vekt på spørsmålet om kven som var far til Sigurd, og legg dette til grunn for å forklare kvifor Sigurd ikkje lukkast med å få gjennomslag for kravet om


SagaFolk: ein prosopografisk database

Det siste nivået i databasen inneheld altså informasjon om det vi, på grunnlag av namneførekostane, kan identifisere som personar. SagaFolk inneheld opplysningar om 1029 personar som er nemnde i eit utval samtidssagaer i perioden 1100–1220. Ikkje alle tok like stor del i hendingane. Somme blir berre nemnde som slektningar eller ektefellar til meir sentrale sagaaktørar. SagaFolk gir mogelegheit for å utforske personopplysningar på ulike måtar. Den inneheld for det første ein biografisk komponent som gir ei oversikt over opplysningar om kvar person. Her har personane mellom anna fått eit standardisert namn, som gjer det mogeleg å søkje på namn utan å nytte bøyingsformer eller spesialteikn, som vist i figur 6 nedanfor.¹⁷³

kongsmakt (Koht 1958: 324). I andre utgåva drøftar ikkje Knut Arstad dette spørsmålet i det heile. For han er Sigurd Slembe eit døme på ein tronkrevjar som ikkje meistra det politiske spelet. Kva slags formelt maktgrunnlag kravet var tufta på, er her underordna (Arstad 2004: 207–208).

¹⁷³ Eg har i hovudsak nytta namneregisteret i serien *Norges kongesagaer* (1979), redigert av Finn Hødnebo og Hallvard Magerøy, for å standardisere namna. Unntak er svenske og danske namn, der eg har nytta gjeldande skrivemåtar i desse landa i staden for norsk skrivemåte: eks. Eirik -> Erik.

Figur 6: Samandrag av biografi i *SagaFolk*



Eventuelle opplysningar i kjeldene om bustad og embete kjem også fram her, til liks med kva tid ein person var fødd eller døydde. Det er likevel sjeldan vi kan finne denne typen opplysningar i kjeldene, og særleg gjeld det fødslar. I dei fleste tilfella må vi ta utgangspunkt i første og siste gongen personen er nemnd i kjeldematerialet, for på denne måten å etablere nokre ytterpunkt for levetid. Ved å klikke på tekstikona kan ein undersøkje nærare alle tekststadene som underbyggjer tolkinga. Dersom ein klikkar på tekstikonet til høgre for personnamnet Harald Magnusson Gille på figur 6 ovanfor, vil ein få lista opp alle namneførekostane som ligg til grunn for valet av det standardiserte namnet. Ein kan så gå vidare inn i kjelda der namnet står. Sameleis kan ein liste kjeldeutsegna om dødsfallet til ein person. I dømet som er nytta på figur 6, vil ein då sjå at dei tre kjeldene gir forskjellige opplysningar om kven som drap Harald Gille.



I biografidelen kan ein også leggje til eit notat som kommentar til posten basert på eigne eller andre sine tolkingar av kjeldematerialet. Eit notat kan også innehalde tilleggsinformasjon frå kjelder som ikkje er å finne i tekstarkivet i SagaFolk. Notatet

kan koplust til kjelder og litteratur i bibliografibasen eller andre elektroniske ressursar på Internett.

Den andre hovudfunksjonen tek for seg slektskapsrelasjonane. Slektskapsrelasjonane til kvar enkelt person blir illustrerte som eit liggjande hierarki med tre generasjonar av slekta: foreldre og foreldra sine sysken på kvar side, ego med sysken og til slutt ego sine barn, sjå figur 7 under. Ein kan bla seg oppover, nedover eller sidelengs i hierarkiet ved å klikke på personar på dei ulike nivåa. Eit separat hierarki syner eventuelle ektefellar eller friller med slektningar. Ved opplistinga av ego sine barn er det også teke med kven som er den andre forelderen til barnet, dersom dette er kjent. På den måten blir personar kopla til andre som dei har fått barn med, sjølv om det ikkje fanst eit formelt ekteskap mellom dei to som det er tale om. I *SagaFolk* er det mange døme på denne type relasjonar.

Vevteknologien gjer at det heile tida er råd å navigere frå person til person i slektstreet for å syne slektskapsrelasjonar som ligg utanfor den første avgrensinga. Dei aktuelle kjeldene som informasjonen er henta frå, kan hentast fram ved å klikke på kjeldeikona, som heile tida er tilgjengelege som hyperlenkjer. Slik kan ein kontinuerleg kontrollere ordlyden i kjeldene for den aktuelle relasjonen og jamføre ulike kjeldeutsegner.


Figur 7: Slektstre i tre generasjonar, vist som eit liggjande hierarki



Ekstra
kjeldevindaug
opnar seg ved klikk på

Slektskap var ikkje den einaste måten personane var relaterte til kvarandre på. Dei kunne også vere knytte saman ved å vere hirdmenn, hærførarar eller vanlege hærfolk i følget til sentrale hovdingar eller kongsemne. Funksjonen *Nettverk* gir eit oversyn over ulike former for relasjonar ein person inngjekk i, sjå figur 8 under. Den grafiske framstillinga av nettverket i databasen skil mellom horisontale og vertikale relasjonar.

Figur 8: Vertikale og horisontale nettverksrelasjonar



Den horisontale aksen viser venskaplege (til venstre) og uvenskaplege (til høgre) relasjonar. Den vertikale aksen viser over- og underordningstilhøve. Slike vertikale relasjonar vil til dømes inkludere årmann-, lendmann- og systemmannsombod samt andre

relasjonar som uttrykkjer vertikale band.¹⁷⁴ Figur 8 viser personar som kjeldene på ulike måtar og til ulike tider knyter til Erling Ormsson Skakke. Nettverksfunksjonen har vist seg svært nyttig når ein skal få oversikt over gruppene i innbyrdesstridane og endringar i konfliktmønsteret. Sjølv om funksjonen er relativt grovmaska, er den til god hjelp når ein skal kunne handtere informasjon om fleire hundre aktørar og eit tusental relasjonar.

Den siste hovudfunksjonen i SagaFolk gir ei oversikt over alle dei tilgjengelege kjeldereferansane som er knytte til ein person, som vist ved hjelp av figur 9 nedanfor. Dette er svært nyttig når ein skal skaffe seg oversikt over tilgjengeleg informasjon om personar og jamføre karakteristikkar eller framstillingar av same hending i ulike kjelder.

Figur 9: Oversikt over alle kjeldereferansar knytte til ein bestemt person

The screenshot shows a web browser window with the URL http://129.177.200.199/saga/alle_kjelder.asp?personid=f_NC1C. The website header includes navigation links: [Prosjektet](#), [Kontakt](#), [Heim](#), and [Logg ut](#). Below the header is a search bar with the text "Søk: fomamn byrjar på" and a "FINN" button. The main content area is divided into three columns, each with a title and a list of references:

Morkinskinna	Fagrskinna	Heimskringla
364 Mor:Tora Saksessedotter	341 Far:Magnus reiste til Noregs reiste til Danmarcar	566 Far:Adalbrikt Mor:Tora Saksessedotter
365 [nemnt]	341 [nemnt]	566 [nemnt]
405 Mor:Tora Saksessedotter Far:Magnus	342 reiste til Noregs teken til fange Harald Magnusson Biorgyn	566 Status: dekn Personleg karakteristikkk [nemnt]
405 Far:Adalbrikt fosterson til Adalbrikt	342 [nemnt]	567 Far:Magnus reiste til Jórðsala reiste til Jórðáñar var i Orkneyjum 1122 møte med Harald Håkonsson
405 [nemnt]	343 [nemnt]	567 møte med David Skotlandi
405 reiste fra Noregi møte med Harald Håkonsson iOrcneyiom	343 [nemnt]	567 reiste til Danmerkr
Status: dekn Personleg karakteristikkk	343 reiste til Bioravnar	
406 [nemnt]		

¹⁷⁴ Personar som er nemnde som hærfolk, skipsstyrarar, merkesmenn osv. i flokkane til hovdingane, vil vere lista her.

Til kvar kjeldereferanse blir det lista kva slags opplysningar som er registrerte på denne referansen. Dersom det berre dreiar seg om ein namnreferanse utan andre registrerte opplysningar, får referansen etiketten [nemnd]. Dreiar det seg derimot om slektskapsrelasjonar, gir etiketten opplysningar om kva for relasjonar som er knytte til referansen, til dømes «Far: Orm Eilivsson», «Son: Magnus Erlingsson».

SagaFolk er først og fremst ein nyttig reiskap for å systematisere og samle prosopografisk informasjon. Basen effektiviserer arbeidet med å få oversikt over livsløp og grupper og mogeleggjør stendig jamføring av opplysningar frå ulike kjelder. Kodinga og programmeringsarbeidet har vore svært arbeidskrevjande, og det er tvilsamt om det hadde vore mogeleg å skaffe seg oversikt over dei vel 1000 sagapersonane utan dette verktøyet. Spesielt gjeld dette slektskapsrelasjonane. Det har til dømes vist seg at fleire av nettverka som her er undersøkte, var stabile over lengre tidsrom, noko eg meiner ekteskapsalliansar bidrog til, gjennom å skape økonomiske og sosiale band mellom familiar som forplikta dei involverte i lengre tid. Ved å analysere gruppene i SagaFolk over tid kan ein avdekkje slik kontinuitet basert på slektskap. Sønner og sonesønner overtok ikkje sjeldan fedrane sine posisjonar i konflikten, sjølv om dette ikkje var nokon regel.

Vi har i dette kapittelet sett nærare på kjeldematerialet for denne avhandlinga og korleis personopplysningar frå dette kjeldematerialet har vorte systematiserte og tilrettelagde for analyse ved hjelp av ein prosopografisk database. Sjølve analysen baserer seg på teoriar om korleis sosiale band og nettverk fungerte i den politiske maktkampen som eliten tok del i i høgmellomalderen. Dette vil eg sjå nærare på i neste kapittel.

3

Nettverksmakt

Innleiingsvis vart det lagt vekt på at partidanninga under innbyrdesstridane på 1100-talet må sjåast i samanheng med den politiske kulturen i førstatelege samfunn, der grunnlaget for makt først og fremst dreia seg om forvaltning av sosial kapital: samfunnet var bunde saman av personlege band.¹⁷⁵ Denne forståinga av den politiske kulturen har fått stort gjennomslag i skandinavisk og islandsk mellomalderforskning. Til dømes samanfatta Preben Meulengracht Sørensen, i *Fortælling og ære* i 1993, slektskapen si rolle på Island i fristatstida ved å relatere den til eit større nettverk av sosiale band:

Sagamennesket er ikke først og fremmest medlem af en formelt defineret slægt, men del af et *alliancenet*, hvor slægtningene er de viktigste, men hvor der også er gårdsfæller, venner, naboer og bønder frå tingfælleskabet. Det er over for denne løst definerede gruppe af kendte og nære, at den enkelte er ansvarlig. Det er dem, der følger med i, hvad han eller hun gør, snakker om det og vurderer det. Det er her enkeltmennesket sættes på prøve.¹⁷⁶

Om lag samstundes hevda Claus Krag i *Aschehougs Norgeshistorie* at familiane i tidleg mellomalder var «som knuter i et innfløkt *nettverk*, der forbindelsene gikk på kryss og tvers mellom slektene og dannet usymmetriske mønstre.»¹⁷⁷ Omgrepet nettverk har såleis vore i bruk lenge for å skildre den sosiale interaksjonen i mellomaldersamfunna i nord, men som eit språkleg bilete, ein metafor, som gir assosiasjonar til kompleksitet og kryssande relasjonar – eit ikkje-hierarkisk, uendeleg sosialt system. Ingen av døma ovanfor har eksplisitt definert omgrepet sosiale nettverk eller gjort freistnadar på å forklare kva funksjon slike nettverk kunne ha i ulike samanhengar.

Dei siste tiåra har historiefaget fatta ei meir analytisk og metodologisk interesse for sosiale nettverk, og sett fokus på korleis *historiske*, sosiale nettverk kan studerast

¹⁷⁵ Sjå side 11 i denne avhandlinga.

¹⁷⁶ Meulengracht Sørensen 1993: 173.

¹⁷⁷ Krag 1995: 51.

med utgangspunkt i samfunnsvitskapleg teori (først og fremst sosiologi). I dette kapittelet vil eg gjere greie for denne utviklinga, og problematisere omgrepet sosiale nettverk til bruk for historiefaget generelt, og i denne avhandlinga spesielt. Eg vil dinest sjå nærare på eit tilgrensa omgrep, *felt*, og korleis dei to omgrepa felt og sosiale nettverk kan relaterast til einannan. Eg vil dinest freista skildre det politiske feltet i Noreg på 1100- og 1200-talet med utgangspunkt i kva for sosiale posisjonar eliten konkurrerte om i dette feltet, og kva for sosiale relasjonar dei nytta til å utveksle ressursar og etablere nettverk. Til slutt diskuterer eg to av dei viktigaste sosiale banda som batt saman nettverka, nemleg venskap og slektskap.

Sosiale nettverk

Eit sosialt nettverk kan definerast som «et sett av relativt varige, uformelle relasjonar mellom mennesker.»¹⁷⁸ Som sosialt system er nettverket for det første kjenneteikna av at relasjonane som knyter menneska saman er *frivillige* og *uformelle*. At ein relasjon er frivillig hindrar likevel ikkje at enkeltindivid kan oppleve nettverksrelasjonar som styrt av normer og forventningar utanfor deira kontroll. Og sjølv om nettverksrelasjonar er uformelle, kan det likevel takast avgjersler i eit nettverk som får medlemmene til å opptre sameint og framstå som eit kollektiv utetter. For det andre blir sosiale nettverk gjerne oppfatta som resultat av *spontanitet* – dei er ikkje planlagde eller oppretta for spesielle formål. Nettverksrelasjonar oppstår gjennom samhandling og på grunnlag av felles interesser. Dei enkelte individa i eit nettverk kan likevel ha spesifikke formål med å inngå ein nettverksrelasjon, men formåla vil variere frå individ til individ, og kan også endre seg over tid. For det tredje er det eit poeng at sosiale nettverk ikkje ekskluderer andre sosiale system, men kan *overlappe med* eller *binde saman* ulike system. I dagens samfunn ser vi korleis næringsstoppar eller politikarar nyttar sosiale nettverk for å oppnå resultat dei har vanskar med å oppnå gjennom andre, formelle kanalar. I mellomalderssamfunnet var dei formelle institusjonane få og svake. I ein slik kontekst blir skiljet mellom dei uformelle nettverksrelasjonane og dei formelle relasjonane

¹⁷⁸ Schiefloe 1992: 19. Sjå også Podolny & Page 1998: 59. Deira definisjon legg større vekt på at nettverksrelasjonar er baserte på varig og gjentakande interaksjon.

uklare, og nettverksrelasjonar vart oppfatta som heilt legitime kanalar for maktutøving. Dette står i kontrast til det moderne vestlege samfunn der nettopp det å kunne skilje mellom formelle og uformelle relasjonar er ein viktig del av dei demokratiske spelereglane.

Analysar av sosiale nettverk har lange tradisjonar innan sosiologi og sosialantropologi. Fagfeltet vaks fram mellom anna frå ulike sosiologiske forskingsprosjekt ved universiteta i Harvard og Manchester på 1960-talet. Inspirasjonen vart henta frå kjende samfunnsteoretikarar som Durkheim og Simmel, og særleg frå den strukturfunksjonalistiske forskningstradisjonen inspirert av Radcliffe-Brown. Desse teoretikarane skildra sosiale system som seinare har vorte karakterisert som sosiale nettverk, men sjølve nytta dei ikkje dette omgrepet.¹⁷⁹ Også Eilert Sundt sine studiar av det norske bondesamfunnet på 1800-talet har vorte karakterisert som eit tidleg døme på nettverksanalyse,¹⁸⁰ men det var først seinare at eit norsk lokalsamfunn skulle bli gjenstand for det som av mange blir rekna som den første studien der omgrepet sosiale nettverk fekk ein eksplisitt analytisk funksjon.¹⁸¹ I 1950-åra utførte den britiske antropologen John Barnes eit banebrytande arbeid med å kartlegge dei sosiale relasjonane mellom innbyggerane i det vesle fiskeværet Bremnes på Bømlo i Sunnhordland. Han skildra det sosiale universet til innbyggerane i fiskeværet ved hjelp av omgrep som «partielle» nettverk som til saman utgjorde det «totale» nettverket av slektskap, venskap og naboskap i den vesle bygda. For å visualisere det sosiale nettverket teikna Barnes punkt i eit diagram som representerte personar og linjer mellom punkta for å vise relasjonar mellom desse personane. Dermed vart det skapt eit visuelt uttrykk for tettleik, intimitet og kompleksitet i nettverket – eit såkalla sosiogram.¹⁸² Det empiriske materialet vart representert som matematiske formlar, og analysert ved hjelp av mellom anna grafteori. Slik kunne ein til dømes kvantifisere graden av interaksjon i

¹⁷⁹ Scott 1991 gir eit breitt oversyn over utvikling innan fagfeltet Social Network Analysis (SNA).

¹⁸⁰ Av til dømes Douglas Caulkins 1981, referert i Schiefloe 1992: 17.

¹⁸¹ Sjå til dømes Schiefloe 1985; Schiefloe 1992: 17 f.; Bø 1993: 53 f. og 61; Eriksen 2000: 126.

¹⁸² Bø 1993: 53-56; Scott 1991: 8-9. Slike sosiogram vart eigentleg utvikla av ei anna retning innan nettverksforskninga som fokuserte på utviklinga av kvantitative metodar for nettverksstudium innan psykologi og sosiologi. Den første som utvikla sosiogrammet var italienaren Jacob Moreno i 1934. Saman med fleire tyske vitenskapsmenn, m.a. Kurt Lewin og Fritz Heider, hadde han søkt tilflukt i USA under Hitlers naziregime.

eit sosialt nettverk jamført med eit anna, og klassifisere ulike typar sosiale nettverk. Dei siste tiåra har den kvantitative og kvalitative retninga innan nettverksgranskinga vakse saman i eit meir tverrfagleg miljø, samstundes som feltet har opplevd ein formidabel ekspansjon.¹⁸³

Historievitskapen har, som nemnt, også latt seg inspirere av teoriar om sosiale nettverk. I første omgang vart det mest nytta som eit språkleg bilete for å understreke kompleksiteten og dynamikken i sosiale band og kryssande alliansar, men i dei siste tiåra også som eksplisitte analytiske tilnærmingar i undersøkingar av maktrelasjonar i historiske kontekstar. I Norden har denne forskinga særskilt retta seg inn mot tidleg moderne tid. Til dømes har ei forskargruppe med utgangspunkt i Uppsala Universitet arbeidd med å tillempe teoriar om sosiale nettverk til studiar av historiske miljø i Sverige frå 1600-talet til moderne tid. Til dømes vart det publisert tre doktoravhandlingar i 1998 med utgangspunkt i dette forskarmiljøet som metodisk var baserte på nettverksanalyse.¹⁸⁴ Fellesnemnaren for desse tre arbeida var eit behov for å utvikle eit kvalitativt nettverksomgrep som tok utgangspunkt i kva rolle nettverk spela for individa og for samfunna dei var ein del av.¹⁸⁵ I Gunneriusson m.fl. (2002) lanserte denne forskargruppa ein teoretisk modell mynta på historiske problemstillingar, men basert på ei rekkje lånte omgrep frå ulikt hald innan den moderne samfunnsvitskaplege teoriproduksjonen, i første rekkje Pierre Bourdieu, Marcel Mauss og Niklas Luhmann.

Modellen tek utgangspunkt i det sosiale nettverket forstått som ei særskilt form for organisering av mellommenneskelege relasjonar. Relatert til ein typologi over ulike former for samfunnsorganisering, vert *nettverket* forstått som ein av fleire idealtypiske former for sosial organisering, saman med *hierarkiet* og *marknaden*.¹⁸⁶ Det er kombinasjonen av formelle og uformelle prinsipp som organiserer relasjonane mellom aktørane som gjer det til eit hierarki eller eit nettverk. Det betyr også at dei ulike organisasjonsformene eksisterer parallelt: «Nätverk fins alltså även inom empiriskt

¹⁸³ Schiefloe 1992:18. Sjå også Müller 2001: 5; Bø 1993: 60 ff; Johnson 1994: 116. Sosialantropologane dominerte dette fagfeltet fram til 1970, representert ved namn som Mitchell, Bott og Barnes. Etter den tid har fagfeltet i stor grad vore dominert av sosiologar (Johnson 1994: 142).

¹⁸⁴ Hasselberg 1998; Müller 1998; Stenlås 1998.

¹⁸⁵ Hasselberg, m. fl. 2002: 8.

¹⁸⁶ Denne typologien er basert på Walter W. Powell i Thompson 1991, sjå elles Hasselberg, m. fl. 2002: 14-15 for utfyllande referansar.

iakttagbara organisasjoner liksom på marknader. Det er principerna som styr agerandet vi talar om och dessa finns ofta parallellt, sida vid sida på samma plats och i samma människa.»¹⁸⁷ Nemninga nettverk blir her nytta både om det sosiale systemet, den særskilte forma for samfunnsorganisasjon vi kan kalle eit sosialt nettverk, og om den særskilte forma for interaksjon mellom dei sosiale aktørane i dette systemet.¹⁸⁸ Modellen freistar altså å famne om både strukturelle og relasjonelle sider av sosiale nettverk. Det er likevel det relasjonelle som har det primære fokus, men måten aktørane interagerer på som er avgjerande for om vi kan kalle systemet eit nettverk eller ikkje.

Uppsalagruppa definerer nettverksrelasjon som ein horisontal relasjon basert på gjensidig personleg tillit.¹⁸⁹ Vidare vert det hevda at slike nettverksrelasjonar har ein særskilt *funksjon* for aktørane. Dei fungerer etter særskilte *reglar* og baserer seg på forventning om utveksling av *ressursar*. Funksjon vert her i hovudsak relatert til aktørane som inngår nettverksrelasjonar, og den viktigaste funksjonen sosiale nettverk har, er at dei genererer *utbyte* for aktørane som inngår i relasjonen.¹⁹⁰ Utsiktene til utbyte, i form av sosiale eller materielle godar, vert oppfatta som sjølve drivkrafta i nettverket. Utan utveksling av ressursar gir ikkje sosiale nettverk mening.¹⁹¹

Marcel Mauss teori om gåveutveksling vert nytta for å forklare kva rolle utveksling av ressursar spelar i sosiale nettverk.¹⁹² Teorien byggjer på prinsippet om at ei gåve krev ei motgåve. Det betyr at det å gi skapar sosiale forventningar om at mottakaren av gåva må gi noko attende. Verdien av gåva er ikkje vesentleg. Gåveutveksling vert dermed ein mekanisme for å etablere og stadfeste gjensidige forventningar og tillit mellom to partar. Slike forventningar er også relaterte til det å skape eller reprodusere sosiale posisjonar. For å oppretthalde ein sosiale posisjon må den enkelte aktør vere villig, og i stand til, å gjengjelde straumen av gåver og tenester som måtte tilkome han frå aktørar på tilsvarande sosiale plan. Gåveutveksling som sosial

¹⁸⁷ Gunneriusson 2002a: 15-16.

¹⁸⁸ Sjå til dømes Gunneriusson 2002a: 17.

¹⁸⁹ «Vi definerar en nätverksrelation som en horisontell relation byggd på ömsesidigt personligt förtroende.» Gunneriusson 2002a: 18.

¹⁹⁰ Gunneriusson 2002a: 18.

¹⁹¹ Gunneriusson 2002a: 18.

¹⁹² Marcel Mauss (1872-1950) sitt mest kjente verk er «Essai sur le don» (Norsk: Gaven) frå 1925. Hovudbodskapen i 'Gaven' er at plikta til å gi og ta i mot utgjer det normative grunnlaget for sosiale fellesskap. Samfunn vert halde ved like gjennom slike system av forpliktande relasjonar, jf. Mauss 1995, omsett og kommentert av Thomas Hylland Eriksen.

praksis skapar dermed tillit mellom partane i ein nettverksrelasjon og plasserer aktørane i eit sosialt rom definert gjennom sosiale posisjonar.

Medan Mauss blir nytta til å forklare korleis relasjonar kan oppstå og haldast ved like, nyttar Uppsalagruppa sosiologen Niklas Luhmanns teori om tillit til å forklare kvifor enkelte sosiale relasjonar blir sterke medan andre ikkje fungerer i det heile. Luhmann ser tillit som eit overskotsfenomen, eit resultat av handling som overskrir det som kan forventast i den enkelte situasjon: «Handlingen utgör ett överskottsuppträdande som ingen kan kräva och som därför genererar krav på tacksamhet.»¹⁹³ På denne måten kan den overskridande, tillitsskapande handlinga tolkast som ei immateriell gåve som skapar forventningar om framtidig praksis og som dermed også er med på å skape inntrykk av kontroll og oversikt over framtidig praksis for aktørane.¹⁹⁴

Den enkelte si evne og vilje til å etablere tillitsfulle relasjonar med andre menneske, og dermed bygge opp sosiale nettverk, heng også saman med ei rekkje andre, *historisk* bestemte forhold. Den enkelte sin sosiale posisjon eller klassetilhøyrse er både eit produkt av, og ein viktig katalysator for å inngå i nye sosiale relasjonar. Her spelar kulturelle kodar og identitet også ei viktig rolle. Hasselberg mfl. nemner praksisen innan enkelte elitegrupper der foreldre vel å late barna vekse opp hos andre familiar på same sosiale nivå, eller sender dei på internatskular, som ein måte å sikre seg at barna får kunnskapar om dei rette kulturelle kodane og etablerer kontaktar med menneske som i framtida kan kome til å inneha viktige posisjonar. På dette punktet har Uppsalagruppa tilført nettverksteorien ein viktig historisk dimensjon. Dei historiserer fenomenet sosiale nettverk, og gir det dermed forklaringskraft for samfunnsmessig utvikling.

Til no har vi sett på historiske tilnærmingar til nettverk med hovudvekt på tidleg- og moderne tid. I Norden fins der få dømer på historiske analyser av nettverk i mellomalderen, sjølv om vi, som nemnt, møter omgrepet brukt metaforisk. Lars Hermansons si avhandling om den danske elitens maktposisjonar i andre halvdel av 1100-talet er her eit unntak. Sjølv om den ikkje har ei klar teoretisk forankring som

¹⁹³ Gunneriusson 2002a: 22. Gunneriusson et.al. refererer i hovudsak til Luhmann 1979.

¹⁹⁴ For Luhmann er dette eit sentralt moment ettersom han er oppteken av samanengen mellom nettverksrelasjonar og fråveret av institusjonar som tryggar tilveret til den enkelte aktør. Nettverket vert dermed ein måte å skape stabilitet og kontroll i ustabile omgjevnader.

nettverksanalyse, er den eit godt døme på korleis eit fokus på nettverk kan synleggjere endringar i maktstrukturane innan eliten. Hermanson hevdar at: «ett medlemskap i ett politiskt inflytelsesrikt nätverk var utan tvivel en grundförutsättning för att tillhöra eliten.»¹⁹⁵ Dei politiske konfliktane i det danske samfunnet i denne tida stod, etter Hermansons oppfatning, ikkje mellom klart definerte interessegrupper eller institusjonar, men mellom ulike konkurrerande nettverk av elitens medlemmer.¹⁹⁶ I det sosiale universet som Hermanson skildrar er nettverka kollektive aktørar med ambisjonar og evner til å påverke makttilhøva innetter i den politiske eliten. Han har til dømes gitt nettverka egne namn, som «Skjalmkollektivet», som ytterlegare gir desse nettverka ein kollektivt let. Dette reiser eit viktig spørsmål i historisk samanheng om tilhøvet mellom strukturar og aktørar. Skal vi konseptualisere nettverket først og fremst som ein sosial kategori, eller skal vi forstå det, slik som Hermanson, som konkrete sosiale grupper, dvs. empirisk observerbare, kollektive aktørar?¹⁹⁷

Sosialantropologen Jeremy Boissevain er opptatt nettopp av dette skiljet mellom sosiale nettverk forstått som kategori og som faktiske grupper. Boissevain opererer med eit kontinuum som spanner frå samhandlande individ i eine enden til samhandlande, eller «korporerte», grupper i den andre.¹⁹⁸ Ved hjelp av eit slikt kontinuum vil han vise korleis ulike typar sosiale formasjonar kan plasserast langssette aksen mellom individ og gruppe, og korleis ein sosial konstallasjon endrar form over tid.¹⁹⁹ Nærast individet på denne aksen plasserer han sosiale nettverk. Nettverk vert definert som kjeder av individ ein bestemt aktør har kontakt med eller kan ha kontakt med.²⁰⁰ Relasjonane kryssar og er i prinsippet uendelege. Slik sett, meiner Boissevain, kan alt sosialt liv framstillast som eit sosialt nettverk, eller ei sosial matrise, som dannar grunnlag for ulike former for kollektiv handling: «In some respects, all of social life can be seen as a

¹⁹⁵ Hermanson 2000: 46.

¹⁹⁶ Hermanson 2000: 45-46, 267.

¹⁹⁷ Jf. Jensen 2002b: 3 i opposisjon til Hermansons avhandling; Brathetland 2003c: 309.

¹⁹⁸ Corporate groups (norsk = korporert gruppe el. korporasjon) – i antropologien eit omgrep for ei gruppe som forvaltar noko felles, ofte kjenneteikna av kollektiv aktivitet (Bojer & Bjørndal 1993: «Korporasjon»). Boissevain sluttar seg såleis til forskningstradisjonen som reserverer gruppeomgrepet til samanslutningar av individ som ikkje berre samhandlar, men som også deler ein oppfatning av felles interesser, reglar og normer, jf. Boissevain 1968: 545-6.

¹⁹⁹ Boissevain 1968: 546.

²⁰⁰ Boissevain 1968: 546.

network. This network is the social matrix from which groups and other social forms crystallise or are constructed. It has definite structural characters».²⁰¹ Boissevain oppfattar altså ikkje sosiale nettverk som grupper i sosiologisk tyding, men som strukturar som skapar føresetnader for at grupper, eller koalisjonar av individ, kan oppstå.²⁰²

Koalisjonar rekrutterte med utgangspunkt i ein person sitt sosiale nettverk kallar Boissevain *kvasigrupper* eller *koalisjonar*.²⁰³ Desse kan ta mange ulike former, men dei har til felles at medlemmene er knytt til ein eller fleire andre sentrale personar i gruppa gjennom eit personleg band. Særskilt viktig i vår samanheng er ein spesiell type koalisjon, personlege konfliktgrupper, såkalla *faksjonar*. Omgrepet faksjon vert gjerne nytta om ei gruppe individ som ikkje samhandlar av di dei har felles ideologi, men av di dei har ein nettverksrelasjon til ein eller fleire sentrale personar i gruppa.²⁰⁴ Faksjonar oppstår på grunnlag av interessekonfliktar mellom ein eller fleire personar innan eit sosialt rom,²⁰⁵ og er difor *ekskluderande* i den forstand at ein person ikkje kan høyre til meir enn ein faksjon om gongen. I motsetnad til sosiale nettverk dannar slike faksjonar difor klart definerte grupper sjølv om dei er bundne saman gjennom nettverksliknande strukturar til ein leiar eller ei gruppe leiande aktørar. Faksjonar kan få namn, til dømes «baglarar» eller «birkebeinarar», og faksjonar som er stabile over lengre tid kan utvikle ein felles ideologi, forvalte felles ressursar og fordele administrative oppgåver. Faksjonar kan dermed utvikle seg til å bli 'ekte' sosiale grupper, korporasjonar, og flytte seg bortover Boissevains kontinuum. Den korporerte gruppa blir typisk halden saman av ei førestilling om ein felles identitet og reglar for medlemskap uavhengig av personleg tilknytning.

²⁰¹ Boissevain 1968: 546.

²⁰² Boissevain skil mellom nettverk som ein sosial kategori og koalisjonar som oppstår med utgangspunkt i slike kategoriar. Personar relaterte til eit individ på ulike vis kan klassifiserast som denne personen sitt nettverk – det vil seie dei utgjer ein *sosial kategori* av menneske som under ulike omstende kan mobiliserast til ein *koalisjon* av individ, jf. Boissevain 1971: 468-471.

²⁰³ Boissevain diskuterer desse omgrepa spesielt i relasjon til A. Mayers omgrep 'interactive quasi-group' (Boissevain 1971). Han konkluderer han med at kvasigrupper slik han sjølv definerer det er 'koalisjonar', medan Mayers kvasigrupper er 'kategoriar'. Han oppmodar difor om å gå bort frå omgrepet 'kvasigrupper' av di det kan vere misvisande, og halde fast på omgrepet koalisjonar.

²⁰⁴ Boissevain 1968: 551: «By 'faction' I mean an exclusive coalition of persons (followers) recruited personally according to structurally diverse principles by or on behalf of a person in conflict with another person or persons within the same unit over honour and/or resources.» Jf. også *faksjon* i Bojer & Bjørndal 1993: 100.

²⁰⁵ Boissevain nyttar omgrepet «social unit» som eg her har omsett med «sosialt rom». Boissevains bruk av dette omgrepet ligg nære Bourdieus konseptualisering av felt, jf. Boissevain 1968: 551 og Bourdieu 1985: 724.

Korleis kan historievitenskapen gjere seg nytte av sosiale nettverk som analytisk kategori? Nytt metaforisk kan sosiale nettverk forståast og framstillast som strukturar av uendelege kryssande band, slik vi såg fleire historikarar har gjort i samband med skildringar av det norrøne samfunnet. Men det er ikkje mogeleg å isolere slike nettverk, og det blir meiningslaust å tale om strategiar og funksjonar knytt til nettverk. Dersom nettverk skal kunne nyttast analytisk til å vise korleis relasjonar og interaksjon mellom aktørar fekk konsekvensar for til dømes endringar i maktforhold, må vi kunne skilje mellom slike nettverk og alminneleg samhandling mellom mennesker. Eksempla på historiske nettverksanalyser eg har vist til her konseptualiserer nettverk på ein måte som ligg nært opp til dei nettverksliknande kvasigruppene som Boissevain skildrar. Hasselberg m. fl. poengterer at det dreier seg om *reelle* konstellasjonar mellom menneske: «Genom interaktionssättet nätverk skapas reella konstellationer mellan människor, altså mer påtagliga «informella organisationer» som vi också kan kalla nätverk».²⁰⁶ Historikaren Erik Opsahl har argumentert tilsvarande. Hans definisjon av sosiale nettverk legg særskilt vekt på at nettverk er ein strategi, som eksisterer av di det er hensiktsmessig for aktørane:

[Sosiale nettverk er] forbindelser mellom mennesker som bidrar til å fremme eller opprettholde de berørte menneskenes interesser i samfunnet. Det kan være forbindelser som de enkelte personene dels sjøl aktivt har gått inn for å danne, dels arvet eller fått på en annen måte.²⁰⁷

I denne avhandlinga blir omgrepet sosiale nettverk nytta analytisk slik Boissevain skildrar nettverksliknande grupper, der individa er kopla til einannan gjennom ulike former for personlege band. Graden av interaksjon mellom aktørane ville variere, og grupper som heldt seg stabile over tid kunne utvikle førestillingar om fellesskap som gav grunnlag for fastare organisering og institusjonell utvikling.

Det politiske feltet

Maktkampen mellom elitens medlemmer på 1100-talet føregjekk i eit sosialt rom der det fanst oppfatningar av kven som kunne delta, kva slags posisjonar dei enkelte hadde og kva som var akseptabel åtferd. Makt var enno i liten grad forankra i institusjonar,

²⁰⁶ Hasselberg, m. fl. 2002: 26.

²⁰⁷ Opsahl 1999: 233-234. Kursiv i original.

men snarare knytt til private ressursar og personlege eigenskapar. Politisk makt bygde i vesentleg grad på personleg tilslutning, og dermed spela den enkelte si evne til å etablere nettverk av støttespelarar ei viktig rolle.²⁰⁸ Det betyr også at det er vanskeleg å skilje ‘politisk’ åtferd frå anna åtferd. Bourdieus omgrep *felt* er nyttig for å få grep om kva det betyr når vi nyttar omgrep som det ‘politiske’ feltet eller kallar åtferd og strategiar for ‘politiske’.

Bourdieu definerer felt som «eit sosialt strukturert rom, der agentane slåss ut frå den posisjonen dei fyller innafor dette rommet».²⁰⁹ Bourdieu samanliknar feltet med «eit *nettverk*, eller som det indre forholdet av objektive samband mellom posisjonar.» Til dømes kan det kunstnariske feltet, det religiøse feltet eller det politiske feltet reknast som skodeplassar for maktkampar styrd av ulike felt-logikkar.²¹⁰ Eit felt har sine egne reglar for korleis interaksjonen i feltet skal skje. Slike reglar, eller feltspesifikk kultur, definerer også aktørane sine posisjonar i feltet. Posisjonane som konstituerer feltet, vert skapt gjennom ein stendig konkurranse mellom aktørane om ulike former for kapital tilgjengeleg i feltet.

Bourdieu opererer med fire grunnleggjande kapitaltypar som han meiner utgjør innsatsar og vinstar i eit kvart felt:²¹¹ *Økonomisk kapital* refererer til materielle verdiar og kjennskap til økonomiske spelereglar.²¹² *Kulturelle kapital* omfattar ibuande eigenskapar, vanar, uttrykksmåtar og akkumulerte kulturelle objekt. Den *sosiale kapitalen* er summen av faktiske og potensielle ressursar som kan mobiliserast gjennom aktørane sine sosiale nettverk.²¹³ Den fjerde og siste kapitalforma, den *symbolske kapitalen*, er ein slags metakapital. Det er gjennom denne at dei andre kapitalformene får verdi. Symbolsk kapital vert skapt gjennom ei bevisstgjerjing av kva slags kapital dei enkelte aktørane disponerer og kva slags verdi ulike kapitalformer har innan det enkelte

²⁰⁸ Bagge 2003c: kap. 2.; Bagge 1998: 41-44, 66; Hermanson 2000: 12-13.

²⁰⁹ Bourdieu, m. fl. 1993: 34.

²¹⁰ Bourdieu, m. fl. 1993: 83. Mi kursivering.

²¹¹ Bourdieus kapitalomgrep inngår i varierende grad i fleire av tekstane hans. Den mest eksplisitte diskusjonen er å finne i Bourdieu 1986. Sjå også Bourdieu, m. fl. 1993: 104 ff.; Bourdieu 1989; Bourdieu 1989; Lamaison & Bourdieu 1986. Bourdieus kapitalomgrep er også diskutert i ei rekkje andre arbeid, m.a. Anheier, m. fl. 1995; Broady 2002: 53-61; Hasselberg, m. fl. 2002: 26-31; Nooy 2003: 317-325. Broady 1984 inneheld ei nyttig liste med forklaringar av ulike nøkkelomgrep i Bourdieus sosiologi.

²¹² Broady 2002: 53.

²¹³ Bourdieu, m. fl. 1993: 104.

sosiale felt. Symbolsk kapital produserer dermed det vi gjerne kallar *sosial status*, og oppstår ved at aktørane i feltet tilkjenner ulike kapitalformer verdi og posisjonere aktørar i det sosiale rom ut frå oppfatningane av slike verdier. Såleis er symbolsk kapital «nothing other than economic or cultural capital when it is known and recognized, when it is known through the categories of perception that it imposes.»²¹⁴ Symbolsk kapital handlar dermed også om makt, både i form av vinstar knytte til dei sosiale posisjonane, og ikkje minst i form av retten til å definere verdien av dei ulike kapitalformene i feltet, dvs. retten til å konstruere kollektive oppfatningar av den sosiale verda. All feltaktivitet kan dermed oppfattast som ein konkurranse, eller ein symbolsk maktkamp, mellom aktørar som freistar å få gjennomslag for sine tolkingar av den sosiale verda.²¹⁵

Historikaren Håkan Gunneriusson har problematisert tilhøvet mellom omgrepa nettverk og felt. Gunneriusson ser desse som to komplimenterande omgrep som til saman gir ein god forklaringsmodell for korleis sosiale nettverk fungerer: «fältet beskriver ett antal positioners relativa förhållande till varandra medan nätverket beskriver kvalitativa sociala relationer.»²¹⁶ Medan feltteori gir struktur til empirien som blir undersøkt og illustrerer dynamikken i feltet, treng vi, ifølgje Gunneriusson, nettverksteori for å forklare kvifor enkelte aktørar lukkast med sine strategiar i feltet medan andre mislukkast.²¹⁷ Analytisk sett kan dermed nettverksomgrepet nyttast for å skildre den sosiale interaksjonen mellom aktørar i eit felt. Nettverket sine aktørar har såleis opphav i feltet, men det kan finnast fleire nettverk innan eit og same felt, og styrken i dette omgrepet viser seg nettopp i avdekkinga av konkurranse, strid eller samarbeid mellom ulike nettverk i eit felt. Sidan nettverkrelasjonane er personlege, byggjer på tillit mellom to partar og er uformelle, er nettverka ikkje særleg kjenslevare for endringar i maktstrukturane i feltet. Dei er, ifølgje Gunneriusson, stabile og konserverande.

Bourdieu's feltteori kan ikkje overførast direkte til den politiske arenaen for den norske eliten på 1100-talet. Bourdieu ser nemleg framveksten av felt som eit teikn på den sosiale differensieringa som fann stad i samband med etableringa av moderne

²¹⁴ Bourdieu 1989: 21.

²¹⁵ «Symbolic power», jf. Bourdieu 1989 19-24.

²¹⁶ Gunneriusson 2002b: 36.

²¹⁷ Gunneriusson 2002b: 38.

statlege institusjonar. Omgrepet felt vert dermed knytt til framveksten av det moderne vestlege samfunnet, medan mellomaldersamfunnet denne avhandlinga konsentrerer seg om, framstår som ei blanding av førstatelege og statlege trekk. Men Bourdieu er også oppteken av at framveksten av det politiske feltet skjer i analogi med framveksten av staten. Dei er to sider av same sak: «konstruksjonen av staten går saman med konstruksjonen av maktfeltet».²¹⁸ Med utgangspunkt i oppfatninga av at 1100-talet i norsk historie representerer framveksten av eit statleg og kyrkjeleg byråkrati, kan dermed omgrepet felt fungere som inntak til å seie noko om korleis politisk makt oppstår og kvifor enkelte aktørar eller grupper av aktørar evnar å dominere andre i det politiske feltet. Dette føreset like fullt at vi oppfattar det politiske feltet som uferdig og flytande.

Dei *feltspesifikke* reglane var enno ikkje er fullt utvikla. Det betyr ikkje at aktørane i det politiske feltet vanta spelereglar og normer for passande framferd, men vi kan enno ikkje skilje dei ut som særskilt *politiske*. Reglar og normer som galdt i det private samfunnslivet, fungerte også til å strukturere økonomiske eller politiske praksisar. Sagt med litt andre ord: det moderne skiljet mellom det private og det offentlege, mellom privatpersonen og politikaren, er eit resultat av konstruksjonen av autonome felt med feltspesifikke reglar og normer for praksisar knytt til kvart enkelt felt. God praksis i eit felt er ikkje utan vidare god praksis i eit anna felt. Moderne førestillingar om korrupsjon er til dømes eit uttrykk for freistnader på å hindre at praksisar knytt til det private feltet vert overført til andre felt der slike praksisar ikkje er legitimt funderte i normsystemet. Den opne feltstrukturen i mellomaldersamfunnet, eller mangelen på klårt definerte felt, betyr at vi i større grad har å gjere med *eitt* grunnleggjande normsystem som ser ut til å dominere ei rekkje ulike sosiale arenaer. Dette medfører mellom anna at ressursar og posisjonar som definerer tilhøvet mellom aktørar på *ein* kamparena lettare kan overførast til *andre* arenaer.

Bourdieu insisterte på at felt måtte studerast historisk.²¹⁹ Kvart felt vert styrt av spesifikke normer og reglar og ikkje minst av aktørane sine historiske erfaringar. Vi skal no sjå nærare på korleis det politiske feltet som eliten i Noreg under innbyrdesstridane opererte på kan skildrast.

²¹⁸ Bourdieu, m. fl. 1993: 99-100.

²¹⁹ Bourdieu 1985: 738-239; Bourdieu 1986: 241.

Eliten i den norrøne terminologien

Posisjonar i det politiske feltet var på 1100-talet oppe for konkurranse frå aktørar som hadde tilstrekkeleg kapital til å ta del i aktivitetane knytt til feltet. Dette var ikkje noko einsarta gruppe ettersom ei rekkje *ulike former* for kapital var gyldige, og dette gav relativt stort rom for sosial mobilitet. Særskilt gav den *sosiale* kapitalen høve til deltaking for aktørar som økonomisk sett stod svakt. Slik ser vi at også storbønder, som ikkje hadde økonomiske ressursar som kunne måle seg med dei mest velstående, kunne spele ei aktiv rolle gjennom sine venskap- og slektskapsrelasjonar til meir sentrale aktørar. Dersom slike nykomarar gjorde suksess på det politiske feltet, kunne det i sin tur føre til akkumulasjon av andre former for kapital og dermed over tid legitimere tilgangen til deltakinga i feltet. Det politiske feltet var såleis relativt dynamisk. Det knytte seg enno ikkje til ei eksklusiv gruppe med formelle økonomiske, juridiske, kulturelle eller sosiale rettar, slik vi ser seinare med framveksten av ein adel.

Det fanst heller ikkje noko einskild nemning i samtida som sikta mot å skilje ut eliten som ei særskild gruppe. Historikarar har tradisjonelt nytta omgrepet *aristokrati* lausleg om toppsjiktet i det norske samfunnet i mellomalderen,²²⁰ ofte med atterhald om at det ikkje dreier seg om ei eksklusiv gruppe, i motsetnad til *adel*. Aristokrati blir slik sett samanfallande med nemninga *elite*: ei gruppe personar som i kraft av sine posisjonar er i stand til å utøve makt og mynde.²²¹ Men om samtida vanta ei nemning for elite, fanst der fleire termar som hadde til hensikt å etablere ulike posisjonar i det sosio-politiske feltet. Her kan det vere nyttig å skilje mellom uformelle og formelle posisjonar, ettersom nokre av posisjonane eliten konkurrerte om til ein viss grad var formaliserte gjennom lovverket. Fram til midten av 1200-talet var graden av formalisering likevel ikkje komen lenger enn at dei uformelle maktstrukturane framleis var ein viktig føresetnad for både tilgangen og utøvinga av dei formelle posisjonane. Vi skal først sjå kva for nemningar kjeldene nyttar for å etablere uformelle posisjonar i det sosio-politiske feltet, før vi ser på dei meir formaliserte posisjonane som utvikla seg gjennom framveksten av kongelege og kyrkjelege institusjonar.

²²⁰ Helle 1974: 30-32.

²²¹ Jf. definisjon av 'élite' i Merriam-Webster's collegiate dictionary 1996.

Det næraste vi kjem eit kollektiv omgrep for den norske eliten på 1100-talet er nemninga *stormenn*, på norrønt anten *stórmenni* (stormenn, storfolk) eller *ríkismenn* (mektige menn, stormenn), ettersom desse gjerne blir nytta synonymt.²²² Desse to termene, *stórmenni* og *ríkismenn*, blir mellom anna nytta for å avgrense eliten frå vanlege folk. Ss skildrar tilhøvet mellom Magnus Erlingsson og eliten slik: «På denne tid hadde Magnus og Erling stor støtte av de mektige menn (*ríkismönnum*) og av hele almuen (*alþýðu*)».²²³ Om sønene til Magnus Berrføtt seier Snorre: «Da disse brødrene var konger i Norge, tok de bort mange av de pålegg som danene hadde lagt på folket da Svein Alfivuson styrte landet, og derfor ble de likt særlig godt både av allmuen (*alþýðu*) og av stomennene (*stórmenni*)».²²⁴ Nokre gonger kan vi identifisere slike stormenn ved at forfatarane nemner namn som døme: «Der ble Erling jarls sønn Sigurd med og mange andre stormenn (*ríkismenn*)».²²⁵ Men den vanlegaste bruken syner kollektivt til personar som kongar og kongsemne knytte til seg, og som var sentrale i utøvinga av kongens mynde. Slik sett romma gruppa av stormenn også ei meir finmaska inndeling av sosiale posisjonar og funksjonar i eliten. Dette ser vi mellom anna av Sverres sagas skildring av kong Magnus Erlingssons maktgrunnlag, der nemninga stormenn står som uttrykk for den politiske eliten, som romma både sentrale hirdmenn og kongstenestemenn med veitsle: «Kong Magnus hadde med seg alle stormennene (*hina stærstu menn*) som var i landet, noen var i hirden hos ham, noen satt med inntekter av jordegodset hans. Hele folket (*alþýðu*) var også enig om å heve ham til makt og støtte ham.»²²⁶

Kor gjekk så grensa mellom folket og eliten? Hkr og Fsk omtalar Sigurd Jorsalfares førebuingar til krossferda slik: «Til denne ferda budde mange stormenn (*ríkismenn*) seg, både lendmenn og mektige bønder.»²²⁷ Her vert også bønder utan lendmannsrang rekna som ein del av gruppa stormenn. Msk nemner ikkje bøndene på denne staden, men nøyer seg med «lendmenn og andre stormenn».²²⁸ Dette teiknar eit

²²² *Stórmenni*: Hkr: 541, 559, 600, 625; Fsk: 327, 364, 376, 361; Ss: 18, 125. *Ríkismenn*: Hkr: 533, 541, 555-577, 619-620, 631; Msk: 338; Ss: 4, 50, 97-98, 108, 132, 141, 167, 199; Bogl: 259. Sjå også Svenningsen 2002: 8.

²²³ Ss: 4, her i omsetjinga til Ss-Ho: 21.

²²⁴ Hkr: 541, her i omsetjinga til Hkr-Hø, bd. 2: 250.

²²⁵ Ss: 167, her i omsetjinga til Ss-Ho: 183.

²²⁶ Ss: 4, her i omsetjinga til Ss-Ho: 21.

²²⁷ Hkr: 533 (mi omsetjing); Fsk: 328.

²²⁸ Msk: 338: »repose til þessar með Sigurði konvngi margir lendir menn. oc aðrir ríkismenn.»

bilete av ein elite der rike bønder og bondesøner utgjorde den perifere randsona. Slike velstående bønder bygde maktgrunnlaget sitt i hovudsak på inntekter frå jordeigedomar, og kunne avansere økonomisk og sosialt ved å delta i utferder slik som Sigurd Jorsalfares krossferd. Ekteskap, frillehald og fostring av born kunne også skape relasjonar mellom familiar, og medverke til utveksling av tenester og til sosialt avansement.²²⁹

Grensa mellom den ueinsarta gruppa av stormenn og «folket» kan altså dragast ein stad i det øvste sjiktet blant bønder. Oppover inkluderte den alle slags velstående og mektige menn som spela ei rolle på det politiske planet, omframt kongen sjølv.²³⁰ Toppsjiktet i stormannskrinen blir kollektivt uttrykt gjennom termen hovding (høfdingi). Etymologisk er ordet avleia av substantivet «hovud»,²³¹ og som hovdingen styrer hovudet dei andre lekamsdelane i kroppen. Eit døme frå Ss illustrerer denne koplinga: ein hærflokk mista hovdingen sin i eit slag, og sagaforfattaren kallar den hovdinglause flokken for «hovudlause menn».²³² Termen hovding signaliserer altså leiarskap, og rommar eit sett av førestillingar om godt leiarskap, uttrykt gjennom adjektivet «høfðingliga», det vil seie framferd som høver seg for ein hovding, og substantivet «høfðingskapr» som kan omsetjast med «hovdingskap».²³³

I samtidssagaene ser vi termen hovding nytta på ulike måtar. Den refererer kollektivt til det øvste sjiktet av eliten: det som hovdingane ikkje var med på, er det ikkje verdt å skrive om, ifølgje forfattarane til Fsk og Hkr.²³⁴ Under innbyrdesstridane var hovdingane særskilt sentrale ved kongeskifte, anten ved at dei gav legitimitet til konkurrerande kongsemne,²³⁵ eller sytte for å fremje eit nytt kongsemne dersom flokken

²²⁹ Sjå til dømes feiden mellom kong Sigurd Haraldsson og Geirsteinn i Ágrip: 103-112. Sjå elles Bagge 1998: 124 og Holtan 1996. Sistnemnde gir ei brei innføring i frillehald i norsk mellomalder, men i det vesentlege sett frå kyrkja sitt perspektiv. Auður Magnúsdóttir 2001 har sett på frillehald på Island. Nygård 1997 gir ei framstilling av fostringsinstitusjonen på Island i fristatsperioden.

²³⁰ Beate Svenningsen har i ei undersøking av hovdingomgrepet i eit større utval av kjeldetypar kome til liknande konklusjon. Stormannstermen framstår også her som ein «samlebetegnelse på aristokratiet» i det minste fram til ca. 1230 (Svenningsen 2002: 117).

²³¹ «Høvding» i Falk & Torp 1991.

²³² Ss: 144. Sjå også «höfuðlauss» i Fritzner 1867 og Heggstad, m. fl. 1990.

²³³ Heggstad, m. fl. 1990. Jf. også «höfðingligr» og «höfðingjasamligr» i Fritzner 1867. Beate Svenningsen, som har undersøkt hovdingtermen i ulike fortids- og samtidssagaer og lovmateriale, diskuterer ulike måtar å forstå hovdingtermen på. Ho konkluderer med at «en høvding er en leder som ved noens støtte får herredømme over folk» (Svenningsen 2002: 123).

²³⁴ Fsk: 359; Hkr: 622.

²³⁵ Hkr: 548, 570, 596, 615; Bogl-81a: 255.

stod utan.²³⁶ Ut over dette finn vi hovdingane typisk som rådgjevarar til kongar og kongsemne²³⁷ og som hærførarar eller såkalla sveit- eller gjestehovdingar.²³⁸

Men bruken av hovdingtermen i sagalitteraturen avgrensar seg ikkje til det det øvste sjiktet i eliten, altså dei leiande blant stormennene. Den inkluderer også kongsfrendar, kongar og kongsemne og utanlandske fyrstar.²³⁹ Eit godt døme på dette finn vi i Hkr som fortel at Håkon Herdebrei vart teken til *hovding* over den flokken som hadde følgd kong Øystein, fekk kongsnamn og mange *hovdingar* valde å følgje kong Håkon.²⁴⁰ Her blir altså hovdingtermen nytta om både kongsemnet som vart leiar for flokken, og stormennene som valde å følgje han. Dette gir ein sterk indikasjon på at vi først og fremst må forstå hovdingtermen som ein sosial markør for leiarskap.²⁴¹ Medan tilgangen til stormannsgruppa til ein viss grad knytte seg til byrd, var posisjonen som hovding i større grad noko ein gjorde seg fortent til. Ein ytterlegare indikasjon på dette er at hovdingtermen blir nytta i tillegg til andre markørar for sosial status eller formell stilling. Til dømes vert Ottar Birting omtala som «lendmann og stor hovding»,²⁴² og Gregorius Dagsson som «den største hovdingen av lendmennene i Noreg».²⁴³ Kongar kunne også omtalast som gode hovdingar, som i Msk si skildring av Sigurd Jorsalfare som ein framifrå konge og ein gild hovding,²⁴⁴ eller omtalen av kong Sverre i Ss som ein sømeleg hovding.²⁴⁵

Oppfatninga av hovdingtermen som er fremja her kan nyanserast ved ei jamføring med andre empiriske studiar av hovdingterminologi. Knut Helle har i *Konge*

²³⁶ Fsk: 358; Hkr: 620-621; Ss: 132.

²³⁷ Msk: 396; Hkr: 547, 558, 586, 621; Ss: 39, 76.

²³⁸ Fsk: 371; Hkr: 597, 600, 602, 626; Ss: 38, 56, 70, 81, 134-135, 150, 155, 217, 233, 247, 258, 265.

²³⁹ Døme på namngitte hovdingar i stormannsgruppa: Fsk: 337, 373; Hkr 581, 607-608, 638; Msk: 414, 439-440; Ss: 28, 39, 122, 208, 242-244. Kongsfrendar kalla hovdingar: Hkr: 582; Msk: 440; Ss: 76, 149, 230; Bogl-81a: 256, 258, 262, 265. Kongar og kongsemne kalla hovdingar: Fsk: 351, 375; Hkr: 596, 640; Msk: 382, 413; Ss: 8, 126, 132, 145, 151, 160, 253; Bogl-81a: 256, 280. Utanlandske kongar og fyrstar kalla hovdingar: Fsk: 331; Hkr: 562, 564, 634; Msk: 343. Også kvinner og geistlege personar kunne omtalast som hovdingar (jf. Svenningsen 2002: kap. 3, 33-48). I mitt materiale fins det eit døme på det siste når biskop Nikolas Arnesson blir kalla hovding for baglarane (Ss: 198). For ei meir uttømmande analyse av hovdingtermen, inkludert kjeldeliste frå eit større materiale, sjå Svenningsen 2002.

²⁴⁰ Hkr: 596. Det er verdt å merke seg at det fins fleire døme på denne konstruksjonen (hovdingar tek eit kongsemne til hovding over flokken), jf. Jon Kuvung: Ss: 132. Håkon Sverresson: Bogl-81a: 255-256.

²⁴¹ Slik også Svenningsen 2002: 101-106, 123.

²⁴² Msk: 439; Hkr: 581. Mi kursivering.

²⁴³ Hkr: 607.

²⁴⁴ Msk: 382.

²⁴⁵ Ss: 253.

og gode menn vist at hovdingtermen, slik den kjem til uttrykk i HH og Hirdskråen i andre halvdel av 1200-talet, var reservert for toppfigurane innan eliten: konge, kongssøner, jarl, biskop og andre høggeistlege.²⁴⁶ Verken lendmenn, lagmenn eller systemenn var ein del av dette hovdingssjiktet. Beate Svenningsen, som har undersøkt hovdingtermen i eit breitt spekter av kjelder over eit lenger tidsrom (1160-1280), meiner at Helles definisjon er for snever og vanskeleg å bruke for perioden før 1250. Svenningsen har funne ein mykje meir ueinsarta bruk av omgrepet, som kan inkludere bønder og personar med låg sosial status, sjølv om den typiske hovdingen var ein mann «med en viss sosial anseelse og rang».²⁴⁷ Hovdingen slik eg skildrar han her, hamnar i ei mellomstilling. Han er ein sentral politisk figur, rekruttert frå toppen av den meir ueinsarta og større gruppa av stormenn. Han kunne gjerne vere lendmann, men trong ikkje vere det. Kongsfrendar, jarlar, biskopar og utanlandske fyrstar vart også omtala som hovdingar, i eigenskap av at dei utviste leiarskap.

Det er fullt mogeleg å plassere hovdingen under innbyrdesstridane i eit større bilete der også Svenningsen og Helle sine hovdingar får rom. Svenningsen har studert eit ueinsarta materiale som spenner vidt i tid. Ho får då naturleg nok større variasjon i funna sine enn Helle, som har konsentrert seg om eit materiale som klart gir uttrykk for kongemakta si vekst i andre halvdel av 1200-talet, og som først og fremst viser hovdingane si rolle i statsstyringa. Det er rimeleg å tenkje seg at den snevre funksjonen som hovdingane fekk gjennom møter på riksplanet gradvis vart meisla til utover på 1200-talet frå eit opnare hovdingomgrep som inkluderte eit større spekter av eliten. Samstundes er det rimeleg at det eksisterte fleire bruksområder for hovdingterminologien parallelt.

Terminologien som skildrar ulike typar posisjonar innan den norske eliten på 1100- og 1200-talet har nemleg varierende siktemål. I somme høve siktar termene til meir eller mindre formelt definerte kongelege eller geistlege tenestemenn. I andre høve fungerer termene som signal på ein aktør sine personlege eigenskapar og omdømme, og ofte var det glidande overgangar i bruken av terminologien. Helle viser nettopp korleis

²⁴⁶ Helle 1972: 108-109.

²⁴⁷ Svenningsen 2002: 97-123, her sitert 100.

terminologien for *gode menn* kunne romme både ei vid gruppe frå ulike sosiale sjikt og samstundes ha eit meir svevert institusjonelt innhald knytt til lovgjevinga og den kongelege administrasjonen.²⁴⁸ Helle si undersøkinga viser også korleis uttrykka for det institusjonelle innhaldet voks fram gradvis, i takt med veksten i kongens offentlege mynde, og etter midten av 1200-talet vart nedfelt som eit konstitusjonelt band på kongemakta i lovgjevingsteorien. I praksis derimot mangla dei faste rammene og den klart definerte avgrensinga som skulle til for at institusjonen gode menn effektivt kunne leggje band på sterke og regjeringsdyktige kongar.²⁴⁹ Det betyr at terminologien var kontekstavhengig og i mange tilfelle svært elastisk. Det same har nok vore tilfellet for hovdingterminologien.

Vi står altså ovanfor eit sosialt felt der posisjonane tilgjengelege for eliten var relativt dynamiske. Vi har sett på to posisjonar som definerer feltet: stormenn, som nærast kan nyttast synonymt med feltet, og hovdingar, som var dei øvste leiarane. Desse posisjonane var uformelle, i den forstand at dei ikkje var definerte formelt gjennom institusjonelle rammer. Men feltet inneheldt også posisjonar som hadde klarare institusjonell karakter, knytt til kongemakta og kyrkja sitt styringsapparat. I denne undersøkinga er det ikkje rom for å etterrøkje alle posisjonane elitens medlemmer hadde tilgang til i detalj, men eg vil sjå nærare på nokre av dei viktigaste for denne avhandlinga.

Blant dei institusjonelle uttrykka for kongemakta sitt mynde er *lendmannsombodet* eit av dei eldste og, under innbyrdesstridane, også eit av dei viktigaste. Etter vanleg oppfatning fekk ein lendmann inntekter frå kongeleg jordegods mot lovnad om truskap og lydnad.²⁵⁰ Vi kjenner ikkje opphavet til den norske lendmannsinstitusjonen,²⁵¹ men det er rimeleg å setje framveksten i samband med kongemakta sin freistnad på å ta eit sterkare grep om bondesamfunnet på byrjinga av 1000-talet.²⁵² Dette hindrar likevel ikkje at den kviler på ein eldre sosial elite, og at

²⁴⁸ Helle 1972: sjå særleg kap. 3.

²⁴⁹ Helle 1972: 561-573.

²⁵⁰ Andersen 1977: 279-284. Sjå også Bøe 1965.

²⁵¹ Sjå Andersen 1977: 279-284 for diskusjon av opphavet og innhaldet i lendmannsinstitusjonen. Storm 1884a freista å talfeste lendmennsinstitusjonen i ulike periodar, men konklusjonane hans kviler på svært usikkert grunnlag. Han har mellom anna også rekna med stormenn som ikkje blir omtala som lendmenn i kjeldene dersom dei var etterkommarar av kjende slekter der det tidlegare hadde førekomme lendmenn.

²⁵² Andersen 1977: 281.

kongemakta dermed knytte til seg eit allereie eksisterande sjikt av storbønder på bygdene.²⁵³ Sjølv om vi finn konkrete døme på at kongen utnemnte lendmenn på 1000- og 1100-talet, er det samstundes tydeleg at tittelen ofte gjekk i arv frå far til son gjennom generasjonar. Mykje tyder også på at veitsla på 15 mark, som skal ha vore lendmennene si løn for kongstenesta, var lita samanlikna med det private jordegodset mange av dei rådde over.²⁵⁴ Grunnlaget for lendmennene si makt på 1100-talet var difor todelt: dei var både lokale autoritetar i bondesamfunnet, med til dels omfattande private jordeigedomar til rådvelde, og kongens representantar og forvaltarar av veitslejord.²⁵⁵

I motsetnad til stormann- og hovdingposisjonen er lendmannstittelen å rekne som ein lovheimla institusjon, som gav beraren rettar og plikter nedfelt i lovverket. Lendmennene hadde ein særskild rang i landskapslovene, plassert mellom bonde og jarl. Ein lendmann var til dømes verdt dobbelt så mykje i bøter som ein odelsbonde, og skulle like eins betale det dobbelte ved lovbrøt.²⁵⁶ Lendmannen hadde også særskilde oppgåver knytt til landevern og rettshandheving, og kunne i visse høve fungere i staden for årsmannen.²⁵⁷

I tillegg til konkrete styringsfunksjonar som lendmennene tok hand om på vegner av kongemakta, vart det etablert personlege band mellom lendmann og konge. Gjennom handfestingsseremonien lova ein lendmann å vere tru mot sin konge og yte teneste og følge.²⁵⁸ Det personlege elementet i relasjonen mellom lendmann og konge gir såleis lendmannsombodet ein føydal let, men i Noreg utvikla ikkje lendmennene seg til autonome territorialfyrstar etter føydal modell.²⁵⁹ Dette blir gjerne forklart med lendmannsættene sin eksklusive ekteskaps- og godspolitikk, som gjorde det føremålstenleg å fremje sine interesser gjennom kongemakta.²⁶⁰

²⁵³ Bøe 1965: 499; Krag 1995: 148 ff.

²⁵⁴ Sjøå td. Kleivane 1981; Krag 1995: 183.

²⁵⁵ Hertzberg 1869: 37-38; Andersen 1977: 280-281.

²⁵⁶ For ei oversikt over dei ulike lovpålegga som gjaldt for lendmenn i lovene, sjå Bøe 1965.

²⁵⁷ Bøe 1965; Helle 2001: 149-152.

²⁵⁸ Andersen 1977: 279.

²⁵⁹ Ein av dei viktigaste skilnadane er at vi i Noreg berre finn det personlege bandet mellom herre og vassall på topplanet. Dei norske lendmennene som sat med veitslejord hadde heller ikkje privat jurisdiksjon i sine områder, og bøndene beheldt sin private eigedomsrett og si juridiske stilling (Helle 1974: 205-206). Lendmennene sitt gods hadde dessutan svært ofte karakter av strøgods som eigna seg dårlegare for omfattande godsøkonomi (Andersen 1977: 281).

²⁶⁰ Andersen 1977: 281.

Lendmennene var nøkkelpersonar i dei lokale og sentrale verksemdene til kongemakta på 1100-talet, samstundes med at deira posisjon og mynde i lokalsamfunna gav dei eit sterkt sjølvstendig maktgrunnlag. Under innbyrdesstridane var mange av kongsemna svært unge, og dette, saman med det faktum at konkurranse i seg sjølv svekka kongemakta si stilling, førte til at lendmennene vart leiande aktørar på den politiske arenaen. Av den grunn har 1100-talet vorte skildra som «stortida for lendmennene».²⁶¹ Storm rekna ut eit snitt på om lag 20-30 lendmenn til ei kvar tid for dette tidsrommet, men det reelle talet har truleg vore noko høgare.²⁶² Under kong Sverre og etterkomarane hans i dei første tiåra av 1200-talet kan lendmennene ha hatt ei mindre dominerande stilling. Vi må rekne med eit visst mannefall under dei intense kamphandlingane på slutten av 1100-talet, og dette i kombinasjon med at Sverre ser ut til å vore atterhalden med å utnemne nye lendmenn, gir grunnlag for rekne med ein reduksjon i talet på lendmenn. Medan lendmannsombodet i aukande grad utvikla seg til ein eksklusiv rang knytt til rikspanet i styringsverket, voks det fram ei ny gruppe kongstenestemenn som skulle ivareta kongens interesser sterkare på lokalplanet: *systemennene*.

I sagalitteraturen høyrer vi om dei første systemennene på 1160-talet, og i lovverket dukkar dei opp om lag samstundes, i lovrevisjonen til Magnus Erlingsson.²⁶³ I Sverres saga trer systemannen fram som ein fast etablert kongstenar med særskilte oppgåver knytt til den lokale forvaltninga. Det synest difor rimeleg å setje framveksten av dette ombodet til andre halvdel av 1100-talet, og å sjå etableringa i samband med kongemakta sine veksande militære og økonomiske utfordringar under innbyrdesstridane. Systemannsombodet fortrengte årmannen som kongens representant i distrikta, men fekk samstundes mykje høgare status enn denne. Det vart dermed skapt

²⁶¹ Bøe 1965: 499.

²⁶² Storm 1884a: 146-166. P. A. Munch og Ebbe Hertzberg har det høgaste talet på omlag 120 (Munch 1873: 99; Hertzberg 1869: 96-97), medan Oscar Albert Johnsen sette det til 100 (Johnsen 1936: 104) og A. Øverås til 80 (Øverås 1929: 266), sjå oversyn i Bøe 1965: 498-505; Helle 1974: 75 og Andersen 1977: 176.

²⁶³ Arne Brigdarskalle er nemnd som Håkon Herdebrei sin systemann i 1161, Hkr: 616. Rassebård blir nemnd som Magnus Erlingssons systemann i 1165, Hkr: 632. I Gulatingslova er systemennene komne inn med lovrevisjonen etter riksmøtet i 1163, Magnusteksten, jf. GL: 9, 17, 48-49, 60.

ein kongstenar som var nærare knytt til kongsmakta enn lendmennene, men med like høg samfunnsstilling. I praksis kunne lendmenn nemleg også vere systemenn.²⁶⁴

Systemennene si fremste oppgåve, slik vi møter dei under kong Sverre og etterføljarane hans på byrjinga av 1200-talet, var å sikre kongemakta militær kontroll med nye områder. Etter kvart som ombodet fekk fastare form utover 1200-talet, overtok systemannen alle lokale oppgåver som lendmannen og årmannen hadde hatt innan oppbørsel, rettshandheving og militærforvaltning.²⁶⁵

Omframnt lendmennene og systemennene finn vi andre kongstenarar knytt til både den lokale og sentrale kongelege administrasjonen. Det er ikkje råd her å gå i detalj på dei ulike tenestestillingane, men felles for det kongelege tenesteapparatet var medlemskap i *hirda*. Kongens hird omfatta alle som hadde gått kongen til hande, det vil seie «handgangne menn», og lova kongen truskap og teneste. Opphavleg var nemninga hird mynta på gruppa av hærmenn som hovdingar og fyrstar hadde i sitt følge i vikingtid og tidleg mellomalder.²⁶⁶ Ein meir nyansert bruk av termen utvikla seg etter kvart, og på 1100-talet var hirdmennene kongens livvakt, militære elitestyrke og menn med særskilte kongsbod.²⁶⁷ Under innbyrdesstridane kunne hirdmenn opphalde seg som lendmenn på eigne gardar i distriktet, såkalla «ikkje-bordfaste» hirdmenn, eller dei kunne ha sitt daglege virke ved kongen si side, som «bordfaste» hirdmenn. Som medlemmer av hirda hadde dei eit kollektivt ansvar for å stø opp om kongens verksemder og fremje lov og orden.²⁶⁸

Hirdmennene hadde ikkje berre plikt til å lyde herren sin og verne både han og riket mot ufred. Dei hadde også plikt til å verne om hirdfellesskapet og stø opp om kvarandre. Hirda utgjorde i så måte eit eige rettssamfunn som skulle løyse konflikhtar og ta avgjersler som vedkom tilhøve i hirda eller relasjonar mellom kongemakt og hird.²⁶⁹ I 1270-åra, under Magnus Lagabøte, vart gjeldande praksis kodifisert i ei eiga hirdlov, eller *Hirdskrå*, som delvis bygde på eldre lovpraksis. På dette tidspunktet kan vi tale om hirda som kjernen i eit riksaristokrati med felles standsinteresser. Desse interessene var

²⁶⁴ Andersen 1972: 652; Helle 1974: 206-207.

²⁶⁵ Andersen 1972: 652-653; Helle 1974: 207.

²⁶⁶ Hamre 1961: 568; Erslund 2000: 33.

²⁶⁷ Andersen 1977: 290.

²⁶⁸ Hamre 1961: 573-574; Helle 1974: 202.

²⁶⁹ Hamre 1961: 570.

likevel sterkt knytte til kongemakta, og kom såleis ikkje til å utgjere ein sjølvstendig politisk plattform andsynes kongemakta. Alle hirdmenn vart rekrutterte med utgangspunkt i at dei hadde lova ved eid å gå kongen til hande og tene denne trufast. Dette personlege tenenestetilhøvet mellom kongen og hirda verka konsoliderande på kongemakta i fredstid. I krigstid, med fleire konkurrerande kongsemne, som under innbyrdesstridane på 1100-talet, medverka hirdfelleskapet til å gi stridane ekstra næring. Den personlege lojaliteten og samhaldet innerter i hirda, skapte hovdinglause flokkar der kongsemna fall frå. Under normale omstende ville desse etter kvart søkje til den sigrande kongen, men den langvarige krigføringa under innbyrdesstridane gjorde dette vanskelegare. Såleis ser vi ved fleire høve at flokkane heldt saman, trass i nederlag, og etter å ha valt seg eit nytt kongsemne, mobiliserte dei til ny kamp.

Dersom vi i konfliktmønsteret til innbyrdesstridane skal leite etter faktorar som kunne verka samlande på grupper av eliten, er hirdorganisasjonen det klåraste institusjonelle uttrykket for korporativ samhandling. Men vi må samstundes være klar over at dette var ein korporasjon som kvilte på eit personleg band mellom hirdmann og herre, som i teorien skulle fornyast ved kvart kongsskifte. Det er dessutan uklart kor langt utviklinga av hirda som institusjon var komen på 1100-talet. Vi står midt i ei brytningstid der institusjonar skulle formast i eit politisk landskap der den personlege makta framleis var dominerande.

Vi har ovanfor sett korleis den norske eliten på 1100-talet kan skildrast som eit sosio-politisk felt. Tilkomsten og avgrensinga av feltet knyter seg til gruppa stormenn, som definerer grensene for kven som kunne utøve politisk makt. Stormennene rådde over større materielle og sosiale ressursar enn ein vanleg bonde, og sjølv om storbønder utgjorde eit viktig rekrutteringsgrunnlag for stormannsgruppa er det likevel snakk om ein elite som eksisterte i kraft av at den nettopp kunne heve seg over bøndene i makt og status. Innafor stormannsgruppa fanst det eit meir prominent leiarsjikt av hovdingar. Dette var personar som aktørane i feltet gav høg status, eller makt, av di dei hadde tileigna seg store verdiar av dei kapitalformene som aktørane i feltet konkurrerte om. Status og høve til å utøve makt kunne også skje gjennom teneste for kongemakta og kyrkja, men rekrutteringa til desse stillingane gjekk via det same feltet og var avhengig av dei same ressursane som dei uformelle maktposisjonane. Dei som sat med ombod på

vegner av kongemakta, rådde gjerne i utgangspunktet over store private ressursar. Dei var ofte rekrutterte frå gode slekter, og nytta sine velutvikla, uformelle nettverk av slektingar og allierte for å vedlikehalde og fremje sine posisjonar. Det fanst få formelle politiske institusjonar som skapte grunnlag for å fremje særskilde gruppers interesser. Lendmann-, systemann-, og hirdorganisasjonen kan til ein viss skildrast som formaliserte institusjonar, men også desse kvilte i stor grad på den enkeltes private ressursar og personlege relasjon til kongemakta. Dette betyr at spørsmålet om kva slags interesser som ligg til grunn for konfliktlinene i innbyrdesstridane, må ta utgangspunkt i dei uformelle maktstrukturane og aktørane sine evner til å mobilisere tilhengarar og ressursar gjennom sine nettverk av personlege relasjonar. Dei viktigaste personlege banda var venskap og slektskap.

Venskap

I den klassiske filosofien var venskap eit sentralt tema. Aristoteles diskuterte ulike former for venskap i *Magna Moralia* og *Den nikomakiske etikk*.²⁷⁰ Cicero var også opptatt av venskapens betydning i *De Amicitia*.²⁷¹ Inn i mellomalderen vart det antikke venskapsidealet reformulert på ein slik måte at venskap også fekk ein kristen, etisk dimensjon. Via seinantikke kristne filosofar som Augustin fekk venskapen sin plass mellom banda som knytte menneska til Gud: «He truly loves a friend, who loves God in his friend, either because He is in him, or so that He be in him» skreiv Augustin i sine *Bekjennelser*.²⁷² I dei intellektuelle miljøa kring kyrkjelege og kongelege institusjonar blomstra dei klassiske filosofiske verka om venskap, og så sentral var venskapen for den intellektuelle europeiske eliten i høg mellomalderen, at 1100-talet har blitt kalla «venskapens hundreår».²⁷³

Det vesteuropeiske venskapsidealet i mellomalderen har funne ulike uttrykk, og vi kan i utgangspunktet skilje mellom to: eit andeleg venskap mellom menneske som søkte Gud, der kjærleik var ein essensiell del av relasjonen, og ei meir verdsleg,

²⁷⁰ Konstan 1997: 67.

²⁷¹ Österberg 2003: 557, sjå Konstan 1997 for ein analyse av venskap i klassiske greske og romerske verk.

²⁷² Augustins *Confessions* sitert i Konstan Konstan 1997: 173.

²⁷³ Ziolkowski 1985: 81, sitert i Durrenberger & Gisli Pálsson 1999: 62.

pragmatisk form for venskap med ein klarare sosio-politisk funksjon.²⁷⁴ Som forskingsfelt har den andelege venskapen tradisjonelt oppteke filosofien, teologien og etikken, medan det helst er den pragmatiske venskapen som har hatt interesse for studiar av politisk kultur og historie.²⁷⁵

I Norden slo interessa for venskap i studier av mellomaldersamfunn for alvor gjennom i 1970 og 1980-åra.²⁷⁶ Inspirerte av antropologiske og kulturhistoriske tilnermingar, vart det publisert ei rekkje viktige bidrag til å forstå venskapens rolle i det islandske samfunnet i fristatstida.²⁷⁷ Denne tradisjonen danna også grunnlag for synet på venskap i det norske mellomaldersamfunnet. Her kom særskilt Sverre Bagge og Jón Viðar Sigurðsson lenge til å dominere. Hos Bagge inngår venskap som eit av fleire personlege band som batt det fyrstatlege samfunnet saman.²⁷⁸ Han definerer venskapen til å omfatte «både det vi ville kalle vennskap og det vi ville kalle allianse»,²⁷⁹ der den fyrste formen er sterkare knytt til kjensler enn den andre. Sigurðsson har særskilt arbeidd med venskap i relasjon til maktforholda på Island,²⁸⁰ men i nyare arbeid har han utvida det geografiske perspektivet til venskap i det norrøne samfunnet generelt, og diskutert ulike vilkår for venskapsalliansar på Island og i Noreg.²⁸¹ I ein monografi frå 2010 om vennskapets makt i Noreg og på Island, nyttar han den islandske modellen til å diskutere korleis vi kan førestille oss vennskapet mellom høvdingar og bønder også i Noreg.²⁸²

I følge Sigurðssons modell var vennskapet det viktigaste sosiale bandet i det norrøne samfunnet. Det var limet som heldt samfunnet saman, og var ein integrert del av dei sosiale og politiske intitusjonane i mellomalderen.²⁸³ Så sentral var venskapen at det «faktisk ikke [er] mulig å snakke om det politiske spillet i middelalderen uten samtidig å drøfte vennskaps rolle.»²⁸⁴ Sigurðsson framhevar sterkare enn Bagge at den

²⁷⁴ Hermanson 2003: 528; Österberg 2003: 551.

²⁷⁵ Hermanson 2013b: 15.

²⁷⁶ Sjå Sigurðsson & Småberg 2013a: 1-13 for ei fylldig historiografisk framstilling.

²⁷⁷ Turner 1971; Byock 1988; Byock 1982; Sigurðsson 1993; Sørensen 1993; Miller 1990.

²⁷⁸ Bagge 1986: 149-156; Bagge 1989b: 66-69.

²⁷⁹ Bagge 1986: 153.

²⁸⁰ Sigurðsson 1993; Sigurðsson 1995.

²⁸¹ Sjå td. Sigurðsson & Småberg 2013b; Sigurðsson 2010; Sigurðsson 2008.

²⁸² Sigurðsson 2010: 20.

²⁸³ Sigurðsson 2010: 12-13; Sigurðsson & Småberg 2013a: 9.

²⁸⁴ Sigurðsson 2010: 16.

formen for vennskap som dominerte i Noreg og på Island i tidleg- og høgmellomalder var ein kontrakt mellom to partar som normalt ikkje hadde noko med kjensler å gjere:

Det vennskapet som møter oss i Norge og på Island i perioden ca. 900-1300, kan derimot best sammenlignes med en kontrakt mellom to parter med klare gjensidige forpliktelser, som bare unntaksvis hadde noe med følelser å gjøre. Men selv om innholdet i vennskapet varierer fra samfunn til samfunn og periode til periode, ser det ut til at selve grunntanker i slike relasjoner stort sett er den samme: gjensidighet. Vennskap baserer seg på en viss form for utveksling av goder.²⁸⁵

Sigurðsson viser til ei lang rekkje vennsapsrelasjonar av ulik art: vennskap mellom hovdingar og bønder, vennskap mellom hovdingar, vennskap mellom geistlege og vennskap mellom kvinner. Han fokuserer særskilt på det han kallar det «politiske vennskapet» som ble etablert mellom bønder og medlemmer av eliten.²⁸⁶ Slike vennsapsbånd kunne vere både horisontale (til dømes mellom hovdingar) eller vertikale (til dømes mellom hovdingar og bønder), men eit karakteristisk trekk ved vennsapsrelasjonane i Norge og på Island er eit dei var nyttevennskap, i følge Sigurðsson. «Vennskapet dreide seg i vesentlig grad om å tilhøre eller danne nettverk, som kunne aktiveres i økonomiske kriser eller politiske konflikter,»²⁸⁷ og slike former for vennskap var prega av opportunisme.

Mykje av forskinga på vennskap i den norrøne verda har som nemnt tatt utgangspunkt i den islandske kulturen, og kor godt passar den islandske modellen til norske forhold? Etter mi meining er den for snever til å fange inn kompleksiteten i fenomenet. Vi kan grovt skilje mellom tre former for vennskap (norrønt: *vinátta*, *vinskapr* eller *vinfengi*) i kongesagaene. Den første forma for vennskap er nært knytt til førestillinga om vennskap basert på kjærleik, respekt og tillit mellom to likeverdige partar, tilsvarande det andelege vennsapsen vi finn hos antikke og geistlege tenkarar i mellomalderen. Diktet *Hávamál* uttrykkjer at vener skal vere opne mot einannan og fortelje kvarandre sine inste tankar:

Eg råd gjev deg, Loddfävne,
råd du take,
til nytte om du er næm,

Samd er vennskap
når seia ein kan
den andre all sin hug.

²⁸⁵ Sigurðsson 2010: 13.

²⁸⁶ Sigurðsson 2010: 147-148.

²⁸⁷ Sigurðsson 2010: 150-151.

gode om du gjev gaum:
med venen din
ver du aldri
den fyrste til lag å løyse.
Sorg et hjarta,
om ingen du hev
som du seia kan heile din hug.²⁸⁸

Vinglut vera
er verst av alt,
all-rosar er ikkje ven.²⁸⁹

Den som ikkje har ein ven å dele hugen sin med får hjartesorg, hevdar den ukjende forfattaren av Hávamál. Han framheld dessutan at vener skal ha tolmod med kvarandre, vere trufaste og ærlege mot kvarandre. Ein ven som smigrar når han ikkje meiner det er ingen god ven. I kongesagaene finn vi desse tankane uttrykt gjennom distinksjonen mellom vener og spesielt gode vener: kjærlege vener (*ástvinir*, direkte omsett kjærleiksvener), fullkome venskap (fullkomna *vináttu*) og kjærleik (*kærleikr*) nytta synonymt med venskap. Om tilhøvet mellom erkebiskop Øystein og kong Inge, vert det mellom anna fortalt at erkebiskopen var den kjæraste venen til Magnus («hinn mesti astuin Magnws kongs»),²⁹⁰ og som vi skal sjå i neste kapittel var også denne kjærlege venskapen prega av strategisk, politisk samarbeid.

Omgrepa *ást* (kjærleik) og *unna* (å elske) ser ut til å ha spela ei sentral rolle i den politiske retorikken i kongesagaene. Ást var ikkje reservert for kjærleiken mellom mann og kvinne.²⁹¹ Dei aller fleste førekomstane av denne termen i kjeldetilfanget i databasen handlar tvert imot om kjensler mellom menn.²⁹² Morkinskinna fortel mellom anna at kong Øystein Magnusson utmerka seg som ein framifrå konge, han var trufast mot venene sine (*vinhollr*), og freista finne ut kva som var gale når vener som han var kjær i (*ástmenn*) hadde det vondt.²⁹³ «Av alle kongar var han den som vart mest elska [ást sælastr] av mennene sine».²⁹⁴ Etter forfattaren av Ágrip var også broren Sigurd (Jorsalfare) ein kjærleg konge: «Han elska [unni] folket sitt, og folket honom, og han

²⁸⁸ Há: vers 121.

²⁸⁹ Há: vers 124.

²⁹⁰ Ss: 3.

²⁹¹ Av alle førekomstar av 'ást-' i SagaFolk refererer berre 2 til kjærleik mellom mann og kvinne: Ágrip: 104; Fsk: 384. Også kjærleik til eit barn: Fsk: 375.

²⁹² Ulike samansetjingar av ást- : Fsk: 375, 384; Msk: 353, 354, 377, 382, 392; Ss: 44, 117, 123, 128; Bogl.: 256.

²⁹³ Msk: 354: «I þeima lvt ma marca er nv mon ec segia hver dyrþar maþr Eysteín konvngv var e. hve mioc hann var vinhollr. oc hvgqvemr eptir at leita við sina astmenn hvat þeim vere at harmi.» Ivar si sorg dreier seg om kjærleiken til ei kvinne, men dette er av underordna betydning for forfattaren. Ást vert ikkje nytta for å skildre Ivar sine kjensler til denne kvinna.

²⁹⁴ Msk: 353: «oc allra konvnga hefir hann verit ast sælastr við sina menn.» Jf. Ágrip: 96; Hkr: 541.

byrte [viste] kjærleiken [ást] sin með á kveda denne kvíðlingen: Bønder tykkest meg dei beste, bygt land og fred stande!»²⁹⁵ Sverres saga er oppteken av at Magnus Erlingsson var «venesæl og elska»,²⁹⁶ og legg vekt på at mennene til kong Magnus gret då liket hans vart bisett, av di han var så høgt elska.²⁹⁷

Eksempla ovanfor viser at det emosjonelle var ein viktig del av førestillinga om venskap. Gjennom å skildre kongen eller hærføraren som særst avhalden, understrekar forfattaren det gjensidige og varige i tilhøvet mellom kongen og mennene hans, og stør opp om førestillinga om at kongen hadde ein sterk maktposisjon. Ei understreking av kjærleg venskap markerer også tydeleg at det fanst venskap som ikkje var like hjartelege. Slik opportunistisk- eller nyttevenskap, som Sigurðsson kallar det, var nok den mest dominerande. Denne forma for vennskap vert gjerne framstilt som resultat av forhandlingar, og hadde eit meir instrumentelt preg enn hjartevennskapen som er omtala ovanfor. Ofte involverte slike venskapsavtaler utveksling av gåver eller utsikter til framtidig vinst gjennom utveksling av ekteskapspartnarar og born til fostring. Ikkje sjeldan finn vi utrykk som «veneavtale» (*vinmál*) og å «gjere til vener» (*vingast*). Den omtalte kong Øystein fekk mellom anna i stand ein avtale med stormennene i Jämtland om at Jämtane skulle svare skattar og truskap til den norske kongen, ikkje den svenske. Strategien innebar å knyte venskapsband med stormennene i Jämtland, og sagaene skildrar korleis Øystein sende bod etter stormennene, gav dei gåver og overtala dei til å verte venene hans:

Han auka kongedømet, með di han sende bod til kloke menn i Jämtland og baud deim til seg, og tok imot deim með mykjen blidskap og gav deim gåvor, og soleis lokka hugen deira til venskap með seg. (...) Soleis vann kong Øystein Jämtland með djuptenkte ráð og ikkje með ufred og átak soleis som sume av forfederne hans. Men på den máten gjorde han semje með jamtane, og det vart með i venskaps-avtala deira då alle lendmennene i Jämtland fór til kong Øystein og svor honom Jämtland og skattar av landet og vart hans tegnar, at han lova deim til

²⁹⁵ Ágrip: 98: «Unni hann lýð sínum, en lýðrinn honom, ok birti hann ást sinni með þessum kvíðlingi: Búendr pykkja mér baztir, / byggt land ok friðr standi.»

²⁹⁶ Ss: 4: «Var kongr vinnsæll ok astsæll». Sjá også s. 116.

²⁹⁷ Ss: 127: «Gangha þá margir til, ok skilduzt | margir gratande wit, ok einn af Magnus kongs mǫnnum kysti líkith ok gret wit. Suerrir kongr leit wit honom ok mællti: Seinth mun sliikum trúa megha. Þa woru fagurligh eyrindi framin yfir greftti hans. Nicholás sulltan, modrbrodir kongs, taladi ok var allra manna mǫlsniallaztur. Kongr mællti ok langth eyrindi ok hof suo mǫl sitt: Yfir þers mannz greftri stǫndum wer nw, er hann var godr ok astudigr sínum mǫnnum, þo ath wit frænnidum bærum ægi gæfu til samþyckis ockar j millum.»

vederlag si hjelp mot ufred frá sviakongen; han skulde ha same skyldnad til á hjelpta deim som til á hjelpta nordmenn eller andre av tegnane sine.²⁹⁸

Venskapsavtala (*vinmæli*) hadde i dette tilfellet eit eksplisitt innhald som gagna begge partar: Øystein skulle få skatteinntekter og formelt overherredømme over Jämtland, medan stormennene i Jämtland fekk lovnader om hjelp dersom dei vart truga av sveakongen. Gáva symboliserte det gjensidige tilhøvet mellom partane. Ei gáve kravde ei gjengáve – i dette høvet velvilje til á inngá i alvorlegare forhandlingar. Dette gjensidige aspektet ved gáveutvekslinga fær vi illustrert då ein kongeleg utsending skulle overtale irar i Ulster til á betale skatten dei skulda norskekongen. Ved hjelp av ein kombinasjon av trugsmål og smiger fekk han overtalt dei til á betale ein stor sum pengar. «Han gav det namnet venegáve og ikkje skatt til kongen. Han lukkast i á framstille saka slik at dei vart samde om betalinga, og det var ovleg mykje. Han tok imot pengane og for til Noreg.»²⁹⁹ Ein kan undre seg kvifor irane kunne akseptere ei venegáve og ikkje ein skatt, og forklaringa er truleg at ei venegáve signaliserte at begge partar skulle respektere einannan og var forplikta til á kome den andre til hjelp.

Det fins mange slike dømme på avtalar og transaksjonar mellom partar som kallar seg vener i kongesagaen. Venskap vart inngátt mellom partar av både lik og ulik sosial status, og var såleis den vanlege måten á uttrykkje det vi med moderne termer ville kalle ein politisk allianse. Vi må vente at dei kongelege aktørane helst omgav seg med vener av høg status, vener som var nyttige for dei som politiske allierte, men av di venskapsformuleringar også vart nytta ved høve der den sosiale avstanden må ha vore større, er det vanskeleg á avgrense den norrøne venskapen til ein bestemt form for personleg allianse. Omgrepet venskap vert nemleg også nytta om ei tredje gruppe relasjonar av meir kollektiv art, særskilt om tilhøvet mellom kongen og folket (*alþýða*). Såleis fortel Snorre om kong Magnus Sigurdsson «at det var den vennesælhet hans far

²⁹⁸ Ágrip: 96: «Hann aukaði konungdóminn, görði orð vitrum mǫnnum af Jamtalandi ok lét þá koma í blíðu mikla við sik, ok gæddi þá gjǫfum, ok teygði svá hug þeira til vingunar við sik (...)Vann svá Eysteinn konungr Jamtaland með djúpsettu ráði, en eigi með úfriði né áhlaupum, sem sumir hans forellrar. Ok á þessa leið gerði hann sætt við Jamtr, ok í þeira vinmælum hafði þat orðit, þá er allir lendir menn á Jamtalandi fóru á fund Eysteins konungs ok svörðu honum með sköttum Jamtaland ok gerðusk hans þegnar, at hann hét þeim þar í mót sínu trausti við úfriði Svía konungs, svá at hann skyldi jafnskyldr þeim at at veita sem Nóregs mǫnnum eða ǫðrum sínum þegnum». Sjá også Msk: 353.

²⁹⁹ Msk: 366-367: «oc gaf þat nafn á þetta veri vingiof. en eigi scattr við konvng. oc sva fecc hann flvtt malit at þeir gengo vndir feigialdit. oc varþ geysi mikit. toc hann við feno oc flvtti til Noregs.»

hadde hatt, som mest vant vennskap for ham hos allmuen»³⁰⁰ og det vert fortalt om Magnussønene at dei vart «storvener» med folket og stormennene då dei oppheva tyngslene som tidlegare hadde lege på dei.³⁰¹ I denne samanhengen siktar ikkje venskapstermen til ein «kontrakt mellom to parter med klare gjensidige forpliktelser». Venskapstermen er her snarare eit uttrykk for kongens *popularitet* og evne til å mønstre kollektiv oppslutnad, og venskapstermen gir assosiasjonar til gjensidig tillit og lojalitet.

Dei tre ulike typane av venskap vi har sett på her spenner altså over eit vidt spekter av ulike relasjonar, frå den nære hjartevenskapen mellom to partar, via eit meir pragmatisk nyttevenskap til venskap nytta utelukkande som metafor for lojalitet og popularitet. Å redusere den norrøne venskapen til nyttevenskap, der kjensler berre unnataksvis spela ei rolle, slik Sigurðsson tek til orde for, undergrev etter mitt syn konseptets logikk. Førestillinga om den ideelle venskapen som eit ubryteleg, emosjonelt band mellom to partar, slik vi finn uttrykt til dømes i *Hávamál*, er nettopp det som gir innhald og kraft til andre meir instrumentelle eller metaforiske uttrykk for venskap. Førestillinga om den ideelle venskapen konstituerer andre former for venskap, og er difor sentralt for å forstå kva rolle slike band spela. Også andre har peika på behovet for å sjå venskapen i mellomalderen som meir enn politisk pragmatikk. Lars Hermansson har i ein analyse av venskap som politisk ideologi i *Gesta Danorum* freista å vise korleis Saxo sameiner den nordiske politiske kulturens pragmatiske syn på venskap med antikke filosofiske teoriar om andeleg venskap.³⁰² Hermansson viser at Saxo ikkje berre skildrar venskapen som eit pragmatisk verkemiddel i maktkampen mellom elitens medlemmer, men også legg vekt på at den politiske venskapen hadde ein moralsk og emosjonell dimensjon. «Genom at framhäva denna vänskaps djupt besjälade karaktär vill han demonstrera att deras samhörighet var unik og uoppnåelig».³⁰³ I eit anna arbeid, der han analyserer praksisen med rituell eid, konkluderar han med at «the application of the dichotomy of political-pragmatic friendship versus a spiritual-emotional friendship runs the risk of conveying an incomplete and lopsided picture concerning the practice

³⁰⁰ Hkr: 555: « vinsælð fǫður hans heimti hann mest til alþýðu vináttu.»

³⁰¹ Hkr: 541: «urðu þeir af því stórvinsælir við alþýðu ok stórmenni.»

³⁰² Hermanson 2003: 529.

³⁰³ Hermanson 2003: 546.

and conceptions of friendship».³⁰⁴ Den mangfoldige bruken av venskapstermer vi møter i kongesagaene kan difor tolkast som eit teikn på at det fanst ei sterk og levande førestilling om venskapets makt i den politiske kulturen, og det som gav denne førestillinga kraft var forventninga om at vener strekkjer seg langt for kvarandre.

Slektskap

Biologisk slektskap skil seg frå venskap ved å vere ein obligatorisk relasjon mellom eit individ og eit sett med andre individ. Per definisjon skaper altså ikkje slektskap personlege relasjonar, men snarare kategoriar av menneske som vert rekna for å vere i slekt. Biologisk slektskap er i prinsippet uendeleg, og slektskapskategoriane er såleis sosiale konstruksjonar som etablerer grupper av menneske som er i slekt ut frå eit sett med gyldige kriterier.

Eldre forskning la vekt på at det norrøne samfunnet var eit *ættesamfunn* i den forstand at slektskap skapte sosiale grupper (*ætter*) som danna grunnlaget for økonomisk, sosial og politisk verksemd.³⁰⁵ Slektskapssystemet som låg til grunn for desse ættene vart gjerne oppfatta som det vi kan kalle eit patrilineært, sosio-sentrisk system, det vil seie at medlemmer i ætta rekna slektskap via mannlege ledd attende til ein felles stamfar.³⁰⁶ Særskilt sterkt stod førestillinga om ættesamfunnet i etterkrigsåra, medan 1970-åra ser ut til å representere eit skilje i oppfatninga av slektskap i det norrøne samfunnet. I 1977 gav Per Sveaas Andersen ættegruppa ei svært sentralt rolle i det norske mellomalder samfunnet: «[d]e enkelte ættemedlemmers verne-, retts- og religiøse behov ble rimeligvis ivaretatt av en patriarkalsk ætteorganisasjon».³⁰⁷ Same år

³⁰⁴ Hermanson 2013b: 37.

³⁰⁵ Idéen om ættesamfunnet i Norden vaks fram i andre halvdel av 1800-talet. Den var knytt til evolusjonistiske idear der ættesamfunnet utgjorde ein etappe i samfunnsutviklinga, samt til tanken om den sterke familie som eit fundament for nasjonalstaten, jf. Gaunt 1983: 197. Sjå også Lindkvist 2010.

³⁰⁶ Patrilineære system avgrensar slektskap til mannsledd. Kvinner forlet sine familiar ved giftarmål. Mannlege avkom vert verande i gruppa, medan kvinnelege avkom vert gifta ut av gruppa. Matrilineære grupper fungerer på same måte men med motsett kjønn.

³⁰⁷ Andersen 1977: 247. For liknande utsagn sjå også Holmsen 1977. Den mest systematiske utforminga finn ein hos Johnsen 1948 og Olgeirsson 1968. Arne Odd Johnsen skildrar ætta som ei kollektiv eining, og det førststatslege samfunn som eit samfunn av ætter. Ætta sine kollektive oppgåver fanna om alle sider ved samfunnslivet, den økonomiske, den juridiske så vel som den religiøse. Enkeltindividet etter moderne forståelse eksisterte ikkje i det gamle samfunnet: «forholdene innenfor ætten var så kollektive at vi idag med vår mer individualistiske innstilling har vanskelig for å forstå dem fullt ut» (Johnsen 1948: 68.). «Det enkelte individ blev oppfattet som et ledd av ætten. Ættens skjebne var hans, og utmerket han seg særskilt på noen

avviste Preben Meulengracht Sørensen at slektskap skulle kunne danne grunnlag for «de overordnede fælles samfunnsfunksjoner» i det norrøne samfunnet, til det var slektskapssystemet i seg sjølv lite eigna.³⁰⁸ Grunnlaget for denne påstanden, som for så vidt ikkje var ny,³⁰⁹ fann han i sosiologiske og sosialantropologiske granskingar av slektskap og slektskapssystem. Det norrøne slektskapssystemet, slik det avteiknar seg i sagalitteraturen og lovene, hevda Meulengracht Sørensen, fell inn under kategorien bilaterale, egosentriske slektskapssystem. I eit egosentrisk system vert slektskapsrelasjonane definert med utgangspunkt i kvart enkelt individ, og bilateralt betyr at slektskap vert rekna gjennom begge kjønn. Det medfører mellom anna at berre heilsysken har identiske slektsgrupper. Det utkrystalliserar seg dermed ikkje klart avskilde grupper på basis av eksisterande biologiske relasjonar åleine. Slike slektskapssystem eignar seg difor dårleg som grunnlag for stabile økonomiske eller politiske institusjonar.³¹⁰

Skilnaden mellom dei to systema dreiar seg altså om slektskapsrelasjonar sine evner til å skape kollektive, sosiale einingar og lojalitet mellom ætta sine medlemmer. Bilaterale samfunn produserer sosiale grupper basert på slektskap, men ettersom gruppene gjerne vil vere organisert kring relasjonar til eit individ vil slike grupper ha karakter av å vere ad-hoc grupper og sjeldan ha særleg lang levetid. Antropologen Derek J. Freeman forklarar korleis slektskap i bilaterale samfunn fungerer:

The kindred of any propositus are all the cognates known to this individual. In other words, a personal kindred consist of 'people who have a relative in common'. However, it in no sense follows that all of these people know or are known to one another: they are not a group but a category, and while a group may, for some purpose, be formed from the universe of an individual's cognates, ethnographic evidence suggests that even in societies in which the kindred is given jural recognition it never happens that all the members of a personal kindred emerge in group action. Thus, a kindred has no name except with reference to the individual or sibling group at its centre and is not a discrete or autonomous unit in the society to which its members belong. Furthermore, by the very nature of its composition, the members of a kindred have no collective perception of unity, no persisting common objective and no leader or

måte, blev hans skjebne en del av ættens.» (Johnsen 1948: 76.) Eit døme på nyare forskningsbidrag som framleis legg vekt på ideen om 'ættesamfunnet' er Kleven 2001. For ein fylldigare diskusjon av 'ættesamfunnet' (eller det patrilineære slektskapssystemet) sjå td. Hansen 1999; Opheim 1996: 21-23; Sigurðsson & Småberg 2013b: 4.

³⁰⁸ Meulengracht Sørensen 1977: 37-44.

³⁰⁹ Bertha Phillpotts klassifiserte det norrøne slektskapssystemet som kognatisk allereie i 1913 (Phillpotts 1913). Ho hevda difor at solidariteten mellom slektingar var mykje svakare enn det ein hadde meint tidlegare. I den historiske debatten fekk synspunkta hennar likevel ikkje gjennomslag før vel 60 år seinare.

³¹⁰ Sjå til dømes Hastrup 1985: 101; Vestergaard 1988; Hansen 2000: særleg 114 ff.

organization. A kindred, therefore, is not at group in the sociological sense of the term, but rather a category of cognates.³¹¹

Freeman legg her vekt på at egosentriske, bilaterale (kognatiske) slektskapssystem ikkje gir grunnlag for organiserte slektsgrupper halde saman av fellesskapskjensle, kollektive målsetjingar eller eit organisert leiarskap. Eit slik syn på den norrøne slektskapen etablerte seg raskt i den nordiske mellomalderforskinga på 1980- og 1990-talet, og medførte mellom anna ei nedvurdering av slektskap i høve andre sosiale band. Dersom bilaterale slektskapssystem var dårleg eigna til å skape klart avgrensa sosiale grupper, måtte dette vel også bety at det sterke gruppesamhaldet, ætteloyaliteten, som ein tidlegare hadde lagt vekt på, var sterkt overdrive? Slektskap vart i staden sett på som ein av fleire måtar å skaffe seg allierte på i det norrøne samfunnet. Det vart hevda at i konkurranse med meir frivillige former for personlege band ville slektskapsbanda gjerne vise seg mindre effektive ettersom slektningar stod i fare for å kome i lojalitetskonflikt med einannan.³¹² Jón Viðar Sigurðsson er ein av dei som har gått lengst i å redusere slektskapen si politiske rolle i det norrøne samfunnet. I doktorgradsarbeidet sitt i 1995 hevda han at ættebanda spela ei underordna rolle for å tryggje bondens liv og levevilkår på Island i fristatstida. Det å høyre til eit hushald, og knyte venskapsband til personar med meir makt, var viktigare i så måte:

For folk flest var det å tilhøre til et hushold viktigst, tilhørigheten sørget for beskyttelse og omsorg. Husholdet sto under husbondens beskyttelse, som på sin side var beskyttet av en høvding. For husbonden - og husholdet indirekte - var båndet som knyttet ham til høvdingen: vennskapsbåndet, av størst betydning. Det var samfunnets viktigste sosiale bånd. I et samfunn uten sentralmakt var det bare høvdingen som kunne gi reelt verge og vern. Ættebåndene var som regel uvesentlige i denne sammenhengen.³¹³

I fleire nyare arbeid held han fast på at slektskapsbanda var uvesentlege jamført venskapen: «Det fantes ingen sterk forestilling om at slektninger skulle stå sammen i konflikter.»³¹⁴ Andre har vore meir moderate, og framheva at sjølv om ætta ikkje utgjorde dei viktigaste byggjesteinane i samfunnet, var den likevel viktig både sosialt og økonomisk, slik Knut Helle formulerer det her:

³¹¹ Freeman 1961: 202, kindred = slekt til eit bestemt individ (egosentrisk perspektiv), cognates = slektskap rekna uavhengig av kjønn, også nytta om kvinnlege slektningar.

³¹² Sjå til dømes: Gaunt 1983: 186 ff.; Bagge 1986: 149 f. og Bagge 1998: 53-54; Sigurðsson & Teuscher 1998: 110; Sigurðsson 1999: 33 f.

³¹³ Sigurðsson 1995: 311.

³¹⁴ Sigurðsson 2010: 146. Sjå også Sigurðsson 2008: 214 ff.

Slik vi kjenner det norrøne slektskapssystemet, rommer det ingen klare spor av et "ættesamfunn" i strengere forstand - det vil si et samfunn der ættegrupper utgjorde de sterkeste byggesteinene i samfunnet og slektsbåndene overskygget annen sosial tilhørighet. Dermed er det ikke sagt at den videre ætten ikke spilte en viktig sosial rolle. Tross de begrensinger som er nevnt, bandt den enkeltmennesker og familier sammen i et større fellesskap. Ættens rett til økonomiske ressurser var i noen grad overordnet individets og familiens rett, slik det går fram av arve- og ekteskaps-ordningen.³¹⁵

Claus Krag har også teke ein mellomposisjon, og hevdar at sjølv om vi vantar belegg for eit ættesamfunn i juridisk forstand, er det ikkje grunn til same skepsis når det gjeld ætta si sosiale tyding ålment:

Ætten utgjorde et svært viktig fellesskap. Likevel må det understrekes at de enkelte ættene i det norrøne samfunnet ikke stod overfor hverandre som lukkede kretser. Det hadde blant annet sammenheng med at men regnet med slekt på morssiden like mye som på farssiden. Slektsbåndene den enkelte hadde, omfattet derfor flere slekter, og kjernefamiliene rundt to brødre hadde ikke et identisk sett nære slektninger, såfremt brødrene ikke var gift med to søstre, og følgelig heller ikke samme slektskaps-forpliktelser.³¹⁶

Helle og Krag sine oppfatningar av at ætta trass alt spela ei viktig sosial rolle synest i utgangspunktet å stå i kontrast til Jón Viðar Sigurðssons oppfatning av slektskap, men ved nærare undersøking syner at det dreier seg om ulik oppfatning av kva som ligg i omgrepet *ætt*. Sigurðsson hevdar mellom anna fylgjande:

For høvdingar og bønder hadde ættebakgrunn (byrd) mykje å seie for statusen deira. (...) Det at ætta var viktig for den sosiale statusen til individet, kan ikkje takast til inntekt for at ætta generelt har spela ei viktig rolle i samfunnet.³¹⁷

Sigurðsson synest her å definere ætt som klart avgrensa grupper basert på slektskap til ein felles stamfar, jf. dei patriarkalske ættegruppene som eldre forskning opererte med, medan han nyttar *slektskap* om dei personlege banda som knytte enkeltindivid saman.³¹⁸ Hos Krag dekkjer nemninga ætt begge desse aspekta. Helle derimot skil mellom ei snever tyding, «der ættegrupper utgjorde de sterkeste byggesteinene i samfunnet», og ei vidare tyding, der ætt er ein sosial relasjon som batt enkeltmenneske og familiar saman i større fellesskap, lik Sigurðssons bruk av slektskap.

Men problemet er meir grunnleggande enn nyansar i terminologi, det knyter seg først og fremst til eit analytisk paradoks som har oppstått i kjølvatnet av at nyare forskning

³¹⁵ Helle 1995: 131.

³¹⁶ Krag 2000: 212. Dømet til Krag er eigna til å skape forvirring, ettersom to heilsysken er dei einaste innan eit bilateralt system som har identiske slektsgrupper, så fram dei ikkje er gifte. To *gifte* brør (med kvinner som ikkje er i slekt) vil framleis ha identiske blodslektningar, men ulike sett med inngifte slektningar (mågar). Dei juridiske pliktene var dessutan dei same, sjølv om omfanget av slike kunne variere med omfang slektningar.

³¹⁷ Sigurðsson 1999: 33.

³¹⁸ Sigurðsson 1999: 33.

har slått fast at det norrøne slektskapssystemet ikkje skapte klart definerte grupper av slektningar, men eit uendeleg nettverk av personar i slekt med kvarandre i varierende grad. Går vi til kjeldene, er det nemleg heilt tydeleg at *mellomaldermennesket* hadde eit medvite tilhøve til omgrepet ætt. Sett på spissen kan vi seie at vi har avskaffa ætt som analytisk kategori, og er no i beit for dekkjande omgrep til å skildre eit sosialt mangfold. Lars Ivar Hansen har problematisert kva dette har medført for mellomalderforskinga:

Hvor står vi så i dag når det gjelder utforskningen av slektskapets og slektskapsgruppenes betydning gjennom første delen av middelalderen, når nå historikernes konstruksjon av "ættesamfunnet" er avvist, og det uttrykkelig er slått fast at det i bunnen av norrøn slektsoppfatning lå et kognatisk, bilateralt system, som var meget fleksibelt og som ga rom for stadige, og skiftende allianse-bestrebelse? Var betydningen av slektskap virkelig helt flytende, slik at vi må avvise enhver forestilling om at noen grupperinger av slektninger betød mer for individet i dagliglivet enn andre?³¹⁹

Hansen viser vidare at granskingar av slektskapssystem og -grupper dei siste åra har vist betydelege variasjonar. Patrilineære konstellasjonar synes å eksistere parallelt med bilaterale. Hansen vel å sjå «slektskapsprinsippene som en avhengig variabel, som et felt hvor forskjellige samfunnslag og –krefter strides om å få satt gjennom ulike prinsipper.»³²⁰ Det dreiar seg altså om kulturelle konstruksjonar, eller konkurrerende prinsipp som kunne spele varierende roller innan ulike felt, og som også kunne endre innhald over tid.³²¹ Vi finn ein parallell til dette perspektivet hos nyare sosialantropologiske granskingar av slektskap som også understrekar forskjellen mellom dei konkrete gruppene som kan oppstå med utgangspunkt i slektskap, og førestillingane om slektskap, altså måten folk tenkjer om slektskap for å organisere tilværet. Scheffler framstiller dette tilhøvet som «concrete groupings on the one hand and the idiom of or for their organization on the other».³²² Til dømes vil grupper som er sett saman av ulike slektningar av ein person kunne framstille seg sjølv, og bli framstilt av omverda, som ei gruppe som nedstammar frå ein fjern stamfar, sjølv om få av deltakarane i gruppa er etterkomar av denne stamfaren. Slektskapskonstruksjonane, eller idioma, tener ulike funksjonar som medfører at konstruksjonane kan ta ulike former uavhengig av dei eksakte slektskapsbanda mellom aktørane i ei gruppe.

³¹⁹ Hansen 1999: 37.

³²⁰ Hansen 1999: 24.

³²¹ Hansen 1999 23-24, og særleg 50.

³²² Scheffler 1966: 547.

Avstammingsideologiar vil typisk framheve kontinuitet, sambandet til fortidige anar som formidlar høg kulturell eller sosial status.³²³ Vi skal sjå nærare på førestillingar om slektskap knytt til arv og sosial status, før vi ser på slektskap i alliansebygging.

Nokre av dei viktigaste kjeldene vi har til den norrøne slektskapen er reguleringa av arv og frendebøter i landskapslovene. Etter arvereglane i landskapslovene inkluderte gruppa av slektningar som hadde rett til arv etter ein avdød person både kognatar³²⁴ og agnatar,³²⁵ men arven skulle fordelast etter eit avansert prioriteringssystem. Prioriteringa tok omsyn til arten av slektskap (patriline eller matriline), graden av slektskap (avstand til avlidne) og arvingens kjønn. Nære, mannlege arvingar, agnatar, kom i første rekkje. Søner av avlidne hadde fyrsterett til arv, eller fedrar «um det vert misdaudi millom deim».³²⁶ Dersom det vanta søner, skulle arven gå til soneson og/eller dotter til avlidne. Farfar skulle arve dersom ikkje nokon attlevande born «står i vegen», og slik held reglane fram med å stipulere ulike slektningars arvekrav i høve avlidne.³²⁷

Dette systemet favoriserte agnatiske slektningar framfor kognatiske. Soneson hadde til dømes forrang framfor dotterson, farfar framføre morfar og så bortetter. Systemet gav også klar forrang for menn føre kvinner, sjølv om dei var i slekt med avlidne i same grad og gjennom same line, til dømes son før dotter, soneson før sonedotter og brorsøner framfor brordøtre. Torben A. Vestergaard har hevda at desse arvereglane speglar eit slektskapssystem med ein tre-generasjons patriline, eller «minimal ætt» som kjerne.³²⁸ Ein liknande tre-generasjons agnatisk kjerne med større plikter og ansvar enn resten av slektsgruppa, meiner Grethe Høgset å finne i sagalitteraturen.³²⁹

Arvereglane viser til ein avdød person sitt *potensiale* av slektningar med arvekrav. Formålet var å regulere skifte av eigedom og andre ressursar avlidne etterlet seg. Prioriteringane av slektningar må setjast inn i denne konteksten. Det bilaterale,

³²³ Scheffler 1966: 546 ff.

³²⁴ Kognatisk: egentleg slektskap uavhengig av kjønn, men ofte brukt – som her – om slektskap gjennom kvinneledd, som motsetnad til agnatisk, jf. note 311.

³²⁵ Agnatisk: slektskap formidla gjennom menn.

³²⁶ Dvs. om son døyr før far. GL: 103.

³²⁷ GL: 103.

³²⁸ Vestergaard 1988: 180.

³²⁹ Høgset 1995: 95 ff.

egosentriske slektskapssystemet som låg i botnen for den norrøne måten å konseptualisere slektskap på opna for ei rekkje valmoglegheiter og strategiar. At agnatiske slektningar synest å vere prioriterte innan arve- og bøtereglane kan skuldast fleire forhold,³³⁰ men poenget her er at konstruksjonen av ætt slik den framstår gjennom lov materialet ikkje nødvendigvis er i konflikt med andre måtar å tenkje slektskap på i samtida. Framhevinga av patrilina i arve- og bøtesituasjonar var ein del av ei vidare oppfatning av slektskap, og bidrog til å byggje opp under førestillingar om at slektskapsbanda var særskilt sterke og forplikande mellom far og son.

Slektskap gav ikkje berre tilgang til arv. Slektskap kunne også gi tilgang til ulike former for ressursar, direkte gjennom at slektningar kunne støtte einannan på ulike måtar, og indirekte gjennom forfedrar og –mødrer sine ettermæle. Dei omfattande genealogiske utlegningane i sagaene kan lesast som ein strategi for legitimere sosiale posisjonar og handlingar. Dei kan dermed fortelje noko om kva slags relasjonar som vart sett på som særleg viktige i ulike situasjonar. Sigurðsson meiner at ættetavlene i den islandske *Sturlunga saga* viser klare patrilineære trekk.³³¹ Underteikna har ved eit tidlegare høve argumentert for at dette ikkje var tilfellet med *kongesagaene*.³³² Agnatiske slektningar er rett nok ofte nemnt i slike utgreiingar, men forfattarane er like gjerne opptekne av kognatiske slektningar. Dette ser vi mellom anna av fylgjande utdrag av *Baglarsagaene*:

Bård var son til Guttorm, son til Åsolv Skulesson; men Skule var son til Toste jarl, som før er sagt i saga om Harald Hardråde. Mor til Åsolv var Gudrun Nevsteinsdotter, hennar mor var Ingerid dotter til kong Sigurd Syr. Mor til Guttorm var Tora, dotter til Skofte, son til Ogmund, son til Torberg Arnesson og Ragnhild dotter til Erling Skjalgsson. Mor til Tora var Sigrid, dotter til Tord Foleson som var merkesmannen til kong Olav den heilage. Mor til Sigrid var Ålov, dotter til Einar Tambarskjelve og Berglot, dotter til Hákon jarl.³³³

Vi kan merke oss at forfattaren ikkje er interessert i kven som var mor til Bård, sjå Figur 10: under. Mor til Bård og frendane hennar vert ikkje nemnde her eller andre stader i

³³⁰ Hansen argumenterer for at den patrilineære gruppa som er påvist i arve- og bøtereglane kan sjåast som eit forsvar frå jordeigande samfunnslag mot ei ekspanderande konge- og kyrkjemakt (Hansen 1999; Hansen 2000). Hans syn står i kontrast til Gaunt 1983 som hevdar at bøtereglane vart initiert frå kyrkjeleg hald i ein freistnad på å redusere konsekvensane av valdshandlingar. Sjå elles Hansen 2000 for ein breiare diskusjon.


³³¹ Sigurðsson 1995: 314.

³³² Opheim 1996: 33; Else Mundal er av same oppfatning og meiner at agnatiske genealogiar er unnatak og ikkje regelen i dei norrøne kjeldene (Mundal 2001: 61). Mundal argumenter for at kognatiske genealogiar fortel om eit samfunnssyn som verdsette kvinner like høgt som menn med omsyn til biologisk arv.

³³³ Hkr:290.

kjeldetilfanget. Vi må anta at ho var av lågare byrd og uinteressant i denne samanhengen. Så langt ligg fokuset på patrilinea. Når det gjeld besteforeldra til Bård, derimot, nøyer ikkje forfattaren seg med å følgje berre patrilinea. Frå dette punktet etablerer forfattaren både agnatiske og kognatiske relasjonar tilsynelatande vilkårleg. Nokre liner vert oversett, medan andre vert utbroderte. Det ligg ikkje noko reint patrilineært eller matrilineært prinsipp til grunn for dei linene som vert etablerte. Forfattaren hoppar frå den eine til den andre for å nå til endes. Og i enden finn vi jarlar og hovdingar: Toste jarl, Sigurd Syr, Erling Skjalgsson, Einar Tambarskjelve og merkesmannen til sjølvaste Olav den Heilage.

Figur 10: Bård Guttormssons slektningar



For forfattaren av Baglarsagaene har det vesentlege ikkje vore å avgrense Bård sine slektningar, definert enten gjennom eit matri- patri- eller kognatisk prinsipp, men å vise at Bård var av høg byrd og forvalta sosial kapital akkumulert over generasjonar. Utgreiinga av slektskapen fungerer som forklaring på den sentrale stillinga Bård og hans etterkomarar skulle få på den politiske arenaen. Avsnittet leiar fram mot etableringa av

ekteskap mellom Bård Guttormsson og Cecilie, syster til kong Sverre, og mot kongevalet i 1204, der son til Bård og Cecilie var ein av kandidatane. Inge, som den unge guten heitte, vart vald til konge, nettopp av di han «på farssida var runnen av dei beste ættene i Trøndelag».³³⁴

Genealogiane i sagalitteraturen skulle først og fremst tene som legitimering av politisk makt og sosial prestisje. Det bilaterale systemet var godt eigna til det, ettersom både kvinne- og mannsledd kunne nyttast til å etablere kontinuitet og samband attende i tid, og patrilinear og matrilinear ville i varierende grad dominere slektskapsutgreiingane avhengig av status og ettermæle. Funksjonen til genealogiane har ikkje først og fremst vore å gi ei fullstendig oversikt over dei personane som utgjorde ein person si slektsgruppe, men å framheve personar av høg byrd blant personen sine anar.

Den norrøne namneskikken viser noko av det same. Den blir gjerne nytta som døme på at slektskapssystemet hadde patrilineære trekk,³³⁵ men sjølv om det normale var at folk vart identifiserte ved hjelp av patronym, finn vi stadig unnatak frå denne regelen i den norrøne litteraturen. Ikkje sjeldan vert personar omtala ved hjelp av matronym. Nikolas Skjaldvorsson, son av kvinna Skjaldvor, er eit godt døme. Far til Nikolas var Sigurd Ranesson, ein av kong Magnus Berrføtt sine lendmenn. Trass i farens høge posisjon vart likevel Nikolas assosiert først og fremst med mor si, Skjaldvor. Ho var dotter til kong Olav Kyrre si frille. Skjaldvor og kong Magnus var såleis sammødra sysken. Denne måten å nytte matronym for å knyte band til kvinnelege slektningar viser at koplinga til kongsslekta hadde høgare symbolsk verdi enn farens lendmannsbakgrunn, sjølv om Skjaldvor ikkje hadde kongeleg blod i årene. Det essensielle var altså ikkje den eksakte biologiske slektskapen men den *sosialt konstruerte* slektskapen til kongsslekta. Liknande praksis ser vi av bruken av tilnamn for å assosiere samband med andre høgætta personar, til dømes Roar *kongsfrende*, Arne *kongsmåg* og Skule *kongsfostre*.

Eksempla over viser at slektskap gjennom kvinner kunne være viktig i tilfeller der dette kunne tene til å aktivere ein ettertrakta sosial kapital. Namn tener som identitetsmarkørar. Det skil eit individ frå eit anna. I små samfunn, eller avgrensa sosiale

³³⁴ Hødnebo & Magerøy 1979: 289.

³³⁵ Sigurðsson & Teuscher 1998: 110. Sjå også Sigurðsson 1999: 33-34.

krinsar, tener namna også til å plassere individet i eit sosialt felt. I mannsdominerte samfunn som det norrøne, der menn var hovudaktørar i det offentlege rom, er det naturleg at identifikasjon skjer ut frå relasjonen til andre menn. Unnataka, som vi har sett ovanfor, oppstår når særst viktige relasjonar kan etablerast gjennom kvinneledd, som til dømes relasjonar til kongsslekta. Ved slike høve kunne menn få matronym eller tilnamn som aktiviserte ein slik relasjon gjennom kvinneledd.

I det føregåande har vi sett at sjølv om det låg eit bilateralt prinsipp til grunn for kven den norrøne mann og kvinne rekna som sine slektningar, vart slektsgrupper konseptualisert på ulike måtar, og med ulik vekt på patrilina versus matrilina. Arvereglane synest å gi forrang til patrilina medan bøtereglane ser ut til å ha gitt matrilina ein meir sentral plass. Dette heng truleg saman med den omsynsvis ekskluderande og inkluderande funksjonen desse reglane hadde. Genealogiane og namneskikkane fokuserer på avstamming, ut frå ein tankegang om at sosial status til ein viss grad kunne overførast frå generasjon til generasjon. Status vart søkt gjennom både kvinne- og mannsledd, og vart nytta til å etablere genealogiske relasjonar mellom individet og viktige forfedrer og -mødrer. Føremålet var ikkje å etablere medlemskap i ei avgrensa avstammingsgruppe, men å slå fast at ein person var av «góðrar ættar», og dermed hadde eigenskapar som var nødvendige eller formålstenelege.³³⁶ Slektskap og ætt må difor forstås som dynamiske og kontekstuelle omgrep som vart nytta til å konstruere førestillingar om individets plass i ulike former for sosialt konstruerte slektsgrupper.

Konflikthandsaming og vald

Vi har sett at førestillinga om eit ættekollektiv var verksame i samband med arveoppgjjer, og ein annan arena der slektningar hadde særskilde forpliktingar er handteringa av konflikhtar. Konflikthandtering er sentralt i ein studie av innbyrdesstridar, og særskilt spørsmålet om kva for type konflikhtar som dominerte i dette tidsrommet. Sverre Bagge hevdar at konflikhtar er det heilt essensielle for å forstå Snorres arbeid og samfunnet han

³³⁶ Ágrip: 104, Fsk: 365, 368, 389; Hkr: 543, 569, 581, 583, 611, 614, 625, 627, 629; Ss:10, 31, 52, 76, 79, 109, 127-128, 130-132, 145-146, 172, 186, 197; Bogl: 257, 260.

var ein del av, ettersom konfliktane utgjer hovudtemaet i Heimskringla, medan andre hendingar spelar ei underordna rolle.³³⁷ I følgje Bagge er det *feiden* som dominerer Snorres skildring av sagasamfunnet. Feiden er essensiell ikkje fordi konflikhtar nødvendigvis leia til feidar, men fordi sjansen for at ein konflikt kunne føre til feide var ein viktig del av risikovurderinga ved eit kvart forlik.³³⁸ Feiden gis dermed ein positiv funksjon som konfliktløysande og fredskapande mekanisme i samfunnet.³³⁹ Bagge viser til Pospisils klassifisering av konflikhtar som a) anten vart løyst på fredeleg måte ved hjelp av rettslege mekanismar, b) utvikla seg til feidar som typisk var valdelege og vart utkjempa mellom individ eller grupper i samfunnet, eller c) utvikla seg til krig som hadde eit større omfang og vart retta utover, mot andre territoriale grupper eller statar.³⁴⁰

Som Helgi Þórláksson har peika på, er problemet med denne typen definisjonar at dei ikkje nødvendigvis passar til dei fenomena dei skal skildre.³⁴¹ Ei viktig grense går mellom feide og krig. Sjølv om mange av konfliktane under innbyrdesstridane kan skildrast som *feidar*, i betydninga til Pospisil ovanfor, er ikkje feiden dekkande for krigshandlingane der kongsemna mønstra fleire tusen mann på kvar side, gjerne også ved å kalle ut leidangsfolk. Samstundes er heller ikkje definisjonen av *krig* dekkande for den krigføringa vi finn i Noreg i denne perioden. Keith Otterbein har definert *innbyrdeskrig* (internal war) som krig mellom kulturelt like politiske samanslutningar med utgangspunkt i felles territorium og eit sentralt organ (person) med makt til å ta felles avgjersler.³⁴² Denne definisjonen dekkjer tilstanden under innbyrdesstridane, der krigførande grupper rekruttere tilhengarar i same region, og ikkje sjeldan også utkommanderte leidangsoldatar i eitt og same område. Dei krigførande gruppene var koalisjonar,³⁴³ halde saman av personlege band som strekte på tvers av lokalsamfunn og batt saman personar frå ulike sosiale stratum i vertikale nettverk. Denne typen krigføring er likevel vanskeleg å skilje frå feiden, og for enkelte forskarar handlar skilnaden mest

³³⁷ Bagge 1991: 64 ff.

³³⁸ Bagge 1991: 76.

³³⁹ Ein viktig inspirasjon til dette synet på konflikhtar i førstatelege samfunn var Gluckman 1955 sin banebrytande artikkel om «The Peace in the Feud». Sjå også Þórláksson 2007: 23.

³⁴⁰ Bagge 1991: 76.

³⁴¹ Þórláksson 2007: 22. Sjå Netterstrøm & Poulsen 2007, særskilt 9-67, for ein brei historiografisk diskusjon av omgrepet *feide* i relasjon til *vendetta*, *krig* og *opprør*.

³⁴² Otterbein 1968: 277.

³⁴³ Sjå s. 59 i denne avhandlinga.

om omfang: ”Feidar er krig i liten målestokk, og krigar er feidar i stor målestokk,” hevdar Hans-Henning Kortüm.³⁴⁴ Ein måte å nærme seg dette problemet på, er å gi omgrepa eit kvalitativt innhald forankra i det empiriske materialet som ligg til grunn for denne avhandlinga.

Elitens makt på 1100-talet kvilte på evna hovdingar og stormenn hadde til å halde krigarfølgjer av menn som var lojale mot dei i retur for krigsbytte, vern og ulike former for tenester. Konflikta i dette samfunnet kunne lett utarte seg til feidar, ettersom lojalitetsbanda forplikta til gjensidig støtte. Feiden var ein måte å gjenopprette ballansen ved at den forulempa sine slektningar eller støttespelarar fekk kompensasjon for skaden dei hadde lidd. Dersom brotsverket var eit drap kunne kompensasjonen søkast gjennom eit tilsvarende drap på drapsmannen eller ein annan i hans krins. I slike tilfeller nyttar vi termen *blodhemn*. Dersom partane ikkje aksepterte at ballansen var gjenoppretta kunne feiden fortsette med nye hemndrap på begge sider. I slike tilfelle ville gjerne også omfanget av skadeverket eskalere. William Miller, som har studert feidar i den islandske fristaten, karakteriserer feiden som ein konflikt som involverer to grupper i opposisjon til einannan. Slike grupper kan vere sett saman på ulike måtar, men typisk for feiden er at omfanget er avgrensa. Gruppene er innforståtte med at dei har eit kollektivt ansvar for handlingane dei utfører, og hemnaksjonane følgjer eit spesifikt mønster. Det blir halde nøye opprekning av skadeverk, sår og dødsfall på kvar side for utrekning av kompensasjon. Den viktigaste motivasjonen som styrer partane i ein feide er æreskodeksen, og normer regulerer også kva som kan akseptarast som hemn og korleis feidar kan løysast.³⁴⁵

At feidar og blodhemn var eit utbreidd problem på 1100-talet vitnar freistnadane på å regulere hemntrongen ved hjelp av lovverket. Landskapslovene føreskriv i detalj korleis folk skulle te seg når nokon hadde gjort seg skuldig i drap, og gir også detaljert innsyn i korleis bøtetakstar skulle reknast når det skulle gjerast opp for lovbrøt. Dette viser kor iherdig det vart arbeidd for å hindre at slektningar til den drepne ordna opp på

³⁴⁴ Hans-Henning Kortüm, *Krieg im Mittelalter*, sitert i Þorláksson 2007: 26-27. Mi omsetjing.

³⁴⁵ Miller 1990: 180-181. Sjå diskusjon av Millers tolkning av feide hos Þorláksson 2007. Ein mykje brukt sosialantropologisk definisjon av feide er å finne i Otterbein & Otterbein 1965: 1470: “blood revenge following an homicide. The kin of the deceased was expected to take revenge through killing the offender or any member of his kin group.” Sjå også Byock 2003 for diskusjon av feide i det islandske fristatssamfunnet og særskilt for ein diskusjon av feide versus *vendetta*.

eiga hand gjennom blodhemn. Likevel hende det at frendane til den drepne ikkje ville, eller ikkje fekk høve til å ta i mot kompensasjon i form av bøter. Då kunne hemndrap vere ein måte for den dreptes familie i få oppreising.

Landskapslovene gir oss innsyn i rettstenkinga i ei brytningstid. Gulatingslova legg til dømes i hovudsak opp til at det først og fremst er gjennom bøter at frendar kunne søkje kompensasjon for lovbrøt, men likevel inneheld lova avgrensingar på kor mange gongar ein kunne ta i mot bøter før det må søkjast hemn ved drap.³⁴⁶ Helle hevdar at skriftfestinga av Gulatingslova skjedde på eit tidspunkt då samfunnet gradvis var på veg bort frå hemndrap som løysing på konflikhtar.³⁴⁷ Lovbøkene inneheld difor motstridane lovpålegg. Noko endeleg forbod mot hemndrap kom ikkje før i 1260 med Håkon Håkonssons ”nye lov” som avgrensa retten til å ta hemn til drapsmannen sjølv.³⁴⁸ Det vart altså forbod mot å hemne seg på frendar av drapsmannen. I Magnus Lagabøtes landslov, 1274, er dette skjerpa inn ytterlegare med forbod også om å ta drapsmannen av dage, dersom lokale styresmakter var i stand til å ta seg av saka. Det var såleis berre når det lokale myndet til kongemakta svikta, at sjølvtekt var tillate.³⁴⁹

Skadeverk, drap og hemndrap kunne eskalere til konflikhtar som involverte store grupper på kvar side, og i enkelte høve kunne feidar utvikle seg til regulære slag mellom hærflokkar. Då er vi inne i ei gråson mellom feide og krig. Det er mykje ved den innbyrdes krigføringa i Noreg på 1100-talet som minnar om feidar, berre i større målestokk. Hærflokkane vart haldne saman av lojalitetsbanda og ærekjensla innerter i flokken, samstundes som dei nytta band til sine eigne huskarar og følgjesmenn til å skaffe seg ytterlegare hærfolk. Det personlege konfliktstoffet som kjenneteiknar feiden kjem også til syne i samanstøyt mellom større hærflokkar. Etter slaget ved Kungälv i 1161 gav kong Inge *grid* (amnesti) til frenden Nikolas Skjaldvorsson då skipet hans vart tatt av Inges menn. Det var vanleg praksis å gi *grid* til hærførarar og andre stormenn som kunne vise seg nyttige i eigen hærflokk, dersom det var grunn til å lite på lojaliteten deira, men denne praksisen kunne kome i konflikt med retten til å søkje kompensasjon

³⁴⁶ GL: 186.

³⁴⁷ Helle 2001: 87-88.

³⁴⁸ RN: bd. 1, nr. 975; Bagge, m. fl. 1973: 96; Helle 2001: 88.

³⁴⁹ Opsahl 2007: 135-136.

som frendane hadde. Ein annan som Inge også ville gi grid, Eindride Jonsson, vart hoggen ned av ein av Inges hirdmenn, av di han meinte at Eindride hadde drepe far hans.³⁵⁰ Her ser vi korleis det private konfliktstoffet grip inn i hærflokkane og blanda seg med andre private interesser som styrde samansetjinga av hærflokkane.

Samstundes må vi passa på å ikkje overdrive dei private interessene, for det fanst hærfolk blant dei stridane partane som ikkje var der på grunn av lojalitetsbindingar. Kongane og kongsemna som kjempa om makta under innbyrdesstridane kunne skaffe seg ressursar til krigføring på to måtar. Den eine handla om å utnytte nettverk og binde til seg stormenn som fann det hensiktsmessig å investere sine egne folk og ressursar i kongens teneste. Den andre tok sikte på å trekkje ut ressursar frå bondesamfunnet, dels gjennom tilslutning og dels med makt. Då leidangen vart etablert på 900-talet skjedde det truleg i samsvar med bøndenes interesser. Eit organisert forsvar kunne gi lokalsamfunna vern, ikkje berre mot angrep utanfrå, men også mot ein elite med svak lokal forankring.³⁵¹ Nettverka av stormenn og lendmenn kunne nyttast til å legge press på bøndene til å yte leidang og leidangskatt. Dei kunne også administrere, organisere og leie leidangshærar, men som hærfolk hadde leidangsfolket ein annan motivasjon for å delta i krigen enn kongens handgangne menn og følgja deira. Vi må rekne med at ein effektiv bruk av leidangsstyrkar innebar eit visst element av tvang. ”Heimlengsel” blant leidangsfolket og motstand hos bønder mot leidangsutgjerd og –skatt, tyder på det.³⁵²

Når hærar på fleire tusen mann, inkludert leidangssoldatar som helst skulle vore heime og sådd kornet sitt, braka saman på slagmarka, slik dei gjorde i 1180- og 1190-åra, kan vi ikkje lenger kalle det feidar. Dette var krig vendt innover mot andre grupper i samfunnet.³⁵³ Krigen handla om makt til å kontrollere heile riket, og i denne kampen var tilgang til dei ressursane som bondesamfunnet kunne yte gjennom militærtjeneste og skatt av avgjerande betydning.³⁵⁴ Dei stridande kongsemna sine moglegheiter for å

³⁵⁰ Hkr: 604. “Ingi konungr gaf grið Nikolási Skjaldvararsyni, þá er skip hans var hroðit, ok gekk hann þá til Inga konungs ok var með honum síðan, meðan hann lifði. Eindriði Jónsson hljóp á skip Inga konungs, þá er hans skip var hroðit, ok bað sér griða; konungr vildi gefa honum grið, en sonr Hávarðz klínings hljóp til ok hjó hann banahögg, ok var þat verk mjök lastat, en hann segir, at Eindriði hafði ráðit drápi Hávarðz, föður sins”

³⁵¹ Erslund 2000: 43-44.

³⁵² Sjå td. Ss: 83, 170, 180.

³⁵³ Jf. definisjon av “Internal war” i Otterbein 1968: 277: “warfare between culturally similar political communities”.

³⁵⁴ Erslund 2000: 60-63.

utnytte desse ressursane var i tur avhengig av deira evner til å etablere og vedlikehalde relasjonar til elitens medlemmer. I det neste 4 kapitla skal vi sjå nærare på kva slags strategiar kongsemna nytta for å etablere seg ein posisjon i det politiske feltet, og korleis dette påverka maktgrunnlaget og styrketilhøvet mellom dei stridane grupperingane.

4

Samkongedømmet

I hundreåret mellom slaget på Stiklestad i 1030 og Sigurd Jorsalfares død (1130) var samkongedømmet ei styringsform som vart hyppig i brukt. Likevel er perioden kjenneteikna av fred innanlands, for sjølv om det oppstod gnissingar og tilløp til konflikt under samkongedømmet, førte det ikkje til open strid. Ved Sigurd Jorsalfare sin død i 1130 var det også fleire tronkandidatar. Sigurd hadde ein 15 år gamal son, Magnus, og nokre år tidlegare hadde han gått med på at Harald Gille, ein ukjent halvbror, fekk kalle seg kongsson. Då kong Sigurd døydde, vart det, på sedvanleg vis, freista å sameine dei to kongsemna i eit samkongedømme, men denne gongen greidde ikkje partane å einast. I 1134 vart det mobilisert fleire tusen menn på kvar side, og dette var opptakten til den urolege tida med hyppige tronskifte og kamp mellom ulike kongsemne som vi kjenner som borgarkrigane eller innbyrdesstridane.

I dette kapittelet skal eg særskilt fokusere på utbrotet av stridane. Kva kan forklare at det braut ut konflikt i 1134 og at samarbeid tilsynelatande ikkje lenger var mogeleg? Gjennom ei analyse av nettverka til dei to kongsemna, vil det bli reist spørsmål om kva for opposisjonelle krefter der fanst i Magnussønenes næraste krins, kva samband det var mellom slike krefter og dei stridande partane og kva for strategiar som vart nytta for å byggje sterke, konkurrerande faksjonar.³⁵⁵

For eldre historieskriving var sjølve tronfølgjeordninga ei sentral forklaring på at det braut ut konflikter.³⁵⁶ I den gamle sedvanen som jamstilte arveretten for alle kongssøner, uavhengig av alder og legitimitet, låg ei latent kjelde til uro. Med orienteringa mot materialistiske forklaringsmodellar på 1900-talet vart det lagt mindre

³⁵⁵ Jf. diskusjon av omgrepet 'faksjon' på s. 63 i denne avhandlinga.

³⁵⁶ Helle 1974: 38.

vekt på den eldre tronfølgjepraksisen. Den vart no først og fremst sett på som utløysande faktor eller katalysator for interessemotsetningar som stakk mykje djupare. Den eigentlege striden stod mellom eit jordeigande aristokrati i framvekst og eit bondesamfunn under stadig sterkare press. At konfliktane braut ut i 1130-åra vart oppfatta nærast som tilfeldig; som krusingar i vatnet som avslørte sterke straumar på djupna.

På byrjinga av 1970-talet tok Narve Bjørge opp att spørsmålet om kva som utløyste strid i første halvdel av 1100-talet. Synspunkta hans vart seinare kritisert av Sverre Bagge, og diskusjonen har nyleg vorte teken opp att av Hans Jacob Orning. Diskusjonen her i dette kapittelet tar i hovudsak utgangspunkt i synspunkta til desse tre bidragsytarane.

I artikkelen *Samkongedømme kontra einekongedømme*, hevda Narve Bjørge at tronskiftet i 1130, der Sigurd Jorsalfare sine lendmenn på førehand hadde sverja truskap kongssonen Magnus, trass i at kongens halvbror også var ein legitim kandidat, var eit brot med den tradisjonelle sedvanen og ei prinsipiell avvising av samkongedømmet som idé.³⁵⁷ Det var såleis ikkje samkongedømmet som skapte konflikt, men freistnaden på å innføre einekongedømme. Bjørge la vekt på at samkongedømmet var prega av rikseinskap. Styret var elastisk, og hadde berre i liten grad preg av regional inndeling. Kongane sat regelmessig saman og hadde tidvis også same hird.³⁵⁸ Døme på at samregjerande kongar tok kvar si hird, synest for Bjørge å vise at det låg ein spent situasjon bak.³⁵⁹ Bjørge går såleis langt i retning av å innføre ein generell regel som understøttar rikseinskapen under samregjerande kongar, sjølv om han understrekar at «dei praktiske styringsformer maktdelinga nødvendigvis måtte medføre, synest langt på veg å ha vore gjennomførte meir etter ad hoc-løysingar i det individuelle tilfelle enn som realisering av etablerte, teoretiske system.»³⁶⁰

³⁵⁷ Bjørge 1970: sjå særskilt s. 7. Heilt ny var ikkje denne tanken då Bjørge lanserte den. Ebbe Herzberg hadde vore inne på det same hundre år tidlegare (Hertzberg 1869: 112-113).

³⁵⁸ Bjørge 1970: 18 ff.

³⁵⁹ Bjørge nemner Haraldssonene (1136- ca. 1155) som hadde felles hird som barn. Denne formynderregjeringa kan neppe reknast som representativ for samkongedømmet som styringsform. Vi ser då også at Haraldssonene tok kvar si hird då dei vaks til.

³⁶⁰ Bjørge 1970: 17.

I ein kritikk av Bjørgo sine synspunkt fem år seinare tona Bagge ned tronskiftet i 1130 som eit avgjerande brot med tidlegare praksis. Bagge avviste at det eksisterte faste reglar for tronfølga før 1130, og han ser dermed heller ingen grunn til å hevde at Sigurd Jorsalfare handla på prinsipielt grunnlag. «Selv om lov og sedvane ga alle kongssønner lik arverett, innebar ikke dette at systemet *påbød* arvingene å dele.»³⁶¹ Tronkandidatar som etter sedvanen hadde rett til å krevje kongsnamn var avhengige av støtte frå tinga. Utfalla av tronskifta både før og etter 1130 må difor søkjast i dei maktpolitiske realitetane i kvart enkelt tilfelle.³⁶²

Bagges resonnement inngår i eit overordna syn på årsakene til innbyrdesstridane som det er gjort greie for tidlegare.³⁶³ Essensen i dette synet er at innbyrdesstridane hadde rot i ei ressurskrise i eliten som førte til skjerpa konkurranse og eit høgare konfliktnivå. Dei første teikna er synleg kring 1130, men ressurskrisa slo først ut for alvor etter 1160. Bagges forklaringsmodell rettar altså fokus mot maktforholda i eliten – dei maktpolitiske realitetane som avgjorde utfallet av kvar enkelt konflikt. Han legg også vekt på det han kallar *stridens eigen dynamikk*; etter kvart gjorde den indre lojaliteten og samhaldet i flokkane det vanskeleg å søkje forsoning.³⁶⁴ Orning legg også vekt på at forklaringa må søkjast i maktforholda i eliten, men han er skeptisk til å akseptere Bagges tese om skjerpa konkurranse på grunn av ressurskrise. Sjølv om samkongedømmet var ein institusjon som skapte spenning og tiltakande konfliktnivå, føregjekk likevel desse konfliktane innan det Orning kallar «nomaltilstanden i samfunnet».³⁶⁵ Det var ikkje samkongedømmet som skapte uhaldbare spenningar i dette samfunnet, det var einekongedømmet: «Etter mitt syn var den store trusselen i Morkinskinna ikke at samkonger skulle begynne å slåss med hverandre, men at én konge ble så mektig at han kunne ture fritt fram.»³⁶⁶ Dermed ender Orning opp med det som var Bjørgos utgangspunkt: det var gjennomslaget for einekongedømmet som tippa dette samfunnet over i ubalanse, og det er her rota til konflikt ligg.

³⁶¹ Bagge 1975: 249, kursiv i original.

³⁶² Bagge 1975: særskilt 248 og 255.

³⁶³ Sjå side 11 i denne avhandlinga.

³⁶⁴ Bagge 2015: 107.

³⁶⁵ Orning 2014: 203.

³⁶⁶ Orning 2014: 206.

Men på eit punkt er Orning og Bagge samde. Dei meiner begge at utbrotet av stridane må skyvast til 1160-talet og gjennomslaget Erling Skakke fekk for sonen sitt kongedømme.³⁶⁷ Begge argumenterer såleis for ei normalisering av konfliktane i perioden frå 1130-1160, og dei empiriske eksempla dei nyttar hentar dei i hovudsak frå perioden før 1130 eller etter 1160. Ingen av dei har systematisk granska «dei maktpolitiske realitetane» som dei meiner *ikkje*, eller berre sporadisk, førte til strid og ikkje utfordra «normaltilstanden» før 1160. Ei utfordring med denne tilnærminga, er at situasjonen på 1160-talet også har ein kontekst, ein historie. Det kyrkje-politiske konfliktstoffet var verksamt også i første halvdel av 1100-talet med etableringa av ein nordisk kyrkjeprovins med sete i Lund, og etter kvart ein norsk kyrkjeprovins med sete i Nidaros. Utviklinga på dette området greip inn det verdslege styret og påverka til dels også makttilhøva i Norden og på Vesterhavsoyene. Ein diskusjon av stridens eigen dynamikk – korleis strid avla strid – må også sjåast i eit lengre tidsrom. Dynamikken handlar nettopp om at flokkane etter kvart kom til å legitimere sin eigen eksistens gjennom den kampen dei hadde kjempa i fleire tiår, og den uretten motstandarane hadde påført dei.

Vi skal difor i dette kapittelet sjå nærare på korleis elitens medlemmer etablerte og utvikla sine maktposisjonar frå slutten av Magnussønene si regjeringstid (ca. 1120) fram til Harald Gilles død i 1136. Her står ei kartlegging av nettverka til kongsemna og deira næraste støttespelarar sentralt, ut frå tanken om at makt i mellomalderen for ein stor del vart utøvd gjennom personlege band og alliansar. Kva slags handlingsrom skapte desse nettverka, og på kva måte gir dei forklaringskraft til det gamle spørsmålet om årsaken til konfliktane i perioden?

Eliten under Magnussønene sitt styre

Tronstriden som oppstod i kjølvatnet av Sigurd Jorsalfare sin død i 1130 splitta eliten i to leire: dei som støtta den 15-årige kongssonen Magnus og dei som støtta Sigurds halvbror, Harald Gille. At det kunne blåse opp til storm kom ikkje uventa. Kong Sigurd hadde gjort sitt beste for å hindre det gjennom å binde stormennene med eid til sin eigen

³⁶⁷ Bagge 2010: 45, 50; Orning 2014: 213.

son, og å krevje eid frå Harald på at han ikkje ville gjere krav på trona. Likevel fekk Harald nok oppslutnad frå stormennene til at han kunne utfordre Magnus, og etter kort tids strid nedkjempe motstandaren. Kva element av eliten var det som støtta dei to kongsemna, og korleis gjekk Harald og Magnus fram for å byggje opp og styrke posisjonane sine andsynt einannan?

I kjeldene som omtalar Magnussønene si regjeringstid (1103-1130) kjenner vi namnet på totalt 21 personar som høyrde til brørne sitt følge eller var sentrale i hendingar som utspela seg ved hirda.³⁶⁸ Det er denne gruppa som må danne utgangspunktet for ein diskusjon av korleis eliten var sett saman og korleis dei posisjonerte seg kring kongsemna. Om lag halvparten av desse (10) blir eksplisitt omtala som lendmenn, men det faktiske talet har truleg vore høgare.³⁶⁹ Vi får her eit innblikk i den aller øvste eliten som Magnussønene omgav seg med, og ser at denne kvilte tungt på lendmannsinstitusjonen.

Ei opprekning av namn knytt til eit avgrensa tidsrom, slik det er gjort ovanfor, har nokre metodiske veikskapar. Sagaforfattarane har ikkje hatt som mål å gi ei oversikt over landets elite, men nemner dei stormennene som har vore verksame i hendingane som forfattarane har valt å fortelje noko om. For Magnussønene si regjeringstid ser vi til dømes at to av dei mest sentrale slektene, Rein og Giske, ikkje er nemnde, trass i at desse slektene hadde vore sentrale kring kongemakta i årtider og dukkar opp att etter


³⁶⁸ Kol Kalesson, lendmann på Agder (Os: 107-108); Tjostolv Åleson, lendmann (Os: 155-156); Jon Petersson, lendmann i Sogn (Os: 142); Svein Knutsson, Jæren (Hkr: 549); Bergtor Bukk, Viken, son av lendmann (Msk: 337; Hkr: 609; rekna som lendmann av Storm 1884a: 144); Håkon Serksson, moeleg Sogn (Msk: 386-387); Ivar Fljod, truleg Stjørdalen (Msk: 365-367, 375; Msk-Ga: 334; rekna som lendmann av Storm 1884a: 145); Sigurd Sigurdsson, lendmann i Follo (Fsk: 336-338; Msk: 376; Hkr: 549-551, 557-559); Hallkjell Huk, lendmann frå Møre (Fsk: 356, 388; Msk: 391, 395, 460-461; Hkr: 547, 586, 593-594, 598); Salmund Sigurdsson, lendmann i Tønsberg/Agder (Os: 140-144, 147-148, 151-152, 156, 159, 175, 185, 241; rekna som lendmann av Storm 1884a: 144); Aslak Hana (Msk: 393-394); Erlend Gapamunn (Msk: 390-392); Jon Mornev, lendmann i Trøndelag (Msk: 376-378); Ottar Birting, lendmann i Trøndelag (Fsk: 347; Msk: 388-389); Kyrpinge-Orm, Støle på Vestlandet (Fsk: 351, 388; Msk: 440-441, 445; Hkr: 581-582; Os: 149-152; rekna som lendmann av Storm 1884a: 145); Sigurd Ranesson, lendmann på Steig i Hålogaland (Fsk: 327; Msk: 361-381; Os: 100); Vidkun Jonsson, lendmann i Bjarkøy (Fsk: 327, 349, 392; Msk: 360-363, 370-371; Hkr: 542, 575; Os: 100); Ingemar Sveinsson, lendmann på Ask på Ringerike (Msk: 361-364; Hkr: 557; Os: 155-156); Ivar Ingemundsson (Msk: 354-356); Torfinn Ingemundsson (Msk: 354); Svein Haraldsson Flette, dansk stormann (Hkr: 520, 561).

³⁶⁹ Som nemnt tidlegare (sjå s. 72 f. i denne avhandlinga og særskilt note 251) er det vanskeleg å talfeste omfanget av lendmannsinstitusjonen. Storm, som har føreteke den grundigaste opprekninga, namngir heile 19 lendmenn under Magnussønene si styringstid (Storm 1884a: 144-145). Storm reknar med at fleire av dei som kongane omgav seg med, men som ikkje eksplisitt er nemnde som lendmenn i denne perioden, likevel har vore det. I tillegg listar han fleire lendmenn som ikkje blir nemnde i kjeldene i det heile, basert på opplysningar om slektskap til kjende lendmenn. Tala til Storm må såleis handsamast med varsend, men høgare enn 10 har det nok vore.

1130. Ei meir kvalitativ tilnærming, som studerer desse slektene over tid, er heilt naudsynt for å fylle ut biletet.

Stormennene fordeler seg relativt jamt ut over landet frå grensetraktene i søraust langs kysten nordover til Hålogaland. Dei var samstundes bundne saman av ein tett vev av slektskapsband som vi kan spore gjennom fleire generasjonar, og som også kongeslekta var ein del av, sjå Figur 11 under.

Figur 11: Slektskapsrelasjonar mellom stormannsætter på byrjinga av 1100-talet



Sentralt i dette nettverket finn vi Rein i Rissa i Sør-Trøndelag, der anten Åsolv Skulesson eller sonen Guttorm sat som lendmann på byrjinga av 1100-talet.³⁷⁰ Rein var sete i eit større godskompleks som i følgje Snorre vart gitt i gåve til engelskmannen Skule kongsfostre av Olav Kyrre etter slaget ved Stamford Bridge i 1066. Skule vart også utstyrt med ein ektefelle som var i slekt med kong Olav, og etterkomarane i Reinsætta kunne såleis føre slektskap til Harald Hardråde.³⁷¹

Det var nære relasjonar mellom Rein og lendmannsætta på Giske. Åsolv på Rein var gift med Tora, dotter til Skofte på Giske. Giske var allereie i tidleg mellomalder senter for eit omfattande godkompleks på Sunnmøre.³⁷² Giskeætta var sjølv ei grein av

³⁷⁰ Guttorm Åsolvsson er nemnt første gongen i 1136 som ein av hovdingane som gav Sigurd Haraldsson kongsnamn. På dette tidspunktet må han ha vore vaksen og godt etablert politisk, men vi veit ikkje når han tok over denne posisjonen etter faren. Msk og Hkr nemner også ein bror, Ottar ved same høve, jf. Msk: 414; Hkr: 570. For slektskapsrelasjonar til Rein, sjå Fsk: 388-391.

³⁷¹ Hkr: 511. Skule kongsfostre vart gift med Gudrun Neivsteinsdotter. Harald Hardråde var morbror hennar.

³⁷² Kvalsund 1957: 235-297.

Arnmødlingætta som gjekk attende til Arne Arnmodsson. Denne slekta hadde forgreiningar til mange av dei kjende stormannsslektene i mellomalderen. Ei av greinene gjekk til Bjarkøy på Hålogaland, der Vidkun Jonsson var lendmann i Magnussønene si styringstid,³⁷³ og ei anna til Sola, der vi finn etterkomarar av Erling Skjalgsson, Knut frå Jæren og son hans Svein.³⁷⁴ Ei anna grein av Arnmødlingætta førte til Støle i Sunnhordland, der Kyrpinge-Orm sat som lendmann. Støleætta var dessutan etterkomarar av jarleætta på Lade og knytt til Reinsætta gjennom ekteskap mellom Kyrpinge-Orm og Ragnhild, syster til Åsolv Skulesson.³⁷⁵ Sauda-Ulv, og sønene hans, Finn og Peter, ætta også etter Arnmødlingane, i ei grein der den seinare erkebiskopen Øystein Erlendsson også hadde sine røter.

Skofte på Giske og tre av sønene hans omkom under ei ferd utanlands kring 1100. Den siste gjenlevande av sønene, Pål, ser ut til å ha vore svært ung då faren døydde, og vi ser at det er ektemennene til kvinnene i slekta som dominerer dei første tiåra av 1100-talet. Dette gjeld Dag Eilivsson som eigde garden Bratsberg i Gjerpen og andre eigedomar i Grenland og Vestfold,³⁷⁶ svigerson hans Kåre kongsbror på Austrått,³⁷⁷ og Hallkjell Huk frå Blindheim på Sunnmøre.³⁷⁸ Dei var alle gifte med kvinnelege etterkomarar av Skofte på Giske.

³⁷³ Fsk: 392.

³⁷⁴ Fsk: 389.

³⁷⁵ Fsk: 388.

³⁷⁶ Dag Eilivsson vart gift med Ragnhild Skoftesdotter, Ågrip : 102; Msk; Msk: 448; Fsk: 391. Dette ekteskapet har rimelegvis funne stad ein gong mellom 1110 og 1120. Dag Eilivsson vert nemnd som lendmann kring århundreskiftet. Han kan difor ikkje ha vore fødd særleg seinare enn 1080, heller noko før. Ragnhild har truleg vore noko yngre enn Dag, men ho har vore fødd før 1103, då faren hennar døydde. Ragnhild vert nemnt i forbindelse med konflikten mellom systera Gyða og Geirsteinn kring midten av 1150-åra (Ågrip: 102-6; Msk: 148-50). Ho har då vaksne born, og Dag ser ikkje ut til å vere i live lenger. Dag hadde ein son, Vatnorm, som var hærførar for kong Inge allereie i 1137 (Msk: 422-3; Fsk: 348; Hkr: 572-4). Han ser ut til å ha vore ein del eldre enn sine sysken, og fleire har meint at Ragnhild ikkje har vore mor hans (Brathetland 2002b; Heber 1944). Dei borna som eksplisitt vert nemnde som Ragnhild og Dag sine born, Gyrid, Baugeid, Sigrid og Gregorius (jf. Fsk: 391), ser ut til å vore fødte i tidsrommet 1120-30. Ektemennene til døtrene var politisk aktive i 1150 og 60 åra, Gyrid hadde dessutan ein son som var fødd i 1155 (Hkr: 606), og Baugeid var abedis i Gimsøy kloster i 1161 (Hkr: 607). Gregorius Dagsson gjorde seg også gjeldande på den politiske arenaen på midten av 1150-talet (Ågrip: 104 ff; Msk: 148 ff; Fsk: 351 ff; Hkr: 585 ff.). Sjå også Bull 1926: 183.

³⁷⁷ Kåre kongsbror vart gift med Borghild, dotter til Dag Eilivsson og Ragnhild Skoftesdotter, Msk: 365; Hkr: 566. I følgje Msk: 364 var Kåre kongsbror bror til Sigrid Saksedotter medan Hkr: 566 oppgir at Sigrid var mor hans. Sigrid Saksedotter var mor til kong Olav Magnusson, og tilnamnet *kongsbror* skulle tyde på at det er Hkr som er til å lite på, slik også Bugge 1916: 36. Tjersland held seg til Msk si tolkning, og har prøvd å vise at Magnus Haraldsson må ha vore gift med ei dotter av Sakse i Vik, og at Kåre og Håkon Toresfostre dermed var brør, Tjersland 1937: 122.

³⁷⁸ I følgje Fsk: 388 var Hallkjell Huk gift med Sigrid dotter til Tora Skoftesdotter på Giske og Åsolv Skulesson på Rein. Ei tidfesting av dette ekteskapet må verte svært utsikker. Hallkjell Huk vert nemnt først i samband

Det er rimeleg å tenkje seg at arveskiftet etter Skofte på Giske og sønene hans, samt ekteskapa som kom i stand, var ein årsak til at menn som Dag Eilivsson og Hallkjell Huk kunne slå seg opp kring århundreskiftet, og det er nettopp slike menn som kom til å dominere hendingane som førte fram mot strid i 1130. Ein anna slik stormann var Kol Kalesson. Han vart gift med Gunnhild, dotter til Erlend Orknøyjarl. Om dette ekteskapet seier Os at det kom i stand som kompensasjon for tapet av Kol sin far, Kale, som hadde vore med Magnus Berrføtt på hærferda vestover, men som hadde falle i strid.³⁷⁹ Menn som Hallkjell og Kol kom allereie frå gode ætter og må ha hatt monaleg med eigne ressursar, sjølv om dei ikkje kan koplast direkte til dei mest framståande ættene. Saman med menn som Sigurd Ranesson frå Steig i Nordland, Salmund Sigurdsson, lendmann i Agder, Jon Mornev³⁸⁰ og Ivar Fljodum frå Trøndelag,³⁸¹ Ingemar Sveinsson frå Ask på Ringerike, Tjostolv Åleson og Bergtor Bukk, sannsynlegvis lendmenn i Viken,³⁸² blir dei omtala som «ríkismenn», «ríkastu menn»³⁸³ og «stórir høfðingjar».³⁸⁴

Kongens menn vart berre ved sjeldne høve rekrutterte frå lågare sosiale lag, men vi har døme på, også under Magnussønene, at det kunne skje. At dette var uvanleg går fram av sagaforfattarane sin trong til å kommentere at kongen har gitt lendmannsrett til menn som *ikkje* hadde ætt til det. Vi har to slike nyrekrutterte lendmenn hos Magnussønene. Ottar Birting og Aslak Hana. Begge fekk eigedomar i len av kong Sigurd Jorsalfare etter å ha vist mot og lojalitet til kongen.³⁸⁵

med hendingar i 1120 ára, han kan såleis ha vorte fødd seinast kring 1100. Han hadde to vaksne søner i slutten av 1150-ára, men han var sjølv framleis politisk aktiv. Eine son hans, Simon Skalp, hadde sjølv ein son i 1160. Kor gamal denne sonen til Simon var på det tidspunktet veit vi ikkje, men han var mest sannsynleg mindreårig (jf. Hkr: 614). Dersom vi legg sønene sin alder til grunn for å avgjere kor tid Hallkjell og Sigríð vart gifte, skulle vi lande kring 1120- eller -30-talet, kanskje så seint som 1135 då Harald Gille kom til makta. (Opprekinga av Hallkjell og Sigríð sine born i *Arnmødlingatal* i Fsk nemner ikkje Simon, men Ivar Hallkjellsson i staden, Fsk: 391. Det mest nærliggande i dette tilfellet, sidan Fsk også er underretta om at denne Ivar hadde ein son, er at Hallkjell hadde tre søner, men berre to av dei med Sigríð. Simon kan då godt ha vore ein frilleson eller frå eit tidlegare, ukjent ekteskap).

³⁷⁹ Os: 107.

³⁸⁰ Msk: 376-8; Hkr: 600.

³⁸¹ Msk: 365, 367 og 375. Fljodum blir rekna for å være Fløan i Stjørdalen, jf. Msk-Ga: 334.

³⁸² Msk: 361-364, 377; Hkr: 557; Os: 155.

³⁸³ Hkr: 530; Fsk: 324.

³⁸⁴ Ágrip: 88; Os: 100, 140; Fsk: 324; Msk: 331, 361, 365, 376; Hkr: 530.

³⁸⁵ Om Ottar Birting seier Morkinskinna at han fekk kongeleg veitslejord og lendmannsnamn av di han viste mot nok til å snakke kong Sigurd til rette under eit av raserianfalla hans, trass i at han berre var ein bondeson frå små kår. Msk: 388-9: «þvanda s.» og «en verstí kotkarls s. oc enar minzto ettar.» Sjå også Msk-FI: 279-80; Brathetland 2002a i Norsk biografisk leksikon 1999-2005. Aslak Hana fekk tre gardar i len av kong Sigurd på liknande vis, og «íkkje var han ættestor mann», hevdar Msk: 393.

Opplysningane vi har om eliten under Magnussønene teiknar såleis eit bilete av ein liten krins av landets beste menn. Innerst i denne krinsen finn vi kongsfrendane frå ætter som Giske, Rein eller andre greiner av Arnmødlingætta som hadde vore aktive på det politiske planet i generasjonar. Utanfor denne indre sirkelen finn vi nye politiske aktørar som var i stand til å avansere både sosialt og økonomisk. Vi har sett at naturleg arveskifte av store jordegodssamlingar som Giske kan ha bidratt til sosialt avansement. Det gjorde også kongelege gåver i form av ekteskap og jordegods. Gåver og ekteskap som kom i stand etter Magnus Berrføtt sine ekspedisjonar vestover like før hans død, tyder også på at eliten ikkje var avstengt frå inntekter frå hærtokter utanlands sjølv om det ikkje lenger var snakk om regulære plyndringstokter i stor stil. Det var framleis mogeleg for stormenn å vinne både rikdomar, heider og ære på hærferder og krossferder, noko vi ser fleire døme på utover heile 1100-talet. Overgangen frå plyndring til godsdrift, som Orning skildrar, skjedde gradvis og det var framleis mykje plyndringsgods og hærfang i omløp mellom elitens medlemmer utover 1100-talet.

Dette gir inntrykk av ein dynamisk elite, med ein relativt stor grad av geografisk mobilitet. Geir Atle Ermland har hevda at samfunnsstrukturen i vikingtida hadde ”nomadiske trekk på topplanet” og dette er dekkjande også for vår del av høgmellomalderen.³⁸⁶ Etter gjeldande kanonisk rett på 1100-talet skulle ikkje to partar som var nærare i slekt enn 6. grad inngå ekteskap.³⁸⁷ Sjølv om dette kravet vart redusert til 4. grad innan første halvdel av 1200-talet, må det likevel bety at nettverket kring kongemakta var i jamleg endring. Alliansar med nye familiar vart etablerte gjennom ekteskap, og etter dei norske ekteskap- og arvereglane skulle også dei økonomiske overføringane i samband med inngåing og oppløysing av ekteskap kome familiane på både sider til gode. Dette sikra sirkulasjon av elitens ressursar og skapte naturleg konkurranse om sosiale posisjonar. Det er viktig å ha i mente at kongemakta var ein del av denne eliten og deltok i dei same transaksjonane. Sjølv om kongsmedlemmene etter kvart kom til å søkje sine ektefellar frå utanlandske kongehus, hadde dei gjerne opp til fleire høgætta, norske stormannsdøtrer som friller. Dei fekk born med desse frillene, og borna fekk rett til arv. Dei tre Magnussønene var alle eit resultat av Magnus Berrføtts

³⁸⁶ Ermland 2000: 34.

³⁸⁷ Gundersen 1962.

relasjonar med friller, Magnus Blinde og Harald Gille var også frillesøner, og av Harald Gille sine tre søner var berre den eine ektefødd. Konflikhtar om kongemakta kan såleis ikkje skiljast frå konflikhtar i eliten. Det var ein og same sak. Dei norske stormennene som utgjorde den øvste eliten hadde sterke interesser, både økonomisk og sosialt, i den maktkampen som føregjekk mellom rivaliserande kongsemne, og i periodar med mindreårige kongsemne er det i realiteten ikkje ein maktkamp mellom kongar, men mellom ulike nettverk av eliten.

Nettverka var også verksame i fredstider, og gir oss eit viktig grunnlag for å forstå elastisiteten i styringsforma. Bjørgo la som nemnt vekt på at samkongedømmet var prega av rikseinskap. Som styringsform hadde samkongedømmet ein fredsskapande funksjon. Han hevda at styret var elastisk, og sjølv om det var fleire kongar samstundes, bar det berre i liten grad preg av regional inndeling. Kongane sat regelmessig saman, og dei hadde som oftast ei og same hird.³⁸⁸ Avvik frå denne regelen var eit teikn på spenning.³⁸⁹ Når det gjeld Magnussønene var den regionale inndelinga rett nok ikkje særleg tydeleg, og kongane sat saman ved fleire høve, men det går klårt fram av kjeldene at kongane hadde kvar si hird. Det ser vi mellom anna av *Tingsaga* i Msk der Sigurd Ranesson ber om venskapen til Vidkun Jonsson. Vidkun svarar at han gjerne vil vere venen til Sigurd (og dermed også kong Øystein), om det ikkje var for at han er kong Sigurd sin lendmann og ville følge han.³⁹⁰ Dette tyder på at lendmennene fekk vyrnaden sin frå den einskilde konge, og at samkongedømmet slik sett kunne setje den enkeltes lojalitet på prøve.

Klart avskilte grupperingar av lendmenn har det likevel ikkje vore. Det ser vi mellom anna av at den same Vidkun Jonsson hadde opphald i Nidaros saman med kong Øystein ved eit anna høve, og Øystein gjekk ikkje av vegen for å yte hjelp i ei sak der Vidkun var involvert.³⁹¹ Msk refererer også til fleire høve der mennene til kong Sigurd

³⁸⁸ Bjørgo 1970: 18 ff.

³⁸⁹ Bjørgo nemner Haraldssønene (1136- ca. 1155) som hadde felles hird som barn. Denne formynderregjeringa kan neppe reknast som representativ for samkongedømmet som styringsform. Vi ser då også at Haraldssønene tok kvar si hird då dei vaks til.

³⁹⁰ Msk: 370.

³⁹¹ Msk: 361 ff.

kom til Øystein for å be om hjelp når tungsinnet til kong Sigurd hindra han i å ta avgjerder i saker som mennene hans hadde lagt fram for han.³⁹²

Tingsaga gir eit viktig bidrag til korleis vi skal forstå tilhøvet mellom lendmennene og dei to kongane Øystein og Sigurd. I konflikten som oppsto mellom kong Sigurd og lendmannen Sigurd Ranesson søkte sistnemnde støtte hos kong Øystein. Sigurd Ranesson var gift med Skjaldvor, sammødra syster til Magnus Berrføtt, og begge Magnussønene var såleis relaterte til Sigurd Ranesson gjennom mågskap. Som nemnt ovanfor valde Vidkun Jonsson å stå på kong Sigurd si side, men omframtid Sigurd Ranesson sjølv er han den einaste vi trygt kan plassere på den eine eller andre sida. Jon Mornev var talsmann for tinglyden på Frostatinget, og orda som vert lagt i munnen på Jon fortel om stormenn som var pressa frå to hald. For desse stormenne gjaldt det å balansere mellom dei to kongane utan å kome på kant med nokon av dei: «Då svara Jon Mornev at det ikkje syntest enkelt for mennene å gjeva ei rettsleg avgjerd, men at dei likevel vart nøyde til det som dei var skuldige til, anten dei lika det eller ikkje.»³⁹³

Samla sett er det dermed problematisk å hevde at samkongedømmet som styringsform i seg sjølv var fredskapande. Dersom kongane hadde hatt felles hird, slik Bjørge hevdar dei hadde, kunne dette verka samlande. I staden ser det ut til at vi har å gjere med ein praksis der lendmennene reint formelt har teke lendmannsretten frå den eine eller andre av kongane (eller eventuelt har sete med den etter Magnus Berrføtt), men som reelt måtte ta omsyn til eit politisk felt der relasjonane var skiftande. At slektskap-, ekteskap- og venskapsrelasjonar også batt stormennene til kongane, og til kvarandre, på ulike måtar, må også ha spela inn på den enkelte sitt handlingrom. Her er dermed også stort potensiale for konflikt. Elitens handlingsrom vart påverka av både kor mange kongar der var til ei kvar tid, og kva rom den enkelte konge gav for medverknad frå eliten, slik Orning har vore inne på. Men då handlar det ikkje lenger om overgangen frå *ei* monarkisk styringsform til ei anna, men om ulike former for maktutøving som eksisterte parallelt og som kvar for seg representerte moglege løysingar avhengig av maktforholda til ei kvar tid. Spørsmålet vidare blir då kva for maktpolitiske omstende som rådde mot slutten av Magnussønenes styringstid, og kva for strategiar dei

³⁹² Msk: 357 og 382.

³⁹³ Msk378, her omsett av Msk-FI: 271. Sjå også Msk: 376.

konkurrerende kongsemna nytta for å byggje ut sine posisjonar og fremje sine interesser?

Harald Gilles nettverk

I moderne historieskriving fortonar Harald Gilles veg til kongemakta seg som eit politisk paradoks. I følgje Snorre vart han henta til landet på ein av stormennene sitt initiativ, og i løpet av kort tid skaffa han seg vener i hirda, trass i at han tala dårleg norsk og kledde seg framand. Han var gåvmild og vennleg og lydhøyr for råd.³⁹⁴ Dette tyder på at det både fanst eit miljø i eliten som ønskte eit nytt kongsemne velkomen, og at Harald hadde eigenskapar som overtydde stormennene om at dei var tent med å stø opp om han. Ei slik tolking står derimot i sterk kontrast til framstillinga av Harald Gille i moderne historieskriving. Munch har vanskar med å sjå at det eksisterte krefter i kongens krins som kunne ha interesse av å stø opp om ein alternativ, og til alt overmål, utanlandsk tronpretendent. Difor måtte det ha vore Harald sjølv som tok initiativet til dette, driven, ikkje av evner eller politisk teft, men berre av si eiga overtyding om rettmessig byrd:

Det synes neppe muligt, at en saa dristig Tanke som den, at udgive sig for en Søn af Kongen i et fremmed Land, og udsætte sig for de Farer, der vare forbundne med at fordre Anerkjendelse som saadan, skulde kunne opstaa hos en Irlænder, der ikke engang, som det synes, levede i nogen glimrende eller fremragende Stilling, og heller ikke, saa vidt vi af vore historiske Optegnelser kunne see, havde noget tidligere Exempel for sig i denne Henseende, hvis han ej havde følt sig drevet dertil af den Ærgjerrighed, som alene Visheden om at være udsprungen af en saa høj Herkomst kunde frembringe. Man kan vanskeligt tænke sig, at nogen Nordmand skulde have opsøgt ham og overtalt ham til at spille en saadan Rolle, for siden, hvis Planen lykkedes, at høste fordel af hans Venskab.³⁹⁵

Det fanst altså ikkje stormenn som såg seg tent med å støtte Harald Gille, i følgje Munch. Initiativet kom heilt og haldent frå Harald sjølv. Samstundes skildrar han Harald som svak og usjølvstendig, «et viljeløst redskab» i hendene på hovdingane:

man kan ikke paavise en eneste handling av ham, der vidner om bestemt Charakter og fast Vilje. I alt, hvad han foretog sig, raadede hans Omgivelser, og man kan neppe gjøre ham selv ansvarlig for en eneste af de Regjeringshandling, der tillægges ham, onde eller gode.³⁹⁶ (...) Han udmerkede seg kun som Hurtigløber.³⁹⁷

³⁹⁴ Ágrip: Msk: 100; 398, 411; Hkr548, 550.

³⁹⁵ Munch 1941-43 (1855-59) bd. 6: 129.

³⁹⁶ Munch 1941-43 (1855-59): 201. Det er verdt å merke seg at Munch nokre sider lenger framme innrømmer at vi slettes ikkje veit særleg mykje om kva Harald Gille føretok seg i si regjeringstid: «Om Kong Harald Gilles Virksomhed i Landet nævnes der saa godt som intet». Munch 1941-43 (1855-59), bd. 6: 193.

³⁹⁷ Munch 1941-43 (1855-59) bd. 6: 147, sjå også 194.

Det paradoksale består i at Harald på ei og same tid både tok initiativet til å fremje si sak hos kong Sigurd, samstundes som han skal ha overlate alt han føretok seg til sine omgjevnader. I seinare framstillingar er dette løyst ved å tilskrive stormennene ei meir aktiv rolle i oppbygginga av Harald sitt maktgrunnlag, samstundes som det blir halde fast på at Harald sjølv hadde eit føyeleg vesen og let seg styre. Holmsen hevdar til dømes om Harald Gille at han var «en stor drikkebror og kvinnejeger; forstand, viljekraft og karakter var derimot litt smått med hos ham. Men han hadde en elskverdig framtrede og et føyelig vesen, som snart skaffet ham mange venner blant stormennene.»³⁹⁸ Gradvis har det også blitt opna for at den sterke posisjonen Harald fekk er eit teikn på at det fanst motstridande krefter innan aristokratiet allereie før Sigurd Jorsalfare døydde.³⁹⁹ Men kven var desse stormennene som slutta seg til Harald, og kvifor kunne dei sjå seg tente med å stø opp om ein konkurrent til den unge kongssonen?

Dei fire norske kongesagaene som dekkjer første halvdel av 1100-talet fortel alle om Harald Gille og konflikten med kong Magnus, men Hkr og Fsk har dei mest utførlege skildringane. Begge byggjer på Hryggjarstykki, og er nokså like når det gjeld innhald. Dei fortel om ufreden mellom dei to kongsemna og stormennene som delte seg i to leirar, men utan å namngi stormennene. Forfattaren av Orkenyinga saga har også kjent til Hryggjarstykki, men skil seg i denne samanhengen ut med større detaljkunnskap om kven av stormennene Harald fekk støtte frå, både i samband med jarnburden og konungstekja. Vi veit at Snorre i alle fall kjente til delar av Os, men det er ikkje mogeleg å påvise spor etter Os i sagaen om Magnus Blinde og Harald Gille. Dette kan tyde på at alle dei overleverte tekstane har eit felles førelegg i Hryggjarstykki, men at Os hadde tilgang til eit rikare tilfang av informasjon om stormennene som promoterte Harald. Tidsmessig er Os dessutan den mest samtidige av dei overleverte kjeldene, og er elles rekna som svært påliteleg.⁴⁰⁰

³⁹⁸ Holmsen 1961: 193. Sjå også Sars 1877: 79; Hertzberg 1869: 113; Bugge 1916: 29. For fleire dømme, sjå Arstad 1999, særleg 435-37. Som Arstad viser i sin artikkel fins det ikkje noko i karakterskildringane av Harald som tyder på at han var særskilt meir glad i drykk enn andre. Derimot vert det sagt om *Magnus* at han var «drykkjumaðr mikill» (Hkr: 555). Harald sitt forhold til kvinner er heller ikkje kommentert eksplisitt i nokon av kjeldene. Han hadde 6 frilleborn og vart drepen medan han sov hos ei av frillene sine, men Arstad har nok rett i at dette truleg har forarga ettertida meir enn samtida.

³⁹⁹ Bugge 1916: 29; Holmsen 1961: 192-193; Helle 1974: 42-43; Krag 2000: 105; Opsahl, m. fl. 1999: 103.

⁴⁰⁰ Jónsson 1923: 646 ff; samt Nordals innleiing til Os.

Etter Os skal den norske lendmannssonen Kale Kolsson (seinare Ragnvald jarl) frå Agder ha møtt Harald Gille i Grimsby i England ein gong kring 1115.⁴⁰¹ Dei to unggutane vart vener, og det skal ha vore Kale og far hans, Kol, som overtalte kong Sigurd til å la Harald få bere jarnburd.⁴⁰² Sagaen namngir også Tjostolv Ålesson og Ingemar Sveinsson, «saman med mange andre lendmenn».⁴⁰³ Dette er første gongen vi høyrer om Tjostolv. Han skulle seinare bli ein av Harald Gille sine næraste støttespelarar. Ingemar Sveinsson, derimot, var ein godt etablert lendmann i Magnussønene sitt følgje også før Harald kom til Noreg.

Då Harald fekk bod om at kong Sigurd var død skal han, etter Os, handskrift 335, straks ha sendt bod til «þeim Raugvalldi frendum».⁴⁰⁴ Dei andre handskriftene har «fedgum», altså Ragnvald og *far/bror* hans. At far til Ragnvald kom i følgje med sonen for å bistå Harald er rimeleg med tanke på den sentrale rolla Kol spela ved andre høve der Ragnvald utmerka seg. Holtsmark har tenkt seg at Ragnvald stilte med ei større frendegruppe.⁴⁰⁵ Dei nemnde tekststadane gir grunnlag for begge desse tolkingane. Os nemner dessutan fleire av Ragnvald sine slektningar: Salmund, lendmann og gjaldkar i Agder, Jon Petersson Fot, lendmann i Sogn og Ragnvalds svoger, og sist men ikkje minst lendmannen Kyrpinge-Orm på Støle og sønene hans Ogmund og Erling.⁴⁰⁶ Om denne familien understrekar Os ved fleire høve at dei hadde eit nært forhold til Kale og sonen Ragnvald, og viser korleis dei kom kvarandre til hjelp når det trongst, som vi skal sjå nedanfor.

Os opplyser vidare at Ragnvald og Salmund, Tjostolv Ålesson, Ingemar Sveinsson av Ask, og Kristrød, halvbror til Harald, deltok som hærførarar for Harald i slaget ved Fyrileiv i 1134. Etter nederlag i dette slaget, søkte Harald tilflukt i Danmark, saman med Tjostolv. Han kom attende til Bergen mot juletider, og sigra over Magnus i eit slag i Bergen rett over jul i 1135. Våren same år, stadfesta han retten Ragnvald hadde fått til å kalle seg jarl, og stilte seg såleis offisielt bak Ragnvald i kampen mot Pål jarl

⁴⁰¹ Sjå note 420 nedanfor.

⁴⁰² Os: 154.

⁴⁰³ Os: 154-155.

⁴⁰⁴ Os: 154.

⁴⁰⁵ Os-Ho: 100.

⁴⁰⁶ Os: 154-156, 214-215.

om makta på Orknøyane. I biletet Os formidlar av Harald sin veg til suksess har venskapen til Ragnvald fått stor forklaringskraft, for, som forfattaren uttrykkjer det, «Ragnvald var det sikreste følge Harald hadde i mellomværendet mellom kongene, og han skiltes aldri fra ham før all kamp mellom kongene var slutt».⁴⁰⁷


Snorre presenterer eit litt anna bilete av korleis Harald etablerte sin posisjon. I Hkr er det Hallkjell Huk, lendmann på Møre, som tek Harald Gille med seg frå Suderøyane, der dei hadde møttest, til kong Sigurd i Noreg. Omfram dette nemner ikkje Snorre fleire konkrete namn på stormenn, korkje i samband med jarnburden eller konungstekja. Han framhevar i staden at Harald var gåvmild og vennleg og lydhøyr frå råd frå mennene sine. «Dette gjorde at han ble vennesæl og fikk gode lovord. Mange stormenn sluttet seg til ham, slett ikke færre enn til kong Magnus.»⁴⁰⁸ Først ved slaget ved Fyrileiv får vi nokre sparsame opplysningar om kven desse stormennene var. Her vert Tjostolv Ålesson, Ingemar Sveinsson og Kristrød kongsbror nemnde, og stør såleis opp om Orkneyinga si framstilling, medan Ragnvald jarl ikkje blir nemnd med eit ord av Snorre.⁴⁰⁹

⁴⁰⁷ Os-Ho: 100-101

⁴⁰⁸ Hkr: 155: «Slíkt alt dró honum til vinsælda ok orðlofs; þýddusk hann þá margir ríkismenn engum mun síðr en Magnús.»

⁴⁰⁹ Både Tjostolv Ålesson og Ingemar Sveinsson vert nemnde i samband med slaget mellom Harald Gille og Magnus Blinde ved Fyrileiv i 1134. Kristrød, bror til Harald skal også ha delteke der. Os nemner også desse tre på Harald si side, og i tillegg Ragnvald Kale Kolsson og Salmund frå Agder (Os: 156).

Figur 12: Harald Gilles nettverk 1115 - 1135



— = Slektskap — = Allianse

Figur 12 ovanfor illustrerer nettverket til Harald Gille fram til sigeren over kong Magnus i 1135. Vi har sett at Os gir det mest substansielle bidraget i form av konkrete namn. Etableringa av Harald sin politiske posisjon blir knytt til stormenn som deltok aktivt på det politiske planet også før Harald Gille vart introdusert for hirda i Noreg. Vi ser også at i dette nettverket står frendegruppene kring Ragnvald Kale jarl og Kyrpinge-Orm på Støle fram som to sub-nettverk som nyttar sine ressursar til å fremje Harald sin posisjon. Disse to sub-nettverka er dessutan knytte til kvarandre gjennom slektskap. Av materialet presentert ovanfor går det også fram at nettverket kring Harald aktivt har gått inn for å etablere han som ein konkurrent til kong Magnus, og vi skal no sjå nærare på kva som kan ha motivert dei til dette.

Ingemar Sveinsson frá Ask på Ringerike hadde som nemnt vore ein av Magnussønene sine lendmenn sidan før 1123,⁴¹⁰ og i andre halvdel av 1120-talet var han ein av stormennene som fremja Harald Gille si sak hos kong Sigurd. Om bakgrunnen hans veit vi ikkje stort anna enn at Msk omtalar han som «den mektigaste lendmannen og ein hissig og vyrdlaus mann».⁴¹¹ Ingemar var innblanda i ein konflikt som eskalerte som følgje av dei vertikale og horisontale lojalitetsbanda som gjennomsyra hirda. Ingemar sin tenestekar vart skulda for tjuveri. Skuldinga kom frå ein av lendmannen Vidkun Jonsson sine vener. Vidkun var kong Sigurd sin lendmann, og han fekk også støtte frå lendmannen Sigurd Ranesson som skulda han ei teneste. På begge sider vart det mobilisert store hærstyrkar, men kong Øystein greip til slutt inn og dømte i Ingemars disfavor. Den tjuveriskulda tenestekaren til Ingemar vart hengt, medan Ingemar sjølv flykta til Danmark. På vegen drap han ein av kong Øystein sine menn til hemn.⁴¹²

Ingemar hadde audmjuka kongen offentlig, og gjort seg skuldig i drap på ein kongeleg ombodsmann. Etter gjeldande rettsreglar kunne slike 'ubotamál' (brottsverk det ikkje kunne bótast for) straffast med fredløyse og konfiskasjon av fast eigedom og lausøyre.⁴¹³ Forfattaren av Msk ser ut til å meine at kong Øystein let vere å søkje oppreising for uretten Ingemar hadde valda han, og synte seg på den måten som ein god og klok konge.⁴¹⁴ Om dette var den eigentlege årsaka veit vi sjølvsgatt ikkje. Situasjonen var uansett så alvorleg at Ingemar neppe kunne risikere å opphalde seg innanlands.

⁴¹⁰ Ingemar er nemnt i Msk i samband med konflikten som er skildra i dette avsnittet. Tidfestinga er usikker ettersom kronologien i Msk er problematisk på dette punktet. Avsnittet startar med «Um daga þeira Eysteins konvngs». Vi veit såleis ikkje om forfattaren siktar til tidsrommet då alle tre brørne var i live, dvs. før 1115, eller om han meiner tidsrommet mellom 1115 og 1123 då Øystein og Sigurd regjerte saman. Samanhengen i Msk gir heller ikkje noko eintydig svar. Det følgjande avsnittet skildrar kong Olavs død. Det skulle altså tyde på at hendinga fann stad før 1115, men i avsnittet deretter igjen er Olav framleis i live. Munch har sett hendinga til 'den Tid, da begge Konger endnu levede», dvs. mellom 1115 og 1123, medan Flokenes i si omsetjing har valt: «I dagane til kong Øystein og brørne hans», altså før 1115 (Msk-Fl: 259). Slik har også Gade og Andersson tolka det (Msk-Ga: 68).

⁴¹¹ Msk: 361: «eN rikasti lendr maþr oc ofsa maþr mikill», her i omsetjing frá Msk-Fl: 262.

⁴¹² Msk: 361-364.

⁴¹³ Om brotsverk som vart rekna for 'ubótamál' sjá td. GL: 44, 182 og 186; Helle 2001: 99-101.

⁴¹⁴ Msk: 364; Msk-Fl: 262: «Kong Øystein gjorde ikkje noko for å hindra reisa hans [Ingemars] og gav ingen gaum på dei tápelege orða som han mælte. Han let godleiken og vitet hava makta, som han jamleg gjorde». Som fleire av dei andre tåttane i Morkinskinna synest denne å ha som føremål å framheve kong Øystein sin klokskap og evne til å setje eigne krav til sides til beste for sine menn. Jf. også tåttane om Aslak Hana og Ottar Birting. Ármann Jacobsson 1999: 82 har særskilt sett på tåttane i Msk som eksemplariske forteljningar med utgangspunkt i eit kongeleg ideal. Han tolkar denne tåtten som uttrykk for kor viktig det var at ein konge å vise fatning og leggje band på seg.

Kjeldene er samstemte om at Ingemar søkte til Harald Gille etter opphaldet i Danmark, men det er uklart når dette skjedde.⁴¹⁵ Enkelte har spekulert i om Ingemar var i slekt med sentrale personar i nettverket kring Harald Gille,⁴¹⁶ men vi veit for lite om Ingemars familiebakgrunn til at dette kan bli anna enn lause spekulasjonar.⁴¹⁷ Det er nærliggande å tru at det var konflikten med kong Øystein og lendmennene som var årsaka til at Ingemar slutta seg til Harald Gille. Vi veit at rivalen Vidkun Jonsson hadde ein sterk posisjon hos Magnussønene og særskilt hos kong Sigurd. Vidkun var fosterfar til den unge kongssonen Magnus, og såleis i posisjon til å krevje at Ingemar skulle stå til rette for skaden han hadde valda.⁴¹⁸

Det er verdt å merke seg at kong Sigurd ikkje vert nemnd med eit einaste høve i samband med denne konflikten. Det var kong Øystein som greip inn og fekk saka til tings, sjølv om Vidkun Jonsson formelt var kong Sigurd sin lendmann. Samstundes kan det tenkjast at kong Øystein sin manglande vilje til å søkje oppreising frå Ingemar, og klokskapen sagaforfattarane dermed tileignar han, botnar i ein freistnad på å dempe

⁴¹⁵ Ingemar er berre nemnt i Os (Os: 155-156) i tidsrommet mellom konflikten med kong Øystein (Msk: 361-4) og slaget på Fyrileiv (Hkr: 557). Ei vanleg oppfatning, først lansert av Munch, er at Ingemar returnerte til Noreg etter at kong Øystein var avliden i 1123 (Munch 1941-43 (1855-59): bd. 6, 137; slik også Storm 1884a: 145) Opplysningane i Os set Ingemar i samband med jarnburden kong Sigurd let Harald gjennomføre, og hevdar at Ingemar og mange andre lendmenn var pådrivarar for nettopp dette. Ingemar kan såleis ha returnert til Noreg seinare, i samband med at Harald Gille etablerte seg eit nettverk i hirda.

⁴¹⁶ Fleire freistnader har vorte gjort på å identifisere slektsrelasjonar mellom Ingemar og ulike personar innan eliten. Ein interessant teori har vorte framsett av Leif Tjersland som har prøvd å vise at Ingemar var son til ei ukjent dotter av Sigurd Sneis og Svein Haraldsson, son til den danske stormannen Harald Flette (Tjersland 1937). Tjersland argumenterer med at namnet Ingemar ikkje lyder særleg norsk, men heller dansk, og at Ingemar søkte tilflukt i Danmark etter konflikten med kong Øystein. Dersom Tjersland sin teori stemmer skulle Ingemar vere nevø av Salmund frå Agder og i slekt med fleire personar som på eit seinare tidspunkt skulle spele ei aktiv rolle innan krinsen kring Harald sine søner (t.d. enkedronning Ingerid og Orm kongsbror). Problemet med Tjersland sin teori er at den byggjer på ei rekkje ukjende variablar. Korkje paronymikonet "Sveinsson" eller tilknyttinga til Danmark peikar direkte mot at Ingemar var ein etterkomar til Harald Flette. Dette er rein gissing. Han kan like godt ha vore son til Svein Brynjulvsson, lendmann frå Sogn. I følgje Armødlingatal i Fsk vart han gift med den danske kongsdottera Ingrid, som tidlegare hadde vore gift med kong Olav Kyrre (Fsk: 339). Det som likevel svekkjer Tjerslands teori mest er alderen på aktørane. Morkinskinna omtalar Ingemar som ein mektig lendmann allereie i Øystein Haraldssons styringstid, ein gong mellom 1115 og 1122. Det betyr at Ingemar seinast kan ha vore fødd kring 1100, truleg ei god stund før. Dersom vi tenkjer oss at Ingemar var eldst i barneflokket, og at mora minimum var 15 år då ho fekk han, får vi likevel ein aldersforskjell på minimum 15 år mellom mor til Ingemar og bror hennar Salmund. Om Salmund veit vi nøyaktig at han var fødd kring 1100. Konsekvensen av dette vort at Ingemar var jamaldring eller eldre enn onkelen sin, og at han var politisk aktiv samstundes som sine to bestefedre.

⁴¹⁷ Utover den nemnde opplysninga i *Morkinskinna* at Ingemar var den mektigaste lendmannen i landet veit vi ikkje anna enn at han kom frå Ask. Munch meiner det må dreie seg om Ask i Norderhov (Ringerike) (Munch 1941-43 (1855-59): 95); slik også Storm 1884a: 145 og Hkr-Hø: 267. Argumentasjonen til Munch kviler hovudsakleg på *Morkinskinna* si opplysning om at Ingemar tok vegen om Viken då han forlot landet, men noko anna rute landevegen sørover frå Nidaros er ulogisk. Ask er eit relativt vanleg gardsnamn, som vi også finn i andre landsdelar, mellom anna fleire stadar på vestlandet, jf. Rygh 1897: binda 2: 287; 5: 37-8; 6: 184; 9: 132; 11: 22 og 279; 12: 249. Sjå også Daae 1896: 8.

⁴¹⁸ Hkr: 542; Msk: 357.

verknadane av konflikten. Det er ikkje klokskap som dominerer kong Sigurd sitt ettermæle, og då kong Sigurd vart einekonge i 1123, kan situasjonen ha endra seg. Eit tronskifte i 1130 der den femtenårige Magnus og fosterfaren Vidkun fekk makta åleine ville vere ein katastrofe for Ingemar. Dette, og liknande omsyn, kan vere bakgrunnen for at Ingemar og fleire andre stormenn valde å stø opp om utfordraren Harald Gille.

Dette indikerer at kong Øysteins død i 1123 kan ha ført til at rammene for elitens deltaking i det politiske feltet vart endra. At kong Sigurd vart einekonge har truleg favorisert dei næraste av kong Sigurd sine vener og stengt vegen for dei som av ulike grunnar stod lågare i kurs hos Sigurd og hans krins, folk som Ingemar Sveinsson. Dette er i så fall eit konkret døme på korleis trugsmålet frå einekongedømmet, som Orning har formulert det, kan forklare at det oppstod strid. Vi må likevel vere varsame med å tolke dette som eit åtak mot den sitjande kongemakta. Det er det neppe grunnlag for. Som vi skal sjå var målet eit nytt samkongedømme mellom Magnus og Harald Gille etter kong Sigurds død, ikkje open strid. Samkongedømmet som styringsform gav rom for ein viss opposisjon. Sedvanen gav alle kongssøner arverett, og for stormenn som av ulike grunnar var misnøgde med sine eigne posisjonar eller hadde ambisjonar om å klatre sosialt, kunne det vere eit alternativ å promotere eit nytt kongsemne. Dette føregjekk innafør ramma av aksepterte spelereglar, og kong Sigurd godkjente som nemnt Harald Gille som kongsson. Men det skjedde ikkje utan press. Medan Ingemar Sveinsson ser ut til å ha valt side av di han vart avskoren frå å ta opp att posisjonen sin som kong Sigurd sin lendmann, var Ragnvald Kale jarl sitt handlingsrom mykje opnare.

Forfattaren av Os har valt å introdusere Kale Kolsson og Harald Gille samstundes, og gjer ei kopling mellom desse to aktørane sine karrierar allereie frå starten.⁴¹⁹ Om lag 1115 skal den femten år gamle Kale ha vore i England.⁴²⁰ Der møtte han Harald Gille, eller Gillechrist som han enno kalla seg. Harald skal ha fortalt Kale at han var kongsson, og grubla over korleis han sjølv ville bli motteken dersom han reiste

⁴¹⁹ Jf. Os: 140.

⁴²⁰ Foreldra til Kale gifte seg som nemnt truleg i 1099, jf.s. 101. Kale kan såleis ha vore fødd tidlegast 1100, slik også Munch 1941-43 (1855-59) bd. 6: 115. Os: 140 opplyser dessutan at Kale skal ha vore 15 år då han møtte Harald i England. Det kan altså ha vore ca. 1115 eller noko seinare.

Noreg. Kale skal då ha svart at han trudde kong Sigurd ville ta godt imot han, om ikkje andre stormenn laga vanskar for han.⁴²¹

Sagaen skildrar deretter korleis dei to unge mennene gjorde ein avtale seg i mellom, «felagskapr».⁴²² Sjølv om 'felagskapr' kan omsetjast med 'venskap',⁴²³ har det også ei meir konkret tyding: det å 'leggje fe (dvs. gods) saman', og vert gjerne nytta om økonomiske transaksjonar.⁴²⁴ Den vanlege termen for venskapsalliansar – *vínatti* – vert nytta i tillegg til 'felagr' i dette høvet. Sagaen fortel at Harald og Kale gav kvarandre gåver og lovde kvarandre *fullkome venskap*, kor dei enn møttest i framtida.⁴²⁵ Kombinasjonen 'felagr' og 'vínatti' her kan tyde på at dei diskuterte konkrete planar for framtidig samarbeid, som til dømes korleis Harald kunne kome seg til Noreg og bli introdusert for kong Sigurd, og korleis Kale kunne sikre familien sine interesser på Orknøyane.

På dette tidspunktet var Kale og familien hans truleg i ein vanskeleg situasjon. Dei kan ha vore i ferd med å misse kontrollen med ressursane dei hadde rådd over på Orknøyane. Kol Kalesson, lendmann i Agder, hadde fått Gunnhild, dotter til Erlend Orknøyjarl, i faderbot av kong Magnus i 1099. Forutan den symbolske kapitalen som Gunnhild hadde med seg inn i ekteskapet i form av slektskapsband til jarleætta, hadde ho også substansielle økonomiske verdiar i form av fleire eigedomar på Orknøyane.⁴²⁶ Jarledømmet på Orknøyane hadde lenge vore delt mellom to greiner av Gunnhild si slekt. Medan Gunnhild var husfrue for Kol i Agder, var det dei to brørne hennar, Erling og Magnus Erlendssøner, som representerte hennar slektsgrein på Orknøyane, medan syskenbarnet deira, Håkon Pålsson, representerte den andre greina. Intern strid mellom desse jarlane førte til at begge brørne til Gunnhild vart drepne, og i 1115, då Kale møtte Harald i England, var det berre Gunnhild og systera hennar Cecilia som var att av Erlend sine born. Cecilia hadde også vorte gift, sannsynlegvis med ein nordmann og sendt

⁴²¹ Os: 140.

⁴²² Os: 140.14.

⁴²³ Jf. Os-Ho: 92: «ble gode venner».

⁴²⁴ Å verte kompanjongar – brukt om handelsforetak. Sjå Fritzner 1867, «félagr».

⁴²⁵ Os: 141.1: «skiptuz gíofum víþ at skilnapi þeira; het hvarr auþrum sinni vínattu fullkominni, hvar sem en beri fundi att.»

⁴²⁶ Os: 107-108.

austover til Noreg til ektemannens familie.⁴²⁷ Syskenbarnet deira, Håkon jarl, sat dermed åleine om kontrollen med Orknøyane.

Os fortel at «etter drapet på Magnus la Håkon jarl under seg heile Orknøyane».⁴²⁸ Det må bety at han no såg seg som rettmessig eigar av jordegods og inntekter frå jord som tidlegare hadde høyrte til Erlendsgreina. I så fall miste Gunnhild og Cecilia viktige verdiar både for seg sjølve og etterslekta si.⁴²⁹ Kale var arving til Gunnhild sine eigedomar på Orknøyane, og kunne i teorien krevje jarlsnamn og halvparten av jarledømmet slik onkelen og bestefaren hadde hatt.⁴³⁰ I praksis ville det likevel krevje store ressursar å få Håkon til å dele, ettersom det mest sannsynleg måtte skje med militærmakt. Etter Os var Håkon jarl særst godt likt i øyriket. Han hadde gitt bøndene ei ny lov som dei lika betre enn den gamle, og hadde på den måten gjort seg så populær at orknøyane ikkje ønskte seg andre hovdingar enn Håkon og etterkomarane hans:

Han (Hacon) gerþiz þa stiornsamr og friþafi vel riki sitt. Setti han þa i Orcneyium ny laug, þau er bondum hugnuþu myclu betr, enn þau er aþr varo. Toku við slikt at vaxa vinsældir hans; kom þa sva, at Orcneyingar stundupu a ecki annat en hafa Hacon at haufþingia ok hans afsþringi.⁴³¹

Håkon jarl døydde i 1122/3. Om lag samstundes vart den norske kongen, Øystein Magnusson, sjuk og døydde, og kong Sigurd Magnusson vart sitjande åleine med styret.⁴³² Den politiske situasjonen i øyriket var no svært ustabil. Håkon jarl sine søner, Pål og Harald, delte jarledømmet, men greidde ikkje å halde fred seg i mellom. Harald jarl vart drepen om lag 1127, og slektningane hans, som var knytte til det skotske kongehuset, vart forviste frå Orknøyane. Pål jarl rådde etter dette over øyriket åleine. I denne tida gjorde både Harald Gille og Kale Kolsson framstøyt for å sikre seg eit fotfeste mellom stormennene på omsynsvis Orknøyane og i Noreg, og tiltaka som vart sette i verk ser ut til å ha gripe inn i einannan.

⁴²⁷ I Os: 89 heiter det at Cecilia vart gift med Isak og at dei fekk sønene Kol og Eindride. Denne teksten er henta frå handskriftene i høvesvis Flateyjarbók (Flat.) og den danske oversettinga (O) i Stockholms Kungliga Bibliotek. På ein annan stad, Os: 135, har vi eit innskot som berre fins i O: «Cecilia heed Mogens Jarlis Søster Ectefød. Hun vaar gifft øster i Norge oc haffde en Mand som heede Isaker, Deris Søn heede Kolor.»

⁴²⁸ Os: 121: «Eptir vig Mangus iarl's toc Hacon riki allt under sic i Orcneyium.»

⁴²⁹ Korkje Erling eller Magnus skal ha hatt born. Magnus vart gift med den skotske Ingarth ca. 1105, men ekteskapet skal ha vore barnlaust. Den Lengre Magnus saga forklarar dette med at Magnus levde eit front liv. Thomson 1987: 58 hevdar det like godt kan skuldast at Ingarth var ei barnebrur.

⁴³⁰ Gunnhild og Kol hadde to born: Ingerid og Kale, Os: 108. For Cecilia sine born sjå note 427.

⁴³¹ Os: 121-2.

⁴³² Håkon jarls dødsår er usikkert. 1122 etter Thuesen 2001a: 478; slik også Bull 1931c: 471 og Bull 1931d: 186. Thomson 2001: 102 set Håkons død til 1123. Kong Øystein Magnusson døydde hausten 1123.

Ein episode i Os mot slutten av kong Sigurd si regjeringstid, nærare bestemt mellom 1127 og 1130, er særskilt interessant.⁴³³ Den kastar lys over Kale sitt nettverk i den norske eliten, og særskilt framhevar den det tette bandet mellom Kale sin familie og lendmannsslekta på Støle med Kyrpinge-Orm i spissen. Episoden dreiar seg om ein konflikt mellom dei to lendmennene Kale Kolsson og Jon Petersson frå Sogn, og utartar seg til blodhemn som partane ikkje lukkast med å bileggje på eiga hand. Kyrpinge-Orm på Støle støtta frenden Kale med både vern og mannskap. Det enda til slutt med at kong Sigurd Jorsalfare måtte mekle mellom dei to lendmennene sine. Forliket innebar mellom anna at Jon skulle gifte seg med Ingerid, Kale si syster, medan Kale skulle få jarlsnamn og halve Orknøyane slik morbroren Magnus den heilage hadde hatt.⁴³⁴ Kale skifte også namn til Ragnvald, etter Ragnvald Brusesson, i følgje sagaen av di Ragnvald Brusesson hadde vore den duglegaste av alle orknøyjarlar.⁴³⁵ Det kan nok også ha spela inn at Ragnvald Brusesson i Noreg var kjent som Olav den heilage sin nære ven, og dermed gav assosiasjonar til eit tett venskap mellom den norske kongemakta og jarledømmet vest i havet.

Forliket og kong Sigurd sin velvilje gir berre meining dersom føremålet var at Kale no skulle gjere alvor av å krevje sin halvpart av øyriket. Ekteskapet mellom Jon og Ingerid hadde som uttalt føremål å hindre framtidig uvenskap: «venskap skulle følgje skyldskap.»⁴³⁶ Kale på si side kunne konsentrere merksemda si vestover, og på sikt etablere seg vest over havet, på trygg avstand frå Jon om det skulle vise seg at venskapen ikkje ville halde. Vi må tru at partane også har samtala om korleis Ragnvald konkret skulle gå fram for å lukkast. Det er verdt å merke seg at partane forplikta seg til å yte *hærfolk* til kvarandre, ikkje berre innanlands, men også *utanlands*.⁴³⁷ Denne formuleringa gjer det nærliggande å tenkje seg at samtalanene har dreia seg om Ragnvald sine planar for Orknøyane. Det er ikkje usannsynleg at kong Sigurd også har gitt

⁴³³ Hendinga finn stad ein gong etter Harald jarl sin død i 1127 og før Sigurd Jorsalfares død i 1130, jf. Os: 144 ff. Den strekkjer seg over to år, sannsynlegvis frå sommaren 1127 til sommaren 1129. Slik også Thomson 1987: 61.

⁴³⁴ Os: 141-154.

⁴³⁵ Os: 154.

⁴³⁶ Os: 153: «skyllði þa takaz vinatta með tengþum».

⁴³⁷ Os: 153: «Skyldu ok hvarirtveggju auþrum liþ veita, bæþi utan landsz ok innan landz.» Os-Ho: 99 har omsett «veita liþ» med «å støtte hverandre»; slik også Os-An: 83. Men 'lið' vert som regel nytta konkret om 'hærfolk' eller 'mannskap' slik at 'gi mannskap til kvarandre' faktisk ligg nærare formuleringa i sagaen; slik også Os-Ta: 233: «each party was to provide fighting-forces for the other both for home and abroad.»

lovnadar om å hjelpe Ragnvald, eller i det minste har stilt seg positiv til ein offensiv mot Pål jarl. Men før Ragnvald rakk å setje nokon av planane sine ut i livet døydde kong Sigurd.

Det er mykje som tyder på at situasjonen no vart prekær for Ragnvald og at avgjersla om å krevje kongnamn for Harald Gille også hang saman med Ragnvald sin situasjon. Noko tidlegare hadde Ragnvald vore med og introdusert Harald for kong Sigurd, og vore pådrivar, saman med mange andre lendmenn, til at Harald skulle få prove farsætta si ved gudsdom. Forfattaren av Os kjenner også til at Harald hadde måtte gi avkall på kongnamn for å få bere jarnburd, men at mange oppfatta dette som tvangseid.⁴³⁸ Både Fsk og Os understrekar at Magnus kongsson var fiendtleig innstilt til Harald Gille,⁴³⁹ medan Os legg til at Magnus gjorde seg til fiende med *alle* venene til Harald. Til dømes ville ikkje Magnus stadfeste gåva som kong Sigurd hadde gitt Ragnvald – det vil seie jarlsnamn og herredømme over Orknøyane.⁴⁴⁰ For Ragnvald må dette ha medført at planane måtte revurderast. For å kunne utfordre Pål jarl var Ragnvald avhengig av både den symbolske og den materielle støtta som den norske kongemakta kunne gi, det siste i form av skip, hærfolk og utstyr. Dersom Magnus slo føtene under Ragnvalds politiske planar, ville ein sterk opposisjon kring Harald Gille vere eit alternativ.

I kampane som følgde mellom Harald Gille og kong Magnus kjenner vi ikkje til at Ragnvald deltok, men noko av det første Harald gjorde etter å ha sigra mot Magnus Blinde i Bergen i 1135 var å gi Ragnvald jarlsnamn på ny, og rett til halvparten av Orknøyane. Ragnvald rusta seg deretter til hærferd mot Pål Orknøyjarl og bad venene og frendane sine om hjelp til å utruste ein flåte våren 1136.⁴⁴¹ Svogeren Jon Fot, som hadde forplikta seg til å hjelpe Ragnvald då han fekk syster hans til ekte, Aslak

⁴³⁸ Os: 155.

⁴³⁹ Fsk: 334.

⁴⁴⁰ Os: 155.

⁴⁴¹ Ragnvald gjennomførte to ekspedisjonar til Orknøyane. Den første, i 1135, like etter at han hadde fått jarlsnamn av kong Harald, var mislukka. Først i 1136, etter å ha mobilisert sine vener i Noreg vann han fram mot Pål jarl. Dateringa av dei to ferdene til Orknøyane er ikkje heilt uproblematisk. Den første ferda kan av teksten i Os. sjå ut som det dreier seg om sommaren 1136, men her må kap. 64: «om vinteren» lesast som den same vinteren som Ragnvald og Kol sende rekogniseringsekspedisjon til Orknøyane, altså 1135. Det høver også med at Ragnvald møtte Harald Gille i Bergen i 1136. Seinare datering ville plassert dette møtet etter at Harald var død. Det høver også med dei islandske annalane som plasserer Ragnvalds overtakelse av Orknøyane til 1136. Slik også Munch 1941-43 (1855-59), bd. 6: 163. Sjå også Antonsson 2007: 78-9.

Erlendsson frå Hernar⁴⁴² og Salmund frå Agder. stilte med eit langskip kvar. Kong Harald Gille utstyrte Ragnvald med eit langskip, fullt budd med utstyr og mannskap.⁴⁴³ Saman med skipa som Ragnvald og Kol styrte famna ekspedisjonen om seks storskip og fem skuter med mannskap, samt tre lasteskip med proviant. Med denne flåten sigla Ragnvald og Kol vestover til Orknøyane, der Ragnvald sigra over Pål jarl og fekk kontroll over jarledømmet.

Samla sett gir dei politiske omstenda i jarledømmet på 1120-talet og venskapen mellom Rangvald Kale jarl og Harald Gille ein viktig inngang til å forstå maktkampen som utspela seg ved den norske kongshirda. Misnøgde stormenn som Ingemar Sveinsson utgjorde neppe noko stort trugsmål mot kong Magnus, men Ragnvald jarl var ei anna sak. Han og familien hans ser ut til systematisk å ha opparbeidde seg eit nettverk av støttespelarar i kampen for å vinne att posisjonen sin i jarledømmet, og i dette nettverket var Harald Gille sentral. Dette gjer det mogeleg å forstå korleis ein framand aktør som Harald Gille kunne opparbeide seg ein så sterk posisjon mellom dei norske stormennene at han i løpet av kort tid kunne utgjere eit reelt trugsmål mot kongssonen Magnus. Her ser det ut til at Ragnvald og Kol har nytta sitt eige nettverk av frendar og allierte for å gi Harald ein politisk maktbase. Stormenn som Jon Fot, Aslak Erlendsson og Salmund Sigurdsson kom frå norske stormannsslekter som hadde vore aktive ved kongens hird i fleire generasjonar, og heldt sannsynlegvis fram med det under kong Harald og sønene hans.⁴⁴⁴ Men den viktigaste innanlandske nettverkskontakten Harald kunne få tilgang til gjennom Ragnvald jarl var nok Kyrpinge-Orm på Støle. Denne lendmannsslekta i Sunnhordland ser ut til å ha sikra seg ein særskilt sterk posisjon i den norske eliten på byrjinga av 1100-talet, og det var eit nært band mellom Ragnvald jarls familie og Støle. Dei skal ha vore frendar og gode vener.⁴⁴⁵ Relasjonen mellom Harald

⁴⁴² Hernar: ei øy vest for Bergen.

⁴⁴³ Os: 175.

⁴⁴⁴ Om Salmund vert det sagt at han «var ein stor hovding og hadde ei stor sveit» og var kong Sigurd sin gjaldker i Tønsberg, Os: 140. Det er ingen grunn til å tru at han ikkje held fram med dette embetet under kong Harald. Aslak og Jon deltok begge då Ragnvald jarl og Erling Skakke la ut på korsferd til Jerusalem i 1151, saman med ei rekkje andre stormenn frå både Orknøyane og Noreg, (Os: 230). Aslak finn vi dessutan att i 1155, som ein av kong Inge sine sveithovdingar (Msk: 457; Fsk: 353; Hkr: 591).

⁴⁴⁵ Os: 149, 214-5. Dersom vi festar lit til at Kyrpinge-Orm var soneson til Orm Eilivsson jarl ville han og Gunnhild, kona til Kol, vere tremenningar. Men då ville Kol og Kyrpinge-Orm vere mågar. Sagaforfattarane skil som regel mellom blodsband og slektskap gjennom ekteskap. Det er difor mest truleg at Kol og

Gille og lendmannsslekta på Støle er ikkje fullt så eksplisitt, men det at han skal ha lete eine son sin fostre hos Kyrpinge-Orm,⁴⁴⁶ og at begge sønene til Kyrpinge-Orm fekk sentrale posisjonar i formyndarstyret til Haraldssønene, tyder på at det var tette band.⁴⁴⁷ Som vi skal sjå seinare, ser det også ut til å ha vore eit tett samband mellom Harald si dronning, Ingerid, og Støle også etter at både ektemannen Harald og sonen Inge var avlidne.⁴⁴⁸ Etter mi meining har den sterke posisjonen som Kyrpinge-Orm sin yngste son, Erling Skakke, oppnådde i andre halvdel av 1100-talet si rot i relasjonen mellom Støle, Ragnvald jarl og Harald Gille på 1130-talet.

Stormennene på Støle var etterkomarar av slekta på Gjerde like ved, som hadde markert seg politisk kring hundre år tidlegare. Frode Iversen, som har undersøkte eigedomstilhøva til desse gardane, meiner at Gjerde var i bondeeiige medan Støla har vore kongeleg veitslegods. Skiftet av hovudsete frå Gjerde til Støle ser ut til å skjedd kring 1100, og det var på dette tidspunktet stormennene på Støle på ny gjorde seg gjeldande blant eliten som kongemakta omgav seg med. Kyrpinge-Orm sitt første ekteskap var med Ragnhild Skulesdotter frå garden Rein, i Rissa i Sør-Trøndelag. Ho var ein av arvingane til eit omfattande gods kompleks som Olav Kyrre gav til sin nære ven Skule jarl for tru teneste. Omfram Rein omfatta dette godset ei rekkje andre eigedomar sentralt plasserte kring dei økonomiske sentra i Sør- og midt-Noreg. Sagaforfattarane er sjeldan opptekne av eigedomar og økonomiske transaksjonar, men i dette tilfellet har Snorre gjort eit unnatak. Det er heilt tydeleg at Snorre ønskjer å understreke kor viktig denne gåva var økonomisk, ikkje berre for Skule jarl, men for heile etterslekta hans:

Kongen (...) skjøtet til ham jordeigendommer øst ved Konghelle og ved Oslo, ved Tønsberg, ved Borg, ved Bergen og nord ved Nidaros. De var nesten de beste eiendommene på hvert sted, og de eiendommene har siden ligget under ættmenn som er kommet av Skules ætt.⁴⁴⁹

Kyrpinge-Orm var blodsslektningar. Ragnvald deltok også på Jorsalferda saman med Erling Skakke i 1151, Msk: 441; Fsk: 391; Hkr: 582-3; Os: 230 ff.

⁴⁴⁶ Hkr: 581.

⁴⁴⁷ Ágrip: 102; Msk: 445; Fsk: 351; Hkr: 585.

⁴⁴⁸ Sjå s. 151.

⁴⁴⁹ Hkr: 511. Her i omsetjinga til Hkr-Hø: 218.

Då Magnussønene overtok trona av far sin var det mest truleg Skule sin son, Åsolv, bror til Ragnhild, som forvalta dette store godsområde. Gjennom ekteskap med Tora Skoftesdotter knytte Åsolv ein allianse til stormannslekta på Giske på Sunnmøre. Skofte på Giske og tre av sønene hans hadde omkome på ei krossferd i 1103. Attende sat Pål Skoftesson, som einaste mannlege arving, og dei to systrene, Ragnhild og Tora. Sistnemnde var på dette tidspunktet kanskje allereie gift med Åsolv på Rein, medan Ragnhild vart gift med Dag Eilivsson, mykje truleg i løpet av Magnussønene si styringstid.⁴⁵⁰

Åsolv Skulesson og Tora fekk to born, etter det vi kjenner til. Guttorm, som overtok farsgården og lendmannsombodet seinast i 1142, og Sigrid. Guttorm og Sigrid vart begge gifte med to av borna til Joan Smørbalte på Blindheim, ein gong på 1120- eller 1130-talet.⁴⁵¹ Guttorm fekk Eldrid Jonsdotter av Blindheim, medan Sigrid vart gift med Hallkjell Huk av Blindheim. Hallkjell og Kyrpinge-Orm var med andre ord nære mågar ettersom Hallkjell var gift med Ragnhild si systerdotter.

I løpet av Magnussønene si regjeringstid kom altså omfattande delar av godsområde tilhøyrande Rein andre slekter til gode gjennom medgift og arv, nærare bestemt *Støle*, *Blindheim* og etter kvart også *Bratsberg*. Dei to første familiane, Kyrpinge-Orm og sønene hans på Støle og Hallkjell Huk på Blindheim, var sentrale i

⁴⁵⁰ Dette ekteskapet har rimeleg vis funne stad ein gong mellom 1110 og 1120. Dag Eilivsson vert nemnt som lendmann kring århundreskiftet. Han kan difor ikkje ha vore fødd særleg seinare enn 1080, heller noko før. Ragnhild har truleg vore noko yngre enn Dag, men ho har vore fødd før 1103, då faren hennar døydde. Ragnhild vert nemnt i samband med konflikten mellom systera Gyða og Geirsteinn kring midten av 1150-åra (sjå Ágrip: 102-6; Msk: 148-50). Ho hadde då vaksne born, og Dag ser ikkje ut til å vere i live lenger. Dag hadde ein son, Vatnorm, som var hærførar for kong Inge allereie i 1137 (Msk: 422-3; Fsk: 348; Hkr: 572-4). Han ser ut til å ha vore ein del eldre enn sine sysken, og fleire har meint at Ragnhild ikkje har vore mor hans (Heber 1944; Brathetland 2002b). Dei borna som eksplisitt vert nemnde som Ragnhild og Dag sine born, Gyrid, Baugeid, Sigrid og Gregorius (jf. Fsk: 391), ser ut til å vore fødte i tidsrommet 1120-30. Ektemennene til døtrene var politisk aktive i 1150 og 60 åra. Gyrid hadde dessutan ein son som var fødd i 1155 (Hkr: 606), og Baugeid var abbedisse i Gimsøy kloster i 1161 (Hkr: 607). Gregorius Dagsson gjorde seg også gjeldande på den politiske arenaen på midten av 1150-talet (Ágrip: 104 ff; Msk: 148 ff; Fsk: 351 ff; Hkr: 585 ff.).

⁴⁵¹ Ei tidfesting av desse ekteskapa må verte svært usikker. Hallkjell Huk vert nemnt først i samband med hendingar i 1120 åra, og han kan såleis ha vorte fødd seinast kring 1100. Han hadde to vaksne søner i slutten av 1150-åra, men han var sjølv framleis politisk aktiv på den tida. Eine son hans, Simon Skalp, hadde sjølv ein son i 1160. Kor gamal denne sonen til Simon var på det tidspunktet veit vi ikkje, men han var mest sannsynleg mindreårig (jf. Hkr 614). Dersom vi legg sønene sin alder til grunn for å avgjere når Hallkjell og Sigrid vart gifte, skulle vi lande kring 1120- eller 1130-talet. (Opprekninga av Hallkjell og Sigrid sine born i *Armødlingatal* i Fsk nemner ikkje Simon, men Ivar Hallkjellsson i staden, Fsk: 391. Det mest nærliggande i dette tilfellet, sidan Fsk også er underretta om at denne Ivar hadde ein son, er at Hallkjell hadde tre søner, men berre to av dei med Sigrid. Simon kan då godt ha vore ein frilleson eller frå eit anna ekteskap.)

Harald Gille sin krins av stormenn. Bratsberg skulle få ein sentral posisjon etter kvart gjennom Gregorius Dagsson, lendmannen til kong Inge, son til Harald Gille.

Det kan tenkjast at ein så omfattande godsmasse som det her er snakk om har fått innverknad på maktforholda i eliten. Kontroll over slike ressursar gav eit sterkare maktgrunnlag og eit større handlingsrom andsynes både kongemakta og andre stormenn. Samstundes skapte desse ekteskapa eit varig interessefellesskap med utgangspunkt i Reinsgodset, tufta på rettar og plikter knytt til slektskap og mågskap. Slik langvarig investering i sosiale relasjonar kunne skape stabilitet i eit nettverk over tid, kring ein fast kjerne av personar.

Verdien av å fokusere på nettverk ser vi mellom anna av rolla som Hallkjell Huk spela i dette politiske dramaet. Etter den norske tradisjonen var det Hallkjell Huk som henta Harald til Noreg, og fleire har spekulert i kva kopling det var mellom Hallkjell og Harald Gille. Her er det særskilt morsætta til Harald som har vore i fokus.⁴⁵² Det vi veit om slektingane til Harald Gille på morssida er at dei kom frå Suderøyane eller Irland,⁴⁵³ men noko konkret haldepunkt for slektskap til Blindheim fins ikkje. Derimot har vi grunnlag for å slå fast at Hallkjell og Kyrpinge-Orm var mågar.⁴⁵⁴ Etter mi meining er slektskapen til Kyrpinge-Orm tilstrekkeleg for å forklare Hallkjell si rolle i desse hendingane. Det mest nærliggande er å tenkje seg at Hallkjell, gjennom relasjonen til Kyrpinge-Orm, også var ein del av den gruppa av stormenn som aktivt gjekk inn for å styrkje Harald sin posisjon som tronkrevjar.

Vi har sett at Harald Gille omgav seg med ei gruppe stormenn som var bunde saman gjennom eit nettverk av ulike relasjonar. Denne gruppa ser ut til å vore sentral for måten Harald kunne etablere seg ein posisjon i hirda til kong Sigurd. Eg har peika på ulike økonomiske og sosiale omsyn som kan forklare stormennene si aktive støtte til

⁴⁵² Tjersland meiner det er overvegande sannsynleg at Hallkjell på ein eller anna måte var knytt til Dei britiske øyer. Argumenta hans for dette er at fleire av slektingane til Hallkjell hadde namn av utprega angelsaksisk karakter. Han nemner Eldrid, som han jamfører med Ealdred, erkebiskopen av York i 1066 og Kinad som han meiner er ei fornorsking av det skotske namnet Keneth. Vidare hevdar han at det må ha vore Harald gille sine frendar på morssida som er koplinga til Hallkjell Huk, Tjersland 1937: 130-1. Sjå også Stølen 1987 og Kvalsund 1957.

⁴⁵³ Os: 140.

⁴⁵⁴ Denne relasjonen vart ytterlegare styrka i dei fylgjande generasjonane ettersom både Hallkjell og systera hans hadde barnebarn som vart gifte med Kyrpinge-Orms barnebarn. Ragnhild, dotter til Erling Skakke, vart gift med Hallkjell, son til Jon Hallkjellson. Dette var moegeleg av di Erling var son av Kyrpinge-Orms andre ekteskap og såleis ikkje sjølv av Reinsætta. Også Magnus Erlingsson vart gift inn i Blindheimsætta. Kona hans var Eldrid, dotterdotter til Eldrid Jonsdotter frå Blindheim.

Harald Gille, men sterkast har eg framheva sambandet mellom Harald og Ragnvald jarl. Omstenda kring desse to sin veg til makta gir forklaringskraft til ein annan. Etter mi meining er det altså nettverket rundt Harald Gille, stormennene som han omgav seg med og deira sosiale og materielle ressursar, som forklarar korleis ein ukjend aktør som Harald Gille på kort tid kunne etablere seg som ein reell utfordrar til ein kongsson som stormennene allereie hadde lova å ta til konge. Det er altså ikkje berre tenkjeleg, det er nærast ein føresetnad for striden som oppstod kring tronskiftet i 1130, at det fanst krefter kring kong Sigurd som aktivt promoterte eit nytt kongsemne, og dette kunne skje av di samkongedømmet framleis vart oppfatta som eit legitimt alternativ. I kva grad eit samkongedømmet kunne realiserast som eit levedyktig alternativ var i stor grad avhengig av maktballansen mellom partane, og der spela ressursane dei rådde over gjennom nettverka sine ei heilt essensiell rolle. Vi skal no sjå nærare på nettverket til den unge kongssonen Magnus.

Magnus Blindes nettverk

Magnus Sigurdsson var 15 år då faren døydde. Som nemnt hadde kong Sigurd kravd at stormennene skulle sverje å ta Magnus til konge ved hans død, og Harald måtte love å ikkje krevje sin del av riket, for å få kalle seg kongsson. Både Harald og fleire av stormennene braut altså dette løftet, men kva slags gruppering var det som vart verande hos Magnus? 8 personar vert nemnde som Magnus sine menn i tidsrommet 1130-1136.⁴⁵⁵ 5 av desse hørde til det etablerte sjiktet av lendmenn som også hadde vore aktive under Magnus sin far, eller var nære frendar av kong Sigurd og Magnus. Vidkun Jonsson har vi nemnt ovanfor. Han var lendmann under Sigurd Jorsalfare og fosterfar til Magnus, og kong Magnus voks opp i Bjarkøy saman med Vidkun og familien hans.⁴⁵⁶

⁴⁵⁵ Ivar Ossursson, ven (Msk: 401; Hkr: 560), Håkon Fauk, morbror (Msk: 401; Hkr: 542, 560), Sigurd Sigurdsson, lendmann, tidl. hos Sigurd J. (Msk: 376; Fsk: 336-338; Hkr: 549-551, 557-559, Reidar Grjotgardsson, hirdmann, tidl. hos Sigurd J. (Msk: 433; Fsk: 351; Hkr: 578), Ivar Skauthanke Kalvsson, seinare biskop i Nidaros (Msk: 428; Fsk: 351; Hkr: 576, 578), Nereid og Asjorn, lendmenn i Sarpsborg (Fsk: 336; Hkr: 558). Vidkun Jonsson er også teke med i denne gruppa sjølv om han ikkje eksplisitt vert nemnt som ein av Magnus sine allierte i tidsrommet 1130-36, ettersom Vidkun var fosterfar til Magnus og sagaene uttrykker at Magnus fekk støtte hos Vidkun både før og etter denne perioden (Msk: 425; Fsk: 349; Hkr: 542, 575).

⁴⁵⁶ Msk: 370; Fsk: 327; Hkr: 542.

Vi finn også lendmannen Sigurd Sigurdsson frå Hvidsten i Follo på Magnus si side, og Reidar Grjotgardsson. Begge hadde tent under kong Sigurd.⁴⁵⁷ Ivar Kalvsson, som seinare vart biskop i Nidaros, vert også omtala som gamal følgjesvenn av Magnus, og har truleg vore i Sigurds teneste før 1130.⁴⁵⁸ Håkon Fauk var morbror til Magnus og kom frå Borge i Østfold.⁴⁵⁹ Omframts desse kjenner vi namnet på ytterlegare tre av Magnus sine følgjesmenn: Ivar Ossurson, Nereid og Asbjørn. Om desse veit vi ikkje anna enn at fyrstnemnte var ein god ven av Magnus, medan dei to sistnemnde var lendmenn i Sarpsborg.⁴⁶⁰ Dette tyder på at Magnus 'arva' ein del tilhengjarar frå farens nettverk, og særskilt slike som også var i slekt med Magnus. Dette inntrykket vert styrka av ein påstand frå Snorre om at det var populariteten til kong Sigurd som først og fremst sikra Magnus tilhengjarar.⁴⁶¹ Grupperinga har inga fast geografisk forankring, men knyter seg til lendmannsgardar frå Østfold til Hålogaland.

Harald sigra over Magnus i Bergen i 1135 og sette den blinde og lemlesta kongssonen i kloster på Nidholmen. I 1137 vart han henta ut av Sigurd Slembe. Blant mennene som var med Sigurd og Magnus i dette tidsrommet kan det tenkjast at det fanst menn som hadde vore med Magnus tidlegare, men først no vert nemnt. Hovudintrykket av denne gruppa, som tel til saman 18 personar,⁴⁶² er at den er svært ueinsarta, både geografisk og sosialt. Heile 7 personar let seg ikkje identifisere, ettersom dei korkje kan

⁴⁵⁷ Hvidsten i Follo er etter Storm 1884a. 145. Kvålen meiner det er Hvitasteini i Jondal og kallar Sigurd Sigurdsson ein harding (Kvålen 1925: 125). Rygh har vist at Hvitste(i)n/Kvitste(i)n førekjem fleire stadar i landet, men hyppigast rundt Oslofjorden (Rygh 1897: 6: 64). Både Msk og Hkr opplyser at Reidar Grjotgardsson hadde fulgt Magnus lenge (Msk: 433; Hkr: 578). Sidan Magnus berre hadde nokre få år som konge bak seg, er det rimeleg å tru at Reidar også hadde vore i kong Sigurds teneste.

⁴⁵⁸ Msk: 434; Hkr: 578.

⁴⁵⁹ Mor til Magnus var Borghild, dotter til ein rik bonde i Borge: Olav i Dal. Msk: 357; Fsk 390; Hkr: 542.

⁴⁶⁰ Msk: 401; Hkr: 560.

⁴⁶¹ Hkr: 555.

⁴⁶² Halldor Sigurdsson, truleg Trøndar (Msk: 415-416; Fsk: 348; Hkr: 571); Torkjell Sigurdsson (Msk: 416); Gunnar frå Gimsan, truleg lendmann, Melhus i Trøndelag (Msk: 415-416; Fsk: 348; Hkr: 571), Bjørn Egilsson, truleg Trøndar (Msk: 415-416; Fsk: 348; Hkr: 571), Aslak Håkonsson (Msk: 415; Hkr: 571), Benedikt og Eirik, truleg frå Orknøyane (Msk: 415; Hkr: 571; Os: 93); Armbjørn Ambe, gift med islandsk kvinne (Msk: 434; Fsk: 351; Hkr: 578), Torleiv Skjappe, frå Hålogaland (Msk: 425; Hkr: 575), Sigurd Bergtorsson, islandsk prest (Msk: 434; Fsk: 351; Hkr: 578; Sturl.: 2); Klemet Arasson, islending (Msk: 434; Fsk: 351; Hkr: 578); Lodin Saupprud, Linnestad, Vestfold (Msk: 433, 438; Fsk: 351; Hkr: 578, 581); Ivar Starreson Dynta, trøndar på morsida (Msk: 434; Fsk: 351; Hkr: 578); Hallvard Fæge (Msk: 434; Fsk: 351; Hkr: 578), Sigurd Stork, vestlending (Msk: 424; Fsk: 349; Hkr: 574, 615); Eirik Hæl, vestlending (Msk: 425; Fsk: 349; Hkr: 574), Andres Kjeldeskit, Viste, Randaberg, Rogaland (Msk: 425; Fsk: 349; Hkr: 575); Berse (Bruse) Tormodsson (Msk: 433; Fsk: 351; Hkr: 578).

knytast til kjente aktørar innan eliten eller plasserast geografisk.⁴⁶³ Eit fellestrekk for dei fleste i denne gruppa er at dei slutta seg til Sigurd Slembe i Trondheim etter at han hadde teke Magnus ut av klosteret i 1137. Msk gir oss eit innblikk i kva slags folk dette var. Her vert det nemleg sagt at Sigurd «venta seg stønad og folkehjelp frå sine og Magnus sine *frendar*.»⁴⁶⁴ Her får vi inntrykk av at det skulle dreie seg om Magnus og Sigurd sine felles frendar mellom kongsætlingane, men ingen av desse vert nemnde med namn. Magnus si morslekt kom frå Østfold, men den kan sjølv sagt hatt forgreiningar i Trøndelag. Sigurd Slembe derimot veit vi har hatt frendar i Trøndelag. Mor hans var frå Saksvik i Trøndelag.⁴⁶⁵ Det mest nærliggande er såleis at mannskapet Sigurd og Magnus greidde å skaffe seg i Trøndelag var rekrutterte frå Sigurd sitt nettverk av frendar og vener. Hkr, som refererer hendinga noko annleis, hevdar at Sigurd hadde sendt bod til «sine eigne og Magnus sine *vener* i Trondheim», ikkje frendar, og at fleire av dei som valde å slå følgje med Sigurd og Magnus hadde høyrd til sistnemnde si *hird*.⁴⁶⁶ Gunnar frå Gimsan kan ha vore ein av desse hirdmennene, samt Ivar Starresson Dynta, som også skal ha hatt morslekta si i Trøndelag.⁴⁶⁷ Men eit særleg omfattande innslag kan ikkje desse siste ha utgjort, ettersom sagaene ved fleire høve understrekar at Magnus og Sigurd ikkje var velkomne i Trøndelag.⁴⁶⁸ Sagaforfattarane gjer heller ikkje noko freistnad på å plassere nokon av desse aktørane i det sosio-politiske landskapet.

Mellom Magnus og Sigurd sine tilhengjarar etter 1137 finn vi altså eit visst innslag av aktørar med samband til Trøndelag eller rekrutterte frå Trøndelagsområdet i tida rett etter at Magnus hadde vorte teken ut frå klosteret. Desse ser først og fremst ut til ha vorte rekrutterte mellom Sigurd sine frendar og vener i Trøndelag, samt mellom dei av Magnus si hird som høyrde til i regionen. Magnus sjølv hadde ikkje noko brei oppslutnad frå denne landsdelen. Eit område som derimot står fram som støttepunkt for både Magnus og Sigurd er Hålogaland. Som nemnt var Magnus oppvaksen hos Vidkun Jonsson i Bjarkøy. I 1138 hadde både Magnus og Sigurd vintersete i Hålogaland:

⁴⁶³ Dette gjeld Halldor og Torkjell Sigurdsoner, Bjørn Egilsson, Aslak Håkonsson, Arnbjørn Ambe, Hallvard (Håvard) Fæge og Berse (Bruse) Tormodsson. For kjeldereferansar sjå note 462.

⁴⁶⁴ Msk: 415; her i omsetjing frå Msk-F1: 307. Mi kursivering.

⁴⁶⁵ Msk: 364-365; Hkr: 566.

⁴⁶⁶ Hkr: 570. Mi kursivering.

⁴⁶⁷ Msk: 434; Fsk: 351; Hkr: 578.

⁴⁶⁸ Msk: 415, 419; Hkr: 571.

Magnus hos Vikunn, medan Sigurd hadde tilhald hos ulike lokale stormenn, m.a. Einar Ogmundsson.⁴⁶⁹ Desse stormennene kan ha vore ein del av Magnus eller Vidkun sitt sosiale nettverk i denne regionen, men det er meir truleg at det dreiar seg om personar som var knytt til Sigurd via hans eige nettverk. Gudrun Einarsdotter, mor til Einar Ogmundsson, var syskenborn til Torgils Oddsson frå Stadarhole på nordvest-Island som Sigurd Slembe hadde vitja før han kom til Noreg.⁴⁷⁰ Einar var ikkje den einaste frå denne islandske slektsgruppa i Sigurd og Magnus sitt følgje. Gudrun sin nevø, Klemet Aresson, var også hos i denne gruppa, saman med islendingen Sigurd Bergtorsson, av ukjent opphav.⁴⁷¹

Det kan også tenkjast at det fanst orknøyingar blant mennene til Magnus og Sigurd. Dei elles ukjende brørne 'Eirik og Benedikt' opptrer i Os omtala på same måte som i dei heimlege kjeldene: «þeir bræþr Benedict oc Eirikr».⁴⁷² Sigurd Slembe var oppvaksen på Orknøyane og hadde delteke i dei politiske konfliktane i jarlætta på slutten av 1120-talet.⁴⁷³ Sigurd søkte dessutan vestover då han og Magnus skilde lag ei tid i 1137.

I tillegg til dei nemnde stormennene som på ymse vis har vore relaterte til Trøndelag, Island eller Orknøyane, hovudsakleg via Sigurd Slembe, finn vi også ei gruppe personar med ulike geografiske tilknytningar til stadar langs kysten av Sør-Noreg, frå Møre- og Romsdal i nord, via Randaberg og Portør på sørvestlandet til Tønsberg i aust.⁴⁷⁴ Kvålen har hevda at Sigurd Slembe hadde vakse opp ein stad på Sørlandet, og at støtta frå dette området må forklarast på den måten.⁴⁷⁵ Sagaene gir dessutan inntrykk av at Sigurd stod sterkt i Sogn- og Fjordane.⁴⁷⁶ Det er med andre ord ikkje råd å sjå noko mønster i oppslutnaden ut frå desse opplysningane.

Det er tydeleg at Magnus først og fremst baserte seg på støtte frå eit etablert nettverk knytt til Sigurd Jorsalfare si hird og sine eigne frendar. Det geografiske

⁴⁶⁹ Msk: 425; Fsk: 349; Hkr: 575.

⁴⁷⁰ Gudrun var syster til Ingemund Einarsson, prest på Island (DI I: 186, 191).

⁴⁷¹ Msk: 434; 351; 578.

⁴⁷² Os: 273-4. Msk: 415, Hkr: 571.

⁴⁷³ Sjå også biografien til Arstad 2004: i Norsk biografisk leksikon 1999-2005.

⁴⁷⁴ Sjå note 462.

⁴⁷⁵ Kvålen 1925: 86-87.

⁴⁷⁶ Mellom dei som eksplisitt vert sagt å vere Sigurd Slembe sine menn finn vi personar frå Batalden i Sunnfjord, Gaudal i Nordfjord, Stryn eller Kvinnherad og Portør på Sørlandet.

tyngdepunktet i dette nettverket er snarare Hålogaland enn Trøndelag, samt indre trakter på Austlandet. Under Sigurd Slembes kommando etter 1137 fekk grupperinga eit større innslag av ukjende aktørar – først og fremst trønderar og islendingar. Desse var i hovudsak knytt til Sigurd gjennom morsætta hans i Trøndelag og dei langvarige opphalda både på Island og øyene lenger sør.

Nettverkas geografiske tyngdepunkt

Den gamle tesen om at innbyrdesstridane botna i interesse motsetningar mellom landsdeler, som særskilt Bull og Holmsen var talsmenn for, har ikkje lenger støtte i norsk historieskriving,⁴⁷⁷ men det betyr ikkje at geografi var ein uvesentleg faktor i det politiske spelet. Gjennom å analysere nettverksrelasjonar, ser vi korleis kongsemna knytte til seg sentrale stormenn i eliten som rådde over store ressursar lokalt, og som kunne mobilisere både mannskap, skip, våpen og mat til støtte i kampen om kongemakta. Kongsemna sine strategiar for å knytte til seg slike stormenn var dessutan påverka av dei sosiale banda som knytte dei til lokalsamfunn der dei var vaksne opp, hadde vore til fostring, der ektefellen kom frå og så bortetter. Spørsmålet om kva slags geografiske tyngdepunkt ein ser innan ulike nettverk, og korleis desse endrar seg over tid, vil dermed kunne seie noko om det makt-politiske handlingsrommet til den enkelte.

Synspunkta på Harald Gille og Magnus Blindes relasjonar til ulike regionar og lendsdeler er nokså eintydige og har røter attende til Munch.⁴⁷⁸ Claus Krag's noregshistorie frå 2000 oppsummerer der slik: «Harald ser ut til å ha fått størst tilslutning i Viken, landsdelen der også Sigurd [Jorsalfare] hadde gjort seg mest gjeldende, mens det virker som om Magnus stod sterkere nordafjells, særlig i Trøndelag.»⁴⁷⁹ Denne oppfatninga ser ut til å ha rot i *Hkr* som har lete Magnus sin lendmann Sigurd Sigurdsson uttale: «La oss dra nord til Trondheim der vi har landsens største styrke å holde oss

⁴⁷⁷ Bagge 1999a: 309.

⁴⁷⁸ Sterkast har disse synspunkta vorte fremja av Edvard Bull. Sjå til dømes Bull 1931b bd. II, 172: «Alt tidligere har vi i disse tilsynelatende så forvirrede stridighetene mellom kongsemner kunne skimte ulikheter mellom landsdelene. Således ser det ut som om Magnus Sigurdsson har hatt sin beste støtte i Trøndelag, Harald Gille i Viken». Sjå også Bull 1920. Også andre har hevda liknande synspunkt, om enn ikkje så systematisk: jf. Munch 1941-43 (1855-59) bd. 6: 146; Holmsen 1961: 195 ff.; Helle 1974: 43.

⁴⁷⁹ Krag 2000: 105.

til.»⁴⁸⁰ Dette har altså blitt tolka slik at Magnus hadde særskilt oppslutnad frå trøndarane, men det kan også ha hatt ei anna, meir overordna tyding. Bagge har peika på at Snorre såg på Trøndelag som eit maktsentrum der det generelt ville vere lett å skaffe forsyningar.⁴⁸¹ Uttrykket «landzmeginit» kan omsetjast med 'landets styrke' eller 'viktigste delen av landet'⁴⁸² og ei jamføring med uttrykket brukt i Olav den Heilages saga styrkar inntrykket av det dreiar seg om eit generelt geopolitisk utsegn.⁴⁸³ Det er dessutan verdt å merke seg at tilsvarande tekststad i Fsk ikkje koplpar Magnus til Trøndelag, sjølv om sagaen truleg har vore forfatta i Trøndelag eller påverka av personar frå denne landsdelen.⁴⁸⁴

Det som likevel mest svekkjer ei kopling mellom Magnus og Trøndelag er fråveret av andre konkrete opplysningar som knyter Magnus til denne regionen.⁴⁸⁵ Som vi såg ovanfor var det ikkje noko stort innslag av trøndarar mellom Magnus sine menn. Det ser heller ikkje ut til at han oppheldt han seg særleg mykje i Trøndelag. Då kong Sigurd døydde i 1130 var begge kongsemna i Viken. Jula 1133/34 feira dei saman i Trøndelag, men det var også siste gongen dei omgjekk kvarandre på fredeleg vis. Om dei knappe fira åra i mellom desse tidspunkta veit vi svært lite med omsyn til kvar i landet dei to kongane hadde tilhaldsstad. Alexander Bugge har hevda at kongane sat for det meste kvar for seg, Harald helst i Viken,⁴⁸⁶ men det er vanskelig å finne belegg for denne påstanden i kjeldematerialet. Som vi skal sjå under forhandla Magnus i 1132 fram ein ekteskapsavtale med det danske kongehuset. I samband med dette har det gått sendebod mellom dei to kongehusa, og vi skulle tru at det i eit slikt tilfelle ville vere praktisk for Magnus ha tilhald i Sør-Noreg. Tilhøva skulle leggjast til rette for den nye danske brura, og ein delegasjon skulle utstyrast og sendast til Danmark for å hente brura

⁴⁸⁰ Hkr: 558: «föru vér þá norðr til Þrándheims, þannug sem landzmeginit er mest fyrir oss». Her i omsetjinga til Hkr-Hø: 269-70.

⁴⁸¹ Bagge 1986: 161 n. 161.

⁴⁸² Jf. 'landsmegin' i Fritznér 1867; Heggstad, m. fl. 1990.

⁴⁸³ OH kap. 61, Hkr-Hø: 248. Her seier ein av bøndene ved Elv at det er ventandes at kong Olav snart reiser nordover, der «landsens største makt er». Sjå også Ss 180 for bruken av 'landsmugr', omsett som 'allmue'.

⁴⁸⁴ Indrebø har hevda at at forfattaren var trøndar, og meiner at Fsk faktisk er meir partisk for Harald Gille enn noko anna norrøn kjelde (Fsk-In, sjå særskilt 223 ff og 263 ff). Finnur Jonsson meinte sagaen var forfatta av ein islending (Innleiing til Fsk), og sameleis Halvorsen 1959: bd. 4, 140. Nyare studiar gitt tilslutnad til påstanden om at forfattaren var trøndar, slik A. Jakobsen i Jakobsen & Hagland 1980, spesielt s. 44. Sjå også og Hagland si innleiing til Fsk-Ei.

⁴⁸⁵ For tilsvarande oppfatning sjå også Bagge 1986: 161 n. 46.

⁴⁸⁶ Bugge 1916: 32.

heim til ektemannen i Noreg. Då den danske kong Erik året etter måtte forlate Danmark på grunn av strid, søkte han til sin måg, Magnus, i Noreg. Saxo gir ikkje inntrykk av at det var snakk om ei lengre ferd langs Norskekysten, men snarare at turen gjekk direkte over Skagerrak til Viken. Saxo gir vidare inntrykk av at Magnus hadde tilhald i Oslo, ettersom Erik i 1135, etter brotet med Magnus, sende ein straffeekspedisjon til Oslo med føremål å plyndre og brenne byen «som var en loyal støtte for Magnus».⁴⁸⁷ Roskildekrønika ser ut til å meine at Magnus oppheld seg i, eller ikkje langt frå, Konghelle.⁴⁸⁸

Den utanrikspolitiske aktiviteten i tidsrommet 1132-33 peikar altså i retning av at Magnus oppheld seg i dei sørlege traktene av landet, først og fremst Viken. Det er samstundes sannsynleg at Harald – i alle fall tidvis – har vore der også. Både Fsk og Hkr opplyser at då Harald søkte tilflukt hos Erik Emune i 1134, vart han teken godt imot, av di dei tidlegare hadde svore brødreleg.⁴⁸⁹ Mest truleg har denne alliansen vorte etablert under Eirik sitt omtalte opphald i Viken hos kong Magnus i 1133. Også ved eit anna høve har dei to kongane hatt sete saman i denne perioden. Frostatinglova inneheld ei rettarbot utstedt av dei to kongane Magnus og Harald.⁴⁹⁰ Rettarbota kan ha kome i stand under juleopphaldet i Nidaros i 1133/34, men det er meir sannsynleg at den har hatt samband med konungstekja i 1130.

Ut frå kjeldeopplysningane om Magnus og Harald sine tilhaldsstadar, er det ingen haldepunkt for at dei to helst oppheld seg kvar for seg, heller ikkje at Magnus på noko slag måte var særskilt knytt til Trøndelag. Dette gjeld til ein viss grad også for tidsrommet 1136-39, då Magnus fungerte som samlingsmerke for hæren leia av Sigurd Slembe. Det ser ut til at trønderane faktisk viste uvilje og motstand mot Magnus og Sigurd. Då Sigurd tok Magnus ut frå klosteret i 1136, fekk dei ikkje noko god mottaking frå byens innbyggjarar, snarare møtte dei ein krigersk folkehøp, og dei fann det rådelegast å forlate byen.⁴⁹¹ Både Magnus og Harald ser ut til særleg å ha søkt til Viken

⁴⁸⁷ GD-Z: 14.1.8. «Magno deutam primo diripuit».

⁴⁸⁸ Roskildekrønika fortel at Erik Emune spela sjuk for å ikkje verte overført *til* (eller evt. *frå*) Konghelle.

Formuleringa lyder «ne Cunchelde transferretur». Rsk: 28 har valt å oversetje med «til Kongehelle», medan Munch 1941-43 (1855-59) bd. 6: 151 n. 3 meiner det ikkje kan vere tvil om at det her må bety *frå* Kongehelle.

⁴⁸⁹ Hkr: 557; Fsk: 335.

⁴⁹⁰ NGL 1: 257-8.

⁴⁹¹ Msk: 415; Fsk: 347; Hkr: 570.


i dette tidsrommet. Dette har nok samanheng med at begge freista å skaffe seg allierte hos den danske kongemakta, og såleis føretrakk å opphalde seg i nærleiken av Viken.

Ekteskaplege strategiar

Både Magnus kongsson og Harald Gille arbeidde aktivt for å sikre seg ekteskapsavtalar med det danske kongehuset i første halvdel av 1130-åra. Dette må sjåast som ein lekk i ein langsiktig strategi for å styrkje sine posisjonar i den interne maktkampen. Samstundes braut det ut strid også internt i det danske kongehuset. Ekteskapa som vart inngått etablerte ulike stridande faksjonar på kryss av landegrensene som greip inn i konfliktmønsteret i dei respektive kongehusa, jf Figur 13. Dei kvinnelege ektefellane som inngjekk i dei politiske alliansane det her er tale om, var alle etterkomarar av den svenske kongen Inge Stenkilsson. På byrjinga av 1120-talet fanst det ikkje fleire manlege arvingar att til det stenkildske godset. Det skal då ha vorte delt mellom Inges dotter, Margret Fredkolle, som var gift med danskekongen Niels, og niesene hennar, Ingerid og Ingeborg. Dei to sistnemnde fekk også danske ektemenn. Ingerid vart gift med Henrik Skadelår og Ingeborg med Knud Erikssen Lavard, begge nevøar til kong Niels.⁴⁹²

⁴⁹² GD-Z: 13.1.1-4; Fsk: 341; Hkr: 654 og 610.

Figur 13: Internordiske ekteskap ca. 1100-1130



I 1131 vart Knud Erikssen Lavard drepen og dette utløyste tronstrid mellom dei danske kongsætlingane. Den utspela seg i hovudsak mellom Erik Eriksen Emune på den eine sida og kong Niels, med sonen Magnus, på den andre. I 1132 skal Magnus Blinde ha sendt ein delegasjon til Danmark for å forhandle med Erik Emune om ekteskap med Eriks brordotter, Kristin. Ho var dotter til den nyss avlidne Knud Lavard, og ikkje stort meir enn 14 år gamal. Som motyting skulle Erik få gifte seg med Magnus si stemor, Malmfrid. Ho var enke etter kong Sigurd Jorsalfare og morsyster til den unge Kristin Knutsdatter.⁴⁹³ Det er naturleg å sjå denne doble ekteskapsalliansen som ein lekk i posisjoneringa av partane i omsynsvis den norske og den danske innbyrdesstriden. Dette ser vi mellom anna av Saxo som fortel at Magnus si «anmodning fandt stor imødekommenhed hos Erik, som håbede på at det kunne sikre ham forstærkninger, og han modtog dem med åbne arme i håb om at en familieforbindelse kunne skaffe ham militær støtte fra nabolandet.»⁴⁹⁴

Dei to kvinnene i denne doble alliansen, Malmfrid og Kristin, var ikkje berre etterkomarar av den svenske kongeslekta. Gjennom morfaren var dei også i slekt med det russiske fyrstehuset i Novgorod. John Lind har kalla alliansen mellom Erik Emune og Magnus Blinde «en dansk-russisk-norsk dobbelt alliance», og siktar med dette til at ekteskapa både var ei stadfesting av den dansk-russiske relasjonen oppretta tidlegare gjennom Knud og Ingeborg sitt ekteskap, og ei styrking av dei dansk-norske relasjonane mellom to faksjonar involverte i kvar sine interne stridar.⁴⁹⁵

I det norske kjeldematerialet fins det få spor av at omsynet til russiske interesser skal ha spela ei særskilt rolle i den norske alliansepolitikken i denne tida. Men det er ikkje urimeleg at auka handelsaktivitet og kolonisering av områda kring Austersjøen kan ha medført ei sterkare orientering mot aust, også for dei norske kongsætlingane. Ser vi på kor i landet mesteparten av den krigerske aktiviteten gjekk føre seg i 1130-åra utmerkar Viken seg som ein særskilt hyppig krigsskodesplass, og særleg gjeld dette den

⁴⁹³ Mor til Kristin var som nemnt Ingeborg, dotter til Katarina, dotter til Inge Stenkildson. Forutan henne hadde Katarina døtrene Malmfrid og Ingrid.

⁴⁹⁴ GD-Z: 13.8.7.

⁴⁹⁵ Lind 1992: 235 f.

austlege sida av Oslofjorden mot danskegrensa ved Konghelle. Ei tett samanveving av danske, norske og svenske interesser ser ut til å liggje til grunn.

Alliansen mellom kong Magnus og Kristin opna for tilgang til materielle ressursar i form av arv og medgift. Kristins mor var som kjent arving til ein større godsmasse i Götaland, og far hennar, Knut Lavard, hadde vore dansk kongsson og hertug over søndre Jylland.⁴⁹⁶ I følgje Lars Hermanson var det ikkje berre utsiktene til rikdom som gjorde desse ekteskapa ettertrakta, men også utsiktene til ei svensk kongekrone. I 1132/33, då ekteskapet mellom Magnus Blinde og Kristin vart inngått, var den politiske situasjonen i det svenske riket svært ustabil og open for konkurranse frå fleire hald.

Efter att den stenkilska släktgrupperingen i och med Inge d.y:s död utslocknat på manssidan vilade således den svenska kungadynastins öde i Inge d.ä:s döttrars händer. Det var därför av största intresse för nordiska kungaättlingar att upprätthålla goda kontakter med desse godsrika kvinnor. Förbindelserna kunde inte bara erbjuda möjligheter att väsentligt utöka det materiella resursunderlaget. Det fanns även utsikter att förvärva en kungakrona eller högt uppsatta befattningar i det svenska kungariket. Det var alltså detta politiska läge som gjorde de svenska kungadöttrarna och deras syskonbarn särskilt åtråvärda i förhållande till andra nordiska prinsessor.⁴⁹⁷

Lars Hermanson har sannsynleggjort at delinga av det stenkildske godset var avgjerande for konfliktane som oppstod i Danmark i 1130-åra.⁴⁹⁸ Inspirert av dette perspektivet har Birgit Sawyer freista overføre dette argumentet til dei norske og svenske innbyrdesstridane. Ho legg vekt på at dei omfattande slekt- og ekteskapsalliansane mellom dei nordiske kongefamiliane var ein avgjerande faktor for at det braut ut strid internt i alle dei tre skandinaviske rika på 1100-talet.⁴⁹⁹ Sawyer meiner at hovudårsaka til konfliktane, no som tidlegare, er å finne i kampen om kongemakta som vart intensivert ved byrjinga av 1100-talet, både ved at kongane Sven Estridsen, Magnus Berrføtt og Inge Steinkjellsson etterlet seg mange fleire tronarvingar enn tidlegare monarkar, og ved at desse tronarvingane på ulike måtar var fletta saman i kompliserte alliansesystem:

⁴⁹⁶ Olrik 1895b: 268; Olrik 1895a: 188.

⁴⁹⁷ Hermanson 2000: 102.

⁴⁹⁸ Hermanson 2000: særskilt kap. III s. 51 ff. Dette synspunktet har funne tilslutning hos Birgit Sawyer, jf. Sawyer 2003.

⁴⁹⁹ Sawyer 2003.

A main cause of these conflicts was – as it had been earlier, and continued to be – rivalry for power, but while the number of contenders with claims to the throne had earlier been limited, the situation changed dramatically after c. 1100. In Denmark, Norway and Sweden, many of Sven Estridsen's, Magnus Bareleg's and Inge I's descendants competed for power, building up networks both inside and outside Scandinavia. The complicated pattern of political alliances was there, ticking away like a time bomb, and it was thus not chance that the wars broke out at the same time in all three kingdoms that were now so closely interconnected.⁵⁰⁰

Konfliktane oppstod altså ved ein slags dominoeffekt, utløyst ved brot i ei av lekkene som batt systemet saman. Sawyer hevdar at den utløysande faktoren var dronning Margret Ingesdotter Fredkullas død omkring 1130. For Noregs del, kan det ikkje utan vidare akseptertast at det var mangel på konkurrentar om den norske trona i hundreåra før 1100, eller at situasjonen endra seg dramatisk etter 1100.⁵⁰¹ Den lange fredsperioden mellom 1030 og 1130 er nettopp kjenneteikna av at fleire kongar styrde samstundes.⁵⁰² Det mangla såleis ikkje på kandidatar, og det mangla heller ikkje på konfliktstoff. Sawyer har rett i at Magnus Berrføtt hadde mange born, i alt seks søner og 2 døtrer etter det vi kjenner til, men dette førte heller ikkje til konflikt ved tronskiftet etter hans død i 1103. Skiftet kom først mykje seinare, etter at den siste av dei samregjerande sønene hans var avliden. No melde det seg konkurrentar på i kampen om kongsmakta. Dette skulle tyde på at forklaringa ikkje ligg i talet på konkurrerande kongsemne, men i vilkåra desse konkurrerte under. Kva verknad hadde i så måte Margrets politikk på vilkåra for dei norske konkurrentane om kongsmakta i 1130-åra?

Margret hadde sjølv vorte gift som eit resultat av ein freistnad på å skape varig fred mellom det norske og det svenske kongeriket. Gjennom ekteskapet med Margret hadde Magnus Berrføtt fått hand om områda som han opphavleg hadde freista å vinne frå kong Inge med hærmakt.⁵⁰³ Frå Inges side kan ekteskapet ha vore eit kompromiss; ein måte å sikre seg at svenske interesser framleis var knytte til desse områda. Ein eventuell arving ville vere aktuell som kandidat både til den svenske og den norske trona, og dersom ekteskapet skulle ende barnlaust ville eigedomane gå attende til Margret si slekt. Kjeldene fortel ingenting om kva Magnus måtte leggje imot av verdjar for å få dette ekteskapet i hamn. No ville historia det slik at Magnus døydde utan at han og Margret fekk born saman. Margrets medgift, og det ho eventuelt måtte ha fått med

⁵⁰⁰ Sawyer 2003: 70.

⁵⁰¹ Jf. Sawyers påstand i sitatet over.

⁵⁰² Sjå m.a. liste over regentar hos Sawyer 2003: 46.

⁵⁰³ Ágrip: 86.

seg inn i ekteskapet med Magnus, gjekk såleis tapt for det norske kongehuset. Deretter vart ho gift med den danske kong Erik Emune. Då Margret mot slutten av 1120-åra fordelte faren sitt gods som medgift til sine nieser, gjekk desse ressursane òg til danske kongsætlingar.

Den norske kongsslekta hadde såleis ikkje ressursar knytt til Margret sitt alliansesystem kring 1130, på tidspunktet då ho døydde. Då det seinare braut ut strid mellom dei danske kongsætlingane vart det derimot opna for tilgang til desse ressursane, først gjennom ekteskapsavtalen mellom Magnus Blinde og Kristin Knutsdotter, deretter gjennom Harald Gilles ekteskap med Ingerid Ragnvaldsdotter. Men begge desse ekteskapa må først og fremst sjåast på bakgrunn av den spente situasjonen som *allereie* var oppstått mellom Magnus og Harald i Noreg, og den militære mobiliseringa som føregjekk i både Noreg og Danmark i tidsrommet 1130-34. Dette skapte behov for alliansar som kunne styrke partane sine politiske og militære posisjonar.

Ekteskapet mellom den 17-årige Magnus og den tre år yngre Kristin havarte etter nokre få månader. Snorre forklarar at årsaka var at Magnus ikkje elska Kristin, og difor valde å sende henne attende til Danmark. At dette var av avgjerande politisk betydning for Magnus går fram av følgjande kommentar: «og siden gikk alt tyngre for ham. Hennes frender viste ham stor uvilje».⁵⁰⁴ Saxo er betre informert om kvifor Magnus slutta å elske kona si. Han hevdar at kong Magnus var innblanda i eit komplott mot kong Erik Emune og at dronning Kristin avslørte ektemannens svik.⁵⁰⁵ Magnus kunne ikkje tilgi Kristin for at ho gjekk bak ryggen hans, og sende henne attende til Erik i Danmark, hevdar Saxo:

En kvinde der satte sine følelser for sin familie over kærligheden til sin ægtemand, havde efter hans mening kun fortjent at blive sendt bort. Og det bekymrede ham ikke at han krænkede det hellige ægteskab og berøvede sig selv sin hustru, så længe han fik vist hende sin foragt.⁵⁰⁶

⁵⁰⁴ Hkr: 556: «varð henni ecki unnandi».

⁵⁰⁵ GD-Z: 13.11.4. Kong Erik skal ha vorte nøydd til å forlate Danmark i 1133, og han søkte då tilflukt hos sin måg og allierte Magnus Blinde. Saman med kong Erik var også ektefellen Malmfrid, den tidlegare norske dronninga. Magnus Blinde, som tilsynelatande tok kjærleg imot Erik og familien hans, skal ha late seg kjøpe av Niels til å forråde Erik. Men sistnemnde fekk nyss om planane frå dronning Kristin og greidde å kome seg unna.

⁵⁰⁶ GD-Z: 13.11.12.

Å sende kona i frå seg var ei grov krenking av slektningane hennar, ettersom ein ekteskapsavtale vart oppfatta som eit samband mellom familiar like mykje som mellom ektefellar. Erik vart då også svært krenka av at Magnus sende frå seg dronninga, hevdar Saxo.⁵⁰⁷ Brotet mellom Magnus og Erik gav Harald eit ypparleg høve til å overta alliansen med kong Erik. Då Harald Gille måtte flykte frå slaget ved Fyrileiv i 1134 oppsøkte han Erik Emune for å be om støtte til å nedkjempe Magnus. Saxo hevdar at Erik var begeistra over å få ta hemn over fienden sin på denne måten:

Erik tænkte på hvordan Haralds rival havde svigtet sit ægteskab, og tog velvilligt imod ham: Han var begejstret over på den måde at have fået sig en glimrende anledning til krig og besluttede at yde ham forstærkningerne.⁵⁰⁸

Harald overtok også relasjonen til den stenkildske ætta. Alliansen med Eirik Emune skaffa nemleg Harald også eit ekteskap med ei anna av dei stenkildske kongsdøtrene, Ingerid Ragnvaldsdotter, syskenbarn til Kristin. Truleg fekk han samstundes også hand om eigedomar i Götaland. Avtalen om ekteskap med Ingerid har truleg kome i stand medan Harald var i Danmark hos Erik Emune, hausten 1134, og vore ein lekk i Harald sin strategi for å styrkje sin posisjon i Noreg.⁵⁰⁹ Både Saxo, Snorre og forfattaren til Fsk er tydelege på at kong Erik sytte for at Harald fekk forsterkingar i kampen mot Magnus.⁵¹⁰ Saxo er ikkje konkret på kva dette innebar, men Hkr og Fsk hevdar han fekk Halland i «veitsle» av danskekongen og 8 eller 6 langskip utan rigg.⁵¹¹ I Halland rekrutterte han hærfolk, og truleg nytta han også høvet til å skaffe seg våpen, utstyr og proviant. Då Harald returnerte til Noreg med den nye hærstyrken sin, møtte han liten motstand i områda han gjekk i land, og både i Konghelle og Tønsberg og andre stadar i Viken samla det seg folk til hæren hans. I følgje Fsk fekk han også tak i fleire skip på ferda langs norskekysten.⁵¹² Dette vart avgjerande i den endelege kampen mot Magnus i Bergen, som enda med fullstendig siger for Harald Gille.

⁵⁰⁷ GD-Z: 14.1.5.

⁵⁰⁸ GD-Z: 14.1.3-5.

⁵⁰⁹ Munchs er her av ei anna oppfatning. Han hevdar ekteskapet ikkje kan ha kome i stand før seinare, ettersom Harald hadde meir enn nok å stri med i kampen mot Magnus. Ekteskap måtte kome i andre rekkje (Munch 1941-43 (1855-59) bd. 6, 186 note 2. Eg meiner dette ekteskapet var viktig i Harald sin strategi andsynes Magnus og tidspunktet høver særst godt. Harald var i Danmark hausten 1134, og Ingerid sin ektemann hadde døydd tidlegare same år. Erik Emune var truleg interessert i å finne eit høveleg gifte til henne så snart som råd. Sjå også Hervik, m. fl. 2006: 48.

⁵¹⁰ GD-Z: 14.1.3-5; Hkr: 557. Fsk: 335-336. Fsk hevdar Harald fekk 6 langskip.

⁵¹¹ Hkr: 557; Fsk: 336.

⁵¹² Fsk: 336.

Det er altså neppe rimeleg å sjå alliansesystemet spunne kring Margareta og dei svenske prinsessene som den utløyssande faktoren for dei norske innbyrdesstridane, men desse ekteskapa utgjorde tvillaust viktige ressursar som påverka maktballansen mellom partane. Også her ser det ut til at Harald spela sine kort betre enn Magnus. Sommaren 1134 vart kong Erik einekonge i Danmark, og kunne vie merksemda mot konsolideringa av riket. Her spela tilhøvet til kyrkja og pavemakta ei vesentleg rolle. Den danske kongemakta festa grepet om den nordiske kyrkjeprovinsen gjennom opprettinga av erkebispesetet i Lund. Mykje tyder på at Harald Gille var ein nyttig alliert i dette prosjektet.

Kyrkja si stilling

Det har vorte hevda at Harald Gille ikkje hadde særleg oppslutnad frå den norske kyrka. I følgje Johnsen kjende dei geistlege avmakt og søkte samhald internt som ein opposisjon til Harald Gille.⁵¹³ Lund vart i 1100-1104 oppretta som sete i ein ny dansk kyrkjeprovins, utskilt frå Hamburg-Bremen.⁵¹⁴ Gjennom 1120-talet og 1130-talet var det uklart kva område som låg til dei to kyrkjeprovinsane, mellom anna kor dei norske og svenske bispedømma høyrde til.⁵¹⁵ Ein paveleg dom i 1133 slo fast at den danske kyrkja skulle først attende til Hamburg-Bremen. Dette var truleg årsaka til at den danske erkebiskopen, Asser, året etter valde å forlate kong Niels og Magnus, til fordel for Erik Emune.⁵¹⁶ Då Erik kom til makta i 1134 må det ha vore ei prioritert oppgåve å gjenopprette den danske kyrkjeprovinsen, og få lagt så mykje som mogeleg av dei nordlege bispedømma inn under erkebispesetet i Lund. Når dette lukkast er eit omstridd spørsmål i nordisk kyrkjehistorie, og forslaga har omfatta ulike tidspunkt frå 1134 til 1139. Arne Odd Johnsen meiner det mest rimelege må vere at Lund vann attende overherredømme over den nordiske kyrkjeprovinsen hausten 1134 eller vinteren 1134-1135,⁵¹⁷ altså samstundes med at Harald Gille vitja Erik i Danmark. I samarbeid med den danske kongemakta, styrka altså erkebiskopen i Lund grepet om dei norske

⁵¹³ Johnsen 1945: 28-29.

⁵¹⁴ For ei oversikt over utviklinga til dei nordiske erkebispedømma sjå td. Johnsen 1945: 2 ff.

⁵¹⁵ Paludan 1967: 516 ff.

⁵¹⁶ Paludan 1967: 518; sjå også Hermanson 2000: 167 og Johnsen 1945: 7.

⁵¹⁷ Johnsen 1945.

bispeseta, på eit tidspunkt vi veit at kong Erik og Harald var nære allierte, eventuelt seinare då kong Harald styrte landet åleine, eller hans næraste krins av rådgjevarar og enkedronninga styrte på vegner av dei mindreårige sønene til Harald.

Saman med Harald Gille og Erik Emune i Skåne hausten 1134 var det truleg to biskopar. Den nyss utnemnde islandske biskopen Magnus Einarsson reiste til erkebiskop Asser og vart vigd av han i oktober 1134. Under opphaldet i Danmark møtte han også Harald Gille, fortel *Hungrvaka*. Magnus gav gåver til Harald og «det kom der i stand eit sterkt venskap mellom dei».⁵¹⁸ Biskop Magnus reiste sidan til Noreg og då kong Harald kom attende frå Danmark vart biskop Magnus motteken hos kongen. Dette var etter sigeren over Magnus Blinde, det vil seie på nyåret 1135, sannsynlegvis i Bergen. Venskapen mellom biskop Magnus og Harald Gille er også nemnt i Msk, ei litt yngre kjelde enn *Hungrvaka*.⁵¹⁹

Den andre biskopen som var i Danmark på denne tida, er den elles ukjende biskop Ottar frå Bergen. Han er eit av vitna til eit gåvebrev kong Erik Emune utferda i Lund i januar 1135.⁵²⁰ Vi har såleis få haldepunkt for at kyrkja forma ein opposisjon mot Harald. Dei geistlege har nok heller vore delt i striden mellom tronpretendentane. Noko av det første Harald gjorde etter sigeren over Magnus Blinde, var å henge biskop Reinald i Stavanger, ein av Magnus sine trufaste vener.⁵²¹ Som Johnsen med rette peikar på: «vi hører ikke noe om at de andre biskopene i landet satte seg opp imot ham [Harald] for dette stygge overgrepet eller at Harald fikk lide noen kirkelig straff for det.»⁵²² Han konkluderer dermed med at denne handlinga tydeleg viser kyrkja si avmakt i situasjonen. Ei anna mogleg tolking er at Harald hadde så pass oppslutnad av sentrale aktørar innan kyrkjeorganisasjonen til at saka vart liggande urørt. Det er verdt å merke seg at enkelte ser ut til å ha arbeidd med å få Harald godkjent som helgen etter hans død

⁵¹⁸ Bisk.s.: *Hungrvaka* 8:29: «Magnús byskupsefni fór ok suðr til Danmerkr it sama haust ok gaf gjafir Haraldi konungi, ok tóksk þá vinfengi þeira mikit.»

⁵¹⁹ Msk: 404.

⁵²⁰ RN: 78.

⁵²¹ Msk: 401; Fsk: 341; Hkr: 561.

⁵²² Johnsen 1945: 28-29.

i 1136.⁵²³ Slike planar er utenkjeleg om det ikkje også fanst krefter innerter i kyrkjeorganisasjonen som ønskte det velkome.

Vi har såleis fleire indikasjonar på at Harald Gille, som ein lekk i arbeidet med å styrkje sin politiske posisjon i Noreg, ikkje berre har arbeidd for å få på plass ein allianse med det danske kongehuset, men også kan ha vore ein pådrivar i arbeidet med å etablere Lund som kyrkjeprovins i samarbeid med norske og danske høggeistlege.

Samanfatning

Dette kapittelet har undersøkt nettverka til Magnussønene, Magnus Blinde og Harald Gille og strategiane kongsemna nytta for å hevde seg i den politiske maktkampen. Utgangspunktet har vore spørsmålet om kvifor det braut ut strid i 1134 og eit samarbeid gjennom samkongedømmet ikkje var mogeleg? Analysen har vist at utfordraren Harald Gille fekk støtte av ei gruppe stormenn som samla seg kring den nye tronpretendenten på 1120-talet. Eg har lagt vekt på at ideen om samkongedømmet var ein viktig føresetnad for at ein slik opposisjon kunne få etablere seg. Dette skjedde delvis innafør kong Sigurd si hird, trass i at samkongedømmet slik det utspela seg mellom kong Sigurd og kong Øystein snarare ser ut til å ha vore konfliktdepande enn konfliktfremjande. Uroa oppstod først då kong Sigurd vart sitjande åleine med makta og konkurransen mellom lendmennene tilspissa seg.

Opposisjonen kring Harald Gille har eg kalla eit nettverk. Grupperinga har dei karakteristiske kjenneteikna på eit nettverk – den vart halde saman av personlege band, gjerne slektskapsband eller venskapsband og det fanst fleire sentrale nodar omframt Harald sjølv. Den mest sentrale var Ragnvald jarl, og gjennom han kan vi følgje nettverksrelasjonane til Kyrpinge-Orm og sønene hans på Støle. Det er særskilt interessant at baa desse to fekk framskotne posisjonar under Magnussønene, understreka gjennom innbringande ekteskap med dei fremste slektene i eliten, og at brotet først kom då Sigurd vart konge åleine. Dette kan bety at Harald Gille fekk støtte av ei gruppe personar som såg sine interesser og posisjonar truga, eller dårlegare ivaretatt, av eit

⁵²³ Msk: 414; Hkr: 570. Vi såg ovanfor at Harald var involvert i Ragnvald jarls kamp for jarledømmet på Orknøyane, og korleis Ragnvald og hans allierte nytta Magnuskulten i si politiske mobilisering. Ein liknande strategi kan ha vorte nytta for å tryggje kongedømmet for Harald sine søner etter farens død i 1136.

einekongedømme som ikkje fanna så breitt om eliten som samkongedømmet hadde gjort.

Analysen av Harald Gilles nettverk viser korleis aktørane har hatt ulike interesser av å stø opp om eit utfordrande kongsemne. Ingemar Sveinsson kom på kant med kongemakta, og såg Harald Gille som eit høve til å re-etablere posisjonen i eliten. Relasjonen mellom Ragnvald Kale jarl og Harald Gille viser korleis ambisjonane til eit kongsemne og eit jarleemne stør opp om einannan og er kopla saman over lang tid. Ragnvald kunne rettmessig krevje sin del av jarleriket på Orknøyane, men var avhengig av politisk støtte frå den norske kongemakta og finansiell hjelp til å utruste ei hærferd vestover. Han sikra seg det første hos kong Sigurd, men då denne døydde var utsiktene små til at kongssonen Magnus ville stille seg bak Ragnvald sine ambisjonar. Harald Gille gav han lovnadene han trong, og begge to vart hjelpt fram av stormennene på Støle og eit nettverk av frendar. Kva slags interesser nettverket kring Kyrpinge-Orm på Støle hadde for å stø opp om eit nytt kongsemne er uklart, men indikasjonar på samband vestover til Orknøyane hos slektningar til Støle, kan kanskje bety at dei hadde økonomiske interesser eller ambisjonar på Vesterhavsøyene som ein allianse med Ragnvald og Harald best kunne ivareta.

Undersøkinga av nettverka i dette kapittelet har også synt korleis elitens interesser strekte seg utover landegrensene. Det er velkjent at det var tette band mellom vestlendingar og øyrika vest over havet, men undersøkinga her viser korleis desse banda vart spela ut og påverka makttilhøva i striden om kongemakta dei første tiåra av 1100-talet. Tidlegare framstillingar har først og fremst retta merksemda sør- og austover – mot Danmark og Sverige. Ein nyare teori om at dei norske innbyrdesstridane kom som ein konsekvens av samanbrot i nettverket kring Margret Fredkulla har vorte diskutert spesielt. Mine konklusjonar tyder ikkje på at så var tilfellet, men Magnus Sigurdssons mislukka freistnad på å skaffe seg ein alliert i det danske kongehuset, og Haralds suksess i same ærende, vart utslagsgivande for maktballansen mellom dei to partane.

Alliansen med kongemakta i Danmark ser dessutan ut til ha kopla den norske striden tettare til den politiske dragkampen om organiseringa av dei nordiske kyrkjeprovinsane. I det minste er det grunn til å framheve kyrkja som ein aktiv part i det

politiske spelet sterkare enn det har vore gjort tidlegare, også i denne første fasen av striden.

Analysen vedkjem ikkje berre relasjonane mellom dei norske tronpretendentane og utanlandske interesser, men også spørsmålet om lokal og regional oppslutnad. Kongsemna omgav seg med stormenn frå ulike delar av landet, og ei analyse av nettverk lyfter fram den geografiske dimensjonen i stridane. Magnus var fostra i Hålogaland og hadde morsslekta si i dei indre østlandsområda, men han 'arva' også ein del av Sigurd sine støttespelarar andre stadar i landet. Harald hadde sterk oppslutnad frå ei gruppe stormenn på Vestlandet og lenger sør, men vi finn også Østlendingar og Trøndarar hos Harald. Dette syner at den geografiske mobiliteten i eliten var høg, og stormennene hadde gjerne økonomiske interesser, og inngjekk i sosiale relasjonar og alliansar, som strekte seg utover ein enkelt region. Ekteskapsband batt familiar saman på tvers av regionar og landskapsgrenser, og det var ikkje uvanleg at lendmenn åtte eigedomar spreidd utover store område. Samstundes kunne nettverk med tyngdepunkt i ulike geografiske områder, som held seg stabile over tid, etablere oppfatningar av at striden hadde geografiske dimensjonar. Dette skal vi sjå døme på i seinare kapittel.

5

Lendmannskongedømmet

Då Harald Gille vart drepen i 1136 var dei to sønene hans Inge og Sigurd berre 1 og 2 år gamle. Begge spedborna vart tekne hand om av stormenn som fostra kongsemna, og deira nettverk av lendmenn og allierte styrte på vegner av kongsemna. I 1139 nedkjempa dette lendmannsstyret utfordraren Sigurd Slembe, og sikra fred for samkongedømmet mellom Haraldssønene dei neste 15 åra. Heller ikkje då ein eldre bror av Haraldssønene, Øystein, fødd og vaksen opp ein stad på Vesterhavsøyene, kravde sin del av farsarven i 1142, oppstod det strid. Det var altså lendmennene som rådde grunnen i nærare 20 år og evna å oppretthalde freden seg i mellom. Først då Sigurd og Inge nådde vaksen alder, på midten av 1150-talet, braut det ut strid på nytt.

Som vi såg i kapittel 4, har nyare bidrag til forskinga på borgarkrigstida akseptert ei forskyving av dei «eigentlege» konfliktane til slutten av 1150-talet. I følgje Bagge og Orning forandra konfliktmønsteret seg på dette tidpunktet, og utvikla seg til noko meir enn naturlege konfliktrar i eliten. Begge er einige i at vi ser ei ny tenking omkring kongemakta, uttrykt gjennom Erling Skakke og Magnus Erlingssons einekongedømme. Dei er derimot ikkje einige om kva dette skuldast. Orning hevdar at styrkinga av kongemakta i dette tidsrommet heng saman med ytre omstende: den gregorianske reformrørsla og det politiske tilhøvet til Danmark.⁵²⁴ Bagge argumenterer for at problemet var dei uklare reglane for tronfølgja og stridens eigen dynamikk; den indre lojaliteten og samhaldet i flokkane gjorde det vanskeleg å søkje forsoning.⁵²⁵

Ei vurdering av konfliktnivået og eventuelle endringar kring 1160 må ta utgangspunkt i tilstanden før 1160. Vi skal difor først undersøke nettverka som heldt

⁵²⁴ Orning 2014: 211-216.

⁵²⁵ Bagge 2015: 107.

lendmannsstyret og samkongedømmet til Harald Gilles søner saman, og som trass alt opprettheldt freden i tidsrommet 1139-1155 før vi går inn på korleis konflikten spissa seg til mot slutten av 1150-åra, og kva som kan forklare dette.

Lendmennene og enkedronning Ingerid

Lendmannsstyret som skulle tryggje dei mindreårige Haraldssønene mot åtak utanfrå og splitting frå innsida vart halde saman av eit nettverk rekruttert frå den avlidne Harald Gilles støttespelarar. I dette nettverket var enkedronning Ingerid sentral. Som mor til dei to yngste av Haralds søner hadde Ingerid all interesse av å få eit samkongedømme til å fungere. Ho nytta både diplomati og ekteskapspolitikk for å få dette til.

Harald Gille etterlet seg fire søner og to døtrer då han døydde. Øystein, den eldste av sønene, vaks opp ein ukjent stad på Vesterhavssøyene, mest truleg på vestkysten av Skottland eller Hebridane. Han kan ha vore fødd kring 1125, og var i så fall 11 år då faren døydde.⁵²⁶ Mor hans heitte Bjadok i følge Hkr (Biadoc eller Bethoc på gælisk), og kan ha vore i familie med den kjende utfordraren til herredømmet over Hebridane og Isle of Man, Somerled av Argyll.⁵²⁷ Mykje tyder på at Harald allereie hadde gjort det kjent at han hadde denne sonen. Det vart i alle fall ikkje sådd tvil om slektskapen då Øystein gjorde krav på kongsnamn i 1142, om lag 17 år gamal.

Den andre sonen, Sigurd, hadde Harald med frilla Tora, dotter til Guttorm Gråbarde, ein mektig og ættestor odelsbonde i Oppland.⁵²⁸ Ho hadde vore Haralds frille i fleire år, og sonen dei hadde saman var tre år då faren døydde. Den tredje sonen, Inge, hadde Harald med dronning Ingerid Ragnvaldsdotter. I motsetning til sine eldre brør, var Inge fødd i ekteskap, og var «på andre vinteren» då faren døydde i 1136.⁵²⁹ Hkr og Arnmødlingatal nemner dessutan ein fjerde son, Magnus.⁵³⁰ Denne sonen levde ikkje

⁵²⁶ Slik Arstad 2005. Vi veit korkje når eller kor han vart fødd. Power 2015: 36 har foreslått 1123.

⁵²⁷ Sjå s. 141

⁵²⁸ Msk: 404, 412-413; Fsk: 341, 344; Hkr: 555, 568-569.

⁵²⁹ Msk: 404; Fsk: 341; Hkr: 570.

⁵³⁰ Fsk: 390; Hkr: 581.

lenge, og blir vanlegvis utelaten i moderne historieskriving,⁵³¹ men det er mykje som tyder på at dette barnet var eit viktig ledd i enkedronning Ingerids nettverkspolitikk.

Måten både Hkr og Arnmødlingatal listar Haralds born, gir inntrykk av at Magnus var den yngste av sønene. Han kan ha vore nyfødd då faren døydde, eller fødd like etterpå. I følgje Hkr skal Magnus ha blitt tatt til konge samstundes som brørne Sigurd og Inge, men levde altså berre ei kort stund.⁵³² Snorre stør seg her også på eit skaldekvad av Einar Skulesson der skalden slår fast at Harald hadde fire søner.⁵³³ Einar Skulesson hadde vore skald både hos kong Harald Gille og sønene hans, og kjende dette miljøet godt.⁵³⁴ Det er dermed ingen grunn til å tvile på at Harald hadde denne sonen Magnus.

I skaldekvadet karakteriserer Einar Skulesson kongssonen Magnus som «den som skapar fred».⁵³⁵ Formuleringa er neppe tenkt som ein personleg karakteristikk av dette spedbarnet, men det er ikkje uttenkeleg at formuleringa speglar barnets funksjon som bindeledd mellom ei av dei mektigaste ættene på Vestlandet, og den sentrale leiinga av lendmannsgrupperinga, styrt av enkedronninga. Snorre fortel nemleg at den unge Magnus vart fostra hos Kyrpinge-Orm på Støle. Som vi såg i førre kapittel var Kyrpinge-Orm, og sønene Ogmund og Erling, blant Haralds Gilles lojale støttespelarar, og utgjorde eit viktig politisk kraftsenter i denne landsdelen.

Fostring av born kunne skape sterke lojalitetsband, og for familiane som fekk ansvar for å fostre eit kongsemne kunne det også innebere auka status og sosialt avansement. Under Haraldssonenes samkongedømme var forsterfedrane heilt sentrale som «rådgivarar» for dei mindreårige kongane. I dette tilfellet, der kongsemna var småborn, innebar dette i realiteten at det var fosterfedrane styrte. Det er dermed ikkje uvesentleg at Harald etterlet seg tre søner innanlands – ikkje to. Gjennom fostringsinstitusjonen evna Harald å plassere ein son i kvart av dei vi viktigaste maktpolitiske sentra i landet i løpet av nokre få år. For enkedronning Ingerid gald det å halde fast på fosterfedrenes lojalitet – også etter ektemannens død.

⁵³¹ Magnus er til dømes fråverande i artiklane om kong Harald Gille i begge utgåvene av *Norsk biografisk leksikon*: Bull 1931a; Arstad 2001a.

⁵³² Hkr: 581.

⁵³³ Hkr: 581.


⁵³⁴ Mundal 2000.

⁵³⁵ Hkr: 581.

Sjølvs sedvanen gav alle sønene til Harald Gille rett til kongsnamn, uavhengig av legitimitet og primogenitur, var dette ein rett som måtte krevjast, og i denne situasjonen – med kongsemne som ikkje var stort eldre enn spedborn – kan ikkje avgjerla om å ta Haraldssønene til samkongar sjåast som ein rein refleks av gjeldande arvereglar. Sagaene gir eit usedvanleg eintydig og detaljert bilete av kva som skjedde etter drapet på Harald Gille i Bergen i 1136, etter alt å døme med den samtidige Hryggjarstykket som felles førelegg.⁵³⁶ Her blir det gitt klart inntrykk av at enkedronning Ingerid og Haralds tidlegare følgjesmenn, med fosterfedrane i spissen, utforma ein strategi for å sikre kongsmakta for Haralds tre søner. Saman danna dei ein koalisjon med tyngdepunkt i Trøndelag hos Såda-Gyrd Bårdsson, som fostra kongssonen Sigurd, i Viken hos Åmunde Gyrdsson som fostra kongsemnet Inge, og på Vestlandet hos Kyrpinge-Orm som fostra kongssonen Magnus. Enkedronning Ingerid var sentral i forhandlingane, og reiste sjølv austover frå Bergen for å delta i rådslaging med lendmennene i Viken, der dei valde å sende bod til Trøndelag om å ta Sigurd til konge på Øyratinget. Ut frå Snorres seinare opplysning, må vi anta at Magnus vart tatt til konge på Gulatinget samstundes.

⁵³⁶ Fsk: 345, 347-348; Msk: 414; Hkr: 570.

Figur 14: Fosterfedrar og lendmenn under Haraldssønene



Figur 14 over viser dei tre knutepunkta i lendmannstyret til Haraldssønene og deira relasjon til dronning Ingrid. Samkongedømmet var tufta på eit samarbeid mellom veletablerte stormenn frå gode slekter og fleire av dei hadde vore lendmenn eller hirdmenn i fleire tiår. Såda-Gyrd Bårdsson, den unge Sigurd Haraldssons fosterfar, kom truleg frå ei av stormannsslektene i Trøndelag. Gunnes meiner at dottera til Gyrd, Cecilia, er kvinna ved same namn som Sigurd Jorsalfare gifta seg med og som kyrkja nekta å godkjenne.⁵³⁷ I så fall har nok både Såda-Gyrd og dottera vore tett på kongens indre krins av hirdmenn, som også Harald Gille var ein del av. Haralds val av Såda-Gyrd til å fostre hans eldste son kan såleis ha botn i eit vennskap som går attende til dei siste åra av Sigurd Jorsalfares styringstid.

⁵³⁷ Gunnes 1996: 24.

Omframnt Såda-Gyrd finn vi også Ottar Birting blant mennene som tok Sigurd Haraldsson til konge på Øyratinget i Trøndelag. Ottar var, som kjent, også ein av Sigurd Jorsalfares lendmenn.⁵³⁸ Mannen som bar den 3-årige Sigurd til tinget heitte Peter Sauda-Ulvsson, og fekk tilnamnet *Byrdarsvein* etter dette. Peter var etterkomar etter Ulv Uspaksson, stallar og hirdstyrar for Harald Hardråde hundre år tidlegare,⁵³⁹ og slekta hadde fostra fleire prominente stormenn, mellom andre Øystein Erlendsson, som skulle bli erkebiskop i Nidaros i 1157. Vi finn også Reinsslekta representert hos kongsemnet Sigurd. Guttorm Åsolvsson og broren Ottar Balle kom frå storgarden Rein i Rissa, som i generasjonar hadde dominert den politiske eliten i Noreg. Den siste som blir nemnt av stormennene som gav kongsnamn til Sigurd i Trøndelag, er Ogmund Svifte som elles er ukjent.⁵⁴⁰

På Vestlandet var Kyrpinge-Orms familie sentral, representert ved Ogmund, Kyrpinge-Orms eldste son.⁵⁴¹ Sagaene gjer eit poeng av at Ogmund var den best akta av dei to brørne og at han overgjekk sin yngre bror, Erling, på mange måtar medan dei begge var i live.⁵⁴² Som vi såg, vart Magnus kongsson fostra på Støle i Sunnhordland den korte tida han levde, og dronning Ingrid har truleg også hatt eit nært band til Støle.⁵⁴³ I Viken finn vi kong Haralds gamle forbundsfelle, Tjostolv Åleson, saman med Inges fosterfar Åmunde Gyrdsson, ein elles ukjent stormann.⁵⁴⁴

Enkedronning Ingerid var altså direkte involvert i rådslaginga etter mannens død, og ho var med på å gi form til den strategien som vart vald. Ho ser også ut til å ha vore viktig for at nettverket av lendmenn skulle halde saman og trekkje i same retning. På dette tidspunktet var ho ei mektig enke på 26 år med band til alle dei tre skandinaviske kongehusa. Ho var av svensk kongsslekt og oppvaksen i Vestergötland, der vi må anta at ho hadde jordegods og andre økonomiske interesser. Om lag 15 år gamal vart ho gift

⁵³⁸ Sjå denne avhandlinga s. 94.

⁵³⁹ Krag 2005b.

⁵⁴⁰ Ágrip: 102; Fsk: 347 og 351; Msk: 430 og 445; Hkr: 576, 578 og 585.

⁵⁴¹ Ágrip: 102; Fsk: 351; Msk: 445; Hkr: 585; Os: 259.

⁵⁴² Ágrip: 102; Fsk: 351; Msk: 445; Hkr: 585.

⁵⁴³ Munch meiner at namnet Orm som ho gav sonen ho fekk med Ivar Sneis, er «under alle Omstendigheder et talende Tegn paa, at saavel hun, som Kong Inge da stode under Agmund drengs beskyttelse» (Munch 1941-43 (1855-59) bd. 6: 224).

⁵⁴⁴ Ágrip: 102; Fsk: 348 og 351; Msk: 415-417, 445; Hkr: 572-573 og 585.

med den danske tronpretendenten Henrik Skadelår, og dei fekk 4 søner saman.⁵⁴⁵ Hervik m.fl. reknar det som sannsynleg at dei to eldste sønene vart fostra hos morsslektningar i Sverige, ettersom dei seinare vart innblanda i dei svenske innbyrdesstridane.⁵⁴⁶

Dronninga sine to ektefødde born med kong Harald hadde ho altså fått plassert til fostring i Viken og på Vestlandet, men i Trøndelag var det Haralds frilleson lendmennene hadde samla seg om. Dette innebar ein potensiell risiko, og det er truleg mot denne bakgrunnen vi bør forstå det påfølgjande ekteskapet mellom Ingerid og Ottar Birthing; eit ekteskap som skulle halde koalisjonen tettare saman.

Dronning Ingerid vart gift med Ottar Birthing ein gong på slutten av 1130-talet. Ottar var ein av hovdingane som hadde gitt kongsnamn til kong Sigurd på Øyratinget. Alexander Bugge hevdar dette ekteskapet var den utløyande årsaken for striden som braut ut mellom kongsemna seinare på 1150-talet, og ser dette ekteskapet kun som ei kjelde til uro. Kong Sigurd næra ein sterk uvilje til sin stefar Ottar, og då Ottar vart drepen vart Sigurd skulda for drapet.⁵⁴⁷ Men sjølv om dette kan ha vore tilfellet på midten av 1150-talet, står ikkje det i vegen for at ekteskapet kan ha vorte inngått med motsette intensjonar 15 år tidlegare. Det er opplagt at eit ekteskap mellom enkedronning Ingerid og Ottar Birthing ville kunne styrke felles interesser. Behovet for ein samla front mot Haraldssønenes fiendar var stort. Sigurd Slembe raida kysten våren 1139 og rana til seg gods og bufe frå bøndene. Overskotet nytta han til å betale for ein stor hærstyrke i Danmark same sommar. Medan dei venta på Sigurd Slembes retur til Noreg, mante Inges lendmenn til samhald og felles front: «den beste vennen vår er den som råder oss til alltid å være forlikte og holde saman»⁵⁴⁸ heiter det i ordsendinga mellom lendmennene i Viken og Trøndelag. Inges menn klaga over at trøndarane ikkje tok deira del av kampen mot «den fare og den nød som venter oss». Lendmennene i Sør-Noreg hadde all kostnad med forsvaret, medan Sigurds menn tok halvdelen av inntektene, hevda dei. I Trøndelag argumenterte Ottar Birthing, dronning Ingerids nye ektemann, for at Inges menn hadde rett. Trønderane måtte ruste til forsvar og reise sørover for å stå samla mot Sigurd Slembe, og etter rådslaging vart dei samde om dette. I det avgjerande

⁵⁴⁵ Sjå denne avhandlinga s. 118.

⁵⁴⁶ Hervik, m. fl. 2006: 44.

⁵⁴⁷ Bugge 1916: 48.

⁵⁴⁸ Msk: 429-430; Hkr: 576-577. Sjå også Arstad 2004.

slaget mot Sigurd Slembe ved Holmen grå, hausten 1139, stod lendmennene saman, og Sigurd Slembe vart teken til fange og drepen. Det er verdt å merke seg at det var Ottar som førte ordet på tinget, og som rådde lendmennene til å sameine sine interesser. Dette illustrerer den sentrale posisjonen Ottar hadde i Trøndelag, og kor viktig dette ekteskapet med dronning Ingerid var for å skape felles front mot Haraldssønenes utfordrarar.

Dronning Ingerid og lendmennene heldt Haraldssønenes samkongedømme saman i over 15 år. Som vi har sett hadde denne koalisjonen rot i Harald Gilles nettverksstrategi, og den utvikla seg under tydeleg påverknad frå dronninga. Samkongedømmet mellom Haraldssønene viser at det kravde innsats og vilje til samarbeid frå alle partar. Styringsforma var ei løysing i ein situasjon der fleire kongssøner hadde krav på kongsnamn, men den var i seg sjølv inga garanti for samarbeid. Samarbeidet måtte oppretthaldast gjennom stadige tilpassingar og kompromiss, og var avhengig av personlege eigenskapar og relasjonar. Ian Peter Groshe har vist korleis denne koalisjonen av lendmenn også aktivt promoterte dei mindreårige Haraldssønene gjennom skriftleg og rituell kommunikasjon for å legitimere barnekongane og stadfeste sin eigen autoritet.⁵⁴⁹ Dette forsterkar inntrykket av at samkongedømmet som vart skapt med utgangspunkt i Harald Gilles nettverk, forankra kring formyndarane til dei unge kongsemna, var eit kollektivt prosjekt som kunne realiserast fordi manglande avgrensingar på tronfølgja framleis gjorde det mogeleg, og fordi det var sterk vilje hos formyndarane til å få det til å fungere. Eit døme på slik vilje ser vi i 1142, då samkongedømmet vart utfordra av ein fjerde av Harald Gilles søner, Øystein, som hadde vakse opp på Vesterhavsoyene. Vi skal no sjå nærare på kven innan eliten som var aktive pådrivarar for å innlemme Øystein Haraldsson i samkongedømmet,

Øystein Haraldsson

Omstenda kring innlemminga av Øystein Haraldsson i samkongedømmet i 1142 er uklare. At Harald hadde denne sonen var tydelegvis kjent, ettersom det ikkje finst noko indikasjon på tvil om Øysteins opphav. Trønderane gav han kongsnamn på Øyratinget

⁵⁴⁹ Grohse 2016:473.

og rettane til ein tredjepart av riket,⁵⁵⁰ og brørne hans (dvs lendmennene deira) skal ha godkjent kongevalet i etterkant, tilsynelatande utan noko form for dramatikk.⁵⁵¹ Tradisjonelt har dette blitt tolka i lys av sedvaneretten, slik mellom andre Holmsen gjer når han hevdar at: «det var ikke mulig ut fra gjeldende rett å protestere mot Øysteins kongedømme».⁵⁵² Men praksis både før og seinare viser noko anna.⁵⁵³ Arv var ikkje tilstrekkeleg dersom kongsemnet ikkje vann tilslutnad frå stormenn som kunne få i gjennom ei hylling i ei tingforsamling. At lendmennene kjende seg bundne av ein form for konstitusjonell sedvane er tvilsamt.⁵⁵⁴ Det er meir interessant å spørje kva for krefter innan den norske eliten på 1140-talet som hadde interesse av å stø opp om eit nytt kongsemne, og som kunne forhandle fram eller eventuelt tvinge gjennom ei tredeling av kongemakta?

Munch lanserte i si tid ei oppfatning av Øystein Haraldsson sitt maktgrunnlag som fekk stort gjennomslag. Han meinte at av di Inge «betragtedes som højbyrdigere end Brødrene», og dermed fekk størst oppslutnad frå lendmennene, er det rimeleg å gå ut i frå at Sigurd og Øystein søkte støtte blant «de lavere Klasser, og at derved allerede i deres Tid Spiren vaktet til den Kamp til det Yderste mellom Lendermands-Aristokratiet og den ringere Deel af folket, som rasede ved Aarhundredets Slutning.»⁵⁵⁵ Representantane for desse «lågare klassane» var helst trønderar, meinte han, ettersom det var i Trøndelag Øystein vart teken til konge. Stormennene i Trøndelag ønskte ein konge som i større grad enn Inge og Sigurd representerte deira interesser.⁵⁵⁶ Kva for interesser dette var går ikkje klart fram hos Munch, men Edvard Bull utdjupar dette. Han

⁵⁵⁰ Munch hevdar at det eigentleg dreia seg om ein fjerdepart ettersom Harald sin fjerde son, Magnus, også vart teken til konge samstundes Munch 1941-43 (1855-59): 221-222. Eg har ovanfor argumentert for at denne sonen mest truleg døydde på eit mykje tidlegare tidspunkt (sjå s. 130). Dermed er ei tredel rimeleg på dette tidspunktet.

⁵⁵¹ Msk: 440; Fsk: 354; Hkr: 581.

⁵⁵² Holmsen 1961: 197.

⁵⁵³ Dersom dette var ein automatisk rett ville den politiske historia på 1100-talet sett svært annleis ut. Vi har allereie sett korleis Harald Gille fekk rett til å kalle seg kongsson, men ikkje til å krevje riket (Ágrip 99-100; Fsk: 334; Hkr: 548). Sin del av kongedømmet fekk han først etter påtrykk frå ei gruppe lendmenn, og dette førte som kjent til strid. Sigurd Slembe kalla seg også kongsson, men han oppnådde ikkje nok støtte blant stormennene til å få i stand ei hylling (Fsk: 344; Hkr: 569). Kong Sverre godtok Eirik Sigurdsson som sin bror og ga han plass i hirda, eignedomar og jarlsnamn, men vi høyrer ikkje tale om deling av makta (Ss: 149). Sjå også Gunnes 1986: 354.

⁵⁵⁴ Holmsen 1961: 182.

⁵⁵⁵ Munch 1941-43 (1855-59): 230-1. Sjå til dømes Bugge 1969 (1916): 44; Bull 1931b: 174.

⁵⁵⁶ Munch 1941-43 (1855-59) VI: 221 og 231, sjå også Bugge 1969 (1916): 44.

hevdar at det var «en virkelig forskjell på de sociale forhold nordenfjelds og vestenfjelds».⁵⁵⁷ Dette kom mellom anna til syne ved at «praktisk talt alle de lendmenn der nevnes, og likedan alle mer fremtredende geistlige, står på Inges parti; som Sigurd Munn og Øysteins menn navngis omtrent ingen».⁵⁵⁸ Kjernen i resonnementet er altså at kravet om kongsnamn for Øystein Haraldsson vart borte fram av ei gruppe som ikkje hørde til i høgare samfunnslag, *anten* av di dei hørde heime i Trøndelag, *eller* av di vi ikkje veit kven dei var.

Spørsmålet om Trøndelags sosiale struktur i mellomalderen må vi la ligge her. Det må vere tilstrekkeleg å peike på at vi ikkje kjenner den sosiale strukturen godt nok til å kunne vurdere om Trøndelag skilte seg ut som mindre aristokratisk enn dei andre landsdelane.⁵⁵⁹ Men, vi kan vurdere om trønderar utgjorde eit særskilt stort innslag i Øystein sin krins, for i motsetnad til det Bull måtte meine, kjenner vi namnet på både lendmenn og andre stormenn som følgde kong Øystein.

Kjeldene nemner i alt 15 personar som på ulike måtar var knytt til Øystein Haraldsson. Øystein vart henta i Skottland av Arne Sturla Sæbjørnsson, Torleiv Brynjolvsson og Kolbein Ruga.⁵⁶⁰ Bugge har hevda at dei to første var trønderske hovdingar,⁵⁶¹ men det fins ikkje noko i kjeldematerialet som stør opp kring denne påstanden. Det einaste vi har å halde oss til er namnet Sæbjørn. Det er også å finne i farsgreina av Ragnvald Kale jarl si slekt, og Tjersland har tenkt seg at Arne kan ha hatt eit samband til både Ragnvald Orknøyjarl, Støle og nettverket kring Harald Gille.⁵⁶² Det har dessutan vorte gissa på at Torleiv Brynjolvsson var son til Brynjulv Halldorsson Ulvalde d.y., ein lendmann frå Ranrike med slekt på Orknøyane.⁵⁶³ Sett i lys av at ein –

⁵⁵⁷ Bull 1920: 33. Sjå også Gunnes 1986: 362.

⁵⁵⁸ Bull 1931b: 174. Mi kursivering. Han utdjupar essensen i dette på side 177 gjennom følgjande påstand: «sammenlignet med f. eks. Vestlandet og Viken, eller med det billede av Trøndelag vi har fra Ladejarlenes, Einar Tambarskjelves, Kalv Arnssons dager, er det 12. årh.s Trøndelag bare svakt preget av en høvdingeklasse. Det er et typisk bondesamfund, og trøndernes konger er i højere grad en bondekonge enn en lendmannskonge.»

⁵⁵⁹ J. Schreiner er den som mest systematisk har utforma teorien om eit kystaristokrati i kamp mot eit meir egalitært bondeartiokrati i Trøndelag og Oppland (Schreiner 1936). Seip retta nokre år seinare kraftig kritikk mot Schreiner for mellom anna lemfeldig omgang med kjeldene (Seip 1940-42).

⁵⁶⁰ Msk: 440; Fsk: 351; Hkr.: 581.

⁵⁶¹ Bugge 1969 (1916): 44.

⁵⁶² Tjersland 1937: 132-33.

⁵⁶³ Tjersland 1937: 132 f. Brynjulv Ulvalde var frå Vetteland i Nord-Båhuslen. Han var gift med Magnus Berrføtt si mor og etterkomar av jarleætta på Orknøyane gjennom mor si.

og mogleg to – andre av Brynjolv sine søner deltok på Øystein si side i striden mot kong Inge nokre år seinare, verkar denne påstanden rimeleg.⁵⁶⁴ Torleiv og brørne hans var i så fall mågar til den siste i trioen som henta Øystein til landet, Kolbein Ruga.⁵⁶⁵ Denne Kolbein, eller Cubbie Roo som han heiter i eit lokalt orknøysk segn,⁵⁶⁶ var truleg av norsk-orknøysk opphav, og det ser ut til at han har hatt eigedomar både i Noreg og på Orknøyene.⁵⁶⁷ Kolbein var dessutan ein god ven av Svein Åsleivsson, ein av dei mest framstående av dei politiske aktørane i øyriket på 1100-talet. Kolbein fostra den eine av Svein sine to søner, medan den andre vart gift med Kolbeins dotter.⁵⁶⁸ Det går tydeleg fram av Orkneyinga saga at både Svein og Kolbein var mektige menn, og at alliansen mellom dei utgjorde ein viktig faktor for maktballansen i øyriket.⁵⁶⁹

Ein annan vestlending hos kong Øystein var Eindride Unge.⁵⁷⁰ Denne Eindride var av lendmannsslekt, og etter alt å dømme heimehøyrande ikkje langt frå Bergen. Storm reknar han som lendmann under Harald Gille og Haraldssønene, utan at dette går

⁵⁶⁴ Mellom mennene til Øystein finn vi på det tidspunktet Halldor, ein annan av sønene til Brynjolv Ulvalde. Halldor sat som lendmann på farsgarden Vetteland i Ranrike (Msk: 460; Hkr: 593). I Øysteins flokk finn vi dessutan Bård Brynjolvsson Standale, som kan å ha vore bror til Halldor (Tjersland 1937: 136-137), men kan også koplast til Trøndelag, ettersom han av Snorre ved eit seinare høve vert gjort til trønderanes talsmann i eit ordskifte med Erling Skakke (Hkr: 632).

⁵⁶⁵ Os: 89, 213-214. Brynjolv Ulvalde d.y. si mor og Kolbeins ektefelles mormor var begge døtre av Pål Orknøyjarl. Ein bør elles vere merksam på at Munch si framstilling av jarleslekta på Orknøyane (Munch 1941-43 (1855-59) bd. VI, Slægt-tavler, nr. 6) inneheld fleire feil. Sigrid, svigermor til Kolbein Ruga, vert hos Munch gjort til dotter av Pål jarl, medan Os reknar henne som dotterdotter til den same jarlen. Halldor Brynjolvsson, Tora Pálsdotter sin ektemann, vert feilaktig kalla Brynjolv Ulvalde (far til Halldor) og Harald Slettmale jarl vert kalla Hákon. Sjå elles slektstavle nr. 11 i Os-Íf. for ei korrekt framstilling av desse slektsskapstilhøva.

⁵⁶⁶ Kolbein kjenner vi elles frå både norsk og orknøysk hald som den mektig stormannen som bygde seg ei festning i stein på øya Vigr, no Wyre. Sjå td. Munch 1838-1839: 105; Seip 1984: 264.

⁵⁶⁷ Os: 213-214; HH: Kap 186 (171). I ei yngre avskrift av Os har skribenten skote inn at Kolbein var «en Norske Mand». Os: 213-214, jf. n. 1, 214. Sonen Bjarne Kolbeinsson overførte garden Håland i Dalsfjorden til Munkeliv kloster (DO: 18), og fleire har meint at det var der Kolbein høyrde heime (td. Mundal 1999; Thomson 2001: 122 og 132; Jón Jóhannesson m.fl. (Sturl. I: 240 n. 1). Tjersland derimot hevdar Kolbein var islending ettersom han hadde ein son ved namn Bjarne, og kombinasjonen Kolbein og Bjarne også er å finne mellom islendingen Flose Valla-Brandssons etterkomarar (Tjersland 1937: 132 n. 1). Forutan den innlysande innvendinga mot å nytte ein slik metode i eit tilfelle der det dreier seg om to svært vanlege norrøne namn, bør det også peikast på at både Bjarne Kolbeinsson (Kolbein Ruga sin son) og Flose Valla-Brandsson sine etterkomarar er omtala m.a. i *Surlunga saga* utan at denne slektskapen mellom dei vert nemnt, trass i at Bjarne vart biskop på Orknøyane og må ha vore godt kjend for forfattere av Sturl. (sjå m.a. Sturl. I: 240-241 og slektstavle 6, bd. II). Forfattere av Os var dessutan islending, og ein skulle såleis også her forvente at biskopen sine islandske anar hadde vorte nemnde. Det synest difor urimeleg å hevde at Kolbein Ruga hadde islandsk opphav.

⁵⁶⁸ Olav Sveinsson var fosterson til Kolbein Ruga. Os: 266, særleg 302, 231. Andres Sveinsson vart gift med Frida Kolbeinsdotter, Os: 231.

⁵⁶⁹ Jf. særleg episoden der Olav Sveinsson vart teken til fange av Jon Veng og ført til Ragnvald jarl. Ragnvald kravde at Jon straks skulle bringe Olav attende for å ikkje leggje seg ut med Svein eller Kolbein. Os: 302.

⁵⁷⁰ Msk: 441; Fsk: 362; Hkr: 582, 611, 617, 619-620, 655.

eksplisitt fram av kjeldene.⁵⁷¹ Eindride var ein av initiativtakarane til jorsalferda på byrjinga av 1150-talet der også Erling Skakke og Ragnvald jarl deltok. Orkneyinga saga opplyser at det kom til uvennskap mellom Eindride og dei andre hovdingane, og Eindride slutta seg difor til Øystein då han kom attende frå ferda.⁵⁷²

Blindheimsætta frå Nord-Vestlandet, representert ved Hallkjell Jonsson, og sønene Jon og Simon, er også å finne blant Øysteins menn. Ovanfor såg vi at Hallkjell hadde vore ein pådrivar for å hente Øystein sin far, Harald Gille, til landet frå Suderøyane vel eit tiår tidlegare, på mykje same måte som Øystein. Hallkjell hadde relasjonar til Orknøyane, og som vi såg, sannsynlegvis til nettverket til Harald Gille og Støle.⁵⁷³ Hallkjell og sønene hans vert nemnde i samband med striden som braut ut mellom Haraldssønene på midten av 1150-talet. Blindheimsmennene valde å skifte side i denne striden og gjekk over til kong Inge i 1157. Det gjorde også Aslak Jonsson Unge, ein elles ukjend stormann.⁵⁷⁴

Omfram desse har vi opplysningar om at to trønderar, ein vikværing og ein stormann med ukjend geografisk tilknytning var blant Øysteins menn. Den eine trønderen var Eindride Jonsson. Han vert skildra av Snorre som «den gjevaste og mest vennesæle mannen i Trøndelag».⁵⁷⁵ Den andre var Filippus Gyrðsson, fosterbror til kong Sigurd Haraldsson, som vart nemnt ovanfor.⁵⁷⁶ Vikværingen var Øystein Haraldssons hirdmann, Harald den vikværske. Om han vert det også sagt at han åtte eit hus i Bergen, eller i det minste var i Bergen då han vart drepen av kong Sigurd. Same lagnad leid presten Jon Tapard Bjarnesson, også han hirdmann hos Øystein, men dette drapet skal ha funne stad i Trondheim.⁵⁷⁷

⁵⁷¹ Storm 1884a: 150.

⁵⁷² Os: 260.

⁵⁷³ Sjå s. 110 ovanfor.

⁵⁷⁴ Aslak Jonsson Unge var hos kong Inge i 1159. Kva tidspunkt Aslak valde å forlate Øystein gir kjeldene ingen opplysningar om, men det er nærliggande å tru at Aslak var ein av dei lendmennene som Inge og Gregorius lokka til seg («spǫnðu undan») frå Øystein i 1159, jf. Hkr: 593; Msk: 461. Aslak hadde ei dotter, Gyrid, som fekk ein son med Magnus Erlingsson, Ss: 154. Storm gjer rekning med at Aslak var lendmann, utan at dette er eksplisitt nemnt i kjeldene, jf. Storm 1884a: 150.

⁵⁷⁵ Hkr: 600.

⁵⁷⁶ Sjå s. 153 ovanfor.

⁵⁷⁷ Fsk: 352; Msk: 455. Msk kallar Jon Bjarnesson og Harald den Vikværske for Øystein sine «huskarar» og «vener», medan Hkr: 590 omtalar dei som «hirdmenn». Jon var son til ein elles ukjend Bjarne Sigurdsson (Fsk: 359; Hkr: 590). Av aktuelle personar er det mest nærliggande her å tenkje på Bjarne Byrdarsvein, han var gift med Ragnrid, dotter av Guttorm på Rein og Eldrid, syster til Hallkjell Huk frå Blindheim, jf. Fsk: 388. Om Harald den Vikværske vert det i Msk: 454 og Hkr: 590 sagt at han åtte eit hus i Bergen, medan Fsk: 352 hevdar at han vart drepen i Bergen, medan Jon Bjarnesson vart drepen i Kaupangen.

Samla sett gir opplysningane vi har om kong Øystein Haraldssons nettverk inntrykk av eit tyngdepunkt av etablerte lendmannsslekter med norsk-orknøysk bakgrunn. Det er ingenting som tyder på at han særleg trakk tilhengjarar frå lågare sosiale sjikt. Dei nemnde stormennene kom frå familiar som i lengre tid hadde dominert det politiske miljøet på Orknøyane og i Noreg, og fleire av dei vert omtala som lendmenn. Nokre av mennene hans hadde tilknytning til Trøndelag, men dei kom også frå andre delar av landet.

Øystein og Sigurd Haraldssøner slo seg som kjent saman mot broren Inge i første halvdel av 1150-talet, og Sigurd vart drepen i 1155. Fleire av stormennene nemnt ovanfor opptre i kjeldene først etter at Øystein og Sigurd hadde slått styrkane sine saman, og det er dermed på sin plass å vurdere i kva grad desse mennene faktisk kan reknast som Øystein sine menn, eller om dei i realiteten hørde til Sigurd sitt nettverk fram til 1155. Holmsen har til dømes hevda at Øystein overtok eit etablert nettverk med base i Trøndelag etter broren Sigurd.⁵⁷⁸ Etter mi meining er dette ei altfor enkel framstilling. Ingen av dei omtala mennene ovanfor er på noko tidspunkt nemnde som kong Sigurd sine støttespelarar. Dette er ein sterk indikator på at Øystein sitt nettverk må vurderast på sjølvstendig grunnlag, sjølv om det ikkje utelukkar ei viss overlapping mellom desse to gruppene.⁵⁷⁹ Eit anna argument for å leggje større vekt på Øystein som ein sjølvstendig aktør er måten sagaene skildrar hendingane knytt til Øystein. Som Knut Aarstad har poengtert viste Øystein seg som «en handlingens mann», både då han effektivt overmanna bondeoppstanden i Hisingen og Ranrike og då han gjennomførte vesterhavsfærdar litt seinare.⁵⁸⁰ Begge desse hendingane må ha kravd eit sterkt og sjølvstendig leiarskap, og det er ingenting i sagaene som tyder på at det var andre enn Øystein som stod for dette leiarskapet. Det er såleis grunn til å tru at Øystein var godt etablert med sitt eige nettverk av politiske støttespelarar då alliansen med Sigurd vart inngått i 1155, og i dette nettverket var det orknøyske sambandet sterkt, slik det også

⁵⁷⁸ Slik til dømes Holmsen 1961: 198.

⁵⁷⁹ Som eg peika på ovanfor må vi mellom anna rekne med at Filippus Gyrdsson, kong Sigurd sin fosterbror, i første rekkje rekna seg som Sigurd sin mann, trass i at han ikkje vert nemnt før i 1156, i følge med kong Øystein.

⁵⁸⁰ Arstad 2005: 131.

hadde vore hos far hans. Vi skal difor sjå nærare på utviklinga i jarledømmet i dette tidsrommet og relasjonane mellom jarlætlingane og Haraldssønene.

Hopehavet mellom jarlane på Orknøyane og Haraldssønene

Kjeldesituasjonen gjer det svært vanskeleg å få oversikt over den politiske situasjonen på Vesterhavsoyene i 1140-åra, men nokre tentative scenario kan presenterast. For å vinne jarledømmet i 1136 hadde Ragnvald inngått ein allianse med Frakokk Maddadsdotter og hennar støttespelarar i Atholl og Skottland. Prisen for dette samarbeidet var at Ragnvald skulle dele jarledømmet med Harald, son til Margaret Håkonsdotter og Maddad, ein nær frende av den skotske kongen Malcolm III. Margaret si mor var syster til Frakokk Maddadsdotter, og hadde vore Håkon jarl si frille.⁵⁸¹ Harald kunne såleis trekkje på slektskap til dei tre viktigaste politiske kreftene i øyriket: jarleætta, Maddadfamilien og den skotske kongemakta.⁵⁸² Korleis han i praksis kom til å balansere desse ulike interessene er meir uvisst, men alt tyder på at då Ragnvald vart stilt til ansvar for lovnaden om å avstå halve riket i 1138, var den skotske kongemakta ein av pådrivarane.⁵⁸³

Ettersom Harald Maddadsson berre var fem år gamal i 1138, skulle Ragnvald styre over begge halvdelane av øyriket. I praksis var det likevel ein av Maddadfamilien sine medlemmer, Torbjørn Klerk, som kom til å ha mest med den unge jarlen å gjere. Harald vart fostra hos Torbjørn, som Orkneyinga saga omtalar som ein klok og dugande mann som rådde mykje for det den unge jarlen føretok seg.⁵⁸⁴ På byrjinga av 1140-talet, då tanken om å lansere Øystein Haraldsson som kongsemne i Noreg må ha teke form, var jarledømmet altså delt mellom Harald jarl, støtta av Maddadfamilien og skottekongen David I, og Ragnvald jarl, som vi har sett hadde sterke nettverkskontaktar i Noreg. Kan denne politiske situasjonen forklare at fleire norsk-orknøyske stormenn fremja Øystein Haraldsson sitt kandidatur i 1142?

⁵⁸¹ Os: 122-3; Fsk: 392. Sjå også slektstavle IV i Os-Íf.

⁵⁸² Thomson 2001: 114.

⁵⁸³ Os: 194-6. Thomson 2001: 114-5 koplar Harald sitt maktkrav relativt tett til skotske interesser, medan Thuesen 2001b stiller seg meir open til dette spørsmålet.

⁵⁸⁴ Os: 196.

Eit iaugefallande trekk er at fleire av dei nemnde stormennene som henta Øystein til Noreg høyrde til same grein av jarleslekta som den unge Harald, og som Torbjørn klerk og Maddadfamilien var knytt til gjennom mågskap. Harald var etterkomar av Pål jarl, medan Ragnvald sitt arvekrav gjekk attende til morfaren Erlend jarl. Pål og Erlend Torfinnssøner hadde styrt øyriket i fellesskap i over tretti år,⁵⁸⁵ men då jarledømmet vart delt mellom sønene deira, Håkon og Magnus, og sistnemnde leid martyrdøden for Håkon si hand, skapte dette rivalisering og ein serie av konflikhtar mellom etterkomarar av dei to greinene av jarleætta.

Øysteins mor skal ha vore ei kvinne som sagaene nemner med namnet Bjadok. Etter yngre segntradisjon med utgangspunkt i klanen MacDonald skal Harald Gille ha vore gift med Biatoc (mogeleg gælisk for Bjadok), farsyster til Somhairle mac Gillabrigte (Sumarlide / Somerled), ein mektig utfordrar til den politiske makta over Suderøyane, Man og Vest-Skottland på 1150 og 1160-talet.⁵⁸⁶ Korkje norrøne eller gæliske *samtidige* kjelder nemner ei slik kopling mellom kong Øystein og Sumarlide, og vi kan ikkje sjå bort frå at dette er ein seinare konstruksjon tilført av klanen MacDonald.⁵⁸⁷ Det vi derimot veit er at Sumarlide vart gift med dotter til Olav Bitling, konge over Man og Suderøyane, som var i slekt med Harald Orknøyjarl.⁵⁸⁸ Det fanst såleis mågskapsband mellom Sumarlide og Pål-greina av jarleætta. Det kan tenkjast at fremjinga av Øystein sitt krav på kongsnamn hadde samanheng med relasjonen til Sumarlide og Harald jarl, men dette er igjen avhengig av at Sumarlide inngjekk ekteskap med Olav Bitling si dotter før Øystein vart henta til Noreg. Vi kjenner ikkje til kva tidspunkt dette ekteskapet vart inngått, ulike gissingar har vore lansert innafør tidsrommet 1120 til 1150.⁵⁸⁹

Det er altså mogeleg å tenke seg at promoteringa av Øystein Haraldsson som norsk samkonge var ein lekk i rivaliseringa mellom dei to greinene av jarleætta på Orknøyane. Ei utfordring i så måte er å påvise at det faktisk var rivalisering mellom

⁵⁸⁵ Ca. 1065-1098.

⁵⁸⁶ Klanen MacDonalds tok herredømme og tittelen Lord of the Isles på 1300-talet og styrte den vestlege delen av øyriket til utpå 1500-talet. Dei rekna seg som etterkomarar etter Sumalide. Sjå til dømes Duffy & Mytum 2015; Caldwell 2004.

⁵⁸⁷ Power 2005: 21 og særskilt n. 20.

⁵⁸⁸ Olav Bitling var gift med Ingebjørg, Harald jarl si morsyster. Os: 122; Fsk: 392.

⁵⁸⁹ McDonald 1995: 242, spesielt n. 86.

jarlane i dette tidsrommet. Sjølv om Harald i utgangspunktet var ein utfordrar til den sitjande Ragnvald jarl, ser det ikkje ut til å ha gått lang tid før han vart teken under Ragnvald sitt vern, og det er ikkje teikn til konflikt mellom dei 1140-åra.⁵⁹⁰ Fråveret av konflikt hindrar likevel ikkje at Harald Maddadsons forkjemparar kan ha arbeid strategisk for å styrke relasjonen til den norske kongemakta ved å støtte eit nytt kongsemnet. Lendmennene som styrte på vegner av dei umyndige kongsønene Sigurd og Inge i Noreg var, som vi har sett, tett bundne til dronning Ingerid, Støle og Ragnvald jarl. I ein eventuell framtidig konflikt mellom dei samregjerande jarlane på Orknøyane, var det gitt at Ragnvald jarl kunne vente seg støtte frå norsk hald. Harald Maddadsson kunne berre oppnå noko slikt dersom det vart lansert ein ny kandidat, fortrinnsvis ein med samband til jarledømmet. Øystein Haraldsson svarar til ei slik bestilling, sjølv om vi ikkje har belegg for å hevde at fremjinga av Øystein som norsk medkonge var støtta av Harald Maddadsons og ein lekk i den politiske rivaliseringa mellom jarlane på Orknøyane. Til det er kjeldetilfanget for magert. Det er likevel liten tvil om at det fanst sterke relasjonar mellom den norske eliten og jarledømmet i første halvdel av 1100-talet, og at dette er ein dimensjon ved den politiske maktkampen som er verdt å løfte fram.

Mot slutten av 1140-talet endra grunnlaget seg for samkongedømmet mellom Haraldssønene. Kongane Inge og Sigurd var i ferd med å nå vaksen alder, og dette medførte at dei etablerte seg nettverk kvar for seg, og at stormennene i sterkare grad opplevde at makta vart polarisert. I denne situasjonen må det ha vore svært viktig å sikre seg støtte frå sentrale politiske aktørar. Fleire hendingar kring 1150 signaliserer ei sterkare rivalisering mellom kongssønene og eit nytt politisk landskap med nettverk i opposisjon til ein anna. Det første teiknet til dette er at kong Inge og stormennene på Støle tok initiativ til å fornye alliansen med det orknøyske jarledømmet i 1149.⁵⁹¹ Os viser til eit møte som kom i stand på initiativ frå Ogmund og Erling på Støle. Dei bad

⁵⁹⁰ Orkneyinga saga hevdar ved eitt høve at Harald vart fostra hos Ragnvald, og ved eit anna at det var Torbjørn Klerk som var Harald sin fosterfar og som rådde for styringa for den unge jarlen. Thomson meiner den korrekte tolkinga må vere at Ragnvald adopterte Harald *som arving*, medan det var Torbjørn som tok hand om jarlen sine verksemder (Thomson 2001: 115, n. 6).

⁵⁹¹ Eg følgjer her Johnsen si datering, jf. Johnsen 1945: Excurs II. Hovudelementa i Johnsen si datering er at møtet mellom kong Inge og orknøyjarlane fann stad i 1149, Ragnvald jarl og Erling Skakke reiste frå Noreg i 1151 og vidare frå Orknøyane sommaren 1152, kong Øystein kom til Orknøyane seinsommaren eller hausten 1152.

innstendig kong Inge om å sende ein venskapleg invitasjon til Ragnvald orknøyjarl om å komme til Noreg til kong Inge:

de sa, som sant var, at jarlen hadde vært en god venn av Inges far, og de ville at Inge skulle bli så gode venner med jarlen som mulig så at jarlen var større venn av ham enn av brødrene hans, hva som ellers kunne komme til å skje. Jarlen var en frende av de to Ormsønnene og en god venn av dem.⁵⁹²

Ragnvald jarl var ikkje vanskeleg å be, og budde seg straks til å reise. Han bad den 19 år gamle Harald Maddadsson jarl om å følge han til Noreg. Begge jarlane vart godt mottekne hos kong Inge i Bergen og vart verande der i fleire månader. Sagaforfattaren legg ikkje mykje skjul på kva som var motivet for dette tiltaket. Ormsønene på Støle ville sikre seg at dei – og kong Inge – framleis hadde Ragnvald jarl si støtte. Korleis den unge Harald jarl stod i denne saka er meir uvisst. Vi kan tenke oss at Øystein Haraldssons relasjon til Vesterhavsoyene vart sett på som ein potensiell risiko for Inge og Sigurds krets. Jarlane sitt besøk på Vestlandet kan dermed like godt ha handla om å komme Øystein Haraldsson i forkjøpet, og sikre seg støtte frå Harald jarl. Vi veit ikkje kva som vart det konkrete resultatet av opphaldet, men møtet må ha vore så vellukka at både Ragnvald jarl og Inge sine folk i Noreg kjende seg trygge på å overlata meir av ansvaret i jarldømmet til den unge Harald jarl. Opphaldet i Bergen resulterte nemleg også i at Ragnvald jarl og Erling Ormsson la planar for ei felles krossferd til det heilage landet. Dette medførte at Ragnvald vart fråverande frå jarledømmet i lengre tid, og overlet styringa til den unge jarlen.

I 1152,⁵⁹³ medan Ragnvald jarl var på krossferd og Harald jarl sat åleine i øyriket, føretok kong Øystein Haraldsson ein ekspedisjon vestover. Kong Øystein overfall den unge Harald jarl i havna Torså, på kysten av Caitness, nord på det skotske fastlandet.⁵⁹⁴ Harald vart tvungen til å kjøpe seg fri med tre (eller sju⁵⁹⁵) merker gull, og «han gav riket sitt i hendene på kong Øystein, for heretter å halde det av han. Så vart jarlen kong Øystein sin mann, og batt dette med eid.»⁵⁹⁶ Deretter gjennomførte Øystein Haraldsson

⁵⁹² Os: 214. Sitert etter omsetjing i Os-Ho: 138. For slektskapsforholdet mellom Ragnvald jarl og Ormsønene, sjå note 445 i denne avhandlinga.

⁵⁹³ For datering sjå note 591.

⁵⁹⁴ Os: 262-3; Msk: 443. Thurso, Caithness.

⁵⁹⁵ Msk: 443.

⁵⁹⁶ Mi omsetjing Os:263: «hann gaf riki sitt i hendr Eysteini konungi, sva at hann skyldi af honum hallda iafnan siþan. Gerpiz iarl þa maþr Eysteins konungs ok batt þat svardaugum.» Thomson hevdar at dette er eit klart

ei regelrett plyndringsferd mot austkysten av Skottland og Nord-England. Mellom stadane som vart plyndra var Aberdeen, Hartlepool og Whitby.

Det låg sannsynlegvis både økonomiske og politiske motiv bak herjinga i Skottland og Nord-England.⁵⁹⁷ Ovanfor såg vi at den påståtte koplinga mellom kong Øystein og stormannen Sumarlide ikkje gir grunnlag for å sjå innlemminga av Øystein i Haraldsonene sitt samkongedømme som eit uttrykk for rivaliseringa mellom hovdingane i vesterhavsrrika. Når det gjeld hendingane i byrjinga av 1150-åra er kjeldene minst like usikre. Knut Arstad hevdar at «angrepene i Skottland kan ha vært en reaksjon på kong Davids nære forbindelser med Harald Gilles banemann Sigurd Slembe, samt en støtte til Øysteins måger av Somerleds ætt, som nå utfordret skottekongenes herredømme.»⁵⁹⁸ Når det gjeld det første, at Øystein sine herjingar skal ha vore ein reaksjon på venskapen mellom skottekongen David og Sigurd Slembe, er det vanskeleg å sjå kva dette skulle tene til på dette tidspunktet. I 1142 kunne vi kanskje tenkje oss at ei slik handling skulle tene til å understreke blodsbanda og plikta til hemn for far sin Harald Gille, men det ser ikkje ut til at det nokon sinne var sett spørjeteikn ved legitimiteten til Øystein sitt krav på kongsnamn, og det er ingenting i kjeldene som tyder på at det skulle ha vore aktuelt i 1150-åra, femten år etter at faren var død.

Når det gjeld den andre påstanden, at Øystein si ferd kan lesast som støtte til Sumarlide si ætt, må vi ta fleire atterhald. For det første, som allereie nemnt ovanfor, er koplinga mellom Øystein og Sumerlide uviss. Den baserer seg på eit yngre sagn knytt til klanen MacDonalds. For det andre utgjorde ikkje Sumerlide eit trugsmål mot den skotske kongemakta før i 1153, då kong David I var død og den mindreårige Malcolm IV kom til makta. På dette tidspunktet hadde Øystein allereie returnert til Noreg. Kjeldene gir altså ikkje grunnlag for anna enn spekulasjonar, og i så måte bør det vel også nemnast kva Orkneyingasaga *faktisk* oppgir som Øystein sitt motiv: folk meinte at

døme på lensunderkastelse etter føydal modell, og relaterer dette til avgifta som kongen over Man og Sudrøyene måtte betale til den norske kongemakta ved tronskifte. Slik også Os-Ho: 167. Ho omset «af honum hallda» med «skulle han ha øyene som *len* fra kongen.» Min kursiv. Beuermann 2002: 60 er skeptisk til dette. Han tolkar dette som ei eingongsutbetaling, men likevel med politiske undertonar: betalinga av løysepengar symboliserer at Harald underkasta seg kong Øystein.

⁵⁹⁷ Beuermann 2002: 61. Sjå også Taylor 1965: 121-122; Gunnes 1986: 373.

⁵⁹⁸ Arstad 2005.

han no hadde hemna Harald Hardråde.⁵⁹⁹ Dette bør neppe tolkast bokstavig, men snarare som ein påstand om at den norske kongemakta framleis kunne gjere seg gjeldande i øyrika i vest. Patrick Topping ser heile hendinga som eit uttrykk for kor viktig øyriket var for den norske kongemakta, og at det var maktpåliggande i den interne konkurransen mellom dei norske kongsemna å sikre seg lojaliteten til dei orknøyske jarlane, og ikkje minst vise det gjennom denne typen maktdemonstrasjonar.⁶⁰⁰

Den vidare hendingsgangen i tilhøvet mellom kong Øystein og Harald jarl er faktisk det som sterkast talar imot å tolke Øystein si vesterhavsferd som ei støtte til skotkskfiendtlege aktørar. Medan Ragnvald jarl og sentrale norske stormenn var på utanlandsferd melde det seg ein tredje utfordrar til jarledømmet, Erlend Haraldsson. Erlend var son til den avlidne Harald jarl Slettmælt og såleis Harald Maddadsons syskenborn.⁶⁰¹ Då David I, konge av Skottland, døydde i 1153, ser kravet om jarlsnamn for Erlend ut til å ha vorte fremja relativt raskt overfor den nye skottekongen, Malcolm IV.⁶⁰² Malcolm var berre 11 år på dette tidspunktet så i praksis var det rådgjevarane hans som gav Erlend den støtta han trong for å utfordre Harald jarl. Harald nekta å gi frå seg makt til Erlend, og det enda med eit kompromiss der partane lova våpenkvile mot at Erlend reiste til kong Øystein i Noreg og ba om Ragnvald jarl sin halvdel av øyriket.⁶⁰³ Det gjorde han, men kong Øystein valde å gi Erlend Haralds del av jarledømmet i staden

⁵⁹⁹ Os: 263.

⁶⁰⁰ Topping 1983: 107.

⁶⁰¹ Han var son til Harald Slettmælt Håkonsson. Mor hans var Helga Moddandotter, syster til Frakokk. Os: 127; Fsk: 391-2.

⁶⁰² Eg følgjer her Os sin eigen kronologi. I Os: 263-4 står det at «Eptir þat for Eysteinn konungr austr i ríki sitt til Norges; ok var allmisiafnt rætt um ferþ hans. Haralldr iarl var i Orcneyium i ríki sínu, ok var hann vel þockaþr af flestum maunnum. (...) I þann tíma andaþiz David Skotakonungr, ok var þa tekinn til konungs Melkolmr son hans». (Os-Ho: 167: «Etter dette vendte Øystein tilbake til Norge, og det var mange meninger om denne ferden hans. Harald jarl levde i sitt rike i Orknøyene, og han var svært godt likt av de fleste. (...) På denne tiden døde David skottekonge, da ble Melkolm, hans sønn tatt til konge».) I neste avsnitt vert det sagt at då Erlend fekk høyre at Ragnvald jarl var borte, reiste han til frenden sin Malcolm skottekonge og bad om jarlsnamn og herredømme over Caithness slik hans far hadde hatt under David I, Malcolms far. Os: 264. Thomson 2001: 116 og n. 16, hevdar at forfattaren her må ha teke feil og at det skal vere David I og ikkje Malcolm IV som gav Harald jarlsnamn. Eg kan ikkje sjå at det er grunn til å tru at forfattaren har teke feil av desse to. Han nemner begge kongane med rett namn og er dessutan informert om at Malcolm berre var eit barn då han tok over trona. Rett nok hevdar han at Malcolm var son til David, medan det rette er at han var soneson, men det er likevel heilt tydeleg at forfattarens set Erlend sitt krav på jarledømmet i samband med tronskiftet i Skottland. Frå anna hald veit vi at David I døydde 24.5.1153. For ei detaljert drøfting av kronologien i *Orkneyinga saga*, sjå Johnsen 1945: Excurs II, 387 ff.

⁶⁰³ Os: 265-6.

for Ragnvalds del. Då Erlend returnerte til Orknøyane med brev frå kong Øystein, vart Harald jarl tvinga til å gi frå seg sin del av jarledømmet. Han hadde spela høgt og tapt.

I dette spelet stod to alliansesystem mot ein annan. Harald jarl vart tydeleg hardt pressa til å gi frå seg Ragnvald jarl sin del av øyriket til Erlend. Det kunne han ikkje gjere utan at han var sikker på at han hadde kong Øystein si støtte i ryggen, ettersom Ragnvald jarl var ventande heim frå jorsalferda og kunne rekne med god hjelp av kong Inge og andre i Noreg til å vinne att sin posisjon. Når så kong Øystein valde å slå handa av Harald jarl tyder det på at Øystein ikkje hadde forpliktingar til Sumarlíde eller andre om støtte til utfordrarar til den skotske kongemakta, snarare tvert i mot. Øystein si vesterhavsfærd var ein reaksjon på at kong Inge tok initiativ til å styrkje bandet ikkje berre til Ragnvald jarl, men også den unge Harald jarl, i 1149.⁶⁰⁴ Med Ragnvald og dei dyktigaste rådgjevarane til kong Inge på krossfærd, nytta Øystein høvet til å tvinge Harald jarl over på si side. Då utfordraren Erlend jarl sette fram krav om jarletittel sette dette Øystein i ein vanskeleg situasjon. Han kunne gjere som jarlane føreslo og gi Erlend den delen av riket som Ragnvald jarl hadde. Det ville i så fall ikkje bli teke godt i mot av kong Inge. Eventuelt kunne han nekte Erlend jarlsnamn, og risikere innblanding frå skottekongen. I denne situasjonen ofra Øystein sin svorne jarl av di han var den svakaste av dei rivalierende jarlane.⁶⁰⁵

At dette skjedde parallelt med opprettinga av den nye kyrkjeprovinsen er ikkje uvesentleg. Øysteins framferd viser at han ikkje på noko tidspunkt ønskte å utfordre kong Inge eller kong Malcolm. Ved opprettinga av erkebispesetet opptrådte kongane samla, og vi må tru at ei så viktig hending la ekstra press på kongane og stormennene deira til å trå med varsemd.⁶⁰⁶ Mykje tyder på at arbeidet med å etablere ein sjølvstendig norsk kyrkjeprovins var godt i gang ved inngangen til 1150-talet, og at dette var eit tiltak som kongsemna og lendmennene stilte seg samla bak.⁶⁰⁷

Orknøyjarlane var ikkje dei einaste politiske leiarane i øyrika vest i havet som hadde kontakt med Haraldssønene i denne tida. Kong Olav Bitling, konge av Man og

⁶⁰⁴ Slik også Beuermann 2002: 60.

⁶⁰⁵ Topping 1983: 108-109.

⁶⁰⁶ Sjå også Johnsen 1945: 35.

⁶⁰⁷ Johnsen 1955: 27-28, 32-33; Gunnes 1996: 60-61.

Sudrøyene, sende son sin, Gudrød, til Noreg i 1152. Der skal han ha blitt godt tatt i mot av kong Inge, og det vart avtalt at han skulle ha øyriket i len av kong Inge.⁶⁰⁸ Venteleg var det også på dette tidspunktet det vart bestemt at kongen av Man skulle yte ei lensavgift (tributum) på 10 mark ved kvart tronskifte i Noreg, slik det går fram av *Robert de Torignis* krønike.⁶⁰⁹

Formålet med reisa kan ha vore fleire. Kanskje var Gudrød i Noreg for å sikre seg Haraldssonenes støtte i den kampen om kongemakta i øyriket som var ventande etter Gudrøds aldrande fars død.⁶¹⁰ I følgje *Mankrønika* skal Gudrød ha returnert frå Noreg med fem skip, og det kan ha vore ei gåve frå Haraldssonene i Noreg.⁶¹¹ Ei anna forklaring på Gudrøds reise til Noreg er eit ønskje om å innlemme Man og Suderøyane i den nye kyrkjeprovinsen under Nidaros. Ian Beuermann, som har undersøkt Gudrøds reise, og den politiske situasjonen i regionen, i detalj, argumenterer for at det som utløyste avgjersla om å sende Gudrød til Noreg, var trusselen frå det nyleg oppretta erkebispetet i Dublin:

Lack of any other 'foreign' protectors (England and Scotland) and highly unstable regional politics repeatedly but not exclusively involving Dublin form the background of Olaf's [Gudrøds far] problems [...] the official elevation of Dublin into an archbishopric at the synod of Kells-Mellifont is proposed as the likely trigger for Godred's journey to Norway in 1152/53.⁶¹²

Bispedømmet Sodor vart oppretta ved same høve og godkjent av pave Anastasius IV i 1154. Ved å legge det nye bispetet inn under Nidaros kan Gudrød, og den engelskfødde legaten, ha sett dette som ein buffer mot ekspanderande irske krefter. Det kan i såfall forklare kvifor det var kong Inge som tok i mot Gudrøds hyllest og ikkje kong Øystein. For dersom det er riktig at Øysteins mor var av Somerleds slekt skulle ein vel kunne vente at Gudrød søkte støtte der, hos sin svogers slektningar?⁶¹³ For det første veit vi lite om tilhøvet mellom Somerled og svogeren Gudrød. Nokre få år seinare utfordra Somerled sin svoger og tok frå han herredømmet over den sørlege delen av øyriket. Når denne rivaliseringa starta veit vi ikkje, men forholdet mellom dei to treng

⁶⁰⁸ CRMI: fól. 36r. For ein diskusjon kva dette lenstilhøvet i realiteten innebar, sjå Johnsen 1966 og Crawford 2015: 230-232.

⁶⁰⁹ Johnsen 1966: 3-25.

⁶¹⁰ Power 2015: 54.

⁶¹¹ CRMI: fól. 36v.

⁶¹² Beuermann 2002: 242

⁶¹³ Power 2015: 37

ikkje ha vore særleg varmt på byrjinga av 1150-talet. Og sjølv om Øystein skulle vore kopla til Sumarlíde, hadde han også irsk blod i årene, på faren si side. Dersom Gudrød var ute etter hjelp mot irsk press, var neppe Øystein den rette å spørje. For det andre er det lite sannsynleg at kong Øystein var i landet då Gudrød kom vestfrå. Som vi såg tidlegare, sigla Øystein til Orknøyane i 1152.⁶¹⁴ For det tredje, dersom det var planane for den nye kyrkjeprovinson som lokka kongen av Suderøyane og Man til Noreg, har nok dei viktigaste personane å få i tale vore å finne i det høggeistlege miljøet, og desse var særleg knytt til kong Inges krins.

Det som synest styrande for Haraldssønenes politiske relasjonar vestover til Orknøyane og Suderøyane, var tilhøvet mellom brørne heime. Både Inge og Øystein sine strategiar andsynes orknøyjarlane kan best skildrast som ei posisjonering og mobilisering av ressursar i påvente av framtidig nytte. Det er vanskeleg å sjå noko fast mønster. Situasjonen på Vesterhavsoyene kompliserer biletet ytterlegare. Opprettinga av erkebispesetet i Dublin i 1151, kong David I av Skottlands død i 1152 og Olav Bitlings død, konge over Man og Suderøyane, året etter, destabiliserte regionen og skapte politisk uro.⁶¹⁵ Dette opna for innblanding frå andre, meir perifere interesser i regionen, som norske kongar og stormenn.

Lendmannsstyret vart oppløyst

Samkongedømmet mellom kong Øystein, Inge og Sigurd vart oppløyst ein gong i første halvdel av 1150-talet. Sagaforfattarane gir eit rimeleg tydeleg bilete av korleis det gjekk føre seg. Vendepunktet kom då fosterfedrane og rådgivarane til brørne ikkje var der lenger:

det gikk bra mellom brødrene, mens de [rådgivarane] rådde for landet. Men etter at Gudrød, Åmunde, Tjostolv, Ottar Birting, som hadde fått Ingerid, kong Inges mor, Ogmund Svifte og Ogmund Dreng, son av Kyrpinge-Orm, var døde, da delte Inge og Sigurd hirden sin.⁶¹⁶

Men når skjedde dette? Munch reknar med at lendmannsgrupperinga kring Haraldssønene slo sprekkar omkring 1146. Mange har akseptert denne tidfestinga, men

⁶¹⁴ Sjå note 591 på side 140.

⁶¹⁵ McDonald 2015: 68-74.

⁶¹⁶ Fsk: 351-2. Her omsett i Fsk-Ei: 369. Sjå også Ágrip: 102; Msk: 445; Hkr: 585.

det er meir sannsynleg at dette skjedde seinare, i første halvdel av 1150-talet. Fsk hevdar nemleg at «straks etter» Haraldssønene skilde lag vart Gregorius Dagsson ein av Inges sine mest trufaste allierte, og at dette var «i den tida» kardinalen Nicolaus kom til Noreg.⁶¹⁷ Den første hendinga er knytt til tåtten om Geirstein og sønene hans, der Gregorius kom på kant med kong Sigurd og etterpå vart ein aktiv støtte for kong Inge.⁶¹⁸ Til og med Munch har valt å plassere den til midten av 1150-talet, då det for første gong kom til væpna konflikt mellom Haraldssønene.⁶¹⁹ Den andre hendinga kan vi sikrare datere til tidsrommet 1152 – 1153, då kardinal Nicolaus Brekespear vitja Noreg som pavens legat i samband med opprettinga av den norske kyrkjeprovinsen. Samla tyder dette på at delinga av Haraldssønene si hird bør leggjast til første halvdel av 1150-talet. På dette tidspunktet hadde dessutan både Sigurd og Inge nådd myndig alder og kunne utnemne sine eigne hird- og lendmenn. Slik sett kan brotet forklarast dels på bakgrunn av eit generasjonsskifte i krinsen av lendmenn som held oppe samarbeidet om styringa, og dels av di kongssønene var blitt vaksne skulle etablere sine eigne politiske nettverk. Føresetnadane for samarbeid innan samkongedømmet hadde med andre ord endra seg.

Kongsemna sine leiareigenskapar, og evne til å etablere og halde ved like nettverk, har vore viktig for i kva grad dei lukkast i konkurransen om å etablere sine eigne nettverk. I framstillinga av dei tre Haraldssønene gir personskildringane forklaringskraft til spørsmålet om i kva grad dei lukkast å etablere nettverk. Øystein, den eldste av brørne, var høg og sterk, frittalande og djuptenkt, men også svikefull, eigennyttig og gniten. Sigurd var stor og sterk, modig og djerv, men også vyrddlaus, villstyren og vrang. Inge var lys, med vene andletstrekk, men var plaga av ein skada rygg, som mellom anna gjorde han halt. Inge skal også ha vore blid, vennleg og gåvmild, og ein som gjerne tok råd frå hovdingane.⁶²⁰ Desse karakteristikkane stør opp om eit narrativ basert på tilsynelatande lausrivne anekdotiske hendingar som til saman fortel korleis den uvørne Sigurd skapte splid mellom brørne, og la seg ut med mektige stormenn som av den grunn flokkar seg kring Inge. Øystein var gniten og ville ikkje løne mennene sine skikkeleg. Slikt straffar seg, og ein etter ein søkte Øysteins menn seg

⁶¹⁷ Fsk: 351-352.

⁶¹⁸ 'Geirsteinståtten', referert i Msk: 448 og Ágrip: 102.

⁶¹⁹ Munch 1941-43 (1855-59) bd. VI: 259.

⁶²⁰ Ágrip: 103; Msk: 445; Hkr: 586.

over til Inge. Den moralske budskapet handlar om nettverksbygging: den som ønskjer å utvide si makt må kunne samarbeide, lytte til erfarne råd og vere villig til å betale for lojalitet. Dette gav brørne ulikt utgangspunkt då dei nådde vaksen alder og skulle etablere sine eigne nettverk i første halvdel av 1150-talet.

Sigurd Haraldsson Munn

Kong Sigurd Haraldsson vart som kjent fostra hos Såda-Gyrd Bårdsson i Trøndelag. Fostring av born var ein viktig langtidsinvestering av sosial kapital, og kunne potensielt få stor betydning for dei involverte partane. Vi ser mellom anna at Filippus Gyrdsson, kong Sigurds fosterbror, var ein av dei som følgde kong Sigurd,⁶²¹ samt Jon Kada, som var gift med ei av døtrene til Såda-Gyrd. Denne Jon var truleg av god slekt, men er elles ukjent.⁶²² Vi veit også lite om hålogalendingen Villhjaln Skinnare og Jon Smyril, som begge følgde Sigurd i barneåra.⁶²³ Då Sigurd tok eiga hird får vi nokre fleire namn: ein ukjent mann med namnet Sigurd Øysteinsson Travale, vestlendingen Einar Lakse-Pålsson, vikkværingen Tord Husfrøya, og Hallvard Gunnarsson.⁶²⁴ Av desse er det berre Einar vi kan plassere i det sosio-politiske landskapet. Han sat med garden Herdla, nord på Askøy, utanfor Bergen, som både før og sidan var kongeleg krongods.⁶²⁵ Det er grunn til å tru at Einar også var lendmann, eller i det minste hadde hatt ein sentral posisjon i lendmannstyret for Haraldssonene sidan 1130-åra.⁶²⁶ Det er altså ikkje mange namn vi kan knyte eksplisitt til kong Sigurd. Dette skuldast ikkje minst dei sparsomme

⁶²¹ Filippus Gyrdsson opptretr faktisk ikkje i før i 1156, etter at kong Sigurd var fallen, i Øystein Haraldsson sitt følgje. Det er likevel grunn til å tru at han har vore i Sigurd sin flokk til denne døydde, og deretter valt å fortsette kampen mot Inge som Øystein sin mann. Jf. Msk: 460; Fsk: 355; 358-9; Hkr: 591.

⁶²² Bror til Jon Kada, Ivar Skrauthanke, vart seinare biskop i Nidaros. Jon ser også ut til å ha halde seg i Trøndelag eller Møre-traktene (jf. msk: 428, 434; fsk: 351; Hkr: 576, 578).

⁶²³ Vilhjaln Skinnare vert omtala som ein av Sigurd sine lendmenn på Hålogalandskysten, nærare bestemt Vik i Sømna. Han vart drepen av Sigurd Slembe i 1138. Jon Smyril vert nemnt i samband med at han og Jon Kada vart sendt av kong Inge og fosterfaren Gyrd (Msk: 428) eller kong Sigurd og fosterfaren Såda-Gyrd (Hkr: 576) for å stoppe herjingane til Sigurd Slembe og Magnus Blinde. Dei kom heim att med uforretta sak.

⁶²⁴ Sigurd skal ha vore son til Øystein Travale. Han vert nemnt som kong Sigurd sin hirdmann i Bergen i 1155. Tord Husfrøya var Sigurd sin hirdmann. Også hann fall i slaget i Bergen i 1155, Msk: 457; Fsk: 353; Hkr: 592. Eg har ikkje teke med den islandske skalden Einar Skulesson (jf. Msk: 446) og Sigurd Gunnarsson, nemnt i Msk: 456. Sistnemnde tolkar eg som ei feilskriving av Sigurd Øysteinsson, jf. Fsk: 353 og Hkr: 391.

⁶²⁵ Msk: 428, 457; Fsk: 350, 353; Hkr: 576, 591.

⁶²⁶ I 1139 gjorde Sigurd Slembe åtak på Einar sin gard på Herdla i Hordaland, slakta buskapen hans og var nær ved å ta sonen hans også, Msk: 429; Fsk: 350; Hkr: 576. Einar fall saman med kong Øystein i Bergen i 1155, Msk: 457; Fsk: 353; Hkr: 591.

opplysningane vi har om fredstida mellom 1139 og 1150, samt at Sigurd sjølv døyde i 1155.

Vi ser også at sjølv om Sigurd vart fostra og vaks opp i Trøndelag, omga han seg med med stormenn frå alle landsdelar i vaksen alder. Sverres sagas påstand om at trønderane hadde vore trufaste vener av kong Sigurd Munn,⁶²⁷ og Andreas Holmsen si tilslutning til denne påstanden⁶²⁸ må altså takast med varsemd. Som vi skal sjå seinare, hadde Sverre personleg interesse av å framheve sin eigen relasjon til akkurat denne landsdelen, gjerne gjennom fleire slektsledd.

Som nemnt ovanfor blir Sigurd karakterisert som vyrdlaus, stri og temperamentsfull. Kardinal Nikolaus Brekespear var misnøgd med både Øystein eller Sigurd, og dei måtte forlike seg med kyrkja. Kva dette innebar er uvisst, men sagaene eksemplifiserer Sigurds arroganse og maktbruk gjennom fleire uavhengige anekdotiske episodar som set Sigurd i eit dårleg lys. Mellom anna skal Sigurd sine mor-brødre ha drepe og torturert ein prest som dei meinte hadde skada syster deira sitt rykte. Denne systra kan ha vore kong Sigurd si mor. Presten overlevde gjennom mirakuløs inngripnad frå Olav den heilage, og det er lett å tenke seg at kardinalen ville forlange oppreisning til kyrkja for ein slik udåd, om Sigurd var innblanda.⁶²⁹ Sigurd skal også ha teke livet av ein anna prest som var i kong Øystein si teneste.⁶³⁰ Ágrip og Msk fortel dessutan om Gyda, som kom på kant med Geirstein og sønene hans. Gyda var i slekt med lendmannen Gregorius Dagsson. Geirsteinn og kong Sigurd stod på god fot. Dottera til Geirstein var Sigurd si frille. Det som starta som uvennskap mellom to naboar vaks såleis til eit oppgjer mellom kong Sigurd og Gregorius Dagsson som kravde fleire menneskeliv. Sigurd brukte makt medan Gregorius brukte kløkt, og det enda med at Gregorius fekk både «ære og vyrdnad. Etter dette storverket søkjer Gregorius seg til kong Inge og gjeng i hans teneste», fortel Ágrip.⁶³¹ Biletet som blir teikna av den unge kong Sigurd meir enn antydgar at han ikkje hadde særleg vyrdnad verken for den katolske kyrkja sine tilsette eller mektige lendmenn.

⁶²⁷ Ss.: 52.

⁶²⁸ Sjå til dømes Bull 1920: 26 ff.

⁶²⁹ Hkr: 587-589.

⁶³⁰ Jon Tapard, son til Bjarne Sigurdsson. Msk: 455; Fsk: 352; Hkr: 590.


⁶³¹ Ágrip: 102-112. Sjå også Msk: 448-451.

Sigurds aggressive utfall kuliminerte i 1155 då dei tre kongane møttest i Bergen. Sigurds menn drap først ein av Gregorius' huskarar og deretter ein av kong Inges menn. Gregorius gjekk då i spissen for eit åtak på Sigurd og hærstyrken hans, som endte med at kong Sigurd, og fleire menn på begge sider miste livet. Kong Inge og kong Øystein klarte å etablere eit skjørt forlik før dei skildest i Bergen, men Øystein hadde teke med seg Sigurds unge son, Håkon, og signaliserte såleis at Sigurds venner og følgesmenn var velkomne der hos han.

Inge Haraldsson

Vi kjenner namnet på om lag 20 personar som på ulike måtar var kopla til kong Inge frå byrjinga av 1150-talet til 1161, sjå Figur 15:

Figur 15: Inge Haraldssons nettverk



Det er særskilt tre trekk ved grupperinga av stormenn som er verdt å merke seg. For det første tok kong Inge frå 1156 i mot eit monaleg tilsig av personar som hadde kjempa på kong Øystein si side, men som no valde å skifte side. For det andre er Inges nettverk påfallande prega av mange slekt- og ekteskapsband, og for det tredje ser vi tydelegare hos kong Inge enn hos brørne hans to sterke maktsentra omframt kongen sjølv.

Kong Øystein miste mange menn til kong Inge det siste året av si levetid, tilsynelatande av di han ikkje var særskilt gåvmild.⁶³² Vi kjenner namnet på 5 slike stormenn som valde å skifte side, og alle kom frå etablerte stormannsslekter: Simon og Jon Hallkjellssøner frå Blindheim, var begge søner av Hallkjell Huk, som var ein av dei som støtta opp om Harald Gilles krav på kongsnamn på 1120-talet.⁶³³ Dei var dessutan i slekt med Erling Skakke, og dette kan ha verka inn på kor dei plasserte sin lojalitet. Aslak Jonsson, Halldor Brynjolvsson og Bård Standhale valde også å gå over til Inge. Dei to siste, truleg brør,⁶³⁴ kom frå Vetteland i Ranrike, og bror deira er nemnd mellom dei som for til Skottland for å hente Øystein Haraldsson til Noreg omlag 15 år tidlegare. Det er altså menn frå slekter heilt i toppskiktet av eliten, som hadde markert seg på den politiske arenaen i fleire tiår. Det er også verdt å merke seg at dette er menn med kopling til Vesterhavsoyene. Dei som hadde fremja Øystein som norsk kongsemne valde altså å gi opp denne strategien då det viste seg at utbyttet vart lite og risikoen høg.

Fleire av desse som skifte side i andre halvdel av 1150-talet inngjekk også ekteskap med kvinnelege slektningar av kong Inge eller andre i hans næraste krins. Kong Inge gifte bort sine halvsysrter, Maria og Margret til omsynsvis Simon og Jon Hallkjellssøner frå Blindheim,⁶³⁵ og Gregorius Dagssons syster vart gift med Halldor Brynjolvsson.⁶³⁶ I tillegg vart dotter til Gregorius, Gyrid, gift med Inges fosterbror, Gyrd Åmundesson⁶³⁷ og Gudbrand Skavhoggson vart gift med Maria, dotter til kong Øystein den eldre, og Inges søskenbarn.⁶³⁸ Dette er døme på korleis ekteskapspolitikk vart nytta til å rekruttere nye støttespelarar, i dette tilfellet hos opposisjonen. Når sagaforfattarane hevdar at Inge «lokka» menn frå Øystein, er det ikkje usannsynleg at det var innbringande ekteskap med kvinnelege kongsfrendar det vart lokka med.⁶³⁹ Nettverket viser også korleis ekteskap vart nytta til å konsolidere ei gruppering kring eit kongsemne i ei tid der dei politiske forholda var ustabile. I Inges nettverk ser vi at fleire av dei

⁶³² Ágrip: 102; Msk: 471; Hkr: 586 og 594.

⁶³³ Sjø s. 99.

⁶³⁴ Tjersland 1937: 136-137.

⁶³⁵ Hkr 586, sjå også 618.

⁶³⁶ Fsk: 391; Hkr: 606. Munch 1941-43 (1855-59) bd. 6: 300 finn det også rimeleg at ekteskapet mellom Halldor og Sigrid Dagsdotter vart inngått i samband med at Halldor vart Inge sin mann.

⁶³⁷ Hkr: 598 og 607. Munch daterer dette ekteskapet til 1155 (Munch 1941-43 (1855-59) bd. 6: 230).

⁶³⁸ Msk: 354; Fsk: 390; Hkr: 541, 610.

⁶³⁹ Msk: 460: «Þngi konvngv spanþi mioc lip vndan E. konvngi». Slik også Fsk: 356 og Hkr: 593.

mannlege ekteskapskandidatane samstundes var frendar av Erling eller Gregorius, og truleg bidrog dette til å styrke deira posisjon i nettverket.

Ekteskap mellom stormannsslekter og medlemmer av kongsslekta var ikkje uvanleg. Ekteskap var ein avtale mellom slekter som innebar utveksling av både sosial og økonomisk kapital. Økonomisk innebar det ofte inntekter frå jordegods gjennom kvinnene si medgift. Sosialt innebar det utsikter til auka makt og prestisje på sikt. Særskilt bør vi være merksame på at mågskapsbanda som ekteskapa etablerte vart slektskapsband i neste generasjon. Det betyr i praksis at borna desse ekteskapa resulterte i vart legitime arvingar til både gods og eventuelle arvelege sosiale posisjonar. Så sjølv om ekteskapa kom i stand som politiske verkemiddel for å trygge alliansar i ein bestemt situasjon, er det i denne typen relasjonar innebygd eit viktig langtidsperspektiv. Ekteskapa kunne gjere nettverk meir stabile over tid, dersom ein var i stand til å hindre at eventuelle nye avkom med kongsblood i årene gjorde krav på makt for eigen del. Inge, som sjølv var ektefødd kongsson, kunne ta ein slik risiko.⁶⁴⁰ Situasjonen etter kong Inges død i 1161 vart ein heilt anna. Då hadde fleire av ekteskapa som vart inngått i 1150-åra resultert i barn med kongeleg blod i årene, og slektningar som kunne krevje kongehylling. I valet mellom ein av desse kongesætlingane var det ikkje tilfeldig at det var Erling Ormsson Skakkes son, Magnus, som vart teken til konge. I realiteten handla dette valet om kven som i størst grad kunne setje makt bak kravet, og på dette tidspunktet var Erling Skakke den suverent sterkaste hovdingen i Inges nettverk. Dette var ein posisjon han hadde tilkjempa seg mellom anna i konkurranse med Gregorius Dagsson.

På slutten av 1150-talet framstår Erling Skakke og Gregorius Dagsson som to sterke kraftsenter i Inges nettverk. For Erlings del var ein av milepælane i karriæren ekteskapet han inngjekk med Kristin, dotter til Sigurd Jorsalfare. Skal vi tru Msk bidrog både dette ekteskapet og jorsalferda til at folk syntest han var «ein mykje større mann enn før».⁶⁴¹ Ekteskapet kan ha kome i stand før avgjersla om å legge ut på langferd vart tatt. Vi ser nemleg at den gamle alliansen mellom lendmannsslekta på Støle, jarleætta på Orknøyane og kong Harald Gilles ætt fekk ny kraft på slutten av 1140-talet, og

⁶⁴⁰ Td. var Gregorius, Simon Skalp, Halldor Brynjolvsson og Åmunde Gyrdsson hærførarar under eit møte med kong Håkon og mennene hans i Konghelle i 1158. (Hkr)

⁶⁴¹ Msk: 441.Hkr: 582. Her i omsetjinga frå Msk-FI: 328.

ekteskapet mellom Erling og Kristin kan vere eit uttrykk for nettopp dette.⁶⁴² Som vi såg ovanfor, kom det, på initiativ frå Støle, i stand eit møte mellom jarlane på Orknøyane og kong Inge om lag 1149.⁶⁴³ Omframnt styrkinga av bandet mellom jarledømmet og kong Inge resulterte dette møtet i eit konkret samarbeidstiltak i form av ei felles norsk-orknøysk krossferd til Jerusalem. Ekspedisjonen vart leia av Ragnvald jarl og Erling Skakke.⁶⁴⁴ Med på turen følgde fleire stormenn med tilknytning til Ragnvald og Erling, mellom anna den orknøyske biskopen Vilhjaln og tre norske stormenn med orknøysk tilknytning; Aslak Erlendsson, Jon Petersson og Eindride Unge.⁶⁴⁵ Flåten skal ha talt 15 skip, dvs. kring 2000 mann.⁶⁴⁶ I løpet av ferda herja dei i Spania der dei sloss mot maurarar, og heldt eit stort sjøslag i Middelhavet. Der tileigna dei seg «svært mykje gods og mange verdfulle eignelutar», og «ferda deira vart mykje rosa» då dei kom heim att.⁶⁴⁷

Målet for ekspedisjonen var det heilage landet og keisarbyen Miklagard, men det kan vere liten tvil om at den militære aktiviteten undervegs var eit mål i seg sjølv. Gjennom slike ferder kunne stormenn få høve til å vise sine militære dugleikar, vinne seg eit namn og skaffe seg materielle ressursar. Såleis er det lite som skil denne typen

⁶⁴² Vi veit ikkje sikkert når dette ekteskapet vart inngått. Munch hevda i si tid at det måtta ha skjedd etter at Erling kom att frå jorsalferda, altså ca. 1155 (Munch 1941-43 (1855-59) bd. 6: 224 n. 3, 231 n. 3 og 259), og Koht heldt på dette i NBL (Koht 1938). Paasche peika på at Erling vert omtala som kongsmåg i eit skaldevers som handlar om krossferda, og meiner ekteskapet må ha kome i stand før utferda. Johnsen gir sin tilslutnad til dette resonnementet (Johnsen 1945: 122), og også Helle åpnar for ei slik tolking i artikkelen om Erling Skakke i Norsk biografisk leksikon 1999-2005 (Helle 2000).

⁶⁴³ Sjå ovanfor s. 160.

⁶⁴⁴ Heimskringla og Morkinskinna framstiller denne ferda som i utgangspunktet initiert av Erling Skakke og Eindride Unge (Hkr: 582; Msk: 441.). Orkneyingasaga, som gir eit meir fullstendig bilete av førebuingane til ferda, framhevar naturleg nok Ragnvald jarl som leiaren for ekspedisjonen, men legg også stor vekt på Erling sin innsats, særskilt hans militær-strategiske eigenskapar (Os: 214 ff.).

⁶⁴⁵ Orkneyinga saga listar desse som skipsførarar: Ragnvald jarl, biskop Vilhjaln, Erling Skakke, Aslak Erlendsson, Eindride Unge, Guttorm Mjølukoll, Magnus Håvardsson og Stein Roaldsson. Både Aslak Erlendsson og Eindride Unge var norske stormenn som deltok i dei politiske hendingane i Noreg i 1150- og 1160-åra. Begge har fått sentrale roller i Orkneyinga saga, og fleire har av den grunn meint at desse hadde orkøysk blod i årene. Eindride kan i så fall ha vore Ragnvald jarls syskenbarn, Eindride Isaksson, son til Ragnhild si tante, Cecilie, som også hadde vorte gift med ein norsk stormann med namn Isak, (Os: 89; og særskilt 135 n. 3, Koll Isaksson som opptrer i Sverressaga ser ut til å ha vore soneson til Kol, son av Isak som her er nemnt). Guttorm Mjølukoll vert i Orkneyinga saga sagt å vere frå «Halllandi», og i ei av avskriftene frå 1600-talet har dette blitt lest som «Halogeland» (Os: 216). Det kan difor tenkjast at det dreier seg om Guttorm Austmannason som var gift med Ingrid, dotter til Guttorm på Rein og Eldrid, som var dotter til Hallkjell Huk (Fsk: 388, sjå elles O. Rygh si plassering av 'Mjølva' til Bjarkøy eller Helgelandskysten Rygh 1897 17: 31-32. Storm har føreslått at 'Hallland' skal vere Hålandsdalen i Hordaland. Her fins det derimot ikkje noko gardsnamn som svarar til 'Mjølukoll', Storm 1884a: 147). Både Guttorm og Hallkjell hadde som kjent vore sentrale i det politiske netverket kring Harald Gille og under samkongedømmet til sønene hans. Magnus Håvardsson og Stein Roaldsson ser primært ut til å ha tilhørt Ragnvald sitt eige følgje frå Orknøyane (jf. Os: 224).

⁶⁴⁶ Munch 1941-43 (1855-59) VI: 251.

⁶⁴⁷ Msk: 441. Hkr: 582. Her i omsetjinga frå Msk-Fl: 328.

hærferder frå dei tidlegare vikingferdene på 800- og 900-talet. Ressursane som vart vunne på slike ferder vart omsette i den politiske konkurransen i heimlandet. Samstundes medførte ei slik ferd som Erling hadde gjennomført alltid ein viss kostnad. Å vere fråverande i så lang tid innebar ein viss risiko for at andre aktørar fekk større armslag. Vi bør merke oss at det nettopp er i Erling sitt fråvær at Gregorius Dagsson ser ut til å ha etablert ein framskoten posisjon hos kong Inge.

Som vi ser av Figur 15, var fleire av Inges menn i slekt med Gregorius Dagsson eller knytt til han gjennom mågskap. Saman med Erling Skakke var han eit sentralt knutepunkt i nettverket, og hans samband til fleire av landets mest sentrale lendmannsætter, til døme Giske, Vetteland og Austrått, var eit mektig potensiale for maktutøving.⁶⁴⁸ Gregorius Dagsson var mest truleg lendmann under Haraldssonenes samkongedømme, men trår først fram på den politiske arenaen i første halvdel av 1150-talet, då han valde å støtte Inge etter konflikten med Sigurd, som nemnt ovanfor.⁶⁴⁹ Frå det tidspunktet etablerte han seg raskt som «leiar for landstyriminga saman med Inge», hevdar Hkr, og han fekk disponere ressursane slik han ville.⁶⁵⁰ Narve Bjørge har framstilt Gregorius Dagsson som «den dominerande militære og politiske leiaren i krinsen kring kong Inge», og «ei landsomfattande aristokratisk samling (...) synes å ha vore hans overordna politiske mål.»⁶⁵¹

Mot slutten av 1150-talet er det tydeleg at grupperinga kring Inge var prega av ei viss rivalisering mellom dei to sentrale aktørane Erling Skakke og Gregorius Dagsson. Øystein Haraldsson vart felt i 1159, og Sigurds 10 år gamle son, Håkon (med tilnamnet Herdebrei) vart teken til konge.⁶⁵² I førekant av eit slaget mot Håkon Herdebrei ved Göta älv, rådførte kong Inge seg med både Gregorius og Erling, men dei var usamde om strategien.⁶⁵³ Inge valde å inngå eit kompromiss: han etterkom Gregorius sitt ønskje om

⁶⁴⁸ Bjørge 2001a.

⁶⁴⁹ Sjå s. 18 i denne avhandlninga.

⁶⁵⁰ Hkr: 585. «gerðisk hann forstjóri fyrir landráðum með Inga konungi, en konungr veitti honum at taka af sinni eign slikt er hann vildi.»

⁶⁵¹ Bjørge 2001a.

⁶⁵² Håkon var såleis fødd kring 1147. Sigurd kan då ikkje ha vore stort meir enn 15 år då Håkon vart fødd. Mor til Håkon skal ha vore Tora, ei tenestejente hos ein rik bonde i Viken, jf. Msk: 442; Hkr: 583. Sjå også Brathetland 2001a.

⁶⁵³ Hkr: 599. Gregorius ville helst angripe med det same, medan Erling var heller lunken til planane hans. Gregorius skulda då Erling for å vere imot planane hans, først og fremst av di det var han som hadde føreslått dei.

angripe raskt, men med Erling sitt forslag til taktikk. Planane lukkast og slaget enda med siger for kong Inge. Same haust og vinter førte mindre hemnaksjonar til at fleire stormenn miste livet på begge sider. Samstundes døydde Håkon Herdebreis fosterbror, Andres Simonsson, i Trondheim, og Erling, som på dette tidspunktet oppheld seg i Bergen, vurderte å nytte høvet til å angripe Håkon. Dette vart det ingenting av, og Gregorius, som var i Viken med kong Inge, skulda Erling for å vere feig.⁶⁵⁴ Våren 1160 måtte Inge mekle i ein konflikt mellom Gregorius og Erling, og fekk omsider i stand eit forlik.⁶⁵⁵

Tilhøvet mellom dei to fremste av kong Inge sine hærførarar var tvillaust svært spent på byrjinga av 1160-talet.⁶⁵⁶ Trass i dette har Narve Bjørgo hevda at det politiske interessefellesskapet i Inges aristokratiske parti, drive fram og leia av Gregorius, var så sterkt at det kunne tole slike indre stridigheiter. At Gregorius menn flokka seg til Erling straks fyrstnemnde fall, er for Bjørgo eit teikn på det. Knut Helle har vore skeptisk, og hevda at den interne rivaliseringa svekka kong Inge i kampen mot Håkon Herdebrei.⁶⁵⁷ Kjeldene synest å stø opp om det siste. Inge hadde også tidlegare valt å dele hærstyrken for vere budd mot åtak frå fleire hald, og såleis kunne den indre tevlinga avhjelpast gjennom organisatoriske tiltak. På litt sikt tydde dette derimot at Inge sitt maktgrunnlag i stor grad vart knytt til relativt autonome hærførarar som heldt grupperinga saman gjennom sine eigne nettverk. Inges parti var med andre ord sårbart både med omsyn til konflikt internt og med omsyn til personskifte. Det siste vart merkbart allereie våren 1161, då Gregorius fall i eit slag mot kong Håkon.⁶⁵⁸ Då skjedde det motsette av det Bjørgo hevdar. Dei heldt ikkje saman under Erlings leiarskap. Snarare førte Gregorius fall til fullstendig kollaps i rekkene. Inge greidde ikkje å halde grupperinga saman lenger, og då dei vel ein månad seinare møtte Håkon og mennene hans på ny, gjekk somme av hærfolka hans over til Håkon Herdebrei, medan andre flykta, og fylkinga til Inge vart etter kvart sprengd i små flokkar. Inge sjølv miste livet i slaget.⁶⁵⁹ Det kan

⁶⁵⁴ Hkr: 605.

⁶⁵⁵ Hkr: 605-606.

⁶⁵⁶ Sjå også Bjørgo 2001.

⁶⁵⁷ Helle 1995: 32-33.

⁶⁵⁸ Gregorius fall ved Bevja, dvs. Bäveån i Bohuslän, 7. januar 1161 (Hkr: 607).

⁶⁵⁹ Hkr: 610. Kong Inge fall i Oslo, 4. februar 1161. Jon Sveinsson var ein av dei som gjekk over til Håkon, og det ser også ut til at Gudrød Olavsson hadde planar om det.

såleis synast som at det ikkje berre var motstanden frå Håkon som var avgjerande for Inge sitt nederlag. I realiteten var Inge si gruppering sett saman av to rivaliserande subnettverk sentrert kring Erling og Gregorius.

Opprørsflokkar – ei fastare partideling?

Grupperinga kring Håkon Herdebrei viser eit klart samband med dei tidlegare grupperingane kring Sigurd og Øystein Haraldssøner. Snorre fortel mellom anna at Håkon var teken til konge «over den flokken som før hadde følgd kong Øystein».⁶⁶⁰ Msk gir dessutan inntrykk av at Håkon hadde vore med i kong Øysteins hird medan faren framleis var i live.⁶⁶¹ Ansvarlege for å gi den unge Håkon kongsnamn skal ha vore Sigurd Hallvardsson frå Røyr, fosterbrørne Andres og Ånund, samt «mange andre hovdingar og vener til Sigurd og Øystein.»⁶⁶² Fsk nemner Filippus Gyrðsson og Eindride Jonsson,⁶⁶³ medan Orkneyinga saga framhevar Eindride Unge.⁶⁶⁴

Kjeldene gir altså uttrykk for at grupperinga som gav Håkon kongsnamn var ei avleiing frå Sigurd og Øystein Haraldssons menn. Trass i dette vert korkje Sigurd Hallvardsson⁶⁶⁵ eller Simonssønene nemnde før Håkon vart tildelt kongsnamn i 1157. Filippus Gyrðsson, fosterbror til Sigurd Haraldsson var i Øystein Haraldssons følgje i 1156,⁶⁶⁶ og truleg også hos Sigurd før den tid. Både Eindride Jonsson⁶⁶⁷ og Eindride Unge⁶⁶⁸ hadde tidlegare vore hos kong Øystein. Grappa av stormenn som stod bak Håkon skilde seg såleis lite frå det vi har sett tidlegare: ein kombinasjon av personar knytt til kongsemnet gjennom personlege band – i dette tilfellet fostring – og personar

⁶⁶⁰ Hkr: 596: «var tekinn til hofðingja yfir flokk þann, er áðr hafði fylgt Eysteini konungi».

⁶⁶¹ Sjå Msk: 458.

⁶⁶² Hkr: 596: «mart annarra hofðingja ok vina Eysteins konungs ok Sigurðar konungs».

⁶⁶³ Fsk: 358.

⁶⁶⁴ Os: 260.

⁶⁶⁵ Hallvard Hauld av Røyr, far til Sigurd, vert i Os: 260 kalla Håvard. Tjersland 1937: 125 har meint at denne Håvard Hauld er identisk med Håvard Gunnarsson, som var gift med Bergljot, dotter til Ragnhild Pálsdotter (av jarlætta på Orknøyan) og Skofte Ogmundsson på Giske. Det er i så fall interessant at vi finn ein parallell til namneparet Hallvard / Håvard også for Håvard Gunnarson sitt vedkomande. Sigurd Haraldsson skal nemleg ha hatt ein Hallvard Gunnarsson i følget sitt (Msk: 456-457; Fsk: 353; Hkr: 591). Denne Hallvard vart drepen i Bergen saman med kong Sigurd i 1155. Ei slik kopling ville i så fall høve godt med Sigurd Hallvardssons lojalitet i åra etterpå.

⁶⁶⁶ Hkr: 593.

⁶⁶⁷ Fsk: 357; Hkr: 594.

⁶⁶⁸ Os: 260. Dette er den same Eindride som var kjentmann på jorsalferda i byrjinga av 1150-åra. Sjå også fotnote 645 ovanfor.

rekrutterte frå tilhengjarane til falne kongsemne. Det politiske nettverket kring Håkon Herdebrei illustrerer den sentrale rolla som vi også tidlegare har sett at fostringsinstitusjonen kunne spele for stormenn med politiske og økonomiske ambisjonar.⁶⁶⁹

På eit område kan det likevel sjå ut som om nettverket kring Håkon Herdebrei representerte noko nytt i striden mellom kongsemna. I motsetnad til tidlegare praksis vart ikkje Håkon formelt teken til konge av ei tingforsamling med det same. Håkon skal ha fått kongsnamn av dei omtala stormennene etter at kong Øystein var fallen i 1157, men først vinteren 1158-59 vart han hylla på Øyratinget i Trøndelag og tilkjent sin del av farsarven av tingforsamlinga. Dette har fått fleire til å hevde at med Håkon Herdebrei ser vi tendensar til eit nytt mønster, ei fastare organisering av dei stridande grupperingane. Frå og med Håkon Herdebrei ser dei enkelte kongsemna ut til å vore av underordna betydning for samansetjinga av dei stridande grupperingane. Det var flokken som valde kongsemne, ikkje omvendt.⁶⁷⁰

Mot dette kan ein innvende at også tidlegare må stormennene hatt stor innverknad på kongehyllingane i denne perioden. Vi har sett at då Magnus Blinde og Harald Gille vart tekne til kongar på lokale ting i omsynsvis Oslo og Tønsberg, hadde stormannsgrupperingar vesentleg innverknad på resultatet. Kjernen i nettverket til Harald tok seinare, under leiing av enkedronninga, initiativet til at sønene til Harald vart hylla på tingforsamlingar i Viken og i Trøndelag. Då Øystein fall i 1157 hadde som nemnt Håkon Herdebrei allereie vore i hirda hans i 2 år. Situasjonane kring kongevala i 1136 og i 1157 er såleis ikkje så ulike som vi kan få inntrykk av. Både Haraldssønene og Håkon Herdebrei var så unge då dei vart tekne til kongar at vi vanskeleg kan tillegge dei noko sjølvstendig initiativ.

Forskjellen synest dermed ikkje å handle så mykje om kven som tok initiativet til desse kongevala, som kven som sanksjonerte dei. Det nye i Håkon sitt tilfelle var at *stormennene* gav han kongsnamn. Den tradisjonelle kongehyllinga i ei tingforsamling kom først inn på eit seinare tidspunkt. Dette kan tyde på at tyngdepunktet ved kongevala

⁶⁶⁹ Jf. den sentrale rolla fosterfedre som Vidkun Jonsson, Såda-Gyrd Bårdsson og Åmunde Gyrdsson hadde spela tidlegare, sjå 128 ff.

⁶⁷⁰ Bull 1931b: 190; Helle 1974: 55; Bagge 1999a: 304; Bagge 2015: 100.

vart flytta frå bøndene på tinget til stormannsgrupperingane.⁶⁷¹ Samstundes viser det faktum at Håkon vart hylla på Øyrettinget at tingforsamlinga framleis spela ei legitimerande rolle i høve kongevala. Som nemnt var det fleire i Håkon Herdebrei sitt følge som tidlegare hadde tent Sigurd og Øystein Haraldssøner. Både Sigurd og Øystein vart tekne til kongar i Trøndelag, slik som Håkon Herdebrei og kongsemnet dei tok etter han, Sigurd Markusfostre, vart. At Håkon ikkje formelt vart kongehylla før det hadde gått nærare to år kan såleis skuldast at den beste plassen å få dette til på var i Trøndelag, der fleire av tilhengjarane til Håkon høyrde heime, og dit var det vanskeleg å kome seg med det første. I 1157 ser det ut til at Håkon var avskoren frå å kome til Trøndelag ettersom Inge ambulerte mellom Viken og Trøndelag.⁶⁷² Til Vestlandet kunne Håkon vanskeleg kome seg utan skip. Først på vårparten i 1159 greidde Håkon og mennene hans å kome seg nordafjells. Kong Inge hadde då kome sørover «med ein stor hær» for å hjelpe Gregorius i Konghelle. Det var venteleg færre av Inge sine menn i Trondheim på dette tidspunktet. At det tok to år før Håkon formelt vart teken til konge på Øyrettinget, kan såleis også ha ei praktisk forklaring.

Kongevaldet i 1159 viser også ei ny haldning til samkongedømmet. I motsetning til i 1130 då Harald Gille utfordra Magnus Blinde, i 1136 då Haraldssønene overtok etter far sin og i 1142 då Øystein kom til landet, vart det ikkje denne gongen freista å etablere eit samkongedømme. Det ser rett nok ut til at Håkon hadde samkongedømmet i tankane då han bad Øyrettinget om kongehylling,⁶⁷³ men dette vart tydelegvis ikkje respektert av kong Inge og hans menn. Ingenting tyder på at dei to partane på noko tidspunkt møttest for å bli samde om ei deling, eller at det gjekk ordsendingar mellom dei for å leggje til rette for eit møte. Inge sin krins hadde tydelegvis ingen intensjonar om å dele makta denne gongen, og viste dette med å lyse Håkon og mennene hans fredlause.⁶⁷⁴

Saman med fråveret av kongehylling på tinga signaliserer dette ei skarpare partideling i konflikten enn tidlegare. Partane stod lengre frå einannan, og det vart ikkje

⁶⁷¹ Helle 1974: 55.

⁶⁷² Etter at Håkon vart teken til konge over flokken, tok dei vegen inn i Götaland, truleg for å samle folk og forråd. Gregorius Dagsson etablerte seg i Konghelle for å halde utkikk etter Håkons folk derifrå, medan Inge ambulerte mellom Viken og Trøndelag (Hkr: 596).

⁶⁷³ Hkr: 596 og 601. Håkon skal berre ha kravd styringa over ein tredjedel av riket, som arv etter far sin, og tinget dømte han retten til dette. Tingvedtaket er ikkje nemnt i andre kjelder.

⁶⁷⁴ Hkr: 596-597.

lenger gjort freistnader på å få i stand levedyktige kompromiss. Men dette skuldast ikkje primært at Håkon sitt maktgrunnlag var eit anna, eller at vi ser eit skifte i måten stormennene var knytt til kongsemna på. Lendmennene og stormennene spela ei aktiv rolle i heile denne første fasen av innbyrdesstridane, og berre i nokre få år på 1150-talet har vi å gjere med vaksne kongsemne som utviste sjølvstendig handlekraft. Slik sett representerer ikkje Håkon sin flokk noko skifte i partidanninga i innbyrdesstridane, men det vart tydelegvis vanskelegare og vanskelegare å inngå kompromiss. Ei deling av kongemakta var ikkje lenger eit alternativ. Dei neste 15 åra avløyste den eine flokken den andre i kampen mot Erling Skakke og sonen Magnus.

Håkon Herdebrei vart drepen 1162, og resten av flokken hans, med Sigurd Hallvardsson jarl i spissen, fann vegen til Markus på Skog, ein stormann på Ringsaker. Markus var ein frende av Sigurd jarl og fosterfar for den unge Sigurd, son til den avlidne kong Sigurd Munn.⁶⁷⁵ Sigurd Markusfostre var berre eit barn, og Sigurd Hallvardsson jarl held fram som den reelle leiaren deira. Ånund Simonsson, Håkon Herdebreis fosterbror, heldt også fram kampen under jarlen sin kommando, og sameleis Frirek Køna, Bård Guttormsson av Reins svoger, og ein vel akta mann i Trøndelag.⁶⁷⁶ Vi finn også Blindheimsætta representert ved Jon Hallkjellsson hos Sigurd Markusfostre.⁶⁷⁷ Omframt jarlen, synest Sigurd sine støttespelarar å kome frå Nord-Vestlandet og Trøndelag.

Sigurd Markusfostre vart felt etter eit knapt år og flokken vart oppløyst. Likevel reiste det seg nye opprørsflokkar mot Erling Skakke og kong Magnus i åra som følgde. I 1167 samla Olav Gudbrandsson, dotterson til kong Øystein Magnusson, ein flokk på Oppland. Omframt fosterfar hans, Sigurd Agnhatt, kjenner vi ingen andre som deltok i denne flokken.⁶⁷⁸ Men nokre år seinare, i 1176, klarte Øystein Møyla, son til Øystein Haraldsson, å samle folk kring seg til ein hærstyrke som utgjorde eit reelt trugsmål mot

⁶⁷⁵ Fsk: 362-364; Hkr: 621, 625-627. Sjå også Brathetland 2004a

⁶⁷⁶ Hkr: 626-627.

⁶⁷⁷ Hkr: 626.

⁶⁷⁸ Fsk: 373-375, 390; Hkr: 634-635.

kong Magnus. Med seg hadde han ei gruppe stormenn frå Trøndelag som neppe var lendmenn, men truleg kom frå velstående bonde- eller stormannsslekter.⁶⁷⁹

Geografisk er det samanfall mellom dei ulike flokkane som utfordra kong Magnus. Dei henta støtte frå eliten og øvre lag av bondesamfunnet i Trøndelag og indre områder av Austlandet, og nettverksrelasjonane viser kontinuitet frå Sigurd og Øystein Haraldssøner til flokkane som reiste seg på 1160- og 1170-talet. Tidsrommet er prega av ei tydlegare konfliktline, der partane over lenger tid rekrutterer tilhengjarar frå dei same krinsane. Så langt har vi avvist at dette signaliserer ein ny type samansetning av dei stridande partane. At stormenn valde seg kongsemne, og ikkje omvendt, var ikkje noko radikalt nytt, men at konfliktlinene held seg så stabile over eit så langt tidsrom varslar ein sterkare intensitet i konflikten.

«En ny tid var oppstått» skriv Orning om den politiske utviklinga på 1160-talet.⁶⁸⁰ Tiåret var ikkje berre prega av flokkar som stadig gjorde opprør mot kong Magnus, men også av eit leiarskap i kraft av Erling Skakke som skapte tydlegare frontar mellom partane. Samstundes ser vi eit tydlegare geistleg nærvær etter kvart som erkebiskopen etablerte seg som ein sterk maktfaktor på det politiske planet. I tillegg blir tilhøvet til den danske kongemakta aktualisert gjennom kong Valdemars to militære tokt mot Viken kring midten av tiåret, Erling Skakkes lensunderordning i 1170, og ikkje minst den danske kongemaktas forhold til den tysk-romerske keisarmakta. Kva slags rolle spela desse hendingane for den interne striden om kongemakta i Noreg?

Øystein Erlendsson

Sverres saga opplyser at Øystein Erlendsson var Inges kapellan og fehirde, men det er først under kong Magnus at Øystein trår fram som ein politisk skikkelse. Øystein var son til Erlend Himalde frå Rossvold i Trøndelag. Hkr kan fortelje at Øystein vart godt omtykt av heile folket. «Han var ein dugande mann og av stor ætt» blir det sagt. «Trønderane tok vel i mot han, for dei fleste stormennene i Trøndelag var bundne i

⁶⁷⁹ Fem personar er nemnde i flokken til Øystein Møyla: Jon, Sigurd og Jon (Kjetling) Gudrunssøner frå Saltnes (Fsk: 378; Hkr: 639), Torfinn Svarte og sonen Helge, frå Snåsa (Fsk: 378; Hkr: 639- 640). Sjå også Lunden 1987: 51; Arstad 1994: 33 ff.; Brathetland 2005.

⁶⁸⁰ Orning 2014: 214.

frendskap eller svogerskap til erkebiskpen, og alle var heilt ut venene hans.»⁶⁸¹ Fsk er endå meir konkret og legg til at erkebiskopen også var rik på gods, og at alt dette gjorde at han hadde mektige folk i ryggen, frender og vener, som støtta erkebiskopen slik at han fekk gjennomført det han hadde sett seg fore.⁶⁸² Det er såleis all grunn til å framheve Øystein Erlendssons rolle som stormann med verdslige interesser og lojalitetsband, ved sida av rolla som kyrkjias overhovud.⁶⁸³

Men kven var desse frendane og venene som støtta erkebiskopen? Her har vi få klare svar, men vi kan følgje slekta hans attende til dei mektigaste stormannslektene med opphav i Arnungætta. Frå Arnungætta på Sunnmøre på slutten av 900-talet spreidde etterkomarane seg gjennom ekteskap til andre kjende ætter på Giske, Bjarkøy og Sola. Øyeteins farfars far var Ulv Uspaksson som hadde vore Harald Hardrådes nære ven og sentrale støttespelar i Trøndelag. Ein annan etterkomar av Ulv Uspaksson var Peter Sauda-Ulvsson, som hadde bore den unge kong Sigurd Haraldsson på Øyratinget under konungstekja i 1136.⁶⁸⁴ Øyeteins familieband strekkjer seg inn i den øvste eliten i landet og plasserer han mellom lendmenn og stormenn med stor politisk gjennomslagskraft. Ut over 1180-talet nemner Sverres saga fleire slektningar av erkebiskopen som kjempa på kong Magnus Erlingsson si side, til dømes Jon av Randaberg, Gudrand Torbergsson og Olav lange.⁶⁸⁵ Lendmannsætta på Ornes i Sogn deltok også aktivt på Magnus si side, og desse var også truleg i slekt med erkebiskopen.⁶⁸⁶ Det gir eit samla inntrykk av at Øystein Erlendsson brukte sitt nettverk av slekt og vener aktivt i sitt politiske virke, både for å få gjennomslag for eigne interesser, men også for å skape rom for nye generasjonars ambisjonar.⁶⁸⁷

⁶⁸¹ Mi omsetjing av Hkr: 625: «tóku Þrændir vel við honum, þviat flest stórmenni í Þrændalögum var bundit í frændsemi eða í nøkkurum tengðum við erkibyskup, en allir fullkomnir í vináttu».

⁶⁸² Fsk: 366.

⁶⁸³ Bagge 2003a: 71.

⁶⁸⁴ Sjå s. 135.

⁶⁸⁵ Jon var sannsynlegvis son til Torberg Erlendsson, og dermed brorson til erkebiskop Øystein. Jon og Gudbrand Torbergsson var i så fall brør, sjå Hkr: 634; Ss: 42-46. Olav Lange blir nemnt som Øystein Erlendsson sin slektning, utan at slektskapsrelasjonen blir avklart, Ss: 101.

⁶⁸⁶ Gaut av Ornes sine søner, Jon og Munan, vert nemnde hos kong Magnus første gongen i 1181 (Ss:69). Gaut ser ikkje ut til å ha vore aktiv på dette tidspunktet, men Storm listar han likevel som lendmann ved same høve (Storm 1884a: 153). Det har vore vanleg å knyte denne slekta til Ænes i Kvinnherad, men Magerøy 1988: 125-130 har vist at dette må vere ei feiltolking av Ornes i Sogn, ettersom dei fleste av avskiftene har variantar som ligg nærare Ornes enn Ænes. Dette synspunktet har seinare fått støtte frå Ugulen 2004.

⁶⁸⁷ Boye 2011: 20-24.

Øystein Erlendssons ideologiske reise starta med studier, truleg i utlandet. Vi veit ikkje kor Øystein fekk si utdanning, men lærestader i det tysk-romerske riket, England eller Frankrike er aktuelle.⁶⁸⁸ Utdanning av geistlege vart ei prioritert oppgåve for det reformerte pavedømmet, og nettopp midten av 1150-talet ser ut til å ha vore gjennombrøtet for studiereiser utanlands frå dei nordiske landa.⁶⁸⁹ I denne perioden ser vi at det er regelmessig kontakt mellom lærestader i Frankrike som vart oppfatta som spydspissar i den gregorianske reformasjon, og geistlege institusjonar i Noreg og Danmark. St. Victor-klosteret i Paris var eit slikt intellektuelt sentrum for den reformerte pavekyrkja, og både den norske Øystein Erlendsson og den danske erkebiskopen Eskil Christiernsøn hadde nære relasjonar dit. Det fanst såleis eit reformert intellektuelt miljø og religiøse institusjonar som ikkje berre fronta det gregorianske reformprogrammet, men også sørga for vern av sine tilhengarar som hadde behov for det. Slik kan den danske erkebiskop Eskil, som måtte flykte i eksil, ha vore i St. Victor samstundes med erkebiskop Øystein kring 1160. Alt tyder på at dei begge var del av det same nettverket av reformerte geislege med tilknytning til ei rekkje sentrale utdanningsinstitusjonar i hovudsak i Frankrike og England,⁶⁹⁰ og Geir Atle Ermland har dessutan vist korleis sambandet til Danmark truleg har medverka til utveksling av idear og formular som vi kan finne att i til dømes privilegiebrevet for Stavanger bispedømme.⁶⁹¹ Erkebiskop Øysteins nettverk strekte seg utover frå mektige slektningar og vener i Trøndelag til Nord-Europas verdslige og geistlege elite. Erkebiskopen, som tok opp sitt nye embete som øvste leiar for den norske kyrkjeprovinen hausten 1160, kunne potensielt skape vanskar for kongemakta, slik erfaringa var frå Danmark og det tysk-romerske riktet, eller han kunne bli ein mektig alliert for ei samarbeidsvillig kongemakt.

⁶⁸⁸ Gunnes 1996: 30. Vi har ingen positive belegg for at Øystein tok utdanning i utlandet, men latinkunnskapen hans, kjennskapen klassiske litterære verk og hans generelle kunnskap om europeiske forhold gjer dette svært sannsynleg. Sjå også Dybdahl 2009b.

⁶⁸⁹ Bagge 1984: 2-3.

⁶⁹⁰ Erkebiskop Øystein vart mellom anna nemnd som «vår ærverdige broder» av Thomas Becket i eit brev til biskopen av Meaux i 1168, som på dette tidspunktet oppheld seg hos pave Alexander III. RN: 126; DN 19: 46.

⁶⁹¹ Ermland 2012: 68-71.

Erling Skakkes kamp mot indre og ytre fiender⁶⁹²

Overskrifta er henta frá Knut Helles skildring av situasjonen Erling Skakke og kong Magnus stod overfor i 1160- og 1170-ára. Den siktur også til ei akseptert oppfatning av at Erling skydde få midlar, og viste ei uforsonlege haldning mot sine motstandarar og potensielle utfordrarar, og at dette bidrog til å auke konfliktnivået. I følge Sverre Bagge er vi her i kjernen av problemet: Erling Skakkes personlege eigenskapar: «sterk maktvilje, kombinert med klokskap, hardhet og hensynsløshet, som kommer til uttrykk i hans utryddelse av alle potensielle kongsemner, enten de hadde krevd tronen eller ikke» bidrog til å styrke Magnus og Erlings posisjon og forsterke partiskilja.⁶⁹³ Korleis gjekk Erling fram for å sikre kongedømmet for sonen Magnus og styrke det politiske nettverket rundt kongen?

Snorres framstilling av kongevalet der den falne Inges tilhengarar valde å ta Erlings 5 år gamle son Magnus til konge og Erling til reell riksstyrar er interessant. Det har blitt hevda, ikkje berre av Snorre men også av historikarar i ettertid, at Magnus vart vald av di det ikkje fanst kandidatar med sterkare arverett enn han, trass han berre var ektefødd son av ei kongsdotter.⁶⁹⁴ Situasjonen har nok i realiteten ha vore mykje meir spent. Magnus sitt maktgrunnlag var svakare enn Snorre gir uttrykk for, og det fanst fleire kandidatar med sterkare rett til kongsnamnet enn Magnus. Desse vart systematisk rydda av vegen av Erling dei neste ára, på måtar som forferda samtida.

Heimskringla fortel at på inkluderande vis fekk aktuelle kongsfrendar tilbod om kongevyrndad og leiarskap for flokken, men ingen ville ta på seg ansvaret. Noko motviljug gjekk Erling då med på å la son sin kongehylle og seg sjølv utnemne til leiar, mot at alle lovde full truskap mot Erling:

Erling sa: ”Om meg kan jeg si det at jeg mener det nesten ville være visse døden for meg å tjene Hákon. Og enda jeg synes at dette vi nå har avtalt, er færlig nok, så vil jeg heller våge meg til å la dere rå slik at jeg påtar meg å styre flokken, men dersom dere alle sammen mener det og ønsker det, og dere alle vil binde det med ed”. Alle sa ja til det, og på dette møtet ble det vedtatt at de skulle ta Magnus Erlingsson til konge.⁶⁹⁵

⁶⁹² Helle 1974: 69.

⁶⁹³ Bagge 2015: 102-103. Sjå også Bagge 1986: 167-168 og Bagge 1999a: 312-315.

⁶⁹⁴ Sjå til dômes Helle 2003.

⁶⁹⁵ Hkr: 615: «Erlingr mælti: »þat er frá mér at segja, at næst þykki mér þat bana mínum at þjóna Hákon, ok þótt mér þykki þetta it háskasamligsta, þá vil ek heldr til þess hættu, at láta yðr fyrir sjá, ok mun ek taka við forráðum floksins, ef þat er allra yðarra ráð ok fýsi ok vilið ér allir binda þetta með swardögum«. Allir játtu því, ok var á þeirri stefnu þat ráðið, at þeir skyldu Magnús Erlingsson til konungs taka». Hkr-Hö: 329-330.

Nikolas Simonsson var ein av kandidatane som var aktuell. Han var ektefødd son til Simon Skalp av Blindheimsætta og Maria, dotter til kong Harald Gille, og stilte såleis likt med Magnus arvemessig. Nikolas var på dette tidspunktet berre eit barn, og det vart foreslått at hans farbror og fosterfar, Jon Hallkjellsson, skulle leie partiet, men dette ville ikkje Jon, i følge Heimskringla. At dette berre er eit litterært spel for galleriet, viser det faktum at Erling «henta» guten, sannsynlegvis med makt, kort tid etter, og tok livet av han.⁶⁹⁶

Nikolas Skjaldvorsson vart også nemnd som ein mogeleg kandidat. Mor hans, Skjaldvor, var sammødra halvsystem til Magnus Berrføtt. Nikolas var på dette tidspunktet ein middelaldrande, godt etablert lendmann og hadde ein sentral posisjon hos kong Inge, og ser mellom anna ut til å ha hatt ansvaret for landevernet av Vestlandet.⁶⁹⁷ Det er ikkje vanskeleg å sjå for seg at Nikolas kan ha vore ein sterk utfordrar til Magnus, men formelt var maktgrunnlaget svakare ettersom han ikkje kunne føre slektskap i direkte line til ein tidlegare norsk konge, verken på kvinne- eller mannsida. Dette gjeld for så vidt også for sønene til Arne kongsmåg, som også vart nemnde som kandidatar, men i dette tilfellet har det nok styrka Arnessønenes kandidatur at mor deira var tidlegare norsk dronning og sonedotter av den svenske kong Inge Stenkilsson.

Omframt desse som Snorre eksplisitt nemner som aktuelle kongsemne etter Inge, kjenner vi fleire andre kandidatar som Snorre av ukjende grunnar ikkje nemner. Den mest openberre er Orm Ivarsson kongsbror, Inges halvbror og son til enkedronning Ingerid og ein ukjend mann med namn Ivar Sneis. På byrjinga av 1160-talet ser han ut til å ha hatt ein framskoten posisjon blant Inges menn. Han skulle også vise seg å bli svært sentral hærførar under kong Magnus og Erling Skakke, men likevel blir han ikkje nemnt av Snorre. Dette er endå merkelegare ettersom at hans mindreårige halvbror stod på lista over kandidatar.

Det fanst ein uektefødd kongsson med kongeleg blod i årene på både far- og morsida. Kristin Sigurdsdotter, fekk ein son, Harald, med Sigurd Munn ein gong før 1157. Han var dermed kong Magnus sammødra bror. Erling henta også denne guten til

⁶⁹⁶ Hkr: 618-620.

⁶⁹⁷ Arstad 2009. Når gjeld alderen til Nikolas må vi gå ut frå at han ikkje kan ha vore fødd særleg mykje seinare enn 1120. Mor hans, Skjaldvor, blir nemnt som gift allereie i 1113 (Sigurd Ranessons prosess), jf. Msk: 365.

seg, og han var ei tid hos Erling og Magnus på Vestlandet. Dei to unggutane må ha vore nokså like i alder, og Fsk, som er meir sentimental enn Hkr på dette punktet, uttrykkjer at kong Magnus vart glad i halvbroren sin, og hirdmennene hans tykte også godt om Harald. Dei bad Erling sjå i nåde til kongsemnet. Dette meinte Erling var uklokt, og var uroa for at Harald ville bli for populær. Han let guten halshogge på Nordnes.⁶⁹⁸ Fsk uttrykker at dette vart Erling sterkt lasta for etterpå.⁶⁹⁹

Inge Haraldsson skal også hatt ein son, Harald. Han dukkar først opp som ein av Magnus sine fremste hovdingar i 1184, der han fall i slaget i Norefjorden saman med kong Magnus.⁷⁰⁰ Merkeleg nok vert heller ikkje denne kongssonen nemnt ved konungstekja i 1161, trass i at han stilte sterkare enn Magnus når det gjaldt arv. Det vart heller ikkje gitt uttrykk for tvil omkring Haralds byrd. Det mest nærliggande er å tru at Harald sitt opphav var akseptert og kjent, men at han, av omstende vi ikkje kjenner til, ikkje utgjorde noko trugsmål mot Erling og kong Magnus, verken i 1161 eller seinare.

Snorres påstand om at det ikkje fanst andre kandidatar til kongevalet er altså sterkt overdrive. Dei fanst, og fleire av dei hadde eit sterkare formelt arvekrav enn Magnus med utgangspunkt i sedvanen. Men det som skil dei kandidatane Snorre har valt å innkludere, kontra dei han har sett vekk frå, er at alle som blir nemnt i Heimskringlas skildring av Magnus kongehylling var ektefødde. Då Snorre skreiv Heimskringla på 1230-talet var spørsmålet om legitimitet brennaktuelt, og Håkon Håkonsson vart den siste konge fødd utanfor ekteskap i Noreg. Han valde sjølv å gå forbi sin førstefødde, uekte son, til fordel for den ektefødde Håkon unge etter 1246. At dette var eit prinsipp som var meir styrande for Snorre 70 år seinare enn for stormennene på 1160-talet, viser det faktum at Erling gjekk systematisk kamp mot all tenkeleg opposisjon. Drapa på Nikolas Simonsson og Harald Sigurdsson, begge legitime kongssøner etter sedvanen, illustrerer tydeleg at dei utgjorde ein potensiell risiko for Erling. Fagerskinna meir enn antydar at Erlings brutale framferd skapte harme, medan Heimskringla glattar over.⁷⁰¹

⁶⁹⁸ Fsk: 375; Hkr: 636; Ss: 79.

⁶⁹⁹ Fsk: 375.

⁷⁰⁰ Ss: 109, 122, 125.

⁷⁰¹ Fsk: 375; Snorre nemner drapa, men kommenterer ikkje noko utover det, Hkr: 586, 618, 620, 636. Sverres saga er sjølv sagt kritisk til Erling og hevdar Harald Sigurdsson vart «hengt opp som ei kråke» på Nordnes, Ss: 79.

Erling førte ei liknande hard line andsynes stormennene. 1160-talet er prega av ei rekkje feidar mellom stormenn som gir striden i denne tida ein visst personleg karakter. Retten til privat hemn eller kompensasjon for skade og tapt ære blandar seg inn i partistriden. Dette ser vi alt i 1157. Då Sigurd var fallen, vart det freista å kome til semje mellom kong Inge og kong Øystein. Øystein og Filippus Gyrdsson hadde sett fyr på garden til Gregorius Dagsson og teke livet av buskapen. Dei hadde også sett fyr på nokre staselege naust i Nidaros som kong Øystein den eldre hadde fått bygd. Dette kravde Inge oppreising for. Øystein på si side kravde at Inge skulle kvitte seg med dei av mennene sine som hadde drepe kong Sigurd. Dei vart samde om at Filippus Gyrdsson og kong Sigurd sine drapsmenn skulle lysast utlæg, medan Øystein skulle betale ei bot til Gregorius for skadeverket.⁷⁰² Forliket vart likevel ikkje respektert. Partane held fram med å valde skade for einannan, og dei neste åra fann det stad ein serie med draps- og skadeverk som førte partane lenger og lenger frå einannan. I tillegg til regulære slag, ser vi no at stormenn opererte i mindre flokkar og gjekk til angrep på andre stormenn heime på gardane sine. Det er også tydeleg at dette vart rekna som private hemnoppgjjer. At kongen gav grid eller freista få partar til å akseptere eit forlik, vart ikkje nødvendigvis akseptert.⁷⁰³

Denne typen hemnaksjonar kunne lett sette seg i lokalmiljøa, ettersom frendar hadde plikt og rett til å hemne eller søke oppreising i form av skadebøter.⁷⁰⁴ Trønderane hadde mykje å laste Erling for, fortel sagaene, og listar opp trøndarar som miste livet i møte med Erling. To av dei var Eindride Jonsson og Frirek Køna, stormenn av mektige ætter i Trøndelag, som vart tatt av dage på brutalt vis.⁷⁰⁵ Erling tok livet av Frirek ved å binde han til ankeret på eit skip og kaste han over bord, og mange av mennene hans vart også drepne. Hendinga gjorde så stort inntrykk at det vart laga eit skaldekvad om drapet på Frirek, som Hkr har skriftfesta, og som Fsk også truleg kjenner til. Begge forfattaren

⁷⁰² Hkr-Hø: 593.

⁷⁰³ Sagaene gir fleire dømme på dette. Mellom anna miste Inge både fosterbror sin Gyrd Ámundesson og ein stormann med namn Håvard Klining. Drapsmannen til sistnemnde skal ha vore ein høgakta, venesæl, trønderisk stormann med namn Eindride Jonsson. Då Eindride seinare søkte grid hos kong Inge, ville kongen gi han det, men son til Håvard Klining hogg han ned før han kom så langt. Døme på usemje om grid: Msk: 376, 461; Fsk: 357-358; Hkr: 594, 600, 604-605; Bøgl-81a: 283, 288.

⁷⁰⁴ Helle 2001: 87-88.

⁷⁰⁵ Begge hadde vore i flokken til Håkon Herdebrei. Frirek Køna var gift med Ragnhild Guttormsdotter av Rein, ei av dei mektigaste ættene nordafjells.

nyttar desse drapa som direkte årsak til at ei gruppe stormenn i Trøndelag søkte løyneleg samarbeid med den danske kongemakta kort tid etter (1165).⁷⁰⁶ Samansverginga vart oppdaga, og Erling drap fleire av dei som hadde stått bak og straffa andre med konfiskasjonar og bøter.⁷⁰⁷

Hans Jacob Orning har, i ein kritikk av Bagge, vore skeptisk til å leggje for mykje vekt på Erling Skakkes uforsonlege haldning til sine motstandarar i vurderinga av kva som fekk stidane til å eskalere kring 1160-talet. Han stiller spørsmål ved om ei forklaring på individnivå er tilfredstillande for å beskrive ei strukturell endring. Nettverksperspektivet gir ei litt anna tilnærming til denne problematikken. Det er liten tvil om at Erlings framferd signaliserte ei meir kompromisslaus line i konflikten. Det kan diskuterast om det skuldast Erlings personlegdomstrekk, men det medførte strukturelle konsekvensar i eit samfunn der blodhemn framleis var legitim konflikthandtering, og dei sosiale nettverka var viktige kanalar for å mobiliserer krav om hemn og oppreising. Reglar og sosiale normer knytt til privatrettlege høve må reknast som strukturelle fenomen, som i dette høvet hadde kraft til å skape sterkare skiljelinjer mellom partane og til ein viss grad også tilføre konfliktane ein geografisk dimensjon. Plikta og retten til å søke oppreising for urett fordelte seg langs dei sosiale nettverka til den forulempa, og desse var dels forankra i bestemte lokalsamfunn.

Erling nytta også lokale tingforsamlingar til å legitimere kampen mot opprørsflokkane. Kong Håkon Herdebrei vart dømt fredlaus då han freista å få sin del av kongemakta, og då flokken reiste seg på ny under Sigurd Markusfostres merke, hadde Erling samtalar med bøndene på tinga, og fekk til slutt satt gjennom at opprørsflokkane vart dømde «til fanden både levande og daude».⁷⁰⁸ Snorre var forferda over dette: «Fordi hele mengden var så oppøst at den ikke kunne styre seg, sa alle ja til det. Dette forferdelige tiltaket ble godtatt og fastslått slik som loven sa en skulle dømme på tinget.»⁷⁰⁹ Kva dette tingvedtaket eigentleg gjekk ut på er uklart, men det er nærliggjande å tenkte seg at Sigurd Markusfostre og mennene hans kollektivt vart

⁷⁰⁶ Fsk: 364, 368; Hkr: 626-627.

⁷⁰⁷ Fsk: 369-370; Hkr: 631.

⁷⁰⁸ Hkr: 622: «at dœma með lögum Sigurð jarl ok allan flokk þeira til fíandans bæði lífs ok dauða».

⁷⁰⁹ Hkr: 622: «en með ákafa lýðsins ok óstilling, þá játtu allir því; var þetta ódœma-verk gort ok fest, svá sem lög váru til at dœma á þingum.»

dømde utlægte og lyst fredlause. Erling nytta her ideologisk skyts, trugsmål om helvete, mot sine motstandarar, og gjer det til domstolane si oppgåve å «reinse riket» mot vondskap. Erling og kong Magnus ser ut til i sterkare grad enn tidlegare å skyte si sak inn under bondesamfunnet sitt behov for vern, og desse tingvedtaka kan tolkast som eit uttrykk for ein ny kurs. I 1160-åra føregjekk det også ein revisjon av lovverket, og ei særleg innskjerping av landevernslovgevinga. Dette innebar mellom anna ei kraftig auke i ubotemål. Ei tilsvarande auke ser vi i Danmark og Sverige, og dette gir grunn for å hevde at denne utviklinga er eit generelt trekk ved sentraliseringa av domsmynde til kongemakta i høg mellomalderen.⁷¹⁰ I eit slikt perspektiv byggjer kong Magnus og Erling sin bruk av tinga opp omkring førestillingar om kongen som rettsvernar, og blir ein del av eit meir omfattande arbeid med å sikre eit varig einekongedømme.

Parallelt ser vi også ei ny haldning til grid. Kampene hadde til no i hovudsak vorte utkjempa mellom hærflokkar som innretta seg etter dei normene som regulerte hærslag. Det var ikkje uvanleg at hærfolk bytte side – *sprang over* som det heiter – midt under striden, eller at stormenn frå den tapande leiren fekk tilbod om grid. Men Erling Skakke førte ei mykje hardare line mot sine motstandarar, og både Fsk og Hkr kommenterer at sjølv om Erling kunne gå med på å gi grid til sine motstandarar, ville han ikkje gi dei fritt tilhald i landet (landsvist).⁷¹¹ Dermed måtte stormennene som hadde følgd Håkon Herdebrei og Sigurd Markusfostre forlate eige domane sine, og halde seg skjult eller opphalde seg i utlandet. Dette har nok bidratt til å avskjere opprørsflokkane frå private ressursar, og innskrenke moglegheitene flokkane hadde for å livnære seg. Erik Gunnes tyr til ein sjukdomsmetafor for skildre situasjonen: «det går verk i konflikten og den blir kronisk.»⁷¹²

Kyrkjepolitikk

Den tilspissa politiske situasjonen i 1150- og 1160-talet fall saman med viktige kyrkjepolitiske hendingar, og spørsmålet om kyrkja si stilling i striden har difor vore

⁷¹⁰ Sjå td. Helle 2001: 17-18 og 99-100; Helle 1974: 186-189. Helle legg vekt på kyrkja (td. erkebiskop Øystein) som pådrivar for denne utviklinga.

⁷¹¹ Fsk: 364; Hkr: 638.

⁷¹² Gunnes 1996: 105.

sentral frå starten. Alexander Bugge hevdar at «kirkepolitikken går som en rød tråd gjennom striderne indenlands alt længe før Sverres tid.»⁷¹³ Han kan følgje denne tråden tilbake til Haraldssønene på 1140-talet, der «kirkespørsmålet og den voksende motsætningen mellem de tre samkonger [var] vevet uløselig sammen.»⁷¹⁴ Vi har tidlegare sett at etableringa av kyrkjeprovinser gjekk føre seg utan konflikt, og at den truleg vart sett som formålsteneleg for alle partar.⁷¹⁵ I den grad dei kyrkjepolitiske interessene var utslagsgjevande var det altså ikkje på dette tidspunktet dei slo inn. Vi har også sett at Magnus Erlingssons (og Erlings) maktgrunnlag var svakare enn ettertida har villa innrømme. Vi står då ovanfor ein svært labil politisk situasjon innanlands, samstundes som tilhøvet mellom pavemakta og den tysk-romerske keisarmakta forverra seg. Krisa var eit faktum då pavevalet i september 1159 resulterte i skisma.⁷¹⁶

Då pave Hadran IV døydde det året, fekk ikkje fleirtalet i kollegiet aksept for sin kandidat, Rolando av Siena (pave Alexander III), og mindretallet valde Ottaviano di Monticelli av Roma (pave Victor IV). Sistnemnde stod i høg kurs blant lokale tyske fyrstar og vart endeleg støtta av den tysk-romerske keisaren Fredrik Barbarossa etter synoden i Pavia 1160. Begge pavane appellerte om støtte frå biskopar og verdslege styresmakter omkring i Europa, og i følgje eit brev frå biskopen i Lisieux, skal pave Alexander ha fått den typen støtte frå Noreg seinhaustes 1160.⁷¹⁷ På dette tidspunktet var den nyss utnemnde erkebiskopen, Øystein Erlendsson, på reise til Roma for å ta i mot palliet, og det har blitt foreslått at den norske oppslutninga til fordel for pave Alexander vart brakt fram av Øystein, på kong Inges vegner.⁷¹⁸ Ei tilsvarande oppslutning til Alexanders motpave, Victor, skal ha blitt sendt til keisar Fredrik Barbarossa i forkant av konsilet i Lodi i juni 1161.⁷¹⁹ Ettersom det neppe er tvil om at

⁷¹³ Bugge 1969 (1916): 23.

⁷¹⁴ Bugge 1969 (1916): 19.

⁷¹⁵ Sjå s. 161 i denne avhandlinga.

⁷¹⁶ Sjå til dømes Gunnes 1996: 82-89.

⁷¹⁷ RN: 102. Sjå særskilt note 2.

⁷¹⁸ Bugge 1969 (1916): 23; Vandvik 1961: 12.

⁷¹⁹ RN: 103.

erkebiskop Øystein stilte seg bak Alexander, er det nærliggande å tenke at det var Håkon Herdebrei som gjekk inn for Victor,⁷²⁰ men vi har ikkje positivt belegg for det.⁷²¹

Studiar av erkebiskop Øystein har vist at han var ein ideologisk og politisk forkjempar for ei reformert kyrkje etter gregoriansk førebilete.⁷²² Den ideologiske kampen handla om ei sterk kyrkje, fri frå verdslege band, medan den politiske handla om å legge til rette for ei stabil og styringsdyktig kongemakt som handla i tråd med kyrkja sine interesser.⁷²³ Eit første naudsynt steg i den retning var å sikre kongens einerett til riket gjennom lov. Medan kroningseiden og privilegiebrevet skulle trygge kyrkjas ideologisk slagkraft, var tronfølgjeloven ein måte å trygge kongemakta. Denne hadde begge partar interesse av. For kyrkja kunne ei effektiv tronfølgjelov skape stabilitet og føreseielege rammer. For kongemakta kunne den vere eit vern mot potensielle utfordrarar.

Den reformerte kyrkja kunne potensielt vere ein kraftfull og nyttig alliert for ei samarbeidsvillig kongemakt. Spørsmålet er i kva grad den på dette tidspunktet medverka til å skape skarpere motsetningar mellom dei stridande partane? At den gjorde det på Sverre si tid, er udiskutabelt, men er det eigentleg kyrkjestriddet handla om på 1160-talet? I følge Orning er det nettopp det det er. Han ser Erlings kompromisslause haldning til sine motstandarar, som eit *politisk* uttrykk for det gregorianske reformprogrammet:

Når Erling Skakke gikk til det skritt å eliminere sine fiender i stedet for å inngå forlik med dem, er dette en tanke som er helt forenlig med kirkens tankegods. Himmel og helvete fantes ikke bare i det hinsidige, slike krefter var også virksomme i det jordiske livet. Mennesket hadde valget mellom det gode og det onde, og valgte de ikke det gode, betydde det at de falt i djevelens klør. Den som hadde valgt slik, var ekskludert fra samfunnet.⁷²⁴

Den kristne tankegangen innebar eit brot med den norrøne forhandlingskulturen. I staden for forsoning vart idealet å holde stand mot farar og trugsmål, og «Erling Skakkes

⁷²⁰ Slik Bugge 1969 (1916): 23; Vandvik 1961: 3.

⁷²¹ Gunnes 1996: 89 er skeptisk til å tenkje seg at Håkon Herdebrei sende eit slikt brev, og peikar på at det var kort tid å få etablert ein slik kontakt og at den aktuelle kjelda inneheld andre feil som svekkar truverdet også til denne opplysninga. Johnsen 1955: 64 er også skeptisk, men ser for seg at det er den danske delegasjonen som kan ha kome med opplysningane om norsk tilslutnad, ettersom avtalen mellom kong Valdemar og Erling Skakke gav førstnemnde overherredømme over Noreg.

⁷²² Sjå til dømes Johnsen 1955; Johnsen 1945; Gunnes 1996; Gunnes 1971; Bagge 2003a: 69-71. Bagge samanfattar utviklinga i synet på Øystein slik: ei eldre oppfatning, som vi mellom anna finn hos Johnsen, som ser Øystein erkebiskop som ein glødande reformator, og ei nyare oppfatning, formulert av Gunnes, som ser Øystein som ein moderat og pragmatisk reformtilhengar. Bagge sluttar seg til Gunnes oppfatning.

⁷²³ Gunnes 1996: 99.

⁷²⁴ Orning 2014: 211.

innbitte forfølgelse av sine motstandere passet som hånd i hanske innenfor dette tankesettet». Orning får følgje i denne tankegangen av Bagge, som også ser Erlings maktbruk som uttrykk for ein ny ideologisk retning for kongedømmet, men er skeptisk til å forstå dette som i hovudsak ein *ytre* påverknad, skapt av pavedømmets påtrykk. I staden framhevar Bagge dei heimlege føresetnadane for at den nye ideologien kunne slå rot: «den kirkelige ideologien ville ha begrenset virkning uten en sterk leder og et indre samhold skapt gjennom langvarige kamper».⁷²⁵ Det er Erlings leiarskap og konfliktens fastlåste karakter som forklarar at Erling fekk gjennomslog for nye idéar.

Det er ingen grunnleggande motsetnad mellom desse to synspunkta. Begge ser dei skjerpaa motsetnadane mellom dei stridande partane på 1160-talet som eit uttrykk for eit skifte, og begge koplar dette skifte til Erling skakkes framferd. Om denne framferda er eit resultat av Erlings personlege eigenskapar og motivasjon eller ein *ytre* påverknad frå ei reformivrig pavemakt er mindre vesentleg. Det eine står ikkje i vegen for det andre. Erling var tydelegvis innstilt på å bruke alle midlar for å trygge kongedømmet for sin son. Inges kapellan og fehirde hadde akkurat returnert frå Roma med palliet og tatt sete i Trondheim. Som vi allereie har sett, kom Øystein frå ei vel etablert stormannslekt i Trøndelag, og sagaene legg ikkje skjul på at han hadde mektige slektningar og vener.⁷²⁶ Som vi skal sjå i neste kapittel held Øysteins slektningar fram med å delta på den politiske arenaen, og vi må anta at Øysteins posisjon hos Inge, og etter kvart Magnus, også var ein døropnar for Øysteins nettverk. Denne verdslege dimensjonen er viktig å ha med, i tillegg til den geistlege. Det er nemleg neppe tilfeldig at Erlings utreinskingar i opposisjonens rekker gjekk særleg utover trønderske stormenn. Men skjedde dette før eller etter at Erling og Øystein vart einige om å samarbeide?

Svaret på dette spørsmålet er avhengig av korleis ein tolkar sagaenes kronologi. Heimskringla og Fagrskinna etablerer to ulike hendingsgangar for åra 1163 – 1164. I ei grundig undersøking av erkebiskop Øysteins virke, har Gunnes etablert den mest plausible kronologien basert i hovudsak på Hkr.⁷²⁷ Den viktigaste forskjellen mellom Fsk og Hkr er at Fsk lar Magnus Erlingsson krone i Trondheim i 1163, eit år etter Håkon Herdebreis fall i slaget ved Sekken, medan Hkr lar det gå to år mellom slaget ved Sekken

⁷²⁵ Bagge 2015: 102.

⁷²⁶ Sjå s. 162 i denne avhandlinga.

⁷²⁷ Gunnes 1996: 96-97.

og kroninga, og plasserer denne i 1164 i Bergen. Dette gir Erling og hans støttespelarar god tid til å legge planar for framtida og ikkje minst førebu kroninga. Gunnes er nemleg skeptisk til at det avtalte samarbeidet mellom Erling Skakke og erkebiskop Øystein skal ha kome i stand i samband med kroninga, nærast som eit innfall der og då, slik både Fsk og Hkr gir inntrykk av. Kroninga var ei kyrkjepolitisk hending av dimensjonar. Det var den første kongekroninga i Norden, og erkebiskopen var ny i stillinga si og har nok vore opptatt av at det skulle gå riktig for seg. Kongekroning og salving skulle ikkje gå føre seg utan pavens samtykke, og erkebiskop Øystein har etter alt sannsyn bedt om pavens samtykke på førehand. Samtalen mellom Erling Skakke og erkebiskop Øystein, der vilkåra for kroning vart drøfta, må difor ha føregått på eit tidlegare tidspunkt, sannsynlegvis i Trondheim like etter Håkon Herdebreis fall. Deretter gjekk det brev til Roma. Paven sende ein legat for å melde om sitt samtykke til kroning og for å ta i mot kroningseiden på pavens vegner. Legaten Stephanus av Orvieto kom til Noreg året etter. Truleg var planen å arrangere kroningsseremonien det året, men av di Sigurd jarl reiste flokk med kongsemnet Sigurd Markusfostre, vart seremonien utsett.⁷²⁸

Gunnes kronologi opnar for ei nytolking av Erlings straffe- og utreinsingsekspedisjonar i første halvdel av 1160-talet. I lys av den planlagde kroninga, merksemda som var retta mot Noreg frå kurien og etterkvart også nærvær av pavens utsending, er det nærliggande å tolke Erlings kompromisslause kamp som eit desperat forsøk på å eliminere all motstand mot Magnus og fjerne alle mogelege hinder som kunne stå i vegen for eit einekongedømme. Det kunne ikkje finnast andre som smykka seg med kongstittelen i landet, og det måtte ikkje vere tvil om at det kongedømmet som Magnus vart innsett i, krona og salva av pavens representant, var eit einekongedømme.

Erlings offensiv mot potensielle utfordrarar til Magnus kongedømme, gagna ikkje berre han sjølv og krinsen rundt Magnus. Det gagna også erkebiskopen og kyrkja. Då erkebiskop Øystein returnerte til Noreg med palliet, hausten 1161, reiste han nordover til Trondheim og tok fatt på gjerninga som kyrkjeprovinsens øvste leiar. Øvst på dagsordenen stod truleg økonomiske spørsmål. Både Hkr og Fsk refererer til *forhandlingar* mellom erkebiskopen og bøndene i Trøndelag, jf. Figur 16. Begge kjeldene fortel at Øystein erkebiskop var ein ættestor mann i Trøndelag, rik på både godt

⁷²⁸ Gunnes 1996: 93.

og mektige vener. I Hkrs versjon blir det vidare forklart at Øystein i samtale med bøndene gjorde det klart at utgiftene til bispesetet var store, og at dei måtte rekne med endå større utgifter no når det hadde fått status som erkebispesete. Han bad bøndene om å betale sakøyren til bispesetet i sølvverdi som var dobbelt så mykje verdt. Dette gjekk bøndene med på under påtrykk frå erkebiskopens mektige slektningar og vener og erkebiskopens eiga pådriv. Fsk derimot meir enn antydar at dette ikkje gjekk føre seg fullt så smertefritt. Bøndene var tydelegvis ikkje nøgde med dette, men dei hadde ingen til å nekte på sine vegner: «þo at ængi væri til at næita af boanda hænde».⁷²⁹ Då Erling kom nordover til kaupangen neste vår vart han møtt med klager frå mange menn. At dette gjaldt erkebiskopens dobling av bøtetakstane går fram av samanhengen. Erling lytta til mennene og tok deretter problemet opp med biskopen.

Figur 16: Jamstilling av erkebiskopens forhandling med bøndene i Hkr og Fsk

Hrk: 625	Fsk: 366
Eysteinn, sonr Erlendz hímalda, var kosinn til erkibyskups eptir andlát Jóns erkibyskups. Eysteinn var vígðr á sama ári ok Ingi konungr fell. En er Eysteinn erkibyskup kom til stóls, var hann vel þokkaðr öllu landzfólki; hann var skörungr mikill, maðr ættstórr; tóku þrændir vel við honum, þviat flest stórmenni í Þrændalögum var bundit í frændsemi eða í nökkurum tengðum við erkibyskup, en allir fullkomnir í vináttu. Erkibyskup hóf þá málaleitan við böendr, talaði fyrst um fjárþurpt staðarins ok þat	Eysteinn for i syslu sina norðr a Halugaland. þa leitaðe hann viðr böendr at þærir skylldu auka rett oc sakøyre. þann er byskupe skyllde giallda. Enn með þvi at øysteinn byskup var sniallr maðr mikill oc ætstor auðigr at fe oc vinsæll bæðe. nu fylghðe þvi male miok [Eysteinn] ⁷³⁰ oc kom til með ser mannum rikum frendom sinum oc vinum þa var þet framkvæmt er hann krafðe at þat fecz af bondum. at allr sacøyrir sa er hann atti at taka. þa skyllði vera silfmetenn øyrir. enn aðr var sacøyrir byscups slicr sem konongs loghøyir enn

⁷²⁹ Fsk: 366.

⁷³⁰ Handskriftene har her 'Erlingr' og Finnur Jónsson har valt å bruke det, sjølv om det av samanhengen, og av jamføring med Hkr: 625, går fram at det må vere 'Eysteinn'. Slik også Fsk-Ei: 390. Eg har valt å erstatte 'Erlingr' med 'Eysteinn', slik også AFN-Íf: 349 note 2 og 3, og Fsk-Fi: 282.

<p>með, hversu mikla upreist staðrinn þurpti at hafa, ef hann skyldi þá vera þeim mun sœmiligarr haldinn en áðr, sem hann var þá tignari en áðr, er þar var erkibyskupstóll settr; hann beiddi þess bœndr, at þeir skyldu veita honum silfrmetinn eyri í sinn sakeyri, en áðr hafði hann sakmetinn eyri, sem gekk i konungs sakeyri; en þess auralags er helmingsmunr, at meiri er sá, er hann vildi hafa, silfrmetinn eyrir. En við styrk frænda erkibyskups ok vina, en framkvæmð hans sjálfs, þá gekk þetta við, ok var þat dœmt at lögum um ǫll Þrœndalǫg, ok þetta gekk við um fylki þau, er í hans erkibyskupsríki váru.</p>	<p>þess verðr hælmingr munr þæira aura lagha enn þo at ængi væri til at næita af boanda hænde. þa feck [Eysteinn]⁷³¹ af því mikinn [...] ⁷³² við alla menn þa er þetta ærende styrktu.</p> <p>Oc um varit æftir com Ærlingr skacki norðr til Kaupangs. kærðo þa þetta marghir menn firir hanum. Erlingr væitti því ængi annsvor oc lyddi til hvat menn mælto. enn er hann kom a malstefno þa røddo þær margha luti þa er til landraða horfðo.</p>
--	---

Erkebiskopen hadde sett sinnet i kok hos trøndarane, og sjølv om han hadde støtte frå mektige slektningar og vener, som det heilt klart går fram av begge tekstane, var det også mektige folk som var i mot han. Det var desse som skulle stått opp mot erkebiskopen, i følgje Fsk. Frirek Kona, som Erling batt til eit anker og kasta på sjøen, var gift inn i den mektige Reinsætta på Rissa, og Alv Rode, ein av dei som konspirerte med danskekongen bak ryggen til Erling nokre månader seinare, var son til den Ottar Birting som hadde vore sentral i det trønderske lendmannsfaksjonen under Haraldssønene. Erlings allianse med erkebiskopen innebar ikkje berre at erkebiskopen fekk aksept for å doble bøtetakstane, ei formidabelt innhogg i bøndenes økonomi. Det innebar også at erkebiskopen og Erling hadde felles interesser av å slå sterkt ned på uro og motstand frå stormennene i erkebiskopens bispedømme og trygge dei økonomiske

⁷³¹ Sjå note 730.

⁷³² Her er det ei lakune i teksten. Eikill har gissa på at det skal stå 'fiendskap' eller 'uvenskap'. Finlay har ei heilt anna tolking: «Eysteinn *gained* much from all men who supported this business». Når også førstnemnde har 'Erling' i staden for 'Eysteinn' får avsnittet ei heilt anna meining.

overføringane til erkebispesetet. Når erkebiskopen får dei nye bøtetakstane vedteke på tinget, og Erling nyttar tingvedtak til å lyse ransmenn og opprørarar utleg, så er dette to sider av same sak. Det realpolitiske aspektet ved samarbeidet mellom erkebiskop Øystein og Erlend er essensielt for å forstå korleis delar av eliten og bondesamfunnet i Øysteins bispedømme reagerte, og også for å forstå kvifor den danske kongemakta involverte seg i dette tidsrommet.

Tilhøvet til Danmark

Valdemar Knudsen vart einekonge i Danmark i 1157, etter langvarig tronstrid. Dette innleiar ein periode der den danske kongemakta vender blikket utover og mellom anna blandar seg inn i norske forhold. Tilhøvet til keisarmakta var heilt essensiell for den danske kong Valdemar. I kampen for einekongedømmet hadde Valdemar gjort seg skuldig i å ta livet av Sven Grathe som formelt var ein av keisar Fredrik Barbarossas lensherrar. Valdemar stod i fare for å hamne i konflikt med keisaren, og sende straks ein førespurnad om å få underkaste seg keisar Fredrik som hans vasall. Dette innebar også dansk støtte til keisarens motpave, Victor IV, etter skismaet i 1159.⁷³³ Den danske kongemakta som involverte seg i dei norske innbyrdesstridane kring 1165 var altså formelt motstandarar av det gregorianske reformpavedømmet som erkebiskop Øystein hadde svore lojalitet til, og den danske erkebiskopen, Eskil, som delte Øysteins begreistring for det intellektuelle, reformerte miljøet, forlet stolen sin og søkte tilflukt hos sine trusfellar i Frankrike.

Vi kjenner ikkje detaljane i relasjonen mellom Noreg og Danmark i desse åra. Igjen gjer kjeldetilhøva det vanskeleg å etablere ein klar kronologi. Den danske krønikeskrivaren Saxo teiknar eit anna, og til tider motstridande, bilete av hendingsgangen enn det som framstår i Hkr og Fsk. I følgje den norske sagatradisjonen eksisterte det ein avtale mellom Erling Skakke og kong Valdemar, forhandla fram etter Magnus vart tatt til konge i 1161. Avtalen innebar at Valdemar skulle «yte all den hjelp som Magnus trengte for å legge under seg Noreg og halde det sidan.»⁷³⁴ Til gjengjeld

⁷³³ Fenger & Olsen 1993: 151.

⁷³⁴ Hkr: 615-616; også Fsk: 365, men denne legg til at Magnus skulle ha fritt leide for sine menn i Danmark.

skulle Viken avståast til danskane. Det fins ingen teikn til at Erling og Magnus fekk med seg ein dansk hærstyrke, og Saxo kjenner heller ikkje til ein slik avtale. Dette har fått historikarar til å tvile på at den har eksistert. Saxo, derimot, hevdar at Erling og Magnus inngjekk ein løynleg avtale med Burits Heinreksson, Valdemars slektning og rival, for å styrte Valdemar.⁷³⁵ Denne tolkinga ligg også heilt i dagen i dei norske kjeldene, sjølv om den ikkje blir eksplisitt formulert. I følgje Hkr reiste eit følgje på 10 skip sør til kong Valdemar og til Burits Heinreksson». ⁷³⁶ Burits var enkedronning Ingerids son, kong Inges halvbror. Både Ingerid og ektemannen Arne kongsmåg var med på ferda til Danmark. Det var også Kristin, mor til kong Magnus og Erlings hustru. Kristin var kong Valdemars søskenbarn. Denne opprekninga av nyttige slektningar med på ferda sørover, liknar mest på ei heilgardering. Hadde dei samtalar med både Valdemar og Burits? Og kva hadde dei ulike partane å tene på ein mogeleg allianse? Valdemar og Erling kunne ha felles interesser av å bli kvitt opprørsflokket til Håkon Herdebrei. Dei held seg mykje i Viken og grenseområda, og ved fleire høve også i Danmark for å samle støtte. Valdemar sat sjølv utrygt på trona, og hadde ingen interesse av at opprørsstyrkar frå Noreg skulle slå seg saman med potensielle utfordrarar til hans eige kongedømme. Kontroll med Viken kunne også styrke Valdemars posisjon i kampen mot vendarane.⁷³⁷ Kva Burits hadde å tene på ei samansverjing med Erling og Magnus er mindre klart. Han hadde i fleire år vore lojal mot kong Valdemar, og Saxos påstand om at han og Erling planla eit komplott, blir ikkje underbygga av noko anna substansiell informasjon.

Tidspunktet for reisa til Danmark er også interessant. Hkr gir oss eit tidsvindaug på nokre månader mellom februar og tidleg på hausten 1161. Erkebiskop Øystein var på veg heim frå palliereisa, der han mest sannsynleg hadde formidla den norske kong Magnus fulle støtte til pave Alexander III. Keisar Fredrik heldt konsil i Lodi til forsvar for motpave Victor IV i juni dette året, medan Alexander lyste både motpaven, keisaren og alle som samarbeidde med han i bann.⁷³⁸ Kong Valdemar hadde alt sendt sin støtte for Victor til synoden i Pavia året før, men stadfeste dette med ny utsending til Lodi.

⁷³⁵ Saxo: xiv.34.4.

⁷³⁶ Hkr: 615.

⁷³⁷ Fenger & Olsen 1993: 163.

⁷³⁸ Clarke & Duggan 2012: 112.

Dette hadde fått den danske erkebiskop Eskil, som var ihuga gregorianar, til å forlate stolen sin i protest over Valdemars politiske val.⁷³⁹ Det var dette politiske kaoset som møtte Erling Skakke og den norske delegasjonen i Danmark i 1161. Kor sannsynleg er det at det vart inngått ein avtale mellom to kongemakter på dette tidspunktet?

Vi veit kor erkebiskop Øystein stod i paveskismaet, men vi veit ingenting om Erlings preferansar på dette tidspunktet. Kanskje var det Erling, og ikkje Håkon Herdebrei, som stod bak brevet frå den norske kongen som unnskyldte seg for at han ikkje kunne sende representantar til støtte for Victor i Lodi? Vi kan sjå for oss at dei to støtteerklæringane, til to konkurrentar til pavemakta, nettopp kan vere eit uttrykk for at Erling og Øystein trakk i kvar sin retning. Då både Erling og Øystein var attende i Noreg, og særskilt etter at dei vart samde om eit samarbeid, vart ein politisk allianse med Danmark umogeleg. Ei kongemakt i allianse med ei kyrkje som ope hadde støtta Alexander den III, kunne vanskeleg ta i mot militær støtte frå ei anna kongemakt med like uttalte sympatiar for Victor IV. Og då det braut ut open konflikt mellom erkebiskopen og kong Valdemar i 1161, må ein allianse mellom den norske og den danske kongemakta vorten definitivt skrinlagt.⁷⁴⁰

Dette er eit mogleg scenario ut frå dei kjeldeopplysningane vi kjenner, men vi veit ikkje om det stemmer. Eit anna mogleg scenario byggjer på Saxo påstand om ein konspirasjon mellom Erling og Burits Heinreksson. Problemet med dette scenarioet er tidspunktet. I følgje Saxo var det først i 1167 at Valdemar skulda Burits for ei slik samansverjing. Det er seks år etter Erlings første reise til Danmark. Dette betyr ikkje at eit slikt samband med Burits ikkje har funne stad, men det er meir sannsynleg at det har kome i stand som ein konsekvens av den feilslåtte freistnaden på samarbeid med Valdemar, heller enn som årsak til Danmarksferda i utgangspunktet.

Den vidare hendingsgangen etter Erlings første reise til Danmark er uklar. I følgje Hkr og Fsk kom det danske menn, utkledd som munkar, for å gjere løynlege avtalar med trøndarane. I følgje Saxo skjedde dette først etter han hadde vorte kontakta av dei som var att av Sigurd Markusfostres flokk, etter at kongsemnet falt i 1163. Også Fsk nemner ein slik kontakt mellom opprørsflokkane og den danske kongemakta. Deretter, i 1165

⁷³⁹ Fenger & Olsen 1993; 152-153; Weeke 1887-1905; Christensen 1979-1984.

⁷⁴⁰ Hermanson 2013a: 108-109; Weeke 1887-1905: 591-592.

etter Hkrs kronologi, skal Valdemar ha kome til Viken med ein flåte. Han let seg først kongehylle i Sarpsborg før han tok over til Tønsberg der han heldt råd med mennene sine. Overalt vart han godt mottatt, mellom anna av Orm kongsbror, som truleg hadde Tønsberg som hovudsete. Men Saxo gjer merksam på at biskopane *ikkje* kom og gjorde stas på Valdemar: «Alligevel kunde ingen af Biskopperne, hvis Myndighed paa den Tid var overmaade stor i Norge, faa sig til at begive sig til ham».⁷⁴¹ Her var vel Oslo-bispen Helge den næraste til å innfinne seg hos Valdemar, men som vi skal sjå, skulle han få tildelt ei rolle seinare hos Saxo. Trass all denne medgangen returnerte Valdemar med uforretta sak, sidan dei byrja gå tom for forsyningar. Hkr hevdar på si side at Valdemar møtte stor motstand og uvilje av folket i Viken, og at det var difor dei reiste attende til Danmark,⁷⁴² medan Fsk hevdar at Valdemar hadde moralske skruplar mot å herje i kristent land, og ville heller snu og føre denne kampen mot heidningane i Austerveg.⁷⁴³

Etter dette skal Erling og nokre lendmenn tatt over til Danmark etter Valdemar. Her rana dei til seg nokre skip i Djurså. I følgje Saxo var Orm kongsbror med Erling på denne ferda, og dette blir nytta som eit prov på at Burits, Orms halvbror, stod i ledetog med nordmennene. Saxo skildrar biskop Absalon som ein dyktig hærførar som får i stand eit møte med Erling. Sistnemnde utfordra spelereglane, miste ansikt og returnerte både sint og skamfull til Noreg.⁷⁴⁴ Dette kjenner verken Hkr eller Fsk til og nøyer seg med å slå fast at Erling og mennene hans fekk ein mengde hærfang i Djurså og tok deretter attende til Noreg.⁷⁴⁵ Fsk kjem her med ein viktig detalj: «Sigurd» fall i Djurså saman med danske hærmenn.⁷⁴⁶ Dette må vere Sigurd jarl, og sagaen koplar såleis endå ein gong dei norske opprørsflokkane til kong Valdemar og Absalon. Hkr avsluttar omtalen av Erlings ferd til Djurså med at «no var det ufred ei stund mellom Noreg og Danmark.»⁷⁴⁷

Kor lenge det var ufred veit vi ikkje. Saxo fortel at Valdemar reiste enno ein gong på hærferd i Viken, og denne gongen følgde han kysten vestover på jakt etter Erling.

⁷⁴¹ GD-Ho: XIV.29.18

⁷⁴² Hkr: 632.

⁷⁴³ Fsk: 370-371

⁷⁴⁴ Saxo: XIV.34.6-8.

⁷⁴⁵ Hkr: 633.

⁷⁴⁶ Fsk: 371.

⁷⁴⁷ Hkr: 633.

Også denne gongen bøyer Valdemar av med uforretta sak, tilsynelatande etter press frå sine menn.⁷⁴⁸ Verken Hkr eller Fsk kjenner til Valdemars andre hærtokt til Noreg. Dei heimlege kjeldene er meir opptekne av kva som vart gjort for å skape fred. Hkr hevdar at Kristin, Magnus mor, vart sendt til Valdemar for å mekle på sonens vegner. Der vart ho tatt godt i mot og hadde lange samtalar med sin fetter Valdemar.⁷⁴⁹ Fsk kjenner ikkje til dette, men har eit svært interessant avsnitt om korleis kong Valdemar straffa innbyggjarane i Viken med å innføre økonomiske sanksjonar.

Etter dette forbød danekongen vikværingene all handel på Danmark. Så forbød han også å føre korn eller noe annet som de hadde bruk for, til Norge. Men vikværingene kunne ikke unnvære kjøpstevnene i Danmark, så mange ba Erling om at han måtte søke fred med danekongen på et eller annet vis.⁷⁵⁰

Denne opplysninga i Fsk har ikkje fått særskilt merksemd i drøftinga omkring tilhøvet mellom Erling Skakke og kong Valdemar, og det er i grunnen underleg. Fsk impliserer at Valdemar kontrollerte handelen inn og ut av Viken og sannsynlegvis handelen med tyske og vendiske kjøpmenn lenger aust. Det ville i så fall innebere eit alvorleg økonomisk trugsmål mot befolkninga i Viken og utgjere eit viktig insentiv for fredsforhandlingar. Geir Atle Erland argumenterer også for at «det leiande sjiktet av bønder og aristokrati i Viken ikkje ønskte å vera kong Valdemars undersåttar.»⁷⁵¹ Dette er forståeleg dersom det er økonomiske sanksjonar som ligg til grunn. Dette kastar også lys over oslobispens engasjement i forhandlingane med den danske kongemakta. Kanskje var det Kristin som førebudde grunnen for forhandlingane, men det er eit geistleg engasjement i denne fredsavtalen som er påfallande, og den strekkjer seg ut over biskop Helge av Oslos uro for Vikens befolkning.

Valdemars lojalitet til keiser Fredrik Barbarossas motpave Victor tok til å smuldre opp etter midten av 1160-talet. Pave Victors død i 1164, og det påfølgjende valet av Paschal III som hans etterfølgarar, intensiverte striden mellom den tysk-romerske keisaren og Alexander III's støttespelarar. Kyrjemøtet i Würzburg i mai i 1165 tvang også verdslege fyrstar til i sterkare grad ta stilling til skismaet.⁷⁵² I åra 1166-1167

⁷⁴⁸ Saxo: XIV.38.1-9.

⁷⁴⁹ Hkr: 633.

⁷⁵⁰ Fsk: 371-372. Her omsett av Fsk-Ei: 401.

⁷⁵¹ Erland 2012: 71.

⁷⁵² Clarke & Duggan 2012: 113.

inntok keisaren nord-Italia med hærstyrkar, jaga Alexander ut av Roma og plasserte Paschal på pavetrona i Peterskyrkja. Men då det såg ut til å lukkast for keisaren, braut det ut dysenteri i hæren. Dette leia til militær katastrofe, og keisaren miste ei viktig støtte i dei italienske byane og kyrkjeinstitusjonane.⁷⁵³ I 1169 innleia keisaren forsoningssamtalar med pave Alexander III, og i åra fram til ein endeleg fredavtale vart inngått i 1176 veksla situasjonen mellom forsonande tilnærming og open konflikt.⁷⁵⁴

Kong Valdemar avstod frå å ta stilling til keisarens motpave, Paschal, og orienterte seg gradvis meir bort frå keisaren og inn mot den reformvennlege kyrkja. Han kalla erkebiskop Eskil heim frå eksilet, og dei utvikla etterkvart eit nært samarbeid som kulminerte i kroning og salving av Valdemars son, Knut, samt helgenkåring av Knut Lavard, Valdemars far, på eit riksmøte i Ringsted i 1170.⁷⁵⁵ På dette møtet deltok også biskop Helge av Oslo og Stefan, biskop i Uppsala, truleg både for å kaste glans over denne store hendinga, men også som representantar for Erling, hevdar Saxo. Dei to biskopane skal ha bedt om fred for den norske kongen Magnus og appellert til Valdemars storsinn. Valdemar gjekk med på å forhandle med Erling og dei utveksla gisslar. Kongens fosterbror, Asbjørn Snare, som også var biskop Absalons bror, vart sendt til Noreg medan Erling vart att i Danmark.⁷⁵⁶ Utfallet av forhandlingane er kjeldene samde om: Erling tok Viken i len av Valdemar og vart danskekongens jarl.⁷⁵⁷

Kor viktig var eigentleg tilhøvet til Danmark for maktforholda og stiden om kongemakta i Noreg på 1160-talet? I følgje Orning er det behov for å løfte blikket og sjå utover mot Europa og særleg Danmark. Han hevdar at eit sterkt Danmark gjerne betydde press mot Noreg, og meiner Valdemars einekongedømme nettopp var inngangen til ein periode med framgang for den danske kongemakta og dermed også større press mot Noreg:

Tiden rundt 1160 var ikke bare et vannskille når det gjaldt kristne impulser. Det var også en tid da de politiske forholdene i Skandinavia skiftet karakter. Den lange perioden med dansk svekkelse opphørte da Valdemar I ble konge i 1157 og raskt fikk kontroll over riket, samtidig

⁷⁵³ Clarke & Duggan 2012: 117-118.

⁷⁵⁴ Clarke & Duggan 2012: 120-121.

⁷⁵⁵ Fenger & Olsen 1993: 151, 162.

⁷⁵⁶ Saxo : XIV.41.1-3.

⁷⁵⁷ Saxo : XIV.41.3; Hkr: 634; Fsk: 372-373.

som han ekspanderte utover. Rügen ble erobret i 1169, og grunnlaget ble lagt for det danske Østersjøveldet.⁷⁵⁸

Bagge meiner Orning overdriv verknadane av den danske innblandinga i Erlings kamp for å bli kvitt sine motstandarar. Valdemars støtte til opprørsflokkane kan ha bidratt til å forlengje konflikten, meiner han, men var neppe avgjerande.⁷⁵⁹ Ei utfordring med Ornings analyse er at maskevidda er for stor til å fange opp *korleis* den politiske utviklinga i Danmark greip inn i norske tilhøve. Å hevde at Valdemar straks skaffa seg kontroll over Danmark ved tronovertakinga i 1157 er upresist. Som vi har sett ovanfor, stod han i krysspress mellom ei kyrkje leia av ein sterk forkjempar for eit reformert pavedømme og ein keisar som hadde nekta å godkjenne dette pavedømmets leiar. Dette var eit dilemma som svekka Valdmars maktgrunnlag det første tiåret av styringsperioden hans, og som ikkje løyste seg før skismaet opphøyrd, og Valdemar trygt kunne søke samarbeid med Alexander III og sin eigen erkebiskop utan å provosere keiser Fredrik. I tillegg stod han ovanfor betydeleg motstand frå opposisjonelle i den danske eliten.⁷⁶⁰

Det er i denne konteksten vi må sjå tilhøvet mellom Erling Skakke og kong Valdemar i 1160-åra. Danmarks sterke posisjon er eit resultat av Valdemars gradvise konsolidering av kongemakta på 1160-talet som kuliminerer med endeleg siger over vendarane i 1169, samt kroning og helgenkåren i Ringsted i 1170. Med Valdemar tilbake i den gregorianske leir, hylla med pomp og prakt av den romerske pontiff, er det ikkje vanskeleg å forklare at Erling søkte forlik og underkasta seg Valdemar, men dette var ikkje mogeleg i åra 1162 – 1167. Erlings tette allianse med erkebiskop Øystein og hans nettverk av geistlege knytt til det intellektuelle miljøet i Frankrike, der også danske erkebiskopen og pave Alexander oppheld seg tidvis i dette tidsrommet, gjorde ein politisk allianse med kong Valdemar umogeleg. Sett på spissen kan ein hevde at det ikkje er Valdemars politiske styrke som påverkar striden i Noreg, men hans svake politiske stilling.

⁷⁵⁸ Orning 2014: 213.

⁷⁵⁹ Bagge 2015: 101.

⁷⁶⁰ Hørby 1979-84; Fenger & Olsen 1993; 159-163; Hybel 2018: 25-29.

Samanfatning

Innleiingsvis vart det stilt spørsmål ved kva slags maktkonstellasjonar som evna å halde saman lendumnsstyret under Haraldssønene og korleis dette endra seg på 1150- og 1160-talet? Vi har sett at lendmennene kring Harald Gilles søner gjekk saman for å etablere grunnlaget for eit samkongedømme. Her var forsterfedrane til kongsemna sentrale saman med enkedronning Ingerid. Ingerid hadde tette band til nettverket med utgangspunkt i Støle, og ekteskapet hennar med Ottar Birting batt det vik-vestlandske med det trønderske. Det er også grunn til å tru at ho personleg har medverka til avgjersler som vart tekne på Haraldssønene sine vegner, og har spela ei meir aktiv rolle i politikken enn det har vore tradisjon for å tildele henne.

Det vart altså lagt ned betydeleg innsats for å oppretthalde eit samarbeid som fungerte for alle partar, men mot slutten av 1140-åra var situasjonen spent. Kongssønene hadde no nådd vaksen alder og gjorde seg personleg gjeldande i politikken på ein anna måte. Dette medførte også at dei måtte etablere sine egne nettverk og sikre seg lojalitet frå stormenn innan ein elite som tidlegare hadde kunne flyte litt mellom dei tre kongsemna. Dette har nok skjerpa konkurransen mellom lendmennene, og vi ser ein situasjon som minnar om den som oppstod på slutten av Magnussønene si regjeringstid, då kongane valde å halde kvar si hird. Drapet på Ottar Birting kan tenkast å ha vore utløysande for fiendskapen som braut ut mellom Haraldssønene i første halvdel av 1150-talet.

Kong Sigurd ser ut til å ha vore omgitt av ein kjerne av stormenn frå Trøndelag i barndomsåra, men i vaksen alder har også han knytt til seg stormenn frå eit større geografisk område. Kong Inge fann god støtte i stølennettverket og den gamle alliansen vestover med jarledømmet på Orknøyane, og overtok såleis farens nettverk. Alliansen vart fornya i 1149 då både kong Inge og den unge Harald Maddadsson hadde nådd myndig alder, og begge orknøyjarlane avla truskapseid til kong Inge. Øystein Haraldsson ser også ut til å ha hatt relasjonar til Vesterhavsoyene, men det er uklart kva samband det var mellom den politiske utviklinga i øyriket og kong Øystein i dette tidsrommet. Den ustabile situasjonen på Orknøyane, Hebridane, Man og Irland i 1150-åra aktualiserte kontakten mellom Noreg og øyrिका i vest, og skapte handlingsrom for posisjonering og maktdemonstrasjon i den interne rivaliseringa mellom Haraldssønene.

Detaljane i dette bildet kjenner vi ikkje, men vi må truleg tenkje oss ei mykje breiare kontaktflate mellom den norske og den vesterhavske eliten enn det har vore tradisjon for.

Kong Inge og rådgjevarane hans nytta ekteskapsstrategiar for å etablere og tryggje eksisterande nettverksrelasjonar. Eg har framheva det langsiktige perspektivet ved denne typen nettverksalliansar, og meiner dette var med på å sementere motsetnadane mellom dei stridande partane på lengre sikt. Under Magnus Erlingsson ser vi omrisset av eit stabilt nettverk sentrert kring stormannsslekter på Vestlandet med slektskapsrelasjonar til kongemakta. Her har eg lagt vekt på at erkebiskop Øystein ikkje berre var ein ideologisk pådrivar, men også ein sentral politisk ressurs som både Inge og Magnus gjorde seg nytte av. Samstundes er det tydeleg at leiarsstilen til Erling Skakke bidrog til ei styrking av samholdet innerst i Magnus sin krins, og ei skarpare grensedraging mellom faksjonane. Vi ser ein aukande tendens til private hemnoppgjær mellom flokkane, samstundes som Erling i liten grad var viljug til å inngå kompromiss og nytte dei innebygde forsoningsmekanismane som sedvanen stilte til rådvelde. Eit sterkt element av blodhemn blandar seg inn i konflikten i denne perioden, og er med på å forklare at motstanden mot Erling og Magnus vart halden ved like, og i periodar fekk ny næring. Erling nytta både juridiske og ideologiske maktmiddel for å få bukt med blodhemnen, gjennom innskjerping av landefredslovgjevinga og bannlysing av opposisjonelle.

Så langt gir dette eit bilete av den politiske utviklinga i dette tidsrommet som langt på veg samsvarar med Bagges reviderte syn på borgarkrigstida, slik det er formulert i eit tilsvaret til Orning i 2015.⁷⁶¹ Bagge fokuserer her på at samarbeidet mellom erkebiskop Øystein og Erling Skakke utstyrte sistnemnde med eit kraftfullt ideologisk våpen som Erling nytta i kampen mot motstandarar til Magnus sitt kongedømme. Dette var mogeleg på grunn av det sterke leiarskapet som Erling representerte og det indre samholdet den langvarige striden hadde resultert i. Han legg også vekt på elitens interesser av å oppretthalde striden; ønsket om krigsbytte og hemn for falne slektningar. «Krigen må dermed ha økt samholdet innen flokken og gjort det vanskeligere å søke forsoning.»⁷⁶²

⁷⁶¹ Det nye i Bagges syn dreier seg i all hovudsak om at han forkastar si opphavelge tese om ei ressurkrisa i aristokratiet som årsak til stridane, Bagge 2015: særleg 92-93.

⁷⁶² Bagge 2015: 104.

Desse synspunkta er ikkje heilt nye. Fredrik Paasche uttalte i 1920:

statsrettens skrøpeligheit og hevnånden som hersker i samfundet, er de drivkrefter til indre strid kildene tydeligst lar oss se. [...] For det som skaper partiet og holder det sammen, er ikke et maktpolitisk program, men motsetningsforholdet til et annet kongeparti, det er selvporettholdelsesdriften og hevnen.⁷⁶³

Erik Gunnes har også pekt på dette i ei framstilling av dei politiske forholda på 1150-talet: «Stormanns- og ættefeider var ikke noe nytt i Norge, men de ble livsfarlige for freden i landet, i det øyeblikk de ble mer enn private feidar, og nørte opp under de motsetningene som alltid fantes i et samkongedømme.»⁷⁶⁴

Analysen har også sett på tilhøvet til Danmark då konflikta stramma seg til på 1150- og 1160-talet. Her er eg einig med Orning i at norsk statsutvikling ideelt sett bør studerast i eit europeisk perspektiv,⁷⁶⁵ og vi har allereie sett kor viktig relasjonane vestover har vore i den første fasen av innbyrdesstridan. Eg deler derimot ikkje Ornings oppfatning av at det spente tilhøvet mellom Erling Skakke og kong Valdemar, som kuliminerte i Erlings lensunderordning, skuldast press frå den danske kongemakta. Eg har i staden argumentert for at det motsette var tilfellet. Kong Valdemars usikre posisjon i tida rett etter maktovertakinga gjorde det tvingande nødvendig å sikre seg keisar Fredrik Barbarossas støtte, og dette medførte at Valdemar også måtte gi si støtte til keisaren i striden med pavemakta. For den norske erkebiskopen må det ha vore nærast utenkeleg å støtte ei kongemakt som stod på keisarens side i striden med paven, og for Erling var nok alliansen med erkebiskopen verdt meir enn tilhøvet til kong Valdemar.

⁷⁶³ Paasche 1920 sitert her i Paasche 1969a: 55-60.

⁷⁶⁴ Gunnes 1996: 75.

⁷⁶⁵ Orning 2014: 212.

6

Einekongedømmet

I dette kapitlet skal vi sjå nærare på korleis den vaksne kong Magnus, baglarane som vidareførte Magnus kamp, og kong Sverre bygde opp sine politiske posisjonar. Kva slags nettverk var maktgrunnlaga deira tufta på, og kva slags handlingsrom skapte dette som kan kaste lys over den politiske utviklinga i perioden 1177-1202? Men først nokre ord om den spesielle kjeldesituasjonen.

Den viktigaste kjelda til perioden er utan tvil *Sverres saga* (Ss), men vi har også anna materiale som kastar lys over perioden. Sverre utferda eit polemisk skriv, *En tale mot biskopene*, som argumenterer for Sverres sak andsynes interdiktet som pavemakta hadde lyst over han. Denne konflikten kan vi også følge i diplomaterialet gjennom mellom anna brevvekslinga mellom dei norske høggeistlege og kurien. Diplomaterialet inneheld også rekneskapsopplysningar som mellom anna fortel om økonomiske transaksjonar mellom sentrale aktørar. I tillegg kan vi stø oss på spreidde opplysningar i forteljinga om *Danenes ferd til Jerusalem*, *Saxos Gesta Danorum*, dei engelske krønikanane til Robert de Hoveden og Wilhelm Parvus av Newburgh, islandske annalar, biskopsoger og Sturlunga saga.⁷⁶⁶

Likevel kviler kjennskapen vår til tidsrommet 1177-1202 tungt på *ei* kjelde, Sverres saga. Første delen av denne sagaen, *Gryla*, går fram til i alle fall 1178.⁷⁶⁷ Den er sterkt prega av at Sverre sjølv var involvert og «rådde over kva som skulle skrivast». Dette medfører at denne delen skil seg frå resten av sagaen ved at den er meir tendensios. Den har som føremål å framstille kong Sverre i eit bestemt lys, og dette påverkar sjølvstakt våre tolkingar også av det vi kan kalle 'real-historisk' innhald. Personane og

⁷⁶⁶ Prof.Dan.; Saxo; Isl.Ann.; Bisk.s.; Sturl.

⁷⁶⁷ Sjå s. 29 i denne avhandlinga.

hendingane som utspelar seg i sagaen er forma av eit overordna narrativ som har til formål å legitimere Sverres rett til kongsmakt.⁷⁶⁸ Som *levning* gir den dermed eit verdfullt inntak til å forstå oppfatningar om politisk kultur på byrjinga av 1200-talet, og dette må danne ramma for tolkinga også av *beretninga* om Sverre.

Fram til den antropologiske vendinga sette sine spor i norsk historieforskning etter 1970, var det *beretninga* om kong Sverre som stod i fokus, og gav opphav til fleire biografiar om hans liv og kongsgjerning: Paasche (1920), Koht (1952), Gathorne-Hardy (1956) og Krag (2005a) har alle skrive biografiar om kong Sverre.⁷⁶⁹ Historiske oversiktsverk har også gitt viktige bidrag til tolkinga av kong Sverre, til dømes Bull (1931), Holmsen (1961) og Lunden (1976). Eit gjennomgåande spørsmål for alle bidragsytarane har vore i kva grad Sverres maktgrunnlag representerte eit brot og ei forklaring på den politiske striden som herja på slutten av 1100-talet.

Med den antropologiske vendinga fekk desse følgje av studiar som først og fremst var opptatt av Sverres saga som litterært uttrykk for 1200-talets tenking omkring ideologi og mentalitet. Eit viktig bidrag her er Sverre Bagges studie av kongsideologien i Sverres saga jamført med Håkon Håkonssons saga.⁷⁷⁰ Bagge teiknar eit bilete av Sverre som ein leiar og general som baserte sin autoritet på personlege evner og overtydingskraft, retorikk, logisk argumentasjon, og evne til å imøtekomme sine menns interesser og behov.⁷⁷¹ Sagaen legg vidare vekt på Sverres guddomlege oppdrag og Guds inngripande på Sverres vegner, men utan å gjere Sverre til *rex iustus* etter klassisk modell, hevdar Bagge. Han var først og fremst konge i kraft av sine militære evner og personlege leiareigenskapar.⁷⁷² Dei siste åra har det kome fleire analysar av ideologi i Sverres saga, til dømes Ljungqvist (2008), Bandlien (2013) og Jakobsson (2015). Felles for desse er ei sterkare vektlegging av det kristne *rex iustus*-idealet, i tråd med samtidig europeisk praksis, og ei nedtoning av den eksepsjonelle norrøne krigaren.⁷⁷³

⁷⁶⁸ Holm-Olsen 1972: 553.

⁷⁶⁹ Paasche 1969b; Koht 1952; Gathorne-Hardy 1956.

⁷⁷⁰ Krag 1997.

⁷⁷¹ Bagge 1996: 86.

⁷⁷² Bagge 1996: særskilt 65 og 81.

⁷⁷³ Ljungqvist 2008.

Ein ting har desse studiane til felles - anten dei har nytta Sverres saga som ei beretning om hendingane knytt til Sverre og kampane hans eller som levning frå eit litterært miljø som freista legitimere Sverres rett til trona – det er Sverre som står i sentrum. Halvdan Koht skriv i innleiing til sitt verk om kong Sverre: «Det var makta i sjølve mannen som gjorde han til herre og hovding.»⁷⁷⁴ Dette medfører at fokuset i biografiane og dei ideologiske analysane i mindre grad gir rom for å sjå Sverre i relasjon til grupper av eliten eller å kople hans politikk til eit større nettverk av aktørar, enn det som kanskje hadde vore naturleg dersom studieobjektet var eit anna. Det fins døme på biografiar om Sverre som ikkje nemner bror hans Eirik, sjølv om han, som vi skal sjå, var sentral ikkje berre for Sverres maktutøving i Viken, men også utfordra kongens posisjon. Sverres slektskapsrelasjonar og ekteskapspolitikk blir sjeldan diskutert, og hans kontakt med den engelske kongemakta mot slutten av si levetid blir som oftast utelatt.⁷⁷⁵ Det sterke fokuset på krigaren og kongen Sverre heng sjølvstamt saman med det faktum at dei er biografiar, og dermed står den biograferte i sentrum. Men det heng også saman med at sagaen er tendensiøs. Det er vanskeleg å skilje sagaens narrativ frå forfattarens ideologiske prosjekt. Eit døme på dette er når vi skal vurdere motstandaren kong Magnus sitt maktgrunnlag med utgangspunkt i Sverres saga som kjelde:

I følgje sagaen stod kong Magnus og Erling Skakke svært sterkt politisk på det tidspunktet Sverre sjølv kom til landet (1175):

Kong Magnus og Erling jarl hadde på den tida god stonad både hos dei fremste mennene i landet og hos heile allmugen. Kongen var vensæl og folkekjær, jarlen var mektig og klok, hardrådig og sigersæl; all landsstyringa var hos han. Han hadde mange avundsmenn, både høge og låge, helst nord i landet, i Trøndelag. Men erkebisp Øystein som rådde for alt der nord, var beste hjartevenen til kong Magnus, og styrkte han med all makta si. Kong Magnus hadde med seg alle dei fremste mennene som fans i landet; somme hadde han i hirda, og somme sat i veitslene hans. Og dertil var heile allmugen samd om å lyfte han til makt og stø han; det kunne han mest takke forfedrane sine for, for alt landsfolket ville heller lyde etterkommarane til Sigurd Jorsalfare enn til Harald Gille og ættmennene hans.⁷⁷⁶

I kva grad er dette ei skildring av maktgrunnlaget til kong Magnus og Erling jarl, eller handlar det mest om korleis Sverre ønskjer å framstille seg sjølv? Det blir lagt vekt på kor solid grep kong Magnus og Erling jarl hadde på styringa av landet. Kongen blir skildra som vensæl og folkekjær, og jarlen som mektig, klok og styringsdyktig. Jo

⁷⁷⁴ Koht 1952: 7.

⁷⁷⁵ Det fins unnatak, som Krag 2005a og til dels også Lunden 1987.

⁷⁷⁶ Ss: 4-7.

sterkare Magnus framstår jo større blir Sverres bragd med å vinne makta i dette riket. Så usannsynleg var det at nokon ville lukkast med eit slikt prosjekt, at ikkje Sverre sjølv ein gong trudde på det. Ármann Jakobsson har tolka dette som ein del av eventyr-narrativet som sagaen presenterer. Sverre var berre ”ein liten og låg mann frå utskjæra” som gjennom mykje slit og strev overvann all motstnad og til slutt vann heile kongeriket.⁷⁷⁷

Utfordringa blir dermed å vurdere kor sterkt farga sagaen er av Sverres behov for å legitimere sitt prosjekt, og kva som står att som truverdig informasjon. Ei analyse av nettverka hovudaktørane i Sverres saga nytta i kampen om makta kan vere ein måte å nærme seg spørsmålet om truverde på. Opplysningane sagaen gir om slektskapsrelasjonar, ekteskap, kven kongane nytta til særskilte oppdrag, kven som deltok i slag og ikkje minst kven som døydde i desse slaga, har forfattaren for ein stor del henta frå eit omfangsrikt tilfang av skriftlege rapportar, lister, augevitneskildringar og så vidare.⁷⁷⁸ I innleiinga til sagaen fortel forfattaren om desse kjeldene:

Den siste luten av boka er skriven etter fråsegn av dei som kunne minnst at dei sjølve hadde sett og høyrte desse hendingane; somme av dei hadde vore med kong Sverre i hærsлага. Somme av desse hendingane var feste i minnet på den måtan at folk skreiv dei opp straks etter dei var hende, og det har ikkje vorte endra sidan.

At «folk skreiv dei opp straks etter dei var hende» må sikte til ein eller anna form for rapportering- eller dokumentasjonssystem. Omfanget av personnamn og stadnamn er for stort til at dette kan dreie seg om folkeminne og tilfeldige overleveringar. Sverres saga inneheld namn på fleire hundre personar, og som vi skal sjå var ikkje dette berre personar som høyrer til birkebeinarkrinsen, men også motstandarane til Sverre har forfattaren imponerande kontroll over. Både omfanget og graden av detaljering tilseier ein eller anna form for rapportering, sannsynlegvis forankra i kongens kanselli.⁷⁷⁹ Ein samvitsful kronologi er også med på styrke sagaens truverde når det kjem til konkrete opplysningar om personar og hendingar.⁷⁸⁰ Det er samstundes grunn til å tru at sagaen rettar seg mot det same miljøet som har vore opphav til kjeldeopplysningane og

⁷⁷⁷ Jakobsson 2015: 115; sjå også Koht 1952: 21.

⁷⁷⁸ Holm-Olsen 1972: 555; Ss-BogI-Hø: 8; Bagge 1996: 34.

⁷⁷⁹ Bagge 1996: 34 meiner Ss baserer seg på «battle reports».

⁷⁸⁰ Ss-BogI-Hø: 8.

ramme for forteljinga.⁷⁸¹ Dette set nokre skrankar for kva forfattaren kunne tillate seg av litterær fridom.

Ved å ta utgangspunkt i nettverksopplysningane i sagaen, tolkar vi eit materiale som vi har grunn til å tru baserer seg på eit dels innrapportert og dels innsamla kjeldetilfang. Vi må sjølvstakt ta høgde for at sagaforfattaren medvite har utelate informasjon eller framheva særskilte aspekt som bygger opp under ein bestemt bodskap, men det er grunn til å tru at denne framgangsmåten kan få fram nye perspektiv på konfliktane mellom Sverre og hans motstandarar og maktforholda mellom dei. Med dette utgangspunktet skal vi sjå nærare på kva som kjenneteiknar nettverka til Magnus Erlingsson og baglarane på den eine sida og Sverre Sigurdsson og birkebeinarane på den andre. Vi skal også sjå korleis dei aktivt nytta nettverksstrategiar for å etablere nye alliansar og styrke maktgrunnlaga sine.

Kong Magnus Erlingsson

Eit oversyn over Magnus Erlingssons aktive relasjonar gir oss 69 namngitte personar som er nemnde som kongens hærmenn, tenestemenn eller på Magnus si side i møte med birkebeinarar fram til 1184, jf. Tabell 1 i vedlegg. Geografisk femner Magnus sine stormenn over heile landet.⁷⁸² Tyngdepunktet ser ut til å liggje på Vestlandet, der ikkje berre kongen og Erling hadde sitt sete, men også den avlidne kong Inge hadde stått sterkt gjennom mora Ingerid og hennar nye ektemann Arne kongsmåg, lendmann frå Stårheim i Nordfjord. Han og Ingerid hadde fire born saman, fødte i åra kring 1150.⁷⁸³ To av sønene, Filippus og Nikolas, kom til å gå kong Magnus til hande, og er nemnde første gongen blant kong Magnus sine menn i Trondheim i 1180.⁷⁸⁴ Filippus fall på Illevollane same år,⁷⁸⁵ medan den prestelærde Nikolas vart biskop og hovding

⁷⁸¹ Bagge 1996: 84.

⁷⁸² Fordelinga mellom landsdelene er slik: Vestlandet 18, Austlandet 15, Nordafjells (nord for Dovre): 13, usikre medrekna.

⁷⁸³ Det er ulike meiningar om Ingerid Ragnvaldsdotter si levetid. Ho vart gift med Henrik Skadelår ein gong på 1120-talet og fekk fire born med han før han døyde i 1134. I det siste ekteskapet med Arne kongsmåg fødte ho også fire born, det siste på byrjinga av 1150-talet. Dette betyr at Ingerid knappast kan ha vore fødd særleg mykje før 1110. (Slik også Hervik, m. fl. 2006: 40.) Thuesen 2002 set fødselsåret til 1105. Ingerid har i så fall vore over 40 år då ho gifte seg med Arne på Stårheim og ho fødte altså fire born etter det.

⁷⁸⁴ Msk: 440; Hkr: 582; Ss: 52. Den tredje sonen, Inge, veit vi ikkje mykje om.

⁷⁸⁵ Ss: 58.

for baglarane i andre halvdel av 1180-talet. Dottera til Arne og Ingerid, Margret (Hkr⁷⁸⁶) / Ingegjerd (Msk⁷⁸⁷) vart gift med Erling Skakkes systerson, Bjørn Bukk. Dette ekteskapet vart inngått seinast kring midten av 1160-talet, og har nok styrka relasjonen mellom Støle og Stårheim.⁷⁸⁸ Eit anna ekteskap, mellom kong Magnus si syster, Ragnhild, og stormannen Jon Torbergsson av Randaberg kan ha bidratt ytterlegare til å halde nettverket saman. Jon var truleg av Arnungætt og i slekt med erkebiskop Øystein Erlendsson.⁷⁸⁹ Som vi såg i førre kapittel var erkebiskopens slekt og vener viktige pådrivarar for erkebiskopens politikk, og vi har fleire døme på at slektningar av erkebiskopen deltok aktivt på Magnus si side utover på 1170 og 1180-talet.⁷⁹⁰

Blant dei vestlandske stormennene til Magnus var også Jon Kutissa og sonen Eindride Torve,⁷⁹¹ Botolv frå fjordane og sonen Hallstein, frendar av kong Magnus,⁷⁹²

⁷⁸⁶ Hkr: 582.

⁷⁸⁷ Msk: 440.

⁷⁸⁸ Hervik, m. fl. 2006 meiner at Margret / Ingegjerd Arnesdotter var Ingerid sitt siste barn, og dei set denne fødselen så seint som 1154, jf. Hervik, m. fl. 2006: slektstre på innsida av omslaget. Dette er ikkje rimeleg når vi veit at Nikolas, son til Margret og Bjørn Bukk, var hærførar for kuvlungane i 1185 (Ss: 133). Han kan ikkje ha vorte fødd mykje seinare enn 1165, og følgjeleg må mora ha vore fødd seinast kring 1150. Det kan sjølv sagt tenkjast at Margret ikkje var mor til Nikolas Bjørnsson (kjeldene nemner berre kven som var far), men det faktum at Nikolas reiser flokk saman med Margret sin nye ektemann, Simon Kåresson, i 1185, tyder i alle fall på at han høyrde heime i dei krinsar.

⁷⁸⁹ Jon av Randaberg var truleg son til Torberg Erlendsson, og dermed brorson til erkebiskop Øystein. Sjå også Munch 1941-43 (1855-59): bd. 7, 91, n. 3.

⁷⁹⁰ Omframt Jon av Randaberg, deltok Gudbrand Torbergsson og Olav Lange på Magnus si side, samt lendmenn frå Ones-ætta i Sogn. Gudbrand Torbergsson var truleg også son til Torberg Erlendsson (og Jon av Randabergs bror). Både Gudbrand og Olav lange blir nemnde i Ss som erkebiskopens «frendar» og dei var i hans følge i Bergen i 1183, der dei fall under samanstøyt med birkebeinarar, Ss: 101. Sjå også Munch 1941-43 (1855-59): bd. 7, 146. Lendmannsætta på Ornes i Sogn deltok også aktivt på Magnus si side, og dei var truleg også i slekt med erkebiskopen. Gaut av Ornes sine søner, Jon og Munan vert nemnde hos Magnus første gongen i 1181 (Ss: 69). Gaut ser ikkje ut til å ha vore aktiv på dette tidspunktet, men Storm listar han likevel som lendmann ved same høve (Storm 1884a: 153). Det har vore vanleg å knyte denne slekta til Ænes i Kvinnherad. Magerøy 1988 viste at dette må ha vore ei feiltolking av Ornes i Sogn, ettersom dei fleste av avskiftene har variantar som ligg nærare Ornes enn Ænes. Dette synspunktet har seinare fått støtte frå Jo Rune Ugulen (Ugulen 2004: 236-247) som også diskuterer motargumenta i detalj.

⁷⁹¹ Jon Kutissa var son til Sigurd Stork, ein av Magnus Sigurdsson / Sigurd Slembe sine menn, sannsynlegvis frå Vestlandet ein stad (Kvinnherad eller Stryn). Jon er nemnd mellom dei som reiste til Danmark saman med Erling Skakke i 1161 (Hkr: 615). Han var også hovding for ein bondehær som gjorde åtak på Sverre i Bergen i februar i 1180 (Ss: 61). Han skal då ha vore ein gamal mann. Siste gongen han vert nemnd er i samband med at kuvlungflokken vart danna. Jon skal ha vore ein av initiativtakarane til dette (Ss: 133). Sonen Eindride vert nemnd ved eit par høve i tidsrommet 1179-1184 (Ss: 84, 122).

⁷⁹² Ss: 123 kallar Hallstein «frændi Magnus kongs». Patronymikonet Botolvsson kan tyde på at dette er son til Botolv frå fjordane, såleis Storm 1884a: 153. Han reknar også Nikolas og Karlung Botolvsson, som slutta seg til baglarane i 1204 (Bogl-81a; Bogl-81a: 261), som søner til Botolv frå fjordane.

Eiliv Orre⁷⁹³ og Magnus Mange. Sistnemnde var dotterson til orknøyjarlen Ragnvald Kale Kolsson. Framleis var det altså kontakt mellom Ragnvald jarl si slekt og Støle. Blindheimsmennene stod også på Magnus si side. Hallkjell og Ragnvald, søner av Jon Hallkjellsson frå Blindheim deltok i kampane på 1180-talet.⁷⁹⁴ I det heile fortonar den vestlandske grupperinga til kong Magnus seg som eit tett nettverk med kryssande slektskapsband mellom stormannsslektene og til kongsætlingane. Vi kan også merke oss at fleire av stormannsslektene viser ein stor grad av kontinuitet i oppslutnaden kring kong Magnus og har vore aktive over fleire generasjonar. Dette gir inntrykk av stabilitet, og særskilt slektskapsbanda, med det dei innebar av rettar og plikter, kan ha bidratt til å sementere partilojaliteten.

På Austlandet hadde kong Magnus ein viktig støttespelar i halvbroren Orm Ivarsson kongsbror. Orm blir skildra av sagaforfattarane som ein stor hovding,⁷⁹⁵ og i denne utsegna ligg det nok meir enn ein standard frase. Orm var son av enkedronning Ingerid og ein Ivar Sneis, truleg frå Oppland.⁷⁹⁶ Som vi såg i førre kapittel var han ein godt etablert hærførar under kong Inge og kong Magnus allereie tidleg på 1160-talet, og utover 1160- og 1170-talet ser det ut til at han hadde hovudansvaret for forsvaret av Viken. Orm møtte kong Valdemar då han høyrte Tønsberg, og Orm var med Erling Skakke til Danmark nokre år seinare.⁷⁹⁷ Mot slutten av Magnus si regjeringstid var også Orms son, Ivar Steig, blant Magnus sine menn. Både Orm og Ivar fall i slaget ved Fimreite, saman med kong Magnus, i 1184.⁷⁹⁸

Frå same traktene har vi også lemdmennene på Såstad, i Stange i Hedmark. Hallvard av Såstad er nemnd som ein av dei som organiserte eit forsvar mot Sverre på Mjøsa i 1177. Han heldt eit stort gjestebod heime på garden sin. I slaget utanfor Nordnes i Bergen i 1181 deltok Narve, son til Hallvard. Han var skipsstyrar for Magnus ved fleire

⁷⁹³ Ss: 110. Både Skálholtsbok yngsta og Eirspennill har «Eilif orra (æra), son til Klemetz av Granda». Dette har blitt tolka som ein feil for «Gravdal». Flat, har her forstått det som to personar: Eiliv Aresson og Klement av Gravdal. Denne siste opplysninga støttar tolkinga av «Granda» som «Gravdal» i Eirsp. og Ská. Munch støttar seg til Eirspennill (Munch 1941-43 (1855-59): bd. 7, 154).

⁷⁹⁴ Ss: 109. Sjå også Brathetland 2001b.

⁷⁹⁵ Msk: 440; Hkr: 582. Sjå også Brathetland 2002c og Hervik, m. fl. 2006: 60.

⁷⁹⁶ I følge Ss: 30 hadde Orm «frendestyirken» sin i Oppland. Hervik m. fl. tenkjer seg at Orm høyrde heime i Gudbrandsdalen ettersom han seinare åtte jordegods der (Hervik, m. fl. 2006: 53).

⁷⁹⁷ Sjå s. 180 i denne avhandlinga.

⁷⁹⁸ Ss: 123.

høve og deltok på baglarane si side til han døydde i 1198.⁷⁹⁹ I slaget i Bergen i 1181 deltok det også ein Narve Guttormsson, som kan ha vore bror til Hallvard.⁸⁰⁰ I Oppdal sat lendmannen Pål Eiriksson. Han var hos Magnus i Bergen i 1183 og fall der. Pål var truleg bror til Anders Eiriksson, soneson til Gudbrand Kula som Hødnebø meiner visseleg må ha vore ein etterkomar av gudbrandsdalshovdingen ved same namn som var Olav den heilage sin morfar.⁸⁰¹ Lenger sør, på garden Manvik i Brunlanes, sat lendmannen Lodin. Manvik vert rekna som eit gammalt herresete og etterkomarane til Lodin spela ei sentral rolle i rikspolitikken fram til slutten av 1200-talet.⁸⁰² Aust for Folden, i Bohuslän, finn vi lendmennene Simon i Skredsvik og Asbjørn Jonsson frå Tjörn.⁸⁰³ Begge ser ut til å ha hatt ein solid lokal maktposisjon og spela ei sentral rolle hos Magnus, og Asbjørn og Orm kongsbror blir nemnde som blant dei fremste av lendmennene til Magnus som miste livet i slaget ved Fimreite.⁸⁰⁴

Nord for Dovre hadde Magnus mellom andre lendmannen og kongsfrenden Nikolas Skjaldvorsson. Han kom frå den tradisjonsrike garden Steig i Hålogaland, men eigde også jordegods i Trondheim.⁸⁰⁵ Dottera hans var gift med Eirik Arnesson, som også hadde gått Magnus til hande.⁸⁰⁶ På garden Elda i Nord-Trøndelag hadde Magnus ein god alliert i lendmannen Ivar. Dei to sønene hans hadde vorte drepne i kampane mot Håkon Herdebrei.⁸⁰⁷ Lenger nord, i Hålogaland, sat lendmannen Ivar Horte på garden Storfosna,⁸⁰⁸ Vilhjalm på Torgar⁸⁰⁹ og Erling Vidkunsson og sonen Vidkun i Bjarkøy.⁸¹⁰

Omfram dei stormennene som er nemnde ovanfor, som kan knytast til meir eller mindre velkjende storgardar i ulike landsdelar, kjenner vi namnet på eit trettitals

⁷⁹⁹ Ss: 69, 74 og 195.

⁸⁰⁰ Såleis Storm 1884a: 154.

⁸⁰¹ Ss: 122-123. Sjå kommentar i Ss-Bogl-Hø: 142.

⁸⁰² Ss-Bogl-Hø: 140, kommentar.

⁸⁰³ Ss: 69, 71, 108, 117, 122, 125.

⁸⁰⁴ Ss: 125.

⁸⁰⁵ Hkr: 638.

⁸⁰⁶ Fsk: 376-377; Hkr: 638; Ss: 16-18, 90.

⁸⁰⁷ Hkr: 604-605; Ss: 112, 122.

⁸⁰⁸ Ss: 16-19, 41-46.

⁸⁰⁹ Ss: 122.

⁸¹⁰ Erling Vidkunsson er ikkje omtala eksplisitt som Magnus sin lendmann, kun nemnd som far til Vikun (Fsk: 392), men Munch reknar det som sannsynleg at Erling har vore på Magnus si side ettersom sonen Vidkun i 1183 vart kalla inn til kong Magnus for «å motta lendmannsrett slik han hadde byrd til» (Ss: 95: «ok taka af honum lendz mannz rett, sem burdir hans stodu til») (Munch 1941-43 (1855-59), bd. 7: 3). Dette treng ikkje medføre at faren var aktiv lendmann og at han nyleg hadde døydd i 1183, slik Munch antar. Storm reknar også Erling for å vere Magnus sin mann fram til 1182, og meiner det truleg var han som var gissel for Erling jarl og kong Magnus hos kong Valdemar av Danmark i 1170 (Storm 1884a: 153; GD: 14.41.1).

personar som har kjempa på Magnus si side, jf. Tabell 1 i Vedlegg. Nokre av desse er nemnde berre ein gong og gjerne berre med fornamn. Her er det sannsynleg at forfattaren har støtta seg til lister av noko slag og ikkje har hatt særleg mykje informasjon å spe på med. Til saman gir likevel opplysningane vi har inntrykk av at Magnus Erlingsson hadde støtte av ei rekkje av dei mektigaste ættene i landet og kunne stø seg på eit vidfemnande nettverk av lendmenn og stormenn. Dette stør det overordna narrativet i Sverres saga som framhevar overmakta Sverre stod andsynes. Kong Magnus hadde brei støtte mellom elitens menn og det prosopografiske materialet i sagaen understøttar dette. Vi ser også at Magnus Erlingssons maktgrunnlag kviler på Erling jarl, erkebiskopen og frendane hans, samt Orm kongsbror. I så måte skil ikkje Sverre sagas oppfatning av Magnus maktgrunnlag seg særskilt frå Heimkringla og Fagrskinna, jamført skildringane av Magnus og Erlings samband med erkebiskopen før 1177, slik det vart diskutert i førre kapittel. Konklusjonen må altså bli at det er god samsvar mellom det biletet Sverres saga gir av motstandaren Magnus sitt maktgrunnlag i det overordna narrativet og det dei detaljerte personopplysningane i sagaen kan fortelje om kor Magnus henta støtta sin. Men kva fortel det prosopografiske materialet om Sverre sjølv og korleis han bygde opp og utvida maktgrunnlaget sitt?

Kong Sverre Sigurdsson

Sverres saga gir inntrykk av at Sverre handla heilt på eiga initiativ då han kom til landet i 1176, men mykje tyder på at han allereie då omgav seg med eit følge av frendar. Koht tenkjer seg at det første Sverre gjorde då han kom til Bergen var å oppsøkje skyldfolk.⁸¹¹ Likevel ser han ikkje dette som del av Sverres strategi. Det er også semje om at Sverres påståtte rett til trona gjennom blodsband var viktig for å etablere ei legitim kongsmakt.⁸¹² Men korleis gjekk denne koplinga til farsfrendane føre seg og kva medførte desse alliansane? I dette delkapittelet skal vi først sjå på rolla slektningar spela i nettverket til Sverre og dinest korleis den større grupperinga av birkebeinarar var sett saman.

⁸¹¹ Koht 1952: 19.

⁸¹² Ljungqvist 2008: 12, sjå særskilt note 40 for ulike bidrag.

Sverres morsfrendar

Sverres son, Unas, fylgde truleg med Sverre frå Færøyane, saman med fosterfaren Gudlaug Vale.⁸¹³ Frå 1184 har vi opplysningar om ytterlegare tre morsfrendar hos Sverre, Peter Roesson, Peter Støyper⁸¹⁴ og Nikolas Sultan. Peter Roesson var son til biskop Roe på Færøyane og dermed Sverre sin fosterbror. Også han kan tenkast å ha følgt med Sverre frå Færøyane alt i 1176.⁸¹⁵ Når det gjeld Peter Støyper så veit vi at han var dotterson til Gunnhild og Unas.⁸¹⁶ Etter vanleg oppfatning vert Peter rekna for å være færøying, men som Storm har vist, er det meir sannsynleg at han var norsk.⁸¹⁷ Det gjeld også Nikolas Sultan, Sverres morbror.⁸¹⁸ Han ser ut til å hatt ein svært sentral posisjon hos Sverre.⁸¹⁹ I 1187 hadde også Hide, son til Unas og Gunnhild, og Sverres halvbror,⁸²⁰ slutta seg til Sverre, og fem år seinare syskenbarnet Jon. I 1198 deltok

⁸¹³ Gudlaug Vale Stallare var hos Sverre seinast i 1178 (Ss: 33), Sigurd kongsson er ikkje nemnd før i 1181, men følgde truleg Gudlaug til Sverre på eit tidlegare tidspunkt, slik også Bjørge 2004. Sjå Storm 1884b om kong Sverre sitt tilhøve til Astrid Roesdotter. Sjå også Saxo: 14.53.1 om Sigurd kongsson.

⁸¹⁴ Far til Peter Støyper heitte Svina-Stefan (sjå under note 815). Namnelikskapen har fått fleire til å hevde at Peter Støyper er den same som Svina-Peter, som ved fleire høve vert omtala som sveithovding i birkebeinarhæren, sjå td. Ss: 106, 110, 118, 125 og 229. Munch meiner at desse to var brør (Munch 1941-43 (1855-59), bd 7, 112), men det gir lita meining at sagaforfattaren let vere å nemne at så sentrale figurar var brør, eller berre nemner den eine av dei under opplistinga av slekta etter Unas og Gunnhild (Ss: 3). Det mest truverdige er at dette er ein og same person, slik også Krag 2005a: 86.

⁸¹⁵ Slik Koht 1952: 19. I tillegg til Peter Roesson nemner Koht Jon Systrung, samt Svina-Stefan og Svina-Peter. Svina-Stefan var neppe i Sverre sitt følgje. Han er berre nemnd som far til Peter, jf. Ss: 3. Gathorne-Hardy er kritisk til at Sverre skulle hatt følgje med slektningar frå Færøyane i 1176, jf. Gathorne-Hardy 1956: 87, 108.

⁸¹⁶ Ss: 3. Dotter til Unas og Gunnhild var gift med Svina-Stefan. Son deira var Peter Støyper.

⁸¹⁷ Sambandet til Færøyane vart framsett av Munch. Han hevda at tilnamnet 'svin' var ei avleiing av stadnamnet 'Svinøy' – ei av dei nordaustlegaste av Færøyene (Munch 1941-43 (1855-59) bd. 7: 112). Like eins Koht 1952: 19; Gathorne-Hardy 1956: 87; Ss-BogI-Hø: 23, merknad; Krag 2005a: 86. Storm har derimot argumentert overtydande for at den etymologiske koplinga til Færøyane ikkje kan vere riktig. Storm meiner det er mest nærliggande å tru at Svina-Stefan var norsk: «Følgelig kan jeg ikke i noget af disse Tilnavn finde verken noget færøisk eller noget plebejisk. Faderen [Svina-Stefan] gifter seg med en Bergensk Haandværkers Datter, og baade han og hans Familie kjendes kun fra Norge» (Storm 1884b: 271-2).


⁸¹⁸ For Nikolas si tilknytning til Noreg, sjå også Munch 1941-43 (1855-59), bd.7: 53; Gathorne-Hardy 1956: 88.

⁸¹⁹ Han heldt mellom anna tale over grava til Magnus Erlingsson i 1184 (Ss: 127) og fire år seinare vart han teken til fange av kuvlungane i Nidaros. Kuvlungane truga birkebeinarane med at dei ville drepe Nikolas, om dei ikkje gav opp borga i Steinberget. Sveithovdingen som heldt borga torde ikkje anna enn å gi etter for kravet, i frykt for kva kongen ville gjere om Nikolas vart skada (Ss: 143).

⁸²⁰ Ss: 3, 140, 177, 181, 250.

Salmund, endå eit av Sverre sine syskenborn, i birkebeinarflokken.⁸²¹ Alle desse tre fekk sentrale oppgåver i leiinga av birkebeinarhæren utover på 1190-talet.⁸²²

Figur 17: Sverres morsfrendar



Som vi ser av Figur 17 er det grunn til å løfte fram morsfrendane til Sverre som eit vesentleg innslag i nettverket han omgav seg med. Denne frendegruppa hadde røter både på Færøyane og i Noreg.⁸²³ Dei fordeler seg jamt over heile regjeringstida hans, og tyder på at Sverre heldt god kontakt med dette miljøet både før og etter han sikra seg kongsnamn. På bakgrunn av det omfattande sambandet vi har sett mellom elitens medlemmer i Noreg og på Vesterhavsoyene er det ikkje urimeleg at Sverre har hatt god

⁸²¹ Ss: 155, «Ðar var fyrir systrunghur (sic) Suerris kongs er Jon het.» 'Systrungr' tyder barn av mor- eller farssystemer (altså syskenborn), ikkje 'systers barn' slik Gathorne-Hardy tilsynelatande må ha tolka 'systrungr', ettersom han gjer Jon til son til ei av Unas og Gunnhild sine døtre, (Gathorne-Hardy 1956: 88-9). Koht ser ut til å meine at Jon systrungr kan ha vore son til biskop Roe, altså bror til Peter Roesson, jf. Koht 1952: 19, men då skulle han i så fall heite 'Jon brødrung'. Det kan tenkjast at det dreier seg om sonen til ei ukjend syster til Sigurd Munn, men det er heller tvilsamt. Vi står då igjen med at Gunnhild hadde ei eller fleire systere og to systemsøner som heitte Jon og Salmund. Dei kan ha vore brør. Ut i frå eit slikt resonnement må vi også gå ut frå at dei hadde vakse opp i Noreg.

⁸²² Hide er nemnd første gongen i 1187. Han var hærførar for Sverre til han vart drepen av baglarane i Tønsberg i 1197 (Ss: 3, 140, 177, 181 og 250). Jon er berre nemnd i samband med at han heldt ei sveit i Tønsberg under øyskjeggopprøret i 1193 og vart drepen der, men vi må rekne med at han hadde vore hos birkebeinarane i det minste nokre år før det (Ss: 155). Det same gjeld for Salmund som fall i 1198 (Ss: 185-186, 189).

⁸²³ Det har vore diskutert om frendane til Sverre høyrde heime i Noreg eller på Færøyane. Koht har tenkt seg at Sverre sine slektningar på morssida budde i Noreg, nærare bestemt «kringom på Hordaland» (Koht 1952: 9). Storm ser ut til å plassere Gunnhild sin familie lenger nord anten på Sunnmøre eller i Nordfjord (Storm 1876: 97. Sjå også Storm 1884b: 270). Gathorne-Hardy derimot plasserer frendane til Sverre i eit færøysk miljø. Han hevdar at Gunnhild og Unas må ha flytta til Færøyane ein gong på 1160-talet og vorte verande der. Dei høge posisjonane Sverre gav frendane sine seinare viser nettopp at Sverre hadde kontakt med familien under oppveksten på Færøyane, i følgje Gathorne-Hardy (Gathorne-Hardy 1956: 86-88). Gathorne-Hardy overser derimot at fleire av Sverre sine morsfrendar ikkje var etterkomarar av Gunnhild og Unas, men tilhørde Gunnhild sin familie i Noreg. At desse også skal ha blitt med på flyttelasset då Gunnhild gifte seg, er lite sannsynleg.

kjennskap til norske forhold og kontakt med frendane sine i Noreg, også før han kom til landet, og det er grunn til å rekne med at denne frendegruppa utgjorde eit viktig utgangspunkt for Sverre i kampen mot kong Magnus.

Morsfrendane til Sverre skilde seg frå farsfrendane på eit viktig punkt: dei kunne aldri utfordre Sverre og bli potensielle konkurrentar. Deira veg oppover den sosiale rangstigen gjekk via lojaliteten til Sverre, og såleis utgjorde desse frendane eit stabilt element i birkebeinarflokken. Sverre kunne dermed i større grad vere trygg på lojaliteten til morsfrendane, ettersom det var lite sannsynleg at dei hadde nokon sjølvstendig politisk agenda. På farsida derimot fanst der slektningar med makt og ressursar som måtte handterast med varsemd.

Sverres farsfrendar

Sentralt for Sverres maktgrunnlag var spørsmålet om kongeleg byrd. Førestillinga om Sverre som rettmessig arving til Heilag Olav sitt rike er eit gjennomgangstema i Grýla, og det at fleire av medlemmene av kongsslekta aksepterte Sverre som sin frende, og son til kong Sigurd, var utan tvil viktig.⁸²⁴ Utan denne legitimiteten er det tvilsamt om Sverre kunne ha gjennomført det han sette seg føre. Ein aksept frå kongsfrendane betydde likevel ikkje at dei trudde at han var kongsson.⁸²⁵ Det bør heller oppfattast som ein aksept av retten til å kalle seg kongsson, og som eit signal til omverda om at dei godtok at han tok opp kampen mot kong Magnus.

Kven var det så naturleg at Sverre vende seg til av kongsfrendane? I realiteten hadde han ikkje mange å velje mellom. Av etterkomarane til Harald Gille var det berre døtrene som framleis var i live. Maria, som hadde vorte gift med Simon Skalp på Blindheim ein gong på 1150-talet,⁸²⁶ og som hadde mista ein son på grunn av Erling jarl i 1162,⁸²⁷ kunne vore ein naturleg alliert for Sverre, men ho var neppe i live på dette

⁸²⁴ Sverres legitimitet med utgangspunkt i arv er framheva som eit viktig trekk i Sverres kongsidologi, jf. Krag 1997: 80-81; Ljungqvist 2008; Jakobsson 2015.

⁸²⁵ For ein diskusjon om Sverres byrd, sjå Koht 1952: 8; Gathorne-Hardy 1956: 90-93; Lunden 1976: 18-28; Krag 2005a: 83-85.

⁸²⁶ Simon Hallkjellsson Skalp fall på kong Inge si side i slaget mot Håkon Herdebrei i Oslo i 1161, Hkr: 610.

⁸²⁷ Hkr: 618-620. Sjå også s. 168 i denne avhandlinga.

tidspunktet.⁸²⁸ Den andre av Harald sine døtrer, Margret, var gift med Jon Hallkjellsson, bror til Simon. Som vi såg ovanfor var Jon, son hans og brorsøner å finne hos Sverre etter Magnus sin død i 1184, men før dette var ikkje Blindheimsmennene å lite på for Sverre.⁸²⁹ Margret sjølv høyrer vi ingenting om på Sverres tid.

Den siste dottera til Harald Gille veit vi sikkert var i live då Sverre kom til Noreg. Brigida var gift med den svensken jarlen Birger Brosa. Det var dit Sverre søkte i 1177, slik Øystein Møyla hadde gjort før han. Medan Maria og Margret fekk lendmannssøner som ektemenn, hadde dronning Ingerid fått i stand ein allianse mellom Brigida og sin eigen son Magnus frå sitt tidlegare ekteskap med den danske kongssonen Henrik Skadelår. Ekteskapet mellom Brigida og Magnus knytte band mellom dei tre skandinaviske rika: Magnus var både dansk og svensk kongsetling medan Brigida var norsk kongsdotter. Eventuelle born ville kunne gjere arvekrav gjeldande i alle tre rika, men ekteskapet ser ut til å ha vore kort og barnlaust. Magnus vart drepen i 1161, og Brigida vart deretter gift med den svenske jarlen Birger Brosa.⁸³⁰ Birger stod den svenske kong Knut Eriksson nær,⁸³¹ og skulle bli ein svært sentral aktør i striden mellom dei svenske tronkrevjarane i andre halvdel av 1100-talet.

Omfram dei tre døtrene etter Harald Gille fanst det også etterkomarar av Sigurd Munn i live på dette tidspunktet. Dottera Cecilie er den einaste der farskapet ikkje ser ut til å ha vore omstridt. Erling jarl skal ha gifta Cecilie bort til den svenske lagmannen Folkvid i Värmland. Dei hadde sonen Håkon saman.⁸³² Sigurd skal dessutan hatt dottera Helga og sonen Eirik, men ingen av desse ser ut til å ha vore i stand til å yte Sverre noko bistand på dette tidspunktet.⁸³³

Dette betyr i realiteten at det var tre kvinner innan kongsslekta som kunne stø opp under Sverre sitt krav på kongsnamn: Brigida, Cecilie, og Margret. Sverre freista vinne

⁸²⁸ Korkje Maria eller ein ny ektemann er nemnde etter drapet på Nikolas i 1162.

⁸²⁹ Sjå også side s. 169 og 223 i denne avhandlinga.

⁸³⁰ Dei hadde borna Fillippus (seinare jarl hos Sverre), Knut (jarl), Folke, Magnus, Ingegjerd (svensk dronning), Kristin og Margret, Msk: 404; Fsk: 381, 390; Hkr: 586, 637; Ss: 7, 9.

⁸³¹ Birger stod trufast ved kong Knut medan han levde. Han var vitne på ei rekkje brev utferda av kongen der han bar tittelen «svear og götars jarl» (Beckman 1924: 415).

⁸³² Fsk: 390.

⁸³³ Helga hadde ein son, Sigurd, som fekk tilnamnet 'kongsfrende'. Han var hos birkebeinarkongen Håkon Sverresson frå 1202 og døydde på korsferd i 1217 (Bogl-81a: 255-256, 258, 260; HH: 292, 322, 335; Isl. Ann.: IV, V, IX). Eirik kongsson oppsøkte kong Sverre i 1181 og gjennomførte ein jarnburd som prov på farsætta si, sjå elles s. 209 ff. i denne avhandlinga.

tillit hos Brigida og Birger jarl i Götaland først. Det kan hende Sverre allereie var kjend med at dei støtta Øystein Møyla i kampen mot kong Magnus. Det er også tenkjeleg at Sverre på dette tidspunktet var ein utsending for birkebeinarane med oppdrag å skaffe forsyningar eller mannskap. I følge Grýla skal Birger og Brigida ha avvist Sverre av di dei allereie støtta Øystein Møyla. Dei skal dessutan ha vore skeptiske til om Sverre verkeleg var den han gav seg ut for.⁸³⁴ Eit slikt narrativ ville i ettertida ta seg godt ut for både Sverre og Birger jarl. Sverre framstår som uavhengig av birkebeinarane si sak, og driven av eit ønske om å oppfylle det guddommelege oppdraget han er esla til, medan Birger jarl framstår som ein lojal alliert som held sine lovnader og som vaktar saka si vel.

Uvissa som hefta ved Sverre sitt opphav kan ha medført at Birger og Brigida kravde at nokon kunne gå god for Sverre før det vart aktuelt for dei å inngå noko bindande avtale.⁸³⁵ Sverre sin næraste slektning på farssida var halvsystema Cecilie, og Sverre drog dit etter opphaldet hos jarlen.⁸³⁶ Hos Cecilie vart han motteken med stor gjestfridom. Ho synte glede over at han var komen og gav eit gjestebod til ære for bror sin. Ho synte dermed for omverda at ho gjekk god for at han var den han gav seg ut for å vere. For Sverre må det ha vore den viktigaste vinsten han kunne få ut av dette opphaldet. Folkvid lagmann kunne neppe stille slike ressursar til disposisjon som Birger jarl, men ein allianse med Sverre kunne bli innbringande. Sverre hadde fått tiender om at birkebeinarkongen Øystein Møyla hadde falle i eit slag mot kong Magnus like før. Eit nytt kongsemne som ønskte å kalle seg bror til Cecilie kunne være svært nyttig, særskilt om det skulle vise seg at han hadde framgang.

Situasjonen vart no snudd om for Sverre. Slik sagaen ser det var det birkebeinarane og Birger jarl som no pressa på for at Sverre skulle leie den hovdinglause flokken. Sverre sjølv vegra seg. Han meinte dei var for få og fattigslege og han sjølv urøynd og framand for norske tilhøve. Ytterlegare press frå jarlen måtte til, og trugsmål på livet om han ikkje ville vere leiar for flokken.⁸³⁷ Som andre også har peika på, er det

⁸³⁴ Ss: 7-10.

⁸³⁵ Krag 2005a: 96 hevdar at det var Birger som sende Sverre til Värmland for at Cecilie skulle stadfeste at han var bror hennar og dermed kongsson.

⁸³⁶ Ss: 7-8.

⁸³⁷ Ss: 10.

er all grunn til å tru at sagaen overdriv Sverre sin motvilje.⁸³⁸ Den tener openbert til å underbyggje den hagiografiske modellen Grýla er tufta på. Men samstundes bør vi vere opne for at forteljinga om Birger jarl som truga Sverre på livet for å få han til å vere førar for birkebeinarane også inneheld noko sanning. Den fortel sannsynlegvis at alliansen mellom Sverre og den svenske jarlen var reell og viktig for begge partar.

Alliansen mellom Sverre og Birger jarl kopla Sverre til eit nettverk som allereie stod i opposisjon til kong Magnus. Sveriges konge, Knut Eriksson, hadde tatt livet av kong Karl Sverkersson i 1167. Kong Karl og kong Valdemar av Danmark var slektningar og allierte. Magnus Erlingsson og Erling Skakke var som kjent også Valdemars allierte. Kong Knut og Birger jarl ville såleis ha interesse av å stø opposisjonelle i både Noreg og Danmark som kunne utfordre alliansen mellom Magnus, Valdemar og den sverkerske ætta.⁸³⁹ Kong Knut og Birger jarl lova å styrkje Sverres makt alt dei orka. Kva det innebar, fortel ikkje sagaen noko om, men vi må rekne med at det dreia seg om hærfolk, våpen og ein stad å søkje tilflukt om det skulle røyne på. Både Birgers og Folkvids søner fekk sentrale oppgåver i Sverres hird, og i første halvdel av 1190-talet var dei blant Sverres viktigaste hærførarar.⁸⁴⁰ Sverre gifte seg dessutan med kong Knuts syster, eit ytterlegare teikn på at alliansen hadde verdi for begge partar.⁸⁴¹ Men det viktigaste argumentet for at alliansen mellom Sverre og den svenske kongemakta var avgjerande for Sverres maktgrunnlag er skiftet som kom som følge av kong Knuts død. Som vi skal sjå seinare, fall det svenske tronskiftet saman med baglarreisinga i Noreg, og den nye baglarvennlege kong Sverker gav Sverres motstandarar eit heilt nytt handlingsrom.

⁸³⁸ Holm-Olsen 1953: 84 ff.; Bagge 1996: 52 ff.

⁸³⁹ Line 2007: 98-99.

⁸⁴⁰ Filippus er nemnd første gongen i 1192, då han var hærførar for birkebeinarane mot øyskjeggane i Viken. Fem år seinare vart han sendt til Mjøsa for å halde landevernet der, ettersom baglarane var ventandes frå nord. Ein gong før dette tidspunktet har han også blitt utnemnd til jarl. I 1198 var han med kong Sverre i Bergen, og like eins under slaget på Strindfjorden året etter (Ss: 155, 181, 215-219). Håkon Folkvidsson (tilnamn Galen) deltok også i kampane mot øyskjeggane i Viken i 1192-1194. I 1199 var han i Trondheim med ei sveit då baglarane kom dit (Ss: 155, 208). Begge fekk sentrale posisjonar under Håkon Sverresson etter Sverres død i 1202.

⁸⁴¹ Ss: 132.

Birkebeinarane

Skildringar sagaen gir av Sverres støttespelarar den første tida er lite flatterande: dei var fattige, våpenlause og somme endåtil hardt såra. Sverre hadde lite von om at slike karar kunne duge til noko særskilt. Men i ettertida minna Sverre ofte om at dei gamle birkebeinarane hadde vore djerve og modige og kjempa trufast på hans side.⁸⁴² Materialistisk historieskriving har tolka Sverres allianse med birkebeinarane som uttrykk for klassekamp. Bull d.e. meinte til dømes at det var ”åpenbart at [birkebeinerne] her representerte en reaksjon av småfolk mot overklasse.”⁸⁴³ Ein tilsvarande reaksjon ser både han og fleire når det gjeld Sverres forhold til Trøndelag.⁸⁴⁴ Samstundes er det brei semje om at Sverres maktgrunnlag må ha endra seg etterkvart som han vann avgjerande sigrar. Vi skal difor sjå nærare på kven Sverres birkebeinarar var, med utgangspunkt i den sosiale bakgrunnen deira, den regionale tilknytninga og korleis dette endra seg over tid.

Både kjelder og litteratur opererer med eit skilje mellom dei ’gamle’ birkebeinarane og dei ’nye’ som kom til etter at kong Sverre sitt maktgrunnlag vart tryggare. Kong Sverre skal sjølv ved to høve, i 1189 og 1200, ha uttrykt at det var forskjell på dei gamle birkebeinarane og desse som no vart kalla det.⁸⁴⁵ Kvar skiljet har gått mellom dei gamle og dei nye er vanskeleg å seie, men etter orda som vert lagt Sverre i munnen i 1200 var dei ”gamle birkebeinarane, dei som stridde for riket med meg imot kong Magnus”,⁸⁴⁶ altså i perioden 1176-1184. Det skulle elles også vere rimeleg å vente ei endring i oppslutnaden kring Sverre etter at kong Magnus var fallen i frå. 1184 synest såleis å vere eit naturleg skilje. Vidare er det rimeleg å tru at også Erling jarl sitt fall i 1179 kan ha medført ei endring i oppslutnaden kring Sverre, slik både sagaen sjølv og historikarar har hevda.⁸⁴⁷ Vi skal difor sjå nærare på dei gamle birkebeinarane først frå 1177-1179 og dinest frå 1180-1184.

⁸⁴² Ss: 150, 185, 230-31.

⁸⁴³ Bull 1931b: 214.

⁸⁴⁴ Bull 1931b: særleg 211-230; Holmsen 1961: særleg 188-189; 213-242.

⁸⁴⁵ Ss: 150, 185, 230-31.

⁸⁴⁶ Ss: 231, her i omsetjinga til Hkr-Hø: 243.

⁸⁴⁷ I talen Sverre heldt etter slaget på Kalvskinnet i 1179 skal han ha uttalt at «Eit stort tidsskifte har gått for seg» (Ss-Bogl-Hø: 70; Ss: 47) sjå også Koht 1966: 460; Krag 2005a: 72-76, Helle 2009a.

7 menn er namngjevne av birkebeinarane den første tida Sverre var i Noreg fram til og med slaget på Kalvskinnet i 1179, jf. Tabell 2 i vedlegg: dei tre sønene til Gudrun frå Saltnes i Sør-Trøndelag,⁸⁴⁸ Helge Torfinnsson av Snåsa,⁸⁴⁹ ein elles ukjend mann med namn Gudlaug som fostra son til Sverre,⁸⁵⁰ ein prest med namn Ossur⁸⁵¹ og Hjarrande Vida,⁸⁵² ein ukjend kar som skulle kome til å tene Sverre lenge. Dei fire første hadde vore Øystein Møyla sine menn og var, som vi såg i førre kapittel, av gode ætter i Trøndelag.⁸⁵³ Dei tre andre veit vi for lite om til å kunne plassere dei i det sosio-politiske landskapet. Det kan tenkjast at Gudlaug var frå Færøyane ettersom han hadde hand om Sigurd, son til Sverre, som mest truleg var fødd der. At Ossur var prest skulle på denne tida bety at han hadde gått i lære og såleis neppe var heilt utan midlar. Det vesle vi kan trekkje ut av dette, er at grupperinga kring kong Sverre dei første åra har ei tydeleg kopling til Øystein Møyla: dei hadde begge støtte frå ei og same gruppe innan eliten med tilknytning til Trøndelag. Sosialt hørde denne gruppa truleg til sjiktet av stormenn utan lendmannstittel. Etter Erling jarls død i 1179, ser dette ut til å ha endra seg.⁸⁵⁴

I følgje Sverres saga skal Erling jarls fall på Kalvskinnet ha medført eit tidskrifte; mange rike og ættestore menn i Trøndelag søkte no venskapen til Sverre:

No flokka det seg til Sverre mange rike og ættstore menn i Trøndelag, og mange som sat heime, søkte venskapen hans, og han sette mykje si trøyst og trygd til trønderane; for dei hadde allstøtt hatt liten venskap for Erling jarl, såleis som det før er fortalt om usemjer mellom jarlen og trønderane. Frå den tid kalla Sverre jamt Trondheimen for rette heimen sin, og sa at trønderane

⁸⁴⁸ Sønene til Gudrun frå Saltnes, Sigurd, Jon og Vilhjalm, vert nemnde først i Hkr i samband med Øystein Møylas konungstekja i Trøndelag i 1176 (Hkr: 639). Sigurd blir dinest nemnd som ein av Sverre sine menn på ferda i Hjemtland (Ss:16), og dinest finn vi alle tre brørne hos Sverre under slaget ved Hatthamaren, i 1178, der dei miste livet alle tre (Ss: 35).

⁸⁴⁹ Helge og faren, Torfinn, gjekk Øystein Møyla til hande i 1176 i Nidaros (Fsk: 378). Torfinn fall året etter på Re (Hkr: 640), medan Helge vart ein av Sverre sine menn (Ss: 46). Han er nemnd i samband med slaget på Kalvskinnet i 1179 (Ss: 84) og i Trondheim, 1182 (Ss: 87). Sidan høyrer vi ikkje noko til han.

⁸⁵⁰ Gudlaug var stallare hos Sverre Sigurdsson og fosterfar til Sverre sin son, Sigurd Lavard. Gudlaug er nemnd første gongen i 1178. Han var då med i slaget under Hatthamaren. Sidan finn vi han regelmessig i Sverres følgje fram til hausten 1181. Han ser ut til å ha vore ein sentral hærførar og tiltrudd mann hos Sverre. Han vart teken til fange og drepen av Magnus Erlingssons menn i Nidaros, 1181 (Ss: 33, 35-36, 41, 56, 58, 69, 70, 83).

⁸⁵¹ Nemnd i samband med birkebeinarane i Trondheim, 1179, og slaget på Kalvskinnet same år, der han skal ha kome i nærkamp med Erling jarl, og fått ei stor sårflenge i andletet (Ss.: 45-46).

⁸⁵² Nemnd ved to høve: første gongen saman med birkebeinarane i Trondheim i 1179 (Ss: 46). Andre gongen som sveithovding til forsvar mot øyskjeggane i Borg, 1192 (Ss: 155).

⁸⁵³ Jf. denne avhandlinga s. 173.

⁸⁵⁴ Slik også Lunden 1987: 52.

var dei kjæraste for han av alt landsfolket; det hadde dei vore, sa han òg, for far hans, kong Sigurd, og bror hans, kong Håkon, og dei hadde jamt tent under same skjoldet.⁸⁵⁵

Utdraget over hevdar at det var særleg trøndarane Sverre sette sin lit til og som no flokka seg til han etter Erlings død. Undersøkinga av namneopplysingane i sagaen understøttar dette. Frå 1179-1184 nemner sagaen 23 personar som Sverres følgjesmenn, jf. Tabell 3 i vedlegg, og av dei 12 personane som med rimeleg truverde er råd å plassere geografisk høyrer 8 heime i Trøndelag. Utdraget nemner også at mange av desse rike og ættestore mennene frå Trøndelag hadde før sete heime, altså ikkje delteke i stridane, men no, etter at Erling var død, sette Sverre sin lit til desse ettersom dei støtt hadde hatt lite til overs for Erling jarl. Så blir det referert til ”såleis som det før er fortalt om usemjer mellom jarlen og trønderane.”⁸⁵⁶ Dette ser ut til å vise attende til misnøyen frå trønderske stormenn mot erkebiskopen og Erlings styre i 1160-åra som vart diskutert i førre kapittel.⁸⁵⁷ Sagaen knyter såleis Sverres tilsig av folk etter 1179 til ei spesifikk gruppe stormenn frå Trøndelag motivert av misnøye mot Erling Skakkes styre. Men korleis ser dette ut når vi ser på dei konkrete opplysningane vi har om kven som slutta seg til Sverre etter 1179? Finn vi spor etter eit gamalt trøndersk nag som Sverre kunne utnytte?

Ein av dei som slutta seg til Sverre etter Erlings fall var Bård Guttormsson av Reinsætta.⁸⁵⁸ Munch meinte at Bård overtok farsgarden ein gong før 1163, men slutta

⁸⁵⁵ Ss-Bogl-Hø: 75-76; Ss: 52: «Drifu þa til Suerris margir audgir menn ok ættgodir j Þrændaløgum, ok margir wingauduzz til hans, þeir er hæima satu. Fal hann þa miog traust sitt wndir Þrændi, þuiat þeir höfdu alla stund werit litt wingader widr Erling jarll ok hans rike, sem fyrr war skrifuth frasaugn wm skipte þaw, er Erlingr jarll átte wit Þrænndr. Suerer kongr kalladi hæimeli sitt jafnan jÞrandheime. Sidan giorde hann ser Þrænndr kærsta allra landzmannna ok sagdi jafnan, er hann taladi, huersu traustir winir Þrændir höfdu werith Sigurde konge, födr hans, edr Hakone konge, brodr hans, edr Eysteine Birkebeine ok höfdu jafnan þionad wndir hinn sama skiolld.»

⁸⁵⁶ Ss: 52; her i omsetjinga til Hkr-Hø: 76.

⁸⁵⁷ Koht tenkjer seg at refereansen til Erling jarls konflikt med trønderane må vere eit seinare tillegg og basere seg på det som er fortalt om dette i Fsk og Hkr (Ss-Bogl-Hø: 76, kommentar). Det er slett ikkje naudsynt. Ss fortel om denne konflikt allereie i kap. 3 (Ss: 4): «jarll war rikur ok vitur ok harddradr ok sigursæll, ok woru þat landrad, er hann war. Aufundarmenn atte hann marga, bædi rika ok orika, ok war þat mest j Þrændaløghum».

⁸⁵⁸ Bård Guttormsson blir nemnd blant Sverres lendmenn først i 1181, i Bergen (Ss: 60) og deretter Orkdalen, der han tok inn på garden Gjølme der Cecilia kongsdotter heldt til. Der vart dei truleg verande til over jul (Ss: 84-88). To år seinare var Bård i Trondheim då dei vart overraske av kong Magnus og hæren hans, og flykta inn i Orkdalen. Der møtte dei Sverre som kom sørfrå. Dei lasta Bård og mennene hans for feig framferd. Betre vart det året etter. Då vart Bård med fleire sendt for å hamle opp med Vidkun Erlingsson som hadde rusta seg mot Sverre nordpå. Dei drap Vidkun og fekk mykje gods med seg til kong Sverre som oppheld seg i Trondheim. Av dette tiltaket hausta dei mykje ros. I 1184 fekk Bård såleis løn for strevet då han fekk Cecilie kongsdotter til ekte. Dei fekk sonen Inge, som seinare vart konge. Bård døydde etter slaget mot øyskjeggane i Florvåg i 1194, truleg som følgje av stridssår.

seg til kong Sverre først etter slaget på Kalvskinnet.⁸⁵⁹ Som vi såg i førre kapittel hadde fleire medlemmer av Reinsætta markert seg som sentrale støttespelarar til kong Sigurd Haraldsson og seinare Håkon Herdebrei.⁸⁶⁰ Bård hadde dessutan fleire mågar som markerte sin opposisjon til kong Inge og seinare kong Magnus. Frirek Køna, som Erling Skakke tok livet av i 1164, var Bårds svoger.⁸⁶¹ Dessutan var svigerfar til Bård mest sannsynleg den biskop Pål som Håkon Herdebrei hadde innsett i Bergen, og som vart driven frå embete sitt av kong Inge.⁸⁶² Det hadde såleis eksistert ein viss opposisjon mot kong Inge og Erling jarl frå Reinsætta i fleire tiår, då Bård valde å alliere seg med kong Sverre. Guttorm på Rein og sonen Bård var truleg ein av dei som hadde valt å «sitje heime», for å unngå ein direkte konfrontasjon med Erling. Jarlens fall i 1179 endra situasjonen, og det opa seg utsikter til å hemne den uretten slektsmedlemmene hadde opplevd, og høve til på nytt å få spele ei sentral rolle i rikspolitikken. Vi kan tenkje oss at dette har motivert Bård til å engasjere seg på Sverre si side, trass i at familiens historie hadde vist at slikt kunne vere risikabelt.

For Sverre har nok Bård ha vore ein kjærkomen støttespelar i kampen mot kong Magnus. Reinsætta hadde ein solid maktbase i Trøndelag, og vi ser at Bård raskt fekk ein svært sentral posisjon i birkebeinarflokken.⁸⁶³ Ein annan trøndar av god lendmannsætt som er å finne blant Sverres menn etter 1179, er Ulv Fly, ein etterkomar av Ulv Stallare på Giske.⁸⁶⁴ Far til Ulv Fly var Peter Sauda-Ulvsson, ein av kong Sigurd Haraldsson sine næraste rådgjevarar i andre halvdel av 1130-åra.⁸⁶⁵ Ulvs syster, Sigrid, var gift med Brynjolv Bårdsson, son til Bård Brynjolvsson Standale. Bård hadde også stått i opposisjon til kongane Inge og Magnus, og var mellom anna sentral i dei løynlege tingingane med danskekongen som fann stad i Trøndelag i 1165.⁸⁶⁶ I opposisjonen til kong Magnus og Erling i desse åra finn vi også Sigurd jarl frå Rør, i Oppland, sentral

⁸⁵⁹ Munch 1941-43 (1855-59) bd. 7: 4 og 100.

⁸⁶⁰ Sjå denne avhandlinga s. 164 og s. 170.

⁸⁶¹ Fsk: 388.

⁸⁶² *Arnmødlingatal* opplyser at «Barðr Guðorms sunr fecc fyrst Ulfilldar dottor Pals biscups. en þar nest Ceciliu dottor Sigurðar konongs» (Fsk: 389). Av dette er det nærliggande å slutte at det dreier seg om Pål, biskop i Bergen frå 1156/7 – 1170.

⁸⁶³ Slik også Lunden 1987: 51.

⁸⁶⁴ Ss: 64-65, 69, 105, 134.

⁸⁶⁵ Fsk : 391; også kalla Peter Byrdesvein, jf. ovanfor s. 152.

⁸⁶⁶ Hkr: 632. Sjå også denne avhandlinga s. 170.

under Håkon Herdebrei og leiar for flokken til den mindreårige kong Sigurd Markusfostre.⁸⁶⁷ Sigurd sin son, Håvard, er å finne hos Sverre frå 1181.⁸⁶⁸ Alle desse tre: Bård Guttormsson, Ulv fly og Håvard jarlsson, kom altså frå mektige slekter i Trøndelag som hadde vore engasjerte i kampane mot kong Magnus i ei årrekkje. Sverre fekk altså støtte ikkje berre frå dei tidlegare birkebeinarane som i 1177 stod hovdinglause etter Øystein Møyla sitt fall, men også frå stormenn frå slekter som på ulike måtar hadde engasjert seg i kampen mot kong Magnus og Erling jarl på eit tidlegare tidspunkt. Desse søkte no til Sverre etter Erling jarl sitt fall. Det ser med andre ord ut til at striden hadde festa seg på ein slik måte at desse hadde lita von om, eller ønskje om, forsoning med Erling jarl og kong Magnus. Med Erling borte stod Magnus svakare enn tidlegare, og risikoen for å mislukkast må ha vore monaleg redusert for stormennene som til no hadde vore avventande motstandarar av kong Magnus.

Dei resterande 20 mennene som slo lag med Sverre etter 1179, er det vanskelegare å plassere sosialt. Ulv frå Lauvnes i Trøndelag vart kalla ”torparson” av ein av kong Magnus sine lendmenn,⁸⁶⁹ og fleire har tolka dette bokstavleg som at Ulv kom frå fattige kår.⁸⁷⁰ Det er ikkje sikkert vi skal lite på sagaen her. Det er venteleg at partane ikkje var særleg rosande i omtalen av kvarandre framføre eit slag og tydde til overdrivingar og jamvel løgn for å sverte motparten. I følgje *Profectio Danorum in Hierosierosolymam* (*Danenes ferd til Jerusalem*) var Ulv frå Lauvnes ein av hovdingane for ei korsferd til Jerusalem i 1191, og der blir det gitt uttrykk for at han kom frå gode kår.⁸⁷¹

⁸⁶⁷ Sjå s. 170. Sjå også Brathetland 2001a; Brathetland 2004b; Brathetland 2004a.

⁸⁶⁸ Håvard Sigurdsson jarlsson er nemnd hos kong Sverre første gongen i 1181, då han var mellom mennene som kong Sverre rådførte seg med i Skjelsbusundet. På Håvards råd valde dei å vike unna Magnus, men dei kom seg ikkje unna i tide. Seinare same året var Håvard med i slaget utanfor Nordnes i Bergen, og like eins 3 år seinare i Norefjorden. Etter å ha sigra over kong Magnus i dette slaget, reiste dei til Bergen, der Håvard talte til tingforsamlinga på kongen sine vegner. I 1189 døydde Håvard, utan at vi veit noko meir om omstenda kring dødsfallet (Ss: 64, 69, 105, 129 og 146).

⁸⁶⁹ Ss: 118. Ulv av Lauvnes var birkebeinhovding og aktiv mellom 1180 og 1187. I dette tidsrommet er han ofte å finne mellom dei fremste hærførarane til kong Sverre, såleis på Ilevollane i 1180, Skjelbusundet og Bergen 1181, samt Norefjorden 1184. I 1185 og 1187 hadde han kommandoen åleine over ein del av styrken til kong Sverre.

⁸⁷⁰ Munch 1941-43 (1855-59) bd. 7, s. 99, n. 2 og 160, n. 1 nemner Ulv som døme på «Eventyrere av de lavere klasser». Koht 1952: 36-37: «[Ulv] var av plassefolk eller i det høgaste av småbonde-ætt.» Kåre Lunden plasserer Ulv i eit sosialt mellomsjikt utan å argumentere særskilt for dette, jf Lunden 1987: 52. Sjå også Jansen 1975 og Helle 2005.

⁸⁷¹ Prof.Dan: 112 fortel om Ulv at han var «en navngjeten og kyndig mann. Han var vel utlært i bruk av våpen og rask til å gripe til dem, kjent med forskjellige slags havner og farvann og var etter flere tokter en dyktig og

Ein annan i denne gruppa er Øyolv Avlesson. Også han hørde heime i Trøndelag, nærare bestemt på garden Åstan i Orkdalen. Far hans, Avle, vert sagt å vere av bondeætt, men nokon *fattig* bonde var han neppe. Øyolv var fleire gonger hærførar for orkdalssveiter, og i 1200 var det mest truleg han som forhandla med bøndene i Orkdalen om å stille ein fylking derifrå til disposisjon for kong Sverre.⁸⁷² Det kan sjølvsagt tenkjast at Øyolv sin posisjon i lokalsamfunnet var eit resultat av at han i lengre tid hadde gjort teneste hos kong Sverre, men allereie i 1180 hadde kong Magnus vore så ivrig etter å få Øyolv til å forlate Sverre at han freista å tvinge han til det ved å ta far hans, Avle, til fange.⁸⁷³

Kol Isaksson er ein annan som er nemnd som ein av Sverre sine hærførarar mellom 1179 og 1184. Munch vil ha det til at Kol var ”af ringe Herkomst”, kanskje endåtil husmann,⁸⁷⁴ og Koht plasserer han også i gruppa av ”folk utan ætt” frå det lågare sosiale sjiktet.⁸⁷⁵ Meir sannsynleg var han i slekt med Ragnvald orknøyjarl,⁸⁷⁶ og hørde heime på Fosna på Ørlandet, ein storgard i mellomalderen.⁸⁷⁷ Heller ikkje han ser altså

erfaren sjømann.» Vanlege bønder fekk vanlegvis ikkje opplæring i bruk av våpen og høvisk framferd. Rike bondesøner kunne nok få slik opplæring, særskilt om familien hadde ambisjonar om å skaffe lendmannsombod til ein av sønene sine. Det kan sjølvsagt tenkjast at dette var kunnskapar Ulv hadde tileigna seg etter at han kom i hæren til kong Sverre, men både utdraget av *Profectio* over og andre utsegn i same skildringa gir eit inntrykk av at Ulv hadde erfaring frå liknande ferder som den desse korsfararane la ut på, og hadde sigla mykje i farlege farvatn.

⁸⁷² Ss: 221.

⁸⁷³ Øyolv Avlesson var ein mann med lang karriere i birkebeinarhæren. Han er nemnd fyrste gongen som Sverre sin hirdmann i Trondheim, 1180. Kong Magnus var tydeleg oppteken av å få Øyolv over i baglarhæren, og freista å få det til ved tvang. Han tok Øyolv sin far, Avle, til fange og ville drepe han om ikkje Øyolv ville gå han til hande. Sverre svara med same taktikk og truga med å drepe fedrene til tre av Magnus sine menn. Prisen Sverre sette for Avle var høg. Ein av baglarane han tok til fange vart sagt å vera baglarane sine «alla bezztu menn» (Ss: 206). Magnus gav seg (Ss: 54), og etter dette var Øyolv stadig å finne i birkebeinhæren. Øyolv kom frå garden Åstan i Orkdalen, og var fleire gonger hærførar for Orkdølingar, m.a. i 1200. Kong Magnus tok seinare hemn ved å hogge ned buskapen til Avle heime på garden Åstan, Ss: 84. Eit vers av Bjarne Kalvsson peikar også mot at Øyolv var av høg byrd. Etter å ha vorte angripne av baglarar i Nidaros tok Øyolv Avlesson, Ottar Knerra og Bård Guttormsson kongsvegen over Dovrefjell. Der møtte dei kong Sverre med ei sveit. Kongen sine menn heldt ap med dei, og ville ikkje la dei ride. Bjarne dikta då eit vers der det mellom anna vert sagt at «lendmenn lyt gange. Hirdmenn må hoppe og springe (..) men tenarar no får ride». Ss.: 89, her i omsetjing frå Ss-BogI-Hø: 108

⁸⁷⁴ Munch 1941-43 (1855-59) bd. 7: 128, n. 2. Denne slutninga er teke på urimeleg grunnlag: Munch sluttar at Ivar Horte var «Herre til Storfosen» av di det låg eit lasteskip som tilhøydde Ivar der i 1177. Dersom Kol også skal plasserast der, meiner Munch han må ha vore husmannen til Ivar. Men Munch har oversett at Ivar Horte døydde i 1179, og tidsmessig høver det såleis svært godt at Kol overtok som herre til Fosna.

⁸⁷⁵ Koht 1952: 36.

⁸⁷⁶ Kohl Isaksson var truleg barnebarn til den Kol Isaksson som var Ragnvald jarls syskenbarn, jf. Os: 89 og 135 n. Slik også Tjersland 1937: 123. Sjå dessutan s. 109 i denne avhandlinga.

⁸⁷⁷ Isak, far til Kol, vert kalla «Jsak j Folkskn» i Skálholtsbok yngsta. Dette vert vanlegvis tolka som Storfosna, slik m.a. Ss-BogI-Hø: 101, merknad.

ut til å ha kome ”ifrå underlaget i samfunnet”.⁸⁷⁸ I tillegg til desse tre birkebeinarane, som vi har sett etter alt å dømme kom frå velstående familiar i Trøndelag, opplyser Sverres saga at dei sju birkebeinarane som drukna i Randsfjorden i februar 1182 alle var ”høgvørde karar”, tre av dei er namngitte.⁸⁷⁹

I sum var altså 9 av dei 23 namngitte mennene vi finn hos kong Sverre mellom 1179 og 1184 stormenn, eller velstående bønder, og tre av dei var frå kjende lendmannsætter. Ein stor del høyrde altså til det vi kan kalle øvre lag av bondesamfunnet, og Trøndelag ser ut til å ha vore eit kjerneområde for rekruttering til birkebeinhæren. Støtta Sverre fekk frå Trøndelag gir såleis ikkje grunn til å sjå dette som ein regions sosiale kamp mot eit godseigararistokrati. Såleis er undersøkinga på line med nyare bidrag til denne debatten, som har kritisert den materialistiske historieskrivinga sitt syn på kong Sverres maktgrunnlag. Lunden har eksplisitt avvist at Sverres kamp skulle handle om sosiale motsetnader, og finn ikkje «noe nevneverdig element av klassereisning i Sverres kamper mot dem som satt med makten.»⁸⁸⁰ Bagge held også fast på at konfliktane i all hovudsak vart utkjempa mellom grupperingar i eliten, også under Sverre: «As for the more general composition of Sverre’s faction, we can safely exclude the possibility that he led a broad popular uprising against the old aristocracy.»⁸⁸¹ Eit slikt standpunkt inneber likevel ikkje ei avvising av at Sverre trakk tilhengjarar frå lågare samfunnslag, men desse var marginale og hadde lita gjennomslagskraft.

55 personar er nemnde i kong Sverre sitt følge frå 1184, etter slaget i Norefjorden, til kongen døydd i 1202, jf. Tabell 4 i vedlegg.⁸⁸² Opplysningane vi har om denne gruppa av birkebeinarane er magre. I mange tilfelle er personane berre nemnde ved eit høve eller berre ved fornamn, eventuelt også tilnamn. Det er likevel klart at vi her får innblikk i leiarskapet i birkebeinflokken. 5 av nykomarane etter 1184 bar

⁸⁷⁸ Koht 1952: 36.

⁸⁷⁹ Ss: 86: «allir agætir». Dei tre som er namngitte av dei omkomne er Jon skutelsvein, Hallvard Lepp Sunnivasson og Ogmund Hallsteinsson.

⁸⁸⁰ Lunden 1976: 53.

⁸⁸¹ Bagge 1999a: 307. Sjå også Bagge 1986: 17-18; Bagge 2010: 51.

⁸⁸² Denne gruppa omfattar personar som opptrår i kongen eller birkebeinarfølgjet i det aktuelle tidsrommet eller har eit kongsombod som td. systemann, lendmann, eller merkesmann. Kvinnelege slektingar eller andre som ikkje direkte deltok i hendingane i sagaen er ikkje teke med her.

lendmannstittel,⁸⁸³ 12 var systemenn,⁸⁸⁴ og ytterlegare 13 blir omtala som sveitehovdingar eller hærførarar.⁸⁸⁵ Til saman utgjer dette 32 personar, eller godt over halvparten av dei som blir omtala som Sverres menn etter 1184. Lendmennene er dei som er lettast å plassere i det sosio-politiske landskapet. Her finn vi Gregorius og Hallkjell Jonsson, søner av Jon Hallkjellsson av Blindheimsætta på Nordmøre, samt ein Øystein Ragnvaldsson som truleg var brorson til Gregorius og Hallkjell Jonssøner.⁸⁸⁶ Det er verdt å merke seg at Blindheimsmennene tidlegare hadde vore hos kong Magnus, men altså valde å skifte side ein gong etter 1184. I 1193 slo dei seg saman med øyskjeggane i eit opprør mot Sverre.

Omframt lendmennene frå Blindheimsætta finn vi også Sigurd av Mostad hos kong Sverre seinast 1197. Han høyrde heime i Trøndelag og var hærførar for ei møresveit saman med Øystein Ragnvaldsson i 1197.⁸⁸⁷ Til slutt har vi Åle Hallvardsson, lendmann frå seinast 1200. Han kan ha vore son til birkebeinaren Hallvard Sunnivasson Lepp, som fall i 1182.⁸⁸⁸ I så fall er det rimeleg at han fekk lendmannstittel på dette tidspunktet, sjølv om det ikkje går fram av kjeldematerialet før på eit seinare tidspunkt.

Samla sett utgjer dette eit magert tilskot til dei 10 personane som eksplisitt blir nemnde som lendmenn frå heile styringstida til kong Sverre. Dette gir inntrykk av at talet på lendmenn har vore stabilt gjennom heile regjeringstida til kong Sverre og mykje lågare enn det har vore vanleg å rekne.⁸⁸⁹ Opplysningane i sagalitteraturen om denne

⁸⁸³ Hallkjell Jonsson, Gregorius Jonsson, Øystein Ragnvaldsson og Sigurd av Mostad, jf. Tabell 4 i vedlegg.

⁸⁸⁴ Benedikt, Peter Lukasbror, Tore Dåra, Einar Lygra, Tore Kråk, Torgils, Torgils, Simon Skerpla, Askjell Tyssa, Einar kongsmåg, Dagfinn Bonde, jf. Tabell 4 i vedlegg.

⁸⁸⁵ Eirik av Hå, Ivar Klemetsson, Helge Bring (merkesmann), Atle Skalme (gjestehovding), Hallvard Bratte, Sigurd Borgarklett, Nikolas av Vestnes, Dyre av Gimsan, Pål Belte, Arne Skadered, Jon Stål, Sigvalde Karl, Gunnar Grynabak. Jf. Tabell 4 i vedlegg.

⁸⁸⁶ Hallkjell og Gregorius hadde ein bror som heitte Ragnvald (Fsk: 388; Ss: 100, 122). Øystein var dessutan hærførar for ei møresveit under eit slag i Oslo i 1197. At han i tillegg vert omtala som lendmann peikar ytterlegare mot denne ætta (Ss: 173). Det er mogeleg at Brynjolv Ragnvaldsson, som fall i eit slag i Trondheim i 1186 var bror til Øystein (Ss: 138). Sjå også Storm 1884a: 159.

⁸⁸⁷ Ss: 173, 177. Mostad vert vanlegvis plassert i Strinda eller Frosta, jf. Ss-Bogl-Hø: 193, kommentar.

⁸⁸⁸ Noko prov for dette har vi ikkje. Patronymikonet Hallvardsson gir oss to moglegheitir innan birkebeinhæren: Hallvard Sigurdsson Lepp (sjå ovanfor s. 198) og Hallard skygna. Sistnemnde vert ikkje omtala før år 1200 då han vart drepen i Trondheim, der det også blir nemnd at han var bror til den seinare erkebiskop Guttorm (Ss: 220). Begge desse kan såleis ha hatt ætt til å smykke seg med lendmannstittel.

⁸⁸⁹ Fleire har freista talfeste storleiken på lendmannsgruppa på grunnlag av opplysningar vi har frå dei narrative kjeldene, men resultatene er svært sprikande. Munch meinte at lendmannsgruppa talde om lag 120 personar til ei kvar tid (Munch 1941-43 (1855-59), bd. 6: 391), medan Storm – som har utført den grundigaste analysen – kom til eit mykje lågare tal (Storm 1884a: 129-188) Han meinte at det knappast var fleire enn 20-30 lendmenn i riket samstundes. Sjølv om talet gjekk litt ned under Sverre, finn han ikkje noko dramatisk i dette. Talet på lendmenn tok seg raskt opp att ettersom dei gamle ættene søkte til Sverre og ettermennene hans då

typen utmerkingar er likevel for tilfeldig til at det gir noko reelt grunnlag for å talfeste omfanget av denne institusjonen. Det vi tryggare kan uttale oss om er at Sverre har stødd seg til eit lite utval etablerte slekter i rekrutteringa av lendmenn, i tråd med det etablerte mønsteret. Når han har hatt høve til å knytte til seg lendbårne menn har dei også fått lendmannsnamn i hans hird.

Systemennene til Sverre ser derimot ut til å ha litt annan bakgrunn. Fleirtalet av dei har korskje patro- eller matronymikon og berre tre blir knytt til stadnamn.⁸⁹⁰ Dei var menn som elles er ukjende og som dukkar opp i sagaen av di dei vart offer for baglarane sine åtak i distrikta. Dei som fekk halde sine sysler i fred høyrer vi ikkje noko om. Det kan også tenkjast at andre av dei namngjevne birkebeinarane var systemenn utan at kjeldene opplyser om dette. Men tre av systemennene til Sverre var av eit anna kaliber. Einar kongsmåg, som var gift med Sverres dotter Cecilie, Jon Stål og Dagfinn Bonde var systemenn mot slutten av Sverres levetid, kring år 1200.⁸⁹¹ Dette var menn med høg status som vi så vidt glimtar under Sverres kommando. Dei fekk alle sentrale posisjonar i birkebeinarstyret etter Sverres død.⁸⁹²

Krag har hevda at «[s]ysselmennene til Sverre ble naturleg nok tatt fra kretsen rundt kongen og gjerne plassert på andre stader enn der de kom fra.»⁸⁹³ Det vesle kjeldene fortel om Sverre sine systemenn passar ikkje heilt med dette. Med unnatak av dei tre sistnemnde, er Sverres systemenn ukjende menn som ser ut til å ha vorte rekrutterte frå dei områda dei heldt sysler. Peter Lukasbror frå Åmord var vikkværing og møtte sin bane i Viken.⁸⁹⁴ Det gjorde også Olav Smørkoll. Einar Lygra var vestlending

sigeren var vunne for Sverreætta (Storm 1884a: 184-185). Hertzberg sette talet på lendmenn dobbelt så høgt som Storm; mellom 60 og 70 (Hertzberg 1869: 98). Seinare, i ein opposisjon til Storm, nærmar han seg Munch si talfesting og hevdar eit tal opp mot 120 lendmenn (Hertzberg & Bugge 1915: 113 ff.) Moderne historikarar synest å vere samde om at talet på lendmenn på 1100-talet kan ha lege i overkant av Storm sine utrekningar (Helle 1974: 74-75).

⁸⁹⁰ Sjå note 884 over. Einar Lygra, Peter Lukasbror i Åmord og Olav Smørkoll i Var er kopla til stadnamn. Lygra kan referere til ei øy med same namn i Nordhordland og kan i så fall bety at denne Einar høyrde heime desse traktene (jf. Ss-BogI-Hø: 191, merknad). Åmord er gamalt namn på Borge herad i Østfold. Var ligg anten i Stokke i Vestfold eller Rygge i Østfold (Ss-BogI-Hø: 235, merknad).

⁸⁹¹ Jon Stål vart lendmann i 1217 og etterkomarane hans eigde garden Kvåle i Sogndal. (Ss: 247, 249; sjå også Koht 1913: 194 og Ss-BogI-Hø: 258.)

⁸⁹² Alle tre er nemnde ved fleire høve i samband med riksmøter i første halvdel av 1200-talet, sjå Helle 1972: indeks.

⁸⁹³ Krag 2000: 123.

⁸⁹⁴ Ss: 222.

og fekk banen sin der då baglarar drap han.⁸⁹⁵ Det er såleis ingenting her som tyder på at Sverre rekrutterte desse frå sin næraste krins og at dei planmessig vart plasserte i områder dei ikkje høyrde heime i. Det er såleis mogeleg vi ser to typar systemenn under Sverre, og at dette signaliserer at systemmannsombodet var i endring. Det fullt utvikla systemmannsombodet som vi ser i andre halvdel av 1200-talet erstatta årsmannen og lendmannens funksjonar på lokalplanet.⁸⁹⁶ På Sverres tid fungerte dei på sida av lendmennene, først og fremst som kongstenarar i distrikta, slik årsmennene hadde gjort tidlegare, men gradvis fekk dei meir og meir militær kontroll i sine områder. Sverres systemenn gir oss eit glimt av denne utviklinga, men det er først eit stykke ut på 1200-talet at vi ser systemet fullt utvikla.

Omframnt lendmennene og systemennene til kong Sverre finn vi ei stor gruppe personar som hadde ulike funksjonar i birkebeinhæren. Dei var i første rekkje sveithovdingar, men enkelte hadde også andre særskilte oppgåver i hæren, som til dømes berarar av kongen sitt merke. Ein del av desse kan også plasserast rimeleg sikkert geografisk. Vi har Eirik frå Hå på Jæren,⁸⁹⁷ Skjegge på Egga i Børsa,⁸⁹⁸ Dyre av Gimsan i Gauldalen,⁸⁹⁹ Pål Belte, truleg frå Fron i Oppland,⁹⁰⁰ Gunnar Grynbak frå Trøndelag⁹⁰¹ og Nikolas av Vestnes frå Romsdalen.⁹⁰²

Jamført med dei gamle birkebeinarane, finn vi etter 1184 framleis ei lita gruppe lendmenn sentralt kring kongen, samt ei større gruppe hærførarar og systemenn og andre rekrutterte frå det øvste sjiktet av bønder. Geografisk får vi, som ventande er, ei større spreiding enn tidlegare. Trøndelag er framleis dominerande, men vi finn eit større innslag av stormenn også frå andre landsdelar. Det er såleis ei monaleg overdriving når Koht

⁸⁹⁵ Ss: 171.

⁸⁹⁶ Systemmannsombodet vert gjerne datert til andre halvdel av 1100-talet, sjølv om sagatradisjonen nemner systemenn også tidlegare. Dateringa skuldast at ombodet først no framstår som ein landsomfattande institusjon og at lovene først nemner systemmannen frå Magnus Erlingssons tid, jf. Helle 1974: 206-208; Andersen 1972: 651-652.

⁸⁹⁷ Ss: 182, 215.

⁸⁹⁸ Ss: 183.

⁸⁹⁹ Ss: 221.

⁹⁰⁰ Ss: 224-225.

⁹⁰¹ Ss: 204-205. Gunnar er den første kongelege utnemnde lagmann vi kjenner til. Han høyrde heime i Trøndelag og var i teneste hos Håkon Håkonsson. Han var far til Einar Smørbak, erkebiskop i 1254. Gunnar døyde i 1232. (Ss-Bogl-Hø: 220, kommentar).

⁹⁰² Ss: 168-170, 186-187, 189. Vestnes, gard i Romsdal, sjå kommentar i Ss-Bogl-Hø: 188.

hevdar at ”[g]år ein igjennom namna på dei birkebeinarane som vert nemnt i Sverresoga, så finn ein at alle dei som det vert oppgjevi heimstad for var i frå Trøndelag”.⁹⁰³

At Trøndelag er så dominerande, særskilt i starten, må primært skuldast at striden hadde fått røte seg i motsetnader mellom to nettverk av stormenn som over lengre tid hadde kjempa om makta. Dette kunne Sverre ta fordel av og byggje vidare på. Stormennene hadde interesse av å delta i kampen om inntekter frå kongelege og geistlege embete, men dei hadde også interesser knytt til forvaltning av private ressursar i lokalområda. Det er såleis ikkje underleg at nettverk som er så stabile som i dette tilfellet får lét av eit landskap der mange av aktørane har private interesser. Ekteskapsalliansar var også med på å styrke og stabilisere Sverres nettverk. Etter 1184 fekk Sverre truleg tilgang til store ressursar gjennom konfiskering av jordegods frå kong Magnus og stormenn som hadde støtta den falne kongen. Mellom desse motstandarane var der også kongsfrendar, og Sverre nytta høvet til å skaffe dei mest trufaste hærførarane sine gode ekteskapsavtalar. Ekteskapet mellom Cecilie og Bård Guttormsson er eit av fleire døme på at Sverre nytta ekteskap med kvinnelege kongsfrendar for å løne mennene sine og gi dei interesser av å stø opp om kongedømmet.⁹⁰⁴ Birkebeinhovdingen Ivar Silkes ekteskap med Skjaldvor Andresdotter, sonedotter til Magnus Berrføtts halvsystem,⁹⁰⁵ og Peter Støyers ekteskap med Ingebjørg, ei av Magnus Erlingsson sine to døtrer, er andre døme.⁹⁰⁶

Å binde stormennene til seg gjennom ekteskapsalliansar var i og for seg ikkje noko nytt, og vi har tidlegare sett døme på korleis kongsemne og stormenn nytta denne typen strategi for å styrke sine nettverk.⁹⁰⁷ Denne framgangsmåten tente fleire funksjonar. Det var ein måte å betale for trufast teneste og sikre framtidig lojalitet frå dei som hadde tent kongen. Dette går eksplisitt fram av teksten i Sverres saga: ”Kong

⁹⁰³ Koht 1952: 36.

⁹⁰⁴ Fsk: 389-390; Ss: 132; Bøgl-81a: 260.

⁹⁰⁵ Ss: 132.

⁹⁰⁶ Magnus hadde dottera Kristin (el. Margret) med Eldrid Bjarnesdotter og Ingebjørg med ei ukjend kvinne (Fsk: 388; Bøgl-81a: 275). Ekteskapet mellom Ingebjørg og Peter kan tidlegast ha funne stad på byrjinga av 1190-talet og seinast 1204 då Ingebjørg er nemnd som Peter sin ektefelle, jf. Bøgl-81a 258. Munch har hevda at ekteskapet mellom Ingebjørg og Peter vart inngått i 1202, og er eit «utvetydigt» prov for forsoninga mellom partane som fann stad same år. Han har ikkje anna haldepunkt for dette enn at dei *var* gifte i 1204, jf. Munch 1941-43 (1855-59): 402.

⁹⁰⁷ Sjå td. s. 122 ff. og 155 ff. i denne avhandlinga.

Sverre gav no mange av mennene sine høg rang, somme gav han sysler og veitsler, mange hjelpte han til gode gifter, og han gjorde dei til mektige menner, mange som ikkje hadde ætt til det, men som hadde vori med å vinne landet.”⁹⁰⁸ Samstundes er det tydeleg at Sverre også nytta slike ekteskap for å binde til seg sentrale personar i eliten som var mektige nok til å utgjere ein viss risiko. Dette må ha vore særskilt viktig når det gald kongsfrendane, og i sær dei som tidlegare hadde sympatisert med kong Magnus eller stod i ein slik posisjon at dei potensielt kunne utfordre kong Sverre sitt maktgrunnlag. Å pasifisere denne gruppa slektningar, positivt gjennom å innlemme dei i den nye maktstrukturen eller negativt ved å eliminere dei frå den politiske arenaen, var ein føresetnad for å skape ro og hindre at nye kongsemne vart lanserte av misnøgde grupper i eliten.

Eirik kongsson

Den første kongsætlingen som utfordra Sverre, omframt kong Magnus, melde seg alt i 1181. Han heitte Eirik og hevda at han var son til Sigurd Munn, altså Sverres halvbror. Eirik skal ha skapt seg eit namn og rykte utanlands, gjennom tenester hos ulike europeiske fyrstar, men han ser ut til å vore ukjend som kongsætling i Noreg.⁹⁰⁹ Eirik og mennene hans hevda at Gud hadde sanna farsætta hans gjennom eit mirakel i det heilage landet, og no ønskte han også å få prove ætta si for Sverre gjennom gudsdøm. Det heile er framstilt svært udramatisk i Sverres saga,⁹¹⁰ men omstenda tyder på at dette var eit alvorleg trugsmål mot Sverre. Det fins ein interessant parallell i framstillinga av Harald Gille sitt krav på kongsnamn vel 50 år tidlegare.⁹¹¹ Som Sigurd Jorsalfare gjorde den gongen, spurde også Sverre sine menn om råd, og saka vart diskutert på hirdmøte. Kva slags argument som vart brukte får vi ikkje vite, men vi kan tenkje oss at risikoen vart vurdert opp mot vinsten. Sverre var enno ikkje i ein posisjon der det var ufarleg å avvise krav frå stormenn som Eirik. Utfordraren hadde militær erfaring, kontaktar

⁹⁰⁸ Ss: 132: «Suerrir kongr gaf þa morghum monnum nafnbætur, sumum syslor, sumum weizzlor; morghum gaf hann kuonfang gofugh ok giordi þa höfðingia margha, er honum fylgdo til landz, ok marga gjorde hann þa at rikismonnum, er ongua áttu ætt til.» Her omsett av Ss-Bogl-Hø: 151.

⁹⁰⁹ Ss: 75-76.

⁹¹⁰ Ss: 75-76.

⁹¹¹ Sjå s. 94 ff. i denne avhandlinga.

utanfor Noreg, samt truleg også økonomiske ressursar nok til å halde ei lita hird. Ved å avvise Eirik kunne Sverre risikere at han gjekk Magnus til hande eller freista å vinne seg kongsnamn på eiga hand.

Det var såleis gode grunnar til å la Eirik bere jarn for å prove saka si. Jarnburden kunne dessutan brukast av Sverre til å styrkje sitt eige maktgrunnlag. Sverre ville nemleg at Eirik ikkje berre skulle bere jarn på at han var son til kong Sigurd, men også at han var bror til Sverre.⁹¹² Såleis ville eiden også komme Sverre til nytte.⁹¹³ Men, Eirik nekta å bere jarnet til prov for andre enn seg sjølv. Dette var det næraste Sverre nokon gong kom når det gald å føre prov for si eiga farsætt, og har truleg vore ein viktig medverkande årsak til at Eirik vart teken opp i kong Sverre si hird som sveithovding, og fekk tildelt veitsle til underhald.⁹¹⁴ Vi ser endå ein gong at førestillinga om kongeleg byrd stod sterkt.

Sagaen gjer det klart at premissa for at Eirik skulle få bere jarnburd var at han ikkje gjorde krav på kongsnamn. Men, då sigeren over kong Magnus var eit faktum, i 1184, sette Eirik likevel fram krav om høgare rang eller ein del av riket. Det ville ikkje Sverre gå med på. Det går fram at Eirik heldt ei stor sveit og at dette var vanskeleg økonomisk ettersom han ikkje hadde særleg stor veitsle.⁹¹⁵ Då Sverre ikkje ville hjelpe han valde Eirik å dra på hærferd til dei heidenske områda kring Austersjøen for på den måten å skaffe seg inntekter. Eirik fekk med seg eit stort følgje på ferda fordelt på fem skip, og turen vart svært innbringande. Då dei kom heim att tre år seinare hadde dei elleve skip, og mellom dei to lasteskip (kogger) med «uhorveleg mykje gods» som dei hadde røva frå saksiske kjøpmenn.⁹¹⁶ Men Eirik hadde også med seg noko meir. På heimturen hadde dei vitja svenskekongen Knut, kong Sverres svoger, og dette vart tydelegvis eit svært venskapleg møte. Kong Knut gav Eirik eit langskip til avskil, eit tydeleg teikn på at Eirik kunne vente seg støtte frå den kanten om det vart aktuelt.

Det var med andre ord ein mannsterk og rik hovding som kom siglande inn i Viken for å møte kong Sverre i 1188, på eit krigsskip sponsa av svenskekongen. Det i

⁹¹² Ss: 75.

⁹¹³ Sjå også Bugge 1916: 123; Gathorne-Hardy 1956: 184; Krag 2005a: 85.

⁹¹⁴ Sjå Ss: 148-9.

⁹¹⁵ Ss: 148-9.

⁹¹⁶ Ss: 149, omsetjing frå Ss-Bogl-Hø: 167.

seg sjølv kan ha vore nok til at Sverre no valde å gi etter for kravet. Han delte riket med halvbror sin slik at Eirik fekk inntektene frå Viken og alle Opplanda og retten til å kalle seg jarl.⁹¹⁷ Det er liten tvil om at kong Sverre ikkje hadde særleg val i denne saka. Han kunne dele fredeleg eller forsvare seg militært. Det siste var truleg for risikabelt på dette tidspunktet. Vi bør nemleg merkje oss at sagaen er svært påpasseleg med å tidfeste når delinga fann stad: «same hausten som kuvlungane gav seg».⁹¹⁸ Denne koplinga til kuvlungreisinga er interessant og kan gi ei forklaring på kvifor Sverre var viljug til å strekke seg så langt og avstå makt og inntekter til sin bror.

Kuvlungar og vårbelgar

I 1185, like etter at Eirik og ei mengd hærfolk i hans følgje hadde forlate landet, vart det reist ein flokk som gjekk under namnet *kuvlungane*. Flokken hadde utgangspunkt i nettverket kring Erling jarl og kong Magnus, og fleire av medlemmene var kongsætlingar. Hovdingen heitte Jon, og vart rekna for å vere son til Inge Haraldsson. Den første basen deira var Tønsberg, og dei fekk der i stand kongehylling av Jon Kuvlung, som han vart kalla.⁹¹⁹ Som vi har sett stod også Orm, kong Inges halvbror, sterkt i dette området. Orm hadde falle i slaget ved Fimreite året før, og det er mogleg at det i dette området var sterke sympatiar for Magnus sine tilhengjarar, og såleis eit godt utgangspunkt for å organisere mostand mot kong Sverre.

Sverres saga nemner namnet på ei handfull «hovdingar» som var med på å reise flokken, jf. Tabell 5 i vedlegg.⁹²⁰ Det karakteristiske ved desse er at nesten alle hørde til i Erling Skakke, enkedronning Ingerid eller erkebiskop Øystein sin slektskrins. Ein av dei mest sentrale var Simon Kåresson, gift med Margret, dotter til enkedronning Ingrid og Arne på Stårheim.⁹²¹ Simons steson, Nikolas, var også med. Nikolas var Margretes son frå eit tidlegare ekteskap med Bjørn Bukk, Erling Skakkens systerson.⁹²²

⁹¹⁷ Det er altså ikkje tale om ei deling av kongemakta, men snarare ei utskiljing av eit administrativt område under den nye jarlen, jf. Ss: 149.

⁹¹⁸ Ss: 149.

⁹¹⁹ Helle 2009b. Tilnamnet skal han ha fått av di han tidlegare hadde vore munk, jf. *kuf*l = kappe, ofte nytta om munkekappe.

⁹²⁰ Ss: 133.

⁹²¹ Ss: 133. Ekteskapet er også nemnt i Hkr: 582; Msk: 440 (her kalla Ingegjerd).

⁹²² Ss: 133.

Kan hende deltok også ein av Erling Skakke sine søner, Finn, i denne reisinga.⁹²³ I tillegg finn vi Bård Sâla, Erlend Gudbrandsson og Peter Glyfsa i denne flokken, alle frendar av erkebiskop Øystein.⁹²⁴ Sagaen nemner også ein vestlending med lang karriere i kong Magnus si teneste, Jon Kutissa,⁹²⁵ samt to personar, Andres Brasad og Pål Vårskinn, som elles er ukjende.⁹²⁶

Vi veit svært lite om leiaren for kuvlungane, Simon Kåresson. *Profectio Danorum* fortel at Simon var ”både rik og ættestor”.⁹²⁷ Kva for ætt det her er snakk om er uvisst. Han vert kalla son til ”Aulro-Kara” i Sverres saga,⁹²⁸ og Munch har meint at det her kan dreie seg om Alna i Sunnhordland.⁹²⁹ Han plasserer dermed Simon midt i kjerneområdet for stølenettverket. Enkelte har også gjort freistnader på å gjere denne Simon til ein etterkomar av Kåre Kongsbror, kong Olav Magnusson sin halvbror, og til Blindheimsslekta på Sunnmøre,⁹³⁰ men vi har ingen sikre haldepunkt for nokon av desse teoriane. Det einaste som synest sikkert er at Simon Kåresson vart gift med Margret Arnesdotter. Medgifta hennar kan ha inkludert delar av enkedronning Ingerid sine jordeigedomar i Vest-Götaland, så vel som innanlandsk jord i Stårheimsætta si eige.⁹³¹

⁹²³ Etter dei islandske annalane døydde Finn Erlingsson i 1185, same år som kuvlungane reiste flokk, jf. *Isl. Ann., Annales regis* (C): 119. Omfram dette fins det berre ein referanse til Finn i *Heimskringla*, i ein omtale av Erling sine born: Hkr: 634.

⁹²⁴ Teksten der Bård er nemnd har vore opphav til ulike tolkingar: «At þui radi woru medur honum margir höfðinghiar; þar var Simun, son Aulro-Kara, Nicholas, son Biarna buck[s], Andres drasadr, Jon kutizza, Bardr sala, Þorbergr, son Pals j Herzlu.» (Ss: 133) Munch las det slik: Bård Sâla Torbergsson og Pål i Herdsla (Munch 1941-43 (1855-59), bd. 7: 184). Han meiner difor det dreia seg om brorson til Erkebiskop Øystein, som vi veit frå *Arnmöðlingatal* heitte Torberg (Fsk: 391). *Sturlunga saga* fortel at Ogmund Torvardsson frå Island var i Bergen kring 1188. Han var god ven til Bård Sâla, og Peter Glyfsa. Dei var begge nærfrender av erkebiskop Øystein (Sturl. I, 137-8). Dette styrker Munch si tolking av teksten i Ss. Erlend Gudbrandsson var truleg son til Gudbrand Torbergsson hos kong Magnus i 1184 som vert nemnd som Øystein Erlendsson sin frende (Ss: 101).

⁹²⁵ Jon Kutissa var son av Sigurd Stork (Hkr: 615), ein av Magnus Sigurdsson / Sigurd Slembe sine menn. Jon var truleg frå Vestlandet ein stad, og er nemnd mellom dei som reiste til Danmark saman med Erling Skakke i 1161 (Hkr: 615) Han var også hovding for ein bondehær som angreip Sverre i Bergen i februar i 1180. Han skal då ha vore ein gamal mann (Ss: 61 og 63). Siste gongen han vert nemnd er i samband med at kuvlungflokkene vart danna (Ss:133). Jon skal ha vore ein av initiativtakarane til dette. Jon hadde sonen Eindride, også hos kong Magnus, som er nemnd ved eit par høve i tidsrommet 1179-1184 (Ss: 84 og 122).

⁹²⁶ Andres Brasad og Pål Vårskinn er berre nemnde ved eitt høve, omsynsvis Ss: 133 og 140.

⁹²⁷ Prof.Dan: 117.

⁹²⁸ Ss: 133.

⁹²⁹ Munch 1941-43 (1855-59) bd. 7: 184.

⁹³⁰ Tjersland 1937: 134-5 tenkjer seg at Simon kan ha vore barnebarnet til Arne Smyrling som kan ha vore gift med Kåre kongsbror si sonedotter ettersom Alna-Kåre sitt tilnamn *Smør* har visse likskapar med Arne sitt tilnamn *Smyrling*. Noko haldepunkt utover dette fins der ikkje. På 1300-talet dukkar namnet *Smør* opp att og fleire har freista å knytte *Smørætta* med *Blindheimsætta*. For denne diskusjonen sjå Stølen 1987; Kvalsund 1957.

⁹³¹ Kjerna i godset til Arne på Stårheim låg i Nordfjord, men han rådde truleg også over jordeigedomar andre stadar i landet. Hervik m.fl. reknar storleiken på det opphavlege godset til ein stad mellom 200 og 300

Kuvlungane utgjorde eit alvorleg trugsmål mot kong Sverre. Dei vart fort mannsterke, og vann fram også utanfor Viken. Men, i 1188 vart dei overraska av birkebeinarhæren i Bergen, og kongen deira vart felt. Flokken vart då sprengd. Nokre tok vegen sørover til Danmark, medan andre reiste austover til grenseområda til Sverige, mogeleg også så langt som Vest-Götaland. Det var såleis svært viktig for kong Sverre å få kontroll over situasjonen i Viken, og etablere eit effektivt forsvar mot nye angrep frå opprørske kongsfrendar. Eirik kongsbror returnerte til kaotiske tilstandar då han kom frå svenskekongen hausten 1188. I denne situasjonen har truleg Sverre sett det som mest tenleg å inkludere Eirik i styret. Målet kan ha vore å oppnå stabilitet og styrkje forsvaret av Viken. Viken vart i alle fall kjernen i Eiriks nye jarledømme, og han var rask til å etablere seg i Tønsberg – kuvlungane sin opphavlege arnestad.

Simon Kåresson og opposisjonen av kongsfrendar med tilknytning til stølenettverket vart berre mellombels sette ut av spel. Dei gjorde nye åtak på Viken allereie året etter.⁹³² Namnet folk gav denne flokken var *vårbelgar*, og dei tok seg eit kongsemne som vart kalla Vikar, og vart hevda å vere son til kong Magnus. Omframt Simon kjenner vi i vårbelgflokken til Olve frå garden Gurann i Botne i Vestfold, som tidlegare hadde vore ein av kong Magnus sine menn.⁹³³ Vårbelgane samla seg i Danmark og reiste derifrå til Viken med 16 skip og rana til seg gods der dei fekk høve til det. Då dei kom vestover mot Tønsberg fekk dei vite at det der hadde samla seg ein hær. Dei snudde då austover att, men vart innhenta av Tønsberghæren og det kom til slag ved Hvaler. Simon fall i dette slaget, saman med fleire andre, inkludert det unge kongsemnet.⁹³⁴

Det har vorte gjort eit poeng av at hærstyrken vårbelgane møtte i Tønsberg synest å handle heilt på eige initiativ, utan samvirke med Sverre og hans folk. Dette har mellom

månadsmatar. Med ekteskapet mellom Gregorius Andresson og Cecilie Håkonsdotter vaks godstilfanget truleg til ca. 400 – 450 månadsmatar. For ei oversikt over storleiken på godset på 1300-talet og seinare, sjå Hervik, m. fl. 2006: 128 ff.

⁹³² Ordlyden i tekstane som omhandlar vårbelgane viser tydeleg at vårbelgane var ein avleggjar av kuvlungane. Som note 933 under viser får vi også indikasjonar på at fleire også hadde vore med kong Magnus.

⁹³³ Ss: 148. Teksten i Skå hevdar vårbelgane var menn som tidlegare hadde vore hos *kong Magnus*, medan Ss-327 4¹⁰ og Eirsp koplar dei til *kuvlungane*. Olve fall i eit slag mot bøndene ved Brimstein (dvs. Tresten i Hvaler eller Tristein ved Ferder, jf. Ss-BogI-Hø: 168) (Ss: 150). For lokaliseringa av Gurann, sjå Rygh 1897, bd. 6: 70. Slik også Ss-BogI-Hø: 168.

⁹³⁴ Ss: 150.

andre Lunden og Krag tolka som at *folket* i Viken no samla seg til motverje mot den harde framferda til Simon og vårbelgane,⁹³⁵ men kva dette fortel om vårbelgane har dei ulike oppfatningar om. Lunden hevdar folket i Viken reagerte på framferda til vårbelgane av di dei oppfatta det som «sublim forakt for det brede folkets reaksjoner».⁹³⁶ Folket i Viken reagerte altså mot maktovergrep frå «overklassa». Krag kjem til det motsette resultat. Han meiner at reaksjonen frå bøndene i Viken skuldast at vårbelgane vart likna med birkebeinarane – ein ut-underklasse som berre fór med ran og valdsverk: «Sverres 'normale' fiender ville altså ikke alliere seg med disse gruppene mot deres felles fiende. Årsaken må være at dette var grupper som minnet vikværingene altfor mye om birkebeinerne: De var i deres øyne 'røvere og ransmenn' de også, en ut-underklasse.»⁹³⁷ Krag går endå lenger enn Lunden i retning av å gi striden ein sosial dimensjon, og nyttar omgrep som «klasseforhold og klasseholdninger» for å skildre situasjonen.⁹³⁸

Både Lunden og Krag si kopling av vårbelgane til eit sosialt konfliktstoff kviler på ein del føresetnader som langt i frå er så eintydige som dei gir oss inntrykk av. For det første må vi avklare kva slags gruppering vårbelgane var. Som vi såg ovanfor, viser samansetjinga av denne flokken at vi har å gjere med ein avleggjar av kuvlungane, berre med anna namn, altså monaleg meir overklasse enn underklasse. For det andre er det eit spørsmål om korleis vi skal tolke motstanden vårbelgane møtte i Tønsberg. Har vi belegg for å hevde, som Lunden, at dei omtala bymennene i Tønsberg «opptrådte her helt på egen hånd, uten samvirke med Sverre eller hans folk»?⁹³⁹ Påstanden baserer seg på den yngste av avskriftene, *Eirspennill*, som har denne setninga: «Eiríkr I(arl) var uppi a landi ok ecki var i Vikinni mart Birkebeina.»⁹⁴⁰ *Skálholtsbók yngsta* har berre med den første lekken om at Eirik var fråverande, medan AM 327 4¹⁰ manglar heile denne setninga. Dei eldste avskriftene kjenner altså ikkje til at birkebeinarane skal ha vore fråverande, men allereie P. A. Munch slo dette fast utan diskusjon.⁹⁴¹ Uansett om dei

⁹³⁵ Lunden 1987: 77; Krag 2005a: 137.

⁹³⁶ Lunden 1987: 42 ff., sjå særskilt 77-78.

⁹³⁷ Krag 2005a: 137.

⁹³⁸ Krag 2005a: 136-7.

⁹³⁹ Lunden 1987: 77.

⁹⁴⁰ Eirsp: 363.

⁹⁴¹ Munch 1941-43 (1855-59): bd. 7, 204.

var fråverande eller ikkje må vi forstå «birkebeinarane» i den aktuelle utsegna som birkebeinarhæren. Storparten av hæren kan altså ha vore andre stader enn i Viken på dette tidspunktet, men det hindrar ikkje at Tønsbergmennene kan ha handla i tråd med birkebeinarleiinga og kanskje også i samråd med sentrale personar innan birkebeinarkrinsen. At det nettopp var Tønsbergmennene som mobiliserte til forsvar mot vårbelgane talar for akkurat det.

Teksten i Sverres saga gir nemleg ikkje inntrykk av at motstanden vårbelgane møtte i Tønsberg var organisert av vanlege bønder eller bymenn. Dei namngjevne leiarane, som elles er ukjende, vert rett nok ein stad kollektivt kalla «Tønsbergmennene» og ein annan stad «bøndene»,⁹⁴² men det er lite med framferda deira som tyder på at dette var eit folkeoppbod eller at dei representerte «det brede folkets reaksjoner».⁹⁴³ Då dei høyrde om vårbelgane, skaffa dei seg fort både langskip og byrdingar som var større og høgare enn skipa til vårbelgane. Då vårbelgane veik unna bryggene, sette dei etter dei, trass i at dei hadde med ein hær med rutinerte stormenn å gjere. Samla sett tyder dette på at om det deltok bønder i denne Tønsberghæren, så må den likevel ha vore organisert og leia av folk med stridserfaring og god tilgang på ressursar. Det er heller ikkje sikkert at vi skal lite på at birkebeinarane ikkje var involvert i dette.

Å sikre seg kontroll over Tønsberg må ha hatt høg prioritet for birkebeinarane og den nyslåtte Eirik jarl. Som vi såg ovanfor, utgjorde Tønsberg eit av kjerneområda i motstanden mot kong Sverre. Til dømes ser vi at kong Magnus fleire gonger delte hæren sin og let Orm kongsbror forsvare Viken med utgangspunkt i Tønsberg, og byen med det naturlege festningsverket Berget var dessutan utgangspunktet for kuvlungane si reising, leia av dei same hovdingane som stod bak vårbelgane sitt angrep på byen. Når dei no møtte eit organisert forsvar frå bymennene, kan det vanskeleg skuldast klassekjensle. Vårbelgane var nærast identiske med kuvlungane som folket i Tønsberg hadde teke vel imot. Dersom ei endring i framferda til vårbelgane fekk bymennene i Tønsberg til å likne dei med birkebeinarane, skulle vi vel vente at dei då ville ha same innstillinga til birkebeinarane? Men det er ingenting som tyder på at det var tilfellet.

⁹⁴² Ss: 150.

⁹⁴³ Jf. Lunden, sjå note 936 i denne avhandlinga.

Faktisk ser vi at då Eirik returnerte frå ferda i innlandet, var han igjen å finne i Tønsberg.⁹⁴⁴

Samla tyder dette på at motstanden vårbelgane møtte i Tønsberg skuldast at birkebeinarane under leiing av Eirik jarl hadde teke grep om Tønsberg og omlandet. Eirik stødde seg mellom anna til systemenn,⁹⁴⁵ og det kan godt tenkjast at fleire av jarlen sine ombodsmenn var att i byen, sjølv om mesteparten av hæren var ein annan stad. Opplysninga i *Eirspennill* om at Eirik jarl og birkebeinarane ikkje var i nærleiken då vårbelgane gjorde åtak på Tønsberg, treng vi ikkje tolka som noko anna enn ei saksopplysning. Det forklarar kvifor dei viktigaste hovdingane ikkje var til stades i forsvaret av byen. Slik sett treng vi heller ikkje undre oss over at Sverres saga, som elles ikkje har mykje til overs for vikværingar, viser slik begeistring for Tønsbergmennene. Dei sloss for å halde på birkebeinarane sitt grep om området, ikkje for sin sosiale integritet.

Det vårbelgreisinga viser er ikkje først og fremst kva for haldningar vikværingane hadde til birkebeinarane, men at kong Sverre faktisk lukkast i å styrkje forsvaret av denne landsdelen gjennom å delegere styringa til den nyss utnemnte jarlen. Eirik jarl evna truleg å sameine kreftene i landsdelen i eit felles forsvar mot inntrengjarar på ein måte som kong Sverre ikkje hadde til no. Eirik jarl ser ut til å ha vore ein alliansebyggjar i større grad enn det Sverre var, og Eirik sin suksess – om enn kortvarig – illustrerer på mange måtar noko av det som var Sverre sitt problem.

Sverres saga fortel ikkje mykje om på kva måte Eirik gjorde seg gjeldande i styret av jarledømmet sitt,⁹⁴⁶ men vi har fleire brev frå den korte tida han sat som jarl som viser at han var aktiv i saker som opptok bøndene.⁹⁴⁷ Som nemnt ovanfor finn vi også spor etter ei systemmannsordning i området hans.⁹⁴⁸ Sagaen er helst oppteken av landefreden, og også her får vi eit inntrykk av at Eirik tok eit aktivt grep for å hindre open motstand. I omtalen av korleis bøndene slo ned ufredsflakken til Sigurd Brenne vert det også sagt

⁹⁴⁴ Ss.: 150.

⁹⁴⁵ At Eirik jarl hadde egne systemenn går fram av eit vitnebrev som omhandlar ei grensedraging mellom Frogne og Bjerke. Her blir «Torgaut, Eirik jarls sysselmann» nemnd, jf. RN 206.

⁹⁴⁶ Eirik sitt område omfatta Viken og Opplanda vestover til grensa mellom Agder og Telemark. Ss.: 148.

⁹⁴⁷ RN: 204, 206, 207 og 208.

⁹⁴⁸ Sjå note 945.

at dei fekk hjelp av hærfolk, altså birkebeinarane i området som vi må vente stod under Eirik sin kommando.⁹⁴⁹ I eit brev utferda av Pave Clemens III vert det referert til ein episode der Eirik og fleire andre skal ha stått bak avrettinga av ein prest som kalla seg kongsson og gjorde opprør i bygdene.⁹⁵⁰ Desse spreidde opplysningane gir inntrykk av at Eirik heldt eit sterkt grep om jarledømmet sitt dei åra han styrde. Det er mot denne bakgrunnen vårbelgreisinga og dei andre mislukka freistnadane på opposisjon i Viken frå 1188–1190 bør sjåast. Sverre oppnådde såleis det som truleg var intensjonen med å plassere Eirik i Viken, men samstundes utgjorde den framgangsrike jarlen ein potensielle fare for eit sameint birkebeinarkongedømme.

Konge, biskop og jarl

Eirik jarl og familien hans døydde brått og under mistenkjelege omstende hausten 1190.⁹⁵¹ Om lag samstundes vart ein av dei fremste representantane for stølenettverket, Nikolas Arnesson, tilsett som ny biskop i Oslo, og Sverre sitt tilhøve til kyrkja gjekk no inn i ein ny og svært konfliktfylt fase. Sverres forhold til kyrkja har vore gjenstand for mykje debatt, men debatten har ikkje i særskilt grad basert seg på ei brei vurdering av relasjonane mellom aktørane i det politiske feltet, og den har i særskilt liten grad gitt rom for ei vurdering av Eirik jarl si rolle.⁹⁵² Som vi skal sjå er det grunn til å tru at Eirik var meir sentral i dramaet som utspann seg mellom kongemakt og kyrkje enn det har vore vanleg å hevde.

Då erkebiskop Øystein Erlendsson døydde i 1188 vart Eirik Ivarsson, tidlegare biskop i Stavanger og ein god støttespelar for Magnus Erlingsson, vald til ny erkebiskop

⁹⁴⁹ Ss. 146: «nðckurif lidsmenn». Krag tilskriv Eirik ei enda meir sentral rolle: »Eirik spilte også en viktig rolle som *organisator* da Sigurd Brenner og vårbelgene ble nedkjempet» Krag 2005a: 138. (mi kursivering). Det siste samsvarer ikkje med den tidlegare nemnde påstanden til Krag om at vårbelgene vart nedkjempa av ein bondehær som handla heilt uavhengig av birkebeinarane.

⁹⁵⁰ DN 17: 9.

⁹⁵¹ I følge ei kalendernotis skal Eirik si årtid ha vorte halde 8. august, jf. RN: 204 med tilvising til E. Jørgensen, Historisk Tidsskrift (dansk) 1840 - , R. III: 8.

⁹⁵² Gathorne-Hardy gir eit kort resymé av Eirik sin løpebane utan å problematisere tilhøvet mellom Sverre og Eirik nemneverdig (Gathorne-Hardy 1956 184-185). Koht nemner ikkje Eirik jarl i det heile (Koht 1952). I Bagges framstilling er også Eirik nærast fråverande (Bagge 1996: 30, 34, 45, 68). Det er også talande at Eirik jarl er utelate frå den andre utgåva av Norsk biografisk leksikon (NBL1 1999-2005) trass i at andre, mindre prominente, aktørar, som vi veit mykje mindre om, er tekne med (td. Ulv av Lauvnes). Krag 2005a representerer her eit unntak. Han vier mykje plass på Eirik si rolle i birkebeinarflokket, som vi skal sjå i det følgjande.

trass i at kong Sverre «tala i mot».⁹⁵³ Den nye electus reiste straks til Roma for å ta imot palliet. Då erkebiskopen kom attende til Noreg året etter (1189), skulle han stå for vigsla av den nye biskopen i Stavanger, embetet som stod ledig etter han sjølv. Sverres saga opplyser at eit samrøystes valkollegium hadde føreslått Nikolas Arnesson som ny biskop, men Sverre nekta å gå med på det. Nikolas skal då ha kontakta dronning Margret, Sverres hustru og syster til svenskekongen Knut Eriksson. Nikolas og Margret var tremeningar. Margret sette press på kongen, og argumenterte med at eit bispe-embete var ei høveleg bot for ein som hadde mista mange av frendane sine i kamp mot birkebeinarane. Fekk Nikolas eit slikt embete, ville det leggje band på han, hevda ho, slik at han ikkje ville ta til våpen mot kongen sin. Sagaen fortel vidare at kongen deretter utferda eit samtykke i brevs form som gav erkebiskopen lov til å vigsle Nikolas.⁹⁵⁴ Om lag samstundes vart bispestolen i Oslo ledig,⁹⁵⁵ og Nikolas vart flytta dit i staden. Biskop Njål vart deretter vigd til biskop i Stavanger.

Sverres saga fortel vidare at det ikkje gjekk lenge før kongen fekk rett i mistrua til kyrkja. Då erkebiskopen returnerte til stolen sin i Nidaros, tok han til å preike «harde ord om birkebeinarane, så det straks kom mistykke mellom dei. Det vart fort mange tvistemål mellom kongen og erkebispem». ⁹⁵⁶ Kjernen i usemja mellom konge og erkebiskop var rettane som den avlidne erkebiskop Øystein hadde forhandla fram på vegner av kyrkja i samband med kroninga av Magnus Erlingsson i 1163/1164. I følgje birkebeinar-tradisjonen, dreia dette seg om retten til å ta sakøyren i full sølvverdi, og råderetten over kyrkjer bygde på eigedomane til verdslege stormenn. Det toppa seg til slutt i spørsmålet om storleiken på erkebiskopen si hird. Sverre kravde at erkebiskopen skulle nøye seg med tretti mann og 12 kvite skjold, og stemnde erkebiskopen til tings for å få avgjort saka. Dersom erkebiskopen hadde fleire enn tretti mann hos seg etter fem dagar skulle desse dømast utlæge og godset takast frå dei. Erkebiskopen valde å forlate landet, og søkte tilflukt hos venen erkebiskop Absalon i Lund.

⁹⁵³ Ss: 75.

⁹⁵⁴ Ss: 146.

⁹⁵⁵ Biskop Helge av Oslo sin død er notert i dei islandske annalane under året 1190, Isl. Ann.: IV, V og VIII.

⁹⁵⁶ Ss: 147; omsett av Ss-Bogl-Hø: 166.

Kyrkjias versjon finn vi i korrespondansen erkebiskopen førte med pavestolen. Då erkebiskopen kom til Lund, vart det utferda eit klagebrev til paven i Eirik sitt namn.⁹⁵⁷ Her fortalde erkebiskopen kor stridt han hadde det i hopehavet med «han som praler med kongsnamn og kongedømmets fylde som han har tilrant seg», altså kong Sverre.⁹⁵⁸ Då erkebiskopen kom attende til Noreg etter å ha motteke palliet i Roma, skal kongen ha stemnt erkebiskopen til seg for å førestå kroning av kongen. Erkebiskop Eirik skal ha avslått med krav om at pavemakta måtte godkjenne eit slikt tiltak. Brevet fortel vidare at då erkebiskopen kom til Stavanger for å vigsle den nye biskopen som «geistlighet og folk»⁹⁵⁹ samrøystes hadde vald, nekta kongen å godkjenne valet ettersom han ikkje hadde vore til stades og gitt den første røysta. Kongen skal deretter ha tvunge gjennom valet av sin eigen kandidat, som etter erkebiskopen si meining ikkje var skikka til det.⁹⁶⁰

Erkebiskopen klaga også over at kong Sverre ville stemne presteskapet for dei same domstolane som lekfolk, og dei var heller ikkje samde om kven som skulle rå over kyrkjer bygd på kongsgardar. Av di kongen ikkje hadde fått viljen sin i desse sakene hadde han konfiskert godset deira, slik at dei ikkje ein gong kunne kome seg til Roma for å klage saka inn for paven. Dei sender difor i staden eit sendebod til Roma, medan dei sjølve hadde søkt tilflukt hos erkebiskopen i Lund.⁹⁶¹

Det er altså monaleg skilnad mellom Sverres saga og erkebiskopen sine versjonar av usemja som hadde oppstått. Skal vi tru sagaen vart Nikolas Arnesson temmeleg udramatisk vald til ny biskop i Stavanger for sidan å bli overført til Oslo, trass i at han må ha vore ein av dei mest framstående personane i stølenettverket, som i lengre tid hadde stått imot kong Sverre. Erkebiskop Eirik, derimot, framstiller bispevalet som ein hard maktkamp, og som ein av fleire årsaker til at han og fleire andre høg-geistlege måtte søkje eksil i utlandet.

⁹⁵⁷ DN 6: 3.

⁹⁵⁸ Omsett av Bagge, m. fl. 1973 12: 62. Brevet er også å finne i omsetjing hos LD 28: 93, sjå også kommentarar s. 193.

⁹⁵⁹ Bagge, m. fl. 1973: 12:64.

⁹⁶⁰ Denne personen hadde etter erkebiskopen si meining gjort seg skuldig i bigami, ettersom han «stod i ferd med å ekte ei som alt var gift», omsett av Vandvik 1957: 28: 95.

⁹⁶¹ DN 6: 3.; LD: 28: 97.

Det fins to andre kjelder som kastar lys over hendingane: *Kong Sverres kristenrett*⁹⁶² og eit islandsk statutt frå erkebiskop Eirik.⁹⁶³ Båe ser ut til å ha opphav i eit riksmøte i 1189/90, der både kong Sverre og ei rekkje høg-geistlege deltok,⁹⁶⁴ og inneheld forordningar i forlenginga av Magnus Erlingssons landefredslovgeving. Opphavssituasjonen her er særskilt interessant. Knut Helle har argumentert overtydande for at dette riksmøtet hadde utgangspunkt i eit samarbeid mellom kongemakt og kyrkje, og felles interesser for trygging av lov og orden.⁹⁶⁵ Helle reknar det som sannsynleg at møtet fann stad i Bergen eller Nidaros i 1189 då erkebiskopen vart stemna til kong Sverre for å krone kongen.⁹⁶⁶ I så fall kan dette møtet utmerka godt også ha fungert som forhandlingsarena for ei rekkje av dei andre spørsmåla som partane freista avklare, til dømes bispevala.

Dette kan tyde på at kong Sverre og kyrkja i 1189 forhandla for å løyse krisa som hadde oppstått i samband med valet av erkebiskop og ny biskop i Stavanger. Landefredslovgevinga viser at det fanst ein felles plattform for samarbeid som partane kunne einast om. Når det gjeld bispevala var det tydelegvis verre. Kyrkjeleiinga hadde framsett krav om at Nikolas Arnesson skulle innsetjast, men for Sverre må dette ha vore vanskeleg. Det er sannsynlegvis riktig som erkebiskopen hevda at Sverre tvang gjennom valet av sin eigen kandidat, Njål, sjølv om kyrkja meinte at han ikkje var skikka.⁹⁶⁷ Han kan ha lete seg overtyde av dronning Margret til eit kompromiss som innebar at Nikolas skulle overta etter Helge i Oslo då det vart klart at det ville bli eit ledig embete der, men det har truleg skjedd på eit seinare tidspunkt.

⁹⁶² NGL 1: 409-434.

⁹⁶³ DI I: 72.

⁹⁶⁴ På møtet deltok kong Sverre, erkebiskop Eirik, biskopane Njål i Stavanger, Helge i Oslo, Tore i Hamar og Pål i Bergen, samt «aller boðorða men i Noreghe» (NGL 1: 409). Det siste tolkar Helle som geistlege (Helle 1972: 125). Dateringa baserer seg på fylgjande ytterpunkt: Eirik kom attende att frå Roma sommaren 1189. Biskop Helge i Oslo døydde i 1190 (Isl. Ann. IV, V og VIII) og erkebiskopen flykta til Lund. Sjå også RN: 197. Dersom vi set vår lit til Sverres saga sin påstand om at Nikolas Arnesson først vart vald til biskop i Stavanger og deretter flytta til Oslo i 1190, må biskop Njål være ei feilskriving for Nikolas (slik Munch 1941-43 (1855-59) bd. 7:). Alternativt vart Nikolas aldri vald til biskop i Stavanger, men berre Oslo (slik Ss-BogI-Hø: 166 merknad).

⁹⁶⁵ Helle 1972: 124-126.

⁹⁶⁶ Helle 1972: 125-126.

⁹⁶⁷ Munch har hevda at Njål er ei feilskriving for Nikolas, men det er lite sannsynleg at ein slik feil skulle oppstå i eit brev uferda på eit møte der biskopane var til stades. At sagaskrivaren på eit seinare tidspunkt kunne blande desse to, medvite eller umedvite, er lettare å forstå. Det betyr at Njål vart tilsett som biskop i Stavanger før biskop Helge i Oslo døydde. Nikolas Arnesson fekk dermed ikkje noko bispedømme før Helge var avliden. Jf. også Krag 2005a, kommentar 27, s. 263.

Landfredslovgevinga som partane hadde vorte einige om la vekt på at klerkar ikkje skulle delta i strid eller ta på seg verdslege søksmål. Sverre har kanskje sett for seg at Nikolas ville gjere mindre skade som biskop enn som lekmann. At den ledige bispestolen var i Oslo, under Eirik jarls kontroll, har kanskje også spela ei rolle. Som vi såg ovanfor feste birkebeinarane grepet om Austlandet under Eirik jarls styre. Kyrkja såg seg kanskje også tent med å ha ein sterk kandidat som Nikolas plassert innan Eirik jarls domene. Vi har fleire indikasjonar på at det vart søkt samarbeid mellom Erik jarl og kyrkja i denne perioden.

Fleire har hevda at kyrkjeleiinga samarbeidde aktivt med Eirik jarl, bak ryggen på kong Sverre, og mykje tyder på at det kan vere riktig.⁹⁶⁸ Krag viser til korrespondansen mellom pave Clemens og biskop Nikolas der paven responderte på ei rekkje spørsmål frå den norske biskopen. Brevet biskop Nikolas sende har gått tapt, men spørsmåla kan delvis rekonstruerast gjennom paven sitt svarbrev, som vi har tilgang til:

Vi har frett gjennom brevet ditt, at ein prest i ditt bispedøme etter påbod frå den kjære son i Herren, H. [Heiricus el. Henricus, vanlege latinske former for Eirik], norsk jarl og bror til den gjæve mannen [nobilis viri] Sverre, fyrst vart jaga gjennom bygdene og sidan vart hengd i ein galge og døydde, *for di han våga å kalla seg kongsson og med våpen i hand fekk til oppreist og våpenstrid i bygdene*. For di du har meldt frå at både jarlen og dei andre som var med på dette, vil gjera bot for det, meiner vi at vi bør svara i dette brevet at når den nemnde presten har gjort ei slik misgjerd og har mist livet, medan han med våpen i hand ikkje dreiv bort urett men gjorde urett, så tykkjer vi ikkje at dråpsmennene hans difor skal nøydst til å fara til pavestolen for å få absolusjon. Men du, som betre kjenner fortenevene til mennene, kan ein annan gong døma dei til høvelege botsøvingar.⁹⁶⁹

Nikolas søker pavens råd om kva for bot ein jarl, og fleire andre, skal ha som har hengt ein prest som kalla seg kongsson og inspirerte folk på bygdene til å gjere opprør. Det mest interessant i dette brevet er måten paven omtalar partane på. Han kallar Eirik jarl ein «kjær son» (dilectus filius), medan han nøyer seg med å titulere kong Sverre «gjæv mann» (nobilis vir) og ikkje rex som ein skulle vente. Pave Celestin tok på denne måten ikkje berre avstand frå kong Sverre, men viste også ei uventa vennleg innstilling til Eirik jarl.⁹⁷⁰ Svarbrevet til Celestin III fritok jarlen frå ei reise til Roma for å få absolusjon, men påla Biskop Nikolas å fastsetje ei høveleg syndebot sidan han «best kjende

⁹⁶⁸ Vandvik 1957: 497; Krag 2005a: 138-141.

⁹⁶⁹ DN 17: 9. Her i omsetjinga til LD 25: 87. Sjå også kommentarar s. 187. Mine innskot i klammer og uthevingar i kursiv.

⁹⁷⁰ Vandvik 1957: 497; Krag 2005a: 138-41.

fortenestene» til udådsmennene. Både uttrykksformene i korrespondansen og pavens respons indikerer at kyrkja var vennleg innstilt andsynes Eirik jarl.

Det er nærliggjande å tenkje at pavens positive innstilling til Eirik jarl i utgangspunktet reflekterer den norske kyrkjeleiinga, og særskilt biskop Nikolas sine haldningar, men pave Clemens kunne også ha andre grunnar for å løfte fram jarlen. Eirik hadde nyss leia eit krosstog til det heidenske Baltikum og pave Clemens var ein ivrig talsmann for korstogstanken. Det heilage landet hadde nyleg vorte hærteke av Saladin, og kampen mot heidendomen hadde høgaste prioritet i den katolske kyrkjeleiinga.

Korrespondansen mellom biskop Nikolas og pave Clemens opnar også for at biskopen i sitt brev prøvande har freista å finne ut korleis kurien stilte seg til Eirik jarl jamført med kong Sverre. Det er interessant at saka som vert teken opp med kurien dreiar seg om ein prest som har kalla seg kongsson og freista gjere opprør med våpenmakt. Dette kunne like godt ha vorte sagt om kong Sverre. Svaret på eit slikt hypotetisk spørsmål er i så tilfelle klinkande klart: ein prest som gav seg ut for å vere kongsson utan å ha rett til det, og valda urett med våpen i hand, hadde gjort seg skuldig i ein større urett enn den som drap presten. Dersom biskop Nikolas før hadde vore i tvil om kva kurien føretrakte, så var han det i alle fall ikkje etter dette, og det er ikkje utenkjeleg at enkelte i kyrkjeleiinga vurderte i kva grad det var mogeleg å etablere eit varig politisk samarbeid med Eirik kongsson på trona. Det kan nok også ha spela ei rolle her at Eirik hadde sikra seg den svenske kongen Knuts støtte, og at biskop Nikolas også var i nær slekt med svenske kongsætlingar.⁹⁷¹

Kring 1190 kan det dermed sjå ut til at Sverres birkebeinarkongedømme romma både ein sterk jarl og ein biskop med mektige allierte. Ein allianse mellom desse to kunne bli farlig for Sverre. Og så vart Eirik brått sjuk og døydde under uklare omstende, fortel Sverres saga, og legg til at det vart mykje snakk om denne hendinga og mange meinte Eirik hadde vorte utsett for svik.⁹⁷² Dette kan tyde på at Eirik hadde fiendar blant

⁹⁷¹ Nikolas mor, Ingerid, var sonedotter til Inge Stenkildsson d.e., konge av Sverige. Kong Knut Eriksson var son til Erik den hellige. Hans opphav er ukjent, men mor til Knut, Kristina, var også ein etterkomar av Inge Stenkildsson d.e. Den eksakte slektskapsrelasjonen er usikker, men truleg var Kristina dotterdotter til Inge Stenkildsson d.e. Det betyr i så fall at biskop Nikolas Arnesson og kong Knut Eriksson var tremenningar. Sjå td. Gillingsham 1975-1977: 570.

⁹⁷² Ss: 150-151.

birkebeinarane, og at han kan ha vorte drepen av sine eigne, slik Krag og Vandvik har hevda.⁹⁷³ Eirik jarls død sette eit punktum for vidare samarbeid mellom kyrkja og fraksjonar innan birkebeinarane. Kyrkjeleiinga kunne støtte opposisjonelle, men den kunne vanskeleg gå til open strid mot kongen, så lenge han var komen til makta på lovleg vis. Etter drapet på Eirik jarl førte difor biskop Nikolas og kyrkjeleiinga kampen mot kong Sverre vidare på langs to liner. Den tradisjonelle lina søkte støtte hos utanlandske allierte som kong Magnus og stølenettverket også tidlegare hadde nytta seg av, det vil seie jarledømmet på Orknøyane og den danske kongemakta. Den andre lina var den ideologiske, som retta seg sørover til Roma med ein appell om pavens velsigning til å føre ein heilag kamp mot kong Sverre.

Reaktivering av den orknøyske alliansen

I 1192 organiserte sentrale personar i stølenettverket endå ein gong eit militært angrep på birkebeinarane. Initiativtakarane skal ha vore orknøyjarlen Harald Maddadsson og Hallkjell Jonsson av Blindheimsætta.⁹⁷⁴ Hallkjell var av like god byrd som kong Magnus Erlingsson hadde vore. Han var dotterson til ein avliden konge, men på dette tidspunktet er det tydeleg at dette ikkje vart rekna som tilstrekkeleg. Dei valde nemleg å satse på ein unggut, Magnus Erlingssons frilleson Sigurd, som flokken sitt kongsemne.⁹⁷⁵ Årsaka kan vere at ein uekte son av Magnus Erlingsson var lettare å einast om enn ein ektefødd dotterson av ein konge. Det kan også tenkast at det fins ei meir pragmatisk forklaring. Det er mogeleg det fanst andre krefter i denne alliansen som motsette seg Hallkjell som leiar, men kunne gå med på å stille seg bak eit ungt kongsemne med ein vidare krins av hovdingar som de facto leiarar. Forutan Hallkjell, var denne alliansen dominert at Erling Skakkes slektningar og orknøyske allierte, og minnar om alliansar vi har sett tidlegare i

⁹⁷³ Vandvik 1957: 496; Krag 2005a: 140-141.

⁹⁷⁴ Os: 328; Ss: 154. Hallkjell Jonsson var son til Margret, dotter til kong Harald Gille, og Jon Hallkjellsson, sjå s. 157 i denne avhandlingen.

⁹⁷⁵ Mor til Sigurd skal ha vore Gyrid Aslaksdotter (Ss: 154). Far hennar, Aslak Jonsson, deltok i kampane mellom Haraldssonene i andre halvdel av 1150-talet, først hos kong Øystein (Msk: 461; Hkr: 594) og sidan hos kong Inge (Gregorius) (Hkr: 603). Storm listar Aslak som lendmann, men han vert ikkje eksplisitt kalla det kjeldematerialet (Storm 1884a: 150). Vi kjenner ikkje Sigurd Magnussons alder på dette tidspunktet. Magnus døydde i 1184 og Sigurd må difor ha vore minst 8 år i 1192. Han blir kalla «sveinn» ved to høve i handskrifa AM 327 4¹⁰ (Ss-327 4¹⁰: 124).

konfliktane mellom kongesætlingane, til dømes då Harald Gille vart lansert som kongsemne på slutten av 1120-talet.

Hallkjell Jonsson var Erling Skakkes svigerson. Han var gift med Ragnhild Erlingsdotter i hennar andre ekteskap.⁹⁷⁶ Ragnhild hadde mykje å hemne. Ho hadde mista sin første ektemann og far sin i slaget på Kalvskinnet, i kamp mot kong Sverre, og nokre år etter miste ho bror sin på same måte. Ragnhild og Hallkjell fostra det unge kongsemnet Sigurd Magnusson, som var brorson til Ragnhild. Halvbror hennar, Sigurd Erlingsson, var også involvert i øyskjeggreisinga.⁹⁷⁷ På dette tidspunktet var Sigurd ein ung mann.⁹⁷⁸ Han hadde i lengre tid vore i kong Sverre si varetekt, og sagaen understrekar at tilhøvet var vennskapleg og omtalar jamvel Sigurd som fosterson til kong Sverre.⁹⁷⁹ I realiteten treng det slett ikkje ha vore slik. Vi har fleire døme på at kongsfrendar vart 'tekne vare på' mot deira, eller foreldra, sin vilje, for å hindre at dei vart nytta som samlingsmerke for opposisjonelle. Finn Erlingsson, Sigurds bror, hadde medverka til kuvlungreisinga, og dette kan ha gjort Sverre særleg på vakt andsynes Erlings søner.⁹⁸⁰

Hallkjell og Sigurd jarlsson disponerte i teorien over betydelege ressursar tilhøyrande kong Magnus og Erling Skakkes slekt. I tillegg til sitt eige arvegods rådde Hallkjell over ektefellen Ragnhilds gods. Jmført med Sigurd jarlsson må Ragnhild ha hatt den største parten i dette godset. Så framt Sigurd var ættleidd hadde han rett på arv etter Erling i 1179, men då Magnus døydd i 1184, gjekk hans del, saman med godset etter Kristin, mor hans, over til Ragnhild, Magnus si heilsyster.⁹⁸¹ Vi må såleis rekne

⁹⁷⁶ Fsk: 390; Hkr: 634; Ss: 154.

⁹⁷⁷ Erling hadde hadde fire frillesøner med tre ulike kvinner. Med Åsa den lyse hadde han Sigurd og Finn, dei var yngre enn dei to andre sønene (Hkr: 634; Ss: 154).

⁹⁷⁸ Vi veit ikkje når Sigurd vart fødd, men Hkr. opplyser som nemnt at Sigurd og Finn var yngre enn dei to andre brørne. Dette kan tolkast som at Sigurd og Finn var nokolunde jangamle. Finn døydd i 1185 (jf. note 923), kan hende i samband med kuvlungreisinga, og Sigurd er nemnd første gongen i 1192. Dette tyder på at dei var fødde ein gong i siste halvdel av 1160-talet eller seinast første halvdel av 1170-talet.

⁹⁷⁹ Ss: 154: «Sigurd, son Erlings jarlls, war frilluson ok war þā fosturson Suerris kongs ok hafdi þar werith lengi meðr honum j godum welskaph.»

⁹⁸⁰ Sjå denne avhandlinga s. 211.

⁹⁸¹ Kristin sitt gods var neppe lite ettersom ho ikkje berre var dotter til Sigurd Jorsalfare, men også Malmfrid, dotter til den novgorodske fyrsten Mstislav (Harald) og den svenske kongsdottera Kristin Ingesdotter. Kristin er nemnd siste gongen i 1170. Ho skal visstnok ha funne seg ein ny mann og rømt til utlandet på sine eldre dagar. Erling må såleis ha disponert over mykje av godset hennar fram til han døydd. Men, ektefellar arva ikkje kvarandre, så sjølv om Kristin har døydd før ektemannen, var det berre hennar egne born som tok arv etter henne. Ho levde truleg ikkje på 1190-talet (ekteskapet mellom mora Malmfrid og Sigurd Jorsalfare vart oppløyst ein gong på 1120-talet. Kristin må såleis ha vore over 70 år på denne tida). Sjå elles *Arvebolken* i Gulatingslova: GL: VI, 1-2.

med at Hallkjell og Sigurd jarlsson hadde arverett til eit omfattande jordegods. I praksis la nok kong Sverre beslag på mykje av dette då han omsider fekk kontroll med Vestlandet etter Magnus sitt fall i 1184, og han tvinga dermed stølefraksjonen til å søkje fofeste på Austlandet, truleg gjennom andre greiner i dette nettverket og ved hjelp av inntekter frå eigedomar som låg utanfor Sverre sin rekkjevidde. Både kuvlungane og vårbelgane kan forklarast på denne måten. Øyskjeggreisinga representerer derimot ein ny offensiv frå stølenettverket. Denne gongen greidde dei å mobilisere motstand sterk nok til at dei kunne ta Vestlandet, og som vi skal sjå var det i grunnen tilfeldige omstende som avgjorde utfallet i Sverre sin favør. Når dei nesten lukkast denne gongen, kan årsaka ha vore endra ressurstilgang.

Sverres saga fortel i samband med øyskjeggreisinga at kong Sverre utstyrte Hallkjell med lendmannstittel og jordegods kort tid før.⁹⁸² Kva for kongeleg jordegods det her er snakk om, veit vi ikkje, men det er rimeleg å tru at det dreiar seg om gods som tidlegare hadde høyrte til kong Magnus. Det kan tenkjast at ekteskapet mellom Hallkjell og Ragnhild kom i stand på dette tidspunktet og var ein del av avtalen mellom Sverre og Hallkjell.⁹⁸³ I så fall har Sverre på denne måten letta litt på grepet han hadde teke om stølenettverket sine ressursar på Vestlandet etter 1184. Slik situasjonen var for kong Sverre på byrjinga av 1190-talet, kan dette ha fortona seg som ei fornuftig avgjersle. Nikolas Arnesson var tilsynelatande nøytralisert i eit bispeembete i Viken, Sigurd jarlsson var i kong Sverre si varetekt og Eirik jarl utgjorde ikkje lenger noko trugsmål på Austlandet. Konflikten med erkebiskopen hadde derimot flamma opp og Sverre trong så mange av stormennene på si side som han kunne mobilisere. Risikoen var høg, men kanskje verdte å ta.

Øyskjeggane rekrutterte raskt tilhengarar, både innanlands og på øyene vest i havet, derav namnet på reisinga.⁹⁸⁴ Olav jarlsmåg, ein slektning av Harald Maddadsson

⁹⁸² Ss: 154.

⁹⁸³ Ragnhild Erlingsdotter var først gift med Jon Torbergsson av Randaberg, ein av kong Magnus sine menn. Han fall i 1179 (Hkr: 634; Ss: 42-46). Ragnhild vart deretter gift med Hallkjell Jonsson ein gong mellom 1179 og 1192 (Hkr: 634; Fsk: 390; Ss: 154). Sjå også Brathetland 2001b.

⁹⁸⁴ I følgje Sverres saga møtte øyskjeggane lite motstand i Viken og også på Vestlandet fekk dei stort tilsig av folk som ville tene kong Sigurd, Ss: 155-156. William of Newburgh hevdar også at øyskjeggane fekk mange tilhengarar og kongen deira hadde stor framgang, men døydde altfor tidleg (Chronicles: 232).

orknøyjarl, tok Sigurd kongsson med seg vestover.⁹⁸⁵ Orknøyjarlen utstyrte ekspedisjonen med eit langskip, og lét Olav samle seg mannskap i øyriket. Kva slags motiv hadde jarlen for å stille seg bak ei reising mot kong Sverre?

Harald Maddadsson hadde kontrollert Shetland, Orknøyane og Caithness åleine etter at Ragnvald Kale jarl døydde i 1158. Området fall inn under både den norske og den skotske kongemakta sin interessesfære, men dei første tiåra av si styringstid ser Harald ut til å ha merka lite til dette. Dei siste tiåra av hundreåret derimot er merkte av ei veksande interesse for øyriket både frå norsk og skotsk hald. På 1190-talet var Harald Maddadsson jarl innblanda i fleire alvorlege konfliktar med baa desse maktene, samstundes som han også fekk konkurranse frå ein rivaliserande jarl, Harald Unge.⁹⁸⁶ Barbara Crawford har undra seg over Harald Maddadssons ubendige opprørstrong: «Indeed, there can be few examples in medieval Europe of such a sustained attempt by a vassal to defy his two different overlords as we know Earl Harald did so recklessly in these years.»⁹⁸⁷ Edvard Bull d.e. stilte seg uforståande til Harald jarls motiv, og fann det ”øvraskende at Harald Jarl i 1193 lot øyskjeggene flokk få sin velvillige assistanse på Orknøyene til reisningen mot Sverre. Vi kan slett ikke få tak i de nærmere politiske motiver som beveget ham”.⁹⁸⁸

Crawford har tolka Harald jarl d.e. si støtte til øyskjeggane som ein måte å sette rivalen, Harald Unge ut av spel. Dersom Harald Maddadsson kunne bidra til å eliminere kong Sverre og sette Sigurd Magnusson på trona, ville Harald Unge bli avskoren frå støtte frå norsk hald.⁹⁸⁹ Dette scenarioriet har nokre veikskapar. Den viktigaste er kanskje at Harald Unge var Ragnvald Kale jarls barnebarn og etterkomar av ein politisk aktør som hadde stått Støleætta svært nær. Initiativtakarane og kongsemnet til øyskjeggane kom frå det same nettverket, tett bunde til Erlings Skakkes slekt. Det er lite sannsynleg at dette nettverket kom til å føretrekkje Harald d.e. framfor Harald Unge. Eit anna

⁹⁸⁵ Det er uklart kva relasjon Olav hadde til orknøyjarlen. Crawford 1971: 147 hevdar, med referanse til Taylor si omsetjing av Orkneyinga saga, at Olav var Harald jarls svigerson, men originalteksten fortel ikkje anna om Olav enn at han var «mågr hans [jarlen]», jf. Os-Íf.: 297. Det kan også dreie seg om Haralds svoger, altså bror til Haralds ektemake, Hvarflod. Sistenemnde relasjon knyter i så fall Olav til slekta MacWilliam, som i lengre tid hadde utfordra den skotske kongemakta.

⁹⁸⁶ Beuermann 2007: 200-203; Crawford 2013: 242.

⁹⁸⁷ Crawford 2013: 242.

⁹⁸⁸ Bull 1931b: 338.

⁹⁸⁹ Crawford 2013: 244.

moment er at Harald Unge allereie ser ut til å fått tittelen jarl av Magnus Erlingsson, kanskje så tidleg som på midten av 1170-talet, og vi har ingen grunn til å tru at Sigurd kongsson og Magnus sine næraste allierte ville ta frå han denne retten.

Eit anna mogleg scenario knyter seg til korleis dette alliansesystemet reagerte på Magnus Erlingssons død i 1184. Den unge jarlen hadde på dette tidspunktet også blitt tilkjent herredømmet over Caithness av den skotske kongen William I.⁹⁹⁰ Så opplyser den engelske krønikeskrivaren Roger Hoveden at Harald Unge vart utnemnd til jarl av kong Sverre, truleg kring 1190.⁹⁹¹ Fleire har hevda at Harald Unge sverja truskap til kong Sverre som ein konsekvens av Harald Maddadsson jarls si innblanding i øyskjeggreisninga.⁹⁹² Truleg var det omvendt. Sverres saga nemner ikkje på noko tidspunkt at den unge Harald jarl vart stilt til rette for øyskjeggreisninga, og han var ikkje med til Noreg då Sverre kalla Harald Maddadsson og dei beste menn frå Oknøyane til seg for å gjere bot for seg i 1195.

Harald Maddadsson støtta øyskjeggane fordi han var i beit for allierte, og vart pressa av sin rival Harald Unge.⁹⁹³ Den unge jarlen hadde både den norske og den skotske kongemakta på si side ved inngangen til 1190-talet, medan den eldre jarlen gradvis gjorde seg til fiende med den skotske kongemakta. Ein gong på 1160 eller 1170-talet hadde Harald Maddadsson gifta seg med Hvarflod, dotter til stormannen Malcolm MacHeth.⁹⁹⁴ Malcolm hørte til MacWilliams-klanen som i ei årrekkje hadde utfordra den skotske kongemakta. Harald deltok mellom anna i eit opprør mot den skotske kongemakta i Moray i 1190, og truleg hadde han også vore engasjert på opprørarane si side lenge før dette.⁹⁹⁵ Forleninga av Caithness til Harald Unge og kong Sverres anerkjennelse av den unge jarlen sette den aldrende jarlen i ein svært vanskeleg posisjon.

⁹⁹⁰ Os: 321 ff. Dersom vi skulle freiste å tidfeste meir nøyaktig er det nærliggande å tru at dette hende i andre halvdel av 1170-talet. Av ordlyden i Os. får vi inntrykk av at det i minste hende før slaget på Kalvskinnet i 1179. Thomson meiner dessutan at alliansen med den skotske kongemakta truleg vart inngått endå tidlegare, Thomson 2001: 118-119. Harald var dessutan truleg fødd kring 1155 og var såleis i rett alder til å krevje jarlsnamn ein gong kring midten av 1170-talet.

⁹⁹¹ Chron.hov iv: 11.

⁹⁹² Thuesen 2001b: 114-5. Sjå også Bull 1931e.

⁹⁹³ Slik også Helle 1974: 123; Crawford 1971: 146; Thomson 2001: 120.

⁹⁹⁴ Dateringa etter Thomson 2001: 118. Crawford daterer ekteskapet endå tidlegare, til byrjinga av 1160-talet. Crawford 1971: 70. Korkje Bull 1931e eller Thuesen 2001b daterer dette ekteskapet.

⁹⁹⁵ Crawford 2013: 246-247.

Slik sett kan øyskjeggoprøret tolkast som ein desperat freistnad frå Harald Maddadsson på å betre sin eigen posisjon.

Øyskjeggreisninga var det mest alvorlege trugsmålet kong Sverre hadde stått andsynes så langt.⁹⁹⁶ Harald Maddadsson jarl hadde tydelegvis god tillit til Hallkjell Jonsson og Olav jarlsmåg, og dei sikra seg både utstyr og ein mannsterk hærstyrke frå øyriket. Dei etablerte seg raskt i Viken og jaga birkebeinarane derifrå fleire gonger. Også på Vestlandet fekk dei sitje nokolunde uforstyrta. Ein birkebeinstyrke heldt rett nok borga i Bergen, men øyskjeggane ser ut til å ha hatt kontroll over distrikta så langt nord som til Stad og har vore i stand til å tileigne seg både skattar og avgifter. Særleg motstand ser dei heller ikkje ut til å ha møtt. Snarare opplyser Sverres saga at mange no slutta seg til øyskjeggane og gjekk i teneste hos dei.⁹⁹⁷ Etter det sagaen gir grunn til å tru, disponerte øyskjeggane over ein hærstyrke på over 3000 mann våren 1194,⁹⁹⁸ men av di Sverre sitt angrep kom uventa på dei, makta dei ikkje å samle troppane før det avgjerande slaget stod i Florvåg på Askøy utanfor Bergen påsken 1194. Hærane var såleis om lag jamstore, ca. 2000 mann på kvar side.⁹⁹⁹ Det som avgjorde sigeren i kong Sverre sin favør, var såleis ikkje storleiken på hærstyrkane, men dugleiken til birkebeinarane, om vi skal lite på sagaforfattaren.¹⁰⁰⁰ Det høyrer også med til historia at birkebeinsveita som hadde helde til i Sverresborg om vinteren, no kom kongen sin til hjelp. Dette innebar såleis at birkebeinarane fekk ei forsterking på opp mot fleire hundre våpensterke og brynjekledde menn under kampen.¹⁰⁰¹ Alle hovdingane til øyskjeggane,

⁹⁹⁶ Slik også Crawford 1971: 147.

⁹⁹⁷ Ein av desse var Sigurd jarlsson, den tidlegare omtala frillesonen til Erling Skakke, som hadde vore hos kong Sverre. Han vart frå no av ein sentral aktør i krinsen av stormenn som gjorde motstand mot kong Sverre (Ss: 154, 156-157). Sjå også s. 222 i denne avhandlinga.

⁹⁹⁸ Øyskjeggane i Florvåg hadde 14 store skip, dvs. om lag 2000 mann. I tillegg var Sigurd jarlsson i Stavanger med seks skip og Øystein Korp i Sogn med tre skip, til saman altså 23 skip. Vi veit ingenting om storleiken på skipa omframt dei 14 som var i Bergen, men dersom vi reknar at dei var små skulle det verte i underkant av 1000 mann i tillegg til dei 2000 som var i byen. Styrken kan såleis etter dette godt ha vore større enn 3000 mann totalt.

⁹⁹⁹ Ss.: 156 og 158 opplyser at kong Sverre hadde tjuve små skip, ingen større enn tjuesesser men fleire mindre. Øyskjeggane skal ha hatt fjorten store skip. Hødnebo og Magerøy reknar såleis med at hærstyrkane var om lag jamstore, Ss-BogI-Hø: 177 (kommentar). Munch 1941-43 (1855-59): bd. 7, 224 meiner at Sverre sin styrke har vore mykje mindre, ca. 1200 mann mot øyskjeggane sine 2000.

¹⁰⁰⁰ Ss.: 161. Som Bagge 1996: 37 har peika på, er dette slaget også eit døme på Sverre sitt militærtaktiske talent.

¹⁰⁰¹ Teksten er uklår når det gjeld storleiken på denne styrken. Ss: 160 lyder slik: «J þui bile kuomu þeir jnnan or bænum, borgharmennernir, ok höfdu langskiph, ok woru a niutigir manna, ok höfdu allir hringabryniur». 'Langskip' står her i ubunden form fleirtal. Det kan såleis ha vore berre eit, men truleg var det fleire. Ss: 156 opplyser nemleg at det var ei stor sveit Sigurd Borgarklett hadde ansvaret for i Sverresborg den vinteren:

inkludert kongsemnet, fall i Florvåg. Den einaste namngjevne hovdingen som kom seg unna var Sigurd Jarlsson, som tok seg sørover til Danmark.

Som dei andre mindre reisingane mot Sverre tidlegare etablerte øyskjeggane seg også først i Viken, og «alt landsfolket gjekk da under dei»¹⁰⁰² fortel Sverres saga:

Dei for visleg åt, og let kvar mann rå for sitt. Men sidan dei hadde mykje folk og enno berre lite av landet, vart det knapt med pengar for dei, og dei tok da med heile hæren sør til Danmark og kom heilt til Trave; der tok dei handelsskip og vann uhorveleg med gods, mest i klede, men og i gull og sølv.¹⁰⁰³

Det blir her gjort eit poeng av at øyskjeggane ikkje tok seg til rette med ran og vald slik fleire av dei andre opprørsflokkane hadde gjort. Dei evna å opphalde seg ei tid i regionen på anna vis og tydde til piratverksemd i framand farvatn då det byrja skorte på midlane. Det kan tyde på at øyskjeggane i endå sterkare grad kunne nyttiggjere seg av andre ressursar i Viken, truleg gjennom nettverksrelasjonar. Sverre skulda biskop Nikolas for å ha stått bak øyskjeggreisinga. Biskopen nekta for skuldingane, men mykje tyder på at øyskjeggane hadde ei lokal forankring på Austlandet gjennom forgreiningar av stølenettverket. Ein ytterlegare indikasjon på dette er mellom anna at to av øyskjegghovdingane i Florvåg i 1194, Hallvard Bratte og Lodin Pålsson, ser ut til å ha høyrte heime i Viken.¹⁰⁰⁴ Hallvard og Lodin var dessutan begge sentrale i organiseringa av motstanden kong Sverre møtte i Viken kring 1200. Der er altså ein viss kontinuitet mellom dei mindre reisingane på Austlandet i 1180- og 1190-åra og baglarane sitt grep om denne regionen frå andre halvdel av 1190-talet. Samstundes signaliserer baglarreisinga noko nytt. Kyrkja vart no ein aktiv deltakar i striden, ikkje berre på det ideologiske planet, men også militært. Dette vart langt på veg gjort mogeleg gjennom kyrkjeleingas alliansepolitikk, med erkebiskop Eirik Ivarsson i spissen.

«Suerrir kongr hafdi latid giora borgh j Biorguina bergino wpp fra byskupsgardi. Høfdo Birkebeinar þar sueith micla wm vetrin, ok red fyrir Sigurdr borgharklettur.»

¹⁰⁰² Ss: 155, her omsetjing av Ss-Bogl-Hø: 174.

¹⁰⁰³ Ss: 155, her omsetjing av Ss-Bogl-Hø: 174.

¹⁰⁰⁴ Lodin Pålsson var son til Pål Småttauga (Ss: 160). Pål er nemnd som ein av fleire «gaufgir menn» som var med kong Magnus i 1181. Han deltok også i slaget i Norefjorden i 1184, der han fall (Ss: 69, 122 og 160). Lodin underkasta seg birkebeinarane i 1202, vart lendmann ein gong før 1217 og levde framleis i 1225. Hallvard er nemnd første gongen i slaget i Florvåg i 1194. Deretter finn vi han hos baglarane i Viken i 1200-1202. Han var på Berget saman med Reidar Sendemann då birkebeinarane kringsette borga. Kring årsskriftet 1201-2 fekk han grid hos kong Sverre og kom ned av Berget. Han slutta seg til baglarane att i 1204, og frå 1217 finn vi han som birkebeinhovding i Viken. Han hadde sysle i Ranrike frå 1224, og er nemnd siste gong i 1235 (HH: 323, 330, 342, 360, 377).

Biskopar og baglarar

Då øyskjeggflokken vart sprengt i 1194 fór mange av dei til Danmark.¹⁰⁰⁵ Her var også den norske erkebiskopen, Eirik Ivarsson, som hadde forlate stolen sin i Nidaros i 1190 og tatt opphald hos den danske erkebiskop Absalon i Lund. Kong Sverre hadde konfiskert erkebiskopen sitt gods, og situasjonen var prekær. Dei andre biskopane vart verande i landet nokre år til. Erkebiskopen, som var avskoren frå bispedømmet og sine eigne private inntekter i Noreg, rapporterte til kurien at han vart teken særst godt imot av sin ven Absalon. Frå Lund arbeidde erkebiskopen systematisk med å vinne sympati for den norske kyrkja si sak hos paven. Etter fire år og eit paveskifte oppnådde han resultat. Pave Celestin 3 utferda i juni 1194 ein privilegiebulle som gav medhald til Eirik på alle ankepunkt, og som truga ein kvar som trossa kurien sitt påbod med interdikt.¹⁰⁰⁶ Eirik kunne dermed lyse kong Sverre i bann og biskopane som framleis var med han vart også råka av bannet.

Erkebiskopen vart verande i Danmark til Sverre døydd i 1202. Under dette lange eksilet har han også tidvis nytt opphald hos abbed Vilhelm i Æbelholt.¹⁰⁰⁷ Absalon, Vilhelm og Eirik hadde etter alt å dømme studert samstundes ved St. Victor-klosteret i Paris, og kjente kvarandre godt.¹⁰⁰⁸ Som vi såg i førre kapittel var dette eit av dei leiande læresentra i Europa i denne tida, og ein spydspiss for den universalkyrkjelege reformrørsla. Erkebiskop Øystein nytta sine relasjonar til dette geistlege miljøet for å fremje sine ambisjonar i den politiske maktkampen i Noreg på 1160-talet. St. Victor framstår ikkje berre som eit viktig miljø for lærdom og personleg utvikling for klerkane frå nord, men også som ein arnested for personlege kontaktar og nettverk mellom dei geistlege.¹⁰⁰⁹

Gjennom Absalon og Vilhelm må vi rekne med at nordmennene også knytte kontaktar med ei større gruppe av geistlege og verdslege stormenn i Danmark som hadde

¹⁰⁰⁵ Sveithovdingen Sigurd jarlsson var ein av dei. Han søkte til Danmark med følget sitt, jf. Ss: 161.

¹⁰⁰⁶ DN 2: 3.

¹⁰⁰⁷ Daae 1897: 26, 29; Olrik 1912: 27.

¹⁰⁰⁸ Eirik og Vilhelm arbeidde truleg begge med overdraginga av eit nytt kloster til St. Victor-ordenen i Paris, St. Geneviève, Gunnes 1996: 87.

¹⁰⁰⁹ Johnsen 1943-46: 420; Gunnes 1996: 87-89.

sitt virke i kyrkja og kongen si teneste. Erkebiskop Absalon var av Hvide-slekt, ætlingar etter den sjællandske hovdingen Skjalm Hvide (død ca. 1113) som opparbeidde seg ein sterk posisjon i Danmark på 1100-talet. Hvide-slekta har blitt omtalt som «den mægtigste Stormandsæt, der nogen Sinde har levet blant de danske.»¹⁰¹⁰ Skjalm Hvide hadde store eigedomar på Sjælland, og var ein viktig ressurs for den danske kongemakta ved fleire høve på 1000-talet. Han stod mellom andre kong Erik Ejegod nær, og var fosterfar til den unge Knut Eriksson (Lavard) under foreldra sitt fråvær frå 1102.¹⁰¹¹ Fleire av sønene og sonesonene til Skjalm fekk også sentrale politiske posisjonar i hundreåret som følgde. Erkebiskop Absalon var ein av dei, samt etterfølgjaren hans i embetet, Andreas Sunesen, og brørne hans.¹⁰¹² Om Sunessønene er det sagt at dei ikkje berre hørde til, men dei *var* den avgjerande eliten i Danmark frå 1190-åra.¹⁰¹³

Lars Hermansson har undersøkt tilhøvet mellom dei danske kongane på 1100-talet og det han kallar *elitekollektiv*, dvs. grupperingar av stormenn som hadde ressursar og makt til å influere kongemakt og kyrkje. Hermansson framhevar posisjonen til det han kallar *Skjalmkollektivet* i andre halvdel av 1100-talet som ein viktig premissleverandør for kongemakta sitt mynde. Den politiske makta var ikkje konsentrert til eit hierarkisk kongeleg maktapparat, men var snarare prega av eit kollektivt styre dominert av ein liten elite. I denne eliten stod Skjalmkollektivet, eller Hvide-slekta sterkt.¹⁰¹⁴

Eksilopphaldet i Danmark førte truleg dei norske biskopane inn i eit nettverk av verdsleg og geistleg elite der Skjalmkollektivet, slektingar av erkebiskop Absalon og Andreas Sunesen, har stått sentralt. I 1195 var den siste av dei norske biskopane, Nikolas Arnesson, på plass i Danmark hos erkebiskop Absalon.¹⁰¹⁵ Her vart han løyst frå bannet, og vart no sentral i organiseringa av motstand mot Sverre frå Danmark. Pavebullen i 1194 opna for deltaking frå kyrkja på ein ny måte i motstanden mot Sverre og tilhengarane hans. Etter kyrkja sitt syn var Sverre no ein fiende av Guds og kyrkja, og

¹⁰¹⁰ Olrik 1894.

¹⁰¹¹ Olrik 1894.

¹⁰¹² Hørby 1985: 17-19.

¹⁰¹³ Sjø Kræmmer 2007.

¹⁰¹⁴ Hermansson 2000: sjå særskilt 149 ff., 191 ff., 247 ff.

¹⁰¹⁵ Ss: 166.

kunne nedkjempast med dei våpen som fanst. Nikolas vart føraren for dei som bar våpen mot kong Sverre, og hærfolket hans vart kalla bispestavar, eller *baglarar*.

Hausten 1195 og våren som følgde må det ha føregått ei kraftig mobilisering på fleire frontar i Danmark. Sverres saga viser at også birkebeinarane vart vår dette, og legg fylgjande ord i Sverre sin munn: «Eg har høyrst gjeti at danskane enda vil ale oss ulvar, og det sit somme innanlands og».¹⁰¹⁶ Mange av Sverres motstandarar slo seg saman med baglarane på vårmarknaden i Halör (Skåne) i 1196. Mellom dei var Sigurd jarlsson og følgjet hans som hadde forlate landet då øyskjeggane vart sprengt. Erkebiskop Eirik møtte også der, og biskop Nikolas som hadde mobilisert ei mengd vikværingar i følgjet sitt. Då dei drog nordover mot Noreg hadde dei mønstra fem langskip og over 100 småskip.¹⁰¹⁷ I løpet av dei neste fire år mønstra baglarane massiv støtte frå Viken og gjorde åtak på både Nidaros og Bergen. Sverre svarte med å by ut store leidangsstyrkar for å slå ned motstanden i Viken. Krigen råka bønder og bymenn særskilt hard. Ikkje berre måtte dei yte leidang, ofte til begge partar, men dei vart også utsette for plyndring og hærverk, og måtte yte ekstraskattar som represaliar. Bøndene i Viken reagerte vinteren 1199-1200 med organiserte angrep på birkebeinarane.

Samstundes var baglarane sine nære allierte i Danmark involverte i eit viktig maktskifte i Sverige. Hausten 1195 døydde kong Knut Eriksson, Sverres svigerfar.¹⁰¹⁸ Det medførte at den 35 år gamle Sverker d.y. tileigna seg makta. Sverker var son til Karl Sverkersson som vart drepen i slaget på Visingsö i 1167 av Knut Erikssons tilhengjarar. Andre halvdel av 1100-talet i svensk historie er prega av strid mellom slektningar av desse to ættegreinene, den *sverkerske* og den *erikske* ætta. Sverkers mor, Kristina, var etterkomar av Skjalm Hvide. Far hennar var Stig Hvidelæder, erkebiskop Absalons søskenbarn. Mor til Kristina var Margaretha Knudsdotter, syster til kong Valdemar I. Den svenske tronpretendenten var med andre ord ein Hvide-ætling med dansk kongsblod i årene.

¹⁰¹⁶ Ss: 167.

¹⁰¹⁷ Ss: 168.

¹⁰¹⁸ Dateringa av Knut Erikssons dødsår er usikker. Han døydde ein naturleg død, og skal ha vorten gravlagd på Varnheim kloster ein gong mellom 1195 og 1196. Sverres saga tidfester hendinga til hausten 1195 (Ss: 166).

Då far til Sverker vart teken av dage i 1167 vart den unge kongssonen sendt til morslekta si i Danmark. Der oppheldt han seg i 18 år før sjansen baud seg til å gjere krav på kongsnamn. I 1195 var kong Knut Erikssons søner anten mindreårige eller utan nødvendig støtte i det svenske aristokratiet til å vinne fram mot Sverker.¹⁰¹⁹ Det var truleg også avgjerande at den svenske jarlen Birger Brosa ikkje stilte seg bak kong Knuts søner, men støtta utfordraren Sverker. Dermed braut jarlen også alliansen med Sverre, og stilte seg bak ein tronkrevjar med tette band til nettverket av Hvide-ætlingar og norske geistlege i opposisjon til Sverre.

Sverker arbeidde aktivt for å styrke posisjonen sin både i Sverige og Danmark etter farens død. Han inngjekk mellom anna minst to ekteskap, først med Ingegjerd, dottera til den svenske jarlen Birger Brosa, Sverres allierte.¹⁰²⁰ Og dinest med Benedikte Ebbesdatter, ein slektning innan Skjalmkollektivet.¹⁰²¹ Ekteskapet mellom Sverker og Ingegjerd Birgersdotter har blitt sett i samband med alliansen som vart inngått mellom den svenske jarlen og Sverker ved kong Knut Erikssons død i 1195.¹⁰²²

Baglarreisinga fall altså saman med eit tronskifte i Sverige som endra maktballansen i eit alliansesystem som hadde bestått i fleire tiår. Då kong Knut av Sverige døydde miste ikkje Sverre berre svigerfar sin, men også ein av sine viktigaste allierte. Til alt overmål var den nye kongen i Sverige fostra hos baglarane sine nære allierte, og som vi skal sjå i neste kapittel viste Sverker liten vilje til samarbeid med den erikske ætta. Det var såleis med nære allierte i ryggen (både den danske og den svenske kongemakta), at baglarane kunne innta Austlandet i 1196, og klarte å bite seg fast i denne landsdelen trass gjentakande angrep frå birkebeinarane.

¹⁰¹⁹ Bolin 1953: 257. I følgje den svenske historikaren Johannes Messenius, som skreiv på byrjinga av 1600-talet, skal Sverker ha blitt tatt til konge under føresetnad av at kong Knuts son Erik skulle følgje etter han. Line tenkjer seg at dette kan ha vore ein del av avtalen han forhandla fram med jarlen (Line 2007: 104).

¹⁰²⁰ Line 2007: 104. Rekkefølgja på desse ekteskapa er omstridt, men eg har her følgd Line som argumenterer overtydande for at ekteskapet med Benedikte var hans andre (Line 2007: 487-488), slik også Troedsson 2009: 32. Olrik?: 190 og Harrison 2002a: 109 tenker seg at dette ekteskapet kom i stand den tida Sverker var i eksil i Danmark. Eit viktig argument for at ekteskapet med Benedikte var hans andre, er at dronning Ingegjerd, døydde om lag 1206-1207. I 1208 veit vi at Sverker fekk støtte av Benediktes slektningar til å nedkjempe Erik Knutsson. Det sannsynleggjer rekkefølgja på desse ekteskapa. Line diskuterer også ein påstand i Sverres sagas om at ein Karl, son av Sverker, var gift med kong Sverres dotter, Ingebjørg, og vart nedkjempa av baglarane ca. 1189 (Ss: 203-204). I følgje Line må denne sonen, som knapt kan ha vore eldre enn i tenåra, ha vore frå eit ukjent ekteskap eller frilleforhold (Line 2007: 487-488).

¹⁰²¹ Sverker Karlsson og Benedikte Ebbesdatter var firmeningar. Etter kanonisk rett var dette ekteskapet lovstridig. Først i 1215 vart grensa for incest redusert frå slektskap i sjettede ledd til slektskap i fjerdede ledd.

¹⁰²² Line 2007: 104.

Det er ikkje berre baglarreisinga som gir grunn til å tru at kong Knut Erikssons død medførte eit skifte i Sverres alliansepolitikk. Vi har fleire indikasjonar på at Sverre søkte nye alliansepartar etter 1195, men med eit interdikt hengande over seg var Sverres handlingsrom sterkt innskrenka. Ss nemner kring 1198 eit ekteskap mellom Sverres dotter, Ingebjørg, og Karl, ein son av kong Sverker, og enkelte har tenkt seg at Sverre klarte å opprette ein kortvarig allianse med den sverkerske slekta.¹⁰²³ Det kan også tenkast at Karl var ein eldre frilleson som har freista etablere seg gjennom ein allianse med Sverre, eller son av ein annan Sverker med relasjon til den svenske kongemakta¹⁰²⁴ som stod i opposisjon til kong Sverker. Vi har dessutan opplysningar om at den engelske kong Johan sende Sverre ein styrke på 150 leigesoldatar i 1201-1202.¹⁰²⁵ Johnsen har sannsynleggjort at desse leigetroppane var eit resultat av Sverres orientering mot England på 1190-talet, og han set ei rekkje økonomiske transaksjonar i samband med denne nyorienteringa. Dei engelske kongane hadde dessutan vist ei avslappa haldning til påbod frå paven, og brydde seg truleg lite om kyrkja si oppfatning av Sverre.¹⁰²⁶ Sjølv om Sverres død i 1202 sette eit punktum for denne politiske dreininga, viser den korleis sambandet mellom baglarane og kong Sverker endra kong Sverres handlingsrom og la press på kong Sverre for å etablere alternative samarbeidspartar.

Johnsen set Sverres allianse med den engelske kongemakta også i samband med ei forsyningskrise kring hundreårskiftet: Etter år med øydelagde avlingar, konfiskert gods, ekstraskattar og straffeskattar hadde bønder og bymenn lidd store tap som følgje av krigshandlingane. Utanlandske kjøpmenn som vanlegvis kunne forsyne byane med korn heldt seg vekke, og befolkninga leid naud. Baglarane kunne effektivt blokkere kornimporten både frå Danmark og Austersjøområda, medan kong Sverre måtte legge harde ekstraskattar på bøndene for å kunne brødfø birkebeinarhæren.¹⁰²⁷ Johnsens analyse er interessant. Den bygger på engelske rekneskapsnotiser som viser at den engelske kongemakta gav ordrar om å sende fleire skipslastar med korn til Noreg i åra

¹⁰²³ Johnsen 1970: 17.

¹⁰²⁴ Line 2007: 104.

¹⁰²⁵ Sverres saga fortel om ein leigetropp på 200 (327 4^o har 100, *Eirspennill* 200) mann, sendt av kong Johan (Ss: 244). I følgje engelske rekneskap sende kong Johan minst 150 walisiske hærmenn til kong Sverre i året 1201-1202 (RN: 283 og 284).

¹⁰²⁶ Johnsen 1970.

¹⁰²⁷ Johnsen 1970.

1200-1201. Når vi også legg til at baglarane var involvert i bondeopprøra, kastar dette nytt lys over hendingane i dette tidsrommet.

Bøndene i Viken samla seg i ei vidtfemnande bondereising som kuliminerte i eit slag mot birkebeinarane i Oslo år 1200. Sverres saga nemner ikkje baglarane eksplisitt i dette slaget, og dette har fått fleire til å meine at bøndene handla heilt på eige initiativ.¹⁰²⁸ Det er heller tvilsamt. Det er rimelegare å tru at baglarane nørte opp under bøndene si misnøye. Ein av dei sentrale leiarane for bøndene i Osloslaget var Åmunde Bust, han er nemnt seinare (1209) i Baglarsagaene som sendebod for baglarkongen Fillippus.¹⁰²⁹ Då Sverre kom austover frå Bergen seinare same år hadde Reidar sendemann etablert seg med ein solid hærstyrke i Tønsberg «til landeverje for vestfoldingane»¹⁰³⁰ som hadde delteke i bondeslaget. Og då Sverre kom lenger aust i Viken møtte han hærflokkar overalt kor han freista gå i land: «Allstad hadde bøndene samling imot; der var med både tegn og træl, og kongen kunne ingen stad sleppe opp på fastlandet.»¹⁰³¹ Ein av sveithovdingane for bondehæren var den same Åmunde Bust som hadde stått for bøndene i slaget i Oslo. Dei andre sveithovdingane som var saman med Åmunde var heilt klart frå dei inste krinsar i baglarleiinga: Sigurd Jarlsson, Hallvard Bratte og Lodin Pålsson, alle tre for veteranar å rekne.¹⁰³² Av Sverres saga går det klart fram at vi denne gongen har å gjere med bondehærar leia av baglarhovdingar.¹⁰³³

Det blir dermed for enkelt å rekne bondereisinga i Viken kring hundreårsskiftet som eit grasrotopprør retta mot maktmisbruk frå eliten. Rett nok ser det ut til at bøndene reagerte mot å bli pålagt urimelege skattar,¹⁰³⁴ men baglarleiinga ser også ut til å ha vore involvert i bondeopprøret, og i det minste under Sverre sitt andre tokt mot Viken i 1200 kjempa bønder og baglarar under same skjold. Det tette samarbeidet med kyrkja kan ha gitt baglarane eit fortrinn når det gjaldt å appellere til bondeallmugen. Kyrkja disponerte over eit finmaska nett av kyrkjetenarar som spreidde kyrkja sitt budskap og påbod til

¹⁰²⁸ Bugge 1916: 208ff. I følge Bugge var ikkje baglarane berre utvitande om bondeopprøret, dei var jamvel fiendtleg innstilte til det. Krag 2005a: 200 kallar bondeopprøret for «spontan folkereising».

¹⁰²⁹ Bogl-Ma: 119. Åmunde er berre nemnd i *Eirspennills* tekst.

¹⁰³⁰ Ss: 236, her i omsetjinga til Koht 1913: 186.

¹⁰³¹ Ss: 236-237, her i omsetjinga til Koht 1913: 186.

¹⁰³² Dei tre hadde lang fartstid først hos øyskjeggane og dinst hos baglarane, jf. SagaFolk.

¹⁰³³ Ss: 237-238.

¹⁰³⁴ Erland tenker seg at bøndene anten reagerte på at skattebyrda var for høg, eller at kravet ikkje vart rekna for legitimt (Ersland 2000: 51).

alle små og store kyrkjelydar. Slik fann politisk agitasjon også vegen til bøndene, og vi kan ikkje sjå bort frå at bondeopprøra der baglarar og bønder kjempa side ved side mot Sverre er eit utslag av kyrkja sitt engasjement i striden gjennom baglarpartiet. I neste kapittel ser vi nemleg tydeleg at kyrkjeleiinga nytta bøndene som aktiv part i forhandlingar om makt og posisjonar.

Samanfatning

Dette kapittelet har tatt utgangspunkt i ei forventning om at ei prosopografisk analyse av Sverres saga kan tilføre nye perspektiv på makttilhøva i perioden. Eit argument for dette er at forfattaren av saga må ha nytta ei stor mengd skriftlege vitnesbyrd som grunnlag for dei detaljrike framstillingane av personopplysningar og slekt- og ekteskapsrelasjonar i sagaen. Dette dokumentariske materialet kan dermed til ein viss grad supplere det tendensiøse narrativet som særleg pregar første del av sagaen. Eit døme på dette kjem fram i analysen av kong Magnus sitt nettverk av lendmenn og følgesmenn frå midten av 1170-talet til 1184. Resultatet stør opp om sagaforfattarens påstand om at Magnus hadde ein sterk posisjon «både hos dei fremste mennene i landet og hos heile allmugen». Det store talet lendmenn og stormenn sagaen nemner, og den geografiske fordelinga av desse, underbygger sagaforfattarens påstand. No kan vi sjølvsagt ikkje sjå bort frå at sagaforfattaren har gjort dette med hensikt, men på 1220-1230-talet, då sagaen vart fullført, var det framleis ikkje gått lenger tid enn at det fanst folk som hadde delteke i kampane mellom kong Magnus og Sverre, og mange av etterkomarane deira var i sin beste alder og fylte sine fedrers roller som lendmenn og systemenn rundt om kring i landet. Det var såleis ikkje heilt uproblematisk å skrive ei mengd identifiserbare medlemmer av eliten inn i saga som ikkje skulle vere der.

Analysen viser også ein stor grad av kontinuitet i oppslutninga kring Magnus Erlingsson frå 1160-åra og vidare inn i 1170-åra, og denne kontinuiteten pregar også kuvlung-, vårbelg- og balgarpartiet. Kong Magnus sitt maktgrunnlag kvilte på Erling jarl og relasjonane som Støleætta hadde opparbeida seg over årtier. Her var banda til Stårheim og enkedronning Ingerid framleis viktige, representert ved Orm kongsbror, og samarbeidet med erkebiskop Øystein og frendane hans. Kuvlungane vart leia av den

same kontellasjonen: Støle, Stårheim og erkebiskopens folk, og vårbelgane var berre eit nytt namn på det som var att av denne flokken. Men ein ting endra seg etter Magnus fall i 1184. Tyngdepunktet for motstanden mot Sverre flytte seg austover. Sverres konfiskering av jordgods frå falne Magnus-tilhengarar, samt refordeling av denne godsmassen gjennom giftarmål, må ha gitt han betre kontroll over Vestlandet. Vi ser at motstanden mot Sverre etter 1184 i hovudsak kom frå Viken. Der stod Sverre svakare enn i dei andre landsdelane. Både Inge og Magnus hadde stått sterkt i Viken, og vi må rekne med at fleire av dei mest sentrale aktørane innan stølenettverket hadde tilgang til jordeinntekter frå Austlandet. Jordegodset etter enkedronning Ingerid i Vest-Götaland spela truleg også ei viktig rolle i denne samanhengen.

Frå byrjinga av 1190-talet vart motstanden mot Sverre ført langs to liner: Ei tradisjonell som involverte politiske alliansar og nettverksband som stølenettverket hadde bygd opp over tid og nyttiggjort seg av før, mellom anna kontakten til jarledømmet på Orknøyane og den danske kongmakta. Den andre lina var den ideologiske kampen. Gjennom appell til pavemakta var strategien å få stadfesta at kong Sverre hadde rana til seg kongedømmet på falsk grunnlag, og ikkje var til gagn for sitt eige folk, og dermed gjere kyrkja i stand til sjølv å bere våpen mot kongen sin. I 1196 vart desse to linene sameina i baglarreisninga. Bannlysinga av Sverre i 1194 og kong Knuts død i 1195 mogleggjorde ei endå tettare kopling mellom verdslege og geistlege interesser gjennom ein allianse mellom baglarar, Hvideslekta og sverkeriltengarar.

Analysen framhevar også kontinuiteten mellom kong Sverre og det trønderske nettverket som stod i opposisjon til kong Magnus og Erling Skakke frå midten av 1160-talet. I Trøndelag kunne Sverre dra nytte av fiendane Erling Skakke hadde skaffa seg der, gjennom ei rekkje drap på trønderske stormenn. Denne situasjonen forklarar langt på veg den sterke oppslutnaden han var i stand til å skaffe seg i Trøndelag.

Som nettverksbyggar ser vi at Sverre baserte seg i like stor grad på slektskapsrelasjonar som sine motstandarar. På den eine sida var han avhengig av å kople seg til kongsslekta for i det heile å skaffe seg eit legitimt maktgrunnlag. På den andre sida innebar slike relasjonar alltid ein viss risiko, ettersom kongsslektningar gjerne hadde sin eigen politisk agenda og ressursar nok til å motarbeide Sverre. Den stabile kjernen i birkebeinarleiinga besto difor av Sverre sine slektningar på morssida, og som

vi skal sjå i neste kapittel var desse eit viktig bindeledd mellom kong Sverre sin birkebeinarflokk og det nye birkebeinarkongedømmet etablert under Sverre sine etterkomarar på byrjinga av 1200-talet.

Analysen i dette kapittelet har også gitt rom for å løfte fram andre maktposisjonar innan birkebeinarkrinsen, omframt Sverre sjølv. Her har vi sett at Eirik kongsson truleg var mykje meir sentral enn det han tradisjonelt har fått æra av, og at hans død i 1190 kan ha svekka Sverre på Austlandet att og opna for reisingar som øyskjeggane og baglarane. I det heile ser situasjonen for Sverre prekær ut frå andre halvdel av 1190-talet. Tapet av den svenske kongemakta som alliert, baglarane sitt angrep på Viken og ei tiltakande forsyningskrise ser ut til å ha pressa Sverre til å søke nye alliansepartar i den engelske kongemakta mot slutten av si levetid. Dette er ei skildring av kong Sverre som i større grad viser at også denne kongen var avhengig av eit nettverk av støttespelarar og allierte, og at handlingsrommet til kong Sverre vart definert av meir enn hans suksess som militær leiar. Framstillinga legg også vekt på at Sverre gjorde seg til talsmann for, og vidareførte, ei konfliktline som hadde festa seg vel eit tiår tidlegare. Dette styrkar inntrykket av kontinuiteten i partidanninga.

Det delte kongedømmet

Kong Sverres død i 1202 skapte eit mellombels rom for forsoning mellom baglarar og birkebeinarar. Sverre medverka sjølv til dette ved å gjere det klart for si eiga hird at det ikkje fanst andre søner i live etter han enn sonen Håkon. Håkon Sverresson var allereie godt etablert ved hirda, og hadde delteke ved faren si side i minst fem år. Sverre skal dessutan ha oppmoda sonen til å forsone seg med kyrkja og såleis løyse riket frå interdiktet.¹⁰³⁵ Dette var eit naudsynt første steg for å skape ro. Dei norske biskopane, som hadde søkt tilflukt i utlandet på 1190-talet, returnerte til sine respektive bispedømmer i Noreg, og gjekk med på ei semje med kong Håkon.¹⁰³⁶ I løpet av kort tid fekk Håkon Sverresson kontroll også i områder der baglarane hadde dominert den siste tida, og då baglarkongen Inge Magnusson vart felt av ein bondehær i Oppland sommaren 1202, vart baglarhæren oppløyst.¹⁰³⁷ Dermed var det fred i sikte.

Den skøyre freden kong Håkon Sverresson fekk i stand varte berre knappe to år. Håkon døydde uventa fyrste nyttårsdag 1204, og krigen var på nytt eit faktum. Dei neste 4 åra stod det fleire slag mellom hærstyrkar på begge sider, og tidsrommet har fått namnet *Den andre baglarkrigen*. I 1208 tok erkebiskopen og andre høggeistlege initiativ til fredstingingar mellom partane, og eit forliksmøte kom i stand på Kvitsøy i Rogaland hausten 1208.¹⁰³⁸ Forliket innebar ei deling i to administrativt skilde kongedømmer. Denne riksdelinga heldt seg til 1217 då dei to partia klarte å einast om Håkon Håkonsson, Sverres soneson, som felles konge.

¹⁰³⁵ Ss: 252-253.

¹⁰³⁶ Bøgl-Ma: 8-9; DN 8: 5.

¹⁰³⁷ Bøgl-Ma: 7-10.

¹⁰³⁸ Bøgl-Ma: 116-117.

Tidsrommet 1202-1217 romma altså ei rekkje samanstøyt mellom birkebeinarar og baglarar, og under den andre baglarkrigen 1204-1208 var det harde kampar mellom partane som minnar om striden under kong Sverre. Men noko var likevel nytt. Fleire har peika på at den bitre personlege brodden som striden fekk på 1190-talet døydde med kong Sverre, samstundes som nye interesser og konfliktliner gjorde seg gjeldande.¹⁰³⁹ Det er tydeleg at birkebeinarkongedømmet var plaga av interessemotsetnader internt i leiinga, medan kyrkja lausreiv seg til ein viss grad frå baglartpartiet og tok ei meir nøytral stilling til striden. Samstundes fekk bøndene ei meir sentral rolle i denne perioden. Ei sentral tese hos både eldre og nyare historieskrivarar har vore at freden som vart etablert i denne perioden må forståast med utgangspunkt i eit press på bondesamfunnet. Krigstrøtte bønder gav uttrykk for misnøye med byrdene som striden påførte uskuldige. I den materialistisk-inspirerte historieskrivinga får dette form av klassekamp, der forliket mellom birkebeinarar og baglarar vart eit uttrykk for ei aristokratisk samling basert på klassefelleskap.¹⁰⁴⁰ Andre har lagt større vekt på behovet for samarbeid mellom den styrande eliten og bondesamfunnet, og kyrkja som bindeledd i denne prosessen.¹⁰⁴¹ Kyrkja sine menn kunne lettare godta den sindige og diplomatiske kong Håkon, og evna å heve seg over konflikten og gjorde seg til meklarar mellom partane. Som samfunnsinstitusjon og vaktar av Guds rett hadde kyrkja også meir grunnleggjande interesser av å målbære bøndene sitt behov. Som Knut Helle har formulert det: ”Kirkens menn tolker og bærer fram fredslengselen i bondesamfunnet.”¹⁰⁴²

Kyrkjeleiinga si rolle i konfliktane blir dermed sentral for å forklare kva som skapte grunnlag for varig fred i denne perioden. Omframt kyrkja sine overordna interesser for ro og stabilitet, var fleire sentrale geistlege leiarar involverte i striden på ulike måtar gjennom kollegiale nettverk innan kyrkjeorganisasjonen som strekte seg langt utover landegrensene. Gjennom dette nettverket hadde dei høggeistlege kontakt med yrkesfeller i naborika som var innblanda i interne stridar der. I Sverige føregjekk

¹⁰³⁹ Helle 1995: 70; Krag 2000: 127.

¹⁰⁴⁰ Holmsen 1977: 250. Alexander Bugge teiknar opp ei sosial motsetning mellom eit aristokratisk birkebeinarkongedømme og eit demokratisk (bondevennleg) baglarkongedømme (Bugge 1916: 223).

¹⁰⁴¹ Helle 1974: 96. Lunden ligg her nærare Helles syn enn Holmsens, i det han legg vekt på at storhovingane og bøndene hadde felles interesser av fred, mot eit framleis stridslystent krigararistokrati (Lunden 1987: 161-163).

¹⁰⁴² Helle 1974: 96.

det ein intens innbyrdesstrid i tidsrommet 1203-1210, der den eine parten vart støtta av dansk kongemakt og kyrkje. Omsynet til den sentrale kyrkjeleiinga spela også inn ettersom kurien blanda seg inn i den svenske tronstriden og la føringar for sine nordiske tenestemenn. Samstundes veit vi at sentrale krefter innerter i birkebeinarkrinsen hadde gods og slekt i Sverige, medan baglarane heilt sidan starten hadde nytt godt av støtte frå eit dansk nettverk sentrert kring Hvide-ætta og det danske kongehuset.

Med dette for augo skal vi i det fylgjande kapitlet sjå nærare på kva for interesser som dominerte birkebeinarar- og baglarpartia i denne perioden, og korleis endringar i sosiale nettverkt og etablerte alliansar skapte nye handlingsrom. Det blir lagt vinn på å vise at omsynet til utanlandske interesser har påverka makttilhøva mellom partane i vesentleg større grad enn det har vore vanleg å hevde. Utgangspunktet er at tesen om at omsynet til press på bondesamfunnet fekk kyrkja til å ta ansvar for å etablere fred, ikkje gir ei tilfredstillande forklaring på den politiske utviklinga i perioden.

Birkebeinarane

Då meldinga om farens død nådde fram til Håkon Sverresson Nidaros i 1202, vart han straks teken til konge av birkebeinarhirda. Baglarsagaene gir uttrykk for at heile hirda til kong Sverre gjekk Håkon til hande. Vi kjenner berre namnet på 9 slike hirdmenn omframt kongssonen sjølv, men det er grunn til å tru at langt fleire av Sverres menn held fram kampen under son hans, jf. Tabell 8 i vedlegg.¹⁰⁴³ Blant kongens næraste rådgjevarar og militære leiarar finn vi ei gruppe stormenn som utgjorde ein stabil kjerne i birkebeinarkrinsen: Håkon Folkvidsson Galen, Peter Støyper, Sigurd kongsfrende,

¹⁰⁴³ Tord Finngæirsbror, trøndar, skipsstyrar for kong Sverre i Norefjorden, 1184 og Strindfjorden 1199 (Ss: 116, 214). Peter Stefansson Støyper, systemann og systerson til Sverre, blir nemnt fyrste gongen i samband med øyskjeggane sitt angrep på Viken i 1192 (Ss: 155). Han var også mellom sveitehovdingane som kringsette Berget i Tønsberg i 1201. Håkon Folkvidsson Galen var systerson til Sverre. Han vert nemnt fyrste gongen i samband med at øyskjeggane inntok viken i 1192 (Ss: 155), og 7 år seinare sat han i Trondheim då baglarane kom dit (Ss: 208). Sigvalde Karl hadde vore hærførar for Sverre sidan 1197 ((Ss: 177). Øyvind prestmåg hadde vore hos birkebeinarane sidan slaget i Strindfjorden i 1199 (Ss: 215). Dagfinn Bonde, systemann for birkebeinarane, og Einar kongsmåg, gift med Sverre si dotter, er begge nemnde fyrste gongen i Bergen 1201 (Ss: 147). Jon Stål var hærførar for ei birkebeinsveit i Sogn i 1201 (Ss: 247, 249), og Gunnar Grynabak var lagmann i Trøndelag, nemnd første gongen i 1199 (Ss: 204-205) og seinare, under forliket i Kvitseid, i 1207/1208 (Bogl-Ma: 117).

Roar kongsfrende, Einar kongsmåg og Øyvind prestmåg.¹⁰⁴⁴ Omframnt sistnemnde var alle desse i nær slekt med kong Håkon Sverresson, anten gjennom blodsband eller ekteskap, jf. Figur 18 under. Fleire hadde kongeleg byrd, og var dermed også potensielle kandidatar som kongsemne.¹⁰⁴⁵ Lunden sin karakteristikk av birkebeinarkongedømmet som eit «ætteforetagende» er treffande.¹⁰⁴⁶

¹⁰⁴⁴ Desse personane blir nemnde samla som dei viktigaste hovdingane i båe versjonar av Baglarsagaene, jf. Bogl-Ma: 9. 11, 18-19 og 28-29. Håkon Galen var son til Folkvid Lagmann og Cecilie Sigurdsdotter, halvssyster til Sverre på farssida. Sigurd kongsfrende var son til ei anna av Sverre sine systre i same greina, Helga Sigurdsdotter. Peter Stefansson Støyper var son til ei av Sverre sine ukjende halvssystre på morssida. Roar kongsfrende var truleg i slekt med Håkon Sverresson på morssida, jf. Brathetland 2003a. Einar kongsmåg var gift med Cecilia, dotter til kong Sverre, medan Øyvind prestemåg har ukjend tilknytning.

¹⁰⁴⁵ Lunden har også observert dei mange slektskapsrelasjonane inneetter i leiarskapet i birkebeinarflokket. Han kommenterer at dei alle var i slekt med kong Sverre, men det er berre delvis dekkande. Håkon Sverressons farsfrendar var logisk nok også i slekt med kong Sverre, men det fanst også morsfrendar i Håkons næraste støttespelarar, som td. Roar kongsfrende. For ein diskusjon av dette, sjå også Brathetland 2003a.

¹⁰⁴⁶ Lunden 1976: 154.

Denne gruppa «af unge, lige højbyrdige og ærgjerrige Mænd»¹⁰⁴⁷ som Munch har kalla dei, hadde gjerne kommando over eigne sveiter og oppgåver som kravde særskilt ansvar.¹⁰⁴⁸ Til dømes vart Peter Støyper og Håkon Galen sendt nordover til Håkon Sverresson i 1202 med bod om kong Sverres død, og Peter fekk i oppdrag å bortføre Kristin kongsdotter seinare same år. Då den mindreårige Guttorm Sigurdsson vart teken til konge i 1204 vart Peter og Einar kongsmåg utnemnte til fosterfedrar for kongen.¹⁰⁴⁹ Inkludert i denne gruppa av kongens næraste menn, finn vi også fleire stormenn som ser ut til å ha stått sterkt i birkebeinarkrinsen, som til dømes Torgrim av Ljones og Dagfinn Bonde.¹⁰⁵⁰

Personar i dette leiarsjiktet blir gjerne omtala enkeltvis som 'sveithovdingar', det vil seie kongens øvste militære leiarar. Men fleire av dei omtala sveithovdingane var også systemenn, med administrativ ansvar for eit område eller ei sysle.¹⁰⁵¹ Leiarskapet i birkebeinarflokken på byrjinga av 1200-talet gir dermed innblikk i korleis systemmannsombodet gradvis vart meisla ut til å romme både militært og administrativ forvaltning i distrikta. Behovet for forsvar under innbyrdesstridane forklarar ei utvikling i desentralisert retning der lokale kongstenarar fekk utstrekt mynde og styrka militære og økonomiske evner til å forsvare sine distrikt mot åtak frå fiendeflokkar. Biletet Baglarsagaene gir av sveithovdingane i denne perioden som handlingsdyktige og sjølvstendige, regionale stormenn heng truleg saman med framveksten av ei godt fungerande systemmannsordning som nettopp i dette tidsrommet ser ut til å ha funne si form.

¹⁰⁴⁷ Munch 1941-43 (1855-59) bd 7: 403. Dette er ein karakteristikk som har festa seg i ettertid, jf. Helle 1974: 95; Opsahl, m. fl. 1999: 122; Hos Sars blir dei kalla "Raa Eventyrere" (Sars 1877 2. del: 82 og 85), medan Holmsen og Krag opererer med "krigsparti" (Holmsen 1977: 250; Krag 2000: 128).

¹⁰⁴⁸ Til dømes hadde Sigurd kongsfrende etter 81a og E kommandoen over ei sveit i Bergen i 1202, og ved same høve nemner X og PCI Peter Støyper, Torgrim av Ljones og Einar kongsmåg som sveithovdingar for ein anna del av birkebeinarhæren, Bogl-Ma: 5-6. Einar kongsmåg heldt ei sveit i Stavanger hausten 1205, der han også hadde sysle, Bogl-Ma: 36-37.

¹⁰⁴⁹ Bogl-81a: 106, 110, 118, 125, 229, 256, 258, 262-263.

¹⁰⁵⁰ Bogl-81a: 260, 270-272, 283-288.

¹⁰⁵¹ Ein slik sveithovding var Einar kongsmåg. Han hadde sysle i Rogaland frå seinast 1202-1205. Dagfinn Bonde hadde sysle i Hordaland. Han var mellom anna sentral under verginga av Sverresborg i Bergen i perioden 1204-1207. Baglarsagaene nemner også Olav Lerånd(a) og Ivar dynelaus som systemenn (truleg i Trøndelag) for birkebeinarane i samband med slaget i Nidaros 1206. I Vest-Agder (Munch 1941-43 (1855-59): bd. 7, s. 478, n. 1 meiner det må vere Aust-Agder) sat det to systemenn i 1207, Olav Jørundsbror og Olav Smørmage.

Leiarskapet i birkebeinarflokken fortonar seg dermed som ei homogen gruppe hovdingar med utstrekt lokalt mynde. Vi må anta at fleire hadde ansvar for eigne sysler, anten ved at dei fylte systemmannsomboda sjølve eller sette andre til å ta hand om sysla.¹⁰⁵² Men, som fleire har peika på, er det også grunn til å tru at leiarskapet i birkebeinarflokken var prega av interessemotsetnader. Holmsen hevdar det fanst eit ”krigsparti” i opposisjon til eit ”fredsparti” internt i birkebeinarleiren. Kong Håkon Sverresson leia fredspartiet, medan Håkon Galen hissa til krig. Dette indre motsetnadstilhøvet er dels knytt til hendingane som utfalda seg dei første åra etter Sverres død. Håkon Sverresson fekk i stand eit forlik med kyrkjeleiinga, men då Håkon Galen tok over leiinga av birkebeinarane braut krigen ut att. Dels har forklaringane basert seg på karakteristikkar av hovudpersonane: Den fredskapande Håkon Sverresson blir framstilt som diplomatisk medan Håkon Galen får rolla som ærgjerrig opportunist som støyte både baglarar og birkebeinarar frå seg.¹⁰⁵³ Baglarsagaene, som er hovudkjelda for denne perioden, står ikkje eintydig opp omkring ei slik personleg motsetning som litteraturen har spent opp. I Baglarsagaene får begge leiarane positiv omtale, men Håkon Galen er den som klart får det beste skussmålet av dei to:

Kong Håkon var ein vakker og velbygd mann; han hadde fager let på andlet og hår; han var middels høg, men likevel mykje høgare enn far hans hadde vore. Han var klarmælt og ordhag. I mykje hadde han skifta seder sidan han vart konge, men alt til det beste. Han var stillvoren, men særst drusteleg og ageleg når han sat i høgsetet sitt.¹⁰⁵⁴

Landsfolket sørgde mykje over han [Håkon Galen], og syntest ha lide stor skade ved at ein slik hovding var fallen frå. Det var kvar manns ord at ingen gjævare og mannslegare hovding hadde bore våpen i Noreg i hans tid. Han var òg ein god styresmann og kjær for alle, både hærmenn og bønder.¹⁰⁵⁵

Karakteristikkane av kongane gir oss dermed lite når vi skal skildre dei maktpolitiske interessene i birkebeinarflokken. Det er særleg andre utsegn i kjeldene som kan leie tankane mot ein personleg motsetnad mellom dei to Håkonar. Då Håkon Sverresson vann over baglarane på Austlandet 1202, skal han ha fått massiv støtte frå bøndene av

¹⁰⁵² Baglarsagaene fortel til dømes om Peter Støyper som fekk tildelt sysla etter Einar kongsmåg, og som sette to av sine menn til å fylle denne funksjonen medan han sjølv held fram i hirda til kong Håkon (Bogl-Ma: 39).

¹⁰⁵³ Helle 1974: 95; Arstad 2001b. Knut Arstad har i den nyaste biografiske artikkelen om Håkon Galen skildra han som ein djerv og dyktig militær leiar, samstundes som han reduserer hans politiske betydning: ”de store resultatene oppnådde han aldri. Han utviste stor energi for å få bukt med baglerne, men mer som en reaksjon på begivenhetene uten selv å ha kontroll over utviklingen.”

¹⁰⁵⁴ Bogl-Ma: 17, her i omsetjinga til Bogl-Hø: 280.

¹⁰⁵⁵ Bogl-Ma: 126, her i omsetjinga til Bogl-Hø: 344-345.

di han «var avhalden av allmugen» og refsa sine egne menn hard når dei gjorde urett mot bøndene. Dette meiner Lunden signaliserer at kong Håkon førte ein «folkevennlig praksis» og at han dermed støtte frå seg birkebeinarar i egne rekker som vart snytt for krigsbytte.¹⁰⁵⁶ Etter dette resonnementet var det kong Håkon og ikkje Håkon Galen som skapte splid mellom birkebeinarane. Dette blir underbygd av det faktum at då kong Håkon døydde og Håkon Galen vart utnemnd til jarl, frykta nettopp baglarane at birkebeinarane no kom til å føre ei mykje hardare line.

Anten vi ser Håkon Sverresson som ein diplomatisk folkekonge eller ein litt naiv figur som skapte uro i egne rekker, er det på det reine at han fekk i stand eit forlik med kyrkjeleinga. I løpet av sommaren 1202 kom biskopane heim frå eksilet i Danmark, og tok opp att embeta sine. Sjølve forliksteksten er formulert i runde vendingar som gir begge partar rom for tolking.¹⁰⁵⁷ Her gir kongen opp striden med kyrkja og gir henne den fridomen ho kravde, i samsvar med kanonisk rett og tidlegare avtalar. Samstundes skulle kyrkja respektere den rett og sømd ho plikta å syne kongemakta.¹⁰⁵⁸ På den eine sida kan forliket dermed lesast som kapitulasjon frå kongemakta si side. Ho vil ikkje lenger nekte kyrkja dei rettane som dei tidlegare hadde vorte einige om, og slo inn på ein ny samarbeidskurs.¹⁰⁵⁹ På den andre sida innebar forliket likevel at kyrkja anerkjende Håkon Sverresson som rettmessig konge og heva bannet.¹⁰⁶⁰ Dette må ha vore det viktigaste med heile forliket, sett frå den unge kongens synsvinkel. Dermed forsvann det ideologiske grunnlaget kyrkja hadde for å motarbeide birkebeinarane. Pave Innocens III si glede over forliket er eit ytterlegare teikn på at den nye kongens vart rekna som legitim monark også utanfor Noreg.¹⁰⁶¹

Som vi har sett, kan det tenkast at forliket med kyrkja og freden med baglarane skapte uro blant birkebeinarar som gjekk glipp av kompensasjon for gods og hemn for frendar. Men det fanst også andre konfliktliner innerter i birkebeinarleiren som skapte uro. Eit av uromomenta var enkedronning Margrets posisjon blant birkebeinarane. Ho

¹⁰⁵⁶ Lunden 1976: 149.

¹⁰⁵⁷ Daae 1897: 31; Bull 1931b: 254; Helle 1974: 94; Bjørge 2009.

¹⁰⁵⁸ DN: 8: 5. Sjå også Johnsen 1955: 180-181; Bjørge 2009.

¹⁰⁵⁹ Johnsen 1955: 180-181 tolkar avtaleteksten som ein slik kapitulasjon: "en klar stadfesting av det kongelige fribrevet og hele kardinalens kirkeskipnad I 1153."

¹⁰⁶⁰ Lunden 1987: 142.

¹⁰⁶¹ DN: 6: 9.

hadde ei ektefødd dotter med kong Sverre, og var sjølv farsyster til Erik Knutsson, kong Sverker II av Sveriges utfordrar. Enkedronninga stod også på god fot med Håkon Galen. Han var av svensk stormannssett på farssida, og kan hende hadde ho håpa på ein tryggare posisjon for seg og dottera si med Håkon Galen som konge. Så snart det var tilrådeleg å leggje ut på reise våren 1203, tok dronning Margret kongsdottera med seg til Oslo. Planen var å ta seg vidare til Götaland. Dette fekk birkebeinarane greie på og sende Peter Støyper austover for hindre kongsdottera i reise ut av landet. Han tok kongsdottera med seg til kong Håkon, trass sterke protestar frå mora.¹⁰⁶² Vi har grunn til å tru at dronning Margret oppsøkte sin brorson Erik Knutson eller nokon blant hans allierte.¹⁰⁶³ Erik og brørne hans var dei som kunne trygge Margrets posisjon i den svenske eliten. Samstundes var Erik avhengig av ressurssterke støttespelarar for å utfordre den sitjande kong Sverker. Håkon Galen var ein slik potensiell alliert. Han hadde både byrd og ambisjonar om å bli meir enn kongens jarl.

Kong Håkons reaksjon vitnar om ei kongemakt som freista å sameine ulike interesser. Utover våren gjekk det sendebod mellom kong Håkon og enkedronning Margret i Sverige,¹⁰⁶⁴ før dronninga og følgjet hennar slutta seg til kong Håkon att i løpet av sommaren eller tidleg på hausten 1203.¹⁰⁶⁵ Baglarsagaene skildrar tilhøvet mellom kong Håkon og enkedronning Margret som kjølig og anstrengt. Kva denne uvenskapen botna i er det vanskeleg å få tak på, men det synest som at kontroll med Kristin Sverresdotter er eit stikkord her. Lunden har tenkt seg at birkebeinarane neppe ville la det einaste ektefødde barnet til kong Sverre reise til Sverige av fleire årsaker. For det første var jomfru Kristin ektefødd i motsetnad til kong Håkon. Dette gjorde både henne og eventuelle born til potensielle konkurrentar for kong Håkon og attraktive alliansepartar for Håkons motstandarar. For det andre var dronninga av svensk

¹⁰⁶² Bøgl-Ma: 7-8. I den lengre versjonen av saga stoppar dronninga og følgjet hennar i Viken, der kongsdottera vert henta av Peter Støyper, medan den stuttare saga let dronninga reise heilt til Gautland før kong Håkon hentar til seg kongsdottera.

¹⁰⁶³ Lunden hevdar at dronninga oppsøkte Birger jarl, men jarlen døydde tidleg på året 1202, altså før kong Sverre, så det er ikkje mogeleg, jf. Lunden 1987: 147.

¹⁰⁶⁴ Bøgl-Ma: 10. Den stutte versjonen av saga nemner ikkje denne brevvekslinga.

¹⁰⁶⁵ Bøgl-Ma: 11. Båe versjonane av Baglarsagaene plasserer denne hendinga til hausten 1203. Den lengre versjonen let enkedronninga slutte seg til kongen i Oslo for så å følge med til Bergen, medan den stutte versjonen hevdar at enkedronninga og fru Kristin drog direkte frå Gautland til Bergen.

kongeslekt, og i uvenskapen med kong Håkon hadde ho søkt støtte hos Håkon Galen.¹⁰⁶⁶ Slik Lunden ser det, handlar spenninga internt i birkebeinarpartiet om ei kløyving mellom ei norsk grein av partiet, med kongen og Peter Støyper i spissen, og ei svensk grein, leia av Håkon Galen og enkedronninga sine folk.¹⁰⁶⁷ Ein slik motsetnad, basert på patriotiske sympatiar, kjem også til syne i konflikten som oppstod kring valet av ny konge etter Håkon Sverressons død ved årsskiftet 1203/1204.

Kongens fire år gamle brorson, Guttorm Sigurdsson, vart teken til konge straks Håkon Sverresson var død. Dette kongevalet var klart eit kompromiss mellom dei to fraksjonane i partiet. Peter Støyper og Einar kongsmåg skulle fostre kongen og ha tilsyn med han, medan Håkon Galen skulle styre riket og hirda. Håkon Galen vart ved dette høvet også utnemnd til jarl.¹⁰⁶⁸ Samstundes skulle Håkons halvbror, Inge, ha styringa over Trøndelag. «På denne måten heldt dei flokken saman», hevdar Baglarsagaene.¹⁰⁶⁹ Denne konungstekja viser kor mykje umak det vart gjort med å sikre den unge kongen eit maktgrunnlag som var breitt nok til å hindre ei kløyving. Sjølv om den reelle regenten var Håkon jarl, gav også fostringa av kongssonen Peter Støyper og hans krins høve til å påverke kongen, ikkje minst etter kvart som han vart eldre. Meir overraskande er det at Inge Bårdsson skulle styre i Trøndelag. Dette må ha vore eit kompromiss som sikta mot å etablere ei motvekt mot den svenske greina av Cecilies avkom. Formelt sett stilte Håkon jarl og Inge Bårdsson likt når det gjaldt arvekrav til den norske kongemakta, men Håkon hadde som nemnt også slektningar blant den øvste eliten i Sverige. På dette tidspunktet var det dessutan kjent at jarlen hadde innleia eit forhold til dronninga si systerdotter, fru Kristin. Ho var dotterdotter til den svenske kongen Erik den heilage.¹⁰⁷⁰ Eit ekteskap mellom Håkon jarl og fru Kristin ville styrke jarlens stilling i Sverige, og dersom dei fekk born ville desse kunne fremje arvekrav på båe rika. I ein slik kontekst fortonar etableringa av Inges maktposisjon i Trøndelag seg som ein strategi for å verne om særskilde regionale interesser.

¹⁰⁶⁶ Bogl-Ma PCI: 25.

¹⁰⁶⁷ Lunden 1987: 147-149.

¹⁰⁶⁸ Slik PCI i Bogl-Ma: 18. 81a og E plasserer denne hendinga til Inge Bårdssons kongungstekja, Bogl-Ma: 29-30.

¹⁰⁶⁹ PCI i Bogl-Ma: 18-19.

¹⁰⁷⁰ Far hennar var den svenske stormannen Nikolas Blake (Widding, m. fl. 1977: 117.

Det skulle vise seg at kong Guttorm døydde av sjukdom berre nokre få månader etter konungstekja. Enkedronning Margret og folket hennar vart mistenkte for drap, og kongens menn forlangte gudsdømme for å fri dronninga frå mistanke. Håkon Galen tala saka hennar, og hjelpte henne til slutt å flykte til Värmland med følgjet sitt, der Håkon hadde slekt, og sidan vidare inn i Sverige. Fru Kristin vart verande att i Bergen hos Håkon jarl.¹⁰⁷¹

No fanst det ikkje lenger aktuelle kongssøner blant birkebeinarane. Det fanst derimot tre kandidatar som var etterkomarar av ein norsk konge gjennom kvinneledd. Sigurd kongsfrende, Håkon jarl og Inge Bårdsson var alle tre søner av Sigurd Munns døtrer, jf. figur s. 46. Då bønder, lendmenn og andre hovdingar møttest på Øyreting for å velje ny konge blant desse tre, ville bøndene helst ha Sigurd kongsfrende ettersom han, i følge Peder Claussons versjon av Baglarsagaene, var «spaklyndt, rettvis, omgjengeleg og vensæl».¹⁰⁷² Lendmennene og hirdmennene ville ha Håkon Galen til konge, ettersom han var best eigna til å verne landet mot ufred. Bøndene var skeptiske til ein konge av gautsk ætt, og ville heller ha Inge Bårdsson til konge. Inges kandidatur vart også støtta av erkebiskopen, som hadde sett seg i mot å gi kongsnamn til Håkon Galen. I følge PCI hadde det oppstått usemje mellom erkebiskop Eirik og Håkon jarl, og noko av problemet syntest å vere relasjonen mellom Håkon Galen og den svenske fru Kristin.¹⁰⁷³ Dette handla neppe om formalitetar knytt til dette ekteskapet, slik Munch har hevda,¹⁰⁷⁴ men snarare om fru Kristins tette band til Erik Knutsson og den erikske sida av tronstridane i Sverige.

Allereie tidlegare den våren hadde baglarane samla seg i Danmark, og dei låg no i Tunsberg med ein stor hærstyrke, utrusta med hjelp frå den danske kong Valdemar. Blant baglarane og biskopane sine danske vener var ivrige Sverker-forkjemparar. Sverker førte ein kyrkjevennleg politikk som også vart godt teke i mot av paven.¹⁰⁷⁵ Det betyr at sjølv om erkebiskopen og dei andre høggeistlege strekte seg langt for å

¹⁰⁷¹ Bogl-Ma: 25.

¹⁰⁷² Bogl-Ma: 28. Her i omsetjinga til Bogl-Hø: 291.

¹⁰⁷³ Bogl-Ma: 28.

¹⁰⁷⁴ Munch har spekulert i at biskopen sin motvilje skuldast at Håkon jarl og fru Kristin var i slekt, men vi har ingen haldepunkt for at det var tilfellet (Munch 1941-43 (1855-59) bd. 7: 429-430).

¹⁰⁷⁵ Sjå s. 253 i denne avhandlinga.

samarbeide med den nye birkebeinarleiinga kunne ho ikkje ope vere fødselshjelpar for ei kongemakt med klare sympatiar for den erikske linja i den svenske tronstriden. Forslaget om å heller ta Inge Bårdsson til konge kan godt ha kome frå erkebiskopen sjølv. Den korte versjonen av Baglarsagaene gir nemleg inntrykk av at Inge og erkebiskopen stod einannan nære også før valet.¹⁰⁷⁶

Inge Bårdsson vart valt til konge, men det var likevel berre delvis ein siger for erkebiskopen. Håkon Galen sine vener og følgjesmenn var misnøgde med at ein så ung og urøynd konge skulle leie kampen mot baglarane som hadde samla seg på Austlandet. Etter forhandlingar vart det semje om eit kompromiss der Håkon ikkje berre skulle halde fram som jarl, men også ha halvparten av kongsinntektene og leiinga av hæren. I realiteten må dette ha styrka Håkon jarl sin militære og økonomisk stilling, og gitt han endå større handlingsrom innan birkebeinarleiinga.

Som nemnt ovanfor forlét enkedronninga landet våren 1204 etter trugsmål og skuldingar om drap. Kontakten mellom Håkon Galen og den erikske greina av dei svenske kongsætlingane må likevel ha vorte halden ved like, og den sentrale posisjonen som Håkon fekk etter valet av Guttorm har nok gitt tilstrekkeleg handlingsrom for å pleie denne alliansen. Vinteren 1205, berre nokre månader etter at dronninga og følgjet hennar måtte forlate landet, var nemleg den svenske tronpretendenten Erik Knutsson på vitjing hos Håkon jarl og kong Inge Bårdsson.¹⁰⁷⁷ Kan hende var det Håkon Galen og fru Kristin sine ekteskapsplanar som var årsaka til besøket. Paret feira bryllaup over jul 1205, og Erik har nok vore til stades under feiringa. Truleg var dette ekteskapet berre ein del av ein meir omfattande allianse mellom Håkon Galen og Erik Knutsson. Erik returnerte nemleg til Sverige i 1205 for å ta opp kampen mot kong Sverker Karlsson. Dei møttes i eit slag ved Älgerås.¹⁰⁷⁸ Med tanke på det nære slektskapet og det venskaplege forholdet mellom Håkon Galens krins og den erikske greina av det svenske kongehuset, er det fullt tenkjeleg at Erik hadde støtte av ein norsk hærstyrke både i dette

¹⁰⁷⁶ Bogl-Ma: 81a/E: 29 «Hafði ok Inge áðr verit með honum [erkebiskopen]». Keyser har tolka dette som at Inge vart fostra av erkebiskopen (Keyser 1866: 171). Ludvig Daae er kritisk til dette og tenker seg at det heller må bety at Inge hadde oppsøkt erkebiskopen i forkant av valet for å få støtte til sitt kandidatur (Daae 1897: 32).

¹⁰⁷⁷ Bogl-Ma: 35-36, opplysningane fins berre i den lengre versjonen av Bogl.

¹⁰⁷⁸ Slaget ved Älgerås 1205 er nemnd i svenske annalar (ASMA: 1205) og Ericus Olai: 46.

slaget og tre år seinare då han lukkast i å avsetje kong Sverker.¹⁰⁷⁹ Dette må i så fall ha skjedd med kong Inge og Håkon jarl si velsigning. Før vi ser nærare på dei svenske tronstridane mellom 1205 og 1210, skal vi først sjå på dei interne maktilhøva i baglarflokken.

Baglarane

Baglarane var på vikande front etter forliket mellom Håkon Sverresson og kyrkja. Birkebeinarane tok som nemnt kontrollen over Viken, baglarane sitt hovudområdet, og ut på sommaren 1202 fall baglarkongen Inge Magnusson, og flokken vart oppløyst. Dei som ikkje freista få grid hos birkebeinarane eller ly hos frendar, søkte til Sverige og Danmark.¹⁰⁸⁰ Som vi såg ovanfor, har kongeskiftet i 1204 og den framskotne posisjonen dette gav Håkon jarl fått skulda for at denne freden ikkje vart langvarig. Den nye regenten, Håkon jarl, vart oppfatta som mindre samlande enn sin føregjengar, og baglarane flokka til Danmark for å finne sine gamle kampfeller. Dette er nok ikkje det fullstendige biletet. Som nemnt søkte mange baglarar tilflukt i utlandet allereie i 1202, då kongen deira vart felt, og det føregjekk ei mobilisering i Danmark i tidsrommet 1202-1203.¹⁰⁸¹ Åtaket let likevel vente på seg til sommaren 1204, og dette skuldast truleg dei politiske omstenda i Danmark, meir enn kongevalet i Noreg.

I Sverige hadde jarlen Birger Brosa døydd tidleg på året 1202, og kong Sverker ser ut til å ha utnemnd sonen sin, Johan, til ny jarl, trass i at han knapt var meir enn eit spedbarn.¹⁰⁸² Dette var truleg årsaka til opprør frå den avdøde kong Knuts søner.¹⁰⁸³ Situasjonen var truleg spent allereie på sommaren 1202 då delar av baglarhæren søkte tilflukt i Sverige. Dei forarlause nordmennene kunne ikkje vente seg støtte frå Sverker før sistnemnde var trygg på situasjonen sin heime. I Danmark var som nemnt baglarane

¹⁰⁷⁹ Slik også Lundberg 2011: XI, 4.

¹⁰⁸⁰ Bogl-Ma: 9-10.

¹⁰⁸¹ Omframnt opplysninga om at baglarar søkte til Danmark etter kong Inges fall, blir det sagt at nordmenn flokka seg til Erling Steinvegg på Skånemarknaden hausten 1203 (Bogl-Ma: 13-14) og i København same vinter (Bogl-Ma: 14). Vi veit også at biskop Nikolas Arnesson var i Danmark og tinga med kong Valdemar, og som Magerøy poengterer, må denne reisa ha funne stad tidlegare enn det sogene plasserer den (Bogl-Ma bd. 1: 82-83), kanskje så tidleg som 1203 i samband med mobiliseringa kring Erling Steinvegg.

¹⁰⁸² Ss: 254. I følgje Flateyjarbók vart Johan utnemnd til konge. Sidan faren Sverker framleis var i live må det i så fall vere snakk om designasjon.

¹⁰⁸³ Line 2007: 106.

sine viktigaste politiske støttespelarar, erkebiskop Absalon og abbed Wilhelm nyleg avlidne, og kong Knut døydde berre nokre månader etter at baglarane søkte tilhald i landet. Den nye kongen, Valdemar II Sejr, gav seg straks i kast med å sikre nyss erobra landområde i Nordalbingie, og andre saker måtte følgjeleg vente.¹⁰⁸⁴ Kong Valdemar viste i det heile påfallande liten interesse for dei nordiske nabolanda dei to fyrste åra av si regjeringstid.¹⁰⁸⁵

Det var såleis lite å hente for baglarane som oppheld seg i Danmark og Sverige i åra 1202-1204, men dei hadde på ingen måte gitt opp striden. Eit viktig første steg i mobiliseringa var å skaffe seg eit kongsemne. Valet falt på Erling, som kalla seg son av Magnus Erlingsson, og gjekk under tilnamnet Steinvegg. I følgje den lengre versjonen av sagaene (PCI og 4c)¹⁰⁸⁶ skal kong Sverre ha fått nyss i at det fanst ein mann i Danmark som kalla seg kongsson. Uroa for at dette kunne skape ufred, sende Sverre folk for å leite han opp. Erling slapp unna til Götaland, men vart teken til fange og sett i steinborga (eller 'steinveggen') i Visingsö av Sverres svoger, kong Knut Eriksson. Erling Steinvegg klarte å rømme frå denne steinborga, men vart teken av Sverres menn og drepen. Same sumar dukka det opp ein Erling på Skånemarknaden som påstod å vere den same Erling som hadde vore fange i borga (og som var død). Baglarar som var på marknaden freista å få Erling til å gå i spissen for ei reising, men Erling hadde ikkje særleg tru på dette ettersom han hadde høyrte at baglarflokken var oppløyst og kong Håkon hadde tileigna seg all makt i Noreg. Erling reiste deretter til København, og der trefte han også på baglarar som var ivrige etter å samle folk, og han gjekk til slutt med på å reise flokk.

Den kortare versjonen av Baglarsagaene har ei litt anna forteljing om Erling Steinvegg, sjølv om grunnforteljinga er den same.¹⁰⁸⁷ Erling vart kalla son til Magnus. Han vart teken til fange (i Vendland), men kom seg unna, og slo seg saman med baglarar i Danmark. Den største forskjellen mellom tekstane er at den lengre versjonen hevdar at den første Erling, som kalla seg sjølv kongsson, døydde i Götaland, og den andre Erling som slo seg saman med baglarane i Danmark følgjeleg var ein annan. Begge var like

¹⁰⁸⁴ Christensen, m. fl. 1977: 154-5 og 159 ff.

¹⁰⁸⁵ Christensen, m. fl. 1977: 161.

¹⁰⁸⁶ Bøgl-Ma: 11-13.

¹⁰⁸⁷ Bøgl-Ma: 12-13.

fullt bedragarar. I den kortare versjonen er det ikkje Erling sjølv som kallar seg kongsson, men han blir oppfatta slik av andre, han overlever fangenskapen (i Vendland) og slår seg saman med baglarar i Danmark, tilsynelatande framleis som kongsson.

Sjølv om den lengre versjonen gjer sitt yste for å diskreditere eit kvart legitimt krav på kongsnamn denne Erling måtte ha, er konteksten sogeforfattaren plasserer Erling Steinvegg i svært interessant. Erlings blir plassert midt i hjartet av det svenske kongedømmet i borga der kong Knut hadde tatt livet av Karl Sverkersson, far til sitjande kongen Sverker II. Her blir Erling framstilt ikkje berre som ein fiende av kong Sverre, men også som ein fiende av kong Knut Eriksson og hans ettermenn. Erlings (og baglarane) sin kamp blir såleis kopla til striden mellom den eriskske og den sverkerske greina i dei svenske tronstridane. Tidspunktet er også interessant. Mellom 1202 og 1204, på same tid som mange baglarar freista å etabler ein ny flokk i Danmark, spissa det seg til mellom kong Sverker og sønene til den avdøde kong Knut. På dette tidspunktet grip striden mellom birkebeinarar og baglarar i Noreg inn i striden mellom Erik den heilage og Sverkers etterkomarar i Sverige, og i Baglarsagaens lengre versjon av Erlings Steinveggs bakgrunn er denne koplinga tydeleg.

Baglarflokket som samla seg i Danmark vinteren og våren 2004 viser høg grad av kontinuitet frå tidlegare motstandsflokkar mot birkebeinarane. Frå tidsrommet 1202-1217 nemner kjeldene 60 personar i baglarflokket eller i følgje med ein eller fleire av baglarhovdingane, jf Tabell 9 i Vedlegg. Sentrale i Ålborg var mellom andre veteranen Hallvard Bratte, ein vikkværing som deltok allereie under øyskjeggopprøret på midten av 1190-talet, og som vart ein av baglarane sine viktigaste hærførarar fram mot hundreårsskiftet.¹⁰⁸⁸ Ein annan var Reidar Sendemann, også han vikkværing,¹⁰⁸⁹ og Filippus av Veien, gift med Margret, dotter til Magnus Erlingsson.¹⁰⁹⁰ Tord Dokka deltok også under samlinga i Ålborg. Han hadde vore sentral under forsvaret av Berget i 1201, saman med Reidar sendemann.¹⁰⁹¹

¹⁰⁸⁸ Ss: 160, 237, 241, 249;HH: 323, 33, 352, 362, 377, 389, 397, 412, 425, 413, 446, 483.

¹⁰⁸⁹ Bøgl-81a: 258, 264, 266-270, 274, 280, 291. Sjå også Brathetland 2003b. I følgje PCI var han frå Drammen, jf. Bøgl-Ma: 47.

¹⁰⁹⁰ Ss: 231, 221; Bøgl-81a: 258, 264, 266, 270, 274-278, 281, 283, 258.

¹⁰⁹¹ Ss: 244-245; Bøgl-81a: 259, 266, 270, 274, 277, 259.

Omframpt desse som er nemnde i samband med mobiliseringa i 1203-4 gir kjeldene også innblikk ei større gruppe av personar sannsynlegvis rekrutterte frå toppsjiktet av eliten. Kjeldene namngir heile 14 av systemmennene til baglarane i denne perioden, dei fleste i samband med skipsbygginga på Austlandet i 1206, jf. Tabell 9 i Vedlegg.

Blant dei resterande finn vi fleire personar vi kan plassere i kjende stormannsslekter. Fleire av desse hørde heime på Vestlandet og ser ut til å ha tilknytning til Nikolas Arnesson sitt nettverk.¹⁰⁹² Dette gir i det heile inntrykk av at baglarane var i stand til å mobilisere betydelege menneskelege og materielle ressursar ikkje berre i kjerneområdet på Austlandet, men også på Vestlandet, særskilt gjennom Nikolas Arnessons slektsgods og via slektningar og vener.

Dei svenske innbyrdesstridane

For å bli valt som konge i 1196 skal Sverker d.y. ha måtta gå med på å la Knut Eriksson sine søner arve trona etter seg.¹⁰⁹³ Jarlen Birger Brosa ser ut til å ha vore ein garantist for at kongeskiftet i 1196 kunne gå fredeleg for seg. Jarlen hadde vore ei viktig støtte for Knut Eriksson, og han held fram som jarl også under Sverker d.y. Den nye alliansen vart styrka gjennom ekteskap mellom Sverker og jarlen si dotter Ingegerd.¹⁰⁹⁴

Kong Sverker Karlsson stod også kyrkja nært politisk sett. I år 1200 vart det utferda eit donasjons- og privilegiebrev til domkyrkja i Uppsala. Her vart kyrkja si rett til domsmynde ved klerkemål, *privilegium fori*, slått fast, samt skattefritak for kyrkjegods.¹⁰⁹⁵ Dokumentet har blitt tolka som eit teikn på det nære samarbeidet mellom

¹⁰⁹² Arnbjörn Jonsson kom anten frå Ornesætta i Sogn eller Ænesætta i Kvinnherad (sjå Bjørge 1999), begge mektige ætter i melomalderern. Arnbjörn vart fostra hos biskop Nikolas Arnesson. Filippus Simonsson var systerson til biskopen. Lodin av Løykin kom truleg frå Løken i Eid i Nordfjord. Han slo seg saman med baglarane då Nikolas Arnesson samla inn leidang frå dette området i 1204. Omframpt desse finn vi Jon Drotning (f.n. 1204 - d. 1206/7) som er nemnd mellom dei som slo seg i lag med Erling Steinvegg i 1204. Han vart drepen i 1206/7. Jon hadde ein bror som heitte Gunnbjörn. Storm meiner at denne Jon og bror hans kan vere etterkomarar av Jon av Tjörn. (Storm 1884a: 176). Nikolas Botolvsson (f.n. 1204 - s.n. 1207) var truleg son til Botolv av Fjordane, såleis Storm 1884a: 153.

¹⁰⁹³ Line 2007: 104 med ref. til Messenius 2: 20.

¹⁰⁹⁴ Harrison 2002b: 106; Line 2007: 104; Troedsson 2009: 28. Sjå note 1020 i denne avhandling for diskusjon kring rekkefølga på Sverkers ekteskap.

¹⁰⁹⁵ DS: 115. Sjå også Harrison 2002a: 109; Berg 2009: 16-17.

kyrkja og kong Sverker d.y.¹⁰⁹⁶ På dette tidspunktet var Andreas Sunesen dansk erkebiskop. Han tilhørte Skjalm Hvide-ætta, og bror hans var Ebbe Sunesen som skulle bli kong Sverkers svigerfar i ekteskap nummer to.

Andreas Sunesens maktposisjon i dei nordiske kyrkjeprovinsane står i ei særstilling. Han hadde ei sterk personleg tilknytning til pave Innocens III og Honorius III, og oppnådde i kraft av paveleg legat ei svært autonom stilling som primas også over den svenske kyrkja.¹⁰⁹⁷ Han hadde delegert mynde til å opptre på pavens vegner ved visitasar, ved innsetting i kyrkjelege embete og til å avgjere juridiske spørsmål. I praksis hadde paven overdratt dei fleste av sine pontifikale rettar til Andreas Sunesen, og utstyrt han med eit mynde som ingen dansk erkebiskop, korkje før eller etter, har hatt.¹⁰⁹⁸

I følgje Sigvard Skov er det ein tydeleg samanheng mellom Andreas Sunesen sitt virke og Sverkers kamp for den svenske kongekrona. Han gir erkebiskopen æra for å stable Sverkers ”nødvendige hjelpehær på benene”, og meiner at dette ”var et naturlig led i Anders Sunesøns samlede udenrigspolitik, så vel kirkepolitisk som statspolitisk”.¹⁰⁹⁹ Alliansen med Sverker var ein freistnad på å styrkje kyrkja sitt sjølvstende, eit arbeid som for så vidt var byrja under Absalon, men som heldt fram under Andreas. Privilegiebrevet som Sverker gav kyrkja i 1200, og det uortodokse valet av Sverkers eigen kappelan, Valerius, til erkebiskop i Uppsala 1207, kan sjåast som viktige steg i denne retninga.¹¹⁰⁰

Dette samarbeidet ser vi utspele seg i meir konkrete former under konflikten mellom kong Sverker og tronkrevjaren Eirik Knutsson frå Birger Brosas død i 1202. Trass i at Erikssønene på dette tidspunktet hadde nådd myndig alder, let Sverker sonen Johan utnemne til ny jarl.¹¹⁰¹ Dette har truleg vorte oppfatta som eit trugsmål mot Erikssønene og tilhengjarane deira, og kan ha vore den utløysande faktoren for striden som no braut ut.¹¹⁰² I åra 1204-1205 mobiliserte Erik Knutsson og brørne hans til kamp

¹⁰⁹⁶ Sjøå td. Berg 2009: 16 ff.

¹⁰⁹⁷ For relasjonen mellom den danske og den svenske kyrkjeprovinsen, sjå Westman 1915: kap. 7-11. Sjøå også Fenger & Olsen 1993: 265-274 om Andreas Sunesens veg til makta og tilhøvet til kongemakt, elite og kurie.

¹⁰⁹⁸ Skov 1946: 170. Sjøå elles Olrik 1902b.

¹⁰⁹⁹ Skov 1946: 184.

¹¹⁰⁰ DS 1: 115 og 133. Sjøå også Nielsen 1998: 24-25; Sandblom 2009: 164.

¹¹⁰¹ Ss: 254. Sjøå også note 1082.

¹¹⁰² Harrison 2002b; Line 2007: 106-107; Berg 2009: 19.

mot Sverker. Den vinteren oppheld Erik seg i Noreg hos kong Inge og Håkon Galen for å delta i bryllaupsfeiringa til Håkon Galen og fru Kristin.¹¹⁰³ Då Erik returnerte til Sverige i 1205 hadde han truleg med seg norsk hærhjelp, som Erik og brørne nytta i eit slag mot kong Sverker ved Älgerås.¹¹⁰⁴ Slaget enda i Sverkers favør. Eriks brør fall i slaget, men han sjølv overlevde og søkte tilflukt hos sine allierte i Noreg.¹¹⁰⁵ Tre år seinare, etter å ha samla ”mykje folk”,¹¹⁰⁶ sannsynlegvis ved å trekkje på sine nettverk innan både den norske og svenske eliten,¹¹⁰⁷ freista han endå ein gong å ta den svenske trona med makt. Denne gongen lukkast det Erik å fordrive kong Sverker som søkte tilflukt i Danmark, truleg hos slektningar og vener av Hvideætta.¹¹⁰⁸ Her vart det mobilisert ein hær som følgde Sverker attende til Sverige. I spissen for denne hærstyrken stod Hvideætlingane Ebbe og Lars Sunesen, den danske erkebiskopen sine brør, og kong Sverkers nye mågar.¹¹⁰⁹ Erik hadde nyleg inngått ekteskap med Ebbe Sunesens dotter Benedicta. Sverkers nye svigerfar var ein mektig alliert. Han hadde vore Absalons nære slektning og ven, og ein lojal støttespelar for kong Knut Valdemarsson.¹¹¹⁰ Dei to hærstyrkane møttest i Lena (Västgötland) på nyåret 1208, der Sverkers styrkar leid nederlag og to av Skjalmbørne miste livet.¹¹¹¹

Erik tok kongsnamn etter sigeren ved Lena. Omframt Erik si vitjing i Noreg i 1204/5 og ekteskapet mellom Håkon Galen og fru Kristin, har dei norske kjeldene lite å fortelje om dei svenske tronstridane. Men båe versjonane av Baglarsagaene inneheld eit

¹¹⁰³ Bogl-Ma: 36. Erik Knutsson skal ha vore hos kong Inge i Nidaros vinteren 1204-5. Her deltok han i bryllaupsfeiringa til Håkon Galen og fru Kristin i jula.

¹¹⁰⁴ Ericus Olai XVI: 46. Älgerås i Skaraborgs län.

¹¹⁰⁵ Ericus Olai XVI: 46. Lars Gahrn meiner at Erik Knutsson truleg ikkje sjølv var med i slaget ved Älgerås, men var framleis i Noreg (Gahrn 2009a: 45), Sven Sandblom er også open for denne teorien (Sandblom 2009: 162). Den latinske oversetjinga av Äldre Västgötalagens kongerekke frå 1344 (SGL 1: 34) samt Ericus Olai formulerer derimot eintydig at Erik flykta til Noreg i samband med at brødrene falt i slaget. Ericus Olai presiserer endå til at Erik var den einaste (av brørne) som kom seg unna: ”Ty konung Sverker dödade sönerna till konung Knut, son til Sankt Erik, i Älgerås. Erik ensam undkom och flydde til Norge” (omsett av Gahrn 2009b: 39).

¹¹⁰⁶ DS: 135, mi omsetjing.

¹¹⁰⁷ Line 2007: 108; Gahrn 2009a: 45, 49; Sandblom 2009: 162. Harrison 2002b: 106 ser for seg at det dreia seg om ”ett nätverk av krigare som på ett för oss okänt sätt besegrade härar från Danmark, dåtidens nordiska stormakt.”

¹¹⁰⁸ Slik også Line 2007: 107.

¹¹⁰⁹ Det er ulike meiningar om når dette ekteskapet fann stad, sjå note 1020. Eg har her følgd Line 2007: 487-488.

¹¹¹⁰ Olrik 1902a; Fenger & Olsen 1993: 265-270.

¹¹¹¹ Ericus Olai: XVI, 45. Ei samanstilling av opplysningar frå mellom anna obitarium sannsynleggjer at slaget fann stad 31.01, 1208, jf. Troedsson 2009: 29-30.

svært interessant avsnitt om slaget ved Lena. Avsnittet fortel om ein smed som vart oppsøkt av ein mann som trong husrom og nye hesteskor. Det viste seg at mannen var sjølvaste Odin på veg austover for å delta i slaget ved Lena. Knut Helle har i si avhandling om Baglarsagaene tolka dette avsnittet som ei allegorisk avslutning på den kortare versjonen av saga: ufreden heime var no over og Odin hadde forlate landet.¹¹¹² I forlenginga av eit slikt resonnement kan Odin si deltaking i slaget tolkast som ein metafor for den norske støtta til Erik Knutsson. Forteljingar om slaget ved Lena vart også tatt opp i den nordiske folkeminnekulturen,¹¹¹³ og førestillingar om krigaren Odin som reid frå Noreg for å kjempe med svenskar i dette slaget ser såleis ut til å ha folkeleg appell.

Etter nederlaget mot Erik Knutsson i slaget ved Lena, trekte Sverker seg attende til Danmark for å mobilisere. Det siste og avgjerande slaget stod ved Gestilren (ukjend stad) i 1210. Her miste Sverker livet, og Erik sikra seg kongemakta som han heldt til han døydde i 1216.¹¹¹⁴

Hvideætlingane sin formidable innsats for Sverkers kongedømmet kan nok forklarast med utgangspunkt i private interesser,¹¹¹⁵ men det er også mogeleg å sjå bidraget til Sverkers kamp som ein lekk i ein meir overordna kyrkje-politisk strategi utgått frå erkebispesetet i Lund. Under erkebiskop Andreas Sunesen si leiing var det som nemnt eit nært samarbeid mellom kyrkjeprovinsane Lund og Uppsala og kurien, og då Sverkers nederlag i slaget ved Lena var eit faktum, appellerte Andreas straks til pave Innocens III for støtte.¹¹¹⁶ Paven reagerte med å ta kong Sverker i forsvar, og formante dei svenske biskopane til å overtale kong Erik til å gi frå seg makta, eventuelt å påleggje Erik straff.¹¹¹⁷ Vi har ingen indikasjonar på at Erik etterkom kravet,¹¹¹⁸ men for ein kvar som følgde hendingane frå sidelina, slik dei norske geistlege må ha gjort, var pavens støtte til Sverker eit sterkt signal om kor sympatien deira burde ligge i den svenske

¹¹¹² Helle 1958: 71-72. Slik også Lunden 1987: 162.

¹¹¹³ Lundberg 2011. Sjå også Munch 1941-43 (1855-59), bd. 7: 493.

¹¹¹⁴ Ericus Olai: XVI, 46; Olrik 1902a: 590.

¹¹¹⁵ Olrik 1902a; 590; Krømmer 2007: 36-37; Line 2007: 488.

¹¹¹⁶ Sjå også Sandblom 2009: 165.

¹¹¹⁷ DS 1: 135. Sjå Gahrn 2009b: 36-37 for ei omsetjing av brevet til moderne svensk.

¹¹¹⁸ Sandblom har nyleg lansert ein teori om at Erik reagerte på pavens brev med å tilby forhandlingar.

Forhandlingane gjekk over styr og Sverker miste livet (Sandblom 2009: 166 ff). Teorien er interessant, men noko kjeldemessig belegg for den fins ikkje.

tronstriden. Birkebeinarleiinga si opne tilslutning til Erik Knutson må difor ha vore eit problem for dei norske geistlege, og kyrkjeleiinga si manøvrering i dette tidsrommet kan best skildrast som ein krevjande balansegang.

Politisk balansekunst

Biskop Nikolas Arnesson var som vi såg sentral under den fyrste baglarkrigen mot kong Sverre frå 1196-1202,¹¹¹⁹ men forliket mellom birkebeinarkongedømmet og kyrkja endra tilhøvet mellom partane. Fleire har hevda at forliket sprengte koalisjonen mellom kyrkja og baglarane.¹¹²⁰ Dette er berre delvis dekkjande. Offisielt anerkjende kyrkja birkebeinarkongedømmet, og dei geistlege utførde sine funksjonar som normalt, men biskop Nikolas Arnesson og fleire andre høggeistlege var framleis sentrale i dei politiske maktkampene som gjekk føre seg både internt og mellom dei stridande partane.

Biskop Nikolas ser ut til å ha følgt baglarhæren til Danmark eller Sverige etter slaget på Helgøya i 1202, der baglarkongen Inge fall. Dinest returnerte han til Noreg og godtok tilbodet om forlik frå kong Håkon.¹¹²¹ Dei neste åra høyrer vi ikkje noko om baglarbispnen, men vi må rekne med at han var oppteken med å skjøtte embetet sitt som han i lange periodar hadde vore fråverande frå. Då Nikolas fekk vite at baglarane samla seg på ny kring kongsemnet Erling Steinvegg i Danmark i 1203, reiste han sjølv til Danmark og oppsøkte kong Valdemar II.¹¹²² Føremålet var tydelegvis å undersøke i kva grad baglarane kunne vente seg støtte frå den danske kongemakta som tidlegare, for så å ta stilling til si eiga rolle i baglaropprøret. Då han fann ut at Erling hadde den danske kongen si støtte, freista han å lansere systersonen sin, Filippus Simonsson, som kongsemne. Det gjekk Valdemar med på, så framt dei andre baglarhovdingane ga si støtte til Filippus. Attende i Oslo freista biskop Nikolas ein avleiingsmanøver for å hale ut tida då Erling kom for å sanne farsætta si gjennom jarnburd. Då kong Valdemar la til

¹¹¹⁹ Sjø s 218 ff. og 230 ff. over. Sjø også Bagges biografisk artikkel om Nikolas Arnesson (Bagge 2003b), og Hervik, m. fl. 2006: 65-110.

¹¹²⁰ Helle 1974: 95; Lunden 1987: 144. Krag 2000: 128.

¹¹²¹ Dei ulike versjonane av Baglarsagene gir motstridane opplysningar om hendingsgangen våren/sommaren 1202. Den kortare versjonen (81a og E) plasserer slaget ved Helgøya *før* kong Håkon sende bod etter biskopane i eksil, og baglarkongen Inge sitt fall framstår som ein viktig føresetnad for forliket. I den lengre versjonen (PCI.) er dei to hendingane omsnudd (Bogl-Ma: 7-10).

¹¹²² Sjø også note 1081.

i Tønsberg med ein flåte på 300 skip og kongsemnet Filippus Simonsson, vart det klart for alle partar at baglarhovdingane og bøndene ikkje ville gå Filippus til hande. I følge sagaen ville dei berre tene eit kongsemne som hadde ætt til det, dvs. ein kongsson.¹¹²³ I denne situasjonen må biskopen ha spela ei avgjerande rolle for det endelege utfallet. Det er tydeleg at baglarbispnen vurderte risikoen så høg at han ikkje var viljug til å delta i oppreisten utan at han sjølv fekk ein sentral plass i leiinga. Systersonen Filippus kunne skaffe han det. Erling og baglarhovdingane på hans side såg det tydelegvis som ein stor føremon å ha støtte frå oslobiskopen, og var viljuge til å strekke seg langt for å få det til. Det kan også tenkjast at biskopen har truga Erling med å motarbeide baglarane i sitt bispedømme dersom han ikkje fekk det som han ville. Sagaen referer ein samtale der biskopen åtvara Erling mot å lite på støtte frå bøndene: ”du har lita hjelp å vente av dei utan at eg stør deg og fremjar saka di.”¹¹²⁴ Dette er eit av fleire dømme frå denne perioden, der bøndene si støtte blir tillagt avgjerande verdi for utfallet i ei sak. Det enda med at biskopen ”med hjelp frå vennene sine og sin eigen dugleik”¹¹²⁵ fekk sett gjennom at Filippus skulle bli den nye baglarkongen sin jarl, og biskopen batt seg til å stø kong Erling med all si makt saman med frendane og venene sine.¹¹²⁶

Det neste året deltok biskop Nikolas aktivt på baglarane si side i kampen mot birkebeinarane. Under ei hærferd til Vestlandet kravde han inn landskyld frå gardar han eigde i Nordfjord, og bidrog såleis økonomisk til krigføringa mot birkebeinarane. Dei tok også leidangsstyrkar frå Vestlandet. Biskopen deltok dessutan i rådslåingar, og fekk gjennomslag for fleire av sine forslag som kong Erling rådde mot.¹¹²⁷ Hausten 1205 vart baglarflåten øydelagt av Håkon jarl og birkebeinarane. På dette tidspunktet hadde biskopen trekt seg attende til setet sitt i Oslo, ein retrett som sannsynlegvis er eit teikn på birkebeinarane si overmakt.¹¹²⁸

¹¹²³ Bøgl-Ma: 22-24.

¹¹²⁴ Bøgl-Ma: PCI 23.

¹¹²⁵ Bøgl-Ma: E: 24.

¹¹²⁶ Bøgl-Ma: PCI: 23.

¹¹²⁷ Biskopen rådde mellom anna til at dei skulle reise til Viken i 1205 og dines til Danmark kort tid etter. Begge råda vart fulgt, også når kong Erling rådde mot (Bøgl-Ma: 33, 39).

¹¹²⁸ Helle 1958: 74.

I åra mellom 1205 og 1207 er det stilt omkring Nikolas Arnesson, trass i at baglarhovdingane la ned store krefter i skipsbygging og utrustning av ein ny flåte.¹¹²⁹ Oslobiskopen dukkar først opp att i samband med valet av ny baglarkonge etter Erling Steinvegg. Han freista endå ein gong å fremje systerson sin Filippus jarl som kongsemne, og denne gongen gjekk det gjennom. To mindreårige kongssøner vart forkasta til fordel for Filippus. Bøndene ville i utgangspunktet ikkje ta Filippus til konge, men let seg overtale av biskop Nikolas.¹¹³⁰ Det er tydeleg at biskopens makt og påverknadskraft i Viken var stor. Han kunne spele på baglarane sitt behov for leidangstyrkar frå Viken, og frykta deira for liv og gods dersom flokken vart oppløyst. Dei hadde inga von om miskunn om dei fall i hendene på birkebeinarane.¹¹³¹ I følgje sagaene vart avgjersla lagt i hendene til bøndene, og Bjørge hevdar dette kongevalet speglar eit latent fredsønskje på det baglardominerte Austlandet: ”biskop og bønder mot det profesjonelle hærfolket”.¹¹³² Paasche har antyda at biskop Nikolas ikkje hadde si eiga slekt i tankane då han fremja Filippus, men at dette snarare var ein strategi som ville gjere det lettare å oppnå eit forlik seinare, ettersom Filippus arvekrav i utgangspunktet var svakt.¹¹³³

Også erkebiskopen spela ei viktig rolle i dei politiske hendingane som utspann seg i perioden 1201-1217. Då erkebiskop Eirik Ivarsson returnerte til Nidaros i 1202 hadde han vore i eksil i 12 år. Som vi såg i førre kapittel, arbeidde han energisk desse åra for å få avsett kong Sverre, og oppnådde både ekskommunikasjon og paveleg stadfesting av kyrkja sine rettar.¹¹³⁴ Under opphaldet i eksil stod han både den danske erkebiskopen Absalon og abbeden Wilhelm i Æbelholt nære, og vi har fleire haldepunkt for å anta at vi her står overfor eit tett samarbeid basert på langvarige nettverksrelasjonar mellom ein elite innan den nordiske kyrkja tett knytt til kurien og den reformvennlege politikken denne stod for. Som vi har sett studerte alle desse ved St. Victor i Paris. Det gjorde også Anders Sunesen som tok over den danske erkebispesetet etter Absalons død

¹¹²⁹ Bogl-Ma: 46.

¹¹³⁰ Bogl-Ma: 81-86.

¹¹³¹ Såleis 81a. Noko divergerande tekst i dei andre versjonane, sjå Bogl-Ma: 86.

¹¹³² Bjørge 2001b.

¹¹³³ Koht 1949.

¹¹³⁴ Sjø s. 230 ff. i denne avhandlinga.

i 1201 og Eiriks etterføljar, Tore, som overtok stolen i Nidaros i 1205. Pave Innocens III (1198-1216) studerte også i Paris, truleg samstundes med den danske erkebiskopen, og fleire har peika den nære relasjon mellom desse to, som mellom anna kjem til uttrykk i den hyppige brevvekslinga mellom erkebiskop Anders og Innocens III.¹¹³⁵ Kontakten med det danske nettverket kring Absalon og Anders Sunesen må også ha medført at dei norske geistlege kom i kontakt med andre Hvide-ætlingar, som til dømes Anders bror Ebbe, og sannsynlegvis Ebbes framtidige svigerson og svensk konge Sverker II, som søkte tilflukt i Danmark hos sine Hvide-slektningar samstundes med at dei norske biskopane var der.

Dersom vi lar dette nettverket danne ramme for vurderinga av dei norske høggeistleges politikk i tidsrommet etter forliket i 1202, ser vi eit mønster i balansekunsten. Den første prøvelsen for erkebiskopen oppstod ved valet av ny konge etter Håkon Sverresson i 1204. Han brukte då si makt og stilling til å blokkere for ein kandidat som hadde for nære band til den erikske greina av det svenske kongehuset, og sikra valet av ein konge som han kunne samarbeide med utan at det kom på kant med viktige nettverksrelasjonar. Dette er eit døme på det krysspresset erkebiskopen var offer for. På den eine sida hadde han, som den norske kyrkjas øvste leiar, forplikta seg til eit samarbeid med birkebeinarkongedømmet gjennom forliket i 1202. På den andre sida var han forplikta til å støtte sine embetsbrør og sin øvste andelege leiar i kampen for kyrkja sine rettar, og i spørsmålet om tronstriden i Sverige stod både kurien og erkebiskopane i Lund og Uppsala på kong Sverker si side. Då Håkon jarl nokre månader seinare etablerte både ekteskap og politisk allianse med den erikske greina av kongsslekta, valde erkebiskopen å fråtre stillinga si. Tidspunktet er neppe tilfeldig. Rett nok var han gamal, men vi kan ikkje sjå vekk frå at birkebeinarleiinga si opne tilslutning til Erik Knutson sette erkebiskopen i ein svært vanskeleg situasjon, og at dette medverka til avgjersla om å la andre ta over.

Den nye erkebiskopen var Tore Gudmundsson, utdanna ved St. Victor i Paris slik som sin føregjengar. Allereie under opphaldet ved kurien i 1205, i samband med overrekkinga av palliet, viste han seg som ein ivrig forkjempar for kyrkja sine rettar og

¹¹³⁵ Nielsen 1998: 22-23; sjå også Olrik 1902b: 587; Fenger 2002-2005.

vidarefører av Eiriks line andsynes kongemakta.¹¹³⁶ Han var dessutan vikkværing og kannik ved Hallvardskyrkja i Oslo. Kannikembetet var ettertrakta. Dei vart ofte rekrutterte frå den øvste verdslege eliten, og det var ikkje uvanleg at dei var i slekt med biskopen.¹¹³⁷ Om dette var tilfellet med Tore veit vi ikkje, men som kannik ved domkyrkja i Oslo inngjekk han i biskop Nikolas kollegium og forvaltning fram til han vart erkebiskop. Med den nye erkebiskopen etablert i Nidaros ser vi straks eit tett samarbeid utfalde seg mellom biskop Nikolas og erkebiskop Tore. Dette samarbeidet dreia kyrkjias politikk inn på ein ny kurs med forlik og fred mellom birkebeinarar og baglarar som mål.

Freden i Kvitsøy

Alt sommaren etter at Tore Gudmundsson var på plass i sitt nye embete som erkebiskop i Nidaros (1207) vart han vitja av biskop Nikolas Arnesson. Dei to vart samde om gjere alt dei kunne for å få birkebeinarane og baglarane forlikte.¹¹³⁸ Dei engasjerte seg straks i ulike former for meklingsstrategiar for å få til ei semje. Like etter Nikolas besøk i Trondheim reiste Tore til Bergen der baglarane hadde kringsett Sverresborg der det oppheld seg ei birkebeinarsveit. Omlægginga hadde vart i lengre tid, og det skorta på drikke i borga. Erkebiskopen fekk baglarane med på å sleppe birkebeinarane ut, mot at dei øydela borga etterpå. Erkebiskopen sjølv gav husly og vern til alle kvinnene og borna i borga, samt kongsfrendane Håkon Håkonsson og Skule Bårdsson.

Samstundes hadde biskop Nikolas det travelt med å skrive brev og samtale med sentrale personar i begge leire om vilkåra ved eit eventuelt forlik. Hausten 1208 vart partane samde om å møtast til forliksstemne på Kvitsøy. Avtalen som vart presentert av dei to geistlege innebar ei riksdeling der baglarkongen Filippus skulle ha ein tredjedel av landet (Opplanda og Viken aust til Svinesund), samt kongsdottera Kristin Sverresdotter til ektemake. I utgangspunktet skulle han behalde kongsnamnet sitt, men dette nekta birkebeinarane å gå med på, og Filippus gjekk til slutt med på å sverje lydnad

¹¹³⁶ Mykje tyder på at Tore vart utpekt av forgjengaren Eirik til embetet som erkebiskop. Dette, saman med den iveren han viste etter å styrke kyrkja sine rettar, tyder på at han var ein ivrig gregorianar. Sjå også Daae 1897: 34-36; Valkner 1969; Dybdahl 2009a.

¹¹³⁷ Om kannikar i norske domkappittel, sjå Hübner 1922.

¹¹³⁸ Bogl-Ma: PCI: 112-113.

til kong Inge som også frådømte han kongsnamnet. Filippus let seg likevel kalle konge av sine eigne, og nekta å gigi frå seg seglet sitt, og av diplomaterialet kan vi sjå at Filippus utøvde kongeleg mynde både formelt og reelt innan sitt baglarrike.¹¹³⁹

Forliket på Kvitsøy og den påfølgjande riksdelinga la grunnlag for våpenkvile mellom partane og freden vart akseptert trass noko usemje om tolkinga av forliket i etterkant. I ettertid han historikarar lagt vekt på ulike faktorarar for å forklare at forliket kom i stand.

Sagaenes eiga grunngeving, lagt i munnen på biskop Nikolas, handlar om trongen for ”fred og ro i landet”.¹¹⁴⁰ Som vi såg i førre kapittel var det alt i Sverres dagar teikn til at stridane hadde gått hardt utover bymenn og bønder og ført til store tap. Dette er ei forklaring som har stått støtt blant historikarane, sidan Munch skildra denne «saare uhyggelig Tilstand».¹¹⁴¹ Stridane hadde ført til «fredslengsel i bondesamfunnet»¹¹⁴² og denne lengselen delte dei med hovdingane og stormennene, som heller ikkje såg noko mon i stridane lenger.¹¹⁴³

Symptoma på at bondesamfunnet var i gjæring,¹¹⁴⁴ finn vi for det første i vektlegginga av bøndene si stemme ved kongevala både i 1204 og 1207, formelt ved at kongevala følgde gjeldande tronfølgjelov som tilla bøndene ei avgjerande stemme ved konungstekja, og reelt ved at bøndene sette hard mot hard, og fekk gjennomslag for sine krav. For det andre ser vi at bønder og bymenn gjorde motstand mot økonomiske krav dei vart pålagde. Både baglarane og birkebeinarane var avhengige av samarbeid med bondesamfunnet ettersom krigen vart halden oppe av ytingar frå bøndene i form av leidang, leidangsskatt og ekstrayingar. Det var systemmennene som hadde ansvar for innkrevjinga av kongsinntektene, og fleire angrep, og endå til drap, på systemenn i denne perioden tyder på at tilhøvet til bøndene var spent både innan birkebeinarriket og baglarriket.¹¹⁴⁵ Bøndene i Trøndelag hadde vanskar med å betale avgiftene sine på grunn

¹¹³⁹ Sjå note 1149 under. Slik også Helle 1974: 98.

¹¹⁴⁰ Bogl-Ma: PCl: 116. Manglar i E.

¹¹⁴¹ Munch 1941-43 (1855-59), bd. 7: 491.

¹¹⁴² Helle 1974: 96.

¹¹⁴³ Munch 1941-43 (1855-59), bd. 7: ; Lunden 1976: 163.

¹¹⁴⁴ Helle 1974: 98.

¹¹⁴⁵ 1206 vart baglarsystemannen Jon Drotning drepen etter at han hadde øvd vald mot ein bonde Bogl-Ma: 47-50. Knut Helle framstiller dette drapet som eit klårt døme på ”bakgrunnen for fredslengselen i bondesamfunnet under den andre baglerkrigen.” Helle 1995: 74.

av dyrtid, og i 1213 og 1214 brukte kong Inge hærmakt mot bøndene og tvang dei til å greie ut leidang og andre kongsskulder som dei hadde halde attende i fleire år.¹¹⁴⁶ Det fins såleis eit rimeleg kjeldebelegg for å hevde at bondesamfunnet var i ”gjæring”,¹¹⁴⁷ og det er ikkje vanskeleg å forstå at både dei stridande partane og dei uskulldige offera for krigføringa hadde sams interesser av å finne fram til ei fredeleg løysing. Men kvifor vart det akkurat kyrkjeleiinga som dreiv denne saka framover, og som sørga for forlik?

Det uklare skiljet mellom dei geistlege sine private interesser og kyrkja sine interesser som organisasjon gjer dette spørsmålet utfordrande. Det er liten tvil om at kyrkjas menn hadde private interesser å ivareta. Biskop Nikolas Arnesson er eit døme på ein stormannsson som vart rekruttert inn i striden med utgangspunkt i si eiga slekts årelange kamp mot baglarane, og som kjempa denne striden med bispeembetet som sitt sterkaste våpen. Embetet gav han kontroll over store ressursar frå Oslo bispedømme, men han nytta også private inntekter frå Stårheimsgodset til å halde baglarane si stridsevne oppe. Ved å fremje systerson sin, Filippus, som kongsemne for baglarane fremja han samstundes si eiga slekts interesser, men det betyr ikkje at det stod i motsetnad til kyrkja sine meir overordna, ideologiske interesser. Ein slektning på trona kunne opne for påverknad og gjennomslag for politiske interesser utover dei private.

Slik sett var forliket i 1208 eit kompromiss som gav baglarkongen og biskopen ro til å styrke kyrkja sine ideologiske interesser. «For kirken hadde innbyrdesstriden lenge vært en vederstyggelighet – i strid med dens idealer og periodevis til hinder for dens vekst»,¹¹⁴⁸ hevdar Knut Helle. Frå eit slikt perspektiv blir biskopane sitt arbeid for fred ein del av mandatet dei styrde etter. Slik kan vi også sjå kyrkja si innblanding i tronfølgespørsmålet som dukka opp kring 1213. Håkon jarl mislika at Filippus framleis titulerte seg konge,¹¹⁴⁹ når han sjølv berre var jarl, og meinte han hadde betre rett til kongsnamnet enn halvbroren Inge, av di han sjølv var ektefødd. Med god hjelp frå erkebiskopen og dei andre lydbiskopane pressa han kong Inge til å gå med på eit forlik

¹¹⁴⁶ Slik Bogl-Ma PCL.: 127.

¹¹⁴⁷ Jf. Helle 1995: 74.

¹¹⁴⁸ Helle 1974: 96-97.

¹¹⁴⁹ Baglersagene gir inntrykk av at det først og fremst er Filippus sine menn som kallar han for konge, medan han sjølv ikkje vil gjere det (. Av diplomaterialet går det derimot fram at Filippus også formelt nytta tittelen konge om seg sjølv, jf. DN 1: 3 og 4, 6: 12, 19: 103 og 106; RN 1: 398, 400, 401 og 403.

som innebar at den av dei som levde lengst skulle ta riket etter den andre. Deretter skulle den av sønene deira veljast som var ektefødd. Dette var openbert ein avtale som favoriserte Håkon jarl, ettersom det berre var han som på dette tidspunktet hadde ein ektefødd son.¹¹⁵⁰ For biskopane kan det ha vore viktig å unngå at det braut ut strid att, men truleg har også kyrkjas plikt til å sørge for at kandidatar til kongemakta kvalifiserte til embetet vore viktig, og her var legitimitet heilt essensielt.

Pave Innocens III var ein ivrig forkjempar for pavemaktas rettar andsynes verdslege maktthavarar. Dette manifesterte seg mellom anna i Innocens dekret «vernabilem» i 1202, som slo fast at paven hadde rett til å avgjere om kandidatar til geistlege og verdslege embete var valbare. Dersom fleire kandidatar var valbare, skulle paven gi råd om kven som var best eigna. I praksis medførte dette at paven ikkje rett sjeldan vart konsultert i saker der det var strid om tronfølgja. Dette ser vi mellom anna i Danmark, der Anders Sunesen ved fleire høve konsulterte pave Innocens i spørsmål om fødselsdefekt ved kandidatar til bispeval. Anders Sunesen ser ut til å ha vore opptatt av kanonisk rett og særleg reglar knytt til ekteskap. Legitim fødsel var også eit krav til det norske kongsembetet, nedfelt i tronfølgjelova av 1163, sjølv om det i praksis ikkje hadde vorte følgt sidan den tid. Innocens IIIs dekret og det tette sambandet mellom dei norske og danske geistlege i denne perioden har truleg medverka til eit større fokus på kva krav som skulle stillast til ei legitim kongemakt, og kva dei geistlege forplikta seg til som kyrkjas lokale vaktarar av Guds rett.

Samanfatning

Vi har i dette kapitlet sett på omstenda som førte først til våpenkvile, så til oppblussing av striden i det vi kallar den andre baglarkrigen, og til slutt til eit varig forlik mellom partane. På begge sider viser grupperingane ein relativt sterk grad av kontinuitet frå Sverre sine dagar. Den indre kjernen av stormenn synest stabil hos både baglarar og birkebeinarar. Vi bør merke oss at det er i denne perioden systemmannsordninga for alvor trer fram i kjeldematerialet. Systemmannsombodet ser ut til å ha gitt den øvste eliten på begge sider både ei meir autonom stilling som regionale, militære leiarar og eit fastare

¹¹⁵⁰ Bøgl-Ma: 122-124.

grep om befolkninga i regionane. Vi registrerer også eit større press på bøndene i form av leidangspålikt og andre ytingar, og dette heng nok saman med at kongemakta gjer seg sterkare gjeldande på lokalplanet i form av sterkare regional kontroll.

Ein indikasjon på at bondesamfunnet stod under press er at bøndene som gruppe no for fyrste gong blir ein part i innbyrdesstridane. Ved fleire høve blir bøndene tillagt ei sentral rolle i vippeposisjon mellom kyrkja sine representantar og hærfolket. Det betyr på ingen måte at bøndene aktivt deltok som part i konfliktane, men at bøndene sine interesser var viktige nok til å bli tillagde vekt. Den som i fyrste instans fremja og målbar bøndene sine interesser var kyrkja, ikkje bøndene sjølv.

Dette kan bety, som fleire har hevda, at det først og fremst er trykket på bondesamfunnet og behovet bøndene og bybefolkninga hadde for fred som forklarar at kyrkja sine menn tok initiativet til at partane skulle semjast. Problemet med denne forklaringa er at kyrkja sine menn ikkje handla eintydig i tråd med ein slik intensjon. Rett nok fekk kong Håkon Sverresson i stand ei semje med dei sentrale biskopane i 1202, men det gjekk berre to år før krigen blussa opp att, framleis under leining av biskopen i Oslo. I dei tilfella der bøndene fekk siste ordet, hadde også dei involverte geistlege personleg vinst av bøndene si avgjerd.

Sjølv om det synest rimeleg at tilhøvet til bondesamfunnet har spela inn på elitens handlingsrom, er det også andre forhold som har prega dei geistlege sine strategiske val. Det dreier seg hovudsakleg om to forhold som begge knyter seg til den norske elitens relasjon til utanlandske interesser: den svenske tronstriden og pavemakta. Som vi såg i førre kapittel stod dei norske biskopane i eksil i Danmark relasjonar til «Skjalmkollektivet», det vil seie etterkomarar av Skjalm Hvide. Dette nettverket kontrollerte både geistlege og verdslege posisjonar i Danmark frå andre halvdel av 1100-talet, og spela ei viktig politisk rolle. I dette tidsrommet var det særskilt skjalmætling og erkebiskop Anders Sunesen som utgjorde krumtappen i dette nettverket, og som primas for både den danske og den svenske kyrkja, var han også ei viktig stemme for pave Innocens reformprogram i nord. Skjalmætlingane stod samstundes i eit nært slektskaps- og allianseforhold til den svenske kong Sverker, og dette plasserte dei norske biskopane og baglarane på Sverkers side i tronstridane. Birkebeinarane hadde sidan Sverres dagar alliert seg med den svenske jarlen Birger Brosa. Hans herre var kong Knut Eriksson, og

Sverres ekteskap med Knuts syster, Margret, knytte birkebeinarane til den Erikske greina av den svenske kongsslekta.

Frå 1196, har vi dermed to alliansesystem i Norden som gav næring til innbyrdesstridane på tvers av dei tre kongerika. Dette kapittelet har vist at endringar i makttilhøva i dette alliansesystemet gir ein interessant kontekst til utviklinga av den norske striden i tidsrommet 1202-1217. Desse endringane viser seg frå våren 1201, og hendingsgangen kan oppsummerast slik: Først døyr dei norske biskopane sin nære ven og beskyttar erkebiskop Absalon, dinest døyr kong Valdemar som også hadde støtta baglarane. I 1203 døyde ein anna nøkkelperson i nettverket til baglarane i eksis, nemleg abbed Vilhelm av Æbelholt. Dette var sentrale personar som var viktige for å sikre dei norske geistlege i eksil, og baglararne som søkte opphald i Danmark, underhald og forsikringar om støtte til å halde fram striden mot birkebeinarane. Med så usikre utsikter, valde dei norske biskopane å reise heim og ta opp att embeta sine. Samstundes døyde den svenske jarlen Birger Brosa, birkebeinarane sin nære allierte. Dette førte til uro i Sverige og på ny vart det etablerte alliansesystemet aktivert. Knut Erikssons søner søkte støtte hos sine vener blant birkebeinarane, medan Sverker appellerte til sine danske slektningar og allierte. Dette skaffa også dei norske baglarane fornøya ressursar. Kampen for Sverker kunne førast på to frontar: ved å støtte Sverker direkte med dansk hærhjelp og ved å svekke Sverkera motstandarar og deira allierte i Noreg. Den andre baglarkrigen og dei svenske tronstridane heng såleis tett saman. Pavens støtte til Anders Sunesen og kong Sverker sette dei norske geistlege i ein vanskeleg situasjon, og konkret kom dette til uttrykk ved at erkebiskopen resignerte frå embetet sitt. Den nye erkebiskopen var frå første stund innstilt på å mekle, og gjennom riksdelinga i 1208 vart det oppnådd fred gjennom riksdeling som formelt anerkjende både birkebeinarkongedømmet og baglarkongedømmet. Etter slaget i Gestilren 1210 gav kyrkja i Lund opp kampen mot Erik Knutsson, og til og med paven anerkjende til slutt Erik som rettmessig herskar i Sverige.¹¹⁵¹ Alliansesystemet som hadde blitt etablert 35 år tidlegare var no brutt, og baglarane var redusert til lokale opprørsflokkar som ikkje lenger kunne utfordre birkebeinarkongedømmet utanfor sitt eige rike.

¹¹⁵¹ Line 2007: 109.

Konklusjon

Problemstillinga for denne avhandlinga tok utgangspunkt i korleis sosiale nettverk kan bidra til å forklare konfliktmønsteret under dei norske innbyrdesstridane i tidsrommet 1130–1208. Gjennom ei prosopografisk tilnærming har avhandlinga undersøkt korleis dei stridande gruppene var samansett, kva for ressursar dei rådde over og kva for slektskaps- og vennskapsrelasjonar som batt grupper saman eller skapte nye grupper. Avslutningsvis vil eg her summere opp korleis nettverksperspektivet har gitt ny kunnskap om innbyrdesstridane. Dinest vil eg drøfte korleis dette perspektivet står i høve til andre perspektiv som har prega debatten om innbyrdesstridane i Noreg. Det dreier seg om kyrkja si rolle i konfliktane, synet på kongemakta, landskapsinteresser, sosiale- og økonomiske interesser, ætte- og slektskapsinteresser og sambandet til eliten i nabolanda. Dette er perspektiv som har blitt løfta fram undervegs i avhandlinga, men som her får ei fylldigare drøfting.

Innbyrdesstridane i eit nettverksperspektiv

Kapittel 4 analyserte utbrotet av innbyrdesstriden og nettverka fram til 1136. Vi såg korleis kongsemnet Harald Gille etablerte eit nettverk i opposisjon til Magnus Blinde i 1120-åra. Her viser undersøkinga at Haralds siger over Magnus vart mogeleggjort av stormennene, slik Bagge også har hevda.¹¹⁵² Harald Gille evna å byggje seg opp eit nettverk og etablere seg som ein sterk utfordrar *innafor* rammene av Magnussønene sitt samkongedømme. Dette betyr at ideen om samkongedømmet som styringsform framleis stod sterkt. Samkongedømmet verka samlande så lenge kongemakta famna breitt nok til

¹¹⁵² Bagge 2010: 42.

å inkludere elitens interesser. Dei leiande aktørane i krinsen kring Harald, og som gjorde tronpretendenten til talsmann for sine interesser, hadde sjølve oppnådd solide posisjonar under Magnussønene. Først då kong Sigurd Jorsalfare vart einekonge, og freista snevre inn tilgangen til kongemakta gjennom å peike ut son sin til konge og binde stormennene til Magnus med eid, vart det strid. I eit slikt perspektiv innebar einekongedømmet ei innskrenking av elitens moglegheiter for politisk deltaking, og dette medførte at den einskildes personlege relasjonar til kongemakta vart særskild viktige.

Dei som valde å fremje Harald Gilles krav om kongsnamn gjorde det av ulike grunnar. Dette var på den eine sida stormenn som hadde skaffa seg solide posisjonar under Magnussønene, mellom anna gjennom giftarmål, og som ikkje såg sine interesser best tent under kong Magnus. Kyrpinge-Orm på Støle og sønene hans er eit døme på dette. Men det gjaldt også stormenn som av ulike grunnar kunne vente seg motstand frå Magnus, slik som Ingmar av Ask, eller stormenn med ambisjonar på leit etter allierte, slik som Ragnvald Kale jarl.

Når Harald Gille kunne bygge seg opp ein solid nok maktposisjon til å utfordre den designerte kongssonen hang dette saman med dei ressursane som nettverkverket som støtta han kunne investere i dette føretaket. Sentralt i dette nettverket stod lendmannen Kyrpinge-Orm på Støle og slektningane hans. Støleætta hadde nære band til jarleætta på Orknøyane og samarbeidet om å fremje Haralds sak innleia ein langvarig og tett allianse mellom Ragnvalds grein av jarleætta og den norske kongemakta. Avhandlinga viser at sambandet vestover, og den politiske utviklinga på Orknøyane, i Skottland og kring Irskesjøen, er svært relevant for å gripe makttilhøva mellom dei stridande partane i dei norske innbyrdesstridane, og bør vektleggast sterkare enn det har vore tradisjon for.

Harald Gilles siger over Magnus Blinde er eit døme på korleis ein fraksjon vart etablert og vaks seg sterk gjennom nettverksrelasjonar. Då Harald vart drept i 1136 viste dette nettverket sin styrke både gjennom stabilitet og i utstrekning. Det femna om sentrale stormenn over heile landet, med tyngdepunkt kring nøkkelpersonar som hadde hand om kongssønene strategisk plasserte på Vestlandet, i Viken og i Trøndelag. I tidsrommet 1136-1150 var enkedronning Ingerid Ragnvaldsdotter og desse lokale lendmennene sentrale for å halde denne nettverkskoalisjonen samla omkring

lendmannskongedømmet. Enkedronningas rådsnare manøvrering etter ektemannens død og hennar nye ekteskap med Ottar Birting, ein av leiarane for Haralds menn i Trøndelag, er døme på strategiar som trygga samarbeidet innetter i lendmannskongedømmet, og som bidrog til at freden vart halden oppe. Brotet kom då Haraldssønene vart vaksne og skulle etablere nettverk på eine premiss.

I striden mellom Haraldssønene på 1150-talet stod lendmannsætta på Støle og Ragnvald Kale orknøyjarl fast ved enkedronning Ingerid og sonen hennar Inge, og Erling Skakke frå Støle vart faksjonens fremste leiar. Frå 1163 var han rikstytar og etter kvart jarl. Det er såleis ein tydeleg kontinuiteten mellom konfliktane på 1130-talet og 1150-talet som blir framheva i denne avhandlingen. Medan Bagge ikkje ser noko samanheng mellom stidane i 1130-åra og 1150-åra,¹¹⁵³ har eg framheva den sterke posisjonen til Støle og relasjonen til jarledømmet på Orknøyane som eit sentralt og stabilt element i partidanninga. Dette nettverket sat på store ressursar og batt saman familiar over fleire generasjonar og danna konstallasjonar som over tid dominerte det politiske miljøet. Eit slikt perspektiv inneber også at eg er skeptisk til å skuve starten på innbyrdesstridane til 1150-talet slik både Bagge og Orning går inn for.

I andre halvdel av 1100-talet vart konfliktlinene skarpare og striden gjekk inn i ein meir intens fase. Her er resultatet på line med nyare forskning, og legg vekt på at personleg konfliktstoff, private hemnoppgjjer og sterke leiarskikkelsar bidrog til å gjere avstanden mellom dei stridande partane større.¹¹⁵⁴ Erlings Skakkes kompromisslause haldning andsynes sine motstandarar var med på å skape skarpare frontar og større avstand mellom partane. Blodhemnen stod framleis sterkt og gjorde det vanskeleg å søke forlik utan å tape ære.

Samstundes vart kyrkja ein aktiv part i stridane i andre halvdel av 1100-talet. Alliansen mellom Magnus Erlingssons kongedømme og erkebiskop Øystein i 1163/1164 gav ikkje berre Erling eit effektivt ideologisk våpen mot sine fiendar, men det kopla også det norske kongedømmet tettare opp til konflikten som utspela seg mellom paven og den tysk-romerske keisaren. Den danske kong Valdemar støtta keisarens mot-pave, medan kyrkjeleiinga, under leiing av erkebiskop Eskild, motsette

¹¹⁵³ Bagge 2010: 42 og 46.

¹¹⁵⁴ Bagge 2010: 46, Bagge 1999a: 315.

seg dette og forlet embeta sine i protest. Banda mellom dei norske og dei danske kyrkjeleiarane var tette, og analysen sannsynleggjer at dei var bunde saman i eit nettverk med utgangspunkt i både personlege og ideologiske interesser. Danmarks stilling til pave-skismaet og dei nære banda mellom Nordens geistlege kan mellom anna forklare det kjølige forholdet mellom Erling Skakke og Valdemar i 1160-åra. Eg har argumentert for at det ikkje handlar om dansk aggresjon, slik Orning hevdar, men snarare om eit politisk dilemma der Erlings viktigaste alliansepartnar innanlands, erkebiskopen, ikkje kunne godta ein allianse med ei keisarvennleg kongemakt. Då kong Valdemars posisjon etter nokre år vart sterkare søkte han forsoning med den universalkyrkjelege paven og dermed kunne også Erling innfri lovnaden om å avstå Viken til kong Valdemar.

Kyrkja sine representantar hadde også private interesser å ta hand om. Mellom anna ser vi at erkebiskop Øysteins slektningar fekk posisjonar i Magnus si hird utover på 1160 og 1170-talet. Ekteskapet mellom dronning Ingerid og Arne på Stårheim gav også Stårheimsætta ein sentral posisjon i dette tidsrommet. Sønene til Arne og Ingerid gjekk i kong Magnus si teneste medan dottera vart gift med ein av Støle-ætlingane. Vi ser fleire døme på at ekteskap vart nytta til å knyte faksjonar tettare saman, og til binde til seg nye allierte.

Men framleis var det grupper innerter eliten som ikkje såg seg tente med å støtte kong Magnus. Dette var særskilt stormenn frå slekter som hadde mykje å hemne seg for hos Erling Skakke. Feidane på 1160-talet sette varige spor i desse slektene, og gjorde forsoning vanskeleg. Fleire av feidane gjekk ut over lendmannsslekter i Trøndelag. Dette er utgangspunktet for Sverre Sigurdssons støtte i denne regionen. Han var i stand til å spele på antipatiar mot kong Magnus og Erling Skakke, og dette gav han eit utgangspunkt for å bygge opp ein opposisjon mot Magnus. I dette arbeidet nytta Sverre seg av dei same nettverksstrategiane som sine føregjengarar. Han gav særleg slektningar på morssida posisjonar i birkebeinarleiinga, og fleire av desse kom til å dominere fraksjonen i fleire tiår framover. Når det gjeld slektningar på farssida ser han ut til å ha vore meir reservert. Sverres bror, Eirik, gjekk Sverre til hande, og ser ut til å ha fått ein særleg autonom stilling på Austlandet. Visse indikasjonar tyder på at Eirik og biskopen i Oslo stod på god fot, og det er ikkje utenkeleg at Sverre sjølv stod bak Eirik's plutslege død.

Baglarane bygde på det same nettverket som kong Magnus, via kuvlungar og vårbelgar, og med Støle, Stårheim og erkebiskopens folk som viktige tyngdepunkt. Etter Magnus fall i 1184 ser likevel tyngdepunktet for motstanden mot Sverre å ha flytta seg austover, og vart mot slutten av Sverres levetid og det første tiåret av 1200-talet konsentrert omkring Viken. Her var også kyrkja sin motstand mot Sverre sterkast, materialisert gjennom baglarhovding og biskop Nikolas Arnesson.

I analysen av baglarreisinga mot Sverre (1196-1202) og den andre baglarkrigen (1204-1208) har det blitt lagt vekt på at dei norske høggeistlege tilhørde ein internasjonal organisasjon som la sterke føringar for sine tenestemenn. Den formidla ein ideologi som forplikta sine talsmenn til bestemte standpunkt. Og endeleg var denne organisasjonen gjennomsyra av personlege band som skapte nettverk av studiefeller, yrkesbrør og ideologiske likesinna. Dette er ei side ved den norske geistlegheita i denne perioden som ikkje har vore særleg påakta, og som denne avhandlinga har freista vise. Allereie i 1163 såg vi at tilhøvet til Danmark vart prega av erkebiskop Øystein, og det universalkyrkjelege nettverket han tilhørde, si stilling til pave-skismaet. På 1190-talet nyttar erkebiskopen kontaktane sine i Danmark til å påverke kurien til å bannlyse kong Sverre. Den danske kyrkja si innblanding i den svenske tronstriden, med pavens velsigning, kopla baglarar og birkebeinarar til kvart sitt alliansesystem i tiåra frå 1196-1208. Det var såleis ikkje berre fredslengselen som førde partane til semje ved forliket i Kvitsoy i 1208, men også det faktum at Sverker miste makta i Sverige, og at både kyrkja og paven til slutt anerkjende hans rival kong Erik Knutsson.

Kyrkjjas ideologiske og politiske rolle

Undersøkinga av nettverk under innbyrdesstridane har vist at kyrkja engasjerte seg på ulike måtar gjennom det knappe hundreåret stridane gjekk føre seg, men i kva grad kan vi hevde at kyrkjepolitiske interesser prega konfliktane? Alexander Bugge har hevda at kyrkjepolitikken går som ein raud tråd gjennom det 12. og 13. hundreåret, og er avgjerande for partimotsetnadane allereie frå 1140-åra:

det er kirkepolitikken som går som den røde tråd gjennom vårt lands historie fra 1152 til 1277, ja enda lenger (...) en partimotsætning begynder vi først at skimte i slutten av 1140-årene, da

sønnerne til Harald Gille var blitt voksne, med andre ord på den tid da arbeidet for at få grundet erkesæte i Norge tok fart. At det er sammenheng mellom disse to ting kan ikke være tvilsomt.¹¹⁵⁵

Bugge kombinerer landskapsinteresser med ideologiske interesser, og set opp ein motsetnad mellom eit ”antikirkelig” parti med sympati i Trøndelag, mot eit gregoriansk inspirert ”kirkeparti” med oppslutnad i Viken og Vestlandet.¹¹⁵⁶ Denne tankegangen finn vi også att hos Andreas Holmsen nokre tiår seinare:

Men det betydde at kirken ville ha makt – makt over samfunnet fra øverst til nederst. I det kravet kunne det gregorianske presteskapat i Norge møtes med de vikske og vestlandske lendmennene. De ble naturlige forbundsfeller – iallfall så lenge det måtte kjempes for maktkravet. Men mot de nye, revolusjonære idéene reiste det seg konservative krefter – til vern om folkekirke og folkekongedømme. De gjorde seg mest aktivt gjeldende i Trøndelag og samlet seg der om kong Sigurd. Kong Øystein fulgte etter.¹¹⁵⁷

Bugge og Holmsen har fått følgje av Arne Odd Johnson som også karakteriserer lendmennene kring kong Inge som eit ”kirkeparti”.¹¹⁵⁸ Han er derimot skeptisk til å framstille Inge sine motstandarar som eit kyrkjefiendtleg parti, og meiner at opprettinga av erkebispesetet må ha funne tilslutnad også hos kongane Øystein og Sigurd.¹¹⁵⁹

Argumenta som blir nytta for å byggje opp under påstanden om at konfliktlinene vart forma av kyrkepolitiske interesser legg mellom anna vekt på sambandet mellom jarledømmet på Orknøyane og Harald Gilles nettverk som skal ha vore ein lekk i kong Inges politiske strategi for å styrke kyrkja sin makt og førebu grunnen for den nye kyrkjeprovinsen.¹¹⁶⁰ I samband med riksmøtet for opprettinga av kyrkjeprovinsen skal kardinalen ha vore venleg mot Inge, medan han var vreid på brørne hans, og kravde at dei skulle forlikast med han.¹¹⁶¹ Kyrkja såg seg tent med å slutte opp om kong Inge av di han var ektefødd. Inge og lendmennene hans var påverka av kapellanen Øystein Erlendsson, og i dette miljøet tok tanken om eit norsk erkebispesete form. Kongssønene

¹¹⁵⁵ Bugge 1916: 17-18.

¹¹⁵⁶ Bugge 1916: 18, 21 ff. og 22-23.

¹¹⁵⁷ Holmsen 1961: 198.

¹¹⁵⁸ Johnsen 1945: 30 ff. sjå særskilt 30-31, n. 4. Johnsen er kritisk til at initiativet til den nye kyrkjeprovinsen skal ha kome frå norsk hald, slik Bugge hevda, og finn heller ingen grunn til å akseptere ”det av Bugges konstruerte kirkemøte i Bergen”.

¹¹⁵⁹ Johnsen 1945: 35 ff.

¹¹⁶⁰ Bugge 1916: 21-22.

¹¹⁶¹ Msk: 453; Fsk: 351-352; Hkr: 586-587. Johnsen 1945: 30-31. Johnsen legg dessutan vekt på at Gregorius Dagssons syster var abbeddisse ved Gimsøy kloster på Grenland, og Inge framstår som ”en meget from og kirkeligsinnet mann” som kardinalen kom godt overeins med.

Sigurd og Øystein var derimot imot planane, av di dei var redde for at den nye erkebiskopen i Nidaros ville representere eit trugsmål mot krona si makt i denne regionen – difor var også trønderane imot opprettinga av den nye kyrkjeprovinsen.

Undersøkinga av nettverk i den første fasen av innbyrdesstridane la vekt på relasjonen mellom Orknøyane og nettverket kring Harald Gille. Det vart også vist at denne relasjonen var aktiv og sterk også utover på 1140- og 1150-talet under sønene til Harald Gille, og særskilt kom den til å knytte seg til kong Inge og hans krins. Det er derimot få haldepunkt for at dette sambandet var særskilt retta inn mot å fremje kyrkja sine interesser. Derimot blir det understreka at samhald og stabilitet må ha vore ein premiss for etableringa av erkebispesetet i 1152 og at partane ser ut til å strekt seg for å få dette til. Som andre også har vore inne på, er det ingen grunn til å tru at Øystein og Sigurd har vore motstandarar av ein ny kyrkjeprovins sjølv om Inge kan tenkjast å ha vore den av brørne som vart føretrakt av kyrkja.¹¹⁶²

At det fanst geistlege i Inges hird, bør heller ikkje vektleggast særleg. Også motstandarane hans hadde geistlege med seg i hirda, og det var heller ikkje noko nytt fenomen. Då bispestolen i Bergen vart ledig i 1156, innsette først kong Øystein sin eigen kapellan, Pål, i embetet. I 1160 vart han jaga frå stolen sin av kong Inge, som utnemnte ein lendmannsson frå stølenettverket, Nikolas Petersson frå Sogn, bror til Jon, Ragnvald jarl sin svoger, i staden.¹¹⁶³ Dette viser oss berre at dei geistlege embeta var ettertrakta, og at det var viktig for ei kvar kongemakt å kunne kle desse embeta med personar dei kunne lite på.¹¹⁶⁴

Det er også usikkert kor stor påverknad Inges kappelan, Øystein Erlendsson, hadde den første tida, før han vart utnemnd til erkebiskop. Johnsen har merka seg ”at kildene overhodet ikke nevner Øystein i forbindelse med legatens besøk i Norge i 1152-1153.”¹¹⁶⁵ Til dette bør det leggjast til at kjeldene heller ikkje ved andre høver nemner Øystein Erlendsson som *aktiv* deltakar i dei politiske konfliktane under kong Inge. At han var Inge sin kapellan og skattmeister er det Sverres tale mot biskopane som fortel

¹¹⁶² Johnsen 1945: 35; Helle 1995: 28.

¹¹⁶³ Holtmark 1961: 280.

¹¹⁶⁴ Hermanson 2000: 165.

¹¹⁶⁵ Johnsen 1945: 132-33.

om.¹¹⁶⁶ Øysteins reformkyrkjelege utdanning, og det vi elles veit om hans virke seinare, gjer det likevel sannsynleg at han har vore ein talsmann for å fremje kyrkja sine rettar, heilt frå Inges dagar, men det er lite som tyder på at dette var med og forma konfliktlinene på dette tidspunktet. Det vi derimot kan slå fast, er at Øystein Erlendsson også hadde verdslege interesser å skjøtte, og at fleire av hans slektningar også fekk plass i hirda til kong Inge.

Sjølv om dei høggeistlege i Noreg i fyrste halvdel av 1100-talet ser ut til å hatt relativt stort sjølvstende i det politiske rom, og skil seg lite frå dei verdslege medlemmene av eliten, var dei likevel ein del av ein omfattande, hierarkisk organisasjon. Dei same ideologiske verkemidla som appellerte til dei verdslege fyrstane sitt legitimeringsbehov, kunne også nyttast internt for å hevde kyrkja sine rettar som organisasjon. Dei kunne brukast til å avgrense embetet klarare frå personen, slik at den enkelte i større grad såg sine rettar og plikter ivaretekne gjennom fyrstnemnte. Opprettinga av ein norsk kyrkjeprovins gav kyrkja som organisasjon for fyrste gong ei leiing innanlands som kunne samle og styre dei norske geistlege. Den fyrste erkebiskopen fekk knapt byrja på denne oppgåva før han døydde i 1157. Øystein Erlendsson var ikkje på plass i Nidaros før i 1161. Noko særskilt utslag kunne såleis ikkje den nye organisasjonen få før ut på 1160-talet.

Om historikarane har vurdert kyrkja si rolle under første fasen av innbyrdesstridane ulikt, er det semje om at kroninga av Magnus Erlingsson vart eit vendepunkt. Kroninga, og privilegia som kyrkja fekk i samband med dette, styrka maktgrunnlaget og endra styretilhøvet mellom kongemakt og kyrkje i sistnemnde sin favør. Gjennom denne handlinga tok kyrkja også stilling til partane i innbyrdesstridane på den måten at den øvste leiarane for organisasjonen, erkebiskopen, inngjekk ein allianse, på vegner av heile kyrkjeorganisasjonen, med Erling Skakke og sonen kong Magnus.

¹¹⁶⁶ Øystein Erlendsson vert nemnt fyrste gongen i samband med at han vart valt til erkebiskop Jon Birgersson sin etterfylgjar i 1161, jf. Hkr: 625. I tillegg har vi Sverre sin tale til biskopane, der han hevdar at då "erkebiskop Jon i Nidaros falt fra, da valgte Inge sin kapellan og skattmester Øystein til erkebiskop uten å spørre noen lærd mann i Trondheim om råd, verken korsbrødrene eller noen andre" (Holtmark 1961: 280).

Denne avhandlinga har framheva det ideologiske perspektivet i andre og tredje fase av innbyrdesstridane sterkare enn nyare arbeid det kan vere naturleg å jamføre med.¹¹⁶⁷ Medan Sverre Bagge skildrar striden mellom kong Sverre og kyrkja på 1190-talet som ein ideologisk strid mellom nasjonal-kyrkjelege og gregorianske idéar, meiner han at dette var avgrensa til ein kort periode under kong Sverre. Sjølv om leiaren for baglane frå 1204 var biskopen i Oslo, og dette bispedømmet fungerte som den territoriale basen for denne grupperinga, var kyrkja «som sådann» ikkje involvert, hevdar Bagge: «The alliance between the Church and the Magnus faction was thus temporary and did not form an essential part in the formation and continued existence of the faction.»¹¹⁶⁸ Resultata frå denne avhandlinga gir kyrkja ei meir sentral rolle, også i tida etter Sverre. Det har blitt lagt vekt på at dei norske høggeistlege var representantar for ein internasjonal organisasjon som målbar eit kontroversielt ideologisk og politisk tankegods. Denne organisasjonen var både ein støtte for dei norske geistlege andsynes kongemakta, men den forplikta også tenarane sine til å innordne seg etter dei politiske vegvala kurien tok. Handlingsrommet til den norske erkebiskopen og andre biskopar og høggeistlege handla difor ikkje berre om kva som tente dei som verdslege stormenn og lokale kyrkjelege tenestemenn, men også kva som tente den universale kyrkja og den pavelege politikken til ei kvar tid.

Konkret ser vi dette først i andre halvdel av 1160-talet der kong Valdemars allianse med den tysk-romerske keisaren, ser ut til å ha påverka tilhøvet mellom Erling Skakke og kong Valdemar i negativ retning. Dinstert har vi sett korleis dei norske biskopane som gjekk i eksil under kong Sverre inngjekk i eit nettverk av danske geistlege og verdslege stormenn knytt til Skjalm Hvide-ætta, skapte eit alliansesystem på tvers av dei tre skandinaviske kongerika som dominerte det politiske landskapet ikkje berre ein kort periode under kong Sverre, men også etter Sverres død fram til forliket på Kvitsøy i 1208. I denne perioden var ideologiske interesser ein viktig del av den politiske striden, og desse interessene var også med på å forme konfliktlinene i denne perioden.

¹¹⁶⁷ Helle 1974: 39; Bagge 1999a: 310-311.

¹¹⁶⁸ Bagge 1999a: 311.

Kongsideologi i endring

Avhandlinga har også sett søkelys på korleis endringa i makttilhøva verka inn på viljen til samarbeid mellom kongsemne gjennom ulike former for samkongedømme. Dette rører ved spørsmålet om det konstitusjonelle grunnlaget for kongemakta var i endring, og i kva grad synet på kva kongemakta skulle vere verka inn på konfliktnivået i perioden. Som vi såg under drøftinga av utbrotet av innbyrdesstridane, er det ulike synspunkt på samanhengen mellom styringsform og konfliktnivå.¹¹⁶⁹ Bjørge har hevda at innbyrdesstridane var ein kamp for og i mot einekongedømmet: ”Den rikspolitiske striden står mellom to tronfølgjeprinsipp, eller rettare: mellom to politiske system som søker legitimitet i ulike tronfølgjeprinsipp. Eit einekongedømme vert gradvis kjempa fram mot eit samkongedømme som – i same takt – går mot avvikling.”¹¹⁷⁰

Ein viktig føresetnad for dei grunnleggjande endringane i maktstrukturen var framveksten av eit riksaristokrati. Han ser stormennene på Vestlandet og Austlandet si samling kring Gregorius Dagsson og Erling Skakke etter midten av hundreåret som ein så ”sterk maktkonsentrasjon at den både hadde økonomiske og militære ressursar, og dertil prinsipiell motivasjon til å forsøke ei monopolisering av kongedømmet for sin tronkandidat.”¹¹⁷¹ Dei som i fyrste rekke kjente seg truga av denne maktkonsentrasjonen var dei medlemmene av kongsslekta som vart sette utanfor arvegangen. «Dei laut heretter gripe til våpen for å oppnå det dei tidlegare var sikra gjennom fredelege politiske avtalar.»¹¹⁷² Nyleg har også Hans Jacob Orning forfekta liknande standpunkt. Trugsmålet mot fred på 1100-talet var den sterke kongemakta, og gjennombrotet for einekongedømmet skapte ufred.¹¹⁷³

Sverre Bagge har kritisert Bjørge si framstilling på fleire punkt. Bagge meiner mellom anna at Bjørge overdriv samkongedømmet si evne til å halde oppe freden. At lov og sedvane gav alle kongssøner lik arverett, er ikkje det same som at alle fekk det. Denne retten måtte krevjast, og Bagge viser med fleire døme at dei maktpolitiske tilhøva

¹¹⁶⁹ Sjå s. 98 ff. i denne avhandlinga.

¹¹⁷⁰ Bjørge 1970: 9.

¹¹⁷¹ Bjørge 1970: 10.

¹¹⁷² Bjørge 1970: 12.

¹¹⁷³ Orning 2014: 203-206.

ikkje låg til rette for samkongedømme.¹¹⁷⁴ Omfram regelen om at alle kongssøner hadde arverett finn ikkje Bagge grunn til å regne med at det fanst faste reglar for tronfølgja under samkongedømmet.¹¹⁷⁵ Han konkluderer med at «samkongedømmets tronfølgeordning var enda mindre stabil og fredsbevarende enn man har tenkt seg.»¹¹⁷⁶ Ergo er det snarare *freden* i fredshundreåret som krev forklaring, ikkje konfliktane i hundreåret etter.

Bagge deler for så vidt Bjørgo sitt syn på at overgangen til einekongedømmet heng saman med ei sterkare samling av aristokratiet, men han er skeptisk både til at det fann stad ei slik samling så tidleg som i 1120-åra og til å sjå samlinga som eit uttrykk for ei ny ideologisk line. Først på 1160-talet, ved Magnus Erlingsson si tronfølgjelov, vart einekongedømmet lansert som prinsipp, og då som ein konsekvens av langvarig konflikt.¹¹⁷⁷

Konfliktene i 1130-årene lar seg forklare ut fra samkongedømmets teori og praksis, aristokratiets politikk i tronfølgespørsmål har vært bestemt av konkrete maktinteresse i hvert enkelt tilfelle og ikke av langsiktige planer om en bestemt type forfatning, og gjennombruddet for idéen om individualsuksesjon har mer vært en følge av konfliktene enn en forutsetning for dem.¹¹⁷⁸

Ein føresetnad for teorien om at einekongedømmet skapte strid er at det fanst ei aktiv og sterk kongemakt som bevisst utforma ein teori som ekskluderte andre medlemmer av kongeslekta. Problemet med dette er at i den første fasen av innbyrdesstridane var fleirtalet av kongsemna mindreårige.¹¹⁷⁹ Slike kongsemne var ikkje sjølvstendige politiske aktørar, men symbolske figurar som gav partane legitimitet. Dei reelle partane i konfliktane i dette tidsrommet, og dei som også heldt kongedømmet oppe i fredstid, var ulike stormannslekter forbundne med einannan gjennom eit nettverk av alliansar. Dei mektigaste av desse var rett nok ofte også i slekt med kongane, og hadde nytt godt av inntekter frå kongelege embete, men den viktigaste maktbasen deira var like full det

¹¹⁷⁴ Bagge 1975: 241 ff. Sjå særskilt 249 og 263.

¹¹⁷⁵ Bagge 1975: 250-251. Sjå også 264 ff.

¹¹⁷⁶ Bagge 1975: 251.

¹¹⁷⁷ Bagge 1975: 254.

¹¹⁷⁸ Bagge 1975: 255.

¹¹⁷⁹ 10 av 19 kongsemne i perioden 1130 – 1217 var mindreårige då dei vart tekne til kongar: Magnus Sigurdsson Blinde, Inge Haraldsson, Sigurd Haraldsson, Håkon S. Herdebrei, Magnus Erlingsson, Sigurd Sigurdsson Markusfostre, Olav Gudbrandsson Ugjæva, Sigurd Magnusson, Inge Magnusson og Guttorm Sigurdsson. Dei andre 9 var vaksne: Harald Gille, Øystein Haraldsson, Øystein Møyla, Sverre Sigurdsson, Jon Ingesson, Håkon Sverresson, Inge Bårdsson, Erling Magnusson Steinvegg og Filippus Simonsson.

private jordegodset og den lokale maktposisjonen dei hadde opparbeidd seg gjennom generasjonar. I den fyrste fasen gjekk altså striden føre seg mellom grupper av eliten, og spørsmålet vert dermed i kva grad desse gruppene målbar idear om einekongedømme.

Som eg peikar på i kapittel 4 var sedvanen knytt til delinga av kongemakta ein viktig føresetnad for oppbygginga av Harald Gille sin maktposisjon. I den grad vi skal tolke kong Sigurd sine handlingar som freistnad på å få innført einekongedømmet, skapte det uansett ein reaksjon frå medlemmer av eliten som følte sine posisjonar truga. Under dei mindreårige Haraldssønene fann stormennene saman i ein fungerande koalisjon, som igjen vart sprengd då kongssønene vart vaksne. Under dei påfølgjande stridane vart avstanden mellom partane større, og grunnlaget for samkongedømme stadig mindre. Alliansen med kyrkja endra dei maktpolitiske omstenda. Prinsippet om einekongedømme som var nedfelt i tronfølgjelova av 1163 var ikkje berre eit mål som skulle sikre stabilitet. Det var også eit effektivt argument for å unngå deling, også i situasjonar der slik deling potensielt kunne vore stabiliserande. Frå Sverres tid ser vi at konkurrerande kongsemne gjerne får tittelen jarl i staden for kongsnamn. Tanken om einekongedømmet hadde no slått gjennom for alvor. Riksdelinga som vi ser i tredje fasen av innbyrdesstridane var ikkje eit samkongedømme, men to autonome kongdømmer med kvar sine skilde territorium.

Min konklusjon står såleis langt på veg Bagge sitt syn på tilhøvet mellom styringsform og konfliktpotensiale. Eit kvart tronskifte innebar ein risiko for strid, ettersom det ikkje fanst klare reglar for tronskifte. Utfallet vart bestemt av dei realpolitiske makttilhøva i kvart enkelt tilfelle.

Landskapsinteresser og motsetnader mellom regionar

Som vi såg innleiingsvis vart landskapsmotsetnader tillagt vesentleg vekt, særskilt under den marxistisk influerte historieskrivinga i mellomkringsåra, tydelegast hos Edvard Bull, og hos representantar for den materialistiske retninga i andre halvdel av 1900-talet, til dømes Andreas Holmsen og Johannes Schreiner.¹¹⁸⁰ Felles for desse tre var eksistensen av eit grunnleggjande motsetnadstilhøve mellom landsdelane Viken, Vestlandet og

¹¹⁸⁰ Sjå s. 12 i denne avhandlinga.

Trøndelag. Denne motsetnaden avgjorde lendmennene sin tilslutnad til dei ulike kongsemna, og gjorde seg gjeldande allereie frå starten. Såleis meinte Bull at «det eksisterer et sammenhengende parti med sit tyngdepunkt i Trøndelagen helt fra ladejarlene til Sverre.»¹¹⁸¹ Det var dette partiet som gjorde seg gjeldande i konkurranse med eit Vik-vestlandsk parti i 1130, representert ved omsynsvis Magnus Blinde og Harald Gille, og som splitta samkongedømmet mellom Haraldssønene i 1150-åra:

I striden mellem Harald Gille og Magnus Blinde er det tydelig, at Harald støtter sig til Viken, Magnus til Trøndelagen ("La oss fare Nord til Trondheim, der hvor landets styrke er mest for oss", sier Sigurd Sigurdsson til Magnus). Sigurd Slembe hører gjennom sin mor Tora, Sakse i Viks datter, til en av de gjæveste ætter i Trøndelagen og finder sine tilhængere der. Men det nytter litet; for efter Harald Gilles død blir hans søn, Sigurd Munn, som hadde været fostret nord i Trøndelagen, tat til konge der. Både han og siden hans søn Håkon Herdebreid hadde altid sin støtte der.¹¹⁸²

Bull meiner å finne belegg for denne motsetnaden mellom landsdelane i mellom anna sagalitteraturen. I sitatet over refererer han til Snorre som hevdar at Magnus Blinde kunne trekke på landets største styrke i Trøndelag. Vi såg i kapittel fire at vi neppe kan tolke dette bokstaveleg, og at det ikkje fins sterke indisium på at Magnus hadde noko særskilt tilknytning til landskapet kring Trondheimsfjorden. Analysen av nettverket han omgav seg med tyder snarare på at han korkje omgav seg med særskilt mange trøndarstormenn eller oppheld seg særskilt mykje i denne landsdelen.¹¹⁸³

I dei få høva dei norrøne kjeldene eksplisitt koplpar dei ulike tronpretendentane til spesifikke landskap, slik vi har sett ovanfor, finn vi altså lite som underbygger påstanden om eit motsetnadstilhøve mellom trøndarkongar og deira Vik-Vestlandske motstandarar på sosialt eller økonomisk grunnlag. Men det betyr ikkje at landskapsinteresser eller lokal tilknytning var uviktige. Slike interesser knytte seg til dei personlege nettverka den enkelte konge kunne gjere seg nytte av. Magnus Blinde fekk særleg hjelp nordatil, der han hadde vore til fostring, og på Opplanda der han hadde morsfrendane sine. Harald Gille stod sterkt i Viken og på Vestlandet, der dei fleste av stormennene som slutta opp om Harald held til, men det ser også ut til at han har evna å utvide sitt territoriale maktgrunnlag til også å inkludere Trøndelag før han døydde. Lendmannskongedømmet under Harald sine søner overtok dette breie geografisk forankra maktgrunnlaget. Sigurd

¹¹⁸¹ Bull 1920: 26.

¹¹⁸² Bull 1920: 30.

¹¹⁸³ Sjå s. 124 ff. i denne avhandlinga.

Slembe evna difor ikkje å etablere seg i Trøndelag, trass i at han der hadde morsslekta si, og for så vidt også ser ut til å ha rekruttert ein del folk frå dette området.

Under konflikten mellom Haraldssønene i 1150-åra var lendmenn frå alle regionane representerte hos dei ulike kongssønene, men særskilt Sigurd og Inge ser ut til ha hatt lettare for å rekruttere tilhengjarar i områda der dei sjølve hadde vakse opp. Her har nok frendar på morssida spela ei vesentleg rolle. Inge ser ut til å ha vorte nærare knytt til det vestlandske miljøet enn brørne sine, truleg av di mor hans, enkedronning Ingrid, opprettheldt kontakten til nettverket kring Kyrpinge-Orm på Støle, og fungerte som bindeledd mellom denne krinsen og kong Inge sine stormenn på Austlandet. Sigurd ser også ut til å ha vore knytt til dei indre Austlandsområdet i tillegg til Trøndelag. Mor hans var dotter til ein storbonde på Oppland ein stad. Hos Øystein Haraldsson ser vi eit vesentleg innslag av personar frå Vesterhavsoyene, samt lendmenn på Austlandet.

I konkurransen om å utvide sine territorium må det ha vore eit poeng for dei ulike kongssønene å gjere seg gjeldande over så store område som mogeleg, og å hindre motparten i å få eit sterkt fotfeste i ein region. Grupperingane ser difor ut til å ha flytta ofte på seg, og unngjekk å bli verande for lenge på ein og same stad.¹¹⁸⁴ Samstundes vart kontroll freista oppnådd gjennom nye alliansar til lokale stormenn, gjerne på kostnad av konkurrentar sine alliansesystem. Øysteins nederlag i 1157 vart som vi har sett innleia av at fleire av Øysteins sentrale støttespelarar vart innlemma i Gregorius Dagssons personlege nettverk gjennom ekteskap.

Sjølv om dei konkurrerande kongsemna vanskeleg kan knytast til særskilte landskap eller regionar betyr ikkje det at vi ikkje finn uttrykk for lokalkjensle i sagaframstillingane. Lokalpatriotiske førestillingar ser ut til å ha spela ei viss strukturell rolle i nettverka av politiske allierte dei enkelte kongsemna omgav seg med. Vi såg mellom anna at to av Inge sine menn rauk uklare i Bergen i 1160, og sidan dei to tilhørde ulike segment av Inge sitt nettverk – dei var omsynsvis Erling Skakke og Gregorius Dagsson sine menn – var det fare for reell intern konflikt på topplanet i den politiske grupperinga som stod bak kong Inge. I dramaet som utspela seg ligg hovudfokuset på dei to leiarane som kvar på si side forsvarte si eiga og sine menn si ære mot den andre parten – men under spela også lokalkjensla med. Då Erling fekk vite at

¹¹⁸⁴ Bagge 1999a: 309 har kome til liknande resultat.

systersonen Bjørn kjempa mot Gregorius sine menn, skal han ha uttalt fylgjande hevdar Snorre: «Det ville være en skam for folk (...) om en vikværing skal bli vår overmann her hvor vi har frender på alle kanter, og det vil alle tider bli sittende på oss.»¹¹⁸⁵ Problemet til Erling var ikkje først og fremst at Gregorius sine menn var vikværingar, men tanken på den skamma han skulle kome ut for dersom han let andre dominere i den landsdelen han sjølv stod sterkast i, og ikkje evna å forsvare sine menn i sin eigen frendehage.

Den lokalkjensla vi kan spore her er altså eit uttrykk for at stormennene som forma dei politiske nettverka kongsemna var avhengige av også var lokale hovdingar med ansvar for å verne om sine eigne sosiale nettverk. Lendmenn som Gregorius Dagsson og Erling Skakke var både regionale leiarfigurar og ein del av rikseliten. Deira politiske makt var i vesentleg grad basert på lokale ressursar, sjølv om ekteskap- og venskapsalliansar gjerne strekte seg utover det lokale kjerneområdet. Når lendmenn hamna i konflikt med kvarandre kunne det difor lett arte seg som ein strid mellom regionar. Likvidasjonar av den typen Erling Skakke utførte i 1160-åra, og som særskilt gjekk utover nokre sentrale stormannsslekter i Trøndelag, var nok også med på å elde opp under den lokale sjølvkjensla.

Ovanfor har det blitt lagt vekt på at dei politiske konstallasjonane som konkurrerte om makta i fyrste halvdel av 1100-talet neppe kan hevdast å ha oppstått som eit resultat av at kongsemna representerte ulike geografiske områder. I den grad lokalkjensle spelar ei rolle ser denne ut til å ha vore knytt til stormennene sine leiarskap over andre menn i konkurranse med andre stormenn. Som Sverre Bagge har peika på, er det vanskeleg i praksis å avgjere om ein stormann sin lokale oppslutnad var basert på personleg eller regional lojalitet.¹¹⁸⁶ Og ettersom dei to relasjonane knappast ekskluderer einannan er det nærliggande å sjå dei som komplementære verdiar ved relasjonar mellom stormenn og lokalsamfunn.

Kongsemna var altså først og fremst knytt til bestemte landskap gjennom sine personlege nettverk av slektningar og allierte. Det betydde at kongsemna godt kunne ha allierte i same området, og at tilknytningane ikkje var permanente. Nye alliansar vart

¹¹⁸⁵ Hkr: 605: «kvað mǫnnum klæki í vera 'ef einn vikverskr maðr skal yfir oss ganga hér í frændhaga várum, ok mun oss þat æ ok æ uppi'.» Her i omsetjinga til Hkr-Hø: 319.

¹¹⁸⁶ Bagge 1999a: 309.

etablerte og nettverk endra seg over tid. Noko fast regionalt mønster kan vi ikkje vente å finne i så måte. Det ser dessutan ut til at vi i mykje større grad enn det har vorte gjort til no må utvide det regionale perspektivet til også å gjelde landskap utanfor fastlands-Noreg. Dei politiske nettverka strekte seg til dei norrøne busetnadane i vest og inn i dei svenske og danske grenseområda. Kontroll med ressursane i desse områda ser ut til å ha spela ei stor rolle for den interne maktkampen i Noreg.

Når det gjeld landskapsmotsetnader i andre halvdel av 1100-talet er det særskilt Sverre si tilknytning til Trøndelag som har stått i fokus. Den materialistiske historieforskinga har kopla klasseperspektivet med eit regionalt perspektiv. Såleis har Bull og Holmsen tenkt seg at den sosiale strukturen i Trøndelag var meir egalitær, og at Sverre sin proletarvenlege politikk appellerte særskilt i denne landsdelen.¹¹⁸⁷ Som fleire har peika på har vi ikkje kjeldebelegg for å hevde at Trøndelag var mindre aristokratisk, og hadde meir jord i bondeeeige, enn dei andre landsdelane på slutten av 1100-talet.¹¹⁸⁸ Kjeldene gir først innblikk i eigedomstilhøva på 1300-talet og på det tidspunktet var det *lite* jord i bondeeeige i Trøndelag jamført med andre landsdeler, og Lunden finn det rimeleg at dette var tilfelle også hundre år tidlegare.¹¹⁸⁹

Bagge hevdar at det regionale konfliktmønsteret i andre fase av stridane har si forklaring i strategiske omsyn. Vestlandet kunne berre kontrollerast ved hjelp av ein flåte. Dermed var det gjerne den etablerte kongemakta som kontrollerte denne landsdelen, og Sverre fekk først herredømmet over Vestlandet etter Magnus fall i 1184. Dei indre austlandsområda og grensetraktene mot Sverige kunne derimot berre kontrollerast ved hjelp av landstyrkar. Desse områda var godt eigna for små motstandsgrupper som levde av overfall på lokalbefolkninga og som hadde retrettmoglegheiter inn i Sverige. Trøndelag og Viken stod i ein mellomposisjon. Desse områda kunne haldast ved hjelp av både landstyrkar og flåte, men det var vanskeleg å halde begge regionane samstundes. Opprørsstyrkar ville difor typisk etablere seg i dei indre områda på Austlandet og deretter prøve å setje seg fast i Trøndelag eller Viken.¹¹⁹⁰

¹¹⁸⁷ Bull 1920: 32-33; Holmsen 1961: 213 ff.

¹¹⁸⁸ Lunden 1987: 53; Andersen 1977: 215-220; Bagge 1999a: 309.

¹¹⁸⁹ Lunden 1987: 53.

¹¹⁹⁰ Bagge 1986: 185 ff; Bagge 1999a: 309-310.

Teorien eignar seg godt til å forklare kvifor dei indre austlandsområda stadig vart heimsøkt av opprørsflokkar. Den forklarar også at mønsteret var skiftande og knytt til det relative makttilhøvet mellom dei stridande partane. Men det er vanskelegare å sjå på kva måte den forklarar sambandet mellom Trøndelag og kong Sverre. Som vi har sett i kapittel 6 var Trøndelag eit kjerneområde i rekrutteringa til birkebeinarane, særskilt før 1184, men også seinare.¹¹⁹¹ Som særskilt Paasche har framheva, men også andre har vore inne på,¹¹⁹² kan sjølv striden ha ført til landsskapsmotsetnader, like gjerne som omvendt:

Krigens gang og Erlings hårdhet fører med sig at trønderne får meget at hevne. (...) Det er partikrigen som festner en landskapsmotsetning, ikke omvendt. (...) Landskapet kan altså virke når man tar stilling til krigen, men landskapets egen stilling er igjen bestemt av krigens tidligere gang.¹¹⁹³

Analysen av dei stridande grupperingane i andre halvdel av 1100-talet stør opp under eit slikt synspunkt. Den private hemnen ser framleis ut til å ha vore sterk. Ein serie med hemndrap prega stridane i 1160- og 1170-åra og kløfta mellom dei stridande partane ser ut til å ha blitt større. Erling skaffa seg nokre sterke fiendar blant eliten i Trøndelag, og dette drog Sverre nytte av. Dette er eit døme på at striden også kunne skape motsetnader mellom grupper som feste i ulike deler av landet.

Sosiale og økonomiske interesser

Den økonomiske utviklinga og tilhøvet mellom ulike sosiale grupper har stått sentralt i historieskrivinga om innbyrdesstridane. I denne avhandling har dette spørsmålet vore diskutert særskilt i samband med konfliktlinene under Haraldssonene, flokkane som samla seg mot kong Magnus på 1160- og 1170-talet, samansetjinga av birkebeinarane som hjelpte Sverre til makta dei første åra etter 1177 og uroa blant bønder og byfolk dei siste tiåra av perioden.

Særleg representantar for eit materialistiske historiesyn har argumentert for at dei stridande gruppene representerte ulike sosiale grupper eller landskap med ulik sosial struktur. Bull meiner at vi etter midten av 1000-talet kan sjå ein «påfaldende fattigdom

¹¹⁹¹ Sjå kap. 6.

¹¹⁹² Sjå td. Lunden 1987: 53-54 og Bagge 1999a: 309.

¹¹⁹³ Paasche 1969a: 58-59.

på store og mæktige ætter i Trøndelagen overfor det frodige vestlandske aristokrati» – ein indikasjon på ein verkeleg skilnad i dei sosiale tilhøva mellom områda nordafjells og vestafjells (Viken inntok ein mellomposisjon).¹¹⁹⁴ Koht er derimot av den oppfatning at det var Ladeætta sine interesser som stod i fokus heilt frå dei tidlege rikksamlingkampane til dei interne stridane på 1100-talet, og han finn etterkomarar av Ladeætta godt representerte i heile denne perioden.¹¹⁹⁵ Johan Schreiner har på liknande vis freista å beleggje skilnadar i sosial struktur mellom landsdelar, ved å hevde at talet på lendmenn var høgare på Vestlandet enn i Trøndelag og innlandsområda, medan sistnemnde område hadde fleire stormenn. Han knyter såleis veksten i lendmannsinstitusjonen på Vestlandet med ein tilsvarande vekst i kongedømmets makt. Dette førte til ein konflikt mellom den «selvstyrende bondestat» og kongedømmet som går som «den røde tråd gjennom Norges historie både i samlingstiden og under borgerkrigene.»¹¹⁹⁶

Særleg Sverres kongedømme kom til å representere høgdepunktet på klassestriden i høg mellomalderen. Hos Koht spelar Sverre rolla som førar for opprørske element frå «underklassa», i alle fall ei stund, til nykomlingane hadde etablert seg som eit nytt aristokrati, bunde tettare til kongemakta.¹¹⁹⁷ På same måte freista Edvard Bull d.e. å vise at «Sverres bevegelse er rettet mot den verdslige grunneierklassen, og [...] erkebispens og bispenes universalkirkelige overklassemakt.»¹¹⁹⁸

¹¹⁹⁴ Bull 1920: 33.

¹¹⁹⁵ Koht 1920

¹¹⁹⁶ Schreiner 1936: 200. Scheiners tese vart kraftig kritisert Jens Arup Seip. Problemet gjaldt særleg oppfatninga av at årmennene i Trøndelag stod i eit tenestetilhøve til bondesamfunnet – ikkje kongemakta som det har vore vanleg å hevde. Schreiner byggjer mellom anna påstanden om Trøndelag si uavhengige stilling andsynes kongemakta på ein del paragrafar i Frostatinglova som synest å tillegge lendmannen mindre vekt i rettspraksisen enn han synest å ha i Gulatingslova, men der til meir vekt på årmannen. Denne tolkinga kjem Schreiner til av di han utelukkjar at årmennene var kongstenarar, og i staden hevdar dei var tillitsmenn for bøndene. Etter Schreiners oppfatning skulle difor den sterke vektlegginga av årmennene i Frostatinglova godtgjere at kongemakta stod svakare her enn i Gulatingslag. Ei slik tolking av årmannen sin posisjon kunne ikkje Seip gå med på (Seip 1940-42: 115). Helle har også i si undersøking av Gulatingslova understreka at årmannen var kongstenar, og meiner at fråveret av lendmenn som talsmenn for kongen på Frostatinget må skuldast at årmannsombodet var så godt utbygd i Trøndelag at det normalt vart rekna med at årmannen åleine representerte kongen i offentlege funksjonar, medan det i Gulatingslagen ikkje fanst fleire kongsårmenn enn at ein ofte måtte ty til lendmenn som eit alternativ (Helle 2001: 149-152).

¹¹⁹⁷ Koht 1952: særleg s. 22 -23. På lang sikt førte såleis ikkje Sverre sitt kongedømme til endringar i den sosiale orden, men det medførte ei meir sentralisert kongemakt.

¹¹⁹⁸ Bull 1931b: 216.

Fleire har vore skeptiske påstanden om at sosiale motsetnader skapte konfliktliner under innbyrdesstridane.¹¹⁹⁹ Den mest substansielle kritikken har vore reist av Bagge som meiner at den sosiale dimensjonen er sterkt overdriven.¹²⁰⁰ Det er lite som tyder på at sosialt konfliktstoff gjorde seg gjeldande i striden mellom Haraldssønene og heller ikkje mellom opprørsflokkane og kong Magnus Erlingsson. Denne avhandlingas analyse av nettverka har kome til same konklusjon. Haraldssønene rekrutterte tilhengarar innan same elite, og det er heller ikkje teikn til at Håkon Herdebreid eller Øystein Møyla representerte lågare samfunnslag. Kjernen i Sverres birkebeinarflokk vart rekrutterte frå det øvre lag av bondesamfunnet og eliten, og i den grad Sverre trakk til seg tilhengarar frå lågare samfunnslag var desse marginale og hadde liten gjennomslagskraft.¹²⁰¹

Mot slutten av Sverre si regjeringstid og dei fyrste tiåra etter århundreskiftet ser vi tendensar til sosial uro i bondesamfunnet. Bøndene drap kongelege tenestemenn ved fleire høve, og både i 1200 og 1207 kom det til regelrette bondeslag. I eit historieperspektiv som la vekt på standskjensle eller klassekjensle mellom det jordeigande aristokratiet vart fredsforliket i 1208 tolka som det endelege prøvet på at gjæringa i bondesamfunnet no var så stor at det tvang fram samhandling innerter i aristokratiet. Også nyare forskning har lagt vekt på uroa i bondesamfunnet, men i større grad tolka dette som ein konsekvens av innbyrdesstridane enn ein årsak til dei. Eit krigstrøtt bondesamfunn reagerte mot overgrep frå rotlause, profesjonelle hærflokkar.¹²⁰² Som både Helle og Bagge har peika på viser kongevala i 1204 og 1207 korleis kyrkja nytta bøndene til støtte for sin kandidat,¹²⁰³ og eg har i denne avhandlinga argumentert for at samarbeidet mellom baglarpartiet og kyrkja kan ha medverka til ein breiare sosial oppslutnad omkring baglarpartiet. Baglarane kan dermed ha utnytta uroa som krigen hadde skapt og kanskje også nørte opp under den.

¹¹⁹⁹ Lunden 1976: 53. Bagge 1986: 159-162; Bagge 1999a: 316-317.

¹²⁰⁰ Bagge 1986: 159-162; Bagge 1999a: 316-317.

¹²⁰¹ Sverre Bagge avviser at den sosiale uliksskapen som kan ha eksistert mellom flokkane korresponderte med eit tilsvarande sosialt skilje i folket. I den grad kong Sverre rekrutterte tilhengarar frå lågare sosiale lag, var desse i fyrste rekkje profesjonelle krigarar som kjempa for sine egne interesser utan å identifisere seg med det sosiale stratum dei opprinneleg kom frå.

¹²⁰² Holmsen 1961: 250; Helle 1974: 96; Bagge 1999a: 308.

¹²⁰³ Helle 1974: 96; Bagge 1999a: 310.

Sjølv om det er lite som tyder på at sosialt konfliktstoff var ei viktig drivkraft under innbyrdesstridane, er det eit viktig poeng i at den gradvise institusjonaliseringa av kongemakt og kyrkje kanaliserte elitens vegar til makt og rikdom i aukande grad gjennom desse to institusjonane. Og etter kvart som vegen vart smalare vart konfliktnivået høgare. Analysen av elitens nettverk under innbyrdesstridane i denne avhandlinga har til dømes vist at fleire av stormennene som var aktive under stridens første fase hadde skapt seg sterke politiske posisjonar under deltaking på krigstokt og gjennom ekteskap som dei vart løna med. Den ekspansive politikken under Magnus Berrføtt og den breie deltakinga som samkongedømmet under Magnussønene gav rom for tilseier ein elite i vekst, ikkje i krise.

Det er heller ikkje slik at den type militær aktivitet som dominerte på 1000-talet heilt tok slutt etter at Sigurd Jorsalfare døydde. Gjennom sin allierte Sigurd Slembe fekk Magnus Blinde og lendmennene hans tilført ressursar på same måte som tidlegare vikingferder, gjennom regelrette plyndringstokter i heimlege og utanlandske farvatn. Også Harald Gille heldt fleire slag i dansk farvatn, truleg medan han vitja kong Erik i 1134, og under sønene til Harald vart det som kjent arrangert korsferd til Jerusalem etter Sigurd Jorsalfare sin lest. Kong Øystein Haraldsson rana samstundes med seg gods frå England på ekte vikingvis. Ran og vald i framande farvatn hadde altså i fyrste halvdel av 1100-talet framleis ein viktig funksjon i den heimlege politikken. Innanlands førte krigføringa til konfiskasjonar og plyndring av gods frå fienden. Samstundes er det klart at den militære mobiliseringa også innebar store utgifter for elitens medlemmer – særskilt lendmenn og medlemmer av den øvste eliten, som ser ut til å ha bidratt vesentleg med private ressursar i maktkampen. Det vert difor snarare eit spørsmål om denne typen strid kunne ha funne stad i eit samfunn der eliten leid under mangel på ressursar.

Generelt kan vi innvende at 1100-talet tvert om viser typiske teikn på velstand hos eliten. Byggeaktiviteten er stor i byane i denne perioden, og verdslege stormenn vert rekna for å ha vore viktige for finansieringa av denne aktiviteten, i Norge som eller i Europa.¹²⁰⁴ Eit kompliserande aspekt er dessutan vanskanene med å skilje den geistlege og den verdslege eliten frå einannan. Som Bagge sjølv er inne på ved eit anna høve, vart

¹²⁰⁴ Sawyer 2003: 60, sjå også Hermanson 2000.

dei fleste representantane for dei høgare embeta innan kyrkja rekrutterte frå den verdslege eliten.¹²⁰⁵ Utbygginga av den kyrkjelege organisasjonen må såleis også ha ført til nye karrieremoglegheiter for den verdslege eliten, og dermed også nye inntektskjelder.¹²⁰⁶

Hovudinstrykket er dermed at vi ikkje kan sjå bort frå ein svikt i inntektsgrunnlaget til eliten på 1100-talet, men det er lite som peikar i den retninga. Det er vel så sannsynleg at vi har å gjere med ein skjerpa konkurranse innetter i eliten på grunn av ei *auke* i tilfanget av ressursar. Til samanlikning er dette ein akseptert måte å forstå rikssamlingsstridane på i 9. og 10. hundreåret: konkurransen mellom lokale hovdingar vart skjerpa gjennom tilførselen av ressursar vunne gjennom vikingferder.¹²⁰⁷ Den øvste eliten av stormenn på 1100-talet tok del i, og hausta ressursane av, den organisatoriske utbygginga til både kongemakta og den katolske kyrkja, og det rår generell konsensus om at dei totale overføringane frå bondesamfunn til elite auka i høgmedalderen. I staden for å tenkje seg eit aristokrati i økonomisk krise, er det såleis like fullt mogeleg å tenkje seg eit aristokratiet i konkurranse om eit monaleg *overskot*.

Ætte- og slektskapsinteresser

Konfliktlinene under innbyrdesstridane har også blitt forklart som ættestrid. Både Halvdan Koht og Fredrik Paasche har framheva slektskapens betydning som partidannande faktorar. Koht freista å vise at både rikssamling og innbyrdesstridane i realiteten var ein kamp mellom ulike ætter med fofeste i forskjellige delar av landet.¹²⁰⁸ I løpet av det 10. og det 11. hundreåret utkrystalliserte det seg to ”hoved-ætter”, Ladejarlane og Vestfoldkongane.¹²⁰⁹ Dei interne konfliktane i byrjinga av det 12. hundreåret handla eigentleg om Ladeætta sin kamp for å tilkjempe seg makta gjennom å knytte til seg resten av aristokratiet i ein ”vidstrakt ættering”.¹²¹⁰

¹²⁰⁵ Bagge 2003a: 53.

¹²⁰⁶ Sawyer 2003: 60.

¹²⁰⁷ Sjø til dømes Krag 2000: 50; Orning 2011: 94-98 og Dørum & Holberg 2017: 87-89.

¹²⁰⁸ Koht 1920: 42.

¹²⁰⁹ Koht 1920: 42.

¹²¹⁰ Koht 1920: 48.

Lad-jarlenes etterkommere kunde ikke tenke på å styrte Yngling-ættens kongedømme; men makten måtte de alltid streve etter. Og etter hvert samlede de aristokratiet om sig i en vidstrakt ættering; et stort slektskapsbånd knyttet lendmennene sammen fra Vika og Vestlandet til Trondheimen og Hålogaland, samstundes med at hele det norske samfund mer og mer blev aristokratisert. Omkring 1160 når så utviklingen fram til det standpunkt, at en kan sie det var et organisert aristokrati som hadde tatt makten i landet.¹²¹¹

Det knyter seg ei rekkje problem til denne oppfatninga.¹²¹² Generelt kan det innvendast at det norrøne samfunnet rekna slektskaps gjennom både foreldre slik at ein etterkomar til Ladejarlane også ville vere ein etterkomar av ei anna ætt dersom tilknytninga til Lade låg i generasjonen før, og 3, 7, 15 andre ætter alt etter kor mange generasjonar attende tilknytninga til Lade låg. Kva slags ætt som først og fremst har øvd påverknad på dei aktørane som Koht listar opp er uråd å svare på. Til dømes meiner Koht at det var Gregorius Dagsson og Erling Skakke som førte Ladeætta mot siger i 1160. Dersom vi ser vekk frå det opplagte problemet at vi ikkje har kjeldebelegg på at nokon av desse var etterkomarar av Ladeætta, så vert det neste problemet at begge desse var nærare i slekt med kongemakta enn med jarlane på Lade. I forlenginga av dette får vi vanskar med å finne ut kven denne kongemakta som Erling og Ladeætta kjempa mot var. Siktar Koht her til Magnus Blinde si ætt, som Erling Skakke som nemnt var i slekt med sjølv, og som han var gift inn i og hadde ein son som var arving til, eller til Sigurd Mund sine arvtakarar, bror til den kongen Erling tidlegare hadde tent, og som også var i slekt med den same kongefamilien som Magnus Blinde? Det er fristande å parafrasere Koht: ”det ser ut som en eneste røre; og det er en røre”.¹²¹³

Sjølv om vi kan vere einige med Koht i at slektskapsalliansar var ein viktig del av den politiske verksemda – og mykje viktigare enn det den materialistiske historieoppfatninga har gitt uttrykk for – sviktar både det teoretiske og empiriske grunnlaget for å hevde at konfliktane var uttrykk for ein kamp mellom eit fåtal ætter. Omgrepet ætt hadde likevel ein viktig funksjon i samtida, og eg har i det føregåande uttrykt at nyare framstillingar har gått for langt i å avskrive ættenes funksjon i det politiske feltet. Ætta var ein viktig sosial konstruksjon som kunne uttrykkje noko om ei gruppes status, tilhørsle og evne til å utøve makt.¹²¹⁴

¹²¹¹ Koht 1920: 47-48.

¹²¹² Bagge 1999a: 309; Helle 1974: 39.

¹²¹³ Koht 1920: 41.

¹²¹⁴ Sjø s. 83 ff. i denne avhandlinga.

Slektskap må først og fremst sjåast som ein av fleire måtar å overføre makt og ressursar mellom menneske på. Granskingar av den norrøne politisk kulturen har vist at venskapen også var eit viktig band for å etablere alliansar.¹²¹⁵ Venskap og slektskap gjekk ofte hand i hand, ettersom vennskapavtalar i neste omgang kunne føre til ekteskap og suksessivt slektskap. På denne måten kunne ekteskap nyttast til å trygge ein venskapsallianse.¹²¹⁶ Ekteskap vart også nytta til å løne trufaste vener, og skapte på same måte slektskap i neste generasjon.

Sjølv om vi for analytiske føremål kan skilje mellom slektskap ved blod og slektskap ved inngifte, er det eit faktum at avkom etter slike ekteskapsalliansar var blodslektningar til begge partar. Så sjølv om forskinga har lagt vekt på vennsapsbanda som særskilt sterke av di dei var uttrykk for partanes frie vilje og evne til å investere i dei, så førte dei ofte til etableringa av slektskap på lengre sikt, og det må også ha vore noko av føremålet med dei. Ekteskapet formaliserte vennsapsband og gjorde dei meir permanente. Frå ein slik synsvinkel er det slektskapen som blir forstått som det sterkaste bandet. I praksis blir det likevel vanskeleg å måle styrken i sosiale relasjonar. Den enkeltes evne til å nyttiggjere seg sosiale band til å fremje sine interesser var kontekstavhengig, og slektskap og venskap bør forståast som komplementære band. Begge relasjonane var viktige i kongsemna og stormennene sine freistnader på å fremje sine maktposisjonar.

Eit over-nasjonalt perspektiv

Ved hjelp av nettverksperspektivet som ligg til grunn for denne avhandlinga går det fram at relasjonar mellom sentrale aktørar i stridane strekte seg utover rikets grenser. I første perioden er det særskilt koplinga til Vesterhavsoyene som er framtrudande. I andre perioden vart relasjonane til Sverige og Danmark sær viktige. 1100-talet var dessutan eit konfliktfylt hundreår i alle dei tre skandinaviske rika. Kring 1130 braut det ut stridar både i Noreg, Sverige og Danmark som skulle prege dei politiske tilhøva internt og

¹²¹⁵ Bagge 1999a: 313.

¹²¹⁶ Eit døme på dette er då Ragnvald jarl og Jon Petersson vart forlikte og Jon gifte seg med Ragnvald si syster, sjå s. 118 i denne avhandlinga.

relasjonane mellom naborika. Få freistnader har vore gjort på å sjå desse stridane i samanheng,¹²¹⁷ sjølv om det dei siste åra har det vorte publisert fleire arbeid som har sett søkjelyset på eliten både som gruppe og på relasjonar og nettverk innetter i eliten, med utgangspunkt i ulike nordiske land.¹²¹⁸ Denne avhandlinga er såleis eit bidrag til ei breiare forståing av relasjonar mellom eliten i Norden og nettverk på tvers av landegrensene.

